

Med barn i byen. Foreldreskap, plass og identitet

Hilde Danielsen

Dr. art avhandling framlagd ved Institutt for kulturstudier og kunsthistorie, seksjon for
kulturvedenskap 2006.

Det historisk-filosofiske fakultet. Universitetet i Bergen.



ISBN:

Forord og takk

Det er mange som fortener takk for at denne avhandlinga vart til. Den største takka går til informantane som sa seg viljuge til å dele oppfatningane sine med meg. Utan dykk kunne eg ikkje ha skrive avhandlinga. Rettlearen min fortener ei ekstra stor takk for tett oppfølging gjennom alle fasar i arbeidet med avhandlinga. Tove Fjell ved Institutt for kulturstudiar ved Universitetet i Bergen har gitt tillit, vist tolmod og gitt kloke og instruktive innspel til analysane. Ho har lese utruleg mange utkast og har likevel klart å halde engasjementet oppe og få meg til å strekke meg lenger enn eg trudde eg kunne!

Eg vil også rette ei særskild takk til to kollegaer som har følgt heile prosessen rundt skrivinga av avhandlinga og som har bidrege med skarpe analytiske blikk. Tor Folgerø har teke seg tid til å verkeleg nærlese materiale mitt og har alltid vore viljig til å diskutere! Tone Hellesund har eg lært uendeleg mykje av, frå vi studerte saman ved byrjinga av 1990-talet. Ho har betydd utruleg mykje for meg dei siste åra, med sin sterke faglege integritet, sine breie kunnskapar og sin rause kollegialitet!

Institusjonane som har sett premissar for arbeidet fortener også ei stor takk:

– *Senter for kvinne- og kjønnsforskning* ved Universitetet i Bergen støtta meg aktivt under arbeidet med prosjektutviklinga og *Nordisk nettverk for folkloristikk* gav meg stipend til å utforme søknaden. Bente Alver og Kari Wærness var svært viktige som oppmuntrande støtter ved oppstarten av prosjektet.

-Noregs Forskningsråd har finansiert arbeidet gjennom *Program for byforskning. Drivkrefter og planleggingsutfordringar*. Eg vil også takke kollegaer eg har treft gjennom programmet: Takk til Rolf Barlindhaug for gode innspel som redaktør av boka Storbyens boligmarked og takk til John Pløger for inspirasjon, entusiasme, kloke og uvurderlege innspel på delar av teksten.

-*Institutt for kulturstudier og kunsthistorie, seksjon for kulturstudier* ved Universitetet i Bergen har tilbydd eit engasjerande og lærerikt fagleg fellesskap. Eg vil takke stipendiatare ved seksjon for kulturvitenskap og den lesegruppa av tilsette og stipendiatar som las gjennom og kommenterte eit heilskapleg utkast til avhandlinga: Nils Gilje, Gry Heggli, Kirsti Hjemdal Mathisen, Anne Misje, Sidsel Natland, Connie Kapstad Reksten, Eva Reme, Torunn Selberg, Eva-Marie Tveit og Line Ytrehus har gitt svært verdifulle innspel og diskusjonar.

Bente Alver må særskilt nemnast som ei oppmuntrande hjelp både i startfasen og avslutninga av arbeidet. Med sin unike omtanke og omsorg for yngre kollegaer, sin sterke faglege integritet, sitt skarpe analytiske blikk og breie engasjement, er ho eit akademisk forbilde.

-*Rokkansenteret (Stein Rokkans Senter for Fleirfaglege Samfunnsforskning)* har vore arbeidsplassen min. Direktør Kari-Tove Elvbakken har lagt til rette for både avhandlingsarbeid og prosjektutvikling og har vist oppmunring og stor omtanke for stipendiatare. Eg vil takke særskild for at eg fekk høve til å arrangere seminaret Plassmyten og den framande, som fekk stor tyding for det vidare arbeidet mitt.

Den kompetente, effektive og blide administrasjonen ved Rokkansenteret fortener ei varm takk for å ha fått arbeidet til å flyte: Lene Bjørkhaug, Kaja Iden, Vibekke Mikkelsen, Åse Netland, Kari Fuglseth, Hilde Kjerland, Maila Solheim, Renate Lien, Arne Ibsen og Aslaug Ytrearne.

Kollegaer på Rokkansenteret har tilbydd eit sosialt og fagleg stimulerande miljø som eg set utruleg stor pris på. Jan-Kåre Breivik, Janne Bøe, Inger Elise Engelund, Svanaug Fjær, Ingrid Helgøy, Nanna Kildal, Sturle Næss, Svein Atle Skålevåg, Dag Stenvoll, Grethe Halvorsen, Kari Ludvigsen, Bodil Ravneberg, Sølvi Risøy. Eg vil også takke Helsegruppa, under leiing av Arnhild Taksdal, som har gitt tilbakemeldingar og kommentarar på analysane mine fleire gongar undervegs. Løperjentene ved Rokkansenteret må takkast særskild for fagleg og sosialt fellesskap og engasjement gjennom fleire år: Ingrid Lundeberg, Anne Berit Apold, Lise Hellebø Rykkja, Nina Berven. Anne Homme og Kristin Hope får ei varm takk for å gjere sluttspurten så behageleg, morsam, og næringsrik som mogleg. Thorvald Sirnes, forskingsleiar for Kulturgruppa ved Rokkansenteret fortener ei eiga takk for idérike, kritiske, rause og svært inspirerande kommentarar til manuskriptet mitt, for tillit og støtte.

-Seminara om barneforskning ved NTNU i Trondheim gav viktige perspektiv. Takk til geografane Eli Fosso og Knut Hidle for litteraturtips som fekk uvurderleg tyding for retninga på avhandlinga. Nettverket av familieforskarar ved UiB har tilbydd eit solid fagleg fellesskap, eg vil særleg nemne Elisabeth Haavet og Hanne Johansen. Liv Johanne Syltevik sine reflekterte innspel har hatt mykje å seie for meg.

-Cathrine Holst, Christine Jacobsen, Randi Gressgård – takk for utfordrande samtalar, lesehjelp og oppmuntring gjennom mange år, diskusjonane har sett spor! Takk for mange, lange og interessante diskusjonar og grundig korrekturlesing frå Tone Lund-Olsen. Takk også for entusiastisk korrekturlesing frå Siri Breistein! Trude Eriksen, Torgrim Gram Økland, Gry Bang-Andersen og Charlotte Mathisen skreiv ut intervjua på ein presis måte.

Takk til venner (nokre er alt nemnde ovanfor!) og naboar for morsame og lærerike samtalar, for freistande invitasjonar til å forlate arbeidet, for omtanke på så utruleg mange vis. Vera Birkeland, Jannicke Børhaug, Marit Eikemo, Kristin Farkas, Siri Holand, Gry Kibsgård, Hilde Kvalvåg, Anne Birgitte Larsen, Gry Michalsen, Frode Molven, Bjørn Ove Mørck-Larsen, Natalya Opnes, Janett Skjelvik, Gry Strømsnes, Guri Tuvin Kjellemyr, Rune Smistad.

Eg vil rette ei djup takk til foreldra mine som har stilt opp på alle moglege vis for å få kvar dagen til å verte god for barna i ei travel tid. Takk også til svigerforeldre, svograr og svigerinner, som har hjelpt til med pass av barn.

Den varmaste og djupaste takka går til Bård, Brita og Hallvard, som har hjelpt meg til å halde motet oppe i den krevjande prosessen det har vore å skrive denne avhandlinga. Det utruleg gode humøret dykkar, det rause tolmodet og humoren har gitt meg meir enn de anar!

Eg tileigner avhandlinga til Brita og Hallvard.

1. Innleiing.....	1
Plass, identitet og makt.....	3
Kontekst.....	5
Bergen	5
Sentralisering og urbanisering	7
Tidlegare forsking.....	10
Bustad og flytting	10
Gentrifisering.....	12
Foreldreskap og barndom	14
Barndom og plass	17
Nærmiljø og lokalsamfunn	18
Byliv og det urbane	20
Det lokale og globale, det homogene og særskilde.....	22
Presentasjon av kapitla.....	24
2. Teoretiske perspektiv og sentrale omgrep. Plass, inklusjon og eksklusjon.....	26
Forskingstradisjonar	26
Den etnologiske kulturanalysen.....	26
Haldning versus handling	28
Kvardag, diskurs og makt.....	29
Den humanistiske geografien	31
Plass, inklusjon og eksklusjon.....	32
Omgrephistorie: Plass som lokalitet, essens og konstruksjon	33
Plassar skjer: poetiske analysar	36
Plassar er relasjonelt skapte: "A Global Sense of Place" og plass som reaksjon.....	38
Plassar, identitetar og grenser	43
Porøse plassar	44
Normativ geografi	45
Plassmytar	47
Hybriditet og grenser	49
3. Metode og forskingsetikk	52
Grunngjeving av metodiske val	52
Kvalitative intervju	52
Val av kvalitative intervju med foreldrepar	54
Konstruksjon av kjelder	55
Kriteria for utval	55
Utvalsmetodar	56
Det endelige utvalet av informantar	57
Presentasjon av informantane	58
Anonymisering	60
Gjennomføringa av intervju	61
Mediekjelder	64
Kva intervjuja gir kunnskap om.....	66
Intervju som narrativ og liv	66
Samtalar om moral	71
Samspelet mellom forskar, felt og analyse.....	75
Forskyving av tema og kontekst	75
Å forske på seg sjølv	77
Eit normativt felt	79
4. Kvardag og tidsoppleving i bykjernen. Langsam og aktiv familietid	83

Val av bustad, val av tid	85
Det praktiske som verdispørsmål	87
Ein tidsøkonomisk kvardag	89
Atmosfæren i sentrum: Roleg og aktiv	91
Baluba i byen.....	96
Tidsorganisering av kvardagen	100
Lange ettermiddagar: rolege og aktive	102
Organisering av aktivitetar for barn.....	108
Hellige helger	114
Hytta - forlenging og kontrast til kvardagen.....	119
Utvikling, tryggleik, og fridom.....	122
5. Lokale sosiale rom.....	127
 Foreldreskap og naboskap	129
Eit sosialt univers	129
Foreldreskap som utgangspunkt for sosiale relasjonar	130
Sosiale relasjonar rundt barna.....	137
Prioritering mellom bustad eller strøk	140
 Bygda i byen	143
Nostalgiske ideal om livet mellom husa.....	143
Det valbare nabolaget	147
Byliv, nærliek og distanse	152
 Heim, nabolag og nærmiljø	155
Heimen: Opent hus og tilbaketrekt familieliv.....	156
Italienske tilstandar: Å sitje på trappa og leike i gata	159
Landsbyen	161
 Kamp om rommet	164
Avhengig av naboane	164
”Dei tek plassen frå meg”	168
 Valte fellesskap.....	170
6. Byen som oppdragar. Mangfold, individualitet og kompetanse	174
 Mangfold, likskap og forskjell	175
Forskjell som verdi	176
Likskap som verdi	178
Barn, by og bygd: mangfold, natur og moral	181
Nasjonale verdiar: frå likskap til mangfold.....	185
 Mangfold som kulisse	188
Oppdragande erfaringar: narkomane, fyllikar, pensjonistar og innvandrarar	189
Narkomane som symbol på mangfold og toleranse	195
Overlegen toleranse	198
 Mangfold som reiskap for individualitet	201
Den kosmopolitiske byen og den sneversynte forstaden	201
Mangfaldet skapar horisonten	206
Den trygge variasjonen.....	211
 Mangfold som maktomgrep	212
7. Grenser for mangfold.....	219
 Mangfold versus tryggleik.....	220
Når rusbrukarar kjem for tett på	221
”Sånne ungar som eg ikkje likte heilt at han skulle vere saman med”	223
Dårlege foreldre: ”Ungane deira går på sjølvstyr”	227
 Grenser for kommunikasjon.....	234

Tvungen kommunikasjon: familiegrupper.....	234
Å unngå kommunikasjon.....	239
Ikkje nok å vere likeverdig	243
Mangfold versus normalitet.....	246
Når regnbogesamfunn vert konformitetshelvete.....	247
Motstand mot barn som prosjekt	251
Ulike typer av andre, ulike grader av aksept	258
8. Plass og moral	262
Plassmytar: sentrum, forstaden og bygda	262
Foreldreskap og barndom: normativ geografi	265
Plassar og identitetar.....	267
Litteraturliste	270
Andre skriftlege kjelder.....	282
Avisoppslag	282
Nettstader.....	282
Lydband	282
Appendiks 1.....	283
Temaguide foreldre: Det lokale i det urbane. Barnefamiliar mellom privat og offentleg .	283
Appendiks 2.....	287
Samtykkeerklæring ved innsamling og bruk av personopplysningar til forskingsformål.	287

1. Innleiing

Dei siste åra har det vorte meir populært å bu i bykjernane i dei største norske byane, særskild blant unge og middelaldrande vaksne utan barn. Mange vel å flytte ut av bykjernen i samband med at dei vert foreldre. Men å bu med barn i bykjernen har vorte eit legitimt val også blant menneske med reelle økonomiske og kulturelle ressursar til å velje kor dei vil bu. I avhandlinga *Med barn i byen. Foreldreskap, plass og identitet* undersøkjer eg refleksjonane til det mindretallet av foreldre som let barna vekse opp i sentrumskjernen av ein by. Studien byggjer hovudsakleg på kvalitative intervju med 13 foreldrepar med minst eit barn mellom seks og ti år som bur i sentrumsområda i Bergen, den nest største byen i Noreg.¹ Eg undersøkjer korleis foreldre organiserer barndommen i forhold til tid og rom, sosiale relasjoner knytt til barn og familieliv i heim og nabolag og korleis dei skjermar og eksponerer barna for ulike sider ved bylivet.

Ivar og Inger som bur i sentrum av Bergen med to barn, er blant dei foreldra eg har intervjuat. Dei voks begge opp i bygder, men budde på ein tettstad då barna vart fødde. Der hadde dei tenkt å la barna vekse opp, tettstaden verka som ein ideell plass for familieliv. I samband med utdanning flytta den unge familien til Bergen for eit år, og i løpet av dette året endra dei oppfatning om kva type plass det er best å bu på med barn.

INGER: Akkurat då vi forandra meinings... det var vel i løpet av året, fordi vi begge to opplevde det så himmelsk!

IVAR: Då hadde vi tenkt til å reise tilbake til tettstaden. Men vi likte oss så enormt godt i byen då vi kom hit.

INGER: Det var eigentlig ein sann rus heile det første året. Eg lukka opp vindauge og kjende på eksosen, og berre... Det kunne ha vore kokain eller kva som helst, det var heilt fantastisk. Heilt nydeleg. (...).

IVAR: Ja da.

INGER: Berre det å kunne gå ut og kjøpe eit brød ein morgen og gå heim igjen. Det var berre heilt ubegripeleg. Det høyrest litt rart ut no, men ...

IVAR: Det var fem minuttar å gå til tre forskjellige vinmonopol. (...).

INGER: Så fekk vi òg eit lite nettverk i løpet av det korte året vi budde der, midt i sentrum, på ein forunderleg måte. Du har jo dei same nettverka som i alle fall eg er oppteken av at du har, eit nærmiljø, eit nettverk rundt familien. Men det hadde vi òg, det bygde seg jo opp i løpet av dei månadane vi budde der. Og det òg fekk meg til å innsjå at det er ikkje så enkelt som eg trudde det var.

Paret verka overraska over at dei likte seg såpass godt i byen. Måten Inger fortel på, vitnar om eit sterkt kroppsleg velvære og nyting knytt til bylivet: det var som ein rus, himmelsk og sjølv

¹ Ein nærmare presentasjon av informantane finst i metodekapittelet.

Med barn i byen

eksosen vart omslutta av det herlege. Å berre gå ut for å kjøpe ferskt brød og vin var luksus for dei. Desse godane var det først og fremst dei vaksne som hadde glede av. Paret hadde likevel tenkt å flytte tilbake til tettstaden. Fordelane der var at alt var trygt og godt, det var små forhold, så dei kjende til barnehagen og skulen og visste at barna ville høyre til i eit stabilt og oversiktleg nærmiljø der. Men også eit nærmiljø, som var det dei såg som attraktivt med tettstaden i perioden som småbarnsforeldre, fekk dei i byen. Nytinga knytt til bylivet gjorde at dei byrja å revurdere planane sine, men oppbygginga av nettverket og nærmiljøet verka som eit betre argument for å velje byen. Dei såg at dei fann mange av dei kvalitetane dei hadde sett pris på med tettstaden også i bykjernen. Samtidig syntest dei at det var deilig å sleppe den sosiale kontrollen dei hadde vore utsette for både i barndommen og som vaksne på tettstaden:

IVAR: Årsakene til å bu her har veldig mykje med kva eg ikkje vil at barna skal oppleve. Der som vi voks opp, skulle det frykteleg lite til før det blei sagt at folk skilte seg ut på ein eller annan måte. Her er det ein heilt annan aksept for ulike veremåtar, som tiltalar meg ved å bu i storby. (...) Uansett kva vi måtte finne på som vaksne og foreldre for ungane, så blir det ikkje noe problem. Om vi stiller opp i lilla bukse eller ikkje går på jobb midt på dagen, er det berre heilt normalt for ungane.

Ivar hevdar at i byen er det i orden å skilje seg ut, og det er ein kvalitet han ønskjer at barna skal få nyte godt av. Som mange av foreldra sluttar han seg til dei sterke idealia i samfunnet om at menneske skal vere sjølvstendige og unike, og at individuelle forskjellar blant menneske er positivt. Ivar vil skilje seg ut utan at det skal utgjere nokon forskjell, gli inn i mengda utan å gi slepp på sine særdrag. Sentrum av byen vert slik ein plass for aksept av individualitet og feiring av forskjellar. I byen opplevde dei å sleppe at naboor kommenterte korleis dei ordna familielivet. Denne fridommen ønskjer at også barna skal vekse opp med. Dei meiner at barna vil verte meir trygge og tolerante og få ein vidare horisont om dei veks opp i byen. Ivar og Inger koplar slik saman barndom, plass og identitet. Dei ønskjer at barna skal få fridom frå å verte kategoriserte ut frå om faren går i lilla bukse og vil lære barna at å vere forskjellige er det normale. Ved å bu ein bestemt plass, får barna ein viss type oppvekst som formar dei på ein særskild måte. Å velje kor ein bur når ein har barn, handlar slik om å velje barndom. Kva som vert framstilt som legitime argument for å gi barna ein god oppvekst, er interessant. Dei nemner både praktiske, sosiale og kulturelle grunnar for at dei vil bu i byen. Det er praktisk at begge foreldra har arbeid i sentrum og at dei dermed slepp rushet, barna kan gå åleine til og frå skulen og det er knapt trafikk å bekymre seg for. Det positive med å bu i byen som småbarnsfamilie, er slik både tidsaspektet, at barna vert omgjeve av eit

trygt og sosialt nærmiljø og mangfaldet i byen som gjer at fellesskapet ikkje vert for einskapleg. I løpet av denne avhandlinga vil eg utforske desse ulike sidene ved å bu i byen med barn nærmare, ved hjelp av intervju med foreldre som bur i bykjernen i Bergen. Eg vil ta opp organiseringa og opplevinga av kvardagen i tid og rom, koplingane mellom plassen og dei sosiale relasjonane og analysere mangfaldet i byen som Ivar og Inger set slik pris på.

Eg er oppteken av foreldra si meiningsskaping rundt foreldreskap, barndom og byen som bustadmiljø og legg særskild vekt på analysar av banda foreldra knyt mellom plass, barndom og identitet. Målet er å utforske korleis sentrum av byen vert skapt, mobilisert og utfordra som ein plass for barndom og familieliv av foreldre som bur sentralt i byen. Dette temaet gir innsikt i kva type barndom foreldra ønskjer å skape for barna og korleis dei ønskjer at barna skal verte. Avhandlinga vil røre seg frå analysar av praksisar og opplevingar i kvardagen, til mytar og førestellingar knytt til bykjernen som bustad for familiar med barn. Dei viktigaste teoretiske verktøya i analysane er ulike perspektiv på plass og identitet. Samtalar om plassar opnar for å stille spørsmål som: Kven vil du vere eller verte? Korleis vil du at barna dine skal verte?

Plass, identitet og makt

Forholdet mellom menneske og plassar er eit gjennomgåande tema i avhandlinga. Eg oppfattar orda plass og stad som identiske i det norske språket, men har valt å bruke berre ordet plass for å unngå at dei skal oppfattast som ulike storleikar. Den kvardagslege bruken av ordet plass handlar om både konkrete geografiske område, bestemte typar av område og dei vert brukt i meir overført og abstrakt tyding, som ”å finne sin plass” (Berg og Dale 2004:39). Plass handlar slik om det romlege og det sosiale på ein gong og i bruken av omgrepene vil det ofte vere umogleg å skilje ut om ein siktar til det romlege eller det sosiale. Plass dreiar seg om noko meir enn det romlege og refererer til idear om korleis verda heng saman, til forventningar til at noko eller nokon høyrer til på ein plass og ikkje på ein annan plass.

Eg vil i denne innleiinga trekke fram to viktige aspekt ved plassomgrepene – forholdet til identitet og makt. Den britiske geografen Tim Cresswell har ein kort, men samtidig presis definisjon av plass som får fram maktaspektet. ”Place, at a basic level, is space invested with meaning in the context of power” (Cresswell 2004:12). Denne definisjonen av plass er god fordi den koplar det meiningsproduserande elementet i plass til makt og dermed til dei ulike strukturane, både materielle, sosiale og kulturelle, som er med på å forme tolkingar og praksisar av plass. Meiningane knytt til plassar er ikkje naturlege eller sjølvsagte, men vert

Med barn i byen

laga av folk med meir makt enn andre til å definere korleis plassen skal vere, kva som er passande der og kven som hører til.

Plass vert brukt i identitetsskaping, uttrykket *å høyre heime* refererer til det. Plassar vert bundne til identitetsdanning både på individ og gruppenivå. Menneske vert karakteriserte ut frå nasjonalitet, region eller by, ut frå plassen dei vaks opp på, plassen dei bur på eller flyttar til. Plassar vert brukte både i tilskrivne og sjølvdefinerte identitetar. Men banda mellom plassar og identitetar er ikkje eintydige eller automatiske. Identitetar er *plassbaserte*, men ikkje *plassbundne* som Castree uttrykkjer det. Identiteten er ikkje utelukkande eit resultat av lokale erfaringar, men handlar også om påverknad utanfrå (Castree 2004:178). Det er ikkje slik at plassar determinerer identitetar, men heller slik at synet på plassar og identitetar heng saman. Teorikapittelet i avhandlinga rommar ein meir omfattande diskusjon av fordelar og ulemper ved ulike plassomgrep og ei kritisk gransking av dei teoretiske omgrepene om plass som eg støttar meg på.

Hovudsakleg vil eg ta opp plass som ein identitetsskapande prosess i menneske sitt kvardagsliv og som eit element i menneske si skaping av likskapar og forskjellar mellom seg sjølv og andre. Plassar vert brukte i skapinga av kven som er oss og kven som er dei andre. Inklusjons- og eksklusjonsmekanismar er sentrale i avhandlinga. Forholdet til plassen er del av ein biografisk prosess for individet, anten det gjeld å distansere seg frå plassar, knyte seg til plassar, kjenne seg heime overalt eller dyrke det rotlause (Breivik 2005).

Cresswell har i fleire arbeid løfta fram inkluderande og ekskluderande prosesser knytt til plass som har inspirert meg på ein grunnleggjande måte (Cresswell 2004 og 1996). Plass vert brukt til å konstruere kven og kva som hører til kor og når og er med på å definere kven som vert oppfatta som avvikande og utanfor det ”normale” samfunnet (Cresswell 2004:13). Studiar av korleis plassar vert brukte i daglelivet opnar for å undersøkje normer om kva som er bra, rettferdig eller passande. Oppfatningane av plass, både i kvardagslivet og i akademiske samanhengar er stadig under diskusjon og i endring: ”place is constantly struggled over and reimagined in practical ways” (Cresswell 2004:39).

Omgrepet plass er godt eigna som reiskap til å forstå korleis foreldre legg til rette barndommen til barna sine både romleg og sosialt. Koplingar mellom foreldreskap, barndom og plass kan forståast som romleggjering av meir ålmenne ideal for korleis barnefamiliar bør leve og korleis barna bør verte. Den offentlege debatten om dette har vorte aktualisert dei siste åra gjennom tendensen til at stadig fleire barn veks opp i byar og tettbygde strøk og gjennom det kulturelle fokuset på urbaniseringstendensar.

Kontekst

Både den konkrete plassen, byen og bustadområda eg har studert, og meir årmenne sentralisering- og urbaniseringsprosessar er ein viktig bakgrunn for å forstå resonnementa til dei foreldreparar eg har intervjuat. Dei er ”bybuarar i sentrumskjerne”, ei gruppe som både har ein lokal identitet, men som også kan sjåast som ei utprega global og transnasjonal gruppe.

Bergen

Med sine om lag 240 000 innbyggjarar er Bergen ein mellomstor europeisk by.² Bergen er ”A gateway to the fjords” og byen mellom dei sju fjella. Sentrumskjernen er fysisk sett lite og avgrensa av sjøen og fjella. I Bergen kan ein derfor skilte med at ein bur nær fjell og turområde samtidig som ein bur mest midt i sentrum av byen. Informantane eg studerer er busette i Bergenhus bydel, som inkluderer bykjernen og bustadområde nær sentrum. Dei har gå- eller sykleavstand til Torgalmenningen, torget som vert oppfatta som det fysiske uttrykket for sentrum av Bergen.

Bergen sentrum har gått frå å vere fråflyttingstrua fram mot 1970-talet til å verte eit stadig meir attraktivt bustadområde, særskild blant vaksne utan barn. Det er ein tendens til at barnefamiliar flyttar ut av bykjernen etterkvart som barna veks til, og det er ein lågare prosentdel barn i Bergenhus enn i resten av Bergen kommune (Barlindhaug og Gulbrandsen 2000a:44).³ Men fleire barn enn tidlegare veks no opp i bykjernen. Frå 1994 til 1999 var det ein auke på ein prosent i delen barn og unge 0-19 år, i same periode som befolkninga som heilskap gjekk ned i bydelen Bergenhus (ibid.:45). I løpet av 1990-talet har barnetala gått opp i skulane i bykjernen i Bergen, barneskulane hadde i år 2000 det høgaste elevtalet sidan midten av 1960-talet.

Bergen sentrum har endra seg frå preg av forfall til ein plass der menneske vil realisere draumen om det gode liv i løpet av dei 30 siste åra. I dag er det etablert som eit bustadområde som vert vurdert som attraktivt av mange nok menneske til at det skil seg ut som dyrt, sett i forhold til andre delar av byen. På 1970-talet var sentrumskjernen i Bergen prega av fråflytting, frå 1957 til 1977 vart befolkninga i sentrum halvert (Helvig 1977). Ifølgje rapporten *Søkelys på Bergen Sentrum* skuldast nedgangen i folketetalet i sentrum låg bustadstandard, aukande bilisme og trafikkforslumping, støy og forureining (Helvig 1977:2.3

² Per 31.12.2003 var det 237 430 innbyggjarar i Bergen kommune, sjå www.bergen.kommune.no/ tema: befolkning i Bergen fordelt etter alder og bydel.

³ Ytre bydelar i Bergen med stor utbygging av nye bustader har ein stor prosentdel barn og unge. Ei undersøking av flyttestraumar i Bergen kommune basert på tal frå 1997 viser at det var særskild få barn blant dei som flytta til bydelen Bergenhus, og til dels den sentrumsnære bydelen Årstad, og flest barn i flyttestraumane som gjekk ut av Bergen til nærmeste omland (ibid:52-53).

Med barn i byen

og 2.12). Forskarane bak rapporten rekna ut at dersom befolningsutviklinga heldt fram på same viset, ville folketalet i Bergen sentrum synke til 15 000 i 1990 (Helvig 1977:2.14). Dei konkluderer med at ”det skal ganske radikale inngrep til for å endre på utviklingstendensen hittil” (1977:2.16). Generalplansjefen i Bergen kommune peikte på at barnefamiliar flykta frå trafikkforlumming og bråk til nattero og tryggleik for barna i leik og på skuleveg i forstadene utanfor sentrum. Han frykta ei utvikling der ”sentrums bostrøk blir tilfluktssted for de som ikke har noe valg” (Digranes 1977:4.5). Det var eit mål å få barnefamiliar til å verte buande eller flytte til sentrum for å hindre at det vart folketomt:

Dersom vi makter å opprettholde eller gjenskape slike kvaliteter ved sentrumsmiljøet at sentrale boligstrøk igjen blir attraktive, har vi vunnet kampen om Sentrums miljø. Brytes derimot Sentrums kvaliteter ned er noe uerstattelig tapt (Digranes 1977: 4.5).

Forskarar, politikarar og bebuarar byrja på denne tida å tenkje på bysentrum som noko verdifullt som burde takast vare på. Mangfaldet i tilbod av materiell, historisk og psykologisk karakter vart halde fram som det attraktive ved sentrum (Digranes 1977:4.4). Dette stod i opposisjon til dei negative plassforteljingane som hadde prega synet på sentrum som bustadområde. Byfornyning vart frå midten av 1970-talet ein integrert del av den overordna byplanlegginga (Engesæter 1986:107). I 1976 skifta Bergen Saneringsinstitutt namn til Institutt for Byfornyning i Bergen, og ”lov om sanering av tettbygde strøk” vart erstatta av ”lov om fornyelse av tettbygde strøk” (Engesæter 1986:35). Denne nye strategien var eit resultat av at kommunen gjekk vekk frå idealet om å danne eit senter basert utelukkande på næringsverksemd til fordel for å ta vare på og utvikle eksisterande bygningsmasse. Samtidig fekk den private byfornyingen i sentrum av Bergen vind i segla frå andre halvdel av 1970-talet og utetter (Engesæter 1986:108). Store delar av Bergen sentrum har gått gjennom ein gentrifiersingsprosess, der tidlegare arbeidarklassestrøk vert omforma av middelklassen (Vatne Pettersen 2003).⁴

Det er store forskjellar i dei fysiske og materielle rammene for barndom internt i bykjernen. I løpet av dei siste 20 åra har delar av det fysiske rommet i dei sentrale strøka av byen vorte lagt til rette for barn i eit samspel mellom private og offentlege initiativ (Tønseth 1995).⁵ Mange område i Bergenhus bydel har gått gjennom ei byfornyning med oppgradering av areal utandørs, og bustadmassen har vorte heva kvalitetsmessig. Nokre område er prega av

⁴ Eg skildrar gentrifiersingsprosessar grundigare seinare i kapittelet i samband med at eg gjer greie for tidlegare forsking.

⁵ Etnologen Kjerstin Tønseth har diskutert korleis denne prosessen vart drive fram og opplevd av bebuarane på Nordnes, ein del av Bergenhus bydel (Tønseth1995).

mange leikeplassar, gatetun og bilfrie soner samtidig som andre delar av det fysiske rommet ikkje eignar seg for leik. I nokre område vrimlar det av barn, medan andre plassar mest er barnetomme. Bestemte bustadmiljø i Bergenhus bydel ser derfor ut til å framstå som attraktive for barnefamiliar, medan andre vert rekna for å vere lite barnevennlege. Sannsynlegvis spelar trafikkforhold og fysisk tilrettelegging for barn inn for kva delar av sentrumsområda som vert sett på som barnevennlege.⁶ Områda i indre by med mykje sol og utsikt over byen har større og dyrare bustader enn områda i indre by med lite sol og lite utsikt.

Delar av sentrum er som eit lappeteppe av gamle trehus, nokre frå 1600- og 1700-talet, mange frå 1800-talet. Husa klatrar opp langs fjellsida og vert større jo høgare oppe dei er plasserte. Uttrykket *bergenshus* viser at husa er eit symbol på det bergenske, dei forankrar strøka i historia til byen og vert oppfatta som estetiske uttrykk for noko ekte og autentisk. Andre delar av sentrum utmerkar seg med å vere samansett av mest berre murhus, bygardar og blokker. Sentrum har i tillegg innslag av nybygde husvære, som eit resultat av fortettinga som skaut fart frå 1990-talet av. Særleg dei siste ti åra har gamle industri- og hamneområde vorte gjort om til bustader og kulturelle formål, som Verftet på Nordnes og Vitalitetssenteret på Møhlenpris.

Sentralisering og urbanisering

Frå 1950-talet av har det vore ei sterk auke i delen av barn i Noreg som veks opp i og nærmare storbyane (Sørli 2003:5). Heile 76 prosent av alle barn og unge budde i tettbygde strøk i Noreg per 1. januar 2001.⁷ Men dei avgrensingane som er gjort av norske byar eller byregionar er ikkje basert på folk sine subjektive opplevingar av om dei høyrer til ein byregion eller eit tettbygd strøk.⁸ Nokre av dei som bur innan kommunegrensene til mange norske byar vil truleg, utan at eg har undersøkt dette, ha ei oppleving av at dei sjølv lever landleg eller ”på landet”. Korleis ein definerer byar og storbyregionar avgjer korleis tala ser ut. Ifølgje Storbymeldinga frå 2003 bur vel halvparten av befolkninga i Noreg i

⁶ Ein oversikt over kor det bur barn i Bergen sentrum, viser at i nokre gater bur det ingen barn og i andre gaten bur det mange barn (BA 24. januar 2006). Ein rapport viser korleis endra trafikkforhold verka inn på kor attraktive ulike område var for barnefamiliar i indre Oslo aust (Bjørnskau 2003).

⁷ Omgrepet tettstad vert av Statistisk sentralbyrå definert som ei hussamling der det bur minimum 200 personar og er mindre enn 50 meter mellom husa. Det vil seie at denne definisjonen rommar ulike former for tettbygde strøk (www.ssb.no/emner/02/barn_og_unge).

⁸ Presiseringane og avgrensingane som vert gjort i stortingsmeldingar og rapportar skrivne på oppdrag frå offentlege etatar, er ofte motivert ut frå målet med rapporten eller ut frå omsynet til forståinga av eit bestemt politikkområde. Definisjonen av norske storbyar er bestemt ut frå ønskje om å forklare nærings- flytte- og pendlestraumar mellom byar og områda rundt byane. Mange av dei kommunane som vert definerte som byregionar i Storbymeldinga, framstår i andre samanhengar som kyst- og bygdekommunar med landleg preg.

Med barn i byen

storbyregionar, basert på at Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Tromsø vert definerte som storbyar (Sørli 2003:8). Om ein slår saman befolkninga i Oslo, Bergen og Trondheim, finn ein at 20 prosent av befolkninga i Noreg bur i desse kommunane. Forståinga av at 75 prosent av norske barn veks opp i byar eller tettbygde strøk, bør derfor nyanserast. Dette talet refererer til kor mange som bur i byregionar eller tettbygde strøk, som ikkje treng å oppfattast slik av dei som bur der. Urbaniseringa av Noreg kan slik sett vere mindre omfattande enn dette talet tyder på. På grunn av måten statistikkane til SSB vert systematisert på, er det vanskeleg å danne seg ein oversikt over kor mange barn som bur i bykjernane i dei største norske byane.

Store byar i Noreg er karakterisert av eit flyttemønster der folk som har fått barn eller ønskjer barn hovudsakleg bur i forstadane, medan det er ei overvekt av einslege og par utan barn i bykjernane. Samtidig vel nokre familiar med barn heller å bu i dei sentrale delane av byen, trass i at kostnadene ved å leve der ofte er høgare enn i forstadene og at kvaliteten på bustadane ofte er dårligare. Den aukande gruppa barn som veks opp i byar og tettbygde strøk har vekt ei viss offentleg interesse. I Stortingsmeldinga om norske byar frå 2003 vart prosessen skildra på følgjande måte:

Mange mener at drabantbyer og småhusområder i storbyenes ytterområder og nabokommuner gir bedre oppvekstmiljø for barn. Likevel bor mange barn og unge i de tette deler av byene. God bypolitikk og byplanlegging har en klar utfordring: å legge til rette for et godt oppvekstmiljø. Dette må gjøres gjennom å kombinere intens arealutnyttelse med at de fleste boligområder i byene bør være brukbare for barnefamilier, og samtidig sørge for et godt velferdstilbud (Storbymeldinga 2003:128).

Desse formuleringane viser at ein på det politiske nivået har intensjonar om å leggje til rette for at barn og unge skal få vekse opp i tettbygde strøk. Det vert grunna i at mange barn og unge faktisk gjer det, trass i at forstadar av mange vert oppfatta som eit betre oppvekstmiljø. Samtidig er det berre ”de fleste” bustadområde i byane som bør vere brukbare for barnefamilier. Styresmaktene meiner dermed at nokre område av byar ikkje treng å leggjast til rette for barnefamilier.

Fysiske og materielle endringar i bykjernane gjennom offentleg og privat byfornying har gjort dei meir attraktive som bustadmiljø dei siste åra. Demografiske prosessar knytt til sentralisering av befolkninga, er også med på å påverka populariteten til bustadområde i byen (Sørli 2003). Stadig fleire veks opp i byar og vert buande der (ibid 2003). Flytteprosessane mellom byen og omlandet må ifølgje geografen Kjetil Sørli tolkast som utslag av ein

demografisk dynamikk knytt til at stadig fleire unge i kvart årskull søker seg til eller innom storbyar i ein viss livsfase.⁹ Byane fungerer som opphaldsstad for ungdom og unge voksne i den perioden i livet dei tek utdanning, får opplæring og søker mykje sosial kontakt. Sørliie peikar også på at opphaldet i storbyane har vorte lengre fordi at ungdomstida er utvida og har pressa etableringsfasen oppover i alder. Når stadig fleire flyttar inn i byen i ungdomstida, vil det verte stadig fleire som både vert buande etter at dei har etablert seg og som flyttar ut igjen i etableringsfasen.¹⁰ Desse prosessane gjeld vel og merke byen som heilskap. Det finst lite forsking som handlar om den demografiske utviklinga i sjølve bykjernane, eller det som vert kalla indre by. Men det er sannsynleg at desse demografiske prosessane også verkar inn på samansetjinga av befolkninga i bykjernen.

Er det forskjellar i samansetninga av befolkninga mellom dei indre områda av byar og dei ytre områda av byar? Sosiologen Randi Hjorthol ved Transport Økonomisk Institutt tek opp desse spørsmåla i undersøkjinga *Byidealer, bostedspreferanser og aktivitetsmønstre i Oslo, Bergen og Trondheim* (Hjorthol 2003). Denne rapporten byggjer på ei kvantitativ spørjeundersøking (Bjørnskau og Hjorthol 2003 b:182). Utvalet i dei tre byane var delt likt mellom busette i indre og ytre bydelar og mellom kjønn. Skiljet mellom indre og ytre by vart gjort slik kommunane sjølve definerer slike inndelingar.¹¹ Hjorthol oppsummerer forskjellane slik:

Grovt sett kan vi si at høyt utdannede, enslige eller par uten barn og politisk radikale preger de indre bydelene (uten at de er i overvekt), mens personer med lavere utdanning, familier med barn og politiske preferansar mer i sentrum bor i de ytre områdene (Hjorthol 2003:42).

Hovudtendensen er at det er forskjellar i utdanning, ikkje i økonomi, mellom indre og ytre bydelar. 43% av dei i indre bydelar hadde lang universitets- eller høgskuleutdanning medan 30% i dei ytre bydelane hadde det. Kvinner med høg utdanning er overrepresenterte blant befolkninga i indre by. Desse utdanningsforskjellane finn ein også i andre vestlege byar. Det er ein større prosentdel personar med venstrepolitiske standpunkt i indre enn i ytre bydelar.

⁹ Kjetil Sørliie tek i sitt essay opp det demografiske forholdet mellom innflytting og vidareflytting i storbyar i Noreg (2003). Her diskuterer han tendensen, synleg først i 2003, til at litt fleire enn før flyttar vekk frå byen. Sørliie stiller ut frå dette følgjande spørsmål: Handlar dette om at folk er mindre opptekne av det bymessige enn ein trudde på 1990-talet eller skjer det fordi folk vert pressa ut av byane på grunn av høge bustadprisar og låg bustadbyggjing? (Sørliie 2003:9). Sørliie meiner at ingen av desse forklaringane er gyldige i seg sjølv, og at det skuldast dei demografiske prosessane han skildrar.

¹⁰ Veksten i talet på nyinnflyttarar til Oslo, byen der utsлага er sterkest, viser ei tredobling av storleiken på dei fleste årskulla mellom 25 og 30 år. Når om lag 40 prosent av innflyttarane vert buande i byen, vil det føre til at fleire bur i storbyen i familiefasen enn tidlegare. Så trass i høg vidareflytting frå storbyar har det aldri før budd fleire personar i familiefasen i byar enn no (Sørliie 2003:9).

¹¹ I Oslo vert indre bydel definert som innanfor Kirkeveiringen, i Trondheim er indre by definert som Midtbyen med Øya, Singsaker, Rosenborg og Lademoen og i Bergen Berghus bydel (Hjorthol 2003:7).

Med barn i byen

Det er særleg dei med lang utdanning som sympatiserer med den politiske venstresida.¹² Det var gjennomgåande fleire kjernefamiliar i ytre by enn i indre by i dei tre undersøkte byane. I dette utvalet levde 23% av para med barn i indre by og 42% i ytre by. Hjorthol konkluderer derfor med at ”Det betyr at svært mange oppfatter de sentrale byområdene som dårlige egnet for barn enn hva de ytre områdene regnes som” (Hjorthol 2003:12).

Mitt bidrag er å ta særskild opp foreldre sine refleksjonar om å bu i bykjernen med barn, og analysere desse ved hjelp av kulturvitakaplege perspektiv. Det interessante for meg er kva for tolkingar individua meiner er relevante for dei, korleis dei uttrykkjer desse tolkingane og korleis tolkingane deira plasserer seg i forhold til relevante kulturelle og samfunnsmessige samanhengar.

Tidlegare forsking

Her skisserer eg nokre forskingsfelt der refleksjonane på desse felta har tyding for mi forståing. Dei overordna teoretiske perspektiva og dei mest sentrale omgrepa eg er inspirert av, gjer eg nærmare greie for i teorikapittelet. Inspirasjonskjeldene vert også presenterte undervegs i kapitla.

Bustad og flytting

Avhandlinga handlar meir om korleis foreldre tenkjer om foreldreskap, bustad og oppvekstmiljø enn om flyttestraumar. Likevel kan det vere interessant å kaste eit blikk på forsking rundt flytting for å få innsikt i korleis foreldre tenker om val av bustad og bustadmiljø. Studiet av flytteprosessar handlar ofte om demografiske straumar og karaktertrekk ved dei som flyttar, og vert ofte omgrepstesta som ”push og pull”-faktorar (Barlindhaug og Gulbrandsen 2000b:19). Nokre faktorar trekk ein vekk frå eksisterande bustad, medan andre faktorar trekk mot ein annan bustad. Desse endringane vert ofte knytt til endringar som har med hushaldet å gjere, karakteristika ved bustaden og ved bustadalternativa. Geografen Eli Fosso skildrar ei dreiling i den geografiske forskinga på flytting som også fell saman med dei perspektiva eg baserer meg på i denne avhandlinga.

¹² Blant dei med lang universitetsutdanning er det klare skilje politisk sett mellom dei som har budd i ytre by sidan studietida og dei som har budd i indre by. Bjørnskau og Hjorthol meiner at dette kan tyde på at dei politiske oppfatningane kan ha verka inn på val av bustad. Men dei peikar også på at det er mogleg at folk i indre by har blitt meir radikale etterkvart, og at folk som bur i ytre by har vorte meir konservative med åra (Bjørnskau og Hjorthol 2003:186 b).

Fra primært å være opptatt av årsakssammenhenger og romlige konsekvenser, som avfolking og sentralisering, er det i dag blitt vanlig å studere flytteprosesser med utgangspunkt i teorier om menneskers liv (Fosso 2004:120).

Denne teoretiske vendinga gjer at både studiar av kvardagsliv og spørsmål om meinings, symbol og representasjonar vert meir aktuelle. Fosso argumenterer for at flytting, synet på ein god bustad og gode plassar å bu på, må forståast som ledd i eit biografisk prosjekt. Ei biografisk tilnærming gjer at flytting må tolkast som ein open prosess, med utgangspunkt i subjektforsråing heller enn i økonomiske og eksterne årsaksforklaringar. Målet er ikkje å finne den viktigaste årsaka til flytting, men verke til å gi ei forståing av det mangfaldet som ligg implisitt i flytteprosjektet (ibid:121). Meininga i flytthehandlingar kan ikkje berre forståast ut frå eintydige forklaringar om at ein flyttar for å ta utdanning eller få jobb, men må undersøkjast gjennom dei relasjonelle prosessane flyttinga er ein del av (ibid:128).

Identitetsbyggjande kontrastar, der individua skapar seg sjølve som like og forskjellige frå andre, er viktige i denne samanheng. Valet om å ta utdanning, skifte jobb eller oppvekstmiljø for barn er del av ei større identitetsbygging for individet. Å flytte eller la vere å flytte vert ein måte å skape seg sjølv på. Korleis kvardagen kan organiserast i tid og rom er viktig for val av bustad (Røe 2005:164). Val av bustad handlar også om sosiale relasjonar, notidige og framtidige og kulturelle kodar som signaliserer tilknyting (ibid:166).

Foreldreskap har konsekvensar for vaksne sine oppfatningar om ein god bustad og eit godt bustadmiljø. Å få barn og alderen til barna heng statistisk sett saman med foreldre si flytting. Å ha barn i skulealder slår generelt ut på statistikkane som ein reduksjon i familiar sin mobilitet (Frønes 2004:54). Foreldre sluttar sannsynlegvis opp om ei norm om å skjerme barna for bytte av skule og sosialt miljø, og gjennomfører ofte fleire flyttingar i åra før barna byrjar på skulen. Samfunnsøkonomane Barlindhaug og Gulbrandsen fann i ein studie av flytting i Stavanger-regionen at dei fleste flytta for å få større bustad, så for å verte eigar av ein bustad, deretter vart flyttinga grunngitt med å gi barn eit godt oppvekstmiljø, og etter det kom arbeid eller utdanning på ein annan stad (Barlindhaug og Gulbrandsen 2000b:9). Godt oppvekstmiljø for barn er altså eit viktig motiv for val av bustad blant foreldre.¹³ Eg vil med denne avhandlinga undersøkje kva sider ved bustad og bustadmiljø foreldre som bur sentralt i byen legg vekt på.

¹³ I eit kapittel i boka *Storbyens boligmarked* brukar eg kjeldemateriale frå denne studien til å diskutere kva foreldre busett i bykjernen framhevar som avgjerande for val av kor og korleis dei bur, for planar om å verte buande eller flytte frå sin noverande bustad (Danielsen 2005).

Gentrifisering

Bakgrunnane for at akkurat bykjernane i dei største norske byane har vorte populære bustadområde kan knytast til teoriar om *gentrifisering*. Forsking om gentrifiserte område har vore svært inspirerande for analysane i denne avhandlinga. Eg vil berre kort nemne ulike forklaringar på gentrifisering og vise til det konkrete arbeidet til ulike forskrarar som har studert gentrifiserte strøk i løpet av avhandlinga, nokre arbeid vert også kommentert i teorikapittelet. Hjorthol og Bjørnskau (2003, 2004) og Aspen (2005) gir grundige framstillingar av fenomenet gentrifisering og ulike forskingstradisjonar innan dette feltet, så for ein fyldigare gjennomgang av den norske og internasjonale forskingslitteraturen rundt dette, viser eg til dei.

Gentrifisering kan forståast som ein prosess der tradisjonelle arbeidarklassesestrøk i bykjernar vert omforma av ein innflyttande middelklasse som set preg på strøket gjennom oppgradering av bustader og utvikling av nye fritidstilbod. Forklaringane på gentrifisering vert innan internasjonal forsking forstått i lys av endringar knytt til økonomiske og strukturelle faktorar knytt til bykjernane. Prosessar som vert karakteriserte som gentrifisering, reurbanisering og tilbakeflytting til sentrumssonene i byar er ein internasjonal tendens. Forklaringane på desse prosessane handlar om økonomiske og strukturelle faktorar, individua sine kulturelle preferansar, feminisering av arbeidsmarknaden og demografiske prosessar. Ulike forskrarar har gitt forskjellig vekt til ulike forklaringar på desse prosessane.

"*Rentgap*"- *tesa* dreiar seg om økonomiske prosessar og peikar på at gentrifisering er kapital- og produksjonsdriven. Denne forklaringa går ut på at investorar utnyttar eit uutnytta potensiale for økonomisk forteneste gjennom å kjøpe opp billige tomter eller hus sentralt i ein by. Avindustrialiseringa av sentrale byområde fører til eit gap mellom den potensielle verdien av sentrale eigedommar og den faktiske verdien (Hjorthol og Bjørnskau 2005). Dette skaper ein marknad for eigedomsutviklarar med bygging av nye bustader sentralt i byen. Kapitalen vert investert der avkastninga er størst og hevinga av bustandarden fører til verdiauke.

Middelklassetes handlar om kulturelle endringar knytt til framvoksteren av ei ny middelklasse, der ønskjer om ein levemåte med urbane kvalitetar har gjort seg meir gjeldande. Den kanadiske geografen David Ley (Ley 1996) hevdar at reurbaniseringa ikkje kan forståast utan å ta omsyn til individua sine ønskjer og sosiale endringar. Han legg særskild vekt på utbreiinga av middelklassen med ein levemåte orientert mot større grad av individualitet, status og konsum enn den tradisjonelle arbeidarklassen. Dette skaper igjen ulike ideal om det gode liv og ulike ønskjer om bustad og livsstil (Ley 1996, Mey 1996, Zukin 1997). Ley meiner at ungdomsopprøret på 1960-talet brøyta veg for det nye synet på sentrum av byen.

The little boxes of the suburbs were in the locus of the mass society and its wall-to-wall alienations. Older neighbourhoods in the centre city then became oppositions spaces: socially diverse, welcoming difference, tolerant, creative, valuing the old, the hand-crafted, the personalized, countering hierarchical lines of authority (Ley 1996:210).

Bykjernane vart brukte i romleggjeringa av 1960-talets ideal om det autentiske menneske, på jakt etter dei ekte og unike kvalitetane som dei opplevde at dei var i ferd med å miste. Menneske med slike ideal valte “the perceived individualism and authencity of inner-city living compared with the perceived banalities and generic character of the suburb (Ley 1996:211). Dei som identifiserte seg med dette motkulturelle menneskesynet var ikkje mange, men ideane dei stod for, fekk stor innverknad og stadig større oppslutning, ifølgje Ley.

Funksjonsblandinga som pregar bykjernane, og som delvis har erstatta funksjonsdeling som ideal kan sjåast som ein opposisjon mot funksjonalismen og drabantbyutbyggjinga. Denne funksjonblandinga svarar til postmoderne estetiske ideal som er attraktive for visse delar av befolkninga. Sentrumskjernen har ei spesiell tiltrekning på kunstnarar og intellektuelle og desse gruppene sitt preg på spesifikke område fører vidare til at dei vert populære blant andre befolkningsgrupper (Zukin 1997, Butler 2002, Ley 1996). Denne forklaringa handlar om konsum og livsstil, om estetisering av kvardagen (Bjørnskau og Hjorthol 2003:173).

Den internasjonale litteraturen om gentrifisering handlar om befolkninga generelt og gir lite spesifikk kunnskap om familiar med barn i bykjernen (Karsten 2003:2574). Den nederlandske forskaren Lia Karsten hevdar at endra kjønnsroller og ein aukande middelklasse er viktige forklaringar på den nye trenden med familiegentrifisering i Nederland (Karsten 2003:2574). Karsten viser til at høgt utdanna kvinner trivest godt i sentrum av byen, både fordi dei føretrekk å leve i eit miljø som er liberalt med omsyn til kjønnsroller, og fordi dei ønskjer nærleik mellom arbeidsplass og bustad. Geografen Tim Butler har forska på gentrifisering i London og hevdar at val av buområde kan knyttast til val av miljø for barn blant middelklassen der (Butler 1997). Høve til å sende barna på gode skular spelar inn for kor foreldre med økonomiske eller kulturelle ressursar vel å busetje seg. Han skildrar nettverka rundt barneomsorg, som skular, parkar og idrettshallar som verdsette og viktige plassar for bygging av sosiale nettverk blant middelklasseforeldre i bykjernen.

I norsk samanheng har Hjorthol og Bjørnskau særleg trekt fram *praktiske årsaker* til at bykjernane har vorte meir attraktive dei siste åra. Dei knyt det praktiske til kjapp transport mellom heim, arbeidsplass og fritidstilbod. Dessutan tek dei opp at betring av miljø i indre by

Med barn i byen

både når det gjeld trafikkforhold og byfornyng, har resultert i heva standard på bustadmassen og areal ute. Både internasjonal og norsk litteratur om gentrifisering har inspirert meg på ein grunnleggjande måte, og faglitteratur om dette temaet vert hyppig sitert undervegs i avhandlinga. Inklusjon og eksklusjon prosessane rundt gentrifiserte nabolag og tolkingar av gentrifiserarar viser til mange av dei prosessane som eg analyserer i denne avhandlinga.

Foreldreskap og barndom

Forsking på foreldreskap og barndom er eit stort forskingsfelt som eg ikkje har høve til å gjere greie for i si breidde. Eg vil likevel nemne nokre av dei generelle teoriane om foreldreskap og barndom. Dei fungerer som overordna rammer eg forstår foreldreskapet i forhold til og posisjonerer meg i forhold til.

Eg oppfattar familieliv, foreldreskap og barndom som kulturelle konstruksjonar, i tråd med perspektiva i den kulturvitskaplege forskinga på dette feltet (Brembeck 1998, Heggli 2002, Hjemdahl 2002, Martinsson 1997). Innan kulturstudier har ein lenge lagt vekt på å kontekstualisere foreldreskap og barndom i forhold til tid, rom og sosialt miljø. I dei siste åra har ein også lagt vinn på å sjå barn som refleksive individ, som til dømes brukar og forhandlar om innhaldet i kategoriane barn og barndom. Eit tema i denne studien er korleis det å vere foreldre verkar inn på vaksne. Dei kulturelle konstruksjonane av foreldreskap og barndom heng saman og vert delvis skapt gjennom kvarandre. Synet på barn i den vestlege verda som sårbare og inkompentente i offentlege rom, er til dømes med på å forme måten foreldre ser etter barna sine på (Valentine 1997:37).

Foreldreskapet er underlagt krava om individuell meiningsskaping, planlegging og ansvarlege val. Det å få eit barn vert i dag oppfatta som eit val, sett i lys av høve for prevensjon og abort. Men etter at barnet er fødd, vil det ut frå dei kulturelle normene i vestlege samfunn vere lite akseptert å oppfatte foreldra si omsorg for barn som eit val. Ein kan flytte frå eller skilje seg frå ein samlivspartnar, men ein kan ikkje skilje seg frå mindreårige barn. Få legitime brot i banda mellom foreldre og barn er tilgjengelege og samfunnet formidlar kategorisk at foreldre elskar barna sine (Beck 1995:139).¹⁴

Barn har i den vestlege verda mista funksjonen som hjelpende hender eller økonomiske bidragsytalar til familien. Den kjenslefylte verdien ved å få barn vert dermed desto viktigare. Den tyske sosiologen Ulrich Beck peikar på at barn kan representera ei

¹⁴ Dei sterke ideane om foreldra sitt ansvar for barnet si overleving og trivsel er kjønna. For ei framstilling av forholdet mellom foreldreskap og kjønn, viser eg til Hennum (2002).

motvekt mot krav og ideal i arbeidslivet om å vere rasjonell, kjapp, disiplinert og suksessfull (Beck 1995:106). Barn kan få ein funksjon der dei hjelper vaksne til å gjenoppdage sider i seg sjølv som dei har gløymt eller undertrykt, som å vere impulsiv, open og leikande. Foreldre ønskjer slik å verte oppdratt av barnet, til å oppdage seg sjølv på nytt gjennom det.

Fleire samfunnsforskarar og historikarar hevdar at krava til foreldreskapet aldri før har vore så omfattande som dei er i dag (Beck 1995, Gillis 1997). Foreldre, og særleg mødrer, har fått ansvaret for den fysiske og psykiske helsa og den sosiale og intellektuelle utviklinga til barnet. Å verte foreldre endrar mange vaksne si oppleving av seg sjølve som autonome individ.

Det utvidede ansvaret som barnet medfører innebærer at det blir en uoppløselig del av foreldrenes individualitet, en del som legger føringer på de mulige valg og autonomien. Barnet krysser dermed forestillingen om gjørbarhet og individualitet (Hjemdahl 2002:34).

Barn set grenser for foreldra si livsutfalding. Samtidig er barnet i seg sjølv eit moderne, individuelt meiningsprosjekt. Dersom barnet vert det som foreldra gjer det til, er barnet i seg sjølv eit mål for planlegging (Hjemdahl 2002:34). Barn vert eit prosjekt for foreldra, og dette aspektet ved foreldreskapet skal eg utforske nærmare. Heller enn at barna har plikter i forhold til dei vaksne, har dei vaksne plikter i forhold til barnet. Det ligg forventningar på foreldre om å setje barna først og sørge for barna sine behov og ønskjer både materielt og emosjonelt. Det stadig aukande kravet om emosjonell nærleik til barnet gjer at foreldra sine sjølvoppfatningar vert stadig meir avhengige av åtferda til barnet (Valentine 1997b:46). Foreldre vert moralisk tilgjengelege og sårbar for kritikk av foreldreskapet fordi konsekvensane ved å ikkje følgje ulike råd og pålegg vert presenterte som svært alvorlege (Hjemdahl 2002:42). Argument om barnet sitt beste er vanskeleg å motseie. Staten, ulike typar av ekspertar og media tek stadig opp spørsmål som handlar om korleis ein kan vere gode foreldre.

Synet på barn har endra seg radikalt i løpet av eit par generasjoner. På 1950-talet skulle barn vere lydige og pliktoppfyllande. I dag vert det i større grad forventa at dei skal vere sjølvstendige, at dei skal verte seg sjølv. Verdiar som autoritet og disciplin er delvis erstatta av grensesetting. Omgrepet grensesetting passar betre saman med målet om å verte seg sjølv enn vekta på disciplin (Gullestad 1997). Både vaksne og barn vert forventa å delta i grensesetting. Parallelt med at synet på barnet har endra seg, har også foreldrerolla endra seg. Kvinner som var husmødrer på 1950-talet opplevde at dei ”gjorde alt for barna” samtidig som dei svarde at ”Eg tenkte aldri på noko ekstra” på spørsmål om korleis dei oppdrog barna

Med barn i byen

(Danielsen 2002). Det å gjøre alt for barna har anna innhold i dag enn det hadde på 1950-talet. Foreldreansvaret har utvida seg. Det held ikkje lenger at barna er reine, får god mat og er lydige. Foreldra har også ansvar for det psykiske velværet, dei sosiale relasjonane og den intellektuelle utviklinga til barna. Barna vert overvaka på nye måtar og får fridom på nye måtar.

Det offentlege har overteke funksjonar som foreldra hadde tidlegare, men den moderne foreldrerolla inneber også nye krav, som å følgja opp barna i dei offentlege institusjonane (Ericsson og Larsen 2000, Frønes 2003). Den gjeldande mørnsterplanen for grunnskulen (M-1996) peikar på foreldra sitt grunnleggande ansvar for barna og oppfordrar til foreldresamarbeid i skulen. Moderne samfunnsdebatt legg stor vekt på foreldra si tyding for barna si utvikling. På mange måtar har det derfor skjedd ei forsterking av foreldra sin plass i oppseding og oppvekst, trass i barnehage og skuleutvikling.

Modernitetsteoretikarar som Giddens (1992) og Beck (1995) gir ei framstilling av familien som stadig meir funksjonstømt, der kjenslene er det einaste som bind denne eininga saman. Kjensler er viktige for å halde familiar saman, men konkrete arbeidsoppgåver, planlegging av aktivitetar bind også saman. I forhold til fokuset på tömminga av funksjonar, er eg interessert i å sjå etter kva som bind familiar saman, kva type prosjekt og aktivitetar som vert oppfatta som viktige for samhaldet i familien.

Parallelt med at familien har mista oppgåver har den blitt tildelt nye. Foreldra opptrer som buffarar i forholdet mellom barnet og samfunnet gjennom organiseringa av kvardagen til barnet (Andenæs 1995:11). Banda i familien og familiemedlemma sine plikter og ansvar for kvarandre er i endring. Familierelasjonane er individualiserte, og individua har sjølve ansvaret for at relasjonane er gode nok (Beck 1997). Bygging av gode familierelasjonar kan forståast som ei risikohandtering. Risikoene for brot gir motivasjon til å jobbe med relasjonane. Krava til kjærleik, intimitet og fellesskap i familieforhold har fått nytt innhald. Familieliv *er* ikkje berre, det må kontinuerleg gjerast og opplevast, pleiast og styrast i bestemte retningar (Giddens 1992).

Psykologen Agnes Andenæs peikar på at organiseringa av kvardagen til barna kan tolkast som ei form for omsorg (Andenæs 1995:11). Det er denne typen av omsorg for barn eg undersøkjer. Gjennom spørsmåla om korleis foreldre organiserer barndom og plass tek eg opp kva det er å vere foreldre gjer med vaksne og undersøkjer slik nokre rammer for både foreldreskap og barndom i dag. Kva verdiar og praksisar ein knyt til foreldreskap og barndom er avhengig av dominante sosiale og kulturelle ideologiar. Mitt bidrag i forhold til dette

feltet, er å sjå på utforminga av spesifikke ideal knytt til forholdet mellom foreldreskap, barndom og plass med utgangspunkt i foreldre sine refleksjonar.

Barndom og plass

Sosialantropologen Marianne Gullestad hevdar at det i Noreg eksisterer nokre særeigne symbolske band mellom barndommen og plassen ein veks opp. Litterære skildringar av barndommen handlar ofte om plassen ein voks opp på og plassar knytt til barndommen har ofte ein særeigen plass i vaksne sine livshistorier. ”I mange livshistorier er barndommens sted en metafor for hele barndommen, og barndommen er i seg selv en viktig tilhørighetskategori” (Gullestad 1996:231). Samtidig er det ingen automatikk i banda mellom barnet og plassen. Banda mellom barnet og plassen vert til i eit samspel mellom ulike samfunnsmessige diskursar om barndommen og plassen, foreldra og barna si plassering i forhold til desse diskursane og dei fysiske og materielle aspekta ved rommet rundt familien.

Særleg to forskingsarbeid frå Noreg har teke opp nokre av dei tema og problemstillingane eg er oppteken av. Doktoravhandlingane *BARN-TID-ROM-skiftende posisjoner. Kulturelle læreprosesser i et pluralistisk Norge* av sosialantropologen Hilde Lidén (2000) og *Barn og omgivelser-virkelighet med flere fortolkninger* av arkitekten Hanne Wilhjelm (2002). Lidén gjorde feltarbeid med observasjon og intervju av barn og vaksne på skule, SFO og nabolag på to lokalitetar i Oslo. Wilhjelm utførte feltarbeid blant barn på to plassar i Trondheim, i tilegg gjorde ho intervju med arkitektar som arbeidde med arealplanlegging. Lidén si avhandling har eit tyngdepunkt på studiet av barn i dei offentlege utdanningsinstitusjonane og på barna sin bruk av areal ute, medan Wilhjelm sitt fokus er retta mot barna sin bruk av dei offentlege areala ute. I forhold til desse to avhandlingane handlar min studie om korleis foreldra legg til rette barndommen.

Det har også vorte utført forsking som handlar om barn i byen, men som ikkje fokuserer på barna i relasjon til byen. Boka *Skolebarn og skoleforeldre* handlar om samarbeidet mellom heim og skule, og barna og dei vaksne si handtering av ulikskapar i sosial og etnisk bakgrunn (Ericsson og Larsen 2000). Det finst også forsking som dreiar seg om barn i byen i eit meir historisk perspektiv. Historikaren Jan Eivind Myhre har skrive boka *Barndom i storbyen. Oppvekst i Oslo i velferdsstatens epoke* (1994) om oppvekstvilkår i Oslo i perioden 1930-talet til 1980-talet. Han legg vekt på at norsk kultur har verdsett barndommen på ein særskild måte i forhold til dei skandinaviske nabolanda (Myhre 1994:207). I Noreg har ein vore opptekne av fridommen til barna og derfor lagt til rette for fri leik, både i heimen og i

Med barn i byen

offentlege uteareal meint for barn. Han skildrar ein tendens til at barn sitt liv vert stadig meir kontrollert av vaksne, trass i idealet om sjølvforvaltning og fridom. ”Spesielt i storbyen med dens mange trusler mot barn har hovedvekten ligget på beskyttelse, en tendens som har økt i etterkrigstiden” (Myhre 1994:208). Denne auka kontrollen er det i følgje Myhre først og fremst samfunnet som står for, fordi ansvaret for barna delvis har vorte trekt ut av familien og fordi autoriteten til familien er svekka. Eg vil hevde at familien er viktig på nye måtar, til dømes som formidlar mellom barn og institusjon, slik Ericsson og Larsen viser i si forsking.

Forsking på barndom andre plassar enn i byen er også relevant å setje seg inn i for å forstå barndom i byen. By og land vert ofte sett på som ytterpunkt eller motsetningar når det gjeld livsstil og oppvekstrammer, og det vert ofte knytt normative utsegn til desse (Schieffloe 1998:171). Det er i dag langt større likskap i levemåtane i bygd og by enn tidlegare (Vartdal 1999). Det er ein stor variasjon i korleis barnefamiliar lever både i byane og på bygda. Ein rapport om *Bygdefamiliens moderne kvardagsliv* fra 1999 fra Senter for bygdeforskning konkluderer med at ”Å leve urbant i rurale omgjevnader er eitt av bygdefamiliens moderne prosjekt, men kor urbant kan variere svært mykje” (Vartdal 1999:59). Bygdefamilien følgjer dei moderne trendane, den er mindre forutsigbar enn før og har ein meir variert struktur, ifølgje Vartdal.

Den norske forskinga som handlar om barndom og plass har ein tendens til å handle om anten byliv nær sentrum av byen eller bygdeliv. Forstader og tettstader ser ut for å vere mindre utforska som arenaer for familieliv eller barndom. Dette kan kome av at bygda og byen er sentrale offentlege kategoriar. Bygdeforskninga er institusjonalisert gjennom Senter for bygdeforskning og i dei siste tiåra gjennom ulike program om rurale regionar i forskingsrådet. Både by og bygd er tema ved NIBR (Norsk Institutt for by- og regionsforskning).

Arkitekten Thorbjørn Hansen og geografen Ingar Brattbakk har skrive rapporten *Endringsprosesser i norske drabantbyer* som kom ut i 2005. Dei skildrar forskjellane mellom synet på drabantbyen blant befolkninga meir generelt og opplevinga av drabantbyen blant dei som bur der. Drabantbyen vart opplevd som eit trygt og godt oppvekstmiljø blant dei som budde der, men vart oppfatta som meir negativt av folk som ikkje bur der.

Nærmiljø og lokalsamfunn

Det gode lokalsamfunnet har vore eit populært studiefelt for etnologar frå 1970-talet av. Moderniteten, representert ved industriksamfunnet, vart ofte oppfatta som ei desintegrerande kraft i samfunnet i denne forskinga. ”Mot ett ”förr”, där lokala samhällen var välfungerande -

närmast tidlösa – sociala och kulturella världar, ställdes ett upplösande ”nu” peiker dei svenska etnologane Ehn og Löfgren på (Ehn og Löfgren 1996:52). Det vart derfor viktig å finne fram og løfte opp dei gode fellesskapa. Såkalla tradisjonelle samfunn, som bygder, men også gamle arbeidarstrøk vart oppfatta som harmoniske og varme samfunn med nærliek mellom menneske (Ehn og Löfgren 1996:54). Etnologane vart talsmenn for dei gode lokale fellesskapa, fiskeværa, dei fråflyttingsprega bygdene, det rivningstrua arbeidarstrøket, som dei framstilte både som levningar frå ei god fortid og som utopiar for ei betre framtid. Byforsking voks på denne måten fram som eit etnologisk felt. Forskinga hadde brodd mot delar av den samfunnsvitskaplege tradisjonen, der byane vart studerte som fenomen med eigne lovar for endring og vekst. Anne Louise Gjesdal Christensen var den første etnologen i Noreg som tok opp byen som forskingsfelt, ved byrjinga av 1970-talet. Ho arbeidde både historisk og samtidsmessig med dette temaet med særskild fokus på bustader som kommunikasjon. Gjestdal Christensen kan oppfattast som deterministisk med sitt fokus på det tette, vesle og nære som det som utviklar gode relasjoner. Dei fysiske omgjevnadene verkar inn på, men determinerer ikkje dei sosiale relasjonane blant dei som bur der.

Etnologen Marit Ekne Ruud har skrive avhandlinga *Byfornyelse og endringer i urbane bomiljøer. En studie av beboeres erfaringer fra området Grønland/Nedre Tøyen i Oslo 1980 – 2000*. Ho studerer ein gentrifiseringsprosess over fleire år i eit sentralt område av Oslo som i dag framstår som eit attraktivt offentleg byrom med ei internasjonal befolkning. Ekne Ruud studerer ikkje særskild familiar eller barn i byen, men tek likevel opp ein del av dei problemstillingane eg er oppteken av i denne avhandlinga: Korleis bebuarane gjer rommet til sin plass, og korleis dei manøvrerer mellom nærliek og distanse overfor dei andre bebuarane i denne prosessen. Ho kjem fram til at bebuarane er meir plassbundne og opptekne av fellesskapet og bustadmiljøet enn ein skulle tru ut frå teoriane om det moderne samfunnet som har fokusert på oppløysinga mellom tid og rom. Noko av det spennande med hennar avhandling i forhold til min studie, er at bebuarar med barn har ei anna tilnærming til staden enn bebuarane utan barn.

Sosialantropologen Marianne Gullestad har arbeidd med kvardagsliv i byen i mange samanhengar. Boka hennar *Livet i en gammel bydel* frå 1979 byggjer på feltarbeid gjort i sentrumskjernen av Bergen. Gullestad sine mange arbeid om byliv, fellesskap, inklusjon og eksklusjonsprosesser er svært relevante for denne studien og vert presenterte undervegs i analysane (Gullestad 1979, 1996, 2002, 2004).

Samfunnsgeografen John Pløger har utarbeidd tre typologiar for bylivet, som han meiner bør takast omsyn til av byplanleggjarar, og som samtidig seier noko om ulike sider

Med barn i byen

ved byliv (Pløger 2002). Han skriv sjølv at inndelinga skal lesast som ein kritikk av ein einsidig bruk av klassiske variablar og inndelingar i livet i klart avgrensa livfasar, som barn, unge, par med barn og eldre innan byplanlegging. Det han kallar *Det funksjonelle byliv* handlar om krav i kvardagen til transport mellom heim, arbeid og institusjonar, pass av barn og eldre.

Barnefamiliar, immobile eldre, bebuarar som ønskjer tidsrasjonelle kvardagsliv. *Det forpliktande bu- og nærmiljø* er eit anna sterkt ideal. Det samlar dei som kjenner ønskjer og plikt til å engasjere seg i bu- og nærmiljøet gjennom naboskap og politisk arbeid. *Det urbane byliv – Dionysos i byen* handlar om det nytings- og opplevingsbaserte bylivet, kor individualitet og livsstilsval er i sentrum. Det vert ofte knytt til unge i karrierefasen, urbane single og livsstilsorienterte. Desse typologiane fortel noko om ulike krav bebuarar kan ha til byen som bustad. Dei viste seg å vere viktige for dei informantane eg intervjuja.

Nabolag kan opplevast og brukast svært forskjellig. Barnefamiliar, vaksne utan barn, pensjonistar har ulike ønskjer i forhold til bustadmiljø. Kva livsfase ein er i, spelar inn på korleis ein brukar heimen og det fysiske rommet utandørs. Men det er likevel ikkje nokon eintydig samanheng mellom livsfase og forholdet til bustaden og rommet ute. Poenget er at livsfase spelar inn på kva behov, ønskjer og forventningar ein har, men det er likevel ikkje ein opplagt samanheng her. Også barnefamiliar eller immobile eldre er forskjellige, og lever ut forskjellige visjonar om det gode liv.

Byliv og det urbane

Ordet by har ofte ei mykje breiare tyding enn eg ved nokre høve gir det i denne avhandlinga. Ein bur i by om ein bur i ein bykommune, om ein bur i ein forstad eller i sentrum av byen. I det norske språket er bykjerne, indre by eller sentrum av byen dei orda som mest presist dekkar dei geografiske områda eg studerer. Eg brukar ordet by både i vid tyding og i smal tyding, noko som også gjenspeglar bruken av omgrepene i dagleglivet.

Geografen John Pløger og sosiologen Dag Østerberg er blant dei som har arbeidd mest eksplisitt teoretisk med byen og det urbane i Noreg. Østerberg med si bok *Arkitektur og sosiologi* argumenterer for å gå vekk frå omgrepene om det urbane (Østerberg 1998). Pløger si bok *Byens språk* (2001) er derimot eit forsøk på å dra det urbane inn igjen i den norske debatten. Geografen John Pløger peikar på at ordet by viser til ein plass meir enn ein prosess (Pløger 2001:203). Byen kan avgrensast geografisk sett, medan urbanitet ikkje kan det. Byen og det urbane kan i nokre samanhengar vere overlappande omgrep, men har altså ulikt

meiningsinnhald. Ein kan bu i byen utan å leve urbant og ein kan vere urban utan å bu i byen. Det urbane let seg vanskeleg presisere, men for Pløger er det eit omgrep som viser til at ”det finnes sosiale former, sosiale koder, betydningsskjemaer, tenke- og handlemåter som er konstituert i og gjennom erfaringen med byen” (Pløger 2001:203). Pløger argumenterer for at ei forståing av urbanitet bør integrerast i byplanlegginga og forståinga av byar framover ved å legge til rette for produksjonen av ”Den fremmedes rom”.

Som det tidlegare refererte skiljet mellom byen og det urbane peikar mot, ligg det ingen automatikk i at dei som bur i byen er urbane. Assosiasjonane som det urbane vekkjer gir altså ikkje svar på korleis det opplevast å bu i eller korleis folk i ein urban kontekst lever.

Arkitekten Karl-Otto Ellefsen søker å oppdatere dei etablerte forståingane av det urbane, urbanitet, urbanisering og urbanisme (Ellefsen 1996:8-9).¹⁵ *Urbant* er latinsk for ”det som hører byen til”, men vart utover 1800-talet eit omgrep for kodane og livsforma som karakteriserte eit danna og sofistikert byliv. *Urbanitet* kom til å karakterisere både bylivet og alle mytane som hører til bylivet, som til dømes valfridom og anonymitet. Ellefsen meiner at denne forståinga av urbanitet er meiningslaus fordi dei vesentlige kulturelle skilja ikkje kan oppsporast ved grensa til byen, men er knytt til ulikskaper innan bysystemet, til klassar, tradisjonar og kulturelle segment (Ellefsen 1996:9). Ellefsen vil derfor gå vekk frå omgrepet om det urbane.

Østerberg (1998) meiner, som Ellefsen, at det urbane er eit omgrep som gir lite mening. Han hevdar at dominerande forståingar av byliv og urbanitet stengjer for innsikt i kva som pregar den faktiske byutviklinga. Bakgrunnen for denne kritikken er at skiljet mellom by og land har vorte utviska og at byen har utvikla seg til ein formlaus og spreidd sosio-materiell fortetting. Østerberg bruker Oslo som døme på dette. Han argumenterer for at ein heller bør sjå på Oslo som eit område, ein region (Østerberg 1998:143). Også Kjartan Fløgstad har kritisert urbanitetsomgrepet: ”Det handlar om sosial meistring av borgarlege fordommar. Det er eit reint klassebegrep” (Fløgstad 2000:108).

¹⁵ Ellefsen viser til at det latinske omgrepet *urbs* handlar om fysiske struktur i byen. Han hevdar at byomgrepet bør skilje seg med dei morfologiske kjenneteikna og heller leggje vekt på funksjonelle kjenneteikn. Han forstår byen som eit regionalt bysystem som omfattar mange typar av omgjevnader og som kan strekke seg utover eit samanhengande utbygd byområde (Ellefsen 1996:9). Han vil derfor forstå byen som ”cyurbia”, som eit system av geografisk avhengige punkt. *Urbanisering* vert brukt om den sterke auken i bybefolkinga og om den geografiske utbreiinga av byen som funksjonelt system, både sosialt, kulturelt og økonomisk, ut over dei tradisjonelle bygrensene. *Urbanisme* er eit fagfelt som både rommar kunsten å byggje byar og teoriar om byutvikling.

Med barn i byen

Førestellingane om det urbane kan karakteriserast som ein plassmyte om kategorien byar, ei myte som også vert brukt om menneske som er tiltrekte av byen. For nokon kan det vere eit problem at det urbane er ei myte og ei forteljing som kan ligge langt frå oppfatningar om korleis dei meiner byar er eller fungerer i praksis (Ellefson 1996, Fløgstad 2000, Østerberg 1998). Men slike myter er verkelege i sine konsekvensar, og fortener å verte forska på nettopp på grunn av det. Idéhistorikaren Jonny Aspen argumenterer, som John Pløger, for at omgrepet det urbane er meiningsfylt. Dels fordi det kan vere med på å forklare attraksjonsmangfaldet i byen og dels fordi det kan gi ei forståing av erfarings- og konfliktdimensjonar i bylivet. Aspen meiner at det finst ein del aktivitetar og kvalitetar som er spesifikt bymessige og at mykje av dette har med fysisk og sosial tettleik, og fysisk og sosialt mangfold å gjere. Han ser på byen som

et sted der mange forskjellige mennesker bor og virker tett inn på hverandre innenfor et avgrenset område, noe som gir den sosiale og kulturelle utvekslinga både dynamikk og egenart. Som en sosial og kulturell møteplass får byen slik en sammensatt karakter (Aspen 2002:3).

Presiseringar av det bymessige vert ofte knytt til fysisk tettleik, konsentrasjonen av sosiale forskjellar og fortetta førekommst av sentrale institusjonar i samfunnet.

Som Aspen, Pløger, Berg og Lysgård meiner eg at omgrepet om det urbane gir mening i det norske samfunnet i dag. Mi forståing av det urbane er at det omfattar mytane om det bymessige. Mytar er produktive og formar oppfatningar om samanhengar. Det urbane vert i daglegtalen brukt til å skildre materielle strukturar, livsstilar og til å skildre kulturelle diskursar og representasjonar. Uavhengig av formelle akademiske definisjonar, kan dikotomien og opplevinga av eit skilje mellom by og bygd vere viktig for å forstå og snakke om bygda og byen (Valentine 1997, Villa 1999). Som akademisk omgrep ser eg på det urbane som ein sosialt og kulturelt konstruert kategori. Forskjellane mellom det urbane og det rurale handlar då om ulike førestellingar om kva som er urbant og kva som er ruralt.

Det lokale og globale, det homogene og særskilde

Kvifor er det relevant å studere koplingar mellom foreldreskap, barndom identitet og plass? Frå slutten av 1980-talet og utetter har det vore retta ein særskild fokus på vilkåra for plassar i ei globalisert verd dominert av prosessar som akselerasjon, spreying og samanblanding av aktivitetar. Ein snakkar om at verda krympar, vert samanpressa og at rom og plass vert oppslukte av tid. Globalisering kan forståast som handlingar uavhengig av avstand og kan slik

oppfattast som ein prosess som løyser opp det særeigne ved plassar. Mange har skildra utviklinga av ei ny plasskjensle kopla til globale kommunikasjonsmedier og transportsystem (Beck 1997:115, Giddens 199, Harvey 199). Verda har vorte både mindre og større på ein gong. Individet får, om enn i ulik grad, tilgang til verdsspennande nettverk. Livet til den enskilde vert forandra av hendingar som skjer på den andre sida av jorda samtidig som lokale livsstilar kan få globale konsekvensar (Beck 1997:115). Globalisering vert ofte forstått som homogenisering av plassar, til dømes kan ein argumentere for at bykjernane i vestlege byar har gått gjennom likarta gentrifiersprosessar dei siste tiåra.

Den britiske geografen Noel Castree spør: korleis kan plassar framleis vere forskjellige i ei verd av globalisering? (Castree 2003:175-176). Hans fem forskjellige svar på dette er interessante å forstå denne studien i forhold til. For det første, medan globalisering bringer plassar nærmare kvarandre gjennom redusert tid å krysse rommet mellom dei på, er den geografiske distansen likevel til stades. Bergen ligg framleis langt frå Baku og New York. For det andre, globaliseringa har ikkje skjedd med homogene plassar og likarta prosessar kan derfor få ulike konsekvensar for ulike plassar. Plassar har nettopp ofte vorte bundne saman fordi dei er forskjellige. Produksjon av varer i lågkostland for sal i høgkostland er eit døme på det. For det tredje, sjølv om mange plassar er underlagt dei same globale kreftene, reagerer og møter dei slike prosessar på forskjellig måte. For det fjerde, dei fleste sosiale relasjonar er trass tid-rom kompresjonen ikkje globale i si rekkevidde. Mange relasjonar er – som før – basert på romlege fellesskap, i forhold til familieliv, arbeidsplass og fritidsaktivitetar. Sjølv om verda er samanfiltra, lever mange i kvarlagsliv innanfor avgrensa romlege rammer og dei fleste sosiale interaksjonane skjer ansikt til ansikt. Svært mange lever størstedelen av liva sine innan små område arealmessig sett. I nokre periodar i livet lever individet i særleg stor grad på avgrensa areal, til dømes gjer mange barn, eldre og sjuke menneske det. For det femte, er forskjellige plassar dregne inn i globalisingsprosessar på ulike måtar. Nokre plassar er delvis avskorne frå resten av verda, nokre ligg i eit sentrum for flyt av kapital og menneske. Konklusjonen til Castree er derfor at "The more linked places become, the more place differences endure and are remade" (Castree 2003:176). Castree argumenterer slik for at globale og homogeniserande prosessar også er med å gi plassar sine sær preg. Globaliseringa er verken universell eller homogen, men gjer at forskjellar mellom plassar tvert imot auker (Berg og Dale 2004:48).

Oppfatninga av plassar som åtskilde og eineståande har vorte erstatta av synet på plassar som på den eine sida unike og på den andre sida samanfiltra og gjensidig avhengige av kvarandre. Plassar er både lokale og del av det globale (Massey 1997). Dei aktivitetane som

formar ein plass, er knytt både til det lokale, nasjonale og globale. Denne avhandlinga handlar primært om tilknytinga på det lokale nivået, men sidan det nasjonale og globale finst i det lokale vil avhandlinga også referere til nasjonale og globale prosessar der det er aktuelt.

Presentasjon av kapitla

I det neste kapittelet *Teoretiske perspektiv. Plass, inklusjon og eksklusjon* gjer eg greie for dei viktigaste teoretiske perspektiva i avhandlinga, og diskuterer dei mest sentrale omgropa eg bruker. I *Metode og forskingsetikk* gjer eg greie for metodiske og etiske val i samband med studien, skildrar korleis eg har gått fram i arbeidet med innsamling, tolking og formidling av kjeldemateriale og reflekterer over kva type kunnskap kjeldemateriale gir. *Kvardag og tidsoppleving i bykjernen. Langsam og aktiv familietid* handlar om korleis foreldre legg til rette barndommen i byen gjennom tidsorganiseringa av kvardagslivet. *Lokale sosiale rom* handlar om forholdet barnefamiliane har til heim, nabolag og nærmiljø og til møteplassane utandørs der. Eg ser her på organiseringa av både foreldra og barna sine sosiale relasjoner i det lokale sosiale rommet. I *Byen som oppdragar. Mangfold, individualitet og kompetanse* tek eg opp korleis ulike familiær set fram mangfold som eit ideal dei ønskjer å introdusere barna for. Dei konstruerer byen, men særleg sentrum av byen, som ein plass for mangfold. Eg diskuterer korleis dei spesifiserer dette mangfaldet i forhold til liksskap og forskjell og korleis dei meiner at det påverkar barna deira. *Grenser for mangfold* handlar om kva informantane opplever som grensene for eit positivt mangfold, og korleis det går når ideala om det mangfaldige fellesskapet basert på ulikskap vert sett på prøve. I avslutninga *plass og moral* diskuterer eg kva typar av oppvekstmiljø, barndommar og barn foreldra ønskjer å skape. Her peikar eg også på forskingsfelt det vil vere interessant å undersøkje nærmare.

Kapitla kan lesast uavhengig av kvarandre, men disposisjonen på avhandlinga er bygd opp slik at dei første analysekapitla er grunnlag og premissar for dei etterfølgjande i kronologisk rekkefølgje. Eg startar med å forankre familiane i ideal og praksisar knytt til tidsorganisering av kvardagen, før eg går over til å analysere dei lokale sosiale relasjonane familiane er vevde inn i. Desse to kapitla dannar vidare eit grunnlag for analysen av ”byen som oppdragar” der vekta er lagt på å tolke kva foreldra legg i mangfaldet i byen og kva konsekvensar dei meiner at dette har for barna deira. Det siste analysekapittelet byggjer på alle dei tre føregåande kapitla og handlar om grenser for eit positivt mangfold. Dei fire analysekapitla har i tillegg til sine spesifikke fokus nokre felles gjennomgåande tema som i ulik grad vert løfta fram i teksten gjennom kapitla, som også kunne ha vorte løfta fram som eigne kapittel. Eit slikt gjennomgående tema i dei fire kapitla er korleis foreldra balanserer

mellan eigne behov og barna sine behov gjennom tilrettelegging av kvardagen. Eit anna gjennomgåande tema er val og grenser for val, sett i forhold til kvardagen til barnefamiliane. Foreldra navigerer mellom ulike løysingar, noko er ikkje valt, det berre er slik. Danninga av *plassmytar* er eit viktig tverrgåande tema. Omgrepene, som vert nærare presentert i teorikapittelet, handlar om skaping av plassar og identitetar gjennom samanlikning, ved å identifisere forskjellar og likskapar mellom ulike plassar, ulike menneske.

Under arbeidet med denne avhandlinga er det mange som har spurt meg om eg samanliknar barndommen i byen og på landet eller i tettstaden, eller i sentrum versus i forstaden eller drabantbyen. Eg gjer ikkje det. Men informantane samanliknar by og land, sentrum, forstad og bygdeliv. Dette er viktige kategoriar for dei i forteljingane om familielivet. Dei fortel om å bu sentrumsnært i kontrast til å bu andre stader i byen eller utanfor byen. For mange av informantane er det stor forskjell mellom å bu i gå eller sykleavstand til sjølve sentrum av byen og å bu i ein forstad der ein er avhengig av bil eller offentleg transport for å kome til bykjernen. Dei bruker også bygda og tettstaden til å samanlikne og forklare det særeigne ved sitt eige bustadmiljø. Samtidig fortel dei om seg sjølve i kontrast til andre som bur sentrumsnært i byen, dei samanliknar seg med folk i forskjellige livsfasar og med barnefamiliar som lever både likt og forskjellig frå dei sjølve.

Nokre av problemstillingane i denne studien er særeigne for barnefamiliar som bur i sentrum av ein by. Men mange av utfordringane i kvardagslivet er like for familiar om dei bur i ei bygd, ein tettstad, ein forstad eller i sentrum av ein by. Inklusjons- og eksklusjonsmekanismar, korleis ein skaper seg sjølv som familie i forhold til omgjevnadene både fysisk, sosialt og kulturelt, er prosessar som alle barnefamiliar tek del i, om det er på eit artikulert eller mindre artikulert plan. Målet med denne studien er å analysere dei førestellingane, kategoriane og kompromissa foreldra som eg har intervjuat posisjonerer seg i forhold til når dei legg til rette for barndom sentralt i byen.

2. Teoretiske perspektiv og sentrale omgrep. Plass, inklusjon og eksklusjon.

I dette kapittelet drøftar eg sentrale teoretiske perspektiv og omgrep som ligg til grunn for avhandlinga. Eg vil særleg konsentrere drøftinga om ulike forståingar av omgrepet plass og inklusjons- og eksklusjonsmekanismar fordi denne tematikken er gjennomgripande for alle kapitla i avhandlinga, om enn i ulik grad. Eg diskuterer ulike omgrevsfestingar av plassar og løftar fram omgrep eg brukar for å analysere prosessar i kvardagen der plassar vert brukt i konstruksjonen av normer rundt familieliv og bustadmiljø. Før den konkrete diskusjonen av plassomgrepet, vil eg gjere greie for det overordna vitsskapssynet og meir breitt forskingstradisjonane avhandlinga plasserer seg i. På ein grunnleggjande måte skriv studien seg inn i ein kulturanalytisk og sosialkonstruktivistisk forskingstradisjon og hentar inspirasjon frå humanistisk geografi og diskusjonane om plass dei siste femten åra.

Forskingstradisjonar

Den etnologiske kulturanalysen

Kulturanalysen slik den har vore utforma i det etnologiske og folkloristiske fagmiljøet i Sverige og Noreg frå 1980-talet og framover, ligg som eit premiss for val av både tema, metodar og måtar å tolke på i denne avhandlinga. På eit overordna og generelt nivå sluttar eg meg til vitsskapssynet i kulturanalysen, slik det er gjort greie for i den framleis aktuelle boka *Kulturanalys* som kom ut første gong i 1982 (Ehn og Löfgren 1994) og i den gjennomgåande reviderte boka *Kulturanalyser* som kom ut nesten 20 år seinare (Ehn og Löfgren 2001). Eg sluttar meg også til diskusjonane gjort av kulturforskaren Tone Hellesund der ho plasserer kulturanalysen innanfor den postmoderne vitskapsforståinga (Hellesund 2002).

Vitsskapssynet i kulturanalysen baserer seg på sosialkonstruktivisme. Spørsmåla ein stiller seg, handlar om korleis forståinga av verda vert skapt gjennom tolkingar som representerer ulike versjonar av røynda. Ulike teoriar, metodar og kjelder kastar lys over ulike sider ved verda, og ulike innfallsvinklar er viktige for å løfte fram komplekse forståingar av fenomenet ein studerer. Kulturanalysen er dermed karakterisert av ein teori-, metode- og kjeldepluralisme basert på ei pragmatisk tilnærming. Det er vanleg å hente inspirasjon frå teoretikarar og analysar gjort på andre fagfelt. Dersom ein teori, ein del av ein teori eller eit omgrep kan opne for nye tolkingar, er det prinsipielt mogleg å bruke det i ein ny kontekst (Hellesund 2002:64). Kjeldeforståinga er tilsvarande vid. Ein bruker både skriftlege og

munnlege kjelder, til dømes aviser, vekeblad, dagbøker, skjønlitteratur, offentlege dokument, forskingsintervju, samt fotografi og ulike former for observasjon og deltaking. Metodane er grunna i spekteret av ulike kvalitative innfallsvinklar. Målet med tolkingane er å overskride dei eksisterande forståingane av fenomenet ein studerer med hjelp av kreative og kritiske tolkingar.

Det pragmatiske kulturanalytiske utgangspunktet opnar for å plukke teoriar og hente inspirasjon frå andre fagfelt enn dei etnologiske og folkloristiske faga. Desse faga vert også omtalt som kulturfaga.¹⁶ Kulturfaga med si vekt på empirisk baserte studiar, har i lita grad fungert teoriutviklande og har derfor henta inspirasjon frå fagtradisjonar som i større utstrekning har produsert meir ålmenne teoriar, som modernitets- og identitetsteoriar. Ein har brukt teoretiske retningar som er felles tankegods for dei samfunnsfaglege og humanistiske faga, som til dømes fenomenologi, hermeneutikk og poststrukturalisme, og henta inspirasjon frå feministiske teoritradisjonar og postkoloniale perspektiv.

Endringane i dei humanistiske og samfunnsfaglege disiplinane har også slått ned i den konkrete utforminga av kulturanalysen. På 1980-talet hadde delar av den kulturanalytiske forskinga sterke strukturalistiske innslag med eit fokus på kultur som system og struktur (Ehn og Löfgren 2001:11). Målet vart å undersøke bevisste og ubevisste prinsipp som disiplinerte menneska, og resultatet kunne verte logisk konsistente tolkingar av ulike grupper sine velfungerande system. Som ei motvekt til tolkingar som ikkje hadde rom for det motsetningsfylte og som eit resultat av den postmoderne vitskaplege vendinga, vart analysar av inkonsistens, splitting og desintegrasjon stadig meir utbreidde utetter 1990-talet (Ehn og Löfgren 2001: 44). Fokuset var retta mot å forstå kompleksitet, brot og ambivalens. Interessa for paradoks og mangel på samanheng byggjer på eit syn på kultur som ein pågående prosess meir enn som eit logisk, harmonisk system (Ehn og Löfgren 2001:45). Målet for forskaren vert då å forklare korleis folk lever med det mangetydige.

Identitetsdanning vart eit sentralt tema frå slutten av 1980-talet og utetter 1990-talet, og vaks fram som eit svært sentralt analytisk omgrep innan kulturfaga. Identitet vart forstått som ein flytande storleik sett i forhold til meir stabile kulturomgrep. Samtidig vart kulturomgrepet utvikla vidare som eit relasjonelt og prosessorientert omgrep (Ehn og Löfgren 2001:45).

¹⁶ Ved universiteta i Noreg har faga etnologi, folkloristikk og kulturvern og kulturformidling skifta form. I Bergen vert faga kalla kulturvitskap frå 2002 og i Oslo går faga etnologi og folkloristikk frå 2003 under nemninga kulturhistorie.

Fenomenologi vart ei ny viktig inspirasjonskjelde utetter 1990-talet, med ei utforsking av kroppen som sete for erfaring og som eit utgangspunkt for møte med verda. Samtidig vart kjønn og etnisitet vidareført som forskingstema. Fokus vart utvida frå å forstå desse som empiriske storleikar til å hente inspirasjon frå feministiske og postkoloniale perspektiv. Desse innfallsvinklane førte til ei uttalt interesse for hierarki og makt og konstruksjon av normalitet og avvik. Dei siste ti åra har ei fornya interesse for materiell kultur, plass og handling vorte tydeleg i det kulturfaglege miljøet. Nokre av dei som driv denne forskinga hevdar, som vi skal sjå, at dette markerer eit brot med det kulturanalytiske rammeverket.

Haldning versus handling

Delar av det etnologiske forskingsmiljøet har dei siste ti åra vore opptekne av å finne måtar å forske på det ein gjer, framfor det ein snakkar om (Frykman 2003, Hjemdahl 2002, Kapstad 2001). Omgrep som ”gjørandets etnologi” og ”å gjere kultur” har vorte introdusert. Hjemdahl legg vekt på at ”den ørlille dreining fra et fokus på hvordan vi projiserer mening inn i verden til hvordan verden virker på oss” gir nye rom for tolking (Hjemdahl 2002:258). Kapstad meiner at interessa for handling, materialitet og plass representerer meir enn ei interesseforskyving sett i forhold til kulturanalysen (Kapstad 2001:25). Ho kallar det eit oppgjer med konstruktivismen, fordi interessa er retta mot korleis kultur vert skapt gjennom materialitet heller enn gjennom mentale storleikar. Ho meiner at viktige aspekt ved handlingar og kulturskaping vert oversett på grunn av ein tendens til å tolke handling som tekst.

Vendinga ”beyond the cultural turn” vil eg difor skissere som ei vending vekk frå teksthermeneutikken til fordel for ein annleis og ny hermeneutikk som vi kan kalle handlingshermeneutikk. Det fordrar at vi gir handlinga primat, at vi gir handlinga førsterang - også i tolking av tekst - anten i form av skriftlege og munnlege utsegn, teikn og symbol (Kapstad 2001:26).

Å gi handlinga førsterang har ifølgje Kapstad metodiske konsekvensar, det krev andre reiskap, prosedyrar og handlingsmåtar enn tolking av tekst. Ho reiser krav om grundige empiriske undersøkingar i form av feltarbeid.

Det vil nemleg berre vere gjennom grundige feltstudiar at vi vil bli i stand til å ta tak i kulturens tause føresetnader - det som ikkje har blitt sagt eller uttalt - men som kun let seg studere gjennom å fortolke kroppen, tinga og plassen (Kapstad 2001:26).

Kapstad forstår i denne samanheng feltstudiar som ulike former for observasjon, ved å leggje vekt på det som ikkje er uttalt, på kropp, ting og plass. Eg vil hevde at også tekstar og tekstanalyse gir innsyn i tause føresetnader, at analysar av refleksjonar over handling er like viktig som observasjonar av handling. Handlingar treng derfor ikkje eit eige paradigme, noko Kapstad ser ut for å hevde, for å kunne tolkast. Det ligg ingenting i vegen for å integrere forsking på handlingar og praksisar med det vide rammeverket som kulturanalysen byggjer på. Tolking av handlingar kan vere eit viktig kjeldemateriale, men vekta det får bør avgjerast av kunnskapsmål og problemstillingar. I så måte er handlingar sidestilt med anna kjeldemateriale.

Tone Hellesund gjer ei viktig presisering når ho markerer avstand til førestellinga om at tankar og diskursar er mindre autentiske og mindre knytt til livet enn handlingar og erfaringar. ”Kropper, handlinger og opplevelser er uløselig forbundet med tanker og diskurser” (Hellesund 2001: 85). Dersom ein privilegerer handlingar som meir autentiske tilgangar til individua enn språklege uttrykk, står ein i fare for å lage eit kunstig skilje mellom sanning og tolking. Handlingar og forteljingar står jo ikkje i opposisjon til kvarandre (Breivik 2001:46). Ein kan kome til å danne eit bilde som i stor grad baserer seg på berre nokre element ved individet, handlingar er jo berre ein måte å erfare verda på. Å lese, samtale, sjå tv og film, bruke fantasiens andre måtar å erfare på.¹⁷ Det er derfor viktig å verne om kjeldepluralismen og breidda av analytiske innfallsvinklar som kulturanalysen representerer. Kulturanalysen er tøyeleg og viser seg å vere eit fruktbart rammeverk for analysar med inspirasjon frå ulike teoretiske retningar, ulike kjelder og ulike metodar.

Kvardag, diskurs og makt

Eit av dei karakteristiske og mest permanente trekka ved kulturanalysen er forankringa i studiar av *kvardagsliv*, ein tradisjon som også denne avhandlinga skriv seg inn i. Målet er å løfte fram det sjølvsagte for å kunne undersøkje det og sjå kvardagen som utgangspunkt for store spørsmål (Ehn og Löfgren 2001:7). Kvardagslivet får verdi som ein sentral arena for både kulturoverføring og kulturskaping. Forskaren ønskjer å ”identifisere og forstå de forståelsesmatriser vi ser og opplever vår verden i forhold til” (Hellesund 2002:63). Målet er derfor å studere normer og førestellingar, kompleksitet og mangfold med utgangspunkt i tenkande, handlande og skapande individ. Individet vert slik sett på som kulturelle subjekt heller enn som hjelpelause objekt fanga i strukturar og diskursar (*ibid.*). Men denne haldninga

¹⁷ For ei interessant argumentasjon for at liv kan levast gjennom litteratur og tekst, sjå metodeessayet i biografien om Olav H. Hauge (Åmås 2004).

Med barn i byen

inneber ikkje ei tru på individ med frie val – materielle, kroppslege, sosiale og kulturelle vilkår legg føringar på handlingsromma til individet.

Omgrepet *diskurs* er viktig for å forstå korleis den komplekse veven av mening vert danna og er sentralt i den kulturanalytiske forskingstradisjonen (Ehn og Löfgren 2001:13). Diskurs vert innan etnologien ofte brukt på ein brei måte, med same innhald som i det akademiske kvardagsspråket. Ved andre høve vert det spesifisert til særskilde tradisjonar, då oftast til forsking inspirert av Foucault, og svært sjeldan med referanse til tradisjonen knytt til Habermas. Eg baserer meg på ein vid definisjon av diskursar inspirert av Foucault, slik han er omtalt av historikaren Eva de los Reyes og etnologen Lena Martinsson:

Individernas positioner i samhället, och vår kunskap om det, skapas av historisk specifika sociala interaktioner och materiella villkor som regleras, legitimeras och möjliggörs av diskursiva konstruktioner. Med diskurs menar vi en uppsättning metaforer, berättelser, föreställningar, och materialiseringar som tillsammans skapar en viss ordning (de los Reyes og Martinsson 2005:11).

Diskursar gjer visse måtar å forstå verda på moglege, samtidig som andre forståingsmåtar vert umoglege. Den diskursive ordenen er dermed verksam både gjennom kva den løftar fram og kva den skjuler og held utanfor. Det historisk, sosialt og materielt spesifikke viser til det mobile og unike ved ulike diskursar, og er heilt sentrale element for å forstå danninga av diskursar. Kulturanalysen oppmuntrar til å undersøke korleis praksistar, normer og førestillingar vert skapt i ein intrikat vev mellom individuelle haldningar og praksistar i kvardagslivet og offentlege forhandlingar om mening gjennom konkrete empiriske studiar.

Kulturanalysen, slik den har vore utforma i kulturfaga i Noreg og Sverige, har ofte løfta fram makta individua har til å endre. Sjølv om ein har interessert seg for disiplinerande prosessar, har sokelyset vore retta på individet sitt rom for handling sett i forhold til offentlege strukturar. Menneska vert skildra respektfullt, som i hovudsak gode og fornuftige (Ehn og Löfgren 1996:172). På 1990-talet vart denne selektive forskingspraksisen gjenstand for sjølvrefleksjon blant leiande kulturforskarar, som Billy Ehn, Lena Gerholm og Thomas Gerholm, Orvar Löfgren, Barbro Klein og Jonas Frykman. Ehn og Löfgren meiner at interessa for kvardagen kan forklare fråværet av det vonde og destruktive i etnologiske analysar, fordi konfliktar, undertrykking, diskriminering og vald har vorte oppfatta som noko som finst utanfor eller i kontrast til kvardagen (Ehn og Löfgren 1996:172). Det vonde vert derfor ofte plassert utanfor forskingsobjekta, som noko dei kjempar mot. Offentlege institusjonar vert gjerne assosiert med disiplinerande makt medan folket representerer ei positiv og kreativ

motmakt. Denne innfallsvinkelen er eit viktig korrektiv til studiar og perspektiv som gir lite rom for motstand mot dominerande diskursar og individuell meiningskaping. Denne styrken ved kulturfaga har også ein utilsikta konsekvens ved tendensen til å studere forskingsobjektet som representantar for det gode og fornuftige. Dette kan ifølgje Ehn og Löfgren delvis forklarast med dei typane av kvalitative metodar forskarane bruker, som ofte er basert på personleg kontakt med informantane (*ibid.*). Men den viktigaste grunngjevinga for denne haldninga er grunna i kulturrelativismen som mange kultur,- og samfunnsforskalar vedkjenner seg. Ønsket om å forklare og forstå fører med seg ei plikt til å forstå og analysere som meiningsfullt også det tilsynelatande irrasjonelle og trivielle. Dette påverkar også presentasjonen av informantar og felt. Denne sympatiske forskingspraksisen skaper verdifull innsikt, men kan også gjere det vanskeleg for forskaren å ta opp konfliktfylte aspekt ved temaet dei studerer eller ting som kan stille informantane i eit därleg lys (Natland 2002).

Billy Ehn og Orvar Löfgren sluttar av boka *Kulturanalyser* (2001) med å vise til det kritiske potensialet i kulturanalysen, korleis menneske er innskrivne i hierarki og tradisjonar. Dei peikar på at rommet for handlingar er avgrensa ikkje berre av materielle vilkår, men også av fastlagde oppfatningar om rett og feil, og at slike førestellingar vert brukte som maktmiddel (Ehn og Löfgren 2001:170). Kulturanalytikaren si oppgåve vert å granske mytar og stereotypiar og å sameine ”strävan att förstå andras sätt att tänka med en kritisk granskning av deras självbild och föreställningar om vad som är normalt och önskvärt (Ehn og Löfgren 2001:170). Å analysere førestellingar, idear, diskursar som strukturer menneskeleg erfaring har derfor politiske og ideologiske konsekvensar og kulturanalysen vert eit reiskap til å formidle det kulturelle si tyding som ei både konserverande og fornyande kraft (Ehn og Löfgren 2001:170). Den faglege sjølvrefleksjonen rundt mangelen på ubehagelege forskingstema har opna for nye forskingsfelt innan kulturanalysen, som diskriminering av minoritar (Akman 2002, Ytrehus 2004), forholdet mellom kjønn og makt (Martinsson 1997) og utøving av vald (Natland 2006). Avhandlinga mi skriv seg inn i denne forskingstradisjonen og har ein ambisjon om å løfte fram det kritiske potensialet i kulturanalysen. Eg analyserer eksplisitt hierarkiserande prosessar knytt til plass som ein del av kvardagen, som ein del av individua eg studerer, også innan tema som tilsynelatande verkar uskuldige.

Den humanistiske geografien

Den humanistiske geografien, som eg også har vore inspirert av på ein grunnleggjande måte, har mange fellestrek med kulturanalysen; med si vekt på å forstå, stille spørsmål, og tolke

forholdet mellom menneske og omverda med hjelp av kvalitative metodar og med sosial-konstruktivistiske perspektiv. Det særeigne, og for meg relevante, er den sterke interessa for menneske sitt forhold til rom og plass. Humanistiske geografar skildrar ”attempts to re-people geography” i opposisjon mot romlege perspektiv i faget som reduserte menneske til abstrakte einingar (Holloway og Hubbard 2001:12). Frå 1980-talet og framover har kulturgeografane vendt seg til radikal kritisk teori og studert korleis plassar er del av prosessar som verkar inn på kategoriseringar av klasse, kjønn og etnisitet (Cresswell 2004:27). Dei humanistiske geografane er opptekne av handlingsrommet til individet sett i forhold til rammene det er omgjeve av og menneske som handlar og tolkar verda gjennom både konkrete og imaginære plassar. Redaktørane av ei britisk innføringsbok i humanistisk geografi skildrar viktige tema i faget på denne måten:

its attention to the practices and objects of everyday life; its determination to analyse critically the ways we conventionally think about the world and its geographies; its emphasis on human geographies as constructed and contested rather than innate; and its sensitivity to the relations between our geographical knowledges and forms of power (Cloke, Crang and Goodwin 1999:xii).

Redaktørane trekk her fram maktaspektet ved geografisk kunnskap, og nemner vidare interesse for økonomiske, miljømessige og politiske tema og vekt på fortolkande metodar framfor jakt på fakta som viktige kjenneteikn ved den humanistiske geografien. Likskapane mellom kulturanalysen og den humanistiske geografien er mange, med sine fokus på kvardagsliv, på menneske sine haldningar og handlingar og med sitt konstruktivistiske syn på vitskap. Med desse likskapane i mente, verkar det som at desse to fagtradisjonane glir saman. Men den humanistiske geografien har på ein meir gjennomgripande måte enn den etnologiske kulturanalysen løfta fram maktforhold på ulike måtar, fokusert på hierarkisering av identitetar og rammer og strukturar som legg band på individet.

Plass, inklusjon og eksklusjon

Omgrepet plass har så mange ulike innhald, både som omgrep i kvardagen, som analytisk omgrep og verktøy i møte med empiriske analysar, at det er naudsynt å diskutere relevansen av ulike plassomgrep for problemstillingane avhandlinga dreiar seg om.

Orda plass og stad, som eg oppfattar som identiske i det norske språket, vert brukte både i kvardagslivet og som spesialiserte akademiske omgrep. I denne avhandlinga vert orda brukt både av informantane mine og av nokre teoretikarar som eg bruker. Omgrepa (som eg

skriv i innleiinga har eg valt å bruke ordet plass) er slik både analytiske reiskap for å forstå empiri og idear og kategoriar som strukturerer og legg rammer i delar av empirien ein studerer. På den eine sida gjer det at omgrepet plass er lett å forstå, det er rikt på assosiasjonar. På den andre sida vert det vanskeleg å skilje mellom den kvardagslege og den akademiske tydinga av omgrepet.

Dei siste femten åra har vore prega av ei aukande interesse for plass og rom og omgrep og metaforar med romlege assosiasjonar innan både humanistiske fag og samfunnsfag. Mange har også vore opptekne av korleis plass og rom vert brukt til å konstruere forskjellar (Smith 1999:136). Arbeida til bell hooks (1991), Tim Cresswell (1996, 2004, Zygmunt Bauman (1993), David Harvey (1996), Doreen Massey (1994) og Edward Said (1994) viser på ulike måtar korleis romlege omgrep som sentrum, periferi, grense og margin, forstått som både symbolske eller materielle storleikar, kan gi innsikt i korleis forskjellar vert skapte. Ord som inklusjon og eksklusjon gir i seg sjølv assosiasjonar til rom og plass, som i uttrykka ”å vere innestengt” og ”der det er hjerterom, er det husrom”. Cresswell poengterer at ”place is constantly struggled over and reimagined in practical ways” (Cresswell 2004:39). Denne påstanden gjeld for bruken av og forståinga av plass på eit empirisk nivå, men det føregår også ein kamp om meiningsinhaldet i ordet plass som eit analytisk omgrep.

Omgrepshistorie: Plass som lokalitet, essens og konstruksjon

Plass vart fram til 1970-talet stort sett oppfatta som eit vanleg ord om lokalitetar, avgrensa fysiske område, som ikkje trengte nærmare forklaring. Det var dei humanistiske geografane som for alvor byrja å teoretisere rundt plass gjennom introduksjonen av omgrepet ”sense of place” (Berg og Dale 2004:40). ”Sense of place” handlar om både plassoppleving og plasskjensle og er inspirert av fenomenologi og eksistensialisme. Humanistiske geografar som Yi-Fu Tuan og Edward Relph trakk dermed fram menneske sine subjektive og erfaringsbaserte relasjonar til plassar og markerte avstand frå positivistiske forståingar som fokuserte på rom og plass som målbare einingar (Tuan 1974 og Relph 1976). Tuan definerte plass ved å samanlikne det med rom. Han ser rom som ein open arena for handling og rørsle medan plass handlar om å stoppe, kvile og verte involvert (Tuan 1974). Inspirasjonen til denne plassforståinga hentar han frå filosofen Martin Heidegger. Rom vart knytt til abstrakte og målbare einingar, medan plass vart knytt til verdiar, som å høyre til og kjenne seg heime. Denne forståinga av ”a sense of place” førte med seg ei oppfatning av plassar som unike, faste og stabile. Plassar vart vurderte ut frå kva kjensler menneska har til plassen.

Med barn i byen

Oppfatninga av at plassar vert skapt gjennom meiningsplassen har for menneske, står i opposisjon til ein definisjon av plass som lokalitet, som materielle og fysiske rammer for menneske. I løpet av 1980-talet forsøkte nokre forskrarar å sameine desse to ulike forståingane av plass ved å byggje på struktureringsteoriar med målsetjing om å overvinne dualismane mellom struktur og aktør, mellom det objektive og det subjektive (Berg og Dale 2004:43). Sosiologen Anthony Giddens er ein av dei fremste inspirasjonskjeldene for denne retninga, med si vekt på at strukturar set rammer for menneskeleg handling samtidig som dei er eit resultat av slik handling (Giddens 1984). Ut frå denne tankegangen er rom og plass både rammer for og vert forma av sosial praksis og er slik skapt i eit samspel mellom subjektive oppfatningar og meir objektive vilkår. Plassar vert i denne forskingstradisjonen forstått som møteplassar eller nodar der forskjellige individ sine kvardagspraksisar kryssar kvarandre i tid og rom (Berg og Dale 2004:44). Den britiske geografen Noel Castree peikar på at omgrepsfestinga av plass med hjelp av struktureringsteori er eit godt reiskap til å forstå handlingsmønster i kvardagen.

It was at once the objective arena for everyday action and face to face interaction *and* the subjective setting in which people developed and expressed themselves emotionally. It was at once intensely local *and yet* insistently non-local to the extent that “outside” forces” intruded into the objective and subjective aspects of local life in an interdependent world (Castree 2003:173).

Castree trekk fram at plassar er både lokale og globale, dei handlar både om subjektive opplevingar og konteksten som subjektiviteten vert forma innanfor. Plass er slik både eit objekt, til dømes ein ting å skrive om, og eit perspektiv, ein måte å tolke på (Cresswell 2004:15).

Ulike forståingar av plassar kan skiljast ut som ei fysisk lokalisering med objektive, materielle rammer, som ein brei intersubjektiv sosial kontekst og som ei kjensle av plass knytt til subjektive og eksistensielle opplevingar (Berg og Dale 2004:45). Tim Cresswell har identifisert tre ulike måtar å forstå plass på innan akademia i dag; plass som lokalitet, som oppleving og som sosialt konstruert (Cresswell 2004:51ff).

Ei **deskriptiv** tilnærming til plass ligg nær opp til den kvardagslege forståinga av verda som samansett av plassar som kan studerast som unike og partikulære heilskapar. Ein er oppteken av å skildre plassar som særskilde lokalitetar. Plass vert ofte sett og forstått utanfrå, som ei bakgrunnsramme, som dei ytre, fysiske og materielle vilkåra det sosiale føregår innanfor. Denne forståinga vert brukt av mange forskrarar når dei skildrar plass som kulisse eller bakgrunn for å forstå noko anna.

Ei *fenomenologisk* tilnærming til plass sokjer å definere plass som ein essensiell del av den menneskelege eksistensen. Vekta ligg på å anerkjenne tydinga av at alle vert fødde inn i ein plass og at menneske alltid er i verda på ein plass. Ein er mindre oppteken av dei unike attributtane til særskilde plassar eller dei sosiale kreftene som er involverte i konstruksjonen av særskilde plassar. Ein interesserer seg mindre for konkrete plassar og meir for plass som ein idé, eit omgrep og ein måte å vere i verda på. Filosofen Edward Casey, og geografane Yi-Fu Tuan og Edward Relph høyrer til her. Dei seinare åra, frå midten av 1990-talet, har også nordiske etnologar byrja å interessere seg for rom og plass som eit både empirisk og teoretisk felt (Frykman og Gilje 2003, Mathisen 2002, Kapstad 2001, Reme 1999). Dei har først og fremst interessert seg for fenomenologiske innfallsvinklar til plass, inspirert av Heidegger og Casey og ønskjer å bruke filosofiske teoriar om plass i konkrete analysar basert på feltarbeid (Frykman og Gilje 2003).

Med ei *sosialkonstruktivistisk* tilnærming til plass er ein oppteken av det partikulære ved plassar, men som uttrykk for underliggende sosiale prosessar. Det unike med ein plass vert undersøkt gjennom å vise korleis prosessane der heng saman med spesifikke utformingar av kapitalisme, patriarkat, heteronormativitet eller postkolonialisme. Ved å seie at verda og plassar er sosialt skapte, legg ein vekt på at både materialitet og plassar er menneskeskapte og dermed opne for endring. Cresswell, Massey og Harvey høyrer til i denne tradisjonen.

Desse tre tilnærningsmåtane er ikkje separate måtar å forstå plass på, fordi dei delvis er overlappande og komplementære. Men dei karakteriserer likevel ulike innfallsvinklar til plass som alle kan vere med på å auke forståinga av plassar si rolle i menneske sine liv i forhold til det materielle og fysiske, det sosiale, det erfaringsbaserte og eksistensielle. Er det likevel ei motsetning mellom dei to siste måtane å forstå plass på, som sosialt konstruert og som ein måte å vere i verda på? Eg oppfattar det ikkje slik, men som at ein innan desse retningane stiller ulike spørsmål ut frå ulike kunnskapsmål.

Dei som representerer eit sosialkonstruktivistisk syn, vil hevde at sidan plass er ein sosial konstruksjon, er det mest interessant å spørje om kva for sosiale prosessar som skaper plass. Nokre fenomenologisk forankra forskrarar vil hevde at plass har ei djupare mening for menneska som ikkje kan reduserast til å vere sosialt konstruert. Mange av desse forskarane, som Sack, Malpas og Casey, tek ikkje avstand frå at spesifikke plassar er sosialt og kulturelt konstruerte. Men dei er opptekne av at plass er noko meir fundamentalt enn det. Dei hevdar at det er umogleg å førestelle seg eit samfunn utan plass, og at ei plasskjensle dermed er ei universell og essensiell menneskeleg erfaring som konstituerer menneske. Filosofen Edward Casey, som har skrive om den filosofiske historia til omgrepet plass, hevdar at "To live is to

live locally, and know is first of all to know the place one is in” (Casey 1996:18). Plass vert slik ein grunnleggjande del av verdsbildet til menneske. I forlenginga av dette, hevdar dei at strukturen i den menneskelege subjektiviteten vert skapt gjennom strukturen i plass. Årsaksforholdet vert meir at subjektivet er basert på plass, enn at plass er basert på subjektivet. Den sosialt konstruerte delen av plass vert plassert i bakgrunnen for analysen når plass er konstituerande for meinung og samfunn. Mange av dei fenomenologisk inspirerte forskarane byggjer lite på empiriske studiar og brukar i større grad imaginære og idealtypiske dømer, ofte inspirert av filosofar som Heidegger og Merleau-Ponty.

Plassar skjer: poetiske analysar

For å få nærmere innblikk i likskapar og forskjellar mellom fenomenologiske og sosialkonstruktivistiske tilnærmingar, vil eg drøfte nærmere nokre konkrete omgrep om plassar som representantar for kvar av desse retningane. Eg har valt ut den svenske etnologen Jonas Frykman som ein representant for det fenomenologiske perspektivet. Den britiske geografen Doreen Massey og den amerikanske geografen David Harvey gir innsyn i forskjellane innanfor det sosialkonstruktivistiske synet.

Den svenske etnologen Jonas Frykman diskuterer i artikkelen ”Between History And Material Culture” plassar som eit materielt utgangspunkt for draumar og fantasiar (Frykman 2003:169). Som Massey er Frykman oppteken av korleis ein kan unngå eksklusive praksistar knytt til plass. Han stiller spørsmål som korleis regionale kulturelle identitetar kan knytast til multikulturalisme utan at det fører til ein heimlaus identitet. Frykman er, som Massey, skeptisk til å forstå identifikasjonen med det lokale som ein defensiv reaksjon på globalisering og homogeniserande prosessar. Han er oppteken av å finne alternative forklaringar på såkalla glokalisering. For å forstå prosessar knytt til plassidentifisering baserer han seg på ei bestemt form for fenomenologi konsentrert om poetiske analysar.

Halvøya Istria i Kroatia, der innbyggjarar med ulike etnisk bakgrunn lever fredeleg saman, er utgangspunktet hans for ein slik poetisk analyse av plass. I Istria har det vorte viktig å ikkje identifisere seg til plassen gjennom historiske røter. Det er tvert imot mangelen på eit felles narrativ som sameiner identitet til innbyggjarane. Innbyggjarane har protestert mot identitetane dei har vorte påført frå Wien, Roma, Beograd og Zagreb. Plassen, representert ved landskapet, har derfor vorte eit samlande symbol for innbyggjarane.

The only bridge between the past and the present was the place itself, with its nature and particular memories – its traditions. Historical time had therefore been overtaken by social time, merging people and place into one (Frykman 2003:175).

Landskapet vert ei legitim og konfliktdempande form for identifikasjon med ein plass med ei konfliktfylt fortid. For Frykman vert det materielle ved plassen, landskapet, sett som eit utgangspunkt for fantasi og draumar. Plassar og fantasiar vert tolka som reiskap til å sleppe unna refleksivitet, diskursar og ideologiar. Slik vert plass gjort til noko eigentleg, eit prediskursivt rom som gjer noko med menneska. I forhold til denne analysen meiner eg det er viktig å presisere at fantasiar og draumar ikkje oppstår i tomme rom. Det er alltid allereie noko der, og konteksten draumane vert til innanfor, bør derfor analyserast. Dette meiner eg Frykman underkommuniserer.

Frykman presiserer at etnologar bør studere praksis, erfaring og draumar framfor ideologi, historie og andre kulturelle konstruksjonar fordi "I think that these have been taken care of" (Frykman 2003:188). Eg kan ikkje sjå at etnologar kan gjere seg ferdig med slike viktige tema. Den plassforståinga Frykman skildrar, er også historisk, politisk og ideologisk situert, også han treng forklaringar knytt til desse dimensjonane for å få fram poenga sine. Det er nettopp historia som gjer at visse ideologiar må haldast på avstand for folk i Istria. Å knytte Istria til eit multikulturelt og inkluderande prosjekt er også ei politisk og historisk situert handling. Den poetiske dimensjonen, fantasiar og draumar vert gjennomgåande knytt til positive og inkluderande verdiar i tolkingane til Frykman. Men også fantasiar og draumar kan fungere ekskluderande, og det er eit fråverande poeng i analysen hans.

Frykman hevdar at etnologar har hatt ein uheldig tendens til å forstå plass som ei ideologisk sak heller enn eit spørsmål om praksisar, og at plassar har vorte tolka etter kva dei står for heller enn kva det vert brukt som. Han har derfor forslag til ei ny retning på analysane:

However, in venturing on such a path of analysis, ethnologists seem to be forced to turn their attention away from ideas, history, and cultural constructs towards action, material objects and practice. The question that remains is not what a region *is*, but how it *happens* (Frykman 2003:171).

Frykman konstruerer her ei problematisk motsetning mellom refleksjon og handling. Han skriv som om idear, historie og konstruksjonar er stabile og statiske storleikar som *er*, medan handlingar, materielle objekt og praksisar representerer det rørlege, det som *skjer*. Men dette skiljet mellom er og skjer er ikkje eit reelt skilje. Idear skjer og praksisar kan vere stabile.

Frykman hierarkiserar denne falske motsetninga og gir forrang til handling framfor haldning før han skildrar dette som ei naudsynt vending innan etnologien. Eg kjenner ingen trøng til å snu fokuset vekk frå idear, historie eller sosiale konstruksjonar til fordel for handling, materielle objekt og praksis. Desse elementa heng saman og gir kvarandre meinings. Plassar og plassomgrepet omfattar, som geografane Nina Berg og Britt Dale peikar på, både materialitet, praksisar og opplevingar. Kva ein legg mest vekt på, heng saman med kva ein vil undersøkje (Berg og Dale 2004:45). Når eg stiller spørsmål om korleis plassar skjer, om korleis plassar vert skapte, er eg oppteken av dei samanhengane, premissane, idealane og kompromissa som gjer at konkrete plassar vert brukte og tolka på spesifikke måtar.

Plassar er relasjonelt skapte: "A Global Sense of Place" og plass som reaksjon

Den britiske kulturgeografen Doreen Massey og den amerikanske marxistisk inspirerte geografen David Harvey er begge sosialkonstruktivistar, men dei står for ulike syn på plass og inklusjons- og eksklusjonsprosessar.¹⁸ Cresswell set Harvey sitt essay "From Space to Place and back again" opp mot Massey sitt essay om den globale plasskjensla som representantar for dei viktigaste retningane innan det sosialkonstruktivistiske perspektivet (Cresswell 2004, Harvey 1996, Massey 1997).

Omgrepet "A Global Sense of Place" til Massey plasserer seg i den sosialkonstruktivistiske forskingstradisjonen og har eit eksplisitt fokus på inklusjons- og eksklusjonsmekanismar. Massey publiserte argumentasjonen for dette omgrepet første gong i essayet "En global stedsfølelse" i 1991¹⁹, oversett til norsk i 1997 (Massey 1997). Omgrepet har vore gjenstand for inspirasjon og diskusjon i ulike fagmiljø dei siste 15 åra og er også sentralt for mi eiga forståing av plassar.²⁰ Berg og Dale framstiller ei plassforståing tett opp til Masseys definisjon som dominante i dag: "I et relasjonelt stedsbegrep er det helt grunnleggende at steder forstås som åpne, dynamiske og gjensidig avhengige, og at mennesker og steder betraktes som gjensidig konstituerende" (Berg og Dale 2004:57).

Massey løftar fram det rørlege ved plassar i motsetning til det statiske, det mangfoldige i motsetning til det einskaplege, det opne i motsetning til det lukka. Plassar vert slik møtestader for materielle, sosiale og kulturelle relasjonar som strekk seg mellom det lokale og det globale. Spørsmåla som gir interessant kunnskap om plassar, handlar då om å

¹⁸ Til dømes i Cresswell 2004, May 1996 og May og Thrift 2001.

¹⁹ Essayet vart også trykt i Masseys artikkelsamling frå 1994 og i geografiske antologiar som kom ut i 1993 og 1997.

²⁰ Masseys omgrep vert jammleg diskutert i geografiske tidsskrift og vert brukt i lærebøker og oversiktbøker i geografi (Berg og Dale 2004, Cresswell 2004, Holloway, Rice og Valentine 2003).

identifisere dei spesifikke relasjonane plassar vert danna gjennom. I hovudsak sluttar eg meg til Massey sin definisjon av plassar og støttar hennar kritikk av andre plassomgrep, som baserer seg på marxistiske forståingar (Harvey) og essensialistiske forståingar (Relph og Tuan). Men eg har også nokre kritiske innvendingar mot utforminga av omgrepet hennar.

Massey sitt essay er hovudsakleg eit argument for ei oppfatning av plass som relasjonelt skapt, som prosess, som open og hybrid, som føter heller enn røter (Cresswell 2004:53). Massey skriv seg inn i den humanistiske geografitradisjonen og i omgrepet "Sense of Place" med eit ønskje om å gi omgrepet eit radikalt nytt innhald sett i forhold til plassforståingar basert på essensialisme og begjær etter autensitet. Ho peikar på at medan tid vart assosiert med rørsle og framsteg, vart rom/plass einstydande med stillstand og reaksjon. Ho ønskjer å oppheve denne dikotomien. Utgangspunktet i "a global sense of place" er at plassar har mange identitetar og at plassar stadig er i endring. Synet på plassar som mangfaldige og opne, samsvarar med identitetstenkinga som vann fram ved byrjinga av 1990-talet, der identitetsbygging vart sett på som open og konfliktfylt i motsetning til lukka, einskapleg og stabil. Fornyinga av plassomgrepet har altså tydelege parallellar til skiftet i synet på kulturomgrepet innan kulturfaga, frå forståinga av kultur som einskap til kultur som prosess, som vist tidlegare (Ehn og Löfgren 1996:63).²¹

Massey skildrar globalisering, geografisk fragmentering og romlege samanbrot og spør: "Hvordan kan vi (...) beholde noen som helst følelse av et lokalt sted og dets partikularitet?" (Massey 1997:306). Som eit svar på det, spesifiserer ho fire element i eit globalt omgrep om plass som ho definerer i kontrast til konkrete vitskaplege tradisjonar (Massey 1997:316 -317):

1. Plassar er prosessar, dei bør forståast i kraft av dei samfunnsmessige interaksjonane som bind dei saman.
2. Plassar treng ikkje ha grenser i tydinga skiljelinjer som omgir enkle og inngjerda område.
3. Plassar har ikkje enkle, unike identitetar, dei er fulle av indre konfliktar.
4. Ingen av desse argumenta fornekta plassomgrepet eller det unike ved plassar. Plassar er spesifikke, ikkje gjennom ei lang og internalisert historie, men i si unike blanding av både globale og lokale samfunnsmessige relasjonar.

²¹ Kulturomgrepet vart kritisert for å vere eit ordnande omgrep som førte til at forskaren ikkje fekk med seg det uordna, motsetningsfulle, mangetydige og usamanhengande i måten menneske lever og tenker på (Ehn og Löfgren 1996:63). Identitetsomgrepet vart oppfatta som ei redning vekk frå dette reduksjonistiske synet på menneske fordi identitetsomgrepet tok utgangspunkt i individet meir enn eit avgrensa tankefellesskap.

Med barn i byen

Massey argumenterer overordna på den eine sida i opposisjon til ei essensialistisk forståing av plassar som einskaplege storleikar, på den andre sida i polemikk mot ei forståing av at plassar har vorte oppløyste gjennom prosessar som globalisering og tid-romkompresjon.²² Essayet er slik eit forsvar for relevansen av plassomgrep i ei tid då ein snakka om "the end of place". Massey samanfattar prosjektet sitt til spørsmålet om korleis ein kan halde fast ved tanken om geografisk forskjell, om det unike ved plassar, til og med det rotfesta, utan at det vert reaksjonært og ekskluderande. Ho argumenterer til dømes mot den geografiske praksisen med grensedraging nettopp med utgangspunkt i uheldige politiske konsekvensar: "en slik grense rundt et område skiller nettopp mellom et innenfor og et utenfor. Det kan så lett bli enda en måte å konstruere en motsetning mellom `oss' og `dem' på (1997:313). Ho spør:

Er det ingen mulighet for at en stedsfølelse kan være progressiv; ikke defensiv og lukket om seg selv, men utadvendt? En stedsfølelse som er mer adekvat i forhold til vår tidsalder av tid-rom-kompresjon? (Massey 1997:306).

Alt i grunngjevinga for det nye omgrepet legg ho vekt på å skape eit omgrep som fremjar inklusjon, som inneber at ein er open overfor "nykomlinger og outsidere" (Massey 1997:307). Massey har ingen vanskar med å sjå at prosessar knytt til plass kan fungere ekskluderande, og ho er oppteken av maktmekanismane som verkar inn på utviklinga av plassar. Men ho er oppteken av å skape ein definisjon av plass som opnar for å sjå korleis plassar kan konstruerast gjennom banda til andre plassar utan at det vert opplevd som truande. Slik sett kan ein hevde at ho bruker omgrepet taktisk i ein kamp om røynda. Ved å definere plassar slik at dei verkar opne og inkluderande, kan ho bidra til at plassane utviklar seg i dei retningane ho ønskjer. Omgrepet vert slik uttrykk for eit håp om det som enno ikkje er.

Bydelen Kilburn i London der ho sjølv bur og øya Korsika vert brukte som dømer på den plassoppfatninga Massey etterlyser. Med sine internasjonale innbyggjarar, butikkar og restaurantar peikar Kilburn ut over sin eigen lokalitet. Kilburn har mange identitetar og flytande grenser og kan oppfattast som ein møtestad for ei blanding av både vidare og meir lokale samfunnsmessige relasjonar. Massey skildrar også korleis ei relasjonell plassforståing viser at sjølv dei som bygde megalittane på øya Korsika, var nøydde til å kome utanfrå. Men det er viktig å hugse på at dømet hennar frå den tilsynelatande mangfaldselskande bydelen

²² Tid-romkompresjon er eit omgrep opphavleg skapt av David Harvey, som har fått vid utbreiing (May og Thrift 2001:6). Det signaliserer samanhengane mellom tid og rom og bind saman økonomi og kultur. Det baserer seg på ei forståing av at tempo i det moderne samfunn har akselerert frå 1800-talet og framover kopla til ein kollaps i tradisjonelle romlege koordinatar. Ein tenker seg at dette har ført til at folk må kjempe for å halde fast ved kjende forståingar av tid og rom og forhandle om konsekvensane av nye tidshorisontar (May og Thrift 2001:7).

Kilburn i London, kan bytast ut med andre plassar fylt av konfliktar om kven som høyrer til. Massey viser med sine empiriske døme korleis plassar potensielt *kan* konstruerast, til dømes at dei kan bygge på utoverretta identitetar i kontrast til innoverretta nasjonalistiske plassoppfatningar. Samtidig lar ho desse moglege sidene ved empiriske plassar verte konstituerande for det plassomgrepet ho utviklar. Det kan kanskje også kome av at plassomgrepet hennar er utvikla i ein direkte polemikk mot omgrep som fangar dei ekskluderande aspekt ved plassar.

David Harvey tek utgangspunkt i heimplassen sin Guildford i Baltimore i USA når han formulerer si forståing av plass (Harvey 1996). Han skildrar utviklinga av "gated communities", knytt til ei stygg drapssak. Etter at eit gammalt ektepar vart funne drepen, konstruerer media nabolaget som farleg på grunn av dei framande elementa som truar: svarte, fattige ungdommar. Det viser seg etter ei tid at det var barnebarnet som hadde drepe det gamle paret. Harvey portretterer innbyggjarane i Guildford som opptekne av å sikre byen som ein trygg og attraktiv middelklasseplass ved å bygge "gated communities" og slik hindre framande i å kome inn. Han skildrar slik konstruksjonen av plassen Guildford som eit spel om makt, der kvit middelklasse vil halde svart arbeidarklasse utanfor. Harvey skildrar plass og plasskaping som å halde fast ved noko som ein reaksjon på ytre truslar som kriminalitet og påverknaden frå globalisering av kapital.

Plass vert forbunde med det permanente og faste, konstruert i opposisjon til det flytande og endringsfylte. Denne konklusjonen til Harvey vert ramma av Masseys kritikk, det er nettopp eit slikt syn på plassar som bundne og permanente ho vil vekk i frå. Harvey byggjer heile analysen sin på motsetninga mellom plassar og dei ytre kreftene dei vert utsette for. Han set til dømes opp ei spenning mellom plassen som ein fast einskap på den eine sida og den mobile kapitalen på den andre sida.

Those who reside in a place ... become acutely aware that they are in competition with other places for highly mobile capital (...). People in places therefore try to differentiate their place from other places and become more competitive (and perhaps antagonistic and exclusionary with respect to each other) (Harvey 1996:298).

Harvey formidlar ei forståing av plass som det faste og trygge som menneska vil halde fast ved i ei foranderleg verd av tid-romkompresjon. Massey og Harvey er slik sett fundamentalt ueinige i kva plass er. Harvey ser på plassar som einingar lukka om seg sjølv, Massey ser på plassar som opne og dynamiske.

Med barn i byen

Gjennom å identifisere ekskluderande prosessar knytt til plass, vert David Harvey skeptisk til plass som eit ideal eller ein visjon. Hans pessimistiske analysar av plass har som mål å analysere og slik vere med på å endre dei prosessane som skaper plassar som lukka rom med liten aksept for framande. Massey si optimistiske skildring av plass byggjer på håp om inkluderande praksisar. Ved å peike på det progressive potensialet i prosessar knytt til plass, kan ein vere med på å forsterke dei verdiane ein sluttar seg til. Men ein står samtidig i fare for å underkommunisere viktige aspekt ved det fenomenet ein ønskjer å analysere.

I denne avhandlinga kjem eg til å nytte alle dei tre forståingane av plass som Cresswell skil ut, med eit tyngdepunkt i den sosialkonstruktivistiske tilnærminga til plass. Den *deskriptive* tilnærminga er framtredande når eg gir ein karakteristikk av områda som eg studerer, for å skape ein kontekst for analysane og vise samanhengar informantane er ein del av. Denne tilnærminga tener altså først og fremst til å skape ein bakgrunn for tolkingane. Eg ser ikkje på denne forståinga av plass som tilstrekkeleg. Å berre basere seg på denne forståinga av plass, ville innebere å redusere plass til rein lokalisering. Heller enn å berre skildre sentrum av Bergen som ein lokalitet, ønskjer eg å forstå korleis menneske tenker om denne plassen og kva konsekvensar oppfatningane deira eventuelt får.

Den *sosialkonstruktivistiske* tilnærminga er viktig og framtredande gjennom heile avhandlinga, fordi eg ønskjer å forstå korleis familieliv i byen vert skapt i eit samspel mellom individua og samanhengane dei er ein del av. Den sosialkonstruktivistiske tilnærminga til plass gir gode reiskap til å studere inklusjons- og eksklusjonsmekanismar i praksisane og den individuelle meiningsskapinga rundt by, foreldreskap og barndom. Eg byggjer på Massey si analytiske forståing av plassar som grunnleggjande flytande einingar, men ser at Harvey har nokre gode poeng om eksklusjonsprosessar.

Den *fenomenologiske* tilnærminga til plass har hatt mindre tyding enn det sosialkonstruktivistiske perspektivet, men har også vore ei inspirasjonskjelde. I forhold til mine problemstillingar er det fenomenologiske tankegodset mindre relevant, det fokuserer meir på det generelle ved plass og plass som eit fundamentalt menneskeleg behov. Det er i mindre grad slike spørsmål eg ønskjer å svare på. Men det har inspirert meg i forhold til analysane av kvardagslivet til informantane. Ein innsikt som sameiner den sosialkonstruktivistiske og fenomenologiske tilnærminga, er at plassar er meir enn den fysiske forma og at dei vert skapte kontinuerleg gjennom at folk bruker plassane både fysisk og mentalt.

Plassar, identitetar og grenser

På grunn av interessa for identitetsdanning og inklusjons- og eksklusjonsprosessar, har det har vore viktig for meg å finne omgrep og presiseringar av mekanismar knytt til plass som eksplisitt tek opp slike prosessar og som kan fungere i møte med eit empirisk materiale. Eg har posisjonert meg mellom ulike teoretiske omgrep om plassar og sluttar meg til sosialkonstruktivistiske perspektiv. Trass i innvendingar, deler eg premissane for det relasjonelle plassomgrepet "A global Sense of Place" som Massey står for. Eg meiner derfor det er viktig å diskutere kor godt eigna dette plassomgrepet er til å fange inklusjon og eksklusjon i møte med empiriske undersøkingar, i konkrete forståingar av plassar.

Den britiske geografen Jon May undersøkjer korleis ulike teoretiske omgrep om plass fungerer i ei empirisk undersøking av plassopplevelingar. Han tek utgangspunkt i ein studie av oppfatningar av plass og identitet i Stoke Newington, eit nabolag i indre London, basert på kvalitative intervju med dei som budde der (May 1996). Analysen hans viser at det er viktig å skape omgrep om plass som seier noko om kompleksiteten i ulike måtar å forstå plass på.

Dei som May kallar den nye kulturelle klassen²³ formidlar eit syn på plass som verken passar inn i det konservative synet på plass som David Harvey har identifisert, eller det progressive synet på plass som Dooreen Massey står for. May hevdar:

We may need to recognize the multiple place identities people now draw upon and consider more carefully the ways in which such identities are constructed (May 1996:210).

May viser ikkje berre at, men også korleis plasskaping kan vere både inkluderande og ekskluderande på ein gong:

Whilst the neighbourhood's historical associations can support an image of place built around the iconography of a mythical village England, those same residents demonstrate a desire for difference that draws them towards a more obviously global sense of place (May 1996:210).

Den kontrollen over rommet som den nye kulturelle klassen har, gjer at dei kan konstruere den indre bydelen i London som ein plass der "one can have it all" (May 1996:210).

²³ For definisjon av "den nye kulturelle klassen" viser May til den kanadiske geografen David Ley. Ley meiner at det finst ei eiga gruppe innan middelklassen som han definerer som den nye kulturelle klassen. "This rank, coinciding to some degree with Gouldner's humanistic intellectuals, includes professionals in the arts and applied arts, the media, teaching, and social services such as social work, and in other public- and non-profit-sector positions" (1996:15). May strekar under at desse kulturelle og sosiale yrkesgruppene deler eit prosjekt om å forbetre livskvaliteten på måtar som ikkje fremjar økonomiske interesser.

Med barn i byen

May peikar her på ei blanding av identitetar knytt til plass som eg kjenner godt igjen frå kjeldematerialet til avhandlinga mi. I den bergenske konteksten kombinerer sentrumsbuaran ein konstruksjon av sentrum som mangfaldig og opent for internasjonale impulsar med ei vektlegging av eit tett og nært bygdefellesskap. Som May meiner også eg at:

We may need to pay more attention to the way in which such connections are imaged, and by whom, before automatically assuming that a global sense of place describes a more progressive identity politics (May 1996:210).

Eit viktig spørsmål vert då korleis folk kombinerer ulike plasskjensler. May svarar at dette skjer gjennom estetisering, ved hjelp av det estetiserte blikket. Han strekar under at ein må skilje mellom eit begjær etter forskjellar og ein progressiv identitetspolitikk. Dei refleksive draga som pregar forteljingane til informantane hans, peikar mot progressive ideal. Men interessa for forskjellar representerer ofte ein instrumentell kulturell kapital, konstruert gjennom eit tradisjonelt sett av rasistiske dualismar. Slike dualismar er produktet av eit objektiverande estetisert blikk og karakteriserer blikket til ein ny urban flanør. For ein slik figur er livet i bykjernen ein del av ein livsstilsestetikk som gjer det mogleg å sameine motstridande forståingar av plass i det imaginære rommet. Slike fantasiar, hevdar May, bør analyserast for å prøve å forstå "the parameters of a more developed politics of space" (May 1996:211). Ei innvending mot Massey sitt plassomgrep er altså at eit fysisk avgrensa område som kan karakteriserast som mangfaldig og relasjonelt, ikkje automatisk produserer ei hybrid oppfatning av plassen blant dei som bur der.

Porøse plassar

Masseys omgrep om den globale plasskjensle, den opne plassen, uttrykkjer eit håp om ei meir tolerant verd, der skilja mellom oss og dei vert utviska, der framande vert sett på som positive element i konstitueringa av plassen. Denne opne plassdefinisjonen gjer at Massey kan sjå plassar som identitetsbyggjande på ein positiv måte. Plass vert eit stovereint omgrep, både sett i forhold til dei tidlegare humanistiske geografane som knytte omgrepet plass for einsidig til einskaplege storleikar, og sett i forhold til dei politisk konservative og lukka aspekta ved prosessar rundt plass på eit empirisk nivå som David Harvey og andre har sett i fokus.

Omgrepet til Massey fangar maktrelasjonar, men underkommuniserer i sjølve omgrevsfestininga dei moglege måtane plassar kan brukast til å ekskludere på. Polemikken i Massey sitt essay, hennar ønskje om å endre på eksisterande plassoppfatningar, gjer at ho legg stor vekt på og kanskje forstørrar opne og dynamiske trekk ved plassar sett i forhold til det

lukka og faste. I dagens situasjon der det relasjonelle plassomgrepet har ei dominerande stilling innan humanistisk geografi, vil polemikken gå i andre retningar.

I empirisk basert forsking er det viktig å ha ei spørjande tilnærming til korleis plassar og plassoppfatninga er konstruert. Ukriktig bruk av Massey sitt omgrep om plassar kan føre til feilslutningar, jamfør May sine presiseringar av plass, identitet, inklusjon og eksklusjon i London. ”A Global Sense of Place” kan kritisera for å ikkje fange kompleksiteten i folk sine plasskonstruksjonar.

Både Massey, Cresswell, Harvey og May er med sine refleksjonar med på å skape narrativ om plasskaping som inkluderande og ekskluderande prosessar. Slike narrativ legg føringar på korleis ein oppfattar plassar. Forskarar er ofte ikkje berre med på å skape forteljingar om korleis ting heng saman, men også om korleis verda bør sjå ut. Forskarar har dermed makt til å endre. Vegen frå plassar *er* til plassar *bør* er svært kort, og kan hende er det derfor Massey vippar over mot dei attraktive trekka ved plasskaping. Omgrepet ”A Global Sense of Place” kan forståast som ein måte å nytte geografi som eit imaginært rom i forhold til politiske målsetjingar om å hindre eksklusjonsmekanismar. Slike målsetjingar må samtidig ikkje skugge for analysar av konkrete prosessar der plass vert brukt til å ekskludere og dominere menneske på ulike måtar. Narrativ om eksklusjon kan også verke til refleksjonar som fører til ei endra praksis.²⁴

I staden for å omtale plassar som anten lukka eller opne, anten stillstand eller rørsle, kan ein tenkje på plassar som *porøse*, som ei masse som endrar seg etter kva den vert tilført og kva den gir frå seg (Castree 2004:174).²⁵ Ein slik metafor fangar opp dei flytande grensene mellom innsida og utsida ved plassar, samtidig som den let det vere eit empirisk spørsmål om plassar er overvegande progressive eller reaksjonære. Begge desse kriteria er premissar for to omgrep om plassar som er sentrale reiskap i analysane som denne avhandlinga byggjer på. Desse omgrepa skriv seg inn den sosialkonstruktivistiske forskingstradisjonen og tilfører i tillegg eit maktperspektiv.

Normativ geografi

Den britiske kulturgeografen Tim Cresswell (2004 og 1996) har utvikla det svært inspirerande omgrepet om *normativ geografi* som eg brukar. Plass vert brukt til å konstruere kven og kva

²⁵ Andre metaforar som gir assosiasjonar til denne plassforståinga, er plassar som noder, som møtepunkt (Castree 2004:174).

Med barn i byen

som høyrer til kor og når, og er dermed også med på å definere kven som vert oppfatta som avvikande og utanfor det ”normale” samfunnet (Cresswell 2004:13). Denne forståinga opnar for å undersøkje korleis idear om kva som er bra, rettferdig eller passande vert formidla gjennom plassar. Omgrepet *normativ geografi* er meint å fange opp desse aspekta ved skaping av plass:

The labeling of actions as inappropriate in the context of a particular place serves as evidence for the always already existing normative geography. In other words, transgressive acts prompt reactions that reveal that which was previously considered natural and commonsense. The moment of transgression marks the shift from the unspoken unquestioned power of place over taken-for-granted behaviour to an official orthodoxy concerning what is proper as opposed to what is not proper – that which is in place to that which is out of place (Cresswell 1996:10).

Cresswell strekar vidare under at ulike grupper av folk har ulike idear om kva som er anstendig og ikkje, og desse ideane kan oversetjast til ulike normative geografiar. Cresswell knyt den normative geografien sterkt til plass. I bruken av omgrepet vil eg også kople det til tid. Ein bestemt bruk av ein plass, til dømes ein leikeplass, kan vere legitim til visse tider av døgnet, men illegitim til andre tider av døgnet. Tilsvarande er ein type romleg organisering av barndom legitim i ein historisk epoke og illegitim i ein annan historisk epoke. Eit døme på dette kan vere at krava til kor stor romleg kontroll foreldre bør ha over barn, har vorte skjerpa dei siste 50 åra i Noreg. Når ulike grupper sine normative geografiar kjem i konflikt med kvarandre, til dømes gjennom kampen om eit byrom eller i vurderingar av korleis foreldre bør ta vare på barna sine i tid og rom, vert det synleg kven som har makt til å definere korleis ting skal henge saman.

Cresswell peikar på at ”The geographical setting of actions plays a central role in defining our judgement of whether actions are good or bad” (Cresswell 1996:9). Plassar vert slik brukte i struktureringa av moral og i konstruksjonen av normalitet. Men Cresswell gjer også denne viktige presiseringa: ”Just as it is the case that space and place are used to structure a normative world, they are also used (intentionally or otherwise) to question that normative world” (Cresswell 1996:9). Poenget er at plassar ikkje berre strukturerer normalitet, dei kan også brukast til å utøve motstand og overskride grenser og slik reise spørsmål ved den førestelte normaliteten.

Plassmytar

Omgrepet *plassmyte* vil vere ei hjelp til å forstå forholdet foreldra har til bustad og barndom i denne avhandlinga. Plassmytar kan forståast som kollektive forståingar eller førestellingar om plassar og som narrative orienteringsmodellar (Natland 1999).²⁶ Mytane er relasjonelt konstruerte, plassar vert skildra i kontrast til andre plassar, by sett i forhold til bygd, sentrum samanlikna med periferi. Ofte vert plassmytane plasserte i eit hierarkisk forhold til kvarandre, ulike plassar vert presenterte som både forskjellige frå og betre enn andre plassar.

Slike romlege mytar er ikkje universelle fordi ulike menneske har forskjellige oppfatningar av plassar. Men nokre av mytane har grunnleggjande innverknad på visse menneske sine haldningar til visse typar av plassar (Holloway og Hubbard 2001:117). Det finst til dømes utbreidde førestellingar om gode oppvekstmiljø for barn som foreldre forheld seg til når dei vel kor dei vil bu. Den britiske geografen Jenny Shaw peikar på at "The doing of family life (...) does not just depend upon individuals assuming appropriate social identities but also on it being done in the right place" (Shaw 2001:121). Ulike plassar vert assosiert med ulike typar av barndommar. Byen, bygda, forstaden og tettstaden er knytt til ulike plassmytar som skaper ulike bilde av barndom. I Noreg vert bygda assosiert med trygg og god oppvekst for barn, med høve for kontakt med natur og dyr og fråver av farar som trafikk og kriminalitet (Villa 1999). Byar har lang tradisjon for å verte oppfatta som farlege, skitne, trange og lite eigna for barn (Myhre 1994:44). Dei siste åra har dette bilde vorte meir komplekst, då byen vert framstilt som utfordrande for barn på ein positiv måte (Skjæveland i *Aftenposten* 2001 og Lidén 2000).

Geografane Nina Gunnerud Berg og Hans Kjetil Lysgård hevdar at konstruksjonane av det rurale og det urbane er kopla saman som føresetnader for kvarandre (Berg og Lysgård 2004:61). Gjennom forsking på urban og rural migrasjon og medierepresentasjoner, identifiserer dei to dominerande sett av bilder av bygda og byen (ibid.73). I det eine bildet vert bygda framstilt på ein negativ måte som *tradisjonell*: kjedeleg, med smalt vare- og tenestetilbod, sosial kontroll og krav om likskap. Byen vert på ein positiv måte framstilt som *moderne*: spennande, breitt vare- og tenestetilbod, stor takhøgde og mangfold. I det andre bildet vert bygda framstilt som *idyll*, med ro, rein luft, nær omsorg og høve til å leve eit sunt liv. Byen vert sett på som *fæl*, som bråkete, forureina, farleg, prega av isolasjon og usunne aktivitetar.

²⁶ Eg forstår mytar som "Powerful stories which shape our physical (bodily) and imaginative journeys into both familiar and unfamiliar places and spaces" (Holloway and Hubbard 2001:116).

Med barn i byen

Plassmyten om byen kan også brytast ned til mytar om ulike plassar i byen, som sentrum, forstader og drabantbyar. Det engelske omgrepet suburbia refererte i utgangspunktet meir til eit brot med livet i sentrum av byen enn til eit spesifikt avgrensa rom.²⁷ Både suburbia og det norske omgrepet forstaden refererer symbolsk til eit heilt sett av verdiar, som familieliv, stabilitet og tryggleik, og vert oppfatta som ein særleg godt eigna plass for å oppdra barn.²⁸ Samtidig har forstadene også vorte oppfatta som monotone og kjedelege, bygd opp av make hus med konforme menneske inni (Holloway og Hubbard 2001:128). Det eksisterer ein lang tradisjon for oppgjer og opprør mot forstaden og det den symbolsk vert assosiert med. Kontrastane mellom mytane om forstaden og sentrum viser at myten om byen kan delast inn i meir spesifikke plassmytar med delvis motstridande innhald (Holloway og Hubbard 2001:130).

Plassmytane er med på å skape stereotype oppfatningar av plassar og menneske fordi nokre trekk ved plassen vert synlege til fordel for andre. Sjølv om mytane ikkje gir sanne representasjonar av verkelege plassar eller menneske, kan dei verke avgjerande inn på korleis menneske, og grupper av menneske, samhandlar med andre menneske og med dei fysiske og sosiale omgjevnadene (*ibid.*). Plassmytar kan også verke inn på samfunnsplanleggjing og politiske prosessar og slik få verkelege konsekvensar både for einskildindivid og samfunn (Lysgård og Berg 2004:223). Berg og Dale strekar under at ”så langt vet vi altfor lite om hvordan bilder av hvem som hører hjemme hvor, påvirker bostedsvalg” (Berg og Dale 2004:57). Plassmytar har tyding for folk sine avgjerder om kor dei skal bu. Heller enn å operere med distinkte grenser for kva som er urbant og ruralt, vil eg undersøkje korleis slike omgrep og plassmytar stadig vert konstruert og rekonstruert og leggje vekt på produksjonen og kampen om meaning.

Dei mektigaste plassmytane vert til kollektive referanserammer i samfunnet som ein kan basere seg på at alle kjenner til. Dei vert brukte i daglemlivet på både direkte og underforståtte måtar. Ideane om korleis plassane er, smittar ofte over på førestellingane om korleis menneska som lever der er. Plassmytane er slik med på å definere menneske og plassane dei lever i eller med. Dette skjer ofte gjennom å tenkje i opposisjonar mellom ”vi” og ”dei andre” (Holloway og Hubbard 2001:142). Mytane er, som Holloway og Hubbard strekar under, ein del av verdsoppfatninga til individet. ”We need these myths to help us make

²⁷ Forstadene utvikla seg først som ein reaksjon på kaoset, dei usunne og tronge forholda i sentrum av byen. Problema med den tronge og forureina byen vert overvunne, samtidig som byens tilbod om utdanning, arbeid, og underhaldning ligg nær.

²⁸ Drabantbyar kan forståast som ein spesifikk variant av forstadene som ofte er knytt til visse negative stereotype bilde av bustadmiljø, sjå Hansen og Brattbakk 2005. Drabantbyar vert assosiert med sosiale problem, kriminalitet og isolasjon.

sense of the world and our place in it" (ibid:117). Plassmytane er slik ein del av identitetsoppfatninga og den individuelle meiningsdanninga.

Hybriditet og grenser

Dei viktigaste konklusjonane eg vil dra med vidare frå diskusjonen av dei teoretiske tradisjonane eg skriv meg inn i, er at både plassar og identitetar er flytande og at dei ofte vert konstruerte gjennom kontrastar til det dei ikkje er. Men å seie at plassar prinsipielt er opne konstruksjonar, er ikkje det same som at plassar er inkluderande. Både plassar og identitetar dreiar seg om grensedraging, også når dei vert definerte som opne, flytande, antiessensielle og utan krav om autensitet. Både omgrepa normativ geografi og plassmytar er relasjonelle omgrep som er reiskap for å analysere kategoriseringar og grenser mellom menneske.

Den kanadiske geografen Geraldine Pratt kritiserer vekta på det hybride og mobile i omgrevsdanningar gjennom sine analysar av dei sosiale og materielle grensene for liva til filippinske hushjelper i Canada.

Marking boundaries, insisting on the materiality and persistence of differences, may be as politically productive as blurring them in notions of mobility, hybridity and thirdspace (Pratt 1999:164).

Identitetsdanning vert i stadig sterkare grad assosiert med mobilitet, så sterkt at mobilitet definerer identitet (Pratt 1999:153). Mobilitet assosierer til ein ikkje-essensiell identitet som oppstår gjennom identifisering med ulike andre og som slik er open for endring. Men metaforar om mobilitet og reising knytt til identitet bør haldast i sjakk av kjennskapen til at identitetar også stabiliserer seg (Pratt 1999:153). Ikkje-essensielle identitetar er også grensepunkt, identitetar vert konstruert gjennom å identifisere kven ein ikkje er. Nokre identitetar er meir mobile enn andre eller meir inkluderande enn andre, men alle involverer eksklusjon (ibid.).

Hybriditet vart kopla til identitet frå 1990-talet av, det vart eit uttrykk for det mangfaldige og internt motsetningsfylte ved identitetar. Det hybride vart attraktivt ved at det signaliserer eit ikkje-essentialistisk syn på kultur, der kulturar kontinuerleg vert produsert i relasjon til andre kulturar, det ureine vert halde fram som det fruktbare. Hybriditet vart feira som ei kreativ blanding av ulike kulturuttrykk som gjennom samansmeltinga skapte noko nytt. Ord som bastard og prosessar som kreolisering vart hylla som symbol og vegvisarar for nye kulturelle ideal. Hybriditet vart også løfta fram som ei løysing på kulturelle konfliktar blant intellektuelle både internasjonalt og i Noreg på 1990-talet. Eit karakteristisk døme er

Med barn i byen

pamfletten *Kulturterrorismen. Et oppgjør med tanken om kulturell renhet* der antropologen Thomas Hylland Eriksen kritiserer ideologien om etnisk nasjonalisme. Han manar til solidaritet med dei ureine, grenselause og kulturlause, og håpar at ”fremtiden tilhører anomaliene” (Hylland Eriksen 1993:59). Eit tiår seinare har han dempa optimismen - hybriditet er ikkje lenger eit ideal som, om det vert gjennomført, vil løyse problemet med ekskludering av andre eller å sikre menneske reelle val (Hylland Eriksen 2004:113). I eit hybrid samfunn, der menneske ideelt sett er fri til å velje alle sine identifiseringar, kan høve til å velje verte redusert fordi alle kan ende med å velje innanfor den same overordna ramma.

Ein kjem ikkje unna eksklusjonsmekanismane sjølv om ein avviser essensielle, einskaplege identitetar basert på røter. Flytande, antiessensielle og antiautentiske identitetar baserer seg på grensedraging. Grensene for hybride identitetar går kanskje langs andre aksar enn identitetar basert på essens, men grenser er fundamentale for danninga av alle typar identitetar. Den franske filosofen Chantal Mouffe formulerer denne innsikta slik:

Every definition of a ”we” implies the delimitation of a ”frontier” and the designation of a ”them”. That definition of a ”we” always takes place, then, in a context of diversity and conflict (Mouffe 1995:326).

Danninga av eit *vi* byggjer alltid grenser mot *dei andre*, det vil alltid eksistere ei konstitutiv utside. Ein identitet får ofte meining sett i kontrast til noko anna, kvit i forhold til svart, mann i forhold til kvinne, homoseksuell i forhold til heteroseksuell. Svært ofte vert slike identitetar hierarkiserte i forhold til kvarandre. Målet må vere å kaste lys over desse prosessane og løfte konfliktane fram i lyset.

Denne avhandlinga handlar om korleis menneske sine identitetar er kopla til plassar på forskjellige måtar. Som eg har lagt vekt på å få fram, handlar plassar om både det romlege og det sosiale på ein gong, og plassar vert brukt både til identifisering og avstandstaking. Geografen Susan Smith meiner at forskjellar både vert overteoretisert og underspesifisert innan forsking om plassar (Smith 1999:140). Avhandlinga er eit bidrag til spesifiseringa av korleis forskjellar vert skapte og repeterte gjennom plassar ved utforsking av eit empirisk materiale. Eg er, som forskar, vevd inn i produksjonen av forskjellar gjennom val av tema, kjelder, tolkingar og språkføring. Skildringar og tolkingar av prosessane kan verke til å endre innhaldet i konstruksjonane og prosessane. Eg risikerer dermed at eg gjennom denne teksten er med på å byggje opp under forskjellar mellom ulike menneske. Pratt hevdar at

Marking boundaries, insisting on the materiality and persistence of differences, may be as politically productive as blurring them in notions of mobility, hybridity and thirdspace (Pratt 1999:164).

Som Pratt, meiner eg at fokuset på grenser er like fruktbart politisk sett, som å halde fram rørsler over grenser og forskjellar. Dei to strategiane kompletterer kvarandre, den eine kan vere meir strategisk enn den andre i spesifikke kontekstar. Til dømes vil det vere nyttig å fokusere på overskridning og hybriditet i analysar av plassar med svært klare grenser mellom oss og dei. Samtidig vil det vere nyttig å fokusere på grenser og eksklusjon i studier av plassar som vert framstilte som hybride. Det er viktig å relatere omgrep til kontekstar og situasjonar ved å undersøkje korleis omgrep fungerer i spesifikke romlege og historiske kontekstar (Pratt 1999:155). Med det sterke fokuset på mangfald i kjeldematerialet til denne avhandlinga, vert det strategisk viktig å fokusere på grensene som mangfaldet byggjer på og posisjonerer seg i forhold til. Vi førestiller oss likskapar med andre og vi førestiller oss forskjellar. Det kan skje på progressive og opne måtar eller på fordomsfulle og kannibalistiske måtar (Valentine 1999:58). Målet må derfor vere å halde konfliktar rundt grenser opne for diskusjon (Pratt 1999:156). Forskaren sin jobb er å lage trøbbel, gjere synleg korleis grenser er konstruerte, korleis uliksskap vert skapt og stille spørsmål om kven som vert ekskluderte i spesifikke identitetskonstruksjonar.

Dei teoretiske posisjonane eg har diskutert meg fram til gjennom dette kapittelet, fungerer som inspirasjon for det analytiske blikket i tolkingane av kjeldematerialet og dannar grunnlaget for dei metodiske vala eg har teke.

3. Metode og forskingsetikk

Metodiske og forskingsetiske val og utfordringar knytt til arbeidet med denne avhandlinga er tema for dette kapittelet. Valet av forskingsmetodar er styrt av kunnskapsmål og teoretisk forståing. Slike val har konsekvensar for kva konklusjonar ein kan trekke (Gulløv og Højlund 2003:10). Eg vil derfor diskutere val av forskingsmetodar, særdrag ved kjeldene, gjennomføringa av forskinga, kva kjeldene gir kunnskap om, mi rolle som forskar og forskingsetiske aspekt ved studien. Dei forskingsetiske utfordringane finst på mange nivå, i dei metodiske vala, i sjølvrefleksjonsproblema, i møtet med informantane og i måten å skrive om dei forskjellige barnefamiliane på. Etiske val gjennomsyrar slik heile forskingsprosessen (Fog 1994:22, Alver og Øyen 1997). Forskingsetikk vert dermed ikkje teke opp separat, men handsama der det er relevant.

Kvalitative forskingsintervju er den viktigaste kjelda for denne avhandlinga. I tillegg har eg brukt aviser, populærvitskaplege bøker og offentlege dokument som til dømes statistikkar frå Statistisk sentralbyrå og stortingsmeldingar. Eg konsentrerer meg i dette kapittelet om dei kjeldene som er grunnlag for analyse i avhandlinga, og det er halvstrukturerte kvalitative intervju med foreldreparar.

Grunngjeving av metodiske val

Eg vil her først forklare kvifor intervju er den viktigaste innfallsvinkelen min til å forstå familieliv i byen, og så argumentere særskild for kvifor eg valde å intervju foreldreparar saman.

Kvalitative intervju

Valet av kvalitative intervju som hovudkjelde for avhandlinga heng saman med både tema og teoretiske perspektiv som eg har gjort greie for i dei føregåande kapitla. Ved å bruke kvalitative metodar baserer eg meg på ei fortolkande forståing av kunnskap, med fokus på den sosiale konstruksjonen av røynda. Med dei metodane eg har nytta, får eg først og fremst innblikk i individuell meiningsskaping.

Psykologen Steinar Kvale definerer målet med kvalitative intervju som ”å innhente beskrivelser av den intervjuedes livsverden, med henblikk på fortolkning av de beskrevne fenomenene” (Kvale 1997:21). Forskaren ønskjer å forstå verda frå informantane si side og å få fram korleis dei tolkar sine opplevelingar. Intervjuet produserer kunnskap gjennom utveksling av synspunkt om bestemte tema mellom intervjuar og informant. Denne

utvekslinga skjer gjennom ein dialog der intervjuaren set premissar gjennom temaval og spørsmål, men der informanten sjølv også har høve til å formulere tema og introdusere nye innfallsvinklar. Kunnskapen vert slik skapt gjennom relasjonen mellom deltakarane i intervjuet, noko eg kommenterer nærmare i underkapittelet om intervju som narrativ og liv.

Målet med analysen av intervjeta er å fange kulturelle ressursar og organiseringe verdiomgrep, meir enn å analysere dei konkrete personane eg intervjeta (Gullestad 1996:17). Samtidig er kvalitative intervju godt eigna til å få fram korleis verdiar og normer vert skapt i og mellom individua, i små forteljingar og samanhengar og at det ligg eit kreativt endringspotensiale i individuelle tolkingar av eksisterande diskursar (Hellesund 2001:76). Som mange etnologar og kulturforskarar, til dømes Tone Hellesund og Lena Martinsson, er eg oppteken av korleis makta til å definere også kan knytast til individ, ”hvordan individene er med på å forme og omforme både diskurser og virkeligheter” (Hellesund 2001: 90).

Eg har intervjeta 13 foreldrepar, og med eit slikt utval har det ikkje vore noko målsetjing å ende opp med representative konklusjonar om korleis det er å bu i sentrum av ein by. Sidan dette er ein kvalitativ studie, vil den derimot resultere i analysar av meiningsinnhald og samanhengar. Gjennom intervjeta ønskte eg å gripe refleksjonane foreldra hadde rundt kvarvarden i byen med barn, korleis dei la til rette for barndommen og inklusjons- og eksklusjonsprosessar som vart knytt til dette. Eg var oppteken av kvifor dei budde der dei budde, korleis dei trivst, kva val om bustadmiljø dei hadde teke eller ikkje teke undervegs. Slike spørsmål kunne eg berre få svar på gjennom intervju. Det eg ikkje får kjennskap til med ein slik metode, er om foreldra faktisk lever slik dei fortel at dei gjer. Men den viktigaste grunngjevinga for val av intervju som metode, er at dei tema eg var interessert i måtte uttrykkast munnleg eller skriftleg av informantane. Nokre av dei tema eg ønskte å ta opp, som tankar bak flytting og val av bustad, kan ikkje observerast. Individuelle refleksjonar er den einaste inngangen ein har til individua sine eigne tolkingar av liva deira og intervju er dermed ei god kjelde til å få innsyn i deira ideal, normer og førestellingar. I tillegg ser eg store praktiske og etiske utfordringar i å gjere feltarbeid om temaet mitt tett på ein familie over lang tid.

Dei metodiske innfallsvinklane eg har valt, vil gi innsyn i foreldra sine perspektiv. Eg ser derfor grunn til å presisere at eg ser på barn som sjølvstendige aktørar i utforminga av familielivet, og dermed som viktige informantar om eigne liv. Eg ønskte å inkludere barn som informantar for denne avhandlinga og utførte intervju og anna feltarbeid med barna til dei

Med barn i byen

foreldra som eg intervjuer.²⁹ Intervjuet med barna er ikkje inkludert i den ferdige avhandlingsteksten, men var altså ein del av forskingsprosessen. Intervjuet med barna er eit spennande og rikt kjeldemateriale, så valet om å utelate det frå avhandlingsteksten er pragmatisk. Kjeldematerialet basert på barna kravde større plass enn det vart rom for innanfor den disposisjonen eg valde for avhandlinga.

Sidan kjeldene eg byggjer på tek utgangspunkt i foreldra, får eg kjennskap til korleis barn og barndom vert tillagt meiningsverdi av foreldra. Antropologane Gulløv og Højlund strekar under at konstruksjonar av barn og barndom som legg rammer for barns handlingsrom i stor grad er skapt av andre enn barna sjølv (Gulløv og Højlund 2003:10). Sjølv om barna er aktive deltakarar som forhandlar både med kvarandre og vaksne om konstruksjonen av sin eigen barndom, har dei samfunnsmessige institusjonane gitt barn mindre makt enn vaksne til å definere rammene for, normene for og innhaldet i barndommen. Nettopp slike rammer vert undersøkt gjennom denne avhandlinga.

Val av kvalitative intervju med foreldrepar

Det var eit gjennomtenkt val at eg intervjuet begge foreldra saman. Eg var oppteken av korleis paret konstruerte sitt ”vi” som familie, korleis dei lagar ei felles historie gjennom forhandlingar om likskap og forskjell. Sannsynlegvis hadde eg fått høyre delvis andre historier og versjonar av familielivet om eg hadde intervjuet informantane kvar for seg.

Lena Martinsson som har intervjuet heterofile par både saman og kvar for seg, legg vekt på at intervju med par gav innsyn i den pågående skapinga av det felles livet (Martinsson 1997:28). Sosiologen Liv Syltevik, som har intervjuet foreldrepar i samband med ein rapport om barnefamiliar, utførte både felles intervju med para og individuelle intervju. Ho fann at konfliktane mellom partane kom sterkest til uttrykk i intervjuet med par (Syltevik 2000: 24). I dei individuelle intervjuet var informantane meir opptekne av å beskytte partnaren, og konfliktar som kom fram i intervjuet med paret, vart her mindre artikulerte. Den britiske geografen Gill Valentine peikar også på at parintervju ofte synleggjer forhandlingar, konfliktar og maktforhold mellom partnarar (Valentine 1999a:68).

I kvalitative intervju vil det alltid vere slik at *nokon fortel nokon til nokon*, og utsegnene vil derfor alltid vere retta inn mot bestemte tilhøyrarar. Når informantane vert intervjuet saman som par, er det både den felles historia som par og familie som vert uttrykt og individet sin særegne historie.

²⁹ Eg gjorde intervju med barna og følgde dei på turar i nabolaget deira der dei viste meg uteområda sine.

Som refleksjonane over viser, representerer intervjuet utførte berre ei av potensielt fleire livsforteljingar og tolkingar. Dei uttrykker kva som er relevante samanhengar for individet på eit bestemt tidspunkt. Ein annan spennande innfallsvinkel hadde vore om eg intervjuet foreldra og barna saman, for å få synleggjort korleis foreldra og barna forhandla fram sitt fellesskap som familie og sine praksisar i daglelivet. Når eg likevel ikkje valde den metoden, var det fordi eg ønskte å stille foreldra ein del spørsmål som barna ville ha lite grunnlag for å svare på, om val som vart gjort over hovudet på barna. Eg ville også ta opp tema som innebar at vi snakka om barna og dei sosiale relasjonane rundt dei på ein måte som det ikkje ville vere forskingsetisk forsvarleg at barna høyrde på. Desse spørsmåla handla til dømes om sosial kontroll i nabolaget, om foreldra reagerte på andre foreldre eller barn sin veremåte og ting dei oppfatta som farlege for barnet.

Konstruksjon av kjelder

Kriteria for utval

Dei absolutte kriteria for utvalet av foreldreprar var at dei skulle bu sentrumsnært i Bergenhus bydel i Bergen og at dei skulle ha barn som gjekk frå og med første klasse til og med fjerde klasse i grunnskulen, altså i alderen seks til og med ti år. Ved å velje foreldre med barn i aldersgruppa seks til ti år fekk eg kontakt med familiar som ofte har teke eit aktivt val i forhold til kor og korleis dei bur. Mange foreldre i Noreg vel, som nemnd, å flytte til ein plass dei kan tenke seg å bu lenge innan barna byrjar på skulen. Akkurat denne aldersgruppa blant barna var også gunstig fordi eg ønskte å studere familiar der barna er store nok til å ha ein eigen dagsorden, samtidig som dei er så små at foreldra har ei stor grad av kontroll over kvardagen til barna. Bydelen Bergenhus vart valt ut fordi den rommar dei sentrumsnære områda av Bergen. Informantane bur altså i gå- eller sykleavstand til sentrum av Bergen. Dei bur tett på andre menneske og opplever det som daglegdags at framande går forbi huset eller inngangsdøra deira.

Innanfor ramma av bydel og alder på barna var eg også oppteken av andre kriterium då eg plukka ut informantar. Den danske psykologen Jette Fog peikar på at relevans for problemstillinga er viktige premissar for val av kjelder innan kvalitative metodar, og at ei slik grunngjeving kan føre til krav om mangfold i utvalet (Fog 1996:195). Eg ønskte å intervjuer familiar som representerte ein variasjon av bustadpraksisar og erfaringar, foreldre med ulik grad av utdanning, ulik grad av økonomisk fridom, familiar som budde ulikt, med ulike bustadhistorier. Eg intervjuet nokre som budde i einebustad, nokre i leilegheit, nokre i

Med barn i byen

kommunale bustader, nokre som var innflyttarar frå bygder og tettstader og nokre som hadde budd i byen i eigen oppvekst. Eg intervjuar nokre med kort utdanning og nokre med lang utdanning for å sikre eit mangfald i sosial bakgrunn og økonomisk fridom. Eg bruker slik utdanning som ein indikator på andre forskjellar og rekna med at den økonomiske situasjonen til familiene ville variere delvis i forhold til utdanningsbakgrunn, men denne samanhengen er ikkje gitt. Når eg kommenterer utdanninga til informantane i presentasjonen under, baserer eg meg på dei klassifikasjonane som Statistisk sentralbyrå nyttar seg av (SSB Folke- og boligtelling 2001).³⁰

Eg valte vekk eineforelderfamiliar som eigen kategori fordi eg var interessert i forhandlingane mellom foreldra i skapinga av kvardagen og i kjønnsdimensjonen i familiar der foreldra bur saman. Eg valde likevel å la vere å utvikle kjønnsdimensjonen i materialet nærare. Det vart vanskeleg å integrere kjønn som eit fullferdig perspektiv, fordi eg gjennom heile avhandlinga ser på både foreldreskap, plass og inklusjons- og eksklusjonsprosessar og det vart dermed for komplekst å løfte fram kjønnsdimensjonen. Eg valte også vekk informantar med ein annan etnisk bakgrunn enn norsk som ein kategori i utvalet. Dersom det meldte seg informantar med etnisk minoritetsbakgrunn, ønskte eg å intervju dei. Men eg la ikkje opp til å undersøkje tydinga etnisk bakgrunn kan ha for korleis barnefamiliene lever i byen som ein eigen problemstilling.³¹ Det ville vore relevant og interessant å studere dette, men det ville krevje ei såpass stor utviding i fokus og kjeldeinnsamling at det ikkje let seg gjere innanfor ramma av prosjektet. Eg la ikkje vekt på å studere familiar med alvorlege sosiale problem, fordi eg ville avgrense studien frå dei særegne utfordringane desse familiene har i møte med det offentlege blikket. Informantane sitt samtykke til å vere med på denne studien tyder på at dei oppfattar seg sjølve som innanfor ein ålement godteken standard for familieliv. Med desse rammene for utvalet snevra eg inn familiene på ein måte som gjer at eg ikkje får fram ulike typar av mangfald knytt til familieformer og praksistar.

Utvalsemetodar

Eg hadde to måtar å få tak i informantar på. Nokre informantar melde seg sjølve etter at eg hadde presentert prosjektet på foreldremøte. Andre tok eg kontakt med over telefon, etter snøballmetoden. Eg spurde fleire av informantane om dei visste om familiar som dei meinte

³⁰ Dei viser til Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS2000). Utdanninga er gruppert i fire nivå: Grunnskuleutdanning, vidaregåande utdanning (inkludert påbygging til vidaregåande utdanning som ikkje er godkjend som høgare utdanning), kort universitets- og høgskuleutdanning (til og med 4 år) og lang universitets- og høgskuleutdanning (meir enn 4 år).

³¹ To av informantane har vakse opp i andre land enn Noreg, begge er vakse opp i europeiske storbyar.

var anten like eller ulike dei sjølve, som eg kunne ta kontakt med per telefon.³² Slik fekk eg tak i dei informantane som ikkje meldte seg sjølve etter presentasjon på foreldremøte.

Eg brukte derfor tid og ressursar på å få til ei brei samansetjing utdanningsmessig i utvalet mitt. Foreldre med kort og lang universitets- og høgskuleutdanning tok kontakt med meg etter presentasjonane mine på foreldremøte og var gjennomgåande positive til å stille opp når eg presenterte prosjektet for dei over telefon. Eg brukte lenger tid på å få tak i foreldre med vidaregåande- eller grunnskuleutdanning, som eg også ønskte å ha representert i utvalet. Eg måtte aktivt spørje dei, og fleire med kort utdanning sa nei til å vere med på undersøkinga. Dette vart grunngjeve med at dei hadde det travelt, det passa ikkje akkurat no.

Det endelige utvalet av informantar

Det endelige utvalet av informantar til denne studien vart avgrensa til barnefamiliar der to vaksne av ulikt kjønn lever saman med barn, anten felles barn eller særkullsbarn, der minst eitt av barna var mellom seks og ti år. Dei fleste familiene hadde to eller tre barn, ein familie hadde eitt barn og nokre hadde fire og fem barn. Fire av familiene var sett saman av foreldre med felles barn som i tillegg hadde særkullsbarn, dei ni andre foreldrepára hadde berre felles barn. Alderen til informantane varierte. Dei eldste var fødde ved byrjinga av 1950-talet og dei yngste var fødde mot slutten av 1970-talet. Slik rommar studien to generasjonar av foreldre med oppveksterfaringar frå ulike tidsepokar. Familiene budde ulike plassar i Bergenhus bydel, barna i familiene høyrd til fem forskjellige skulekrinsar.

Dei fleste informantane plasserte seg på eit mellomnivå utdanningsmessig. Sju av para var sett saman av informantar der minst ein hadde kort universitets- eller høgskuleutdanning.³³ I eitt av para hadde begge grunnskuleutdanning, i to av para hadde begge vidaregåande utdanning og i tre av para hadde begge lang universitets- eller høgskuleutdanning. Det er eit særdrag ved materialet mitt at få kvinner hadde kortare utdanning enn mannen dei bur saman med. Det vanlegaste i Noreg er at mannen har lengre utdanning enn kvinnen i paret. I fire av para hadde kvinnen lengre utdanning enn mannen, i sju av para hadde kvinnen like lang utdanning som mannen og i to av para hadde mannen lengst utdanning.

Seks av para budde i hus som dei eigde sjølve, medan sju budde i leilegheiter i bygardar. Husa det er snakk om, er gamle trehus i rekkjer i gatemiljø (berre eitt av husa var

³² Informantane tipsa meg dermed både om familiar dei kjende godt til og familiar dei hadde lite kontakt med.

³³ Fire par var sett saman av ein informant med vidaregåande utdanning og ein informant med kort universitets- og høgskuleutdanning, to par var sett saman av lang-kort og eit par var sett saman av to med kort utdanning.

Med barn i byen

frittliggjande). Storleiken på husværa varierte mykje, frå rundt 50 kvadrat til 200 kvadrat. Mange av familiene hadde litt over 100 kvadrat til disposisjon. Berre to av husa hadde hage og ingen av leilegheitene hadde det. Sju av familiene budde slik til at dei disponerte eit offentleg uteareal, som eit gatetun eller ein park svært nær bustaden. Seks av para eigde eller disponerte ei eller fleire hytter, fire av dei para som hadde hytter var også huseigarar. Ni av familiene eigde bil, ingen hadde to bilar.

Av informantane hadde ti vakse opp i bygder, tre i tettstader og 13 i byar. Av dei som hadde vakse opp i byar, var det åtte som hadde vakse opp i Bergen. To av informantane var fødde og oppvaksne i eit anna land enn Noreg, det gjaldt to menn som begge kom frå andre europeiske land og som hadde vakse opp i byar der.

Mange av foreldra som eg intervjuia i denne studien verka i overvegande grad fornøgde med familieliv og bustadmiljø, trass i at dei fleste også peikte på element dei skulle ønskt var annleis rundt bustaden og bustadmiljøet. Ei innvending mot utvalet av informantar kan derfor vere at dei som er svært misfornøgde ikkje er representerte i studien. Foreldre som var svært misfornøgde med bustad eller nabolag vel kanskje å flytte før barna byrjar på skulen. I tillegg kan det vere slik at dei som er misfornøgde med familielivet eller bustadmiljøet ikkje ønskjer å vere med i ei undersøking som denne. Motivet for å stille opp kan vere å vise at barn i byen har det bra, men ein kan også tenkje seg at foreldre med sterke meiningar om ting som fungerte därleg for barn i byen ville melde seg til eit prosjekt som dette. Mi oppleving av informantane var at mange gav uttrykk for ambivalens. Dei brukte sterke uttrykk for å forklare kva dei sette pris på med bustadmiljøet og rammene rundt oppveksten til barna. Samtidig fortalte dei om därleg samvit fordi dei budde i byen, fordi dei ikkje brukte nok eller god nok tid saman med barna og på grunn av forhold knytt til bustaden og nærmiljøet som dei meinte burde vore annleis. Eg har vore oppteken av å få fram både kva dei likar og kvifor, samt kva dei ikkje likar og kvifor dei ikkje likar det.

Presentasjon av informantane

Eg gjer merksam på at alle informantane er anonymiserte, sjå seinare avsnitt om retningslinjene for anonymisering.

Anna og Agnar: Bur i hus med hage, har bil og hytte. Ho har kort universitets- eller høgskuleutdanning, han har vidaregående utdanning. Begge er innflyttarar, han vaks opp i by, ho i tettstad. Dei har tre barn.

Cathrine og Carl: Bur i leilegheit med altan, har ikkje bil eller hytte. Han har kort universitets- eller høgskuleutdanning, ho er under utdanning innan kort universitets- eller høgskuleutdanning. Begge er innflyttarar, dei vaks opp på ein tettstad. Dei har to barn.

Dag og Dina: Hus med hage, har bil og hytte. Ho har lang, han har kort universitets- eller høgskuleutdanning. Han har vakse opp i by, ho i bygd. Dei har to barn.

Gunnar og Gry: Bur i hus, har bil og hytte. Begge har lang universitets- eller høgskuleutdanning. Begge vaks opp i by. Dei har to barn.

Helge og Hege: Bur i hus, har bil, ikkje hytte. Begge har lang universitets- eller høgskuleutdanning. Han vaks opp i forstad, ho i bygd. Dei har tre barn.

Ivar og Inger: Bur i leilegheit med altan, har bil, har hytte. Han har lang og ho kort universitets- eller høgskuleutdanning. Begge vaks opp i bygd. Dei har to barn.

Jens og Jenny: Bur i leilegheit med altan, utan hage, har bil. Begge har lang universitets- eller høgskuleutdanning, vaks opp i bygd og tettstad. Dei har to barn.

Laila og Lars: Bur i hus, utan altan, utan hage, med bil, og hytte. Begge har vidaregåande utdanning, begge vaks opp i by, ho i sentrum, han i forstad. Dei har fire barn.

Mona og Mads: Bur i leilegheit, utan hage, med bil og med hytte. Ho har kort universitets- eller høgskuleutdanning, han har vidaregåande utdanning. Begge vaks opp i sentrum av by. Dei har to barn.

Oda og Octavio: Bur i leilegheit, utan altan eller hage, utan bil. Ho har kort universitets- eller høgskuleutdanning, han har vidaregåande utdanning. Ho vaks opp på tettstad, han i by. Dei har to barn.

Svein og Sigrid: Bur i leilegheit, utan altan eller hage, med bil og utan hytte. Han har lang, ho har kort universitets- eller høgskuleutdanning. Begge vaks opp i bygd. Dei har to barn.

Trond og Turid: Bur i leilegheit, med altan, utan hage, utan bil, utan hytte. Han har grunnskuleutdanning, ho er under vidaregåande utdanning. Ho vaks opp i bygd, han i forstad. Dei har to barn.

Vera og Viggo: Bur i hus, utan altan, utan hage, med bil. Begge har vidaregåande utdanning. Begge vaks opp i by, ho i sentrum, han i forstad. Dei har tre barn.

Anonymisering

Forskningsprosjekt som føreset elektronisk handsaming og som inneholder sensitive personopplysninger, er underlagt konsesjonsplikt.³⁴ Datatilsynet har derfor håndtert oppleget for denne undersøkinga og gitt konsesjon. Alle informantane og personar som er omtalte av informantane er anonymiserte. Omsynet til tredjepart, personar som vert omtalt av informantane, men som eg ikkje forskar på, er dermed ivareteke ved hjelp av anonymisering (NESH 2003:19, pkt. 40.).

Informantane og alle menneska dei omtalar, har fått nye namn og eg har fjerna kjenneteikn som gjer at dei kan kjennast igjen av andre. Når eg skildrar familiesituasjonen, hender det at eg gir dei eit barn meir eller mindre enn familien faktisk har. Nokre gongar endrar eg også alderen eller kjønnnet på barna. Når eg skildrar opplevelingar knytt til bakgrunnen til den einskilde, hendar det at eg bytter om på bakgrunnen deira internt i paret, til dømes at eg framstiller det som at kvenna har vaksse opp i ei bygd i staden for mannen. Foreldra vil kunne kjenne seg sjølve att i fyldige utdrag frå samtalane med dei, trass i at dei er anonymiserte for andre. Informantsitata er normaliserte til nynorsk skriftspråk. Dette er gjort både for at høve for gjenkjennung skal verte mindre, og for at meiningera ikkje skal gå tapt når den munnlege uttrykksmåten gjer at setningane ville verte tunge å lese. Til dømes har eg ved nokre høve fjerna ord som vart gjentatt mange gongar i same setning eller avsnitt. Eg har gjort grundige vurderingar av meiningsinnhaldet når eg har føreteke desse omskrivingane.

Forholdet mellom kontekstualisering og anonymisering vil ofte vere konfliktfylt (Fjell 1998:38). Eg har valt å skildre bustaden og nabotaket til informantane fordi det er viktig for problemstillingane i avhandlinga. Samtidig har eg prøvd å unngå spesifikke kjenneteikn som gjer at bustaden kan identifiserast. Når informantane snakkar om retningar knytt til bustadområdet, har eg gjort litt om på om det er oppover eller bortover eller nedover. Det er også omsynet til anonymisering som gjer at eg ikkje konkretiserer nærmare kor informantane er busett enn å seie at dei bur i Bergenhus bydel og at dei har gå- eller sykleavstand til sentrum av Bergen, i dette tilfelle definert som Torgalmenningen midt i bysentrumet.

Eg stilte spørsmål om potensielt vanskelege emne, gjekk ut frå at foreldra takla å få slike spørsmål og at dei unngjekk å svare dersom dei meinte at det var best. Tilliten mange informantar synter meg ved å fortelje om delvis ubehagelege tema, ønskjer eg å møte med

³⁴ Dei typane av sensitive opplysningane som det var aktuelt kunne dukke opp i løpet av intervjuet, var opplysningar om rasemessig eller etnisk bakgrunn, eller politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning eller helseforhold. Slike opplysningar er vurderte som sensitive av NSD og Datatilsynet. Slike opplysningar var ikke eksplisitte tema i intervjuguiden til undersøkjinga, men eg såg det som sannsynleg at nokre av informantane likevel kunne kome til å gje slike opplysningar i løpet av intervjuet (NESH internett 2003:4).

respekt og derfor handsame slike delar av intervjeta varsamt. Men respekten for foreldra og ønsket om å gi eit nyansert bilde av forskingsfeltet, gjer samtidig at eg må ta den etiske og metodiske utfordringa det er å skrive også om dei sensitive sidene ved familielivet. Eg har derfor valt å lausrite særskild sensitive tema frå meir fyldige omtalar av familielivet, slik at sjansen for gjenkjenning vert mindre.

Gjennomføringa av intervju

Dei fleste intervjeta varte i over to timer og alle føregjekk i heimen til informantane. Det var gunstig for å få kjennskap til bustaden og nabolaget deira. Som oftast starta intervjeta litt før legjetid og ein del av barna var til stades under delar av intervjeta med foreldra, men dei vart oppmuntra til å drive med eigne ting.

Eg starta intervjet med å be informantane fortelje frå eigen oppvekst og seie noko om utdannings- og arbeidssituasjon, før vi gjekk over til å snakke om val av bustad og bustadmiljø og om kvardagen med barna. Intervjeta var slik ein kombinasjon av livsløps- og temaintervju. Eg spurte til dømes foreldra om deira barndom og vaksenliv før dei vart foreldre. Eg veksle mellom heilt konkrete spørsmål og meir generelle spørsmål. For eksempel spurde eg om kva dei pleide å gjere i helgane, og bad dei då om å ta utgangspunkt i helga før intervjet, og om korleis ein typisk dag såg ut, med utgangspunkt i dagen før intervjet. Intervjugaiden som er vedlagt (sjå appendix nr. 1) vart brukt som eit hjelpemiddel under intervjeta. Samtalane var opne for innspela frå informantane, så intervjeta følgde i lita grad oppsettet i gaiden. Det viktige for meg var at vi snakka oss gjennom dei tema eg hadde planlagt å ta opp og dei tema dei ønskte å bringe opp. I lange sekvensar av intervjeta prata para saman med meg som tilhøyrar utan at eg braut inn.

Informantane verka som om dei hadde eit gjennomtenkt forhold til foreldrerolla, til kor dei budde og korleis dei organiserte dagleglivet sitt. Moderne menneske er trente i å sjå seg sjølve utanfrå som sosiale aktørar i historia (Ehn og Klein 1994:74 -75). Det er daglegdags for dei å reflektere over kven dei er og kven dei ønskjer å vere. Forskaren møter dermed ofte informantar som på førehand har gjort seg opp ei mening om korleis ting heng saman. Dette fenomenet, at ein studerer ei verd som alt er fortolka av aktørane sjølve, vert ofte omtalt som samfunns- og kulturvitenskapane sin doble hermeneutikk (Gilje og Grimen 1993:146). Nokre foreldre fortalte at berre det å vite at dei skulle intervjuast om familielivet, hadde sett i gong ein prosess i dei som gjorde at dei hadde tenkt gjennom korleis og kvifor dei hadde innretta seg som dei gjorde. Sosiologen Siri Ytrehus strekar under at kvardagsliv og

Med barn i byen

heimskapande praksisar kan verte rutiniserte og slik naturaliserte. Samtidig er individua kontinuerleg parate til å gjere kvardagen til gjenstand for refleksjon, utan at denne refleksjonen fører til stadige spørsmål om vanar i heimen eller daglege gjeremål (Ytrehus 2005:65).

Mange av foreldrepara fortalte at dei såg intervjuet som ein måte å verte klar over eigne prioriteringar i kvardagslivet. Motivet for å la seg intervjuet var slik å få eit høve til å stoppe opp og tenkje gjennom korleis dei lever som barnefamilie. Inntrykket mitt var også at foreldra, uavhengig av om dei hadde ei slik målsetjing, brukte intervjuet til å tenkje gjennom korleis dei organiserte kvardagen sin og kva som låg til grunn for vala dei hadde teke. Nokre av informantane sa at dei ville hjelpe til i eit forskingsprosjekt dei syntest var interessant eller viktig. Det er også sannsynleg at nokre av dei såg intervjuet som eit høve til å nå ut til andre med spesifikke erfaringar dei ønskte å dele, for dermed å oppnå merksemd om spesifikke utfordringar for barnefamiliar. Når dei snakka, meddelte dei seg slik potensielt både til kvarandre, til meg og til eit tenkt offentleg publikum.

Foreldra gav inntrykk av å anstrengje seg for å gi svar som var så nær deira eiga tolking som mogleg. Nokre heldt litt igjen innan særskilde tema. Dei kunne seie at ”dette vil eg ikkje seie så mykje om”. Dette gjaldt særleg spørsmål om barndomsopplevelingar, der nokre ønskte å unngå å utlevere familien sin eller når temaet var samkvem med andre barnefamiliar og ulik praksis i barneoppsedinga, der nokre uttrykte at dei ikkje ønskte å fare med sladder.

Delar av intervjeta verkar som ein samtale mellom ektefellane eller sambuarane. Dei veksla mellom å bruke orda ”vi” og ”eg” under samtalen. Når informantane snakka, vendte dei seg både til meg som forskar og til ektefellen eller sambuaren. Intervjeta vart altså definitivt forma av at ektefellen eller sambuaren tok del i intervjuet. Para veksla mellom å fortelje samkøyrd historier der dei støtta opp om kvarandre sine forteljingar og meir konfronterande samtalar der dei utfordra kvarandre eller sine eigne oppfatningar. Dei kunne sjå på kvarandre, ta på kvarandre eller utbryte: ”nei, det var ikkje slik, det var ikkje derfor! Nei, vi gjer då ikkje det så ofte!” Desse korrekjonane avslørte nokre gongar at partnarane hadde ulike oppfatningar av kva som hadde skjedd, kvifor dei flytta, kvifor dei hadde kjøpt hytte. Paret kunne diskutere seg fram til ei felles forståing, andre gongar konstaterte dei berre at dei hadde ulikt syn og at dei ikkje kom til å bli einige. Usemje mellom ektefellane vart nokre gongar eksplisitt formulert som ei utfordring for paret, eller underliggjande uttrykt gjennom hint og korrigeringar.

Intervjeta gav også innsyn i arbeidsdelinga mellom foreldra i familielivet. Innan nokre tema kunne kvinna åleine definere korleis ting var, mannen sa då at ”dette får du svare på,

dette veit du best”. På andre felt var det viktig for mannen å vise at han også hadde erfaring og meininger. I dei første intervjuua stilte eg spørsmåla felles til paret, så var det opp til dei kven som svarte. Etterkvart som eg såg at para verka fortrulege med å vere ueinige med kvarandre med meg som tilskodar, gjekk eg meir over til å gå ut frå at kvinna og mannen hadde forskjellige oppfatningar av kva som betydde mest for at dei flytta, eller kva dei engsta seg mest for i forhold til barna. I løpet av feltarbeidet vart eg dermed meir påpasseleg med å spørje om den andre si mening dersom berre ein hadde uttalt seg.

Eg tok meg som oftest tid til å sitje og prate litt med foreldra etter intervjuet. Fleire av dei var nysgjerrige på korleis eg oppfatta dei, eller dei nyttta høve til å stille spørsmål om meg, kor eg budde, om eg hadde barn. Då eg før eller etter at intervjuet var ferdig, fortalte at eg hadde barn og budde på Nordnes, nær sentrum av Bergen, var det fleire som kommenterte at eg var heldig eller sa noko om at der er det jo flott for barn.³⁵ Kanskje dei var litt letta, etter alt det negative mange av dei hadde sagt om forstader som bustadmiljø.

Forskaren vert til på ulike måtar gjennom intervjuua, skapt gjennom møte med dei forskjellige informantane (Martinsson 1997:26). Måten eg opptredde på under møta med informantane varierte delvis i forhold til kven eg møtte. Mi forteljing om kven eg er var relatert til kven eg trefte og kva interesse dei viste for meg og prosjektet mitt. Nokre var svært interesserte og spurde inngåande både om meg og prosjektet, andre var mindre interesserte og fekk då berre kjennskap til det eg såg som den naudsynte informasjonen.

Eg opplevde intervjuua som intense og konsentrerte samtalar. Etter at bandopptakaren var slått av, vart samtalens lausare enn under intervjuet. Informantane uttalte seg då meir bastant og sa i sterkare ordelag kor uaktuelt det ville vore for dei å flytte ut av sentrum, kor vettlaus naboen si barneoppseding var eller kor fornøgde dei var med sitt eige bustadmiljø. Samværet med foreldra utover sjølve intervjuet var slik ofte med på å forsterke det inntrykket foreldra gav av seg sjølve. Ei mor som kommenterte at ho oppfatta seg sjølv som ”kontrollfrik” overfor barna, tulla med sonen like før eg skulle gå heim og sa ”no skal eg kontrollere deg igjen”. Denne mora viste slik at ho brukte den same sjølvoppfatninga overfor barna som ho eksponerte overfor meg. Eg fekk sjeldnare med meg episodar som rikka ved sjølvoppfatninga til foreldra. Men eg merka meg til dømes at eit par som la stor vekt på at dei hadde vanskar med å kjenne seg inkluderte i nabolaget, samtidig hadde nær kjennskap til og

³⁵ Ideelt sett hadde det vore gunstig å la alle informantane få den same informasjonen om kor eg budde og om at eg hadde barn. Denne type informasjon kan ha hatt innverknad på korleis informantane oppfatta meg som forskar. Dette såg eg på som vanskeleg å gjennomføre i praksis. Eg oppfatta det som kunstig å la vere å svare på slike spørsmål frå informantane dersom dei stilte dei før gjennomføringa av intervjuet og tenkte at det ville føre til ein uheldig start på møtet med informantane. Samtidig såg eg ikkje noko poeng i å gi slik informasjon om meg sjølv utan at dei ønskte det.

Med barn i byen

sosial omgang med mange naboar. Uansett om eg fekk stadfesta eller avkrefta delar av det sjølvbildet foreldra formidla til meg, så er det deira sjølvoppfatningar og førestellingar og korleis dei står i forhold til dominerande oppfatningar som er relevante for prosjektet.

Dei inntrykka eg fekk av informantane utover sjølve intervјusituasjonen har vore med på å forme oppfatninga mi av dei. Eg har likevel ikkje brukt desse situasjonane eller utsegnene dei kom med utanom intervjuet direkte i tolkingane. Det skuldast etiske omsyn, då eg reknar med at informantane oppfattar intervjuet på band som det eigentlege intervjuet, som dei har akseptert at eg skal bruke. Ved eit høve bad eg likevel om å få bruke opplysningar som paret kom med etter at intervjuet var ferdig, og fekk lov til det. Episoden gjaldt omtale av skuleinitierte familiegrupper.

Informantane gav skriftleg samtykke til intervju og bruk av intervju (sjå appendix nr.2). Gjennomføringa av intervjuet byggjer på fritt og informert samtykke og alle informantane fekk kjennskap til at dei hadde rett til å la vere å svare på einskilde spørsmål eller å avbryte intervjuet. Informantane fekk også vite om at andre forskrar kan få kjennskap til intervjuaterialet, under same vilkår om anonymisering som eg er underlagt.

Ei undersøking som denne stiller høge krav til at informantane er motiverte og at dei opplever det som friviljug å stille opp. Det hende ein gong at eg fekk ei kjensle av at det berre var den eine parten i paret som ønskta å gjennomføre intervjuet. Mannen verka utsolmodig og uroleg og vart korrigert av ektefellen. Det var likevel unaturleg for meg å avbryte intervjuet, det ville vere ein for voldsam reaksjon, kvenna verka ivrig og mannen gav interessante svar. Eg møtte jo opp i heimen til familien under føresetnaden at det var friviljug. Denne mannen ville kanskje heller ha brukt kvelden på noko meir meiningsfylt. Eg ser i ettertid at eg kunne ha fortsett intervjuet med kvenna, eller latt vere å forfølgje nokre av spørsmåla eg stilte han. Når eg ikkje gjorde det, der og då, kan det ha samanheng med at eg syntest at diskusjonen mellom oss var interessant. Han var eldre enn meg og verka ikkje som at han var i ei offerrolle, dermed slakka eg kanskje meir av på ansvaret for at han skulle oppfatte situasjonen som friviljug enn eg burde ha gjort. Dette var det einaste intervjuet der eg kjende på ei delvis ubehageleg stemning.

Mediekjelder

Mediekeldene som eg brukte, er hovudsakleg aviser. Eg følgde med i medias omtale av saker som omhandla barn i byen i bergensavisene *Bergens Tidende* og *Bergensavisen* og i nasjonale medier, som *Aftenposten*, *Dagsavisen* og *Dagbladet*. I tillegg søkte eg på temaet på internett

(på Google og Atekst) og fekk slik kjennskap til relevante oppslag i andre aviser. Eg las gjennom gratisavisa *Barn i byen* som fire gongar i året vert delt ut gratis til barnefamiliar i Bergen. Avisa gir oversikt over aktivitetar for barn og har artiklar om ulike måtar å bruke byen og området rundt for barnefamiliar. Desse skriftlege framstillingane av barn sitt liv i byen ser eg som uttrykk for offentlege representasjonar over temaet.

Avisoppslag har ulik form etter kva type stoff det er, om det dreiar seg om reportasjar, redaksjonelle kommentarar, kronikkar eller lesarinnlegg. Det som er særeige for aviser som kjelder, er at dei vender seg mot eit breitt publikum og at stoffet ofte er spissa og forenkla for å få fram ein bestemt bodskap. Dei som uttalar seg til avisene har klare målsetjingar, samtidig som journalistane har sine mål med artikkelen eller reportasjen. Kronikkar er utelukkande formulert av forfattaren og har ei meir drøftande form, medan lesarinnlegg er prega av engasjement for eller mot bestemte tema. Nyhendeverdien er viktig for aviser og dei tek derfor ofte opp det nye, endringar, når dei omtalar bestemte tema. Når dei skildrar barn i by, vil dei til dømes vinkle det i forhold til utbreidde førestellingar om barn i by. Mediestudiar tyder på at media ofte reproduserer det som vert oppfatta som "common sense" i eit samfunn (Cresswell 1996:27).

Nokre av dei som uttalar seg til avisene om oppvekst i by med barn, gjer det i eigenskap av å vere forskrarar. Eg skil mellom det desse forskarane skriv om i dei faglege arbeida sine og måten dei opptrer i media på. Eg bruker til dømes avisoppslag med forskarane Hilde Lidén og Oddvar Skjæveland som tolkingsgrunnlag. Eg baserer meg då på det som kjem fram i desse oppslaga og ikkje dei eventuelle nyanseringane dei måtte ha i sine faglege arbeid.

Ein kan ikkje ta for gitt at oppslag i aviser påverkar lesarane. Det er uansett ikkje dei moglege konsekvensane blant avislesarane som interesserer meg. Det særskilde ved dei medieskapte kjeldene er at utsegnene vert uttrykt i ein offentleg samanheng og når ut til eit stort publikum. Ein kan derfor rekne med at innhaldet i aviser er retta inn mot utbreidde eller gjenkjennelege oppfatningar eller haldningar, anten eksplisitt eller implisitt. Aviser refererer oftast til det journalisten eller innsendaren oppfattar som felles tankegods blant lesarane. Målet med å bruke aviser som kjelde, er å få innsikt i kva for førestellingar om by og barn som er tilgjengelege i den type offentleg kontekst som aviser representerer. Dei medieskapte kjeldene vert brukte til å analysere innhaldet i utsegnene, på same vis som dei munngle kjeldene eg nyttar. Analysane av stoff frå avisene fungerer i avhandlinga både som kontrast til og underbygging av haldningane og verdiane som informantane eksponerer. Felles for både

Med barn i byen

dei skriftlege og munnlege kjeldene er at eg bruker dei til å forstå kva verdiar og normer dei representerer.

Kva intervju gir kunnskap om

Eg vil no diskutere kva intervju gir kunnskap om med utgangspunkt i refleksjonar etter at intervju var gjennomført. Desse vert sett i forhold til aktuell forsking om kvalitative intervju som kjelde. Eg vil særskild ta opp forholdet mellom intervju og livet til informantane og korleis kjeldene gir innsikt i tankar om moral.

Intervju som narrativ og liv

Kvalitative forskingsintervju er både skapt av og skaper sosialt liv, dei er prosessar og handlingar. Antropologen Marianne Gullestad framhevar at livshistorier, som er ein eigen sjanger innan kvalitative intervju, vert forma av både materielle livsvilkår, idear om kva som er eit godt liv og bevisste og ubevisste reglar for kva som utgjer ei god forteljing (Gullestad 1996:16). Eg meiner at dette også gjeld for kvalitative intervju meir generelt. Intervjua gir dermed kjennskap både til individuell meiningskaping og til dei samanhengane individet er ein del av. Informantane er innvovne i makt og dominansrelasjonar seg i mellom, i forhold til meg som forskar og i forhold til meir allmenne førestellingar og strukturar. Å fortelje noko til andre handlar både om å utforske og å posisjonere seg sjølv (Breivik 2001:48). Kvalitative intervju er derfor med på å fryse fast og utfordre forståingar av samanhengar, dei gir innblikk i både skaping og reproduksjon av kulturelle normer.

Den amerikanske antropologen Gaylene Becker strekar under at det å fortelje historier og narrativ er ein skapande prosess.

Narratives are performative and, thus, empowering. They represent action and thus agency. Experience is reshaped in the narrative process, and narratives are subject to change with subsequent experience (Becker 1997:25).

Informantane er i løpet av intervjuet opptekne av å forstå eller forklare si eiga åferd, dei leitar etter meinings og samanhengar. Forteljingane som vert skapt under intervjua er dermed viktig kjeldemateriale for å forstå prosessar der individ skapar seg sjølv og identifiserer seg med andre (Breivik 2001:41). Gjennom å fortelje historier gir informantane uttrykk for kor dei hører til og skriv seg inn i ulike fellesskap, til dømes som par, som foreldre, sentrumsbuarar, som venstreliberale, som norske. Par som vert intervjua saman konstituerer til dømes sitt

fellesskap som par gjennom å framstå som både einige og ueinige, delvis ut frå kva ideal dei har om korleis parforhold bør vere.³⁶

Mange av dei som har arbeidd med kvalitative intervju har peikt på at informantane legg vinn på å skape konsistens og samanheng i livshistoriene sine (Ehn 1992, Eriksen 1990, Gullestad 1996). Dei framhevar korleis informantar kan lage ein heilskap i ettertid ut av noko som ikkje hang saman då det skjedde, korleis kaotiske prosessar vert omskapte til meir konsistente narrative strukturar. Kulturforskarar har også peika på at livshistorier ofte er ambivalente og motsetningsfulle (Hellesund 2002, Martinsson 1997). Informantane som eg intervjuia, la ved nokre høve vekt på å skape einskaplege og logiske samanhengar, andre gongar var dei mindre opptekne av det. Kaos, det usikre, tilfeldige og ambivalente ved ulike hendingar og avgjerder vart også ofte trekt fram. Denne vekta på det opne og ambivalente kan tolkast som eit uttrykk for ei postmoderne eller seinmoderne tilnærming til livet. Etnologen Eva Reme skildrar korleis seinmoderne biografering kan vere forsøk på å ”vibrere i takt med det kaotiske”, ”her dyrkes diskontinuitetene, tingenes og selvets anarki” (Reme 1999:151). Kanskje kan det vere slik at dei endra ideala for korleis individ og identitetar er samansette, med auka vekt på kompleksitet, endring og ambivalens, har vore med på å endre måten individua forstår og fortel om seg sjølve på. At individet framstiller seg sjølv ved hjelp av ulike, til dels motsetningsfylte, narrativ kan oppfattast som problematisk, men ambivalens er jo ein del av livet (Bauman 1993). Også informantane kan oppfatte seg sjølve som ambivalente og kan bruke ulike narrativ om seg sjølv til å utforske sin eigen ambivalens. Å skape eit narrativ handlar i seg sjølv om å skape samanhang eller mening, men meninga som vert skapt i eit einskild narrativ treng heller ikkje å vere einskapleg eller avslutta. Dersom idealet er å vere eit sokjande individ opent for endring, fell det lett også å snakke om seg sjølv på den måten.

Under intervjuet opplevde eg at informantane søkte i mange retningar i refleksjonen over eigne val, normer og førestillingar. Nokre gongar utbraut foreldra: ”Det har eg ikkje tenkt på før!”. Dei uttrykte at dei hadde fått augene opp for nye samanhengar i eigne liv etter at intervjuet var ferdig, andre verka meir som at dei hadde fortalt ting dei stort sett hadde eit avklart og gjennomtenkt forhold til frå før. Hovudinntrykket mitt var at foreldra var ivrige og engasjerte og at dei leita seg fram til svar dei meinte gav eit best mogleg bilde av deira situasjon. Ofte flaut talestraumen under intervjuet, paret gjekk inn i ein dialog seg i mellom, andre gongar stoppa talestraumen opp, dei hadde ikkje tenkt så mykje på temaet og måtte leite

³⁶ Dette var noko også Lena Martinsson fann i sin studie av svenske par (Martinsson 1997:54).

Med barn i byen

meir etter både ord og tolkingar. Dei kunne vere usikre på kva dei stod for og vog argument fram og tilbake, nokre gongar utan å kome med ein konklusjon. Slik sett opplevde eg informantane mine på den same måten som Martinsson. Hennar erfaring var at informantane heller søkte seg fram, funderte og reflekterte enn å leggje fram ei samanhengande forteljing eller biografi (1997:206).

Som Martinsson også opplevde, veksle informantane mine mellom ei open tilnærming og meir fastlagde sjølvforståingar. Dei ferdige historiene som dei gjerne har fortalt mange gongar før til kvarandre eller eit anna publikum, fortel om korleis paret ønskjer å framstå, medan den opne leitinga etter svar viste at dei også prøvde ut nye måtar å forstå seg sjølve på. Folkloristane Alver og Selberg peikar på at ferdige forteljingar ofte vert oppfatta som berre underhaldning og dermed som lite interessante som kjelder til førestellingar og verdiar hos informantane (Alver og Selberg 1992:43). Deira tolking er at ferdige forteljingar med klare narrative strukturar kan ha som funksjon å overtyde tilhøyraren om innhaldet i forteljinga og slik inngå i ein diskusjon om verdiar. Samtidig strekar dei under at historier fortalt med ein fast struktur også kan vere uttrykk for at forteljaren har evaluert hendinga og er ferdig med den (Alver og Selberg 1992:43). Både dei meir ferdige og dei meir sokjande forteljingane er interessante for meg. Dei gir begge innsyn i verdiar og normer, i kva informanten oppfattar som ålmenne ideal og kva dei oppfattar som unikt eller avvikande.

Gullestad set fokus på forholdet mellom ulike forteljarsjangrar og dei strukturelle rammene dei vert til innanfor. Ho meiner at den globale kapitalismen har sett sjølvbiografi, moral og sjølvskaping på dagsorden på nye og overveldande måtar (Gullestad 1996:18). Ho trekk fram spesialisering og differensiering og nye former for kommunikasjon og teknologi som viktige trekk ved utviklinga av vestlege samfunn, som fører til eit auka behov for å stadfeste at ein er eit samanhengande sjølv. Aukande rutinisering og byråkratisering fører til ein motreaksjon som gjer at sjølvkjensla vert styrka. For å oppnå likskap mellom innbyggjarane framhevar byråkratiske organisasjonar rasjonalitet og effektivitet. Menneske vert redusert til dei kategoriane det er ein del av, og kompleksiteten i den einskilde sitt liv forsvinn.

Gjennom flere hundre år har dette ført både til en nostalgisk lengsel etter en antatt tidligere helhet og til ideen om en enhetlig person *bak* de forskjellige rollene.

Selvbiografien –nedtegnet eller fortalt – kan være et forsøk på å skape et mer eller mindre helhetlig selv ut av de mange ulike hendelsene i et oppstykket liv. Slik jeg ser det, er det nettopp de sosiale endringene og fragmenteringen av det sosialelivet som gjør identitet og selvdannelse til et spesielt viktig og sentralt kulturelt tema (Gullestad 1996:23-24).

Hennar argument vert slik at fragmenteringa og spesialiseringa i samfunnet fører til eit auka behov for å skape samanheng og heilskap i livet gjennom biografiar og livsforteljingar (Gullestad 1996:23). Ho identifiserer her viktige prosessar som kan forklare den sterke interessa for biografiar. Ho peikar vidare på at:

Hvis forfatteren klarer å skape et mønster, en rytme, eller et sett av sammenhenger ut av livets ulike fragmenter og tilfeldigheter, kan dette føles som at livet har mening, og for at selvt virkelig eksisterer, enn et oppdiktet verk eller en forskningsavhandling (Gullestad 1996:24)

Desse prosessane kan også tolkast på ein annan måte. Mitt argument vert at den same fragmenteringa som Gullestad skildrar og dei kulturelle representasjonane av denne, også kan føre til at behovet for å skape ei einskapleg framstilling av seg sjølv vert mindre. Det fragmenterte, ambivalente og uavslutta kan sjåast som ei dekkande skildring av korleis individet opplever livet og dermed også som ei legitim sjølvforståing. Som Doreen Massey peikar på, - kvifor skulle flyt og endring føre til jakt på stabilitet som ein naudsynt reaksjon? (Massey 1994:143). Biografiar og livshistorier kan brukast til å framheve diskontinuitet på same måte som dei kan brukast til å framheve kontinuitet. Ideal om heilskaplege identitetar kan erstattast med ideal om mangfaldige identitetar. Dei livshistoriene Gullestad byggjer på, vart samla inn i ved byrjinga av 1990-talet. Intervjua eg byggjer på vart samla inn ti år seinare. Kanskje kan endringar i synet på individ som har skjedd i løpet av denne 10 - 15-års perioden ha påverka måten menneske framstiller seg sjølv på, slik at folk i endå større grad framhevar både samanhengar og mangel på samanhengar.

Kvalitative forskingsintervju er manifestasjonar av kva folk tenkjer og meiner om både fortid og samtid der og då, på intervjutidspunktet. Skapinga av fortid og framtid er ein kontinuerleg prosess der individet har høve til å oppdage stadig nye samanhengar eller vekte ulike faktorar på nye måtar. Intervjua i denne undersøkinga dreidde seg både om hendingar som låg attende i tid, som flytteprosessar og vurderingar av bustadforhold i samband med at barn vart fødde, og om kvardagen dei levde i på intervjutidspunktet. Vekslinga i samtalane mellom fortid og notid fall nokre gongar saman med ei veksling mellom meir ferdige forteljingar og mindre ferdige forteljingar. Omtalen av fortida kunne også vere meir søkerande og spørjande enn omtalen av samtida.

Informantane tolkar hendingar og prosessar i fortida i lys av notida, noko som skapar ein tidsmessig distanse til hendingane. Hendingar i notida vert tolka i lys av den same notida

Med barn i byen

og distansen til eigne val, opplevingar og haldningar kan dermed verte mindre. Ein kan tenkje seg at umiddelbare utsegner gir ei nærare og dermed betre forståing av individet enn den distanserte refleksjonen. Samtidig kan distanse gi ei oversikt som individet manglar når det står oppi ein situasjon (Danielsen a 2002). Dei spontane tolkingane representerer berre ein spesifikk måte å forstå seg sjølv på blant mange, og er ikkje ein privilegert posisjon for forståing av dei samanhengane individet inngår i. Refleksjon og distanse er like viktige element i sjølvet som kroppsleggjorte og tause praksisar. Tolkingar av eigen åferd i samtid er representative for kva individet opplevde der og då, men er likevel ikkje meir sanne, riktige eller interessante enn tolkingar gjort i ettertid.

Gullestad kritiserer, med rette, vestleg intellektuell tradisjon for å tolke kulturelle og symbolske fenomen som usanne vridingar av ei underliggende og meir sann røynd: "Informasjonen om tidligere hendelser blir "forvridd" i ettertankens lys. Dette gjelder ikke bare tradisjonell positivisme, men også poststrukturalisme" (Gullestad 1996:17). Gullestad meiner at dei som oppfattar forteljingar som øydelagde gjennom ettertanke (positivistar) eller som rein fiksjon (poststrukturalistar), sit fast i ei motsetning mellom fakta og fiksjon. Dermed hevdar dei implisitt at det finst ei sann tolking av individet i motsetning til ei usann. Sidan det alltid vil finnast fleire ulike tolkingar av eit liv, er eit slikt skilje mellom sant og usant lite fruktbart. At det finst mange moglege tolkingar av situasjonar, individ og meininger er likevel ikkje det same som å hevde at alle tolkingar er like relevante. På dette punktet kritiserer Gullestad poststrukturalismen for å operere med for lause rammer for forteljingar. Nokre tolkingar vil ut frå ulike typar av argumentasjon framstå som meir gyldige enn andre. Forskaren si oppgåve er å argumentere for sine tolkingar av informantane og undersøkje dei aktuelle tolkingane i forhold til andre moglege tolkingar.

Kulturelle prosessar kan ikkje forståast i termar av sant eller usant, ulike tolkingar av same situasjon kan vere like relevante. Det interessante for meg er kva for tolkingar individua meiner er relevante for dei, korleis dei uttrykkjer desse tolkingane og korleis tolkingane deira plasserer seg i forhold til relevante kulturelle og samfunnsmessige samanhengar. Nokre gongar viser den sjølvsagte måten å snakke på, at informantane meiner at det dei seier er legitime haldningar. Andre gongar snakkar dei på ein måte som formidlar at dei trur det dei seier er kontroversielt eller uvanleg. Å sjå etter slike forskjellar i måtar å prate på er ein måte å forstå kva informantane meiner er rådande normer, kva dei oppfattar som typisk eller utypisk. Historiene og samanhengane som vert til gjennom intervjua resulterer dermed ikkje berre i forteljingar, men også i skaping av mening.

Samtalar om moral

Kva informantane fortel om og måten dei fortel på, kan forståast som eit ledd i ei bygging av kven dei er, ønskjer å vere eller verte til liks med eller i motsetning til andre menneske eller i forhold til meir abstrakte ideal. Gjennom historiene dei fortel og utsegnene deira gir informantane ofte uttrykk for moralske standpunkt eller dilemma. Livshistoriene gir dermed kjennskap til kva normer informantane meiner bør gjelde.

Becker framhevar at livshistorier er moralske forteljingar om livet til informantane, om dei moralske ideologiane og forsøka på å leve opp til slike ideologiar:

Narratives can serve as moralizing judgements, a moralizing impulse is present in all narrative accounts; there is no other way that one's reality can be endowed with so much meaning (Becker 1997:17)

Narrativ og moral vert slik knytt uløyseleg saman – forteljingar handlar alltid om moral, om det er eksplisitt eller implisitt uttrykt. Antropologen Hans W. Kristiansen skriv om livsforteljing og moralsk sjølvmanifestering i avhandlinga si og hevdar at det er

viktig å ikke legge ensidig vekt på at livsfortellinger innebærer en streben etter sammenheng og konsistens – en annen viktig drivkraft kan være fortellerens forsøk på å framstille seg selv som moralsk høyverdig (Kristiansen 2004:62.67).

Folk bruker forteljingar til å etablere og rettferdiggjøre seg sjølv som moralske individ i forhold til gjeldande verdiar og praksisformer i det samfunnet dei tilhører, til dømes i forhold til foreldreskap (Hennum 2002:343). Å kunne gi ei moralsk akseptabel sjølvframstilling vil derfor i nokre forteljingar gå ut over omsynet til å gi ei samanhengende og konsistent forteljing. Desse to omsyna dreg ikkje alltid i same retning, og nokre forhold som kunne forklare eller knyte saman ulike hendingar eller prosessar vert nokre gongar luka ut fordi dei ikkje stemmer med den moralske sjølvrepresentasjonen. Med grunnlag i dette kjeldemateriale vil eg peike på at eit mål med forteljingane også kan vere å bryte med samfunnets moral, vise at ein representerer noko anna enn den forestalte normaliteten. Kvalitative intervju kan derfor ved nokre høve vere ei kjelde til å forstå korleis informantane set spørsmålsteikn ved det dei oppfattar som normalitet, ved ideane om det gode liv. Nokre av informantane framheva eigne normer og praksisar som særeigne og forskjellige frå det dei oppfatta som det typiske og normale.

Statsvitaren Thorvald Sirnes peikar på at avviket har fått ein positiv verdi dei siste tiåra (Sirnes 1999:35). Det kan oppfattast som attraktivt å bryte med dominerande mønster,

Med barn i byen

slik verkar ein som unik, individuell og sterkt. Det har også i aukande grad vorte ein norm å verdsetje forskjellar som eit positivt element i ulike sfærar som arbeidsliv og skuleverk (De los Reyes og Martinsson 2005). Å verdsetje og framheve individuelle forskjellar kan koplast til idealet om å vere eit unikt, sjølvstendig og autentisk individ. Gullestad viser at det også var ein tendens i det livshistoriske materiale ho byggjer på. ”Det kan spores nye former for glede over forskjeller og på same tid en økende vektlegging av likhet” (Gullestad 1996:229). Ho kommenterer at det ikkje er noko nytt at folk er forskjellige, ”det nye er at dette er blitt noe mer godtatt” (ibid.). I forhold til intervjeta eg byggjer på, vil eg karakterisere eksponeringa av forskjellar og individualitet som eit sterkt ideal blant nokre av informantane. Samtidig sluttar dei seg til nye former for liksskap, som Gullestad framhevar.

Valentine viser til omgrepet ”imaginative generalisations” for å skildre måten informantar ofte presenterer ein idealisert og konvensjonell versjon av eigen eller andre si åtferd (Valentine 1999a:69). Slike generaliseringar, som gjerne inneheld stereotypiar, har informantane både presentert og utfordra i diskusjonar med kvarandre eller meg under intervjuet. Dei plasserte seg sjølve i forhold til det dei oppfatta som dominante oppfatningar om korleis ting heng saman. Ved nokre høve går individ ut frå at andre ser verda på same måte som dei sjølve, ved andre høve definerer dei seg i opposisjon til andre som dei meiner ikkje er som dei (Cloke 1999:48). Foreldra som eg intervjeta posisjonerte seg i forhold til ein førestelt normalitet, til kva dei meiner er utbreidde haldningar og verdiar.

Det som informantane meiner er uvanleg eller vanleg ut frå deira ståstad, kan ha motsett tyding ut frå andre ståstader. Til dømes kan informantane i denne studien hevde at det er uvanleg og lite akseptert å bu i sentrum av by med barn og dei kan grunngi denne påstanden med personlege opplevingar. Samtidig kan ein tenkje seg at informantar busette i bygder ville sagt at dei opplever at dei er utsett for bygdehets, og at dei meiner at det vert framstilt som mindreverdig å bu på bygda.

Mange som arbeider med kvalitative forskingsintervju har lagt vekt på at informantane ofte gir strategiske presentasjonar av sjølvet og at intervju gir kunnskap om korleis individet ønskjer å framstå (Ehn 1992, Fjell 1996). Denne sjølvpresentasjonen kan tematisert gjennom omgropa frontstage/backstage, utvikla av Erving Goffman, som siktar til at individ skil mellom kva dei ønskjer å presentere i private eller offentlege samanhengar. Dette er sentrale element i kvalitative intervju, også i dei som eg har utført i samband med denne

avhandlinga.³⁷ Strategiske sjølvpresentasjoner er viktig som kjeldemateriale for å forstå kva som er rådande ideal og normer. Samtidig vil eg presisere at intervju ikkje berre gir kunnskap om bevisste og valte måtar å utforme sjølvet på. Den flytande og utforskande måten informantane snakkar på og det fleirtydige og uavslutta i mange av forteljingane deira, viser at informantane er opne for mange moglege tolkingar av hendingar i livet deira. Mi oppfatning er at element av val er til stades i tolkingar av alle situasjonar, men at det er stor variasjon i kor stor grad det valte er framtredande ved ulike situasjonar. Det bør også diskuterast i kor stor grad ein kan velje korleis ein framstiller seg sjølv.

Beck brukar omgrepet *refleksiv modernisering* for å skildre ein prosess han meiner er gjennomgripande i både institusjonar og organisasjonar som familie og politikk og som får konsekvensar for oppfatningane individua har av val. Refleksiv modernisering tyder at strukturar ikkje lenger berre kan reproducera, men at dei må forhandlast om, avgjerast, rettferdiggerast og i nokre høve oppfinnast på nytt (Beck 1997:120). Sjølv tradisjonelle livssituasjonar må veljast, forsvarast og rettferdiggerast i forhold til andre moglege val (Beck 1997:118). Ønsket om kontroll og planlegging fører også med seg eit fokus på val. Krava om valte liv fører med seg eit krav om moralske liv; individet må kunne stå inne for dei vala dei har teke. Ansvarlege individ kan oppføre seg på ulike måtar, men bør ha gode argument for avgjerdene sine (Beck-Gernsheim 2002:48). Foreldre har til dømes ulike ideal å velje mellom, men bør uansett kva dei gjer framstå som ansvarlege, velinformerte og argumerterande (Beck-Gernsheim 2002:48).

Individualiseringsprosessane gjer at individua på eiga hand må stille seg og svare på spørsmål om korleis dei ønskjer å leve. Ekspertkunnskap, formidla gjennom media og populærvitenskap, tek opp stadig fleire område av livet og er ein premissleverandør for mange val. Slik kunnskap er usikker fordi det alltid finst konkurrerande eller skiftande syn på kva som er rett eller sunt. Dermed vert premissane for vala grunnleggjande usikre. Foreldre får til dømes råd om kor mykje barna bør eksponerast for ulike medieinntrykk, kva type mat barna bør få i seg, og kor mange aktivitetar barna bør vere med på. Det usikre ved argumenta for å velje det eine framfor det andre opnar samtidig for at ein kan plukke og velje blant mange alternativ. Ein kan leite etter ulike grunnar for å gjere det ein sjølv ønskjer, og avgjere sjølv kva ein legg vekt på blant mange argument. Ein kan også finne fram til årsaker til kvifor ein gjorde noko etter at valet eller hendinga fann stad. Intervjua er ein situasjon som får fram dei

³⁷ Eg fekk inntrykk av at informantane oppfatta intervjuet som ein mellomting mellom ein privat og offentleg situasjon. Dei visste at eg var underlagt kravet om å gi dei anonymitet og var meir fritalande overfor meg enn overfor naboar og slekt. Samtidig reknar eg med at dei heldt igjen nokre refleksjonar.

Med barn i byen

refleksive trekka i informantane. Det fører med seg ein fare for at informantane vert framstilte som *for* gjennomtenkte, det kan verke som at alle hendingar og handlingar i livet deira er resultat av lange refleksjonar. Men mange av refleksjonane skjer også etter at eit val er gjort og mange av informantane fortel at dei har vorte overraska over vendingane livet har teke. Nokre av dei kommenterer dette ved å trekke fram det tilfeldige og spontane som element i livshistoria si.

Sjølve norma om å vere eit sjølvreflektert og veljande individ er med på å forme måtane individua fortel om seg sjølv på. Dette var ein tydeleg tendens i mange av intervjua, både når informantane snakka om bustaden, kvardagen, barneoppsedinga og omgangskretsen. Det valte aspektet ved ulike situasjonar kan forstørast i kontrast til ei tolking om at ”det berre vart slik”. Det kan derfor reisast tvil ved kor bevisst valt det er å presentere seg sjølv som sjølvreflektert og veljande. Om ein tenkjer at å vere eit moralsk individ er å kunne ta gode val, så kan denne delen av sjølvoppfatninga vere ein naturalisert del av sjølvet og det ville krevje svært grundig tolkings- og redigeringsarbeid å framstå på andre måtar.

Gullestad peikar på at val har vorte eit stadig viktigare omgrep dei siste åra, val mellom alternativ, eksistensielle val, å velje å forsetje å vere den ein er (Gullestad 1996:29). Det ligg næast ei *tvang til å velje* i dei dominerande måtane å tenke om individet på. Å vere eit ansvarleg individ er å vere i stand til å velje og å ta konsekvensane av valet. Livet har i dei siste hundreåra i stadig større grad vorte eit planleggingsprosjekt. Å planleggje noko kan seiast å vere eit prosjekt der målet er kontroll over sosial endring innan ein spesifikk tidshorisont (Taylor 2003:157). Det handlar om å få kontroll over framtida, å gjere det beste ut av dei ressursane ein rår over og å unngå uheldige situasjonar. Å planleggje er slik sett å gjere seg ansvarleg for eige liv, og det har vorte ein verdi i seg sjølv. Det å mangle ein plan for livet kan framstå som ein mangel ved eit individ og gi grunnlag for å skulde individet for å vere naïvt, irrasjonelt eller uansvarleg (Beck-Gernsheim 2002:46). Individet får eit personleg ansvar for ting som tidlegare vart sett på som skjebne. Individua er viljuge til å ta på seg eit slikt ansvar, både for å kjenne kontroll over eigne liv og for å oppfylle norma om å ha kontroll.

Beck hevdar at kravet om å utforme eit eige liv dømmer individet til aktivitet. ”Det viktige er å bli aktiv i forhold til skjebnen, som først derved blir egen skjebne, eget liv” (Beck 1997:114). Denne plikta til å handle har ei skuggeside. Når ein har gjort eit val, får individet også ansvaret for det og dersom ein mislukkast, vert det tolka som eins eigen personlege feil. Hendingar vert i liten grad tilskrivne framande årsaker, men vert framstilt som resultat av eigne

handlingar, som mangel på handlingar, kompetanse, mangel på kompetanse, kompromiss eller nederlag (Beck 1997:115).

Valgfriheten kan være både risikabel og smertefull, fordi den krever nye former for kompetanse, og fordi selve valget er ideologisk i forgrunnen, mens alle begrensningene og hindringene, som også er der, er blitt mindre synlige (Gullestad 1996:29).

Når individua opplever at konsekvensane av individuelle val er deira eige ansvar, kan dei samtidig også kjenne seg tvinga til å forsvere situasjonar dei er i, som dei i utgangspunktet ikkje oppfattar som ideelle. Men det ligg ikkje nokon automatikk i dette. Parallelt med kravet om å ha kontroll og oversikt og framstå som at ein vel livet sitt, følgjer ønskjer og krav om å unngå for stor grad av kontroll. Dersom livet vert redusert til rein kalkulasjon og sjekking av risikoar, har ein gått i planleggingsfella (Back-Gernsheim 2002:63). Mange av informantane uttrykte ønskjer om også å skape rom for det spontane, la seg rive med av det uventa i livet. Å la seg flyte med kan sjåast på som ein reaksjon mot strikte krav om planlegging og kontroll. Individua kan framheve det tilfeldige eller trua på skjebnen fordi det svarar til opplevingar av eige liv eller står i opposisjon til kravet om planlegging.

Menneske er ikkje berre strategiske aktørar som strevar med å leve etter visse rasjonalitetar, vere seg økonomiske, sosiale eller kulturelle normer. Som Breivik, oppfattar eg individ som produkt av både disiplinering og improvisasjon (Breivik 2001:47). Dei spesifikke materielle, sosiale og kulturelle samanhengane som eit individ er ein del av, verkar avgjerande inn på korleis det individet oppfattar seg sjølv og vert oppfatta av andre. Men dei gir samtidig ikkje noko endeleg eller uttømmande svar på korleis det individet er. Ein kan ikkje redusere individet til sine kontekstar, fordi det einskilde individet alltid er unikt og aldri totalt determinert av omgjevnadene, av diskursane (Benhabib 1992:242). Livshistoriene er på same tid unike og uttrykk for kulturelle og sosiale samanhengar som individet er ein del av.

Samspelet mellom forskar, felt og analyse

Forskyving av tema og kontekst

Denne undersøkinga rettar seg mot å forklare foreldra sine oppfatningar og handlingar og sjå dei i lys av dei kontekstane dei er del av. Som forskar er eg med på å definere kva kontekstar som er relevante gjennom dei kjeldene eg bruker og dei samanhengane eg peikar på. Synet mitt på kva kontekstar som er viktige har vorte forma av dei ideane eg hadde danna meg om

Med barn i byen

familieliv i by før eg gjennomførte feltarbeidet, av dei samanhengane informantane sjølve drog fram og gjennom den heilskapen eg danna meg gjennom analysearbeidet.

Som Gulløv og Højlund (2003:33) ser eg konteksten som uttrykk for eit konkret samspel mellom personlege, sosiale og kulturelle omstende i kvardagen til det einskilde individet. Forhold som verka avgjerande inn på val av bustadmiljø for ein familie hadde til dømes lite å seie for ein annan familie. I nokre tilfelle er det relevant å trekke fram konkrete samanhengar som ligg opp i dagen, som er identifiserte av informantane sjølve. Andre gongar er det relevant å trekke inn kontekstar som sannsynlegvis er ukjende for informantane, og som vert moglege tolkingar gjennom dei samanlikningane og teoretiseringane eg forheld meg til som forskar.

Vanlegvis vert overvegingane forskaren gjer underveis i forskingsprosessen skjult gjennom ei innleiing som gjer sitt beste for å binde saman teksten og få forholdet mellom problemstillingar og kjeldemateriale til å sjå logisk ut. Det har også eg prøvd å få til. Men i tillegg vil eg vise korleis temaet for avhandlinga tok form underveis i forskingsprosessen. Slike perspektivforskyvingar kastar lys over forskingsprosessen og over korleis forskar, empiri og teoretiske perspektiv verkar saman i ein gjensidig prosess.

Då eg planla arbeidet med denne studien, heitte prosjektet *Barnefamiliar i byen. Mellom privat og offentleg*. Eg tenkte å fokusere på pendlinga mellom privat og offentleg i barnefamiliane sin kvardag i ein bysamanheng. Eg hadde eit sterkt fokus på inklusjons- og eksklusjonsmekanismar og på korleis familiene konstruerte seg sjølve som eit *vi* sett i forhold til andre familiar og sett i forhold til byen. Eg var i tillegg oppteken av dei sosiale nettverka rundt barnefamiliane og av kven som var involverte i omsorga for barna. Eg ønskete å undersøkje kjønnsmekanismar i foreldreskapet og det var noko av grunngjevinga for å intervju foreldrepar saman.

Undersøkinga av mangfaldsretorikken er eit resultat av ei forskyving av fokus etter at eg hadde intervjuat foreldra. Eg tok i undersøkingsopplegget utgangspunkt i at mangfold er ein del av bylivet, og la til dømes vekt på å få tak i informantar med forskjellig bakgrunn. Men eg hadde ikkje venta at mangfold skulle ha ein så stor plass i foreldra si oppfatning av sentrum av byen som ein plass for barndom som det faktisk hadde. Det var altså først etter at eg hadde gjort ein foreløpig analyse av intervjuat med foreldra at eg bestemte meg for å analysere denne tematikken nærare, og derfor enda opp med å bruke stor plass i avhandlinga på forståinga av mangfold. Forstaden og bygda som plassmytar informantane konstruerte seg sjølve i forhold til, hadde eg ikkje planlagt å ta opp på førehand. Eg var særskild overraska over kor sterkt mange tok avstand frå forstadar og kor tett mange knytte byen til bygda.

Interessa for privat og offentleg vart fortrengt ut av fokus til fordel for analysar av plasskaping. Omgrepet plass har vorte sentralt i heile avhandlinga, men ikkje ein del av dei teoretiske innfallsvinklane eg hadde planlagt å bruke. Valet av ulike omgrep om plass som innfallsvinkel vart gjort både fordi eg såg at skaping av plass var sentralt i intervjeta og fordi den akademiske litteraturen om plass gav inspirasjon til tolkingane av intervjeta med foreldra.

Noko av det vanskelegaste med å skrive denne avhandlinga, var å finne ein disposisjon som sameinte sentrale tema, som hadde ein klar raud tråd og der dei ulike kapitla var forskjellige nok. Nokre tema som kjeldemateriale eignar seg til å analysere, forsvann ut av den ferdige avhandlingsteksten nettopp på grunn av dette. Det gjeld særleg fokuset på barn sine eigne forteljingar om byliv, på kjønninga i foreldreskapet og skapinga av byen som plass i forhold til omgrepa natur og kultur.

Å forske på seg sjølv

Forskaren sine verdiar og haldningar kan påverke både val av kjelder og tolking av kjeldene. Det er derfor viktig at forskaren er refleksiv i forhold til eigne preferansar. Haldningane mine til familieliv og til byliv er ikkje berre prega av dei faglege tekstane eg har lese om temaet, framstillingar i media og dei kulturelle normene for korleis ein god barndom er. Eg lever sjølv i sentrum av ein by, i eit par og er mor til to barn. Noko av det som har gjeve mest inspirasjon til avhandlinga frå mitt eige liv, er dei ulike måtane barnefamiliane i nabologatet mitt bruker dei fysiske, kulturelle og sosiale omgjevnadene på. Det kunne vore interessant å bruke eigne erfaringar som kjelde i denne avhandlinga. Når eg ikkje har gjort det, handlar det om vanskane med å anonymisere tredjeperson når min identitet er kjend.

Under intervjeta kjende eg meg nokre gongar veldig att i måten foreldra og barna fortalte om kvardagslivet sitt på. Andre gongar vart eg presentert for meir framande måtar å leve på. Eit vanleg ideal innan kvalitativ forsking er å unngå at forskaren sine eigne oppfatningar dominerer i møtet med informantane. Ein ønskjer at informantane skal kunne uttrykke seg fritt om temaet ein studerer. Eg har vore oppteken av at sjølv om eg er situert i mine eigne erfaringar og refleksjonar, så skal ikkje avhandlinga handle om meg. Eg valte derfor ein strategi for å unngå det. I startfasen av arbeidet med intervjeta, fekk eg ein kollega til å interviewe meg med utgangspunkt i min eigen temagaid. Målet var både å prøve ut opplegget, få ei vurdering av spørsmåla mine frå ein kollega og få klart for meg kva eg stod for vedrørande temaet mitt før eg sette i gong med intervjeta. Eg har altså ikkje brukt dette intervjuet til anna enn å synleggjere for meg sjølv kva eg tenkjer om temaet mitt. Intervjuet

Med barn i byen

med meg sjølv vart ein illustrasjon på kor flyktig eit kvardagsliv som verkar stabilt likevel er. To år etter at intervjuet var utført, hadde familien vår flytta til noko som opplevast som eit nytt nabolag, sjølv om det berre ligg to minutts gange frå den førre bustaden. Begge barna har byrja på skulen og dei sosiale relasjonane rundt familien har endra seg som følgje av det.

Mine haldningar og praksisar er ikkje interessante i seg sjølv. Det viktigaste, slik eg ser det, er at eg er klar over at eg har standardar og ideal for familieliv som eg er fortruleg med og som formar synet mitt på det gode liv. Kjennskapen min til eigne haldningar og praksisar vert heller eit reiskap til å skilje mellom meg og informantane, til å kontinuerleg minne meg sjølv om at mitt kvardagsliv med barn berre er ein av mange moglege måtar å leve som barnefamilie i by på. Eg kjende eit par gongar at eg syntest at nokre foreldre var for kontrollerande eller slephendte overfor barna. Slike kjensler prøvde eg å skjule overfor informantane, fordi dei botna i mine private normer, som det ikkje ville vere verken relevant eller etisk rett å vise til informantane. Kroppsspråket mitt gav også signal til informantane, og denne delen av kommunikasjonen er vanskeleg å styre. Ut frå den tilliten foreldra viste meg, er det sannsynleg at dei i låg grad la merke til desse reaksjonane mine, eller at dei som merka seg dette, la lite vekt på det.

Kven eg er hadde innverknad på korleis intervjuet vart på fleire måtar. Eg styrte retninga på intervjuet og la premissar gjennom spørsmåla mine. I tillegg kunne inntrykket av kven eg var, verke inn på informantane sine svar. Etter eit intervju med eit foreldreprar avslørte mannen at han hadde søkt på namnet mitt på internett og lese fleire intervju med meg og tekstar som eg har skrive.³⁸ Då skjønte eg bakgrunnen for nokre av spørsmåla han stilte meg, for han hadde spurt meg om kva eg meinte om tema som eg har ytra meg om offentleg. Eg byrja også å tenkje over om nokre av utsegnene hans under intervjuet, om feminism og akademiske omgangsformer, var mynta på å provosere meg. Dømet viser både korleis eg som person verka inn på intervjuet med informantane og grensene for mi makt over informantane. Det at informanten visste noko om meg før intervjuet starta, at eg har ytra feministiske standpunkt til dømes, verka ikkje til at han tilpassa sitt syn på kjønnsforskjellar. Men det verka kanskje til at han la ekstra vekt på å få fram sine eigne synspunkt eller han kan ha overdrive dei for å provosere meg.

Ofte opplevde eg at kven eg var, hadde størst innverknad ved byrjinga av intervjuet, då rammene for samtalane vart fastsette. Etter at samtalen var i gong, vart mange av

³⁸ Det gjaldt ein kronikk om klasseomgrepet i *Klassekampen* og omtale av ein artikkel med feministiske perspektiv som eg har skrive.

informantane så opptekne av sine eigne historier at dei kom inn i ein slags flyt. Sjølv om eg styrde retninga på samtalen, vart eg som person då mindre viktig.

Blikket mitt er forma av dei erfaringane eg sjølv har gjort meg med barn i by i mitt privatliv. Samtidig er eg forma av perspektiva eg har tileigna meg gjennom faglitteraturen eg har lese om temaet.³⁹ Intervjua med informantane og lesing av ulike skriftlege kjelder verka også til at eg såg feltet på ein ny måte. Eg merkar at mine eigne haldningar har vorte farga av både møtet med kjeldematerialet og faglitteraturen. Då eg las faglitteratur etter at eg hadde gått gjennom kjeldene og gjort ei foreløpig tolking, opna lesinga opp for nye analytiske måtar å forstå kjeldematerialet på. Forsking, forskar og kjelder spelar saman i ein gjensidig konstituerande prosess (Valentine 1998:306). Tolkingane av materiale vert vidare til gjennom sjølve skrivinga av teksten. Å skrive er som Ehn og Löfgren peikar på, ei personleg handling der ein meir eller mindre personleg tekst vert til, gjennom ei vanskeleg kontrollerbar blanding av kreativitet, motstand og disiplin (Ehn og Löfgren 2001:165). Teksten er slik ikkje berre eit spørsmål om form, men også ein del av analyseprosessen og kunnskapsformidlinga (Ehn og Löfgren 2001:165).

Det kroppsleggjorde og situerte grunnlaget for kunnskap gjer at verken forskarar eller informantar kan fri seg frå den konteksten dei er ein del av. Same kva posisjon forskaren tek, kritisk eller stadfestande, så bruker forskaren visse diskursar, dekonstruerer eller produserer kategoriar (Martinsson 1997:223). Det er dermed umogleg å stille seg utanfor det feltet ein studerer, fordi ein ved val av kontekstar og omtale av kategoriar skapar ei forståing av korleis ting heng saman. Eg har valt å la spørsmåla og kommentarane mine til informantane vere synlege i mange av sitata som eg gjengir, slik at leseren får høve til å sjå den konkrete konteksten informantane sine utsegner vart til i.

Eit normativt felt

Gjennom tema som eg tek opp, kjem det fram normer blant informantane om kva gode foreldre er, og kor det er bra å bu. Som NESH peikar på, tener forsking på eigen og andre sin kultur til å avdekkje og vurdere verdiar som ligg under framtredande tankesett og tradisjonar og er med på å klarleggje maktforhold (NESH 2003:5). Forskinga kan dermed også vere med på å underbyggje eller legitimere visse verdiar eller praksistar (ibid 2003:18). Eg har prøvd å

³⁹ Ein spesifikk bakgrunn som også har verka inn på blikket mitt, er at eg tidlegare har arbeidd med husmorlivet på 1950-talet (Danielsen 2002). Eg undersøkte då blant anna korleis husmødrene oppdrog barna sine og korleis forskjellige fagfolk på den tida såg på barn. Synet på barn og familieliv på 1950-talet framstår dermed som ein underliggende kontrast for meg i dette arbeidet.

Med barn i byen

stille meg spørsmål om kva forskingsresultata mine kan føre til og korleis dei kan verte oppfatta og har vore oppteken av å gjere det klart kva som er informantane sine verdiar og haldningar og kva som er mine målsetjingar som forskar. Eg kan likevel risikere at skildringa av dei kan takast til inntekt for at eg deler dei omtalte verdiane og normene. Denne problemstillinga har eg prøvd å handtere gjennom formidlinga av teksten, i tillegg til at eg her nyttar høvet til å gjere merksam på denne distinksjonen. Den største utfordringa har likevel vore å representere informantane på ein god måte, få fram deira ståstader før eg tolka dei. Det vil aldri vere noko ein til ein forhold mellom livet og skildringar av livet, og det vil heller aldri vere eit til ein forhold mellom eit kjeldemateriale og ein forskingstekst.

Det er forskaren si oppgåve å klarlegge og analysere, og i denne prosessen vil nokre aspekt ved det omtalte temaet verte forenkla og redusert ved at forskaren vel ut nokre element som viktigare enn andre. I dette arbeidet kan ein kome til å kategorisere informantar på uheldige måtar, som ikkje fangar opp kompleksiteten i haldningane, førestellingane og handlingane deira. Det er ei kontinuerleg utfordring å skildre kompleksitet samtidig som ein skal klargjere eit poeng, halde på ei retning og ein narrativ struktur i teksten.

Å kritisere eller utfordre andre si barneoppseding er i stor grad tabuisert (Hjemdahl 2002:43). Mange foreldre snakka om kor mykje som skulle til for å meine at dei burde gi andre foreldre beskjed om noko negativt om deira barn og kor vanskeleg det var for dei å faktisk gi beskjed, om at barn var for tynt kledd, delte ut mengder med godteri til andre barn eller oppheldt seg på farlege stader. Vanskar med å kategorisere foreldre opplever også eg som forskar. Tilsynelatande uskuldige måtar å karakterisere familiane på, kan verke sårande. Alle ønskjer å vere gode foreldre. Dei som stilte opp som informantar i denne studien var sannsynlegvis trygge på at dei i alle fall var *gode nok* som foreldre, elles hadde dei ikkje stilt seg til disposisjon som informantar. Foreldra formidla utfordringar og problem rundt oppveksten til barna, men det overordna inntrykket dei gav var at barna deira hadde det godt. Eg har vore svært oppteken av å yte dei einskilde familiane rettferd, og har til dømes arbeidd med å finne måtar å omtale foreldra på som ikkje måler dei mot mine personlege standardar. Målet har vore å få fram korleis dei tolkar sin kvardag og sine premissar og val, og kople individuelle strategiar til dei kulturelle og samfunnsmessige rammene familiane er innvovne i.

Nokre av informantane kan verke inkonsekvente fordi dei framstiller seg sjølve som tolerante og fordomsfrie samtidig som dei har klare grenser for kva dei oppfattar som bra nok. Informantane synest at det ubehageleg å kategorisere andre. Dei kommenterte sjølve at dei ved å uttale seg om plassar og menneske dei kjende lite til, var fordomsfulle og baserte seg på ting dei hadde lite kjennskap til. Eg med mine spørsmål og krav om presiseringar av kva dei

oppfatta som forskjellig og likt med andre, kan ved nokre høve ha framprovosert ei tydelegare grensedraging mot andre menneske enn informantane vanlegvis opererer med i kvardagen.

Det er ikkje mogleg å ha full kjennskap til og dermed fastslå med full visse, motiva til andre menneske. Ofte vil motiva for ulike handlingar eller haldningar vere ambivalente eller mangetydige også for individet sjølv. Dei forskingsetiske retningslinjene for samfunnsvitskap, jus og humaniora (NESH) strekar under at ”forskeren bør ikke tillegge aktører lite aktverdige motiver uten at det kan gis overbevisende argumenter for det” (NESH 2003:13). Skildringar av handlingar kan lett oppfattast som ei karakterisering av dei moralske eigenskapane til individ. Forklarings- og tolkingar som tillegg aktørar lite aktverdige motiv stiller derfor særlege krav til grunngjeving og dokumentasjon (ibid.). Ingen kan forvente å gi endelige svar innan forskingsfelt i humaniora. Men det usikre ved tolkingane fritek ikkje forskarane for kravet om å unngå vilkårlege oppfatningar og arbeide for haldbar og klar argumentasjon (NESH 2003:5). Når eg brukar sitat i einskilde samanhengar, går det ikkje alltid fram kva for samanheng i intervjuet sitata vart skapt i. Eg har derfor vore oppteken av å sikre at tolkingane av utsegnene til informantane verkar rimelege både i forhold til dei spesifikke utsegnene og heilskapen i det informantane har fortalt.

Det er i mange tilfelle forskjellar mellom kva informantane oppfattar som sensitivt og kva forskaren eller lesaren oppfattar som sensitivt. Under arbeidet med avhandlinga har eg fleire gongar vorte møtte med kjensleladde reaksjonar når eg har presentert teksten for kollegaer. Temaet oppvekst og plass er eit moralsk lada felt som set kjenslene i sving. Nokre reagerer på at andre plassar enn sentrum av byen vert negativt framstilt som oppvekstramme for barn av mine informantar. Dei kan kjenne seg støtte. Alle bur ein plass, mange er foreldre og meiningane om kva som er bra for barn er mange. Desse reaksjonane på formidlinga av stoffet har gjort meg ekstra merksam på kven eg er og ønskjer å vere som forskar og kva for ærend eg har.

Eg ønskjer å få fram mange ulike måtar ein kan leve med barn i byen på, og ulike førestellingar foreldre byggjer på i utforminga av barndommen i byen. Eg er oppteken av korleis dei ønskjer at barna skal verte, og kva koplingar dei dreg mellom barna og miljøet rundt barna. Mitt mål er til dømes ikkje å få fram at oppvekst i sentrum av ein by er betre eller dårligare enn oppvekstar i andre lokalitetar. Det kan eg uansett ikkje seie noko om utifrå det kjeldemateriale eg har valt å bruke. Eg kan ikkje stille meg utanfor dei tema eg studerer, men som forskar må eg reflektere over og argumentere for tolkingane mine. Ved å identifisere normer og førestellingar og analysere innhaldet i dei, ønskjer eg å bidra til refleksjon over ideal og førestellingar knytt til barndom, plass og identitet.

Med barn i byen

4. Kvardag og tidsoppleveling i bykjernen. Langsam og aktiv familietid

Kvardagslivet til barnefamiliane i sentrum av byen, med ei særskild vekt på forståing og organisering av tid, er tema for dette kapittelet. Kva bilde skapar foreldra av bykjernen som eit bustad- og oppvekstmiljø sett i forhold til tid? Kva ideal for foreldreskap og barndom trer fram gjennom tidsorganiseringa? Desse spørsmåla gir innsikt i kva foreldra oppfattar som fordelar og ulemper knytt til kvardagsliv med barn i sentrum av ein by og kva mål dei har med barneoppsedinga, korleis dei tenker seg at barna skal verte.

Kvardagsliv er vanskeleg å gripe som ein definert storleik. Nettopp det kvardagslege og vanlege, det implisitte, at det finst rundt oss på alle kantar i mange ulike variantar, gjer at innhaldet i kvardagen er vanskeleg å avgrense og definere (Valentine 1999:48). Etnologen Jonas Frykman og filosofen Nils Gilje argumenterer for at kvardagsliv som tema gjer at forskinga vert meir kompleks, ikkje vanskelegare eller meir utvikla enn anna forsking, men "less clear-cut, less customised and harder to generalize from" (Frykman og Gilje 2003:34). Spørsmåla ein stiller seg er uløyselege. Det finst ikkje korrekte svar eller formlar som kan gi uttømmande forklaringar. "By their very nature, the problems that ethnologists work with are divergent – they point in many different directions" (Frykman og Gilje 2003:34). Med utgangspunkt i kvardagen til informantane er det mogleg å løfte fram og utforske nærare svært mange ulike aspekt ved kvardagen deira. Med denne kompleksiteten i kvardagslivet i mente, har eg vore nøydd til å konsentrere analysen av kvardagen til barnefamiliane i dette kapittelet om berre nokre få tema. Dette kapittelet dreiar seg om tid og tempo i kvardagen til barnefamiliane. Dei neste analysekapitla vil også gi innsikt i kvardagslivet til barnefamiliane, men utan å ha det som eit samlande tema.

"God tid er blitt samtidens symbol på den gode barndommen", peikar sosiologen Anne Lise Ellingsæter på (Ellingsæter 2005:318). God tid gir assosiasjonar til langsam og fredfylt tid for familieliv, som ei motvekt til stress og kav i samfunnet. Kor mykje tid ein bruker saman med barna, og kva ein gjer for dei eller saman med dei, kan oppfattast som uttrykk for at ein elskar barna sine og er gode foreldre (Hennum 2002:125). I ein avisartikkel om kva foreldre bør gjere for å vere gode nok, handlar heile tre av dei sju råda om tid og tempo. Eit ekspertpanel oppfordrar foreldre til å:

Å kjenne barnet sitt og barnets tempo. (...). Å sørge for å få tid sammen. Legge inn lommer hvor barnet får full oppmerksamhet på sine egne premisser. La det få styre

Med barn i byen

tempoet på en gåtur, eller retningen på leken. (...). Å sørge for at den tiden man har sammen, er så gledesfylt som mulig (*Verdens Gang* 25.05.05).

Foreldre si handtering av tid med barnet og opplevinga av denne tida vert slik sett fram som ein viktig ingrediens i det gode foreldreskapet. Å legge til rette for bestemte tidsopplevingar for barn og gi barnet ei forståing av tid er ei sentral oppgåve for foreldreskapet. Sosialiseringa av barn handlar om å gi barna ei forståing for den temporære organiseringa av kvardagen, lære dei å tilpasse seg skiftande tempo (Daly 2001:327). Foreldra i denne studien er opptekne av å forme tidsopplevingar i kvardagen for seg sjølve og barna. Samtalar om tid og tempo er både utgangspunkt for konkrete diskusjonar om korleis familiar bør leve og vert brukt som metaforar for gode og därlege familieliv og oppvekstmiljø, både av foreldra sjølve og i offentleg debatt.

I det offentlege ordskiftet om barndom og familieliv vert tid altså identifisert som eit problem, og på det politiske nivået vert det diskutert og innført ordningar som er meint å minske tidspresset på barnefamiliar. Innføringa av tidskonto og kontantstøtte på 1990-talet er døme på det (Danielsen 2002b). Bekymring for tidspress reflekterer diskursar som handlar om at kvaliteten i dei sosiale relasjonane vert svekka (Ellingsæter 2005:317). Tempoet i kvardagen vert ofte skulda for å øydeleggje forholdet mellom familiemedlemma. Foreldre vert skulda for å vere for lite saman med barna og på feil måte i den tida foreldre og barn har saman. Kvarden vert oppfatta som for travel og ein er uroa for om barna vert tvungne inn i eit for hektisk program (Andenæs 1995:1). Idealet for ein god barndom kan som eit svar på førestellingar om eller opplevingar av tidspress, verte å ha eit prosjekt om å bruke mest mogleg tid med barn og la barna få drive på i sitt eige tempo.

Dette kapittelet dreiar seg om tidsorganisering og tidsoppleving knytt til *familietid*, slik det vert tolka av foreldre. Omgrepet familietid er i dag ein sentral del av vestleg diskurs om familieliv og reflekterer eit ideal om ei eiga felles tidsflate med positive erfaringar av å vere saman som familie (Daly 2001:283). Familietid kan også referere til tid som er brukt vekke frå arbeidsplassen eller utanfor arbeidstida og som er forhandla om med andre medlem av familien eller hushaldet (Davidoff et al 1999:220). Familietid vert i dette kapittelet, i tråd med denne siste definisjonen, forstått som tid ein har til disposisjon for familieliv, men som også kan innehalde fortetta tid med særegne symbolske kvalitetar.

Tid kan forståast som ein fysisk storleik som kan målast presist ved hjelp av klokka, og som ein sosial storleik, som vert tolka i forhold til innhald og oppleving av tid. Det er først og fremst denne siste tydinga av tid eg vil utforske nærmare i dette kapittelet. Tidsforståingar som dreiar seg om den sosiale tida, kan delast inn på mange måtar. Tre ulike metaforar for

tidsforståingar - linja, sirkelen og punktet - gir ei fruktbar tilnærming til å forstå organiseringa av tid i familiane. Sosialantropologen Anders Johansen gjer greie for ulike tidsoppfatningar knytt til desse metaforane i boka *Tid är makt, tid är pengar* (Johansen 1984). Eg er inspirert av oppdelinga hans i ulike tidsforståingar utan at eg følgjer tett dei spesifikke utgreiingane knytt til ulike tidsforståingar. Eg koplar ulike tidsforståingar direkte til ulike eigenskapar og kapasitetar som foreldre ønskjer at barn skal utvikle. *Linja* gir assosiasjonar til den lineære tida klokketida som peikar framover, og er orientert mot framtida. I forhold til barn kan denne tidsforståinga knytast til tanken om utvikling, at barnet skal vekse gjennom utfordringar. *Sirkelen* symboliserer den sykliske tida, hendingar som skjer dag etter dag, år etter år. Denne tidsforståinga kan knytast til tryggleik rundt barnet og familien som ein ønskjer å skape gjennom faste og oversiktlege rutinar i kvardagen. *Punktet* er ein metafor for den konsentrerte handlinga eller hendinga der tida forsvinn fordi ein er oppslukt av noko. Denne tidsforståinga kan knytast til praksisar som skal gi barnet ei kjensle av fridom og kontroll over eigen aktivitet, og rom til å utvikle kreativitet. Eg vil utforske korleis forskjellige familiar knyt ulike tidsforståingar til bestemte aktivitetar og hendingar, til ulike tidsopplevingar dei ønskjer at barna skal få del i og korleis dei tenker seg at dei verkar inn på barnet.

Det første eg vil gjere i dette kapittelet er å undersøkje korleis foreldra snakkar om bustaden og bustadmiljøet i forhold til tidsaspekt i kvardagen. Val av bustad, å verte buande ein plass eller flytte vidare, kan sjåast som eit overordna val eller vilkår som set premissar for tidsbruk og organisering av kvardagen for familien. Denne innfallsvinkelen gir også innblikk i kva fysiske rammer kvardagen føregår innanfor. Eg vil også undersøkje korleis dei snakkar om den overordna stemninga og atmosfæren i nabolaget knytt til tid og tempo og analysere forteljingar som refererer til plassmytar om sentrum, forstad, bygd.

Den neste innfallsvinkelen dreiar seg om å analysere meir konkret tidsbruken i kvardagen, og refleksjonane foreldra har over den, hovudsakleg ved å undersøkje organiseringa av tid som vert omtalt som *familietid*. Eg vil skildre typiske kvardagar og kva ideal og kompromiss foreldra opplever er relevante for organiseringa av kvardagen. Eg vil særskild undersøkje ideal og praksisar knytt til ettermiddagar og helger og sjå på vekslinger mellom ulike tidsopplevingar.

Val av bustad, val av tid

Å velje bustad kan opplevast som å velje tidsregime, ifølgje fleire foreldre som eg intervjuar. Dei var opptekne av kva rytmar og tempo som prega atmosfæren i heimen og miljøet rundt

Med barn i byen

bustaden. Tidsdimensjonen vert knytt til både tempo og innhald i kvardagen. Ideen om at plassar har særskilde tempo som gir plassen karakter, er svært utbreidd og vert ofte brukt i marknadsføringa av ulike plassar (Shaw 2001:120). Ulike rytmar og tempo er attraktive for ulike menneske og ulike livsfasalar vert knytt til førestellingar om bestemte tempo; ”Storbyen er full av liv”, ”forstaden er døsig”, ”bygda tilbyr langsam tid”. Det er vanleg å tenke seg at unge vaksne vil vere der ting skjer, nybakte foreldre ønskjer å skape ein roleg oppvekst for barna, middelaldrande kan kjenne seg klare for høgt tempo og eldre menneske oppsøkjer ro og fred. Både ro og fred og fart og spenning kan oppfattast som godar. I bustadannonsar og tilbod om ferieturar vert begge desse typane av kvalitetar framstilte som ein ekstra verdi ved plassar og selt som ei vare. Når ein kjøper husværet eller ferien, kjøper ein også tempoet knytt til plassen, om det er kjapt eller sakte.

Alle handlingar skjer i ei bestemt tid og eit bestemt rom. Plass er med på å definere tid (Syltevik 2000:40). Tidsorganiseringa av kvardagen kan derfor ikkje forståast uavhengig av rom eller plass (Taylor 2003:152). Det utgjer til dømes ein forskjell om ein bruker kort eller lang tid på transport mellom heim, lønsarbeid, skule eller fritidsaktivitetar. Kvardagsliv kan forståast som lokale rutinar knytt til ein plass, som ein rutinisert romleg praksis (Ytrehus 2005). Men kvardagsliv kan også handle om å skape tidsopplevelingar som overskrid rutinar og planlegging, som verkeleggjer ideal ein har om det gode liv.

Plassar tener som symbolske og imaginære rom som framkallar kjensler og minner, som kan tilby ein ny start og representer framtida. Sosiologen Jenny Shaw argumenterer for at plass er lettare å endre enn tid.

Faced with the fact that we cannot change when we live, cannot turn the clock back, we look for alternatives. As place is easier to imagine, remember and “manage” than time, it is worked upon in the process of self-reinvention (Shaw 2001:132).

Foreldra var opptekne av plassen si tyding for familielivet. Men motsett av det Shaw hevdar, var dei også opptekne av å endre tid, ta kontroll over tida utan å skifte plass. Dei var opptekne av tempoet og tidsaspektet i kvardagen då dei snakka om bustaden sin, og fortalte om strategiar for å forme tidsopplevelingane i eigne liv og i barna sine liv. Dei snakka om kjenslefylte opplevelingar av tid og argumenterte i forhold til det dei oppfatta som ei praktisk organisering av kvardagen.

Det praktiske som verdispørsmål

Kva ein oppfattar som praktisk, handlar om kva verdiar ein har. For foreldra eg intervjua handla det praktiske om kva for eit familieliv dei ønskjer seg. Ved å leggje stor vekt på dei tidsøkonomiske aspekta ved organisering av kvardagen, peikar foreldre til dømes meir på kvalitetane ved strøket og området enn ved sjølve bustaden. På grunn av økonomiske rammer vert ein ofte tvinga til å velje mellom ulike verdiar, ein får noko og må gi avkall på noko anna. Det praktiske og effektive, det sunne og gode står i forhold til spesifikke forståingar av innhaldet i orda. Det som er praktisk for nokre, har lite å seie for andre.

Det var eit alvorleg val for Dina og Dag då dei skulle kjøpe bustad: "Det å velje ein plass å bu, ein plass der vi skulle leve, det var veldig vanskeleg. (...). Livet kjem av seg sjølv det, det er ikkje noko ein kjøper i pakke". Dina snakkar her om val av bustad som eit val av livsstil, samtidig insisterer ho på at livet kjem av seg sjølv, vegen vert til medan du går. Det opplevde ho sjølv under bustadjakta. Men nettopp ved å peike på at akkurat det livet ein ønskjer seg ikkje kan kjøpast i ein pakke, viser ho til at ein likevel kan ha tankar om å gjere det. Dina set likskapsteikn mellom plassen å bu på og det livet ho ville at familien skulle leve. Bustaden er ikkje berre ein plass å bu på, men eit utgangspunkt for eit kvardagsliv og ein livsstil.

Sidan Dina og Dag hadde bestemte draumar om korleis dei ville leve, vart det vanskeleg å finne ein bustad som oppfylte krava dei sette. Dei såg etter ein plass som kunne verkeleggjere ideala deira om ein god oppvekst for barna. Då dei etter eit år med intens leiting fann huset dei no bur i, var det ikkje perfekt ut frå alle krava dei hadde sett, det låg for nær byliv og støy og dei hadde tenkt seg ein større hage. Men huset oppfylte dei viktigaste krava deira: "Vi ville bu ved sjøen og ved fjellet og i byen. Akkurat dei viktige tinga vi sette pris på. Friluftsliv og byliv". Familien bur no slik til at dei både har det stille og rolig rundt bustaden, samtidig som dei kan gå eller sykle til alle kulturtildoda i sentrum. Dei har sterke ideal om at barna skal oppleve natur på nært hold, og framhevar det landlege og rolege rundt bustaden. Det er altså ikkje bypreget ved bustadmiljøet Dina legg vekt på. Dei set pris på det pulserande livet i byen og er glade over å kunne gå til sentrum, men vil helst ha det på litt avstand frå heimen.

Det er ikkje alle som traktar etter den roa som Dina og Dag ønskjer seg og opplever at dei har. Turid og Trond trives godt i husværet som dei flytta inn i for nokre år sidan, i ein bygard sentralt i byen. Men dei ønskjer å flytte innan eit par år fordi dei vil eige heller enn å leige. Dessutan har dei lyst på litt betre plass, i dag må dei to barna dele rom. Dei er ikkje heilt einige om kor dei eventuelt skal flytte.

Med barn i byen

TURID: Eg likar blokker og bilar og menneske og lydar. Eg trivest betre med å bu i ei blokk og høyre naboane, enn å bu på landet og ha det heilt stille og fredeleg.

HILDE: Men du då? Korleis plasserer du deg i dette? Er du eit bymenneske?

TROND: Ja, eg er jo det då, men eg likar meg mykje betre ute på ein båt langt ut på havet, stille og roleg.

Turid likar det bymessige med byen, bråket, menneska, å vere nær aktivitetar og hendingar, der det skjer noko. Ho saknar ikkje nærliek til natur og ønskjer ikkje å ha det stille eller roleg rundt seg. Ho er derfor tilfreds med å bu tett på andre menneske, i eit bustadmiljø der det kan vere vanskeleg å skape seg private rom utandørs. Trond har vakse opp i blokmiljø i Bergen og har gode minner frå barndommen der. Men han syntes det var ekstra stas då han som liten gut fekk dra på besøk til ein familie som budde på landet.

HILDE: Så forstod eg jo at du er oppteken av nærliek til natur og sjø og fiske og dei tinga...

TROND: Det har eg lyst til at ungane mine skal få oppleve, liksom. Eg har berre budd i kommunale leilegheiter hele livet mitt. Så eg kom ut til det huset då, på landet, og der hadde dei båt og naust, han som budde der var fisker. Så det har eg lyst til at ungane mine skal oppleve, vere ute i båt og fiske og dra opp fisken sjølv og sette tener og ligge på stranda og kose seg. Ha det fritt og gjere kva dei vil.

TURID: Ja, det er jo ting eg har vakse opp med, budd i nærliken av badestrand og skog og alt sånt som han vil. Men eg likar meir by sidan eg ikkje har vakse opp sånn, så det kan hende det har noko å seie.

Trond trekk fram ein romleg fridom knytt til å bu på landet, å kjenne seg fri og kunne gjere som ein sjølv vil fordi det er plass til det. Turid som har budd store delar av barndommen på landet, meiner at der skjedde det ingenting, den romlege fridommen kunne dermed ikkje brukast til noko. Turid peikar på at det som var eit sakn i barndommen, kan verte attraktivt i det vaksne livet. Men for andre er det omvendt; omgjevnadene frå barndommen vert ideal for kva ein vil tilby eigne barn. Turid og Trond viser kor store forskjellar det kan vere mellom ektefellar og sambuarar i synet på kva som er det beste, mest praktiske og gode bustadmiljøet med barn. Både Dag og Dina og Turid og Trond opplever at rommet for å velje bustad også er avgrensa av økonomiske spørsmål. Dag og Dina eig eit hus med hage sentralt i byen som dei er fornøgde med, sjølv om dei skulle ønskt det var større, dei kan gå til ein badeplass, dei har bil og hytte på fjellet. Turid og Trond leiger ein leilegheit med balkong og meiner det mest vil vere umogleg for dei å kjøpe eit husvære i nærliken av bustaden. Dei har ikkje bil eller hytte og må gå eit godt stykke for å kunne bade.

Mange informantar var opptekne av å bu ein plass der dei kunne drive både med byaktivitetar og oppsökje naturopplevelingar. Nokre var svært opptekne av at sentrum av byen

var eit godt utgangspunkt for naturopplevingar, og at sjølve bustaden låg fredeleg og roleg til. Ein mann var fornøgd med å kunne seie at ”Her har vi det så landleg som det går an i Bergen”. Andre var lite opptekne av det og framheva dei meir urbane sidene med å bu i byen. Trass i dei ulike ideaala, delte informantane oppfatninga av at nærleiken til sentrum av byen var eit gode. Mest for seg sjølve, men også for barna. Det fredelege og rolege, det bråkete og urolege er attraktivt alt etter augo som ser, og nokre ønskjer seg begge deler på ein gong.

Ein tidsøkonomisk kvardag

Svært mange av informantane framheva nærleiken mellom ulike aktivitetar i kvardagen som eit praktisk argument for å bu sentralt i byen med barn. Dei formidla at dei dermed sparte tid som dei elles ville brukt på biling eller offentleg transport, og at den sparte tida kunne brukast til å få ein rolegare kvardag enn dei elles ville hatt. Gry og Gunnar trekk fram mange ulike ting dei likar med å bu sentralt i byen, men framhevar særskild dei praktiske og sosiale aspekta:

HILDE: Når de er så sikre på at de vil bu her, kva er alle grunnane til det?

GRY: Godt miljø, nær byen, skulen, alt rundt, det er jo derfor vi bur her. Viss vi ikkje likte naboane, så hadde vi jo ikkje hatt noko her å gjere.

GUNNAR: (...) Vi har begge to jobba i sentrum av byen, og barnehagen ligg 150 meter vekk, skulen ligg 300 meter bort, og idrettshallen ligg 500 meter den vegen, så det har vært utrolig effektivt. Mandag til fredag frå oktober til mars er jo eigentlig berre eit praktisk spørsmål om å få kvardagen til å rulle, så då har det vore utroleg effektivt å bu her. Det er veldig enkelt i barnehagen, på jobb, til aktivitetar, til butikken. Ingen biling, bussing, køing. Det har vore ideen med å bu sånn. Nå fell jo det, i og med at eg pendlar kvar dag, men det har i alle fall vore den ideologiske overbygningen for å bu slik. Og der ligg det jo også litt miljøaspekt.

GRY: Det er feil å si at det ligg ein ideologisk overbygning i å bu sånn, for det var veldig tilfeldig at vi hamna her, men alle dei tinga har vi vært veldig glade for: at det har vore så lite problem med dei praktiske tinga.

GUNNAR: Ja, men det er jo sånn at ein bygger seg ikkje dei ideologiske overbygningane og gjer eit val etter det. Ein gjer eit val, og så finn ein at ideologisk går dette bra.

Gunnar og Gry diskuterer kva som kjem først eller sist, den ideologiske overbygninga eller valet om kor ein skal bu med påfølgjande argument for å forsvare det valet ein alt har teke. Mange av foreldra fortel at dei set stor pris på element ved bustaden og bustadmiljøet som dei ikkje kjende til då dei tilfeldigvis hamna der dei bur, eller tok valet om å busetje seg der. Opplevingane av korleis det er å bu på ein bestemt plass verkar inn på kva planar ein legg for framtida. Grunnane for å flytte til ein plass og argumenta for å verte buande er derfor ofte forskjellige. Argumenta for eller mot flytting er samtidig vevde inn i kvarandre, og mange par

Med barn i byen

hadde vanskjer med å rangere grunnane til at dei hadde flytta til eit område. Grunnane til å verte verande var kanskje meir tydelege. Dei kan oppsummerast i opplevinga av ein praktisk kvardag og trivsel i nærmiljøet (Danielsen 2005:85). Mange av informantane fortalte at å busetje seg sentralt hadde ei praktisk forankring, i tillegg til kulturelle og sosiale grunnar.

Dag og Dina hadde eigentleg tenkt å flytte på landet, men etter intens leiting etter eit småbruk gav dei opp og kjøpte heller hus sentralt i byen.

DINA: Alle dei plassane vi fann på landet, der var det kjempelang skuleveg og arbeidsveg og vi ville jo fortsette å jobbe begge to. Og då bruker du all tida di på å køyre bil til og frå skule og barnehage og jobbar og venner.

Ein tidsøkonomisk kvardag kan foreine ønskjer om at begge foreldra skal ha lønsarbeid med å ta ansvar for barn. Ved å unngå lange strekningar med biling kan ein vinne tid både til lønsarbeid, fritid og venner. Den sparte tida i kverdagen kan slik brukast til andre ting enn barn, sjølv om mange foreldre legg stor vekt på at effektivitet i kverdagen kjem barna til gode.

Å unngå rushtrafikk og biling vert av fleire informantar framstilt som ein praktisk tidsstrategi for å kome tidlegare heim til familien. Det negative ved rushet er opplagt at det inneber uønska bruk av tid, men kanskje vert det negative ved rushet forsterka av mangelen på kontroll over tid som rushtrafikken fører med seg. Foreldra kan ønske å sleppe unna tidsregime knytt til arbeidslivet når dei har høve til det, for å skape ei eiga tidsoppleving.

Forskringsresultat basert på ei kvantitativ undersøking av preferansane for val av bustad blant befolkninga i Oslo, Trondheim og Bergen, tyder også på at praktiske argument er svært viktige for sentrumsbuarar i norske byar (Bjørnskau og Hjorthol 2003). Sosiologane Randi Hjorthol og Torkel Bjørnskau undersøkte kva motiv deltakarane i undersøkinga hadde for å velje indre eller ytre bydelar som bustadmiljø (ibid. og Hjorthol 2003). Dei som budde i ytre bydelar svarde oftast tryggleik for barn som grunn til å busetje seg der. Etter det nemnde dei det å bu skjerma frå trafikk og storleik på bustaden. Dei som budde i indre bydelar svarde oftast at dei ønskte å gå og sykle til dei daglege aktivitetane, nesten like mange la vekt på nærleik til sentrum og ein fjerde del la vekt på nærleik til arbeid. Desse tre motiva kan tolkast som uttrykk for at bebuarane i indre by legg vekt på at bustaden er praktisk i forhold til å nå dei aktivitetane og tilboda dei ønskjer eller treng (Bjørnskau og Hjorthol 2003:188). Det som Bjørnskau og Hjorthol knytta til urbane kvalitetar, som eit variert tilbod av kultur, underhalding og kaféliv, vert langt sjeldnare nemnt som eit motiv for bustadval.

I den daglege organiseringa av kvardagslivet der dei fleste vaksne er yrkesaktive, blir lange avstandar mellom bustad og arbeid oppfatta som negative, fordi ein ikkje ønskjer å

bruke tid i bilkøar eller i kollektivtrafikken. Reduksjon av avstandar, frigjering frå bilbruk og nærliek til kulturelle og sosiale tilbod gjer at kvardagslivet vert lettare å organisere. Feminiseringa av arbeidslivet har vore med på å auke tydinga av desse faktorane. Når både kvinner og menn har lønsarbeid, vert det mindre attraktivt å bu langt frå arbeidsplassen enn om berre eit menneske i hushaldet må reise til arbeid kvar dag. Hjorthol fann i ei undersøking om reisevanar at foreldre, og særleg mødrer, opplevde at det var tidssparande å bu sentralt fordi avstandane var korte, og at eldre barn kunne kome seg rundt sjølvve slik at foreldra slapp å køyre dei (Hjorthol 2002). Det kan knytast til at kvinner i større grad enn menn har ansvaret for den daglege organiseringa av kvardagslivet i barnefamiliar i Noreg (Ellingsæter 2004:150, Syltevik 2000:101).

Foreldra koplar val av bustad nær sentrum til praktiske fordelar i forhold til tid og fortel om bestemte omleggingar i kvardagslivet for å få betre tid til barn og familieliv. Dei ønskte å skape ein kvardag der verken dei eller barna opplever at dei har for lite eller for dårlig tid. Foreldra snakkar om tid som prioritering mellom lønsarbeid, individuelle aktivitetar og familieliv og mellom ulike aktivitetar innan familien. Tid vert slik til ein knapp ressurs i forhold til mengde og kvalitet som kan disponerast på meir eller mindre gunstige måtar. Idealet er å vere mest mogleg saman med barna på ein best mogleg måte. Å argumentere for at val og praksisar knytt til familielivet gir kvantitativt meir eller kvalitativt betre tid til barn eller familieliv, har stor retorisk kraft. Ein gjer dermed noko som vert rekna for å vere moralsk høgverdig.

Atmosfæren i sentrum: Roleg og aktiv

Når foreldra snakka om val av bustad og bustadmiljø, var dei ikkje berre opptekne av å skaffe seg meir tid gjennom ein tidsøkonomisk og effektiv kvardag. Dei framheva også at sentrum av byen representerer eit eige tempo og ein atmosfære som dei finn tiltrekkjande. Byen og det urbane vert ofte forbunde med raskt tempo, mange inntrykk, kontrastar og endringar. Dette kan oppfattast som attraktive eigenskapar, men kan også vendast til at byen er ein plass med jag og mas. Mange av foreldra utfordrar bildet av sentrum som ein rastlaus plass med høgt tempo. Dei framstiller det å bu i sentrale delar av byen som ein måte å skaffe seg roleg tid på ved å kunne gå i kvardagen, sleppe rushet og ha korte fysiske avstandar til aktivitetar i kvardagslivet. Dei la vekt på at dei budde i eit fredeleg og trygt område og at dei levde eit stabilt og roleg familieliv. Jenny, mor til to gutter på sju og ni år, såg nærliken til sentrum av byen som eit gode ved bustaden. Samtidig framheva ho at heimen var tilbaketrekt frå larmen i byen:

JENNY: Det er eit bustadstrøk her, det er ikkje som å bu i sentrum, det er på ein heilt anna måte. Det er ingen bilar her, ikkje noko bråk og tull og veldig roleg og greitt.

Jenny gir her eit bilde av bustadmiljøet som eit eige område med ein annan rytme enn sentrum. Mange av foreldra omtalte bustadmiljøet sitt på denne måten, trass i at dei budde i område som kan karakteriserast som bykjernen av Bergen. Kva ein oppfattar som bysentrum varierer i forhold til kor ein sjølv bur. Andre ville kanskje ha omtalt området som Jenny bur i som ”nede i sentrum”, fordi ho brukar under ti minuttar på å gå til Torgalmenningen i Bergen. Nokre kan oppfatte bustadområdet hennar som bråkete fordi det bur mange studentar i nærleiken (og studentar vert skulda for å feste høglydt). Andre vil kunne oppfatte området som utrygt fordi tunge rusbrukarar har fast tilhald like i nærleiken av bustaden. Påstanden om at det ikkje finst bilar rundt bustaden kan diskuterast. Like ved bustaden til Jenny og familien er det lite trafikk og skulevegen til barna hennar er skjerma frå bilar, men tung trafikk passerer berre eit par minuttar i gåavstand frå bustaden. For Jenny er området likevel akkurat slik ho vil ha det; nær sentrum, men ikkje for nær. Det er ”rolig og greitt”, verdiar som vert rekna som gode oppvekstforhold for barn. Å seie at noko er roleg og greitt vert eit teikn på at noko er bra for barn. Det gir assosiasjonar til det trygge og gode.

Nokre foreldre snakka om ei særeigen roleg og avslappa tidsoppfatning kopla til å bu nær sentrum av byen, gjerne i kontrast til korleis dei meiner folk har det andre plassar. Svein legg vekt på at bylivet ikkje er så stressande som bygdefolk trur det er. ”Vi har for eksempel aldri dytta ungane inn i ein bil før vi har måttu suse av garde til skole og barnehage. (...) Det må dei gjerne ute i distriktet”. Svein ser for seg at folk i grisgrendte strøk brukar meir tid på transport, noko dei er glade for å sleppe sjølve. Både Svein og Sigrid set pris på høve til å kunne gå og sykle i kvardagen og sleppe å bruke bil med mindre dei skal reise ut av bykjernen. Dei meiner at dei dermed brukar kortare tid på transport samtidig som tidsbruken vert meir avslappa.

Gunnar meiner at folk i sentrum av byen har betre tid enn dei som bur i ein forstad. ”Her er ingen som har mykje pengar, men her er veldig mykje ressursar, frie yrker, det er ikkje den klokkestrengen heile tida”. Han lagar eit bilde av forstaden der folk har därleg tid og spring mellom jobb og barnehage. Gunnar har sjølv ikkje eit fritt yrke, både han og kona har kontorjobbar. Men han meiner at opphopinga i sentrum av menneske med frie yrker gjer noko med stemninga i nabolaget:

GUNNAR: Venner av oss i gata fortel at dei hadde barnehage i ein forstad før, no har dei barnehage her. Og de seier at det er to heilt forskjellige verder. I forstaden stod folk og klorte i lakken på døra klokka halv åtte, skulle hive ungane inn, og så kom dei springande halv fem for å få ungane ut før de stengte. Her kan du komme klokka halv ni, og det kan være tre-fire barn her, så kommer du og hentar de igjen klokka tre og så er det tomt igjen. Det seier jo noe om, ikkje velferda, men det seier noe om fleksibiliteten, tida, overskotet av tid, kor fleksible vi er på tid. Så det er veldig mye sånn frie yrker.

Motsetninga mellom stress og jag i forstaden og ro og fleksibilitet i sentrum skapar eit bilde av sentrum som eit god plass for barn. Fleksibilitet på tid vert sett fram som ein ressurs, eit gode i omsorga for barna og som eit kjenneteikn knytt til mange av dei som bur i nabolaget til Gunnar og som er med på å skape ein avslappa atmosfære. Han ser fleksibiliteten som eit utslag av at mange har såkalla frie yrker der dei delvis bestemmer over tidsbruken sjølv. Overskot på tid og kontroll over tid verkar her som eit knapt gode, som noko eksklusivt. Det vert slik ein markør av status; nabane til Gunnar har ikkje mange pengar, men dei er ressursrike på andre vis.⁴⁰ Fleksibilitet og kontroll over eiga tid verkar som ein ettertrakta kvalitet for dei vaksne. Denne kvaliteten kjem også barna til gode fordi foreldra har høve til å skape ei avslappa stemning rundt barna.

Bildet av det rolege sentrum og den travle forstaden kan kontrasterast til bildet av det livfulle sentrum og den døsige forstaden. For nokre heng det rolege saman med det kjedelege og lite utviklende, og eit kjapt tempo i byen vert dermed positivt for barn. *Dagsavisen* hadde eit oppslag om at "bybarna er flinkest" med referanse til eit forskingsprosjekt som viste at barn i byen hadde betre karakterar i ungdomsskulen enn barn som budde på tettstader eller i bygder (*Dagsavisen* 17.11.02). Oppslaget vart følgt opp med eit intervju med urbanisten Erling Fossen der han hevdar at barn i byen tenker kjappare enn barn på landet: "Jeg merker det på sønnen min. Når han kommer ut på landet, klager han over at folk prater så sakte. "Alt går så sakte her", sier han. Og han er seks år gammel" (ibid.). Fossen har tre forklaringar på at barn i byen er flinkare enn barn på landet. For det første at fleire foreldre har høgare utdanning, og for det andre at nivået på lærarane er høgare i storbyane. Den tredje forklaringa er at barn i byen får langt fleire impulsar i kvardagen:

⁴⁰ Gunnar sin observasjon av at det bur mange menneske med frie yrke sentralt i byen stemmer med funna frå Hjorthol si undersøkjing av bybefolking i Noreg. Ho finn at yrker som vert kalla for "fritt erhverv" har ei klar sentrumslokalisering i dei tre største byane i Noreg. Denne yrkeskategorien inkluderer den "nye serviceklassen" innan kunnskaps- og tenesteproduksjon, som i følgje internasjonal gentrifiseringsforskning merkar seg ut med å ønskje urbane tilbod (Hjorthol og Bjørnskau 2005:14).

Med barn i byen

Sønnen min møter flere mennesker på vei til skolen om morgenen enn barn gjør i løpet av hele skolegangen i de minste kommunene, hevder Fossen. Når mange impulser må bearbeides i høy hastighet blir barna smarte. –Jo flere inntrykk ungene får, desto fortare må de tenke for å takle alle sammen. Da får man ganske svær nepe til slutt, sier Fossen (*Dagsavisen* 17.11.02).

Slik Fossen legg det fram, er det moralsk høgverdig å gi barn ein oppvekst i byen. Fossen lagar her ei førestelling om at livet på landet går sakte, og at barna dermed vert trege. Mange impulsar vert rekna for å vere bra, tid der ingenting skjer verkar uheldig. Han snur om på verdihierarkia for ein god barndom; kjapt tempo vert positivt heller enn negativt.

Omvendte adjektiv, det rolege og det kjappe, kan slik brukast til å karakterisere dei same plassane. Sosiologane Marit Haugen og Mariann Villa har forska på ungdommar som bur både i by og i bygd om deira førestillingar om oppvekst på landet (Haugen og Villa 2003). Ungdommane ser på bygda som ein god plass for barn å vekse opp, og trekk fram som positivt at tempoet er rolegare enn i byen. Det som Fossen meiner er negativt, ser desse ungdommane altså som positivt. Måla for barndom kan også vere ulike, Fossen ønskjer smarte barn, andre legg kanskje meir vekt på å skape trygge barn.

Vera og Viggo som flytta frå ein forstad og til sentrum av byen då barna var små, opplever at folk i sentrum har eit kjappare tempo enn folk i forstadar. Dei meiner til dømes at foreldre i byen er særskild aktive i forhold til barna sine.

VERA: Vi har vært veldig aktive i foreldrearbeidsutvalet. Eg veit ikkje, det er kanskje feil, men eg har ei førestelling om at foreldre som bor rundt i byen, er meir aktive med barna sine, enn utanfor byen. Slik føler eg det i forhold til dei som eg snakkar med, kollegaer og sånne som bor utanfor. Eg føler at vi og vennene er meir aktive då, at vi gjer fleire ting.

VIGGO: Særleg familien også gjer ting.

VERA: Ja. Det kan hende at det er andre som er det også, men vi har jo veldig stor omgangskrets då. Eg veit ikkje om det har med at ein bur urbant, har vore flink til å møte... Eg veit ikkje om det er annleis andre plassar, men eg er veldig fornøgd. Eg kunne ikkje tenke meg på nokon måte å flytte ut av byen, på ingen måte, uansett om det kjem eit draumehus.

Det *aktive* er det positive her, både som eit ideal for familieliv og som eit ideal for korleis foreldre bør oppføre seg. Forskjellen mellom sentrumsbuarane og dei som bur utanfor byen, handlar her om at sentrumsbuarane er meir aktive enn forstadsbuarane og at sentrumsforeldra gjer fleire ting saman med barna sine. Vera presiserer fleire gongar at ho kanskje tek feil, men at dette er noko ho har merka seg gjennom eigne erfaringar. Sjølv ikkje eit "draumehus" kan vege opp for verdiane ho opplever at strøket i sentrum av byen tilbyr. Ho assosierer seg med aktive og synlege foreldre som engasjerer seg i skulen, og tek barna med på aktivitetar.

Viggo sluttar opp om denne haldninga med å presisere at familien gjer ting saman. Verdiane dei set fram er å ha eit innhaldsrikt kvardagsliv fylt av mange aktivitetar og ein stor omgangskrins.

Sentrum av byen verkar meir aktiv og meir roleg på ein gong, avhengig av verdiane til dei som uttrykkjer seg og av kva sider ved kvardagen dei fortel om. Det rolege kan handle både om lydar, om tempo i kvardagen og om korleis atmosfæren i strøket er. Det aktive kan handle om korleis menneska er og kva høve det er for å realisere verdien om å vere aktiv. Ordet aktiv peikar mot å vere skapande, gripe fatt i dei opningane som finst til å forme, gjere, utrette. Å vere aktiv er ein verdi blant foreldra. Aktive foreldre engasjerer seg i barna sine, er involverte i kvardagen og utviklinga til barnet. Men det aktive medfører ein risiko for å få det travelt. Verdiane om å skape eit roleg og eit aktivt familieliv står potensielt i konflikt med kvarandre, og praksisar knytt til realiseringa av det rolege og aktive kan trekke i ulike retningar. Men det aktive og rolege kan også sameinast som verdiar som trekk i same retning. Eit roleg tempo i kvardagen kan nyttast til å vere aktive i forhold til barna og familien.

Fred og ro og trygt og godt er verdiar foreldra i denne studien strekk seg langt for å oppfylle, eller omtolke til at dei har oppfylt i forhold til barna. Desse uttrykka kan definerast som sentrale kategoriar i den norske samtidskulturen, som vert brukt til å rettferdiggjere og påverke handlingar (Gullestad 1989, Villa 1999). Trygt og godt er ein etablert sosial konstruksjon av bygda som overlever trass i motførestellingar, nyanseringar og alternative sosiale konstruksjonar (Villa 1999:32).⁴¹

Mange av foreldra i sentrum av byen framheva kor roleg og fredeleg dei hadde det rundt seg, samtidig som dei bekymra seg for trafikkforhold og bråk. Men det var også foreldre i byen som likte det konfliktfylte og bråkete/spennande ved bylivet. Fred og ro kan knytast til det stivna og kjedelege og slik avvisast som ei lite utfordrande ramme for familieliv. Idealet om ro og fred rundt barna inneber ein tanke om å skjerme barna for bekymringar og fare. Men ved å utelukkande basere seg på eit slikt ideal kan ein meine at ein står i fare for å skjerme barna frå for mykje, slik at reelle livsvilkår vert usynlege (Andenæs 1995:69). Foreldre ønskjer å skape barn som gradvis kan styre meir av sin eigen dag sjølve og balanserer derfor mellom å skjerme og verne barna og å la dei utvikle seg til å verte sjølvstendige og kompetente.

Foreldra i denne studien la vekt på noko dei opplevde som felles mellom sentrum av byen og bygda, og det var opplevinga av å ha det trygt og godt. I Noreg symboliserer bygda

⁴¹ Ho byggjer denne tolkinga på livshistoriske intervju gjort med 47 personar som er busette i bygdekommunar.

Med barn i byen

ofte det nasjonale særpreget og nostalgitiske førestellingar om det gode liv på landet (Gullestad 2002, Villa b 1999). Landsbygda vert forstått som ein avslappa plass der folk følgjer rytmene i årstidene heller enn endringane i børsmarknaden, der folk har meir tid til kvarandre, der dei kan finne seg sjølve, sitt eige tempo og leve i pakt med naturen (Villa 1999 a). Undersøkingar tyder på at koplinga mellom fred og ro og livet på bygda påverkar menneske sine val om å flytte til bygda (Villa b1999:47). Å ha oversikt og å kjenne seg trygg vart ofte forstått i motsetning til slik det er i byen, og brukta som ei grunngjeving av kvifor ein har valt bygda som bustad framfor byen. Særskild verdi vart denne tolkinga gitt av foreldre som hadde små barn, som ei forklaring på kvifor dei flytta til bygda. Gjennom denne avhandlinga har foreldre som bur i sentrum av byen framstilt bylivet på same måte, som ein trygg og god, fredeleg og roleg plass for familieliv. Idylliseringa omkring både bygdeliv og byliv kan tolkast som behov for å skape symbolske kvalitetar som svarar til ideal for det gode liv. Nokre la stor vekt på at dei hadde det fredeleg og roleg, andre la meir vekt på at dei levde i spennande og pulserande omgjevnader. Men opplevinga av eller ønsket om det trygge og gode sameinte dei ulike foreldra i større grad enn idealet om det fredelege og rolege.

Fleire av informantane snakkar om sentrum av byen som ein plass der foreldre har tid til å leve ut i praksis verdien om å vere saman med barna sine. Felles for foreldra eg intervju, ungdommane i undersøkinga til Haugen og Villa og urbanisten Fossen er at dei assosierer bestemte plassar til bestemte rytmar. Dei har tankar om at bestemte tempo er meir gunstig enn andre for barn, sjølv om dei har ulike syn på kva som er positivt og negativt. Dei fleste foreldra eg intervju verdsette det rolege rundt barna, nokre sette pris på det kjappe tempoet medan andre var opptekne av høve til å veksle mellom ulike tempo. Tidsopplevingar knytt til det rolege, trygge og kjende i kvardagen (sirkelen) og tidsoppfatningar knytt til eit tempo som driv handlingar framover (linja) og sørger for utvikling, er viktige argument for å å trivast i sentrum av byen. Men foreldra argumenterte også i forhold til den punktvise tidsoppfatninga.

Baluba i byen

Mange foreldre refererte til ei oppleving av sentrum av byen som handla om å vere nær der det skjer eller vere ein del av det som skjer. Nokre av dei strevde med å forklare meir konkret kva dei la i dette. Men skildringane deira minnar om den punktvise tidsoppfatninga, om augneblinkar av å kjenne fellesskap og fridom gjennom opplevingar av byen.

Lars kunne ikkje tenke seg å flytte ut av byen, mellom anna fordi han likte kjensla av å vere nær sentrum av byen.

HILDE Men kva er det med å vere nær sentrum som du set pris på?

LARS: Det er å være i nærleiken av der det skjer, eg kan ikkje utdjupe det meir.

HILDE: Kva er det som er kjekt med å ha den nærleiken som du no har?

LARS: Eg er vel fleksibel til det meste.

HILDE Ja, som kva?

LARS: Ikkje spør så vanskeleg, eg har ikkje svar til deg, nei.

HILDE: Nei. Men du vil ha høve til å vere med på ting som skjer i byen?

LARS: Eksempelvis, men no er jo ikkje vi dei som er mest flinke til å vere med på dei tinga som skjer i byen, men det hender.

HILDE Men for eksempel, du nemnte dette med båtar? Viss det skjer noko i byen, store festivalar med ting og tang, brukar de vere med på det?

LAILA: Jada.

LARS: Alle sånne ting er vi med på. (...). Alt som er litt liv og røre.

Lars har vanskar med å setje ord på kva det er med bynærleiken han set pris på, han kan ikkje gi ei rasjonell forklaring på kvifor han likar det. Dessutan kan det vere vanskeleg å forklare fordi han ikkje er ”flink til å vere med der det skjer”. For Lars kan det sjå ut til at høve til å vere nær der ting skjer, ha valet, verkar like viktig som å delta i det. Laila skildrar gleda ved sentrumsnærleiken med å skildre turane ho går gjennom byen om sommaren:

LAILA: Det er jo konserter på Torgalmenningen kvar einaste laurdag heile sommaren, og rundt omkring, er det små grupper som sitter og spelar, det pulserar jo, du kjenner jo pulsen på dette. Og du skal jo ikkje lenger vekk enn inn med jernbanen, så er du utanfor det som skjer. Tida i mai og juni, det er jo berre herleg, når det er fint vær og turistar og båtar og liv i byen. (...) Eg likar å vere der som nytar, at det pulserer rundt meg, og å gå rundt og sjå folk.

Lars og Laila ser ut for å ønske liv og røre for eigen del og koplar ikkje det til noko dei synest er viktig å oppleve for barna. Å vere ein del av byen, kjenne seg som eitt med den, med folka, rørlene og livet i byen.

Mange av foreldra fortel om gode opplevingar av å vere ein del av byen. Vera og Viggo opplever at dei må bu nær sentrum, det er ikkje lenger eit val for dei. Dei har lagt seg til vanar i kvardagen som dei ikkje er viljuge til å gi slepp på.

VIGGO: Vi har fridom, vi kan når vi vil... Om dagen når eg er fri (...) eg går til byen, vi går mykje på kunstgalleri og på utstillingar, kaffibar, aktivitetar i byen, den slags. (...). Vi gjer byting, altså vi går gjerne ut, på fjellet eller på gata, men vi går mest turar rundt byen, faktisk, ser på gamle hus, inni smau, og menneske, bevegelse.

VERA: For eg må seie at eg kunne ikkje flytta i eit rekkehous og ikkje ha menneske som går forbi huset mitt, for meg er det viktig. Her er det alltid folk som går forbi.

VIGGO: Ja.

VERA: Altså, ikkje som du kjenner. Men det er nokon utanfor, det er turistar som kjem her, som du snakkar med, folk som kjem ut og sit på benken utanfor hos deg.

Med barn i byen

Her passerer buekorpset forbi huset vårt, noko som er kjempeviktig, eg kjenner at hjartet hamrar. Akkurat den tingen ville eg ikkje vore utan.

Vera og Viggo er samstemte i sin kjærleik til byen. Viggo trekk fram fridom, Vera tryggleik knytt til rørsla og menneska i bylivet. Menneska er tiltrekjande med sentrum, både den anonyme mengda og naboar og venner i strøket. Framande som passerer forbi inngangsdøra er velkomne. Byen er attraktiv som ein konsentrasjon av menneske og rørsle, ein flyt av inntrykk som appellerer til kjenslene, som får hjartet til å slå, kroppen til å kjenne at den lever.

VERA: Det sentrumsnære tiltrekker, også det vakre, det estetiske synest eg, som han seier med bygningar, det er veldig viktig at det er noe fint å sjå på og at du ser sjøen er veldig viktig for meg, det syns jo du også er viktig?

VIGGO: Det er viktig.

VERA: Også larmen i byen, at du høyrer dei lydane, vi høyrer bylarmen, og det synest eg er deilig. På jobben hos meg seier dei ”Å, det er så deilig å vakne opp til fuglekwitter, og ut på terrassen med ein kopp kaffi”. Natt til 17.mai for eksempel, så er det eit heilt spetakkel her, men eg synest det er heilt skjønt, eg synets det er skjønt å høre at ting lever. Og viss vi skulle hatt ein einebustad utanfor byen og sitje åleine, så ville eg følt meg veldig einsam. (...) Og kanskje vore litt engsteleg, faktisk.

Bylarmen gir ei kjensle av å vere ein del av noko større, av å høre saman med nokon. Dei ukjende menneska som dannar bylivet skapar tryggleik for Vera. Ein frittliggjande einebustad utanfor byen, ein draum for nokre, verkar isolert og utsyn for ho.

Nokre av foreldra set pris på nettopp det urbane med byen, dei offentlege romma, kafeane, musea, kulturarrangementa. Dei vil ikkje berre vere i nærleiken av der det skjer, men også vere med der det skjer. Gunnar synest at det er deilig å bli inn som ein del av byen:

GUNNAR: Eg trur jo at vi forbind det (byen) med noko positivt meir enn andre, for vi er jo ein del av byen, medan dei som bor på utsida har jo et litt sånn anna forhold til byen. I alle fall då eg jobba i byen, så var jo byen der du kjøpte blomster til madammen, og det var der du kjøpte fisk på torget, då brukte vi jo byen. Eg huskar når eg jobba i byen, at eg gjorde det til ein vane å ta med bergensavisene på vegen heim, sånn at eg kunne gå over Torgallmenningen mens eg leste avis. Eg syns det gav meg ei sånn kontinental kjensle. (...). Det var ein sånn identitetsfaktor. Det var jo heilt tussete sjølvsgått, men det gav meg ei kjensle av å være ein del av byen. Og det syns eg var utruleg gjevande (ler).

Å lese avis, symbolet på siste nytt, medan han spaserer gjennom hjarta av Bergen, gav Gunnar ei kjensle av å vere del av det som skjer, av å vere med i ein straum av hendingar han kjenner seg som ein del av. Denne opplevinga av ei konkret tid og eit bestemt rom fører til at han kjenner seg del av eit større tid og rom, ”ei sånn kontinental kjensle”. Å vere del av byen

kan opplevast både som å vere del i tid og rom og å oppheve kjensla av tid og rom. Gunnar fortel om å la seg oppsluke av byen, verte ein del av rytmen i byen.

Det attraktive med byen kan vere dei kjappe vekslingane mellom det fredelege og det spennande:

GUNNAR: Det er veldig fredeleg her og, tross alt vi bur jo midt i byen, og vi kan sitje her laurdags formiddag, og det er så stille, masse ungar som leikar. Men det er: ja, skal vi ta ein liten tur til byn, ja kanskje det. Så ruslar vi sånn fem minuttar nedover her, så er det full baluba, eit eller anna som skjer. Så har du ikkje peiling på kor du er hen, det er ei veldig rar kjensle altså, konsert eller kva som helst, du har liksom ingen aning, så har du vore fem minuttar frå.

Gunnar skildrar her det dobbelte rommet han opplever at familien hans har tilgang på. Samtidig som dei lever eit roleg og tilbaketrekt familieliv der barna kan leike fritt ute, kan familien kjapt oppsøkje det pulserande livet i sentrum av byen. Det fredelege og stille knytt til heimen kan raskt bytast ut med det spennande og pulserande i byen. Slik kan kjensla av eit bestemt tid og rom opphevast, ”så har du ikkje peiling på kor du er, så har du vore fem minuttar frå”. Gunnar skildrar her ei oppleveling av tid som kan karakteriserast som eit punkt, ei tid der individet gløymer tid og rom og berre er. Slike opplevelingar kan knytast både til den rolege tida og den pulserande tida. Gunnar si forteljing viser at ulike tempo eksisterer side ved side og er tilgjengelege for familien; stille ro og bråkete rørsle. Rørsla i bylivet er særeigen og attraktiv, larmen, eksosen, bråket.

Desse historiene skildrar opplevelingar andre forskrarar har tolka som magiske opplevelingar (Frykman 2003, Ristilammi 1994 og 2003 og Werner 1991). Den svenska etnologen Karla Werner som har skrive om stockholmarar sitt forhold til byen, skildrar korleis dei opplever bestemte område av byen som magiske plassar, som kraftsenter der individua kan lade opp (Werner 1991:123). Som Werner ser eg korleis ei kjensle av magi var knytt til å kjenne kontakt med omverda, til å kjenne seg som ein del av noko større, om det er naturen i villmarka, ein park eller folkevrimmelen på eit torg. Opplevelingane kan handle om å opne opp for at det skal skje noko nytt, noko ein ikkje visste om. Byen er i slike forteljingar det tiltrekkjande andre, det trygge ukjende som gir ei kjensle av å oppdage seg sjølv og identifisere seg med noko større enn seg sjølv på same tid. Slike kjensler er tilgjengeleg for dei som har kompetanse til å sjå kvalitetar, oppdage og erobre (Werner 1991:119).

Att komma tilbaka til sig själv i existensiell mening är, som jag ser det, lösenordet när det gäller att förstå vad som händer vid mötet med det magiska. Magiken fungerar som et löfta om detta (Werner 1991:121).

Med barn i byen

Det magiske er slik ei svært personleg kjensle som talar til spesifikke erfaringar og lengsler i individet. Det magiske er kopla til nyting, til tryggleik, til fridom, til personleg utvikling. For at ein plass skal kunne fungere magisk for mange, bør den vere utrusta med eit rikt kulturelt repertoar slik at plassen har mange høve for assosiasjonar (Werner 1991:120). Byen kan vere ein slik plass som gi høve til å setje spørsmålsteikn ved kven ein er og vil vere.

Magiske plassar gir høve til å pendle mellom ulike tidsopplevelingar og mellom ulike opplevelingar av sjølvet. Plassen kan framkalle slumrande kjensler i individet med sine referansar til noko som har vore. Det magiske i kvardagen kan handle om trygge grenseoverskridingar, ei kontrollert avkontrollering av kjenslene (Featherstone 1991:78). Å kjenne seg trygg opnar for slike opplevelingar av fridom. Foreldra ønskjer å skape slike opplevelingar for barna sine, som svarar til tidsforståinga eg knytte til punktet, til å stoppe opp og gå inn i ei oppleveling med sin eigne rasjonalitet. Å gjere ingenting er ei slik oppleveling, naturopplevelingar eller balubaen i byen kan også representere eit slikt rom for barna.

Mengda av møter mellom ulike rytmar og tidsoppfatningar kan karakteriserast som typisk for byar. Slike møter er attraktive eller uønska avhengig av kven, kor, når og korleis slike møter skjer. Den positive opplevelinga av balubaen i byen byggjer for Gunnar nettopp på at han har eit privat rom å trekkje seg tilbake til, og at det spennande er noko familien kan oppsøkje aktivt eller velje vekk. At det er så kort fysisk avstand mellom det rolege og fredelege og det spennande og potensielt bråkete, gjer ingenting så lenge ein kan stengje det bråkete ute og trekkje seg tilbake. Geografen Mike Crang peikar på at variasjonen av ulike rytmar og tempo i bylivet bør få konsekvensar for korleis ein forskar på bylivet. "Indeed it may be we need to refigure the idea of the urban not as a singular abstract temporality but as the site where multiple temporalities collide" (Crang 2001:189).

Foreldra forsøkjer med vekslande hell å skape ein passande rytme og lette overgangane mellom ulike typer av tid for familieliv og for barn. Medlemma i familien kan ha ulike tidsrytmar og tidsopplevelingar, og ein av utfordringane i familielivet kan vere å få dei ulike tidsrytmene til å passe saman. Foreldra ønskjer å skape eit eige tempo for familielivet.

Tidsorganisering av kvardagen

Ved å utforske korleis foreldre organiserer og bruker tidsflatane dei har tilgjengeleg for familieliv, vil eg undersøkje korleis dei skapar eit eige rom for familietid i kvardagen. Store delar av dagane til medlema i ein barnefamilie er bunde opp i lønnsarbeid, skule og SFO (Den offentlege skule og fritidsordninga). Det er først og fremst ettermiddagar og helger foreldra kan påverke innhaldet i, utover å velje, tilpassa eller finne seg i omfang av eige lønnsarbeid,

sjølve bustaden for seg og barna, eventuelt kva skule barna skal gå på og om barna skal gå på SFO. Ettermiddagar og helger er dei tidsflatane foreldra har størst høve til å utforme familielivet i forhold til. Morganen er for mange av informantane ei for kort tidsramme til å verte ei viktig referansepunkt for familielivet. Kapittelet dreiar seg derfor om ettermiddagar og helger.⁴² Kvardagen til barna vart skildra på forskjellig måte blant foreldra, men nokre trekk merka seg ut som typiske.⁴³ Tidspunkta for ulike aktivitetar, skiljet mellom kvardag og helg og forskjellen mellom organisert og uorganisert tid var sentralt for alle informantane.

Foreldre og barn står opp mellom halv sju og åtte, et frukost og gjer seg klare for resten av dagen.⁴⁴ Dei fleste skildrar morganen som ei tid som handlar om å få unna dei praktiske tinga som må gjerast før familien kan kome seg ut døra. Morganen verkar hektisk. Dei fleste vaksne skal på lønsarbeid medan dei fleste barna går, nokre syklar eller vert køyrde til skulen som startar halv ni. Nokre barn startar dagen på SFO, som er open frå 07.30 til 08.30. Barna er på skulen til tolv-eitt-tida, då byrjar dei fleste barna på SFO, oftast ligg det i same bygg som skulen. Barna er der til dei vert henta eller dei går heim sjølve i perioden mellom halv tre og halv fem.⁴⁵ Nokre barn går ikkje på SFO, dei vert henta eller går heim direkte etter skuletid. I denne tida gjer dei lekser, ser tv, leikar inne eller ute. Ein del av barna er åleine heime, saman med søsken eller venner fram til foreldra kjem heim frå lønsarbeid, men nokre barn kjem heim omlag samtidig med at foreldra kjem heim. Minst ein av foreldra kjem vanlegvis heim mellom 16.00 og 16.30.⁴⁶ I løpet av ettermiddagen skal familien ete middag, helst saman, og barna skal gjere lekser. Dei fleste barn leikar med søsken eller venner om ettermiddagen, anten inne i eigen eller vennene sin heim eller i uteområde. Det er ganske vanleg at barna har med seg venner heim frå skulen eller at dei vert med andre barn heim frå skulen i løpet av veka. Mange ser litt tv i løpet av ettermiddagen og bruker data eller internett. Mange av barna går på fritidsaktivitetar nokre ettermiddagar i veka, noko eg skal kome tilbake til. Barna får kveldsmat mellom sju og åtte, og legg seg mellom åtte og ni, litt seinare i helgane. Tida etter at barna har lagt seg er vaksentid.

⁴² For ei skildring av kvardagslivet til barnefamiliar som meir tematiserer forholdet til lønsarbeid, sjå rapporten til Liv Johanne Syltevik om differensierte familieliv (Syltevik 2000:50).

⁴³ Foreldra eg intervjuha hadde barn i mange aldrar, men eg fokuserte mest på kvardagen til barn som var i alderen seks til ti år og det er deira kvardag eg her vil skildre.

⁴⁴ Denne skildringa av kvardagen til barna og foreldra, basert på foreldra si framstilling, er svært lik skildringar i andre norske undersøkingar av kvardagsliv i barnefamiliar (Andenæs 1995 og Campell 2001:91, Gulbrandsen 1998 og Lidén 2000) og danske foreldre og barns si skildring av barns kvardag (Rasmussen 2004:156). Dette seier noko om kor sterke føringar institusjonar som lønsarbeid og skule legg på kvardagen til barnefamiliar, og kor likartat ideal mange barnefamiliar har.

⁴⁵ SFO-ordninga opererer med heil og halv tid. Dersom foreldra vel halvtid, startar barnet etter skuletid og må forlate SFO-ordninga klokka halv tre. SFO-heiltid er opent frå 7.30 til 16.30.

⁴⁶ I 33% av barnefamiliane i Noreg arbeidet minst ein av foreldra, eller begge, skift (Syltevik).

Årstdene verkar inn på rytmen i kvardagen til barnefamiliane, på graden av sosialt samvær med andre barn og vaksne, kor mykje dei er inne eller ute, kor lenge barna får vere ute eller inne og når barna må leggje seg. Dei største forskjellane mellom barna si tidorganisering handla om når dei kjem heim frå skule eller SFO, og om barna gjekk på fritidsaktivitetar om ettermiddagen og eventuelt kor mange gongar i løpet av veka. Det var også stor variasjon i kor mykje tid barna brukte i heimen eller i uteområdet, og i kor ofte barna var saman med venner.

Familielivet skal skje om ettermiddagane og i helgane, og det er først og fremst desse tidsflatane som vert undersøkt i dette underkapittelet. Kva er attraktive måtar å bruke familietida på? Kva inntrykk gir foreldra av byen som arena for familieliv? Kva for ulike tempo, ulike tidssituasjonar knyt dei til innhaldet i ettermiddagar og helger?

Lange ettermiddagar: rolege og aktive

Foreldra hadde tenkt nøyne over korleis ettermiddagane til familien var organisert, både i forhold til lengde og innhald. Mange foreldre fortalte om strategiar for å skape lange og rolege ettermiddagar for seg sjølve og barna. Nokre framheva, som tidlegare vist, at dei praktiske sidene ved korte avstandar mellom heim, jobb og skule er med på å skape meir tid til familielivet. Nokre reduserte på lønsarbeidet eller justerte arbeidstida for å gjere ettermiddagen lengre. Nokre var opptekne av å redusere lengda på barna sine opphold i institusjonar som barnehage og SFO. Dei ønskte ikkje å ha ”heildagsbarn”.

Foreldra hadde eit mål om å ha det minst mogleg travelt. Anna og ektemannen Agnar var blant dei som reduserte arbeidstida for å kome tidlegare heim til dei tre barna, ”eigentleg så har vi lange ettermiddagar, så vi har det ikkje så travelt som mange andre”, fortel Anna. Ho framhevar at familien har mykje tid saman, men slit likevel med at ho er trøytt og at ho tek med seg heim den stressa stemninga frå jobben. Også andre foreldre fortalte at dei hadde vanskar med å omstille kroppen frå kjapt tempo til roleg tempo. Dei ønskete å skape ei roleg og avslappa stemning i heimen, men hadde vanskar med å kvitte seg med kjensla av å vere oppjaga, som dei opplevde gjennom jobben. Foreldra formidlar slik ein tanke om å skape ei særeigen og god tidsoppleveling knytt til familielivet.

Både Anna og Agnar koplar gjennomgåande tidsbruk til val, og skapar slik eit inntrykk av seg sjølve som ansvarlege og gjennomtenkte i forhold til rytmen i sin eigen og barna sin kvardag. Dei har begge to valt å ha det ekstra travelt på jobb og redusere arbeidstida for å få høve til å ha lange ettermiddagar heime. Dei valte korttidsplass då barna gjekk i

barnehagen for at barna skulle sleppe å vere der til klokka halv fem. Både Agnar og Anna hadde likevel vanskar med å nå barnehagen innan halv tre og stressa for å få det til.⁴⁷ Anna meiner likevel at jaget dette medførte var verdt det: ”det var eit lite puslespel, men eg fekk igjen for det då eg var heime halv fire og hadde såpass mykje av dagen igjen”. Anna og Agnar opplevde at dei ved å skunde seg og leve med stramme tidsmessige rammer på jobben, klarte å skape lang samanhengande tid for familielivet om ettermiddagen.

Kva er det så foreldra ønskjer å bruke dei lange ettermiddagane til, kva skal dei fyllast med? Laila er oppteken av å ha rom for å vere impulsiv i kvardagen.

LAILA: Då får vi litt ut av ettermiddagen synest eg, og du kan gjere det du har lyst til.

HILDE: Ja, kva bruker de å gjere om ettermiddagen?

LAILA: (ler) Vi har ein del barn på besøk eller barna går på besøk, elles går vi ut, om sommaren er vi veldig mykje ute. Vi badar eller går i parken eller tek ein sykkeltur, gjer slike ting.

Det var slåande at mange av foreldra snakka om korleis dei kunne få ”lange ettermiddagar” og ”meir ut av dagen”. Uttrykket peikar mot at foreldra vil prioritere, gjere meir av nokre ting og mindre av andre ting. Det kan handle om å skape ei særeigen - og god - tidsoppleveling for seg og barna. Dei lange ettermiddagane kan, som Laila seier, handle om å skape tid der ein kan gjere det ein har lyst til og ta ting som dei kjem. Dette er tid individet sjølv kjänner kontroll over, som opnar for å handle impulsivt etter værforhold, humør og det som måtte by seg. Opplevelinga av god tid kan slik vere knytt til kjensla av å ha kontroll og fridom over eige liv. Andre hadde eit mål om å rekke over mest mogleg, få mest mogleg ut av dagen. Vera fortel at ”Kvardagen er jo travel og hektisk og full av innhald”. Hennar ideal er eit aktivt familieliv der familien helst gjer ting saman. Det travle gir innhald og verdi til kvardagen og kan symbolisere god tid.

Konfliktar mellom ulike typar av tid vert ofte knytt til forholdet mellom heim og lønsarbeid, fordi idealet for familieliv er at det skal tilby langsam tid i kontrast til lønsarbeidet som representerer rask tid.

This connection between a more ”natural” pre-industrial time and the family is a clue as to how the experience of family life mediates the relationship between pace and place. Like pre-industrial time, family time is widely believed to be qualitatively different from work time. It is often understood as vivid and suspended and, like a dream, to carry with it a degree of resistance to change and progression (Shaw 2001:126).

⁴⁷ Dei fleste barnehagar som tilbyr halvtidsplass praktiserer at barna kan opphalde seg i barnehagen mellom 08.30 og 14.30, til forskjell frå full plass der barna kan vere i barnehagen mellom 07.30 og 16.30.

Kjensler knytt til lønnsarbeid handlar slik ofte om å kome seg vidare, medan kjensler knytt til familielivet ofte handlar om å halde fast ved noko. Forståinga av familietid som langsam tid reflekterer også ei kjønna forståing av familieliv som å *vere* og lønnsarbeid som å *gjere*. Uttrykket heimeverande om kvinner som arbeider heime viser til denne tanken. Denne førestellinga skjuler at mange kvinner, og nokre menn, har opplevd heim og familieliv som eit travelt arbeid (Danielsen 2002a:97).

Dei seinare åra har familielivet vorte fylt av forventningar om at familiemedlemma skal gjere ting saman. Felles måltider er viktige for at familiemedlemma skal oppretthalde eit fellesskap seg imellom, det handlar ikkje berre om at dei skal få i seg mat. Å vere ein vellukka familie er for foreldra i dette materialet knytt til å vere aktive, gjere felles aktivitetar som stadfestar at familien er eit fellesskap. Språket rundt familielivet ber preg av denne tankegangen, det er viktig for folk ”å gjere noko saman som familie”, ein snakkar om å ”skape relasjonar”. Forskarar synleggjer også slike trekk ved familielivet ved å utvikle omgrep som relasjonsarbeid, kjærleiksarbeid og *det tredje skiftet*, eit omgrep danna av den amerikanske sosiologen Arlie Hochschild som spesifiserer det emosjonelle arbeidet med å få lønsarbeid og familieliv til å henge saman (Hochschild 1997). Det travle knytt til familieliv kan vere ein konsekvens av alle aktivitetane og prosjekta familiane skal gjere for å kjenne at dei er ein familie. Å planleggje kvardagen, prioritere, velje riktig vert ei viktig oppgåve for foreldra. Ein bør orientere seg om andre måtar å organisere på, vite kva ein har valt og kva konsekvensar det får.

Agnar og Anna har brukt mykje tid på oppussing både av huset og hytta dei siste åra, og Anna spør seg sjølvkritisk kva det har gjort med familielivet.

ANNA: Så har eg lurt på om huset er blitt viktigare enn familien. Vi har i alle fall tenkt at vi har valet. Vi må jo oppleve at vi kan velje dette her, og då må ein vere klar over kva ein kunne gjort.

I dette tilfellet handlar valet om å leggje ned store tidsmessige og økonomiske ressursar i huset, trass i at dette til tider har teke tid som kunne ha vore brukt på barna og parforholdet. Måten Anna formulerer seg på, tyder på at det er viktig for ho å ha ei kjensla av å ha eit val, trass i at ho kanskje ikkje opplever andre organiseringar av familielivet som reelle. Ho gjer seg slik ansvarleg for vala, sjølv om ho stiller spørsmål ved om dei har gjort det rette valet.

Helge og Hege, som er foreldre til to barn på seks og ni år, forklarar mange av vala i kvardagen deira ut frå ønskjer om korleis tidsopplevelinga i familien bør vere. Resultatet av ein

diskusjon for nokre år sidan er at Helge og Hege bruker tida si på vidt forskjellige måtar. Helge slutta i lønsarbeid og er heime på full tid for å gjere husarbeid på føremiddagen og følgje opp barna om ettermiddagen, medan Hege har hatt 10 timars arbeidsdagar på jobben dei siste åra. Paret omtalar dette som eit lukkeleg val for familien. Før var stemninga hektisk og oppjaga, etter dette grepet vart det roleg og godt. Helge meiner at han har gjort det rette ved å tre ut av arbeidslivet, og ser det som eit verdival å bruke mykje tid saman med barna. Hege er ambivalent til å jobbe så mykje som ho har gjort. Ho har gitt frå seg delar av ansvaret for barna til Helge og synest at barna har det bra, men at ho sjølv har det for travelt og at det hadde vore godt for heile familien om ho var meir heime. Han prioriterer å spele spel med barna, følgje opp skulearbeidet deira, følgje dei til parkar og uteområde. Helge framhevar som positivt at vennene og naboane deira bruker mykje tid saman med barna sine, og kritiserer foreldre som trur at barn klarar seg sjølve etter at dei har byrja på skulen.

Å velje tempo i sitt eige liv kan vere vanskeleg ut frå krava mange møter gjennom lønnsarbeid. Men også ulike krav til korleis familielivet skal vere, korleis foreldre bør oppføre seg, kan skape vanskar med å følgje det tempoet ein sjølv ønskjer. Ivar, Inger og dei to barna deira lever eit svært sosialt liv med mykje besøk både på ettermiddagar og i helgene, dei dreg vanlegvis også på ferie saman med venner. Sosial omgang med andre menneske er ein daglegdags og sentral ingrediens i familielivet som dei verdset høgt. Dei opplever samtidig at det dermed vert viktig å setje av tid til at berre kjernefamilien er saman. Inger formulerer det som at ”vi må faktisk tenke litt på å berre vere oss fire, setje av tid”.

HILDE: Er det noko de opplever at ungane ønskjer å gjere meir av, som ungane tek initiativ til?

INGER: Eg merkar jo at dei likar veldig godt når vi er berre oss her ein dag, sjølv om dei er hypersosiale dei også, dei elskar å ha folk her.

IVAR: Av og til får dei nok.

INGER: Så det må vi vere flinke til: å skjerme, lære dei å seie nei. Dei må ikkje seie ja, når nokon ringer og vil ha dei med.

IVAR: Og dei tre synes jo òg det er kjekt viss vi gjer noko med berre ein av dei.

INGER: Mest vellykka er det vel når vi gjer noko alle saman, sånn rolig nedpå aktivitet. Gjerne berre vere her, ikkje gjere nokon ting, det likar dei godt.

HILDE: Så det blir ein slags luksus, det då?

INGER: Ja, huff, det høyres jo ut som det, vi har jo ikkje så masse aktivitetar, så det er ikkje det, men det er heile tida fleire å relatere seg til.

Like viktig som det er å leggje til rette for at barna er saman med venner, er det å *skjerme* dei slik at dei får vere for seg sjølv eller saman med berre kjernefamilien. Det kan også vere eit prosjekt å bruke tid med berre eitt av barna. Ivar og Inger framstiller det her som at det er foreldra sitt ansvar å passe på at barna får ro og rom til å halde på med rolege aktivitetar, *gjere*

ingenting, leve i noet. Dette meiner dei at barna trivest med, samtidig som dei meiner at det er sunt for barna å få den roen slik tidsbruk kan gi. Ivar og Inger gir elles inntrykk av at både dei og barna tek del i mange ulike aktivitetar, barna er med på to faste aktivitetar kvar i veka og det skjer vanlegvis noko i helgane. Nettopp mengda av venner og aktivitetar skapar behovet for ro.

Foreldra kopla seg på den aukande tendensen til å tenkje på det gode livet som det langsame livet når dei snakkar om ”lange ettermiddagar” og ”rolege helger”. Rørslene *Slow Life* og *Simple Living*, vestleg middelklassefenomen som oppfordrar folk til å planleggje kvardagen på nye måtar for å få meir langsam tid. Rørslene kan tolkast som eit konkret uttrykk for tanken om det langsame som det gode, som gjer menneske lukkeleg fordi ein får tid til å kjenne etter og finne mening. ”Slik at man får tid, overskudd og mulighet til det som er viktig. Resultatet blir ofte et rikt indre liv” (Henne nr. 1 2006). Det gode er langsam mat, langsame byar, langsame kvardagar. I løpet av 1990-talet vart det innstifta ein eigen ta tilbake tida dag -24. oktober- då ein skal reflektere over kva ein bruker tida til. Det vart gitt ut fleire populærvitenskaplege bøker om tidsoppfatningar som kan lesast som argument for å ”ta tida tilbake” (Hylland Eriksen 2002, Johansen 2001). Tanken om å ta tida tilbake vert forstått i opposisjon til utbreiinga av klokketida, skapt gjennom den kapitalistiske tidsanda. Livet vert framstilt som ein kamp mellom to typer av tid som individet må vinne for å få sjølvrespekt. Ulike tidsoppfatningar vert sett på som ei kulturell konflikt eller eit historisk skifte frå før-industrielle og oppgåvebaserte måtar å arbeide på, til klokkebasert tid som i fabrikkane i industrisamfunnet (Shaw 2001:125). Den ikkje-standardiserte og fleksible rytmen assosiert med bondesamfunnet har vorte gjenstand for draumar om eit godt liv i det seinmoderne eller postindustrielle samfunnet. Idealet om fleksibilitet i forhold til tid er artikulert også i dette kjeldematerialet gjennom ønskjer om å leve i noet og frigjere seg frå kravet om rasjonell planlegging. Å prioritere og styre tida si sjølv vert eit mål. Paradoksalt nok kan det å ta kontroll over tida handle om å opne for tap av kontroll, å vere i stand til å la seg rive med og gløyme tida. Å leve i noet kan også oppfattast som ein måte å vende tilbake til seg sjølv på, som noko som kan verke utviklande på personlegdommen til barna.

”Tidsklemma” har vorte eit populært uttrykk både i daglegtale og i media, og har vore gjenstand for debatt dei siste åra. Tidsklemma kan forståast som ein metafor for prosessen med samanpressa tid (Ellingsæter 2004:134). Uttrykk som handlar om mangel på tid vert ofte brukt om barnefamiliar, i klemme mellom arbeidsliv, omsorg for barn, husarbeid og fritidssyslar. Barnefamiliar vert forstått som at dei er i ei tidskrise, i kamp mot klokka (Andenæs 1995, Ellingsæter 2004:128).

Sosiologen Anne Lise Ellingsæter peikar på at standardane for korleis barn bør ha det er uklare, samtidig som foreldre ønskjer å gjere det beste for barna sine. Eit ideal om å bruke mest mogleg tid saman med eigne barn, utan forankring i normer for kva som er bra nok, gjer at barneoppseding vert eit grenselaust prosjekt (Ellingsæter 2004:149). Ein kunne alltid vore meir saman med barna, på ein annan og betre måte. Foreldre kan derfor utvikle dårleg samvit fordi dei ikkje bruker nok tid saman med barna sine, eller fordi dei ikkje gjer dei ”rette” tinga saman med dei, uavhengig av kor mykje tid og ressursar dei bruker på barna.

Ulike ideal og ønskjer om tidsbruk møter kvarandre i mange barnefamiliar sin kvardag. Omgrep som vert brukt av foreldre i kvardagen, som familietid, tid for seg sjølv, foreldretid og barnefri peikar mot ulike tidsprosjekt innan barnefamiliar. Utbreiinga av skilte foreldre som har faste dagar og helger der barna er vekke, har sannsynlegvis vore med på å gjere omgrepet barnefri til ein del av diskursen rundt familieliv. Nye normer om krav til pleie av parforholdet som ein eigen relasjon innan familien, kan også skape behov for tid der foreldra kan dyrke kvarandre som kjærastar utan omsyn til barn. Den auka intensiteten i foreldre sitt samvær med barn kan også føre til ønskjer om tid vekke frå barn. Krav om individuelle prosjekt blant dei vaksne, skapar også forventningar om tid til seg sjølv der den vaksne prioriterer eigne interesser, som trening, hobbyar eller dyrking av vennskap. Aldri har ein større prosentdel av småbarnsmødrer hatt lønsarbeid, samtidig som mange kvinner avgrensar lønsarbeidet i perioden med små barn og tida småbarnsfedrar brukar saman med barn har auka dei siste åra (Danielsen 2002b).

Oppsplitting av tidsbruk mellom ulike plassar, der heimen er ein av fleire arenaer for familieliv og barndom, kan gjere at foreldre si tid til barn vert oppfatta som eit minkande gode. Ifølgje tidsnyttingsundersøkingar bruker mødrer og fedrar i dag samtidig meir tid på barn enn tidlegare foreldregenerasjonar (Ellingsæter 2004:129). Ellingsæter peikar derfor på at tidsklemma kan referere meir til opplevelingar av press på tid, enn til historiske endringar av til dømes kor mykje tid ein bruker på barn. Også dei som var husmødrer på 1950-talet, ei tid som vert idyllisert i forhold til tidsbruk på barn, vart skulda for å bruke for lite tid på barna og på feil måte (Danielsen 2002a). Nokre av husmødrene opplevde eit stramt tidspress i sin kvardag. Bekymringar over eit aukande tempo i livet kan vere ein måte å setje ord på ei kjensle av manglande kontroll i ei verd i stadig endring. Denne talemåten kan igjen vere med på å forme ei subjektiv erfaring av at verda rører seg for fort.

Eit både roleg og aktivt liv trer fram som eit ideal når foreldra snakkar om ettermiddagane. Nokre legg mest vekt på det rolege, andre på det aktive, og nokre ønskjer begge delar. Familielivet skal då vere meiningsfylt og romme mange aktivitetar, samtidig som

Med barn i byen

det skal vere avslappa og fleksibelt. Ønskja om å gjere masse på ein avslappa måte kan vere vanskeleg å sameine. Sosialantropologen Hilde Lidén peikar på vekslinga mellom strukturerte gjeremål og uorganisert tid som ideal for den gode barndom i Noreg. Både fri leik og organiserte fritidsaktivitetar vert haldne fram som ideal for barn sin kvardag.

Det er i vekslingene mellom tilpasning og sjølvforvaltning, mellom konsentrasjonen i nået og fremtidsperspektivet at utvikling av ferdigheter og en større forståelse av seg selv og omgivelsene ligger (Lidén 1998:143).

Foreldra ønskjer at barna skal utvikle seg og meistre stadig nye oppgåver, noko som krev deltaking i organiserte aktivitetar. Men ein for stramt organisert dag kan redusere gleda ved å gjere forskjellige ting og hindre refleksjon over kva som skjer i den organiserte tida. Den uorganiserte tida dannar slik ein nødvendig pause og distanse frå det som skjer i den organiserte tida. Foreldra verkar opptekne av å skape ein balanse i barna sin kvardag mellom den frie tidsforvaltninga og den organiserte tida. Verdien om å vere effektiv og å planleggje vert ein viktig del av familielivet, ein bruker tid og energi på å forhandle, koordinere og styre familietid (Hochschild 1997). Men ikkje alle sluttar opp om dette og nokre planlegg for det spontane. Kvardagen til barnefamiliar vekslar mellom tid då familiemedlemma er samla på same plass, der dei gjer ting saman eller ingenting saman og tid der dei er frå kvarandre. Dei er skild frå kvarandre fremst på grunn av lønsarbeid, skule og SFO, men også på grunn av sosialt samvær med andre og ulike fritidsaktivitetar.

Organisering av aktivitetar for barn

Organiserte fritidsaktivitetar for barn er ein spesifikk måte å organisere kvardagar og særleg ettermiddagar på. Eit variert tilbod av fritidsaktivitetar for barn vert trekt fram av mange av foreldra som eit positivt element ved å bu sentralt i byen: ”Vi har fleire tilbod enn folk som bur utanfor byen”. Denne argumentasjonen byggjer opp under bildet av det aktive sentrum, der mengda av tilbod gjer det enkelt å finne aktivitetar som passar den einskilde. Når tilboden er stort, aukar høve for å velje og velje bort. Deltaking i utvalde fritidsaktivitetar er ein måte å forme både familieliv og barn på. Ein kan skape seg sjølv som individuell og unik, samtidig som ein dannar fellesskap og vennskap.

Idrett og musikk er populære aktivitetar for barn. I tillegg har tradisjonelle fritidsaktivitetar endra seg og vorte meir differensierte. Nye former for aktivitetar har utvikla seg, som eigne breakdance-grupper, klassisk ballett, kreativ dans, jazzballett. Nye kulturelle tilbod til barn, som barneteater og jazzgrupper og malarkurs, er ofte lokalisert til sentrum av

byar (Karsten 2002:236). Slike aktivitetar svarar til delar av middelklassen sin kulturelle smak. Institusjonar som museum og idrettshallar lagar eigne opplegg særskild retta inn mot barnefamiliar. Kunstmuseum i Bergen tilbyr no kunstklubb for barn etter inspirasjon frå liknande klubbar i store vestlege byar. Den aukande variasjonen i organiserte aktivitetar for barn er synleg både i nabolaga og i byen som heilskap. Dei er slik med på å forme bildet av byen. Gratisvisa *Barn i Byen* som kjem ut med eit opplag på 42 000 er ein formidlar av slike aktivitetar i Bergen. Fleire aviser, som *Aftenposten* og *Bergens Tidende*, tilbyr oversiktar over barneorienterte aktivitetar både i papirutgåver og på internett.

Barn si deltaking i organiserte fritidsaktivitetar har auka i takt med den aukande vekta på barn si personlege utvikling. Auken kan også knytast til tanken om barn som prosjekt. Korleis barnet vert, seier noko om foreldra (Fauske og Øya 2003:47).

Å oppfatte barnet som prosjekt innebærer for foreldre og omsorgspersoner at barnet ut fra egne premisser ikke ganske enkelt vokser seg inn i voksenlivet. Prosessen krever aktivt og bevisst arbeid fra de voksnes side (Fauske og Øya 2003:47)

Deltaking i organiserte aktivitetar kan vere ein del av dette arbeidet med å forme barna. Men idealet er samtidig ikkje å forme barnet for mykje – målet med danninga kan vere at barnet skal utvikle individualitet. Foreldra planlegg barna sine liv, samtidig som dei meiner det er viktig å la barna gjere eigne val og ta omsyn til barnet sine ønskjer (Fauske og Øya 2003:128)

Også internasjonale studiar viser at foreldre ønskjer at barna skal vere med i organiserte aktivitetar utanom skuletid (Valentine 1997 b:48). Middelklasseforeldre har tradisjonelt vore meir opptekne av det enn arbeidarklasseforeldre. Dei siste åra har desse forskjellane jamna seg meir ut (Valentine 1997 b:48). I mitt kjeldemateriale var foreldra både opptekne av og skeptiske til at barna skulle drive med organiserte aktivitetar, uavhengig av sosial bakgrunn. Undersøkingar frå Noreg viser at svært mange foreldre meiner det er viktig å følgje opp barna sine i fritida og at dei gjer det (Fauske og Øya 2003:127). Aldri har så få foreldre hatt så mange barn og køyrt dei så mykje rundt på ulike aktivitetar og tilbod (ibid.).

Å sørge for at barn er med på fritidsaktivitetar kan oppfattast som ei kulturell norm i Noreg i dag. I ein studie av foreldreskap for ungdom peikar sosialantropologen Nicole Hennum på at foreldra oppfatta det som ein måte å vise at du bryr deg, følgjer opp og står på for barna (Hennum 2002:137). Argumenta for å vere med i slike aktivitetar kan grunnast i det einskilde barnet sine behov for utvikling fysisk, sosialt eller estetisk. Aktivitetane kan handle om at barna skal forbetre og utvikle individuelle kapasitetar som kreativitet, motorikk, konsentrasjon eller sosial samhandling med andre. Ein far meinte organiserte aktivitetar var

Med barn i byen

bra fordi ”barna får nye venner og nye impulsar andre stader”. Slik kan aktivitetane handle om variasjon i forhold til vennskap og plass, om å utvide horisonten frå det nære nablaget.

Foreldra oppmuntra barna til å vere med på organiserte aktivitetar og det var omtalt som viktig og sunt på ein sjølvsagt måte. Nokre hadde få preferansar for akkurat kva type aktivitet barnet burde drive med. Det viktigaste for dei var at barnet var med på noko, same kva det var.

LAILA: Så lenge ho trivest med det sjølv, så har eg ingen innvendingar om ho dansar ballett eller spelar fotball. Så lenge det er noko ho har lyst til, så synest eg det er det mest positive. Eg har ikkje tenkt å peile ho inn på ein annan stad, ”Eg synest det er gøyast å spele piano, så derfor skal ho det!”.

LARS: Poenget er vel at dei har eit eller anna å drive med, anten dei seier at dei spelar piano eller at dei har eit eller anna to gonger i veka. Så dei har noko å gjere på, så ikkje..., fordi dei kjedar seg. Trur det er viktig å ha noko å gå til.

Aktivitetar skal gi barnet ei oppleveling av å ha det kjekt, hindre barnet i å kjede seg og som eit pluss lærer dei noko. Barna til Laila og Lars er aktive innan idrett, og foreldra meiner at barna har lært mykje om å ta omsyn til og ansvar for andre gjennom det. Aktivitetane har slik utvikla den sosiale kompetansen til barna. Dette foreldreparet peikar i tillegg på at organiserte aktivitetar gir kontroll over barnet både i tid og rom, kva impulsar barnet vert utsett for, kor barna er og kva dei driv med. Organiserte aktivitetar vert sett på som sunne og utviklande samtidig som dei held barna vekke frå potensielt usunne aktivitetar. Aktivitetar kan slik vere ein måte å få kontroll over tryggleiken til barnet (Hennum 2002:140, Valentine 1997 b:48). Ein tenkjer seg at slike aktivitetar ”keep boredom and its related problems at bay” (Karsten 2002:236).

Andre foreldre hadde bestemte oppfatningar om kva barn bør bruke tid på og kvifor. Vera likar at barna er med på turn: ”Det er mye stillesitting, så det er viktig for motorikken og balansen, særlig, men det er viktig i forhold til skolen”. Turnen er tenkt å skulle fremje barna sin yteevne på skulen. Foreldra tek i bruk ekspertspråk og brukar det som ein motivasjon til å sende barna på slike aktivitetar. Samtidig brukar dei aktivitetar til å kompensere for ting dei meiner manglar i barna sin oppvekst, som fysisk fostring.

Foreldra la gjennomgåande stor vekt på barnet si oppleveling av aktivitetene, om barna verka ivrige eller lite interesserte, og gav inntrykk av at dei tok omsyn til barnet sine ønskjer rundt det å starte på og slutte av ein fritidsaktivitet. Men foreldra set rammer for kor mange aktivitetar barna fekk lov til å vere med på. Maksimalt to aktivitetar i veka er ei norm mange foreldre sluttar opp om. Foreldra uroa seg jamt over om barna si tid er for organisert og ønskjer at barna skal veksle mellom organiserte og uorganiserte aktivitetar. Vera er blant dei

som meiner at barna ikkje har tid til fleire enn to aktivitetar kvar i veka. Men både ho og barna synest det er vanskeleg å velje ut berre to, for det er så mykje dei kunne tenke seg å vere med på.

VERA: Viss dei kunne valt, så ville dei sikkert vore med på fleire aktivitetar enn dei er med på i dag. Det er utruleg stort tilbod, og det er vanskeleg å seie berre to.

HILDE: For dei kunne godt tenkt seg meir, trur du?

VERA: Ja, for dei har gått på kor, det synest dei var kjempekjekt, og ville gjerne ha fortsett med. Ho eldste hadde veldig lyst å gå på ballett, men ville ikkje slutte på turn, så ho ville hatt balletten ved sida av. Det er heile tida ting som dei kunne ha vore med på, men vi må berre setje ei grense, og då har vi satt to. Eg synest at det er viktig, ikkje berre for vår tid, men for deira tid. Eg synest det er veldig viktig at dei har fritid. Så har eg sagt at dei skal gå heim halv fire frå skulen, då får dei slappe av. Viss eg kjem halv fem, fem, så har dei hatt tid til å gjere som dei vil utan slike styrte aktivitetar på SFO. Og så synest eg det er viktig at dei kan få tid til å vere med venner, og ikkje berre vere på aktivitetar kvar einaste dag. Det synest eg er pes, for både oss og dei.

Vera snakkar om vår (foreldra) og deira (barna) tid som to forskjellige storleikar. Omsynet til at barna skal oppleve tid utan vaksenstyring og få tid til å vere med venner utan at dei får det hektisk, gjer at ho set ei grense på to aktivitetar. Samtidig handlar denne grensa også om å sørge for at foreldra får ein god kvardag. Aktivitetar som i utgangspunktet er for barn, er i praksis for barn med foreldre som følgjer opp og engasjerer seg (Hennum 2002:140). Barna sine aktivitetar er derfor med på å forme kvardagen til foreldra også. Den auka vekta på foreldra sin innsats kan skape nye typar av forskjellar mellom barna.

Nokre av foreldra som har barn som ikkje er med på faste aktivitetar, snakkar om det som ein midlertidig tilstand, ein pause. Dei har ein plan om at barnet skal starte på noko. Turid og Trond har ei dotter som ikkje går på nokon faste aktivitetar. Turid har prøvd å oppmuntre ho utan å lukkast.

TURID: Ho har jo fått lapp med heim om at det har begynt handball, fotball, songkor, alt mogleg. Så seier eg til ho at det er veldig kjekt. ”Åjaaa..” Ho er veldig skeptisk. Men eg seiar til ho at du treng ikkje gå der viss du ikkje trivest, det går an å berre gå og sjå korleis det er og så berre slutte viss det ikkje er noko for deg. No startar det vel ikkje noko igjen før til hausten. Så då får vi få ho til å gå på eit eller anna, for det synest eg er litt viktig.

Foreldra som hadde barn som ikkje gjekk på noko, hadde delvis dårlig samvit for det, og snakka om ein pause akkurat dette semesteret og nemnde planar for neste år. Slik byggjer dei opp under norma om at barn bør vere med på faste aktivitetar. Men ein del av foreldra stiller også spørsmål ved denne norma og seier at det er deilig at barna ikkje er bundne opp i faste

Med barn i byen

aktivitetar. Foreldra er opptekne av å skape tid og rom der barna kan styre aktivitetane sine sjølve, utan innblanding frå vaksne. Ønska om å legge til rette for denne bruken av tid, fell saman med idealet om at barn skal ha høve til sjølvforvalta fri leik. I ein avisartikkkel med råd frå ekspertar om kva foreldre bør vere opptekne av og kva dei bør slappe av i forhold til, vert foreldre oppfordra til å la vere å bry seg om at barna er med på ”De «riktige» aktivitetene. Barn trenger ikke å få tiden fylt med arrangerte aktiviteter. Det er vel så viktig å ha tid sammen til å gjøre ingenting” (*Verdens Gang* 05.05.05). Skepsisen til at fritidsaktivitetane tek overhand, er uttalt blant foreldra eg intervjuia, både blant dei med barn som er med på organiserte aktivitetar og dei som har barn som ikkje er det.

ODA: Han har ikkje starta på nokon fritidsinteresser utanom skulen, vi tenkte å vente til neste år, for det kan bli ganske hektisk, synest eg, det blir nok med skulen og med vennar. I forstaden hadde han jo ikkje behov for SFO, der kunne han berre gått rett heim etter skulen og hatt vennar å vore med. Men her er det sikkert litt større behov for at det er noko organisert, og eg synest at det er litt trist. Eg likar ikkje at alt skal vere så veldig organisert, men han har snakka om at han har lyst til å gå på fotball.

Organiseringa av fritidsaktivitetane er underlagt den same rasjonaliteten som planlegginga av kvardagen som heilskap, med ønskjer om å vere aktive para med uro for at aktivitetane skal føre til stress og jag.

ANNA: Vi er ikkje så veldig begeistra for at alle helgene vert opptekne og skulle vel ønske oss at dei dreiv på ein litt mindre ambisiøs måte.

HILDE: Ja. På fotball?

ANNA: Ja. Eg synest at fotballen slukar veldig mykje, så det er veldig vanskeleg å kombinere fotball med andre fritidsinteresser. Skal du vere med på fotball, så må du berre prioritere det.

Nokre foreldre er skeptiske til aktivitetar som dei oppfattar som krevjande tidsmessig, som fotball og buekorps, fordi dei meiner at barna dermed vert bundne opp tidsmessig og at desse aktivitetane går ut over tida familien kan bruke saman. Barna sine aktivitetar kan også kome i vegen for foreldra sine eigne fritidsprosjekt eller kollidere med lønsarbeid. Foreldra er ambivalente til barna sine fritidsaktivitetar og legg ned arbeid i å finne ein balanse mellom det organiserte og uorganiserte. Dei vil ikkje at aktivitetane til barna skal ta for mykje tid. Dei vil heller ikkje at aktivitetane skal vere for ambisiøse eller konkurranseorienterte. Dei skal baserast på lyst, barnet bør vere ivrig og skal ikkje tvingast til å vere med over lengre tid. Sjølv om aktivitetane er del i eit pedagogisk prosjekt om å utvikle barnet, er det viktigaste likevel at barnet trives med aktiviteten.

LAILA: Eg orkar ikkje å presse barna mine til å vere med på det eine eller det andre. Eg meiner, i dag så krev skulen såpass mykje, og dei skal ha lyst. Eg ser barn som er med på noko kvar dag, det er ikkje for mine barn. For eg synest at dette med å leike og utfalde seg er viktig då. I dag er det eit så stressa liv, synest eg, alt krev. Dei må få lov å gjere litt sånn som dei har lyst til.

HILDE: Så, føler du at ho får rom for det?

LAILA: Det føler eg, ja. Veldig ofte i helger så seier eg; "Kva har du lyst å gjere"? Då kan vi gjerne ikkje gjere nokon ting, eller vi kan ta ein sykkeltur, eller vi kan berre kose oss med eit eller anna. Lage noko, bake, på hennas premissar. For det er jo stress og jag, synest ofte det blir vel mykje.

Laila set vektlegginga av at barna skal få leike og utfalde seg opp mot stress og krav i samfunnet. Slik framstiller ho familielivet som ei tid for ro og lystorienterte aktivitetar som skal skje på barna sine premiss og markerer avstand til foreldre som ikkje gjer det. Foreldra vil forme barna samtidig som dei ønskjer å ta vare på barna sine behov, la dei vere barn på eigne premissar og gjere eigne val (Ericsson og Larsen 2000:16). Lidén peikar på at barna si oppleving av organiserte aktivitetar kan vere annleis enn dei vaksne si oppleving (Lidén 1998:143). Stressa foreldre fører ikkje automatisk til at barna vert stressa.

Mange av foreldra peikte på erfaringar frå eigen barndom med for mange aktivitetar som forklaring på at dei er restriktive med kor mange aktivitetar barna får ta del i. Samtidig er det også ein del av bildet at barna deira oppheld seg i offentlege institusjonar i fleire timer i døgnet enn dei sjølve gjorde. Institusjonaliseringa av barndommen, med utbygging av barnehagar og SFO, gjer at tida barna har til leik heime vert mindre. Foreldre opplever at dei må leggje til rette for den frie sjølvforvalta leiken.

Foreldra ser på variasjonen i fritidstilbod for barn som eit gode ved å bu i byen. Dei likar kjensla av val og høve til å finne fram til noko som passar for akkurat deira barn. Å vere med på faste aktivitetar er som ordet viser til ein måte å vere aktiv på, å velje. Deltakinga skal skje basert på ei vurdering av om barnet har nytte av eller ønskjer om å vere med på aktivitetten. Å vere i stand til å velje verkar viktig, det einskilde barnet kan uansett berre vere med på nokre få av aktivitetane.

Nokre ideal og praksisar sameiner foreldra, som idealet om å bruke mest mogleg tid med barn, og skifter i organiseringa av kvardagen som følgje av årstidene. Andre ideal og praksisar skil familiene frå kvarandre, som kor stor grad av kontroll foreldra ønskjer å ha over barna i tid og rom og kor kjapt eller sakte tempo dei legg opp til. Nokre familiar hadde fulle timeplanar med mange faste punkt gjennom veka og mange aktivitetar utover lønnsarbeid og familieliv. Andre gav inntrykk av å ha få postar på programmet utover lønnsarbeid og skule.

Med barn i byen

Familiane gav slik inntrykk av å ha ulike tempo og rytmar i kvardagen. Målet for mange foreldre er å skape ein både roleg og aktiv kvardag for barna, som gir rom for både fri leik og faste aktivitetar. Ein annan og svært viktig strategi for å skape god tid for barna, langsam eller aktiv tid, er å planleggje helgene slik at familien kan oppleve noko saman, og at barna opplever at dei har samanhengjande tid til å drive på med eigne aktivitetar.

Hellige helger

Helgene har lenge vore hellige i religiøs tyding. Når nokon snakkar om at helgene er hellige i dag, kan dei like gjerne referere til at helgene er hellige som tid for familieliv og barn. Helgene trer fram som ei særskild dyrebar og fortetta tid for familielivet fordi dei inneheld større flater med tid enn vekedagane som familiane kan disponere sjølve utan omsyn til skule og ofte også utan omsyn til lønsarbeid. Helgene vert ei tid for realisering av familietid, der foreldra har høve til å leve ut verdiar dei sluttar seg til, som å gjere aktivitetar som verkar til at familien fungerer som ein heilskap og eit fellesskap. Både det å gjere ingenting og å gjere noko saman som familie vart i endå større grad knytt til helgene enn til kvardagane. Vekta på at familiane skal samlast i helgene kan tolkast som ein reaksjon på meir fragmentert familieliv i kvardagen.⁴⁸

Det verker som at variasjonen mellom familiane er større med omsyn til helgane enn ettermiddagane, men nokre trekk er typiske. Mange startar helga med kos på fredagen, og dei har måltid som er særskild innretta mot barna sine ønskjer fredag eller laurdag kveld. I helgane ser familiane på tv eller spelar spel saman og barna legg seg oftast litt seinare enn vanleg. Laurdagen startar for mange barn med at dei ser tv om morgonen. Dagen til barna vert oftast slutta av med tv og laurdagsgodt. Mange foreldre fortel at dei har andre barn på overnattingsbesøk eller at barna deira dreg på overnattingsbesøk i helgene. Nokre foreldre seier at dei forsøkjer å gjere ein litt større aktivitet saman i løpet av helga. Nokre gir inntrykk av at dei fyller helgene med mange aktivitetar, andre av at dei gjer minst mogleg utover å gjere husarbeid og ta det med ro heime. Nokre familiar dreg på hytta, anten på fredag eller laurdag.

Foreldra er opptekne av at helgene er tid med barn og at aktivitetar som berre er for dei vaksne, ikkje skal få dominere helgene. Dyrkinga av vennskap med andre vaksne bør ikkje kollidere med den tida ein har til rådvelde for barn:

⁴⁸ Ei hovudoppgåve om familieliv og tid blant toinntektsfamiliar peikar på at helger, og særskild feriar vart oppfatta som sameinande for familien og sett i kontrast til meir fragmenterte kvardagar (Campell 2001:90 -101).

JENS: Det er ein typisk kveldsaktivitet. Så sant ein ikkje skal på hyttetur eller noko sånt, så synest eg det er passe sært å ikkje vere med barna ein laurdag. Eg kunne aldri gjort det, nei, vaksenlivet er mest ein sånn kveldsting.

Jens sluttar seg til ei norm om å bruke tid med barn i helgene og planleggje eigne vaksenaktivitetar til den tida han likevel ikkje kunne vore saman med barna. Foreldre har ein tanke om å gjere noko ekstra ut av den tida dei har saman med barna (Syltevik 2000:50). Mange av familiene bruker helgene til å vere sosiale med andre barnefamiliar, medan nokre er opptekne av at helgene er tid for kjernefamilien. Helge og Hege pleier å ta barna med på turar i helgene og det er sjeldan dei har fylgje med andre barnefamiliar på slike turar.

HELGE: Helgene er litt hellige på ein måte: det å vere familieorientert. Det er eigentleg litt dumt det altså, det hadde kanskje vore kjekt å reise med fleire.

Ordet ”hellig” vart brukt av fleire foreldre når dei skildra helgene, og dei sikta då til at helgene er familietid med barna sine behov i fokus. At helgene er familietid er ein verdi som er institusjonalisert i Noreg gjennom ritual som laurdagskos og sundagstur. Desse verdiane vart stadfesta av mange av foreldra.

TURID: Vi er jo slitne etter vekene, så vi har ofte berre slappa av i helga, tatt det roleg, for eksempel leigd ein film, og ikkje gått ut og kava på alle moglege slags aktivitetar. Så det blir veldig mykje berre å slappe av saman, vere inne, med kvarandre, berre sånne ting. For barna blir stressa og oppkava viss vi gjer alle moglege ting. Så då brukar vi litt helgene på å vere med kvarandre, litt kvalitetstid som det heiter så fint.

TROND: Liten tur på kino kanskje, tur på akvariet, leiger film, spelar play station med dei. Kortspel.

TURID: Gjer slike ting, familieting.

Argument om kva barna har godt av og kva barna ønskjer, ligg langt framme når foreldra fortel om kva dei gjer på i helgene. Nokre av foreldra sørgde for at barna vart introdusert for turliv og sportslege aktivitetar som å bade eller gå på skøyter. Dei som har hytte dreg gjerne dit. Mange fortel også om middagsbesøk og sosialt samvær med slekt eller venner. Andre tok barna med på kafear, kino, museum og galleri i byen, eller dei oppsøkjer andre aktivitetar for heile familien, som å dra og bade eller gå på skøyter.

VERA: Eg likar å sjå på bysidene (i avis), kva skjer for barn i helga. Og så ut frå det har vi gjort noko, eg spør kva barna har lyst til, vi har gått på Barnas hus, Smitt og Smau.

VIGGO: Vi går og ser på kva som skjer på Torgallmenningen.

Med barn i byen

VERA: Går på andre gøye leikeplassar rundt omkring i byen.

Planlegginga av helga verkar som forhandlingar mellom dei vaksne og barna sine ønskjer. Vera fortel vidare at i helgane får ungane velje ting dei gjer i byen ein av dagane, medan foreldra vel den andre dagen. Dei går gjerne på galleri besøk sjølv om det ikkje er det gøyaste barna veit, men så går dei på kafé etterpå. Byliv inngår som ein del av aktivitetane i helgene for nokre av familiene. Dei tek barna med på kaffibar, på restaurant, på museum, galleri, på byturar. For andre familiær er slike aktivitetar lite aktuelle. Det har knapt skjedd at dei tek barna med på kafé, og dei held seg stort sett vekke frå bykjernen i helgane. Nokre familiær var svært opptekne med friluftsliv i helgane.

Sjølv om bruken av helgene var meir forskjellig blant familiene enn vekedagane, samlar familieorienteringa dei ulike familiene, tanken om å gjere noko saman som familie og å slappe av:

LAILA: Vi slappar i alle fall av om morgonen og et gjerne litt seinare frukost enn vanleg og tullar lite grann og ser på været og "kva har vi lyst å gjere?". Vi går gjerne tur til torget og ser på fiskane og rundt omkring, forskjellig, vi kan gå på tur og kose oss der (...). Gjerne reise, komme seg opp på hytta viss det blir fint vær. Vi er ikkje så bundne, vi er ganske impulsive begge to.

Idealet er avslappa stemning som opnar for impulsive opplevingar. Jens og Jenny fortel inderleg om kor deilig det er å gjere ingenting i helga, samtidig som dei ramsar opp mange aktivitetar som dei gjerne fyller helgene med.

JENS: Det er endeleg helger der ein ikkje gjer ein drit.

JENNY: Eg synest det er deilig, ofte vert det for masse kjas. Og alltid i helgene så skal vi eit eller anna (...). Så skal du gjerne på butikken, så skal du kjøpe klede eller så skal du kjøpe mat, så går vi av og til på kino, eller i symjebassenget, eit eller anna.

JENS: Joda, eit eller anna skjer alltid, men å fylle ein heil sundag synest eg ikkje er så viktig lenger.

JENNY: I alle fall viss det er stygt vær, så er det deilig å berre vere heime og gjere ingen ting.

JENS: Og det ser eg på barna, det likar dei også, det er heilt i orden å berre slappe av.

JENNY: Rydde og vaske litt og lese i avisene og gjere ingen ting, det synest eg er kjempedeilig.

JENS: Det synest eg er kjempedeilig.

JENNY: Det trur eg ikkje ungane har vondt av heller.

Både Jens og Jenny snakkar om å gjere ingenting som noko ein bør tillate seg i opposisjon til norma om å drive med mange aktivitetar. Dei formidlar ein kombinasjon av ein standard om å gjere noko saman med barna og glede over å gjere ingenting, ei glede som kanskje vert

forsterka av å gjere noko ukorrekt. Dei meiner at dei sjølve slakkar meir av på krava om å ha ein plan for helga enn då barna var yngre. Likevel verkar det som at familien har nok å fylle helgene med, både praktiske ting som husarbeid og ærend og aktivitetar dei gjer saman med barna.

Dei foreldra som gav inntrykk av å ha eit lågt aktivitetsnivå i kvardagen, verka opptekne av å skape roleg tid rundt barna. Men også foreldre som gav inntrykk av å ha det travelt, snakka om å ta det med ro som eit mål. Dei gjorde det rolege meir om til ein særeigen aktivitet. Inger seier at ho søker ro og stabilitet i helgene, men at det dessverre ikkje er lett å få til, fordi Ivar jobbar nokre helger og fordi barna ofte har noko dei skal gjere, ofte knytt til fritidsaktivitetane deira.

INGER: Gode helger, det synest eg er viss vi kan ha ein heil dag alle saman her heime og berre ta det med ro og gå rundt i pyjamasen.

IVAR: Det er sjeldan at det er ein heil helg der ingen skal på eit eller anna.

Lang samanhengande tid der ingenting særskild skal skje, verkar sjeldan og ettertrakta i denne familien. Å la barna få lov til å sulle rundt i nattklede verkar som eit gode for både barna og dei vaksne. Men å tilbringe heile helga eller alle helger slik vert for tafatt for dei fleste.

HEGE: I ei typisk helg så tar vi kanskje ein sundagstur til venner av oss som har ein gard. Ikkje så ofte, men det kan hende at vi reiser til der kor eg kjem frå.

HELGE: Og av og til vil gutane ikkje gjere nokon ting. Dei har eit behov for å berre få sitje og halde på med sine ting, og det er gjerne på laurdagane. Då kan vi plukke på med vårt også. Eller så går vi berre til parken.

HEGE: Men vi har som regel eit sånt driv i oss at laurdagen eller søndagen skal vi på ein litt større tur.

Hege og Helge lar barna få vere med på å bestemme kva dei skal gjere i helga, gutane får putle med sine ting. Å ”ikkje gjere nokon ting” vert grunngjeve både ut frå dei vaksne og barna sine behov. Det vert framstilt som noko barna etterspør, som foreldra synest er viktig for barna og som er deilig for dei vaksne.

Å gjere ingenting var også eit attraktivt gode for dei unge individuelle reisande som folkloristen Eva Marie Tveit har forska på (Tveit 2002:168). ”While ”doing nothing” voluntarily is highly favoured by these youths, on the road as elsewhere, waiting is another ball game” (Tveit 2002:172). Det valte aspektet ved å gjere ingenting er viktig, både for dei unge reisande og for barnefamiliane. Dersom ein vert tvungen til å gjere ingenting, er det kjedeleg eller frustrerande, dersom det er ein føretrekt aktivitet er det deilig. Å vere slapp er negativt, å vere avslappa er positivt. Å gjere ingenting er positivt når det vert forstått som ein

Med barn i byen

tidsbruk som er nyttig og sunn for barna, fordi dei får leike fritt eller får nok tid til å kjede seg. Å gjere ingenting fordi ein er lat derimot, er tafatt. Det er glidande overgangar mellom det late og tiltakslause og det avslappa og slentrande, og det er viktig å halde seg på riktig side av desse assosiasjonane.

Gleda over å gjere ingenting vart fortalt som individuelle opplevingar som foreldra framstilte som unike for dei, noko dei gjorde trass i ei norm om at ein skal bruke helga på bestemte familieorienterte aktivitetar for å framstå som ein vellukka familie. Samtidig var det påfallande kor like forteljingane om det å gjere ingenting var. Foreldra trakk fram at dette var sunt både for vaksne og barn. Dei formidla ein tanke om ”barn har godt å kjede seg”, samtidig som dei ikkje ønskte at barna skulle kjede seg for mykje. Foreldre verdset fri leik, det vert sett på som kreativt og viktig for utfalding av personlegdommen til barna. Foreldra si oppgåve er å tillate og leggje til rette for leiken, men ikkje å gripe inn (Hennum 2002:142). Målet er at barn må få halde på med ting i sitt eige tempo og få utfalte seg utan innblanding frå vaksne. Slike tankar refererer til idear om tapt uskuld, om barn sine liv som kolonisert av vaksne og om barnet sitt behov for å ha råderett over seg sjølv. Dei vaksne ønskte også å gjere ingenting for sin eigen del. Sosiologen Liv Syltevik som har intervjuar par om familiepraksisar fann at livet var eit planleggingsprosjekt for mange av para, men nokre av dei uttrykte også motstand mot å planleggje og organisere dagen for mykje (Syltevik 2000:142). Dei opplevde at høvet for spontanitet vert redusert når tida vert for organisert, for travel. Å la vere å organisere kan vere ein måte å handtere dette ønsket på. Å planleggje for det uplanlagte kan vere ein annan måte å skaffe seg både roleg og aktiv tid på. Planlegging er ein strategi for å kontrollere endring, ein reaksjon på eit problem. Planlegging av kvardagen kan handle om å ta kontroll over tidsbruk, til dømes å få mest mogleg ut av tida.

Det kan synast paradoksalt å planleggje for det uplanlagte, for spontanitet og keisemd. Slik planlegging kan forståast ut ifrå at nokre familiar opplever at dei har eit stramt tidsskjema med lønsarbeid, husarbeid, omsorgsarbeid og fritidsaktivitetar der tilrettelegging er den einaste måten å oppleve slik tid på. Det kan også forståast ut frå individua sine krav om refleksjon og grunngjeving av val i kvardagen. Å gjere ingenting kan jo også vere resultatet av at ein ikkje maktar å planleggje eller gjere noko anna, at det berre vart slik, fordi ein er sliten og ikkje orkar noko anna. Men like fullt krev det ei forklaring. Å få mest mogleg ut av tida kan i nokre tilfelle dreie seg om leggje opp til å ikkje få noko ut av tida. Å gjere ingenting har fått ein verdi i seg sjølv. Det gir tilgang til eit ettertrakta gode, til å leve i noet, til ei kjensle av fridom. Å gjere ingenting vert definert i forhold til kravet om å vere aktiv, gjere noko saman.

Hytta - forlenging og kontrast til kvardagen

Med tanke på energien foreldra legg i å skape roleg tid heime i byen, kan det verke overflødig å dra vekk for å gjere det. Like fullt – hyttene kan forståast som ein strategi der familiane endrar plass for å endre tempo, frå det tronge og travle til det luftige og rolege. Barnefamiliar vel gjerne denne strategien når dei dreg på ferie, og ”tid til kvarandre” vert brukt i marknadsføringa av turistmål som er retta inn mot barnefamiliar (Shaw 2001:120). Reisa til hytta er ofte eit skifte frå byliv til friluftsliv og naturopplevingar. Å dra på hytta kan også handle om skifte frå fragmentert til konsentrert familieliv med ønskjer om at hyttehelga skal samle familiemedlem som elles er travelt opptekne kvar med sitt. Hytta symboliserer både naturopplevingar og familieliv.

Mange av familiane som eg intervjuia eigde eller disponerte ei hytte, nokre hadde også tilgang på fleire hytter. Hytta eller hyttene inngjekk i varierande grad som ein del av kvardagen og familielivet. I tillegg til lengre feriar, var hyttebruken særskild knytt til helgene. Nokre foreldre meinte at dei var avhengige av å ha ei hytte for å klare å bu i byen. Andre som hadde hytte, streka under at dei godt kunne klart seg utan og at det ikkje var naudsynt for å bu i by. Helge, som var veldig oppteken av å skape roleg tid i familielivet, var skeptisk til å skaffe seg hytte fordi han frykta ”jaget, då skal du reise”. Hytta vert i denne forståinga ein trussel mot gode tidsopplevingar, med pakking og reising kvar helg, pluss ekstra vedlikehald. Hyttene både skapar og øydelegg god tid for familielivet.

Gunnar og Gry bur i eit gammalt trehus utan altan eller hage. Dei hadde ulik tolking av kor viktig hytta er for velværet, men hytte har dei i alle fall, og dei bruker hytta flittig i sommarhalvåret.

GUNNAR: Så satt vi på trappa her i byen ein forsommardag, så spør eg Gry, skal vi sitje her? For det var ein clair voyance - ser du for deg at vi skal sitje her dei neste ti åra? (...). Vi hadde eit politisk vedtak på at vi skulle kjøpe oss hytta.

GRY: Nei, det hadde vi slettest ikkje.

GUNNAR: Jo, men vi var altfor unge og vi hadde ikkje råd. Så vi måtte vente ti år før vi hadde råd til å kjøpe oss hytta. Så slo det oss at faen, vi kan ikkje sitta her!

GRY: Det var no mest du, det då. (...).

GUNNAR: Den trappa fungerer veldig bra, men den gir ikkje luft i luka. For den daglege donten fungerer den heilt ypparleg. Men utluftinga, den må du ein annan stad å gjere, synest eg. Og det brukar vi dei hyttene til, og det fungerer som eit skot.

Gunnar knyt behovet for hytta til manglande privat areal utanfor huset og hytta vert for han ein premiss for å trivast med å bu tett på andre menneske. Gunnar treng luft, privat rom rundt

Med barn i byen

seg, og han treng å kjenne gras under tærne. Både Gunnar og Gry er glade for at barna får oppleve nærliek til natur gjennom hytta. Hytta kompenserer slik for ting dei opplever at dei manglar i byen, som direkte tilgang på privat uteareal.

I løpet av intervjuet får eg inntrykk av at Gry, Gunnar og barna har forskjellig forhold til hytta. Gry trivst godt på hytta, men er meir oppteken av det som held ho i byen enn det som dreg ho mot hytta.

GRY: Gunnar er sånn at han kan reise vekk kvar einaste helg nesten gjennom heile året, og det klarer ikkje eg. (...). Når du er vekke kvar helg, så er det forferdeleg heime i huset her, du får ikkje gjort dei praktiske tinga. Og det forstår ikkje Gunnar, for det er ikkje han som gjer det. (...). Vi tilpassar det litt slik at Gunnar reiser nokre helgar for seg sjølv og tar med dei ungane som vil. For ungane òg har behov for å berre vere i byn.

GUNNAR: Ja da.

Her er det slik at Gunnar og Gry har ulike ønskjer om kor ofte dei vil dra på hytta. Samtidig har barna sine ønskjer. Hytta vert ei tidskonflikt i familien. Gry meiner at barna har behov for å vere i byen av og til, framfor å dra på hytta, som dei vanlegvis gjer. Løysinga vert både- og. Nokre gongar dreg heile familien på hytta, nokre gongar deler familien seg og Gunnar dreg på hytta med dei barna som vil det, og barna får ta med seg vener. Gry og Gunnar verkar fortrulege med at dei ikkje alltid vil det same. I forhandlingane om korleis familien skal bruke helgene argumenterer Gry i forhold til barna sine behov, i tillegg til sine eigne.

Mange foreldra tok opp at barna hadde andre behov og ønskjer enn dei sjølve hadde som vaksne. Slike forskjellar vart gjerne uttrykt når vi snakka om korleis familiene organiserte helgene. Under intervjuet var det oftast mødrene som tok opp barna sine behov i forhold til bustad og kvardagsliv, og som brukte det som argument for val og organisering av kvardagslivet. Det kan tyde på at mødrene i større grad enn fedrane ser på seg sjølve som forvaltarar av barna sine behov.

Fleire foreldre gav inntrykk av at hytta fungerer både samlande og splittande på familielivet ved å fortelje om forhandlingar og kompromiss mellom ektefellar og barn om bruken av hytta. ”Det kan vere vanskeleg å samle alle fire”, hytta inngår i eit ønske om å samle familiemedlemma om felles aktivitetar. Men Anna verkar ikkje heilt tilfreds med korleis helgene på hytta vert brukt. Å gjere noko saman som familie er eit mål, men det er ikkje lett å finne aktivitetar som heile familien vil vere med på og som samlar barna på tvers av ulike alderstrinn. Anna og Agnar fortel at den eldste jenta helst vil vere heime og ”fly sånn ut og inn og til og frå” medan den yngste jenta gjerne vert med på tur, men ”ikkje berre saman

med oss, helst skal det vere med nokon fleire”. Foreldra bruker derfor å invitere barna sine venner med på hytteturar. Å ta med eit ekstra barn kan vere praktisk for foreldra fordi det frigjer tid for dei vaksne til halde på med eigne prosjekt eller få ro rundt seg sjølve. Vennene til barna kan fungere som avlastning for foreldre fordi barna krev mindre av foreldra dersom dei har leikekameratar med seg.

Ivar og Inger bruker samtaLEN om hytta til å peike på kva dei har og manglar i bustaden i byen. Dei fekk tilfeldigvis høve til å leige ei hytte gjennom nokre naboor. Dei slo til fordi det var billig, og fordi dei på den tida budde trøngt og var plaga av ein del festbråk frå naboor i gata. I tillegg handla det om særeigne kvalitetar hyttelivet kunne gi barna:

INGER: Når vi har budd i byen, så har det vore heilt fantastisk med alle bylivets gleder, men så oppdagar du at det er ein del ting ved det å bu på landet som er flott og vakkert og verdifullt, det også. Sjølv om eg overhodet ikkje kunne tenkt meg å bu der ute, så har det sine verdiar og det er klart, det får ungane glede av. (...).

HILDE: Men det er litt for å få ro og fred, det set de pris på med hytta?

INGER: Ja, sjølv om eg har verkelig ro og fred her også. Det reagerer eg veldig på, når kollegaer seier at ”Ja, no skal eg heim til forstaden” eller Langt-vekk-i-stan der dei bur, så skal dei ha ro og fred. Men sjølvsagt, min heim er jo også ro og fred og tryggleik og alt slikt. Men ungane kan jo ikkje utfalde seg lydmessig her, og der kan dei verkeleg gjere alt dei ønskjer.

IVAR: Bråke så mykje dei vil.

INGER: Ja, dei kan skrike og herje. Litt sånne grenser har dei jo her, dei kan ikkje skrike alt dei vil. Men der kan dei gjere alt slikt, spesielt då dei var litt yngre, å berre kunne gå inn og ut, akkurat som det passa dei, utan å lukke igjen døra, og lage ein avtale, for det må dei her, dei må seie at no går eg. Men det fekk dei der, det var veldig bra, og det at dei kan få vere i skogen.

Heimen og hytta vert kontrastar som får fram kva familien har og manglar i byen. Sjølv om hytta vert forbunde med særeigne positive kvalitetar, vert samtaLEN om hytta eit forsvar for bylivet. Inger er oppteken av at heimen i byen representerer ro og fred og tryggleik for ho, i motsetning til kva andre måtte tru. Slik nyttar ho høvet til å utfordre førestellingar om at ein må ut av byen for å finne ro og fred. Inger meiner at forskjellen mellom heimen og hytta er at barna kan utfalde seg i forhold til lydar og bråk på hytta, og at dei opplever ein større fysisk fridom der gjennom å få gå inn og ut akkurat som dei vil, utan å måtte avtale det med foreldra. Dette meiner ho er ei viktig erfaring for barna som dei går glipp av i heimen i byen.

Barna til Ivar og Inger trivst godt på hytta, men hadde litt vanskar med å finne seg til rette i byrjinga. Ivar meiner at det kjem av at dei er byungar, i motsetning til han sjølv og kona som begge vaks opp i bygder.

Med barn i byen

IVAR: (Barna) kjeda seg litt, eller forsto ikkje kva dei skulle gjere der ute. Det er jo litt morsomt, for eg har jo halde på med mykje utearbeid sidan eg var liten då. Og leiking, ikkje minst. (...) No har eg laga sånne byungar som ikkje kan nokon ting.
INGER: Dei kan nok mykje meir enn det du kunne. Men, eg synest ikkje at det er naudsynt for å kunne bu i ein by å ha ei hytte. Absolutt ikkje.

Barna til Ivar og Inger trengte å lære seg å vere på hytta og etter at dei meistra det, treivst dei godt. Inger strekar under at ho godt kunne klart seg utan hytta. Ho opponerer mot Ivar si tolking av at byungar ikkje kan nokon ting, ved å seie at dei kan mykje meir enn ektemannen kunne då han var barn. Ho brukar dette høvet til å setje spørsmålsteikn ved kva som er viktig kunnskap for barn – å meistre natur eller kultur.

Hyttene vert omtalte som plassar for å få kontakt med naturen, der ein kan trekke seg tilbake til familielivet og oppleve ein annan fysisk fridom enn rundt heimen i byen. Fleire familiar fortalte om hytta som ein plass der barna kunne rope, bråke og spele høg musikk. Det var samtidig også ein plass for å ha det roleg og stille. Hyttene representerte nokre gongar praksisar i forlenging av kvardagslivet i byen, andre gongar verdiar som var komplementære til praksisane i familiane sin kvardag i byen. Samtalane om hytta gav innsikt i verdiar og kunnskapar foreldra ønskte å introdusere barna for, og om kva dei meinte mangla i heimen i byen.

I skildringane av kvardagen gir foreldra inntrykk av at barna er medskaparar av rutinar. Foreldra er opne for barna sine forslag om kva dei skal gjere om ettermiddagen og i helgene. Målet for foreldra er at barna skal verte sjølvstendige, dei skal verte i stand til å velje livet sitt sjølve. For å verte sjølvstendige, må barna få innverknad på sitt eige liv alt som barn. Foreldra ønskjer å sjå barnet som eit individ med eigne behov og ønskjer og er derfor innstilt på å forhandle med barna (Fauske og Øya 2003:128). Det er likevel grenser for kva barna skal få vere med på å avgjere. Det kan vere fastlagt kor mange aktivitetar barna får gå på, men barna får sjølve bestemme kva type aktivitetar det skal vere eller om dei ikkje skal gå på aktivitetar i det heile. Å forvalte barna si tid er ei sentral oppgåve for foreldra og kan oppfattast som ei form for omsorgsarbeid. På den eine sida bryr dei seg om kor mykje tid dei som foreldre er saman med barna, og på den andre sida tenkjer dei gjennom barna sin kvardag som heilskap i forhold til tid.

Utvikling, tryggleik, og fridom

Korleis ein snakkar om og organiserer tid kan handle om korleis ein ønskjer at familien skal leve. Ved å analysere korleis foreldra snakkar om tidsorganiseringa av kvardagen med barn i sentrum av byen, vert både opplevinga av sentrum av byen som bustadmiljø og sentrale ideal

om barneoppseding aktualiserte. Foreldra snakkar om *lange ettermiddagar*, om å vere aktiv, *gjere noko saman* som familie, å gjere ingenting og helgene vert omtalte som *hellig tid* for familieliv. Dei snakkar om *bevisste val*, om å *skjerme barna*, om å *la barna gå inn og ut* som dei vil sjølv, la barna *leike fritt*. Som foreldre ønskjer dei å *sjå barnet*, vere *synlege* og *aktive*. Idealet kan overordna samlast i tanken om barnet som prosjekt for foreldra. Barnet skal formast i bestemte retningar, det skal tilpasse seg andre, verte trygt og sjølvstendig. Det trygge og sjølvstendige barnet er like mykje forma som det utrygge og lydige barnet.

Barn verkar som eit magnetisk punkt foreldra organiserer kvardagen rundt. Idear om kva som er bra for barn er viktige argument for ulike organiseringar av kvardagsliv. Barn vert brukt til å forklare val av bustad og val av tidsstrategiar. Det ligg eit normativt press i dominerande samfunnsmessige diskursar på at foreldre bør bruke mest mogleg tid på barn og familieliv, og at tida bør brukast på ein god måte. Ideen om at foreldre må innrette seg etter barna sitt beste er så sterk at det sannsynlegvis er vanskeleg å fortelje andre forteljingar om livet med barn. Foreldra sluttar opp om denne tanken, sjølv om idealet i praksis kunne kollidere med andre prosjekt, som lønnsarbeid, oppussing, eigne fritidsaktivitetar og vedlikehald av vennskapsrelasjonar. Tankane om *barnets beste* er eit produktiv ideal som nedfeller seg i praksisar og strategiar for å oppfylle ideane ein har om korleis barn bør ha det.

Foreldra framhevar det å ta val, konsekvensar av og grenser for val når dei snakkar om tid i kvardagen. Kvardagen både opnar og set grenser for individet (Richardson 2000:85). Kvardagslivet er resultatet av vala og ideaala til individua, men det er også ei materiell og fysisk erfaring som formar individua og som gjer at ideal og normer vert brynte og endra (ibid.). Med det løftar kulturforskaren Heidi Richardson fram at kvardagen ofte ikkje vert som ein hadde tenkt og planlagt, at materielle og fysiske rammer opnar for nokre praksisar og stengjer for andre. Kvardagen vert slik fylt av kompromiss og normer endrar seg undervegs.

Å vere ei god mor eller ein god far vert i dag knytt til å ha tid til barna, å vere nærverande mødrer og fedrar (Syltevik 2000:80). Å bruke tid saman med eigne barn verkar som eit knapt gode og strategiar som kan føre til at foreldre og barn får vere meir saman vert sett på som utelukkande positive. Å bu sentralt i byen, med arbeidsplass, barnehage, skule og fritidsaktivitetar fysisk nær bustaden kan vere ein måte å handtere tid på. Ein snakkar om å spare tid ved at ein bruker mindre tid på det ein ikkje vil bruke tid på (transport) og meir tid på det ein likar å bruke tid på (familiesamvær og fritidsaktivitetar). Å bu sentralt i byen kan også vere ein måte å sameine ulike krav til tidsbruk på. Vaksne kan dyrke individuelle behov og ta vare på familien sin behov på ein gong. Ved å bu nær tilboda dei vaksne set pris på

Med barn i byen

samtidig som barna får del i det foreldra meiner er viktige godar for dei. Slik kan dei vaksne kombinere sine individuelle ønskjer med omsorg for barn.

Foreldra skildrar byen som ein plass som gjer mange val moglege, og høve for val vert rekna for å vere positivt. Ulike tilbod finst og er tilgjengelege i forhold til fysiske avstandar. Bylivet vert ein plass som kan realisere både eit avslappa og aktivt familieliv, verdiar som er sentrale for foreldra. Bykjernen som plass for familieliv vart konstruert på ulike måtar blant familiane. Nokre la vekt på at byen er ein plass for mange ulike aktivitetar og pulserande tempo, med mange spennande tilbod om familievennlege aktivitetar. Nokre la vekt på at foreldre i byen var meir aktive og synlege enn foreldre i forstadane, medan andre la vekt på at foreldre i sentrum var rolegare og mindre stressa enn i forstadane. Nokre framheva sentrum som ein plass for roleg og tilbaketrekt familieliv, for langsam tid. Eit sakte tempo er ettertrakta fordi det gir assosiasjonar til meir eller betre tid saman med familien. Eit høgt tempo er attraktivt fordi det vitnar om aktivitet og innhald, familiar som gjer noko saman.

I følgje sentrale modernitetsteoretikarar som Zygmunt Bauman og Alberto Melucci er rørsle meir verdsett enn ro i det seinmoderne samfunnet (Bauman 19994 og Melucci 1992). For mange foreldre kan denne hierarkiseringa mellom rørsle og ro vere omvendt. Foreldre opplever det som si oppgåve å skape rolege rammer rundt barnet og familielivet, og verne barna frå rørsla i samfunnet. Fred og ro, å ha det trygt og godt var viktig for mange av dei som eg intervjuja. Desse kategoriane er dermed ikkje eksklusive for bygdeliv eller for forstadar. Dei kan også symbolisere livet i eit sentrumsnært nabolag. Desse verdiane er så viktige at foreldre trekk dei fram uavhengig av om dei også opplever hendingar som kan tolkast som i strid med desse verdiane. Samtidig som fred og ro vert framheva, meiner mange foreldre at konsentrasjonen av mange menneske og straumane mellom ulike aktivitetar er attraktive trekk med byen. Nokre av foreldra er opptekne av å gi barna tid prega av både ro og rørsle. Det stabile og rolege kan oppfattast som ein basis for å vere i stand til å takle og ha glede av rørsle. Nokre skundar seg for å få roleg tid, andre tek det med ro for å få krefter til å skunde seg. Den gode foreldreskapet og den gode barndommen kan verte prega ikkje berre av ro, men av jaget etter ro. Roen og rørsla kan ha gjensidig vekselverknad på kvarandre. Ulike tidssituasjonane kan oppfattast som reaksjonar på kvarandre (Andenæs 1995:13).

Det er vanleg å snakke om helgene som ei tid der ein samlar seg og hentar krefter til kvardagen. Den skjulte dynamikken i pyjamasslentrингa er at barna får ro til å finne seg sjølv. At barna skal gjere ingenting, kan inngå i eit utviklingsprosjekt der barnet skal lære seg sjølv å kjenne, utvikle fantasi og eigen autonomi. Men nokre foreldre tenkjer seg at dette skjer i ei dynamisk spenning mellom det organiserte og uorganiserte. Barna må også lære å følgje mål,

innordne seg reglar, rutinar og andre menneske. I den langsame tida samlar ein krefter til å takle den klokkebaserte tida og utviklar kapasitetar som kreativitet og konsentrasjon, som ein også kan ha bruk for i den klokkebaserte tida. Dei interne motsetningane mellom ro og rørsle kan byggje på same rasjonalitet, på eit sett av overordna idear om barn si utvikling. Idealet om vekslinga mellom å vere aktiv og gjere ingenting, mellom ro og rørsle rundt barna kan oppfattast som uttrykk for ønsket om å skjerme og utvikle barnet. Vern og utvikling er to parallelle premiss for omsorg for barn er (Andenæs 1995:20). Barn er ikkje i stand til å ta vare på seg sjølve og må derfor takast vare på, men målet med omsorga er samtidig at barna på sikt skal klare seg sjølve. Idealet om ro og fred kan stå i forhold til idealet om rørsle og spenning innan eit overordna mål om utvikling.

Foreldra i denne studien vekslar mellom å tenke framover i forhold til barnet og eit ønske om å la barnet vere den det er. Denne vekslinga i tilnærminga til barn har gjennom 1990-talet vorte tematisert innan barneforskinga som dikotomien mellom å verte (becoming) versus å vere (being). Barneforskinga har kritisert det dei meiner er ein generell samfunnsmessig tendens til å forstå barn som *becomings*, uferdige individ på veg til å verte vaksne. I staden har dei ønskt å framheve barn som *beings*, som individ som ikkje bør målast mot ein framtidig standard basert på normer om korleis vaksne er. Dei siste åra har imidlertid fleire forskrarar med rette peikt på at ideala både for vaksne og barn er både å vere og å verte (Heggli 2004:12, Thorne i Heggli 2003). Normene for det vaksne livet har vorte meir diffuse og det har i stadig større grad vorte eit ideal for vaksne å vere i rørsle, å utvikle seg. Omgrepssparet being versus becoming mistar dermed tyding som ei dikotomisk motsetning mellom barn og vaksne. Foreldra som denne avhandlinga byggjer på, vekslar mellom å leggje til rette for at barna skal *vere* eller *verte*. Tidsorganiseringa av kvardagen til barna er eit uttrykk for det, med vekslinga mellom organisert og uorganisert tid, mellom å vere aktive og gjere ingenting, mellom ro og rørsle.

Foreldra ønskjer å leggje til rette for tidsopplevelingar som både er linjeforma, sirkelforma og punktvise for barna sine. Tilrettelegginga er kopla til tankar om at barnet skal utvikle seg gjennom læring, ha gode rutinar som sikrar stabilitet og tryggleik og opplevelingar som er magiske og som overskrid krav om prestasjonar og rutinar. Byen eignar seg for skifter i tempo og aktivitetar. Ein kan velje det rolege ved å velje vekk andre aktivitetar, samtidig som ein kan la seg rive med av tempoet. Foreldra framstiller byen som ein plass, eller ei samling av plassar, som er tilgjengeleg for ulike familieorienterte aktivitetar. Byen er ein plass som gjer mange val moglege, fordi ulike tilbod finst og er tilgjengelege i forhold til fysiske avstandar.

Med barn i byen

Mange av foreldra framheva at det var praktisk å bu sentralt i byen. Kva som er praktisk, avhenger av auga som ser, av prioriteringar mellom ulike verdiar. Tid er ein knapp ressurs, rom er ein annan knapp ressurs. Å bu sentralt i byen vil ofte vere ei prioritering der tid vert prioritert før storleik på bustad, hage og anna areal ute. Det praktiske handlar om nærleik til plassar og aktivitetar som foreldra set pris på. Forholdet til nabolag, nærmiljø og nærleik til sentrum av byen var viktigare enn kvalitetar ved bustaden for fleire av informantane mine.

I dette kapittelet har eg fokusert på tidsorganiseringa i kvardagslivet og sett på korleis foreldra manøvrerer mellom ulike ideal og premissar. Tidsorganiseringa av familielivet set også premissar for kva sosiale situasjonar og relasjonar med andre menneske familiemedlemma kan ta del i gjennom veka og helgene (Lidén 2000:83). Fokuset i dette kapittelet har hovudsakleg vore retta mot familien som ei sosial eining. Men forholdet til andre menneske, naboor, venner og kjende er også ein svært viktig del av kvardagen til familiane. Neste kapittel vil handle om dei lokale sosiale relasjonane knytt til heim, nabolag og nærmiljø som familien inngår i, kva sosialt univers foreldre er delaktige i å skape for barna og korleis dei gjer dette.

5. Lokale sosiale rom

Barnefamiliane sin organisering av sosiale relasjonar knytt til heim, nabolag og nærmiljø i byen er tema for dette kapittelet.⁴⁹ Mange foreldre la vekt på verdien av sosiale nettverk i nabolag og nærmiljø då dei skulle fortelje om kva dei likte ved bustaden. Lokale sosiale rom er ein viktig del av konstruksjonen av byen som ein plass for oppvekst. Då dei diskuterte dette temaet, sette foreldra moralske spørsmål på dagsorden. Den sosiale omgangen med andre menneske er ein måte å forme seg sjølve som familie på og ein måte å danne barna på. Kva ideal og praksisar formidla foreldra då dei snakka om dei lokalt baserte sosiale romma i sentrum av byen? Korleis ønskte dei at nabolaget og nærmiljøet skal vere? Kva sosiale relasjonar ønskjer dei at barna skal vere ein del av? Kva fortel dette om måla for barneoppsedinga?

Å skape gode sosiale relasjonar rundt barnet vert sett på som ein viktig del av foreldreansvaret i dag. Foreldre har forventningar på seg om å sørge for at barn har mange nok og gode nok venner og kjende både på skulen og i fritida. Med utvidinga av foreldreansvaret til å gjelde utviklinga av dei sosiale kapasitetane til barn, vert det viktig for foreldre å sikre at barna deira ferdast i det foreldra opplever som trygge og gode sosiale miljø. Foreldre er derfor opptekne av kva sosiale rom som omgir barna.

Plassar og fellesskap står ikkje i noko eit til eit forhold til kvarandre, det ligg ikkje automatiske band mellom dei. Sosiale relasjonar vert bygd og skapt og lokale fellesskap konkurrerer med andre typar av fellesskap. Både foreldre og barn sine sosiale nettverk er knytt til sosiale relasjonar som overskrid nabolag og nærmiljø, men det er dei lokalt baserte relasjonane som er tema for dette kapittelet.

I ein kvardag prega av globalisering, internasjonal kommunikasjon, vidstrekte sosiale og kulturelle nettverk, kan ein spørje seg om relevansen av å studere lokalt baserte sosiale relasjonar. Det lokale har ikkje mist si tyding sjølv om det møter konkurranse frå andre arenaer. Kvardagsliv er i si tid- og romlege organisering oftast lokalt forankra. Vaksne med dagleg ansvar for barn kan tenkjast å vere meir knytte til lokale plassar som nabolag og nærmiljø enn vaksne utan slikt ansvar. Antropologen Edward Robbins skildrar Grünerløkka i Oslo som eit nabolag utan naboskap (Robbins 2005). Sosiologen Siri Ytrehus studerte ei gruppe av eldre, som var meir opptekne av det meir utvida nærmiljøet enn av det nære

⁴⁹ Sidan temaet mitt er barnefamiliar, er det deira lokale sosiale relasjonar eg skriv om. Eg tek altså ikkje opp danning av sosiale nettverk generelt i byen. Eg skriv heller ikkje utfyllande om alle dei sosiale nettverka rundt barnefamiliane, men om sosial omgangrelatert til nabolag.

Med barn i byen

nabolaget rundt heimen (Ytrehus 2005). Etnologen Marit Ekne Ruud si avhandling om eit byfornya strøk i sentrum Oslo viser at mange der ønskte anonymitet og fridom, men at dei som hadde barn var meir opptekne av dei sosiale relasjonane i nabolaget (Ruud 2003). Barna sitt sosiale liv og nettverk rundt familien var viktige element både ved val av bustad og som argument for å verte buande i sentrum (Danielsen 2005). Etablering og vedlikehald av barn sine sosiale relasjoner var argumenter for å verte buande i sentrum trass i at barna må dele rom med søskjen og klare seg utan hage.

Heim, nabolag og nærmiljø er ulike storleikar, dei refererer til ulike typar av romleg organisering og sosiale fellesskap rundt det einskilde individet. Heim vert ofte forstått som den romlege basisen for kvardagsliv knytt til eit husvære, men kan også brukast om vidare tilknyting enn den fysiske bustaden. Heim kan til dømes referere til ei kjensle av tryggleik som overskrid husværet. Nabolag vert knytt til dei heilt nære omgjevnadene rundt bustaden, og nærmiljø refererer ofte til ei vidare romleg ramme. Det er glidande overgangar mellom omgrepene og eg ser det derfor ikkje tenleg å operere med klare skilje mellom dei i denne teksten.

I Noreg har det vore ein sentral verdi at folk som bur i nærleiken til kvarandre skal ha noko meir til felles enn den fysiske forankringa til ein plass

Ordene lokalsamfunn og nærmiljø viser begge til menneskelige relasjoner som er festet i et bestemt fysisk sted; det ligger til grunn en idé om at sted er en fysisk substans som bør føre til sosiale bånd med visse kvaliteter. Dette betyr at relasjonene i nærmiljøet ideelt sett skulle være en sentral og viktig del av det som ble kalt den enkeltes ”sosiale nettverk” (Gullestad 2002:231).

Geografen John Pløger hevdar at ein slik ideologi om nærmiljø som Gullestad skildrar, har dominert i by- og tettstad planlegging i Noreg frå 1970-talet og framover (Pløger 1997, 2002, 2003). Byplanleggjarane har vore opptekne av å skape oversiktlege bymiljø med mjuke verdiar og slik gi det langsame livet ein sjanse og ”dermed også omtanken, nærbheten og møtene større muligheter” (Reme 2002:111). Samtidig peikar Pløger og fleire andre som har forska på sosiale relasjoner i nabolag i byar på at ei tett og nær forankring i lokale nettverk ikkje treng å vere viktig for beboarane, fordi det er mogleg å ta del i geografisk spreidde nettverk (Ekne Ruud 2003, Gullestad 2002 og 2003, Hasle 2005, Pløger 1997 og 2003, Robins 2005, Schiefloe 1985, 1990). Heim, nabolag og nærmiljø vert samtidig knytt til bestemte verdiar i Noreg, som dei vert målte i forhold til. Dei er kulturelt legitime plassar for familieliv og for oppveksten til barn, som skal realisere verdiar som tryggleik, fridom og

fellesskap. Folk skal kjenne seg trygge der, tryggleiken gir fridom. Det er rom der individet skal få sjansen til å vere seg sjølv. Samtidig er det sfærar der individet ideelt sett skal kjenne tilknyting til andre og gjere ein innsats for å fremje fellesskap.

Eg vil ta opp forholdet mellom den fysiske plassen familien bur på og dei sosiale relasjonane rundt familien på ulike måtar gjennom kapittelet. Først vil eg ta opp *foreldreskap og naboskap*. Det handlar om korleis det å vere foreldre for barn i ein viss alder er konstituerande for mange av dei lokale sosiale relasjonane vaksne går inn i og korleis dei legg til rette dei lokale sosiale relasjonane rundt barna. Eg vil så diskutere idealet om *bygda i byen*, der eg tek opp kva verdiar ved bustadmiljøet dei framhevar og korleis foreldre ønskjer å inngå i valte fellesskap. Deretter vil eg analysere korleis sosiale relasjonar vert organisert i ulike rom som heim, nabolag og nærmiljø. Eg vil så gå over til å analysere kampen om plassen, om bruken og definisjonen av dei offentlege romma utandørs.

Foreldreskap og naboskap

Nabolag og nærmiljø er viktig for foreldre fordi det utgjer ein viktig del av oppveksten til barna deira, og foreldra har spesifikke ønskjer om kva verdiar og kvalitetar nabolaget tilbyr barna. Foreldreskapet verkar inn på dei sosiale relasjonane vaksne inngår i, både gjennom dei praksisane det inneber å vere foreldre og gjennom barna sine relasjonar og sosiale preferansar. Eg vil vise korleis det å vere foreldre verka inn på den sosiale tilknytinga til nabolaget.

Eit sosialt univers

Fleire av foreldra peikar på at barna deira har ei lita verd som er deira, og dei kan streke opp eit klart avgrensa område som dei oppfattar som barnet sin radius. Svein tok opp dette då eg spurde han om korleis han meinte at barna hadde det i sine omgjevnader ”Det er jo dette som er deira verd, slik bygda var mi verd då eg voks opp”. Svein peikar vidare på at barna opplever verda si som sjølvsagt, ”fordi det er slik det er”. Vera fortel om strøket rundt bustaden som eit eige univers for dei to barna hennar på sju og åtte år.

VERA: Her føler eg liksom at du får tilfredsstilt alt. Ungane får tilfredsstilt sine ting, ok, dei har jo ikkje prøvd noe anna. Det var litt vittig, eg hadde henta dei på skolen og var på vei heim, og så seier ein av dei at: ”Mamma, finst det noe utanom byen Bergen?” Og det var nesten litt pinleg, fordi vi er ikkje så veldig flink til å... Vi held oss rundt i strøket, sant, og eg tenkte ”Gud, ja, det finst faktisk noko anna enn byen!”. (...) Vi er jo alltid her. Så sa eg at eg har jo ikkje vakse opp akkurat her, i byen, det syntest dei var litt rart. Det er andre plassar enn berre sentrum. Men det er ingenting som tiltalar ved å flytte ut, sjølv om ein har grenser her i forhold til at ungane ikkje kan leike fritt. Det viktig å vere her, vi er veldig etablerte, vi har ein stor omgangskrets, alle naboane kjenner oss, vi kjenner både gamle og unge.

Med barn i byen

Denne historia seier noko om kor knytt barna i denne familien er til nabolaget dei bur i. Det dannar verdsbilde deira, strøket rommar bustad, skule og venner. Foreldra sine praksisar har stor innverknad på kva plassar barna oppfattar som sine. Barna sine vanskar med å sjå for seg noko utanfor byen Bergen gjer mora merksam på kor mykje familien oppheld seg på dette avgrensa område.

Om ein ser på kor mykje tid barn bruker i nabolag og nærmiljøe, skjørnar ein kvifor foreldra eg intervjuer så opptekne av nærmiljøet. I rapporten "Hverdagsliv – å leve og bo i Bergen" (1997) utgjeve av Bergen Kommune, som byggjer på tre kvantitative spørjeundersøkingar, spurde dei foreldre i heile Bergen kommune om kor mykje barn i grunnskulealder oppheldt seg i nærmiljøet. Nærmiljø vart i undersøkinga definert som det området ein vaksen person kan gå innan 15 minuttars gåtur frå eigen bustad. Tala viser at barn i 1. – 3. klasse bruker meir tid i nærmiljøet enn barn i 4. – 6. klasse. På kvardagar på dagtid, altså i skuletida, går 83 % av barna på skule i nærmiljøet, om kveldane på kvardagane er 99% av barna vanlegvis i nærmiljøet. Også i helgene oppheld barna seg stort sett i nærmiljøet, på dagtid 87 % og på kveldstid 94 %. Undersøkinga viste også at barn i sentrumskjernen reiste mindre ut av nærmiljøet når dei skulle vere med på fritidsaktivitetar enn barn som budde lenger ut frå sentrum. Samanliknar ein barna med vaksengruppa som tok del i undersøkinga, ser ein at dei vaksne ikkje bruker så mykje tid i nærmiljøet som barna. Det er også truleg, utan at tala i undersøkinga er presenterte på ein måte som kan gi svar på det, at vaksne med barn bruker meir tid i nærmiljøet enn vaksne utan barn. Barna bind dei vaksne til bustaden fordi barna ikkje kan forlatast på kveldstid og fordi samværet med barn ofte finn plass i eller like utanfor bustaden. Å ha dagleg ansvar for barn bind foreldra tidsmessig til nabolaget eller strøket og gjer at foreldra kan verte opptekne av kva nærmiljø dei bur i for sin eigen del også.

Foreldreskap som utgangspunkt for sosiale relasjonar

Mange foreldre fortel at det å ha ansvar for barn verkar inn på forholdet til nabolag og nærmiljø og sosiale relasjonar i desse romma. Gjennom barna har dei fått kjennskap til naboor og oversikt over kven folk er i nærmiljøet. Nokre har i tillegg utvida omgangskrinsen og utvikla nye vennskap. Barn kan hjelpe foreldra til å skape ein heim, samanheng og rammer i livet, til å gi ei kjensle av å høyre til ein plass (Beck 1995:108). Barnet gir vaksne ein grunn til å involvere seg i nærmiljø og lokalsamfunn (Fjell 2005:59). Å få barn kan føre til at vaksne kjänner seg meir vevde inn i samfunnet enn dei var utan barn. Dette kan vere ei både god og tyngande oppleving for foreldra. Å få barn inneber for foreldra at dei vert synlege i det

offentlege rommet som berarar av reglar og forventningar om korleis dei bør leggje livet til rette for den gode barndommen (Frykman 1999:62).

Med beibiar og småbarn møter foreldra andre foreldre over sandkassa eller i parken medan dei passar på barna. I neste omgang møter dei andre foreldre hos dagmammaer, i barnehagen eller på fritidsaktivitetar for barn. Mange trekk fram at det er gjennom skulen dei verkeleg har fått ei brei oversikt over folk i nabolag og nærmiljø.

JENS: Viss eg ikkje hadde hatt ungar, så hadde eg nesten ikkje kjent ein einaste sjel her, heilt sikker på det. Veldig mange av dei som eg i alle fall er på nikk med, eller kjenner sånn halvvegs, er felles multiplum ungar.

HILDE: Og det er positivt?

JENS: Ja da, voldsamt(...).

JENNY: Ja, for du får mange fleire kjende. Ikkje venner, men sånne som du veit kven er og som du helsar på på gata. Ein veit kven kvarandre er, det aukar enormt i mengde viss du har ungar på skulen.

HILDE: Ja. Føler de at ungane kjenner mange også?

JENNY Mange fleire enn eg gjer. Joar går jo rundt og helsar på alle moglege folk på gata, som eg ikkje veit kven er. Og då er det mora og faren til den og den, og han har full kontroll.

Gjennom institusjonane som barna går i, utviklar både barna og foreldra kjennskap til mange andre menneske. Foreldre oppfattar det å kjenne til mange andre menneske som positivt for seg sjølve og barna, det gir tryggleik og oversikt og ei kjensle av å høyre til i området. Desse relasjonane vert stort sett definerte som kjende, ikkje venner. Sosiologen Per Morten Schiefloe har forska på nærmiljø og sosiale relasjoner i norske byar. Han peikar på at sosiale relasjoner som ikkje er nære, personlege og viktige for individet, som han omtalar som svake relasjoner (utan å leggje noko negativt i ordet svakt) likevel kan vere svært sentrale for oppleveling av tryggleik og tilknyting til nærmiljø. Slike svake relasjoner kan vere viktige både for foreldre og barn fordi dei får nabolaget til å verte kjend og trygt (Schiefløe 1998:184). Det treng derfor ikkje vere nokon motsetning mellom at folk knyt nære sosiale relasjoner uavhengig av fysiske plassar og at sosiale relasjoner i nærmiljøet også har tyding for dei.

Mange av foreldra er fornøgde med å kjenne til og vite om andre menneske som bur i nabolag og nærmiljø. Men nokre har også ønskjer om og har utvikla nærare band med naboor eller med foreldre som dei har treft gjennom institusjonane barna er eller har vore knytt til. Vera og Viggo likar å vere omgitt av mange menneske, dei kjenner mange i nabolaget og bruker mykje tid saman med andre menneske i helgene.

HILDE: Har de fått nye venner eller kjende gjennom barna?

Med barn i byen

VIGGO: Masse! Det meste har vi fått gjennom dei.

VERA: Vi har fått ein veldig stor omgangskrins og venner gjennom barnehage og skule.

Institusjonar som barnehagar og skular fungerer slik som arenaer for utvikling av både lause og tette sosiale relasjoner, ikkje berre blant barna, men også blant dei vaksne. Også sosialantropologen Hilde Lidén peikar på at foreldre finn nye venner gjennom institusjonar som barnehagar og skular (Lidén 2000:127). Offentlege plassar utandørs er også viktige arenaer for utvikling av både kjennskap og vennskap blant fleire av foreldra. Dei fortalte at bruken av nabolag og nærmiljø varierte i forhold til alderen på barna. Mona, som har ei dotter på ni år, reflekterte over dette då ho fortalte ei lita historie frå dagen før eg intervjuet ho og ektemannen. Då hadde ho gått ein liten tur i nabolaget:

MONA: Då såg eg inn på den leikeplassen, mange foreldre og mange barn. Då tenkte eg litt over: her gjekk eg før, så eigde eg på ein måte denne leikeplassen, eigde alle dei som gjekk rundt her, for dei kjende eg. Gjekk berre opp der, sa hei til alle som var der. Alle barna var ein del av miljøet vårt. Og då eg gjekk forbi der, så var miljøet der framandt for meg. Maria byrjar å verte stor, sjølvstendig. Dei andre barna er store. Så vi er inne i ein ny fase. No går eg og mannen min heller opp til Fløyen og ned igjen. Så den kontakten er ikkje så naudsynt lenger.

No får dottera Maria gå ute på eiga hand, ho tek del i aktivitetar på kveldstid som ho ofte går til og frå sjølv og foreldra kan drive med vaksenaktivitetar i den tida som dei for nokre få år sidan ville brukt saman med Maria. Då ho var lita brukte foreldra mykje tid saman med ho ute og dei følgde opp dei sosiale relasjonane hennar. Dei bur slik til trafikkmessig at foreldra ikkje torde å sleppe Maria ut åleine før etter at ho byrja på skulen. Dei framhevar kontakten dette har gitt med barnet og vennene hennar som noko positivt, som dei kanskje ikkje ville fått om dei hadde budd i eit miljø der det var høve til å sleppe barna ut frå dei var tre-fire år. No er foreldra trygge på at barnet har venner som ho trivst med, at ho er bevisst dei fysiske grensene for kor ho kan røre seg ute og at ho klarar seg godt på eiga hand. Foreldra meiner at Maria er sjølvstendig nok til å klare seg på eiga hand. Bruken av leikeplassen og parken var midlertidig og avhengig av at foreldra hadde ein grunn til å gå dit. Foreldre som passar på barna sine ute treff ofte andre foreldre som er ute i same ærend.

MONA: Du treffest, saman med barna. Det er akkurat som viss du har hundar, når du har barn, ”Å, kor gammal er ho?”. Så det har blitt naturleg. Og når barna veks til så går eg ikkje så mykje ute lenger. Så då glir den kontakten (ut), den praten du hadde på benken over kaffikoppen. Har ikkje fått nokon då, som du seier, det er naturleg å ha endå meir kontakt med. Du har nokre naboar som du ringer til, så seier du ”Skal vi gå

ein tur? Gå på kino? Be på kaffibesøk!”. Dei nære relasjonane held i alle fall eg på dei som eg har hatt langt tilbake, og det går både på tid og interesser.

Fleire foreldre samanlikna sosiale møter rundt det å ha barn med å ha hund, praten om barna startar med å spørje kor gammalt barnet er, eller kommentere korleis barna leikar. Barnet legitimerar bruken av plassen.

Mona har ikkje utvikla nære relasjonar med naboar, noko ho heller ikkje saknar. Det viktige for ho er å kjenne til kven dei andre barna og foreldra i nabolaget er, slik at ho kjenner ei akseptabel grad av kontroll og tryggleik over kvardagen til barnet sitt. Ho kjenner ikkje behov for å utvikle relasjonane til dei andre foreldra nærare, noko ho koplar til mangel på tid og manglande felles interesser. Dei nære vennene er venninner som ho har kjend sidan ho voks opp og dei bur i andre område av byen. Å sitje på benken med andre foreldre var for Mona knytt til at ho måtte passe på barnet sitt, det var koseleg og viktig. Men ho haldt desse relasjonane på ein viss avstand. Foreldra har eit ønske om å sleppe å verte venner med andre berre fordi dei har barn i same alder.

Leikeplassar er eigne plassar for barnefamiliar i byen, men gatetun og parkar som er innretta mot breiare grupper av befolkninga kan også verte møteplassar meir eksklusivt for barnefamiliar. I gata til Gry og Gunnar bur det både studentar og eldre menneske utan barn, men dei er lite synlege i gatetunet. Dei peikar på at barn er katalysatorar for dei sosiale møta i nabolaget. Dei vert knytte saman med naboane gjennom det felles gatetunet like utanfor husværet som dei og barna brukar dagleg i sommarhalvåret.

GUNNAR: Det å vere ute, som er ei greie frå april til september, det er veldig kollektivt, og det dreiar seg utruleg mykje om ungar, for når vi snakkar om naboane våre så er det berre barnefamiliar, det er ikkje nokon andre.

GRY: Ja, det er dei vi har kontakt med, og det er dei som er ute.

GUNNAR: Og det er heilt kategorisk.

GRY: Det er fordi det er så mykje barn ute, at viss ikkje du har barn sjølv, så er du ikkje interessert i å setje deg ned ute med kaffien din. Men det er jo ikkje barnet du snakkar om.

Naboskapet vert i dette tilfelle valt ut til å gjelde eksklusivt andre barnefamiliar. Gry og Gunnar brukar gatetunet som ein fast plass ute og verkar lite orienterte mot andre uteområde i nabolaget. Andre familiar må gå lenger for å kome til ein plass der barna kan leike og dei vaksne kan setje seg ned. Desse familiene har ofte fleire offentlege plassar dei brukar, dei vekslar mellom å gå til leikeplassar, parkar, skuleplassar eller idrettsplassar. Bruken av områda utandørs er konstituert av å ha barn og alderen på barna. Nokre plassar vert, som Gry

Med barn i byen

skildrar, monopoliserte av barnefamiliar. Samlingar av mange barn på ein plass gjer at mange vaksne heller vil setje seg andre stader, i ro og fred frå barna. Det kan kjennast som at ein må vere foreldre eller passe eit barn for å tote å setje seg ned på plassar med mange barn. Som mann kan ein verte sett på som suspekt, som ein mogleg seksualforbrytar, om ein set seg ned på ein leikeplass og tek kontakt med barna der utan å ha med seg eigne barn. Vaksne utan barn kan slik ekskluderast frå delar av det offentlege rommet i nabolag. At ansvar for barn er konstituerande for desse romma, vert uttrykt gjennom den midlertidige bruken av slike plassar. Når barna er store nok til å klare seg sjølv ute, brukar ikkje foreldra slike offentlege rom i nabolaget på same viset som før.

Gunnar fortalte ein historie om korleis det å få barn endra foreldra sine haldningar til nabolaget.

GUNNAR: Sjå desse foreldra til Silje, dei har budd her i fire - fem år. Alle kalte han for Muttingen, han var som ei potta, han sa jo aldri eit ord, kom heim, smatt inn døra og forsvann (...). Og ho var flink og fredeleg, og effektiv, rett heim og ut igjen.

GRY: Heilt til dei fekk barn.

GUNNAR: Så blir dei heilt fullstendig forandra menneske, dei fekk eit barn og dei hadde med seg ei heilt anna omgangsform då dei kom frå sjukehuset. Det var heilt sikkert rart for dei, men det var nesten rart for oss også. For det var jo Muttingen, men han var jo ikkje det lenger, for han var jo eit sosialt menneske, som gjekk og tusla og passa på det barnet. Slik at barn er jo ein enorm katalysator i den samanhengen.

Naboane til Gry og Gunnar vart interesserte i sosial omgang med naboane først etter at dei vart foreldre. Slik omgang oppstod fordi dei plutselig delte tid og rom med naboane utandørs. Før dei fekk barn var dei lite interesserte i å bruke tid i gatetunet, etter at barnet kom, bruker dei rommet ute rundt bustaden på ein ny måte. Dermed vert dei tilgjengelege for kontakt med naboar som dei tidlegare berre helste på i forbifarten. Bruken av nabolaget er knytt til verdiar om at barn skal få vere ute, og foreldre må passe på barna ute.

Fleire enn Gunnar og Gry fortel at dei overvegande har kontakt med andre barnefamiliar blant naboane. Felles rutinar og interesser knytt til barn og deira aktivitetar knyt familiane saman. Men det er langt frå alle som pleiar kontakt med andre barnefamiliar i nabolaget. Turid og Trond flytta til sentrum for nokre år sidan med dei to barna sine. Vennene deira bur spreidd rundt heile Bergen. Samvær med venner må avtalast, og sidan paret ikkje har bil, er dei avhengige av buss eller å verte henta av venner med bil. Dei fortel at dei har lite kontakt med naboar og folk i nærmiljøet.

TROND: Vi har ikkje kontakt med, altså det bur ikkje mange rundt her...

TURID: Dei fleste må vi køyre buss eller bil til. Og når folk jobbar, så vert det ikkje så mykje i kvardagen at vi er med andre folk med barn. Vi har jo ikkje noko spesiell kontakt med dei som bur rundt her då. Ungane har jo veldig god kontakt, men vi kjenner ikkje foreldra. Eller, vi har eit vennepar som har barn. Vi går og fiskar med dei og gjer slike ting. Men elles så har ikkje vi noko spesiell kontakt med foreldra til vennene, anna enn helse eller preike berre litt. Det er ikkje sånn sosial samanheng.

HILDE: Nei. De har venner uavhengig av der dokke har budd då?

TURID: Ja,

TROND: Ja, dei vennene som vi har, dei har vi vel hatt sidan eg var liten, trur eg. Eg har kjent dei nesten heile livet.

Barna sine lokale sosiale relasjoner er viktigare for desse foreldra enn tilgangen på eigne sosiale relasjoner i nærliken av bustaden. Då dei flytta frå den tidlegare bustaden sin, som låg i ein forstad utanfor Bergen, var ein av grunnane at det budde få barn i nærliken av bustaden deira. Turid og Trond opplever at dei har gode vennar andre plassar i byen, men treff ikkje dei så ofte. Dei oppfattar det som at barna har gode sosiale relasjoner i nablaget, men at dei sjølve omgåast med få menneske som bur i nablaget eller nærmiljøet.

HILDE: Har de besøk i helgene, eller dreg på besøk?

TURID: Sånn inn i mellom...

TROND: Ikkje så ofte.

TURID: Det blir litt meir sånn at berre ein av oss....

TROND: Han tjommien kjem av og til med dottera.

TURID: (...) Då er vi med dei, men ho er hyperaktiv så det blir litt stress.

Samvær med andre kan innebere stress og dei likar ofte å vere åleine som kjernefamilie. Å ha besøk eller gå på besøk vert eit overskotsfenomen, noko ein må vere opplagt for å kunne kose seg med. Trond skulle likevel ønskje at han hadde fleire sosiale kontaktar i nærmiljøet.

HILDE: Saknar de meir kontakt med folk her?

TURID: Ikkje noko spesielt sakn eigentleg, nei.

TROND: Eg kunne tenkt meg å ha ein del venner, ikkje at eg skulle gå på besøk til dei kvar dag, men for eksempel ringe og seie ”hei! Eg gløymde å kjøpe avis, har du kjøpt avis i dag? Kan eg kome ned og låne den? Takk skal du ha”

TURID: Ja, det hadde jo vore litt kjekt....

HILDE: Dette uformelle at du berre stikk innom?

TURID: Då vi budde i blokka i forstaden var det sånn at alle nabane kjente alle og vi kunne gå på døra og banke på og låne ein kopp sukker, men her helsar du nesten ikkje på naboen ein gong.

TROND: Ja, der var det sånn at eg bekymra meg ikkje viss dørene ikkje var låst, det var heilt greitt. Her har vi port og eg går ut og sjekkar døra kvar kveld før eg legg meg.

Med barn i byen

Trond og Turid verkar meir fornøgde med barna sine sosiale relasjonar enn sine eigne. Det er fleire kjende, såkalla svake relasjonar dei ønskjer seg i nabolaget.

Barnet som eit utgangspunkt for sosiale møter handlar ikkje berre om å treffe andre fordi ein oppheld seg på same plassar eller gjer dei same tinga. Det handlar også om å verte sett eller godteken av andre som ein mogleg samtalepartnar. Ein mann opplevde at naboane var lite interesserte i kontakt med han før han vart far. Dette opplevde han som meir merkeleg fordi han budde saman med kona og barnet hennar, som han fungerte som ein far overfor. Han kjenner seg inkludert på ein annan måte av nabolaget etter at han også vart biologisk far.

Å vere foreldre gjer at den vaksne vert inkludert og ekskludert i ulike samanhengar ut frå at dei er foreldre og ut frå alderen til barnet. Barn kan på denne måten vere konstituerande for vaksne sin identitet i nabolag og nærmiljø. Vaksne som bur utan barn kan oppleve at dei bur i eit heilt anna nabolag og nærmiljø enn vaksne som har barn. Foreldreskap kan fungere som eit slags førestelt fellesskap, der ansvaret for barn knyt dei vaksne saman i eit nabolag. Samtidig er det jo også, som vist, forskjellar mellom korleis ulike foreldre bruker nabolag og barneorienterte arenaer som utgangspunkt for å utvikle sosial kontakt. Foreldra sine praksisar i forhold til dette har stor innverknad på barn sitt forhold til nabolag og nærmiljø, på kva plassar barna oppfattar som sine og kor mange dei kjenner til i nabolaget (Lidèn 2000). Foreldra kjenner seg derfor ansvarlege for kva relasjonar dei tilbyr barna.

Den svenske etnologen Helene Brembeck har gjort ein studie av unge kvinner sitt syn på morskap, barn og familie (1998). Kvinnene formidla at det samfunnet som var spennande og fylt av utfordringar kan te seg i eit anna lys når ein har barn å ta seg av (Brembeck 1998:200). Brembeck nyttar Thomas Ziehe sitt omgrep om ontologisering når ho tolkar korleis kvinnene vart mødrer. Dei ønskte å skape trygge rom for barna, som ei motvekt mot eit samfunn som kan opplevast som kaotisk, fragmentert og skremmande. Barndommen vart kopla til lokalsamfunnet og det gode fellesskapet. Ønsket var å finne eit rom for tryggleik, ro og felles moralske vurderingar. Men dette rommet trengete ikkje å vere eit bestemt fysisk rom, det kunne også vere eit fellesskap i ei foreining eller eit bestemt sosialt miljø (Brembeck 1998:203). Det å bli foreldre kan gjere at ein stiller nye krav til omgjevnadene, både fysisk og sosialt, og føre til at ein oppsøkjer nye arenaer som dei meiner vil vere gode rammer rundt barnet.

Sosiale relasjonar rundt barna

Foreldra forvaltar barna sitt sosiale liv på mange måtar. På ein grunnleggjande måte gjer dei det gjennom organiseringa rundt barnet i tid og rom som eg alt har skildra, ved val av institusjonstilknyting og aktivitetar rundt barnet. Foreldra avgjer dei romlege grensene barna må halde seg til i kvardagen, kor barnet får gå, og kor lenge det får opphalde seg på ulike plassar. Foreldra forvaltar også barnas sosiale liv gjennom å ta initiativ til avtalar med andre barn på vegne av barnet og ved å godkjenne eller avvise dei initiativa barna sjølve tek. I tillegg til foreldra, er også institusjonar som skule og SFO viktige arenaer for utvikling av barn sine vennskap.

Foreldra var ikkje så opptekne av kor dei budde med små barn som uansett ikkje kan klare seg ute på eiga hand. Men når barnet vert stort nok til å vere åleine ute, knyt sosiale relasjonar på eiga hand eller byrjar på skulen veg omsynet til barnet tungt ved val av bustad. men når barna skulle utvikle vennskap, vart foreldra meir opptekne av korleis forholda var i nabologat. Barn sine vennskap er sannsynlegvis meir lokalt forankra enn vaksne sine. Barn er avhengige av vaksne for å etablere eller halde ved like sosiale relasjonar utover det lokale rommet. Foreldra er aktivt med på å organisere barna sitt sosiale liv gjennom å ta initiativ til sosial kontakt mellom eigne barn og andre sine barn og å følgje opp dei sosiale relasjonane til barnet.

HILDE: Oppfattar de at viss jenta som går i tredje klasse skal leike med nokon, må de ringe og avtale og følgje henne dit?

ANNA: Ja, no er det sånn. Eg har prøvd å oppmuntre henne til å ringe til ei venninne sjølv og gjere avtale. Altså, vi må vite, ho kan spørje oss først eller vi kan bli einige, men at ho gjer det på eige initiativ.

HILDE: Ja.

ANNA: Men elles så avtalar vi ofte noko med foreldra, spør om ei klassevenninne vil vere med heim etter SFO då. At vi kan hente begge to og at dei et middag.

Foreldra ønskjer at barnet skal ta eigne initiativ og velje leikekameratar sjølve og ser det som ein viktig verdi. Samtidig er det klart at foreldra spelar ei viktig rolle i å organisere det sosiale nettverket rundt dottera. Til dømes har dei i ein lengre periode samarbeidd med ein annan familie om at barna er med kvarandre heim fast ein dag i veka. Denne ordninga kom til fordi foreldra ønskte å ha ein ettermiddag i veka dei kunne bruke til lønsarbeid og dei syntest det var positivt for barna å få vere saman.

Foreldra har full kontroll over dei sosiale relasjonane til barnet når det er lite, dei går så over til styring av dei sosiale relasjonane og til å gi større grad av fridom til barnet.

Med barn i byen

HEGE: Eg har et inntrykk av at guten vår som går i tredje klasse no, så er det dei vennene han vel seg sine foreldre som vi får relasjonar til. Det er ungane som styrer litt meir kva foreldre vi får relasjonar til, enn sånn som i barnehagemiljøet der vi sjølve valte kva foreldre vi skulle ha relasjon til.

HELGE: Så fekk ungane ta til takke med dei ungane dei fekk.

HILDE: Ja. Så de merkar at barna har sterkare preferansar no på vennskap?

HELGE: Ja, ja.

HEGE: Å ja, tydeleg. I barnehagen var det mange fleire dei hadde med å gjere. Men på skulen er det gjerne meir bestevenner og nokre få dei leikar med.

HILDE: Når det endrar seg, at det er barnet sine venner som blir meir viktige - får de eit anna forhold til dei foreldra som de ikkje har valt sjølve, enn til dei som de meir valde aktivt sjølve?

HEGE: Det blir litt meir praktisk forhold vi har til dei, at det går på avtale.

HELGE: (...). Og vi har jo foreldre kor sonen vår ikkje likar ungane deira.

Denne endringa frå at foreldra i større grad vel nettverka til at barna i større grad tek sjølvstendige initiativ, er det mange foreldre som fortel om. Dette tidfestar dei til overgangen frå barnehagen til skulen. Etterkvart som barna vert større, klarar dei seg meir på eiga hand og gjer avtalar sjølve om kven dei vil vere med, når og kor det skal skje. Fleire foreldre kommenterer at dei har mykje dårlegare oversikt over foreldra i klassen til barna enn dei hadde over foreldra i barnehagen, der bringe- og hentesituasjonane gjorde at foreldra treftest hyppigare og då barna er så små at dei krev meir kontroll av dei vaksne. Helge nemner at sonen ikkje likar sonen til nokre venner av dei og med det siktar han til at også barna har kjemi seg imellom og den ikkje alltid stemmer med dei vaksne sin kjemi.

Barna tek initiativ sjølve til kven dei vil vere med, når dei skal treffe andre og kor dei skal treffast. Barna hadde høve til å vere saman med vener både i SFO-tida, om ettermiddagen og i helgene. Foreldra har eit ideal om at barna i størst mogleg grad skal styre avtalar med andre leikekameratar sjølve. Men det er foreldra som legg rammene for barna sin omgang med venner, gjennom kva døgnrytme og aktivitetsnivå dei legg opp til for familien, kor viljuge foreldra er til å ha besøk av andre barn eller følgje barnet til vennene dersom det trengst og kva fysiske grenser dei set for barnet utandørs.

Nokre foreldre var opptekne av både kontakten og den sosiale kontrollen dei får over barna ved å passe på dei utandørs. Mona bur slik til i byen at ho ikkje berre kan la barna gå rett ut i gata. Dette reknar ho i utgangspunktet for å vere negativt, fordi barn ideelt sett bør kunne røre seg fritt like utanfor bustaden. Men ho omformar det at ho må følgje barna ut til noko positivt:

MONA: Eg er ikkje vant til å bu i store blokkområde. Eg har fått litt kjensla av det, etter at eg var på eit besøk. Masse blokker og masse ungar, kor barna ”Å, kan vi gå ut og leike?! Dette var gøy”. Eg kjende på at dette var gøy for dei, men, kva slags barn er det som er her og leiker? Det var sånn framandfrykt, for det var så veldig ukjend. Så eg trur, for meg å bu i eit veldig stort blokk-kompleks med masse barn, mange ukjende. ikkje nødvendigvis at folk var ukjende, men miljøet og bustadforma var ukjend for meg. Eg tenkte ”Gud”, så var det kanskje ikkje vanleg å gå (ut) med barna sine i eit sånt miljø. Og viss eg då berre skulle følgje med mine barn i eit sånt miljø så ville jo dei ville bli heilt utanfor. ”Kvífor er mamma med deg ut?” Så der hadde kanskje ikkje eg passa inn. Eg er litt styrande med dei. Eller vi styrer dei når vi har dei.

HILDE: Så du hadde, det hadde kanskje vore vanskelig for deg å sleppe ungane tidleg då, når det kom til stykket?

MONA: Ja. Det hadde kanskje vore det likevel. (...). På grunn av at miljøet var blitt så stort at eg ville blitt sånn ” kven er dei med, kva relasjonar gir dei barna mine barn? ”.

Den siste setninga til Mona formulerer presist tankemåten til mange av foreldra eg snakka med. Dei var opptekne av kva for venner barna deira hadde, kva type relasjonar barna utvikla med desse vennene og kva innverknad vennene hadde på barna. Mona er oppteken av leikekameratane til barna og har forsiktig prøvd å styre dei i det ho meiner er riktige retningar. Men ho strekar under at det ofte ikkje er naudsynt, for barna hennar har så kjekke venner. Det ho fortel her viser at dersom ho oppfatta det som naudsynt, ville ho gripe inn. Gjennom val av bustadmiljø har ho gjort det enkelt for seg sjølv, for i deira gate synest ho at barna er greie og behovet for styring vert dermed minimalisert. Likevel set ho pris på at foreldra er ute med barna og slik har oversikt over kva ungane gjer og kven dei er med. Mona fortalte også at ”Vi som foreldre er veldig aktive med å spore barna inn på kor ein har lyst til å ha dei. Og der har vi brukt mye av tida vår”. Mona illustrerer eit paradoks mellom ønskjer om å styre barn i visse retningar og å la dei få så mykje fridom som mogleg. Ho verdset det å vere sjølvstendig og skape sjølvstendige barn svært høgt, samtidig som ho ønskjer å styre barna inn på visse spor. Slike romlege metaforar om barneoppseding uttrykker også grensene ein ønskjer å skape rundt barna.

Foreldra ser positivt på det å vere ute saman med barna, det er ein måte å vere god forelder på. Det handlar om å halde barna unna farlege situasjonar i forhold til trafikk og ukjende menneske og å få oversikt over dei sosiale relasjonane rundt barnet. Ved å opphalde seg ute saman med barna kan ein passe på at barnet inngår i heldige sosiale relasjonar. Men nokre engstar seg samtidig for at barna kan verte for kontrollerte gjennom å ha vaksne rundt seg store delar av dagen. Dei legg derfor vekt på at dei let barna ordne opp sjølve i den sosiale omgangen med andre barn og at dei ikkje grip inn utan at det naudsynt. Haldningane til foreldra kan karakteriserast som ei tilbakehalden styring av vennskapen til barna. Nokre

Med barn i byen

foreldre sa til dømes at dei var opptekne av at barna deira ikkje skulle skjøne at dei hadde noko i mot visse av vennene deira. Styringa av barna skjer indirekte, barna vert trena opp i å forvalte seg sjølve.

Foreldra gir inntrykk av ulike praksisar rundt barna sine vennskap. Nokre foreldre fortel at barna har mange venner i fysisk nærleik til bustaden og at barna får vere ute på eiga hand saman med desse vennene. Nokre – to foreldrepar – fortel at barna har få venner i fysisk nærleik frå bustaden og at barna må følgjast når dei skal besøkje venner, og at alle sosiale møter rundt barna må organiserast. Alle foreldra la vekt på at barna sine venner var velkomne i heimen.

Foreldre si organisering av barna sitt sosiale liv var mindre omfattande på 1950-talet enn i dag. Sidan barna var meir ute på eiga hand, vart vennskapen mindre styrt av vaksne og vart framstilt som ei mindre viktig oppgåve for foreldre. Det har alltid vore ei fare for foreldra at barna deira kan hamne i därleg selskap. Men vurderingar av kva som er gode eller därlege relasjonar rundt barnet synast i dag å vere detaljerte og argumentative, dei kan dreie seg om millimeterjusteringar. Vi skal no gå over til å sjå korleis dei sosiale relasjonane til vaksne og barn vert handtert på ulike måtar på ulike plassar i det lokale rommet.

Prioritering mellom bustad eller strøk

Ved nokre høve vart verdien av husværet sett opp mot verdien av nabolaget under intervjuet. Dette var særleg tydeleg blant dei foreldra som uttrykte misnøye med eigen bustad. Foreldra verka gjennomgåande meir fornøgde med området dei budde i, strøket, naboane eller nærmiljøet enn kvalitetane ved sjølve husværet. Foreldra opplever at dei må prioritere mellom ulike typar av godar og ulemper. For nokre er det viktigare at det er andre ungar i nærleiken av bustaden enn om det er ein einebustad, rekkehus eller blokk.

ODA: Det spørst jo så veldig på området óg, eg kunne jo budd i eit område der det var mange andre ungar, om det då var blokk eller kva det no var, så hadde ikkje det hatt noko å seie.

Mange av foreldra var opptekne av tilknytinga barna deira hadde til det fysiske miljøet rundt bustaden og kva sosiale relasjonar barna hadde i nabolaget. Mange ønskta seg større husværet, men mente at det var urealistisk å finne noko større som dei ville ha råd til i nabolaget. Nokre av foreldra opplevde at dei stod i ein forsvarsposisjon overfor slekt, kollegaer eller venner fordi dei budde for trøngt eller fordi dei ”berre” budde i leilegheit.

JENNY: Eg trur familien har venta lenge på at vi skulle bli ferdig med dette tullet, og kjøpe oss ein einebustad, då har ein liksom komme i mål. (...). Dette er midlertidig, på vegen mot einebustaden. Det er ei sånn førestilling ein har på landet, ein skal ende opp i einebustad. Og det er det jo mange vi kjenner som har, vi kjenner jo fleire som har budd i sentrum før, men som no har flytta rett utanfor då. På grunn av at dei ville ha hage, for eksempel. Eg trur at det går igjen, dei har ikkje noko i mot å bu i sentrum, men dei vil ha hage og då må du litt utanfor. Så får du litt meir kvadratmeter for pengane.

Jenny posisjonerer seg mot idealet om einbustaden. Ho er fornøgd med leilegheita deira, men kanskje meir fornøgd med kvalitetane knytt til nabolaget. Når eg spør kva ho aller helst kunne tenkt seg, uavhengig av økonomiske forhold, svarar ho ein einebustad med hage. Men fordi ho vil bu i det nabolaget som ho no bur i, tenker ho at det er urealistisk å kunne skaffe seg ein slik bustad. Dei demografiske prosessane rundt flytting i Noreg viser at forventingar om at ein skal flytte ut av byen når ein har fått barn, kan byggje på at mange gjer nettopp det. Det vert dermed vert sett på som vanleg, som eit forventa mønster. Ei undersøking av preferansane til folk som nyleg hadde flytta i Stavangerregionen viste at unge folk drøyde om einebustad med god plass rundt og trygge forhold for barna (Barlindhaug og Guldbrandsen 2000).

Dess nærare ein kjem sentrum av ein by, dess meir må ein som regel betale per kvadratmeter i bustaden. Mange av familiene som syntest at dei budde trøngt kunne, om dei hadde hatt økonomisk høve til det, tenkt seg å bu i eit større husvære. Det som hindra dei frå å flytte til eit større hus var trivselen i nabolaget. For å klare å kjøpe eit større husvære, måtte dei nemleg ha flytta ut av bykjernen. Tilknytinga til sjølve området var derfor viktig for dei. Dette stemmer også med funna frå Randi Hjorthol si undersøking og med rapporten om levekår i Bergen (Hjorthol 2003, Bergen Kommune 1997).

For Svein og Sigrid er det plassen dei bur på, meir enn bustaden som gjer at dei trives. Dei koplar tilknytinga til bustaden og det lokale rommet ute sterkt til dei sosiale relasjonane rundt barna.

HILDE: Korleis opplever de at dei (barna) trives her?

SVEIN: Eg må seie at eg synest dei trives bra.

SIGRID: Ja. Viss det er snakk om å sjå i avis, om for eksempel ein plass å bu, så seier Stina på 8 år, "bare lukk igjen den avis, de treng ikkje sjå i den avis". Slikt seier ho, samtidig som ho ønskjer seg eige rom, ho ønskjer seg alt det der.

SVEIN: Og folk har gjerne to bad, vi har berre eitt. Det kjem av og til fram

SIGRID: Sara, ho er fem år, ho seier ikkje så mykje sånt, ho snakkar om å ha dyr, no har vi ein liten gullfisk og det meiner dei kan skiftes ut med et marsvin, det er heilt greitt. Ho snakkar om dyr. "Og viss vi hadde hatt hage så kunne vi hatt...." Så ho drøymer om noko. Medan Stina snakkar ikkje så mykje om dyr, men ho snakkar om storleik på hus og eige rom. Dei har det veldig bra, det er lett å få venner her, lett å ta

Med barn i byen

med seg venner heim. I dag hadde Stina to venninner med seg heim, dei går frå skulen åleine og kjem inn her. (...). Det er veldig enkelt for dei. Dei kjenner veldig mange vaksne og ungar rundt omkring. Mange frå skulen som bur rundt her.

Husværet til Svein og Sigrid har stige mykje i verdi sidan dei kjøpte det. Likevel vil det vere vanskeleg økonomisk sett, å bytte det ut med eit husvære som har hage eller er større, dersom dei ønskjer å bu i nærleiken av den noverande bustaden deira. Det ville både vore økonomisk lurt og delvis praktisk å flytte til ein forstad utanfor Bergen, fordi Svein no pendlar dit uansett. Men det kan dei ikkje tenke seg, det er uaktuelt. Det verkar som om dei har eit negativt syn på estetikken i nye bustadfelt og rekkehusmiljø. Det ideelle for dei, uavhengig av økonomi, er eit husvære med hage. Dei seier begge at dei ikkje treng ha så stor plass, eller så stor hage. Men husværet skulle liggje like i nærleiken av der dei bur no.

Hjorthol si undersøking viser at dei som er busette i dei indre bydelane oftare gir uttrykk for at dei har flytt til eit område dei har hatt særskilde ønskjer om å bu i, enn dei som bur i dei ytre bydelane. Denne variasjonen i tilknytinga til bustadområdet var også tydeleg i ein rapport om levekår og nærmiljø i Bergen (Bergen Kommune 1997). Dei som bur i sentrum av ein by ser altså ut til å vere meir opptekne av sjølve området dei bur i enn dei som bur i ytre bydelar ved val av bustad.⁵⁰ Dette kan altså oppfattast som eit særtrekk ved sentrumsbuarar. Informantane la stor vekt på banda til nabolaget, i tillegg til praktiske fordelar ved å bu sentrumsnært, då dei fortalte om kva dei sette pris på ved bustadområdet. Ein studie av barnefamiliar som bur sentralt i Amsterdam peikar på at nabolaget var eit viktig sameinande ledd i kvardagen deira. Ved å bu nær arbeidsplassen og kulturelle tilbod kan dei integrere ulike behov som å byggje ein karriere, ha omsorg for barn, vere med i kulturelle aktivitetar og ta del i sosiale nettverk (Karsten 2003:2573). Nabolaget vart der brukt til å utveksle tenester, som barnepass, hjelp til å installere datautstyr og liknande. Ein studie av gentrifisering i Bristol viser også at sentrumsbuarane la vekt på den sosiale tilknytinga til nabolaget som positiv og viktig for trivselen (Brigde 2001 og 2003).

Gullestad hevdar at det har skjedd ei forskyving av fokus frå lokalsamfunn, fellesskap i offentlege rom, til heimar og meir privat organiserte fellesskap i Noreg. Ho har ei tese om at det fysiske heimen sin posisjon har vorte styrka i forhold til nabolaget dei siste åra og at grensene mellom den fysiske heimen og lokalsamfunnet har vorte skarpere (Gullestad 2002:237). Heimen er ein arena for intimitet medan nabolaget er eit deltidssamfunn som må

⁵⁰ Hjorthol fann også at innbyggjarane i dei indre bydelane har ein livsstil som er meir lokalt orientert enn dei busette i dei ytre områda (2003:37). Rundt 60% av dei i indre by har også arbeidsplassen sin der.

konkurrere om tid og lojalitet med sosiale nettverk med andre fysiske grenser (Ekne Ruud 2003, Robins 2005, Ytrehus 2005). Kvart familiemedlem tek i aukande grad del i sosiale arenaer utanfor det nærmeste nabolaget. Samtidig er det også nokre endringar som kan peike i motsett retning. Foreldra i denne undersøkinga opplevde at dei prioriterte området å bu i framfor storleik på bustad. Dette er interessant med tanke på den sterke stillinga den frittliggjande norske einkunstnare har og har hatt i norsk kultur (Guttu 2003). Nabolaget og strøket er viktig for informantane, særskild som ein plass der ein vil kjenne til kven dei andre er, men ved nokre høve også som ein plass for å danne nære sosiale relasjonar. Eg ser likevel grunn til å streke under at nabolaget er skapt og valt ut. Nabolaget vert ofte til eit nabolag av barnefamiliar, eller eit nabolag av nokre barnefamiliar.

Bygda i byen

Å ha ei oppleveling av å bu i ei *bygd i byen* er attraktivt for mange av dei foreldra som eg har intervjuet. Mange av informantane mine karakteriserte nærmiljøet sitt på om lag denne måten: ”Det blir som ei bygd i byen, det er så littelite, så nært”, eller: ”Det blir eit landsbypreg der alle kjenner alle”. Dette vart framstilt som positive kvalitetar ved bustadmiljøet. Strøket i byen vart ofte samanlikna med ei bygd når dei gjeld det sosiale. Samtidig ønskjer foreldra nærlieken til byen, og høve til å velje kven dei knyt nære band med. Det er derfor verken berre bygda eller berre byen foreldra set fram som eit ideal for sine lokale sosiale relasjonar, men eit høve til å pendle mellom det nære og distanserte.

Nostalgiske ideal om livet mellom husa

Mange av forteljingane om det rike gatelivet og barn som får leike fritt ute peikar mot nostalgiske ideal om barn som leikar mellom husa ”som på landet i gamle dagar”. Dette ser foreldra i kontrast til korleis det er andre plassar, der dei meiner det sosiale livet mellom husa ikkje er så levande. Nokre av bybuarane framstiller seg sjølve som det ”ekte landet”, slik det var i gamle dagar, som verkeleggjeringa av det gode nærmiljø og lokalsamfunn og den gode barndom. Ivar og Ingar la vekt på korleis uteområda såg ut, og kva høver det var for å treffe andre barnefamiliar utanfor bustaden då dei var på jakt etter bustad. Gjennom heile intervjuet framhevar dei tette sosiale relasjonar rundt familien som viktige for å gi barn ein god oppvekst.

INGER: I alle fall før så tenkte eg, hadde våre barn hatt det betre på landet? Men så tenker eg også at livet på landet er jo heilt annleis enn då vi budde der, det er vidt forskjellig, folk kører heim frå jobben og skulen og SFO der også. Så det også har

Med barn i byen

vore ein ting som vi har sett på når vi har sett etter hus her i Bergen. Då var vi også blant anna litt oppe i eit villastrøk og såg, men der hadde husa gigantiske hekker.

IVAR: Gjerder og hekker, og masse forbodsskilt, "Vokt dem for hunden", "Ballspill forbudt", "Privat eiendom", overalt. Alt mogleg sånt.

INGER: Viss du var inne i din hage, så var du i din hage. Så måtte du gå rundt og vekk for å komme i ein annan hage, og dette, det kom ikkje på tale. For det er akkurat det som er så fint her. (...). Viss du skal ut, så samlar du deg på ein plass med andre. Så akkurat dei fysiske tinga rundt huset såg vi jo masse på då vi kikka på andre hus. Dette med at det er ein naturleg samlingsplass for dei som bur i nærmiljøet er viktig.

IVAR: Vi har mange sånne plassar, parken, fotballbanen og skoleplassen, butikken nede på hjørnet.

INGER: Nærbutikk.

Offentlege plassar for sosial kontakt utandørs er svært viktig for Ivar og Inger. Dei set fram ei motsetning mellom sentrum av byen og landet, villastrøka og forstadane når det gjeld høve for utvikling av sosial kontakt mellom naboar. Ivar meiner at dei tette relasjonane på landet er oppskrytte: "Eg ser berre på foreldra mine som bur der, dei er ikkje kranglevorne i det heile teke, men det er mange naboar som dei sikkert ikkje har snakka med på årevis".

Det tronge fysiske rommet i byen, som fører til at mange husvære manglar hage, vert omforma frå ein mangel til ein positiv fysisk kvalitet fordi det førar folk saman. Ivar og Inger assosierer den moderne bygda med bilbruk og forstaden med hekkar og hagar som uttrykk for lukka privatliv. I sentrum av byen derimot, har dei både park, idrettsplass, skuleplass. Dei har til og med ein nærbutikk, eit symbol på det bygdeaktige. Ivar og Inger føretrekk offentlege rom ute framfor private rom, park framfor hage. Dei ønskjer å vere omgjevne av tette sosiale relasjoner. Inger seier at "Viss dette var vår boks som ikkje hadde noe med alle andre å gjere, då kunne eg ikkje budd her". Møter mellom menneske vert trekt fram som tiltrekjkjande med å bu i sentrum av byen.

Å setje fram det sosiale landsbylivet i sentrum av byen der folk går mykje til fots og kjenner kvarandre i motsetning til forstadane der folk kører bil og gøymer seg bak store hekkar, er utbreidd blant folk som bur sentralt i vestlege byar (Ley 1996). Dei sosiale kvalitetane som informantane knyt til sentrum av byen som bustadområde, har vore ein del av plassmyten om sentrum av byen sidan 1970-talet. Nokre av strøka i indre by har i lengre tid vorte oppfatta som plassar der dei sosiale banda mellom menneske har kvalitetar, som elles har gått tapt i samfunnet (Engesæter 1986). Den politiske radikaliseringa frå slutten av 1960-talet av førte med seg ei idealisering av arbeidarklassekulturen og arbeidarklassen sine bustadområde som symbol for fellesskap og solidaritet. Akkurat som draumen om det gamle bonde- eller kystsamfunnet drog folk ut i grisgrendte strøk, førte førestellinga om den solidariske arbeidarklassa til at unge og radikale folk søkte seg mot dei gamle saneringstrua

strøka i bykjernane (Bjørnskau og Hjorthol 2005, Gullestad 1979, Richardson 2000, Tønseth 1995).⁵¹

Gullestad etterlyste gjennom forskinga på eit bustadområde sentralt i Bergen ein offentleg debatt om livsvilkåra i eldre sentrale bydelar i Noreg (Gullestad 1979). ”På tross av tendenser til forfall og opphopning av ulemper har livet i eldre sentrale bydeler noen verdier som savnes i mange nye områder” (Gullestad 1979:7). Ho gir innblikk i eit bustadområde truga av offentleg vanskjøtsel, men med tette nettverk i eit lokalmiljø som tok vare på einskildmennesket. Slike verdiar fall saman med middelklassa sine draumar om det nære og ekte (Tønseth 1995:68). Slik forsking og medieomtale var sannsynlegvis med på å endre plassmyten om sentrum som bustadområde.⁵²

Ei hovudfagsoppgåve i geografi om byfornynging i Bergen skildrar dei private byfornyarane på 1970-talet som idealistar med ein draum om eit alternativt samfunn:

Den private ”byfornynginga” på 1970-talet var i all hovudsak konsentrert til ”koselege, ekte og sosialt integrerte ”småhus miljø i dei største byane våre. I slike miljø venta byfornyarane å finne bygda og utkantnoregs verdiar; nærheit, sosiale nettverk, menneskeleg kontakt, samstundes som dei kunne dra nytte av sin sosiale og kulturelle tilknytning til byen i eit bysentrum like ved (Engesæter 1986:27).

Byfornyarane søkte derfor verdiar om fellesskap og nærliek, like mykje som det å bu i by. Arbeidet for eit godt nærmiljø var generelt ei viktig sak på 1970-talet, både i byar og i grisgrendte strøk (Wilhjelm 2002:17). Engesæter meiner at dei private byfornyarane på 1980-talet ikkje var fullt så idealistiske og at dei var meir orienterte mot byen som by. Dette kan tolkast som ei gryande interesse for byen som ein plass med verdfulle kvalitetar, som fleire forskarar meiner å finne ved byrjinga av 1980-talet (Engesæter 1986, Schiefloe 1985). I tillegg til å hente ideal frå livet på bygda, vende ein blikket mot eldre bymiljø og europeiske storbyar og sentrum av byen vart sett som ein plass for utvikling av urbane kvalitetar (Schieflo 1998:174). Ein uvilje mot drabantbyar og forstadar, som er sterkt til stades i kjeldemateriale mitt, sameiner informantane og byfornyarane på 1970- og 1980-talet.

⁵¹ Etnologen Heidi Richardson skildrar alternativbøndene på 1970-talet som ei gruppe som vel mangfaldet (Richardson 2000:62 -63). I forhold til eige politisk engasjement var dei opptekne av å vere eit sjølvstendig tenkjande individ med ei kritisk og aktiv innstilling til utbreidde ideologiar. Individet sin rett til å velje sitt liv vert framheva som viktigare enn å ofre seg sjølv eller andre på vegne av ein utopi. Mangfold veks fram som eit omgrep og ei livsoppfatning som står høgt i kurs frå 1970-talet av.

⁵² Kjerstin Tønseth skildrar i hovudoppgåva i etnologi ”Drømmenes bydel. Om handling og forvandling på Nordnes” korleis avisoppslag om menneske som måtte flytte på grunn av saneringa, utløyste sterke reaksjonar hos avislesarane i Bergen (Tønseth 1995:51).

Med barn i byen

Mange er leie av, eller vil ikkje busetje seg i, dei ”anonyme”, ”stereotype”, og ”funksjonelle” forstadane, og vil heller leve i eit ”mangfaldig” og ”rikt” bymiljø. Den gryande by-renessansen, med cafe-kulturen som truleg fremste eksponent, vil òg appellere til mange. Det er blitt ”trendy” å bu i by! (Engesæter 1986:30).

Bytrenden kan sjåast som ein opposisjon mot den sterke forstadsveksten og oppblomstinga av store kjøpesenter rundt byen på 1980-talet. Men medan byfornyarane på 1970-talet var del av ei omfattande protestrørsle, var byfornyarane på 1980-talet i større grad urbanistar og konformistar, og ikkje er så opptekne av ”smått er godt” og bygdeverdiar, ifølgje Engesæter (ibid 31).

Nabolag og nærmiljø har ei særleg forventning på seg om å verkeleggjere verdiar som mange meiner har gått tapt i det moderne samfunnet. Boktitlar som *Savnet fellesskap* (Bauman 2001) og *Moralens sjanser i markedets tidsalder* (Vetlesen og Henriksen 2003) gir uttrykk for jakt på noko som manglar. Offentleg bekymring for folketomme heimar og nabolag og manglande band mellom individua resulterer i boktitlar som *Hvem er hjemme?* (Wærness 2000). Velferdsstaten har innført fleire tiltak som skal bøte på manglande kontakt mellom menneske, og som særskild skal styrke nærmiljøet som eit fellesskap, barselgrupper på helsestasjonar og støtte til bydelssenter er nokre døme.

Nokre av forteljingane om bylivet gir assosiasjonar mot det gode livet, ”slik det var før”, til nabolag som fungerer som små lommer i byen, der folk bryr seg om kvarandre. Nokre av forteljingane refererer til nostalgiske førestillingar om det gode livet, det gode lokalsamfunnet, der folk hadde tid og interesse for kvarandre. Uttrykket *Som det var før*, hos landhandlaren, på bygda før bilane kom, vert positivt lada. Det viser til eit lokalsamfunn der folk bryr seg på ein god måte, viser respekt og omsorg for kvarandre, har tid til ein prat og ein kopp kaffi. Det handlar om å ta ansvar for kvarandre. Forteljingane om det varme nabolaget refererer til ei underliggjande forteljing om at samfunnet i dag ”er kaldare, folk bryr seg ikkje, vi må gjenreise nabokjerringa, nabolaget og fellesskapet” (Sivertsen 2004). Nokre av foreldra opplever at dei er omgitt av varme og trygge fellesskap der dei bur. Andre framhevar meir at dei slepp klamme fellesskap og er glade for det. Nokre foreldre er opptekne av høve til å veksle mellom nære og meir distanserte fellesskap.

Å ta ansvar er ein del av det gode lokale fellesskapet. Den svenske kulturforskaren Anna Sofia Lundgren, som har forska på offentlege rom i byen, viser til at nostalgiske haldningar kan vere ein måte å flykte frå samtidia på, men at det også kan vere ein måte å løfte fram relevante spørsmål på (Lundgren 2005:12). Nostalgi er ikkje berre ei kjensle og ein lengsle etter eit betre liv, men kan også forståast som ein strategi for å handtere ansvar

(Lundgren 2005:3). Nostalgitiske kjensler med referanse til fortida er positivt lada for foreldra når det viser til barn som er ute og leikar og til sosiale fellesskap som opplevast som gode. Men fortida vert også brukt som kontrast i forhold til samvær i familien. Då vert notida halde fram som eit ideal sett i forhold til fortida, med større kontakt mellom foreldre og barn og fleire felles aktivitetar mellom vaksne og barn i familielivet.

Geografen Pløger hevdar at nærmiljøideologien, om å skape tette, nære og forpliktande band i nærmiljøet står svært sterkt i forståinga av bylivet i Noreg, og at dette har fått store konsekvensar for byplanlegging og bypolitikk (Pløger 1997, 2001, 2003). Pløger hevdar at det gode byliv for politikarar og byplanleggjararar vert einstydande med det byliv som er familie- og nærmiljøorientert (Pløger 2001). Han oppfattar dette som negativt. Han viser her til ei forståing av samfunnet der tette og nære sosiale band i familiar og nabolag vert ei forsikring mot asosial åtferd som kan skape normoppløysing, utrygge forhold og kriminalitet. Pløger meiner, som Richard Sennett og Iris Marion Young, at ein heller bør streve etter å finne fram til andre former for fellesskap enn dei nærleiks- og likskapsbaserte. Han viser til den britiske geografen Gillian Rose, som meiner at det er behov for nytt innhald i omgrepene for fellesskap. Rose hevdar at vi må finne erstatningar for idear om fellesskap som bygger på den rousseauske ideen om sosial kontrakt, som nærmiljøaktivisme, kollektiv plikt om å delta på dugnad og liknande er ein del av. ”Vi må overfor dette etablere fellesskaper som, slik J.F. Lyotard sier det, tillater at vi er sammen gjennom vår felles forskjellighet” (Pløger 2001:49). Kritikken av nærleiks- og likskapstenkinga inneber slik ikkje ei avvising av ideen om fellesskap. Det handlar om å streve etter nærmiljø som tillet individualitet og subjektivitet. ”Et fellesskap som skaper mulighet for å etablere posisjoner som er partielle, provisoriske og singulære, å tillate et fellesskap at loose ends” (Pløger 2001: 49). Pløger hevdar at urbanitetsformene i store byar er garantistar for nærmiljø med slike *loose ends*. Samtalar om nabolaget set slike moralske spørsmål på dagsorden. Korleis vil vi at barna våre skal ha det? Kva samfunn ønskjer vi å ha?

Det valbare nabolaget

Nærmiljø og nabolag er ein viktig del av konstruksjonen av byen som ein urban idyll. Tryggleiken rundt barna vart kopla til det trygge, nære og kjende: ”Det er ei lita bygd, eg føler ikkje at eg bur veldig sånn i byen”.

JENNY: Noen kjenner vi litt godt og andre kjenner vi litt, du veit liksom at der er mora til den og faren til den og den ungen er broren. Du får litt oversikt over kven som

Med barn i byen

høyrer saman med kven når ungane startar på skulen. Så er det nokre vi kjenner her fordi vi kjenner dei frå før. Vi får ein oversikt og det er kjekt.

JENS: Ja. Det er litt bygdestemning her på sett og vis.

JENNY: Eg har ikkje noko ønske om å drukne i storbyen. Eg synest det er fint å vite litt om ting rundt meg.

Jens og Jenny likar bygdestemninga, vil ha oversikt og kjennskap til omgjevnadene, samtidig er det nok for dei å berre vite litt om ting rundt dei. Mange foreldre framheva tette sosiale relasjonar, utveksling av tenester som barnepass i nabologatet og at dei hadde god oversikt over kven som budde i nærleiken, som eit gode ved nærmiljøet. Slik utfordrar foreldra førestellingar om byen som ein plass der menneska lever isolert og er anonyme overfor kvarandre. Mange av dei same foreldra sette også pris på høvet til å trekke seg tilbake frå andre menneske. Dei var fornøgde med å kjenne til og vite om andre menneske i nabologatet, utan at dei ønskte å utvikle relasjonane nærrare. Denne kombinasjonen av ideal fann også Schiefloe i sine analysar av byliv frå 1980- og 1990-talet (Schiefloe 1985 og 1990). Landsbyidealet om det tette, integrerte fellesskapet der alle angår alle representerer ikkje ein ønskeleg situasjon. Folk ønskjer ein passeleg mengde av lokale relasjonar der ein kan hauste kollektive fordelar utan å vere underlagt for sterk sosial kontroll (Schiefloe 1998:185). Det valte ved omgangen verkar viktig, og høve for å ta slike val koplar dei til å bu i ein by.

DAG: Eg trur at oppvekst (i bygda) med kulturbakgrunn frå byen gjorde at eg aldri følte meg som ein sambygding, og heller ikkje blei akseptert som ein. Den kjensla av å vere annleis sette antakeleg spor. Eg hadde ikkje lyst til å ta kampen for å verte ein sambygding, men heller velje eit liv kor det ikkje er nødvendig for sosial aksept, og leve ein plass kor den sosiale kontrollen ikkje tyder så mykje.

Dag og Dina har ulik oppfatning og oppleving av kor gjennomsiktig eller anonymt området rundt bustaden deira er.

DINA: Det er jo eit sånt strøk kor du kan kikke inn til alle saman, og vi går på gata, så kikkar vi inn til dei vi kjenner og så vinkar vi gjennom vindaugelet, og så seier dei ”no går Dina på jobb” og ”no kjem ho seint heim i dag”, frå kjøkenvindaugelet ser vi alle som kjem og går. ”Og no skal dei på helgetur. Ja vel, dei skal sikkert på hytta”.

HILDE: Du snakkar om at gata fungerer som ein offentleg plass for barna, men gjer den det for dei vaksne også?

DAG: Ja, altså Dina legger meir vekt på det gjennomsiktige enn det eg gjer. Så eg sa jo til deg tidlegare at eg setter pris på byen fordi det er ei annen form for nettverk der. Og for meg så fungerer vaksen nettverket slik at eg kan gå ut og snakke med naboane når eg ser dei er ute. Viss det passar der. Eg kan også la vere, og halde på i mitt private rom. Eg synest at eg kan velje på ein grei måte.

Nabolaget er valbart på ein måte som gjer at ektefellar kan involvere seg på ulik måte med naboane. Når ein får høve til å velje kven ein vil unngå, utveksle tenester med eller danne vennskap med, kan det opne for nære sosiale relasjonar med folk i nabolaget.

Carl og Cathrine bur saman med to barn i ein bygard. Det var Carl som overtalte Cathrine til å bu i sentrum av byen. Ho har alltid sett for seg eit raudt hus med ein hage der barna og hunden kunne springe fritt. Husvære i fjerde etasje i ein bygard, med berre ein minimal balkong, har aldri vore draumen hennar. Det var først då dei var på visning ein fin og varm vårdag og ho såg barna og livet i gatene at ho kunne tenkje seg at dette var ein god plass å bu på. Det er no tre år sidan familien flytta hit, og Cathrine har heile tida tenkt på bustaden som midlertidig. I det aller siste har ho byrja å tenkje på denne staden som ein meir permanent heim.

HILDE: Du sa at det var som ei bygd i byen.

CATHRINE: Bygd i byen, ja det er så pitte lite. Og viss ein går ut litt, så blir ein kjent. Det er jo sånn på bygda eg kom frå, at der helsar du på folk når du har sett dei noen gongar. Og slik er det her også. Du begynner å "Jaja, du er nabo". Sjølvsagt ikkje alle då, for det er jo litt meir bykultur her enn det er i bygda. For det er jo enkelte som bur i dette bygget her, dei helsar ikkje på meg 100 meter bortanfor, fordi at dei er bymenneske, dei vil vere for seg sjølve og det er jo greitt. Men dei som vil vere sosiale, dei kan det, for det er masse sosialt. Og parken er jo kjempefin.

Cathrine legg vekt på at ein kan velje vekk eller legge opp til å vere sosial sjølv i byen. Ho koplar det sosiale til eit bestemt rom, til parken. Ho likar at nabolaget er som ei bygd i byen. Ho hadde sjølv ein god oppvekst i ei bygd og meiner at det nære og vesle gir trygge rammer for oppveksten til barna. Ho likar at dei kvartala ho bur i minner om ei bygd i byen, ho brukar ord som koselig, nært, trygt og lite når ho skal skildre nabolaget. Cathrine var overraska over at nabolaget er så tett og intimt og bygdeaktig så nær sentrum av byen. Når ho samanliknar nabolaget med bygda kor ho voks opp, peikar ho likevel på nokre forskjellar som ho meiner handlar om bygdefolk og byfolk: I byen kan ein velje i kor stor grad ein helsar på naboen og i kor stor grad ein vil vere for seg sjølv eller involvere seg i det sosiale samværet rundt bustaden. Det verkar ikkje som at ho opplever dette som truande, heller som tiltrekkjande. Cathrine framhevar dermed som positivt at samveret i nærmiljøet er uforpliktande, til liks med Oda. Det positive med bygda i byen kan vere at ein kan ta del i tette og nære nettverk samtidig som desse til ein viss grad er valte. Valte nettverk krev at individua aktivt oppsøkjer andre menneske, men det er ikkje nok. Individua må også verte godtekne og valte av andre.

Britiske forskrarar som har studert gentrifiserte nabolag i London peikar på det same fenomenet. Omgrepet gentrificering vart skapt i England og kjem frå ordet gentry som er

Med barn i byen

omgrepet for den britiske ikkje-aristokratiske rurale landeigande klassen (Redfern 2003:2361). Kvifor har eit omgrep frå det rurale England vorte brukt til å skildre prosessar i indre by? Fleire britiske forskarar har peikt på samanhengane mellom gentrifiserte område og den omgangsforma Jane Austen og søstrene Bronte skildrar i sine bøker frå den britiske landsbygda (Redfern 2003). Dei skildrar korleis karakterane i bøkene berre refererer til medlemma av sine eigen sosiale klasse som naboar, sjølv om det var lang fysisk avstand til dei, medan dei som tilhørde lågare sosiale lag ikkje vert sett av karakterane i Austen sine bøker.

Landsbygda vert konstruert som stabil og fredeleg medan endring og utbytting av arbeidarklassen vert usynleggjort. I kontrast til dette vert fattigdom og bråk i byen knytt til byen som fenomen, meir enn til undertrykkjande samfunnsforhold. Slike hegemoniske førestellingar om landet og byen styrer blikket i bestemte retningar.

The metaphors of country and city are produced and then adapted and put to use in the service of gentrification. Country and city become metaphors not just of exploitation but of place – place in the city and place in the society: Country as a place of refuge, security, status and identity; city as a place of adventure, emancipation, insecurity and lack of status (and therefore no identity). It is this dual sense of place that gives gentrification its significance as an element in hegemonic practice (Redfern 2003: 2362).

Kanskje det er dette doble innhaldet, både landet og byen i eitt, som gjer ein skilde sentrumsområde særskild tiltrekkjande for visse grupper av menneske? Det gir ei kjensle av å få alt, både det tette og nære og det spennande og frie. Fleire av sitata frå informantane mine peikar i denne retninga. I landlege strøk framhevar nokre av bebruarane at dei kjenner seg frie på grunn av den fysiske distansen til andre. I byen framhevar nokre av bebruarane at dei kjenner seg frie på grunn av den sosiale distansen til andre menneske.

Barnefamiliane hadde slik to verder dei kjende seg heime i: både det lokale nærmiljøet og byen som ein større arena dei kunne utfalde seg i. Dei la vekt på høve til å gå på teater, museum og restaurantar samtidig som dei budde i ei stille og rolig gate med vennlege og gode naboar. Det la vekt på at det er mange ting dei kunne gjere saman med barna i byen, samtidig som barna hadde høve til fri leik i nabologatet. Den kulturelle infrastrukturen vart framheva som spennande og attraktiv, samtidig som det sosiale livet vart framheva som trygt og godt. Innbyggjarane i Islinton i London og i sentrum av Bergen bruker svært like ord og vendingar når dei fortel om nabologatet sitt. Dei legg vekt på at barna er trygge i nærmiljøet fordi det er

mange gode naboar i området som vil hjelpe til dersom noko skulle skje (Butler 2003:2477).⁵³ Nabolaget er ein trygg plass for både foreldra og barna på grunn av gode naboar som stiller opp dersom det skulle skje noko, viss ein vert sjuk, ikkje når barnehagen eller berre treng barnevakt.

Inger og Ivar meiner at barna deira har det så godt som dei kan ha det i nærmiljøet sitt i sentrum av byen.

HILDE: Kva er det som er så godt for barna?

INGER: Dei er jo trygge i dette nærmiljøet dei kjenner. Og det som eg også synest er bra med dette nærmiljøet, er at du har folk i alle aldersgrupper, sånn som eg meiner at eit lokalmiljø skal vere. At du skal ha gamle, du skal ha unge, du skal ha studentar, men ingen gruppe skal dominere. Om vi hadde flytta ut til Bønes (forstad med tett/låg busetnad), så hadde det blitt dominert av berre barnefamiliar. Men det har eg veldig sans for her, dei har også kontakt med...

IVAR: Eldre folk.

INGER: (...). Og folk i andre aldersgrupper. Såinne nettverk som det tar så enormt lang tid å bygge opp.

Foreldra trekk fram nokre kvalitetar ved nærmiljøet og nettverket som dei trur ikkje finst alle plassar; folk i alle aldersgrupper med ulik sivilstand, og at det ikkje er ei sosial gruppe som dominerer, slik dei tenkjer seg at barnefamiliane dominerer i rekkehousområda utanfor byen. Dei var opptekne av å vere del av eit nabolag der ingen sosiale grupper dominerte, verken barnefamiliar eller studentar, yngre eller eldre, rike eller fattige. Dei byggjer opp ein plassmyte om forstaden som mindre attraktiv enn sentrum. Resonnementa om nærmiljøet kan minne om ein tankegong om representativitet, der det skal gi barna innsikt i ulike sider ved samfunnet. Dei konstruerer mangfold gjennom å peike på forskjellar i alder, livsstil, etnisitet og sosial bakgrunn. Ivar og Inger verkar veldig fornøgde med vala sine, dei legg vekt på at barna har eit trygt og sosialt nærmiljø rundt seg, samtidig som dei vert eksponerte for ulike væremåtar. Å vere open for ulike veremåtar er ein verdi dei ønskjer at barna skal utvikle. Foreldra dreg slik koplingar mellom korleis nærmiljøet rundt barna er samansett og kva eigenskapar barna deira utviklar, mellom omgjevnader og moral. Derfor er det viktig for dei kva type nabolag og nærmiljø som omgir barna.

⁵³ Children can be much more independent in an area like this. My son can get to plenty of friendly families in the area should he get in trouble while he's out and about. It has that kind of networks (Butler 2003:2477).

Byliv, nærliek og distanse

"Vi trør jo ikkje dørene ned hos kvarandre, vi har aldri hatt problem at det kan bli for tett", fortalte Gunnar. Uttrykket om å trø ned dørene til kvarandre er ei dominerande symbolsk uttrykk i den norske kulturen. Respekten for andre sine behov for fred og ro kan hindre spontane besøk, ein vegrar seg for å besøkje nabobar eller venner utan å sjekke om det passar først (Villa 1999 b). Andre legg vekt på at i sentrum av byen er det rom for spontane besøk, som ikkje treng å vere avtalte på førehand.

VERA: Eg vil seie at hos oss er det meir tilfeldig, det er ikkje sånn invitert. Det er sånn at vi treffest, og så er det kom og spis, ikkje sant? Det kan godt vere ein søndags ettermiddag. Det er ikkje så lenge sidan eg hadde veldig mange på besøk. Då hadde eg laga masse kjøttkaker, og det var veldig tilfeldig, det var ikkje planlagt. Eg var ute og trefte mange venner, og vi kom heim, og så: berre spis hos oss. Og sånn føler eg eigentleg at det er alle plassar her, altså med ungar, sant. Det er ikkje sånn at vi avtalar 14 dagar før, at du må kome og ete. Det er mykje spontant over det heile. Og så tar ein det litt enklare, rett og slett.

Spontan og avslappa sosial omgang vert halde fram som meir attraktivt enn formelle besøk avhengig av invitasjon og planlegging på førehand. Ivar og Inger er einige om at dei har besøk venner og nabobar stikk innom mest kvar dag.

HILDE: Er det sånn stikk innom besøk eller meir organisert?

INGER: Begge deler eigentleg. Nabobar som stikk innom og blir invitert, så har vi ein del venner som berre stikk innom

IVAR: Folk som stikk innom og blir verande

INGER: Det var jo også på dei for-listene om vi skulle bli verande i sentrum, at folk stikk innom. Vi stikk ikkje innom til folk som bur ute i forstader.

IVAR: Då må det avtales. (...).

HILDE: De har ganske mye besøk da?

IVAR: Det har eg inntrykk av at nesten alle seier, som bur i sentrum, at dei får oftare besøk enn når dei ikkje gjer det. Du skal ikkje så langt ut heller, før det er heilt annleis.

Å treffen nabobar, kjende og venner uformelt, utan at det er avtalt på førehand, både utandørs og i heimen er for Ivar og Inger ein spesifikk kvalitet ved det å bu sentralt i byen. Dei knyt denne praksisen til fysisk nærliek mellom vennene, at ein ikkje er avhengig av bil og at eit besøk dermed ikkje er eit prosjekt som vert avtalt på førehand. Det stabile nabolaget og nærmiljøet som mange foreldre ønskjer seg, kan også føre med seg at bustadmiljøet vert gjennomsiktig. Når rommet ute er kollektivt, kan det vere vanskeleg å bruke det kollektive rommet ute utan å vere open for kontakt med dei andre som oppheld seg der. Gunnar, som bur ved eit gatetun

meiner at ”du må vere forberedt på at du må vere sosial, når du går ut”. Den sosiale omgangen i dette gatetunet har på den måten eit tvangspreg over seg.

Nokre av informantane legg vekt på at det er eit gode ved å bu i ein by at ein får vere i fred.

ODA: Ein føler ikkje noko press for at ein må snakka med dei (naboane), for sånn kunne det jo vere litt i det rekkehuset me budde i. Viss ein var ute på terrassen og hengte opp kler, me hadde jo ein stor, flott terrasse, så var det rett overfor, der hadde naboen terrasse, og då blei det litt sånn at du må snakka, og det kunne lett bli ein time. Og det er jo koselig av og til, men det er ikkje alltid det er så kjekt, det er ikkje alltid ein heilt har tid til det. Medan her treff vi kanskje nokre ungar som bur her, treff dei i parken og snakkar litt med dei, men det er heilt uforpliktande.

Oda set pris på at samværet med naboar og folk i nærmiljøet er uforpliktande. Ho vil velje sjølv kven ho inngår meir nære relasjonar med. Det uforpliktande vert dermed eit gode i kontrast til samvær mellom naboar som ikkje kan veljast vekk. Oda sluttar seg her til eit bilde av byen som ein plass for valte sosiale relasjonar.

Konsekvensane av moderniseringa for lokalitetar har vore eit klassisk tema innan kultur- og samfunnsforsking, ofte med romleg tilnærming som har knytt særskilde sosiale relasjonar til særskilde geografiske miljø. Byen vert framstilt som både eit døme på oppløysing av sosiale band og som eit ideal for organisering av sosiale relasjonar. Ferdinand Tönnies sine omgrep Gemeinschaft og Gesellschaft har fått stor tyding for forståinga av sosiale relasjonar i ulike typar av samfunn, ofte tolka som ei motsetning mellom by og bygd (Tönnies 1990). Gemeinschaft er knytt til bygda og landsbyen og karakteriserer dei tette, nære relasjonar som er stabile, trygge og ”naturlege”, menneska spelar ikkje roller for kvarandre, dei er heile. Slike relasjonar vert ofte kopla til idear om det gode lokalmiljøet. Gesellschaft referer til bylivet og viser til kunstige, kalkulerande og spesialiserte sosiale relasjonar der individua opptrer med delar av seg sjølv overfor kvarandre og yt omsorg for kvarandre berre basert på byttehandel. Bylivet vert forstått som kaldare enn bygdelivet fordi menneska tek mindre personleg ansvar for kvarandre.

Andre forskrarar set derimot fram bylivet som eit førebilde for korleis sosiale relasjonar bør organiserast. Richard Sennet (1992) og Iris Marion Young (1997) er av dei mest kjende som ser byen som eit ideal for sosiale relasjonar.

City og sivilisert har etymologiske sett den samme roten. Å være sivilisert betyr å behandle andre som om de var fremmede og smi sosiale bånd i kraft av den sosiale distansen (Sennet 1992:15).

Med barn i byen

Distanse er eit nøkkelord for Sennett, som fryktar intimitetstyranniet. ”Folk kan bare lære å forfölge sine interesser i samfunnet på en aktiv måte i den grad de lærer å handle upersonlig” (Sennett 1992:143). Han set opp byen som eit potensielt forum der det er meiningsfullt å knytte band til andre personar utan å måtte kjenne dei som menneske. Det er nettopp erfaringa med å møte framande som skaper den distansen som Sennett meiner er så viktig for å vere i stand til å handsame andre menneske på ein skikkeleg måte. Young har formulert noko ho kallar normative ideal for bylivet, i ein artikkel om byliv og ulikskap. Også ho koplar bylivet til handteringen av det framande:

By city life I mean a form of social relations which I define as the being together of strangers. In the city persons and groups interact within spaces and institutions they all experience themselves belonging to, but without those interactions dissolving into unity or commonness (Young 1990:237).

Ho fryktar samfunn der likskap og felles identifisering er sterke ideal, fordi ideen om likskap ofte inneber at ein prøver å undertrykke det som skil menneske og at ein dermed ekskluderer ”dei andre”, også når ein forsøker å inkludere dei. Byane har eit potensiale til å akseptere uliksskap fordi mange grupper er synlege i byen og fordi den offentlege sfæren i byen er differensiert.

Etnologen Marit Ekne Ruud tek opp dei potensielle vanskane med fellesskap som ideologi i sin studie av naboskap i område som er byfornya i Oslo. Ho peikar på at ein ved å leggje for stor vekt på fellesskapet i eit nabolag kan skape grenser mellom ”vi, de og dem” (Ekne Ruud 2003:183) og skape sosial ekskludering. Etter å ha undersøkt kva fellesskapet betyr for beboarane i ein bydel i Oslo, kjem ho fram til at plikt, solidaritet og klassekjensle, som tidlegare vart oppfatta som sentrale verdiar som bygde opp eit fellesskap, har vorte erstatta av nye verdiar:

I dag står individet mer i fokus, bomiljøene bærer preg av å være heterogene og det er viktigere å bli verdsatt i miljøet som person. Å føle seg inkludert blir ofte en forutsetning for å være aktiv, bruke eterom eller bli kjent med naboen, noe som innebærer å bli verdsatt som den man er i et miljø der ulike livsstiler er fremtredende (Ekne Ruud 2003: 229).

Å vere med på ein dugnad, til dømes, handlar dermed mindre om ei plikt til å gjere noko for fellesskapet enn å gjere noko for sin eigen del, for å verte kjend med andre. Ho viser også at beboarane har svært forskjellige forventningar og haldninger til fellesskap. Nokre av

bebuarane ønskete anonymitet og ville ikkje utvikle meir fellesskap med naboaene, andre sakna meir nærleik til andre menneske i nabolaget. Mange av bebuarane var meir opptekne av andre nettverk dei hadde utvikla enn av å ha sosial omgang i nærmiljøet. Korleis fellesskapet mellom bebuarane fungerte, hang saman med om bebuarane hadde noko som knytte dei saman, som å ha småbarn, vere pensjonist eller utan lønsarbeid. Ekne Ruud peikar på at vilkåret for å vere med i fellesskap i nabolag er at ein opplever at ein får noko igjen for det personleg.

Korleis ein pendlar mellom nærleik og distanse til andre bebuarar, heng saman med kva type rom omgangen skjer på. Eg vil no vise ulike ideal for omgang knytt til ulike plassar i det lokale sosiale rommet.

Heim, nabolag og nærmiljø

Opplevinga av heim, nabolag og nærmiljø heng saman med dei sosiale relasjonane foreldra opplever at dei eller barna er del av.⁵⁴ Eg vil no ta opp den konkrete organiseringa av relasjonar knytt til desse romma. Plassar er med på å definere relasjonar, normene og ideala for korleis den sosiale omgangen skal gå føre seg kan vere forskjellige, avhengige av om det skjer i heimen, det halvoffentlege rommet like utanfor heimen eller i meir offentlege rom, som store parkar og leikeplassar. Korleis barna får bruke heimen og uterommet fortel om barnas plass i familien og samfunnet. Gjennom å ta opp desse tema tek eg også opp korleis foreldre forhandlar om kva som er passande plassar for barn. Redaktørane av boka *Children's Places. Cross-cultural Perspectives* skriv:

The interpretations of where children can go, where they ought to be, and where they are `matter out of place` (Douglas 1966) differ from one cultural setting to another, reflecting social order, cultural values and different interpretations of social changes (Gulløv og Olwig 2003:8).

Gjennom å studere einskilde foreldre sin forståing av heim og plass, får ein innsyn i den sosiale og kulturelle organisasjonen av barn og barndom og foreldreskap i det spesifikke miljøet og samfunnet dei er ein del av. Eg vil no ta opp dei ulike krava foreldra set til omgangen i ulike sosiale rom.

⁵⁴ Eg skriv ikkje generelt om heimen, men om skapinga av heimen med utgangspunkt i foreldreskapet og barna.

Heimen: Opent hus og tilbaketrekt familieliv

Heimen har ein privilegert posisjon i den samtidige norske kulturen som plass for familieliv og barndom. Heimen er ein plass der individet ideelt sett skal kjenne seg trygg og fri og kunne setje grenser mot omverda. Ein skal sjølve kunne avgjere kven som får kome innanfor dørstokken. Heimen er ein plass å trekkje seg tilbake på, men det er også ein plass for sosial omgang med andre. Å kunne ha ein privat og tilbaketrekt heim vart framheva som ideal av nokre, andre drog meir fram den sosiale omgangen med andre som karakteristisk for kvardagen i heimen. Å ha eit opent hus er viktig for mange av foreldra, særleg i forhold til barna og vennene til barna.

Lars og Laila har både ein gut på ni år og tenåringsbarn. Dei er opptekne av å ha god kontakt med vennene til barna: ”Vi har jo budd midt i sentrum og hatt opent hus og har hatt mykje omgang med dei. (...) dei har alltid kunne komme, for her har aldri dørene vore stengt”. Laila og Lars ønskjer å inkludere barna sine venner i familielivet og ha ein open heim. Dei har teke imot ungdommar med stoffproblem og med vanskar i forhold til foreldra sine og opplever at dei har god dialog med desse tenåringane. Dei har samtidig hatt svært lite kontakt med foreldra deira. Mange av desse foreldra har dei aldri møtt, sjølv om barna har gått på same skule eller treftes gjennom eit idrettslag. Dette døme på at heimane er meir opne for barn enn for vaksne var gjennomgåande i materialet eg byggjer på.

Vera fortel at ho sjeldan var på besøk heime hos andre barn då ho var lita, ho åt aldri middag heime hos andre barn og når ho skulle vere saman med vennene sine stod ho og venta på dei utanfor huset deira. ”I dag er det jo vanlig, i alle fall i vår familie, at her er det masse venner som et middag til ei kvar tid, og dei går ut og inn nærest som det var deira andre heim”. Mora og tanta til Vera reagerer på at ho har så mange barn på besøk, og meiner at ho burde setje ei grense for det. Både Vera og Viggo likar å ha mange barn på besøk og synest det er koseleg å la barna sine venner ete heime hos dei. Men dei synest også det kan verte slitsamt nokre gongar, om det vert for ofte eller for mange barn ved måltidet. Å la barn gå fritt inn og ut i ein open heim kan oppsummerast som eit ideal blant mange foreldre. Nokre beklaga seg over at dei var trøytte og gjerne ikkje gjestfrie nok, men ønsket var å halde heimen open for barnas venner. Heimen verkar som ein svært viktig sosial plass for sosiale relasjonar rundt barna. Opninga av heimen som ein plass for barn og barn sine venner vert identifisert som ein tendens i den vestlege verda. ”It is, indeed, the house that is increasingly becoming a haven for children and a place where children’s space has grown most spectacularly” (Karsten 2002:235).

Samanlikna med 1950-talet har det vorte ei norm å la barna få leike inne i husvære og ta imot barna sine venner i heimen. Heimane har vorte meir opne for barn (Fauske og Øya 2003:128). Dette kan oppfattast som ei inkludering av barn i heimen og ei utviding av rommet rundt barn. Men å la barna få leike innandørs og ta med seg venner heim kan også sjåast som ein måte å kontrollere barna på. Å skape ein god og trygg heim vert rekna for å vere ei viktig oppgåve som følgjer med foreldreansvaret. Med barn i familien vert det forventa at foreldra legg til rette for barna i husværet, heimen er ein plass der barna skal kjenne seg inkluderte og trygge. Heimen er den materielle basisen for mange kryssande prosjekt for familien, der mange relasjonar og aktivitetar er vevde inn i kvarandre (Lidén 2000:97). Mange av ideala for tidsorganiseringa av kvardagen til familiene kan knytast til heimen, som idealet om ro og fred. Heimen vert forstått som ein plass for kvile, for å hente seg inn og lade opp. Samtidig er heimen ein plass der familien skal realisere eit prosjekt om å vere ein familie, som også kan dreie seg om å vere aktiv og handlande. Som eg skildra i førre kapittel er ettermiddagar og helger dei viktigaste tidsflatane for familieliv. Denne tida har basis i heimen, sjølv om familiemedlemma i praksis rører seg til og frå heimen. Om ettermiddagane er idealet at heimen er tilrettelagt for barna og for vennene til barna. I sommarhalvåret er barna meir utandørs, i vinterhalvåret er barna meir inne og har oftare besøk av venner. Ettermiddagane er ei tid der heimen er barna sin plass (Solberg 1884 og Lidén 2000). Mange barn er åleine i periodar om ettermiddagen før foreldra kjem heim og det er då vanleg at dei har besøk av venner.

Verdien om å ha ein open heim vert også uttrykt gjennom bruken av husværet. Heimen er open for barna på to måtar, gjennom at barna i stor utstrekning får ha besøk av venner heime og at dei får bruke store delar av husværet. Romma er i utgangspunktet opne for barna og vennene deira, med unntak av foreldra sitt soverom.

TROND: Når dei har venner på besøk pleier dei å leke med perler eller teikne og då sit dei som regel på kjøkkenet. Så er dei kanskje inne i stua eit par minutt, men det vert dei fort lei av for her er jo vi også, så då er dei inne på rommet eller kjøkenet.

TURID: Det er nesten kjøkkenet som er deira plass når dei har venner med inn. Elles får dei bruke leilegheita som dei vil, sidan dei tross alt bur her. Det einaste dei ikkje får lov til, er å gå inn på vårt soverom og leike når dei har folk inne.

Foreldra ser barna som likeverdige brukarar av heimen, som stort sett får bruke husværet som dei vil. Barna forventar å vere forhandlingspartnarar med foreldra om bruken av huset. Det skal ein grunn til for å nekte barnet å ha besøk, som at familien skal ete middag, at barna ikkje

Med barn i byen

har gjort leksene sine, at barnet ikkje får ha besøk av fleire enn så og så mange. Nokre foreldre ser helst at barna er på rommet sitt når dei har venner på besøk, men ofte brukar barna heile huset (Dyblie Nilsen 2000). Foreldre si forvaltning av barn sine sosiale relasjonar kan få store konsekvensar for barna. Barn kan falle utanfor vennenettverk fordi dei ikkje får lov til å ha venner på besøk heime (Lidèn 2000). Foreldra fortel at barna bruker telefonen aktivt i for å gjere avtalar eller stadfeste avtalar dei alt har gjort på skule og SFO. Barna må oftast spørje foreldra om det er greitt at dei ringer og inviterer venner eller spør om å få gå på besøk til andre.

Det eksisterer andre uskrivne reglar for omgangen mellom barna enn for omgangen blant dei vaksne. Barna går meir fritt inn og ut av mellom ulike heimar. Opent hus for barn heng saman med idealet om at barnet skal kunne gå inn og ut sjølve, leike fritt, forvalte seg sjølve. Barna får stor fridom til å velje kven som skal kome heim til dei, sjølv om foreldra har overoppsyn med kven som får kome og når dei kjem. Når familien skal gjere noko saman som familie, til dømes i helgene, er det nokre som legg vekt på at berre dei i familien skal vere saman, men det også vanleg at barna kan ha venner med seg eller vere hos venner. Mange foreldre fortel at barna har overnattingsbesøk av venner i helger og at barna dreg på overnattingsbesøk til andre barn. Denne praksisen viser også forskjellar i normene for sosial omgang mellom vaksne og barn. Overnattingsbesøk blant barna er ein måte for barna å vere sosiale på og ein måte for foreldra å skaffe seg barnefri på. Barna har overnattingsbesøk fordi det er noko dei gjer, det er gøy, vaksne må ha ein spesiell grunn for å overnatte hos andre.

Sosiologen Randi Dyblie Nilsen peikar på at både vaksne og barn er aktive skaparar av heimen som ein sosial plass, men hevdar at barna kan sjåast på som drivkrafta i dette (Dyblie Nilsen 2000:18). Ho meiner at barna sin konstruksjon av heimen som eit sosialt og semi-offentleg rom kan skilje seg frå vaksne sine konstruksjonar av heimen som eit privat rom (*ibid.*). Det kjeldemateriale eg byggjer på, viser at også mange vaksne opplever heimen som eit sosialt og delvis offentleg rom og er drivkrefter i dette som ein sosial praksis. Intervju med foreldra viser at nokre av dei såg den fysiske heimen som eit rom som var opent for mange andre menneske, både vaksne og barn. Eit foreldrepar kommenterte at dei, gjennom sine vaksne venner, drog fleire menneske, både vaksne og barn, til husværet enn jenta deira, som var roleg og sjener.

Ordet heim peiker på huset eller bustaden som den fysiske ramma om familieliv. Nabotag rommar ein konstruksjon av det fysiske området rundt bustaden og dei medfølgjande sosiale relasjonane (Gullestad 2002:220ff). Eit hus er sett saman av handfaste strukturar som tak og veggar medan ordet heim i tillegg viser til eit moralsk og kjenslebasert innhald. Mange

av dei livshistoriene Marianne Gullestad har tolka, inneheld ei markert motsetning mellom heimen og verda utanfor (Gullestad 1996). Men desse grensene kan også opphevast, heimen kan flyttast ut til visse delar av nabolaget.

Både omgrepa heim, nabolag og nærmiljø står ofte for eit vidt syn på plass som referer til tryggleik. Å kjenne seg heime treng ikkje vere knytt til plass som lokalitet.⁵⁵ Heimen er der ein er inkludert og kjenner seg trygg. Heim kan slik vere plassen du kjem til, heller enn plassen du kom frå og refererer til ontologisk tryggleik (Breivik 2000:196). "Home as an identity really is somewhat different from home as a place, though the two are interconnected" (Pratt 1999:160). Geografen Doreen Massey forstår omgrepet heim, til liks med omgrepel plass, som prinsipielt sett opne konstruksjonar; "a way of going outside (Massey 1994:386?). Heimar har alltid vore opne, skapt av rørlene, kommunikasjonen og dei sosiale relasjonane som strekk seg utover heimen (Massey 1994:14). Men utforminga av konkrete heimar vil vere prega av både inklusjons- og eksklusjonsmekanismar.

Heimen er eit opent rom der andre er velkomne, ein plass for bygging av sosiale relasjonar som strekk seg utover familien. Samtidig er det ein privat plass der berre utvalde andre får sleppe over dørstokken. Det er ein plass for kontroll over barna og ein plass der barna kan kjenne seg frie. Kor open eller tilbaketrekt den fysiske heimen er for andre enn familien som bur der er varierer mykje blant dei foreldra eg har intervjuat. Variasjonen viste seg både i forhold til uttalte ideal og praksisane dei fortalte om. Heimen som ein plass der individet kjenner seg trygg og fri kan nokre gongar flyttast ut i det fysiske rommet utanfor bustaden. Kjensla av å vere heime kunne utvidast til å gjelde nabolaget eller nærmiljøet.

Italienske tilstandar: Å sitje på trappa og leike i gata

Nokre av foreldra hadde verken veranda eller hage, men berre ei trapp utandørs som dei kunne kalle si eiga. Slike plassar er mellomrom mellom det private og det offentlege, plassar der ein vert sett av andre og kan opne for kontakt med dei som går forbi samtidig som ein kan oppleve å eige rommet sjølve.

⁵⁵ Antropologen Jan-Kåre Breivik skildrar korleis døve barn delvis kjenner seg som framande i sin eigen kjernefamilie fordi dei opplever at resten av familien kan kommunisere på ein måte som dei er ekskluderte frå. Dei oppfattar fellesskapet av døve som ein heim. Det fysisk nære opplevast som framandt medan det fysisk fjerne opplevast som nært (Breivik 2000:297).

Med barn i byen

INGER: Det å kunne trekke seg tilbake, ute for seg sjølv, vi kunne ikkje gjere det der vi budde før, men det var jo aldri noko sakn. Vi sat på trappa, meg og deg i tolvtida på sommarkveldane. Røykte sigar og drakk vin og det kjendest heilt fantastisk.

Denne skildringa av det gode liv viser til noko sosialt og laussluppe, det minnar om gatelivet i meir sørlege strøk enn Noreg:

HILDE: Eg er interessert i å høyre korleis dei omgåast med naboane!

HELGE: Vi ser dei mest på sommarhalvåret.

HEGE: Då er vi voldsaamt mykje ute.

HELGE: Ja, men dei fleste er ute med ungane, prioriterer det faktisk veldig mykje, det å vere ute med dei. Gjennomgåande treffest vi alle saman. Litt italienske tilstander.

HEGE: Ja, men det er ikkje så mykje sånn "Kom på middagsbesøk til oss!".

HELGE: Vi har hatt nokon.

HEGE: Ja da, men det er ikkje den vanlige måten vi treff kvarandre på.

HELGE: Det er meir sånn at ein treffest.

HILDE: Tilfeldig liksom?

HELGE: Ja.

HEGE: Ja.

HILDE: Fordi ein er ute med barna?

HELGE: Ja

HILDE: Det er ikkje noko felles uteareal her, gatetun eller noko?

HELGE: Vi berre rek ute i gata her.

HEGE: Vi sit ute på fortauet, rett og slett, eller på trappa.

Når ein sit på trappa gjer ein seg sjølv synleg og tilgjengeleg for andre, samtidig som ein får oversikt over kva som skjer. Ved å sitje på trappa kan ein treffe andre utan å invitere dei inn til seg, og slik halde på kontrollen over det private rommet. Både Gullestad (1979) og Tønseth (1995:83) har i sine studiar av kvardagsliv i sentrum av Bergen, skildra det å sitje på trappa som ein særeigen aktivitet. Gullestad skildrar også korleis kosting og feiring og små reparasjonar utanfor huset var sosiale aktivitetar. Ein viste at ein tok ansvar for nærmiljøet og var eit ordentleg menneske samtidig som ein kunne opne for kontakt med naboar. Det er ein uforpliktande måte å vere sosial på.

Helge og Hege skapar nabolaget sitt og gjer det til sitt eige gjennom å sitje på trappa, gå på nærbutikken og snakke med naboane. Dei skapar slik også band til andre menneske som gjer at dei opplever seg sjølve som del i eit lokalt fellesskap. Denne typen sosialt samkvem som mange av foreldra i denne studien fortel om, sosial kontakt gjennom nærvær i offentlege rom ute, vert ofte framheva som ein typisk kvalitet ved urbane omgjevnader.

Når naboskapet er basert på å treffast tilfeldig ute, verkar årstidene inn på graden av sosial kontakt med naboar og med andre barnefamiliar. Naboskapet blomstrar opp når våren

kjem og går delvis i dvale med vinter og regn. ”Vinterhalvåret er noko eige, no er vi inne. Men i sommarhalvåret er det mykje at vi går ut i parken alle saman”. Gunnar meiner at i hans gate har naboane respekt for kvarandre sitt private rom ”Vi har definert det offentlige rom til eit kollektiv, og vi går ikkje inn til kvarandre”.

Det kan vere ekstra viktig å halde heimen som eit privat rom, dersom det offentlege arealet utandørs oppfattast som sosialt og kollektivt. Når folk går ut, er dei opne for sosial kontakt, når dei er inne, forventar dei at andre respekterer ”privatlivets fred”. Mange av foreldra fortel om uskrivne reglar for korleis den sosiale kontakten føregår, basert på eit slikt skilje mellom inne og ute. Idealet er samtidig at barn skal kunne røre seg meir fritt mellom inne og ute. Å ha ei gate å leike i, som dei hadde eit eigedomsforhold til, vart rekna for å vere svært positivt for barna. Dina fortel at barna hennar kjenner alle, dei har vore inn i alle bakgatene: ”Det er veldig mykje liv i gata, om ettermiddagen når arbeidstida er over og folk som jobbar har dratt heim”. Gata vert ein attraktiv fysisk og sosial møteplass for både dei vaksne og barna.

DINA: Det er stor forskjell frå når vi flytta hit. Då var det så mykje trafikk at det gjekk ikkje an å leike i gata. Men då var våre barn så små at dei kunne vere innanfor gjerde, men det har skjedd veldig mye med det at trafikken har sluttat. Det er ikkje trafikk lenger, og då bruker dei gata. Å, dei elskar gata, berre det å liksom eige gata, sitje i gata og teikne i gata, sykle i den. Den er jo ikkje spesielt flat ein gong, men det er liksom det der fellesarealet, det som alle eig, kor dei kan bli sett og dei kan sjå alt som skjer.

Dina formidlar her korleis barna har ei kjensle av kontroll når dei er ute og leikar, at dei kjenner seg heime, at område er deira. Samtidig er foreldra trygge for at barna har det bra og at barna vert sette av andre.

Landsbyen

Kor ofte og når ein brukar offentleg utrom, verkar inn på kor mange ein vert kjend med i eit nabolag. Dersom ein bruker eit gatetun eller ein park ofte, eller til faste tider, er det ein viss sjanse for at ein byrjar å snakke med andre som brukar området på same måten. Mange av foreldra fortel at dei vart kjende med andre barnefamiliar nettopp på dette viset.

INGER: Og det som eg også synes er bra med dette nærmiljøet, er at du har folk i alle aldersgrupper, sånn som eg meiner at eit lokalmiljø skal vere. At du skal ha gamle, du skal ha unge, du skal ha studenter, men ingen gruppe skal dominere. Om vi hadde flytta ut til Bønes (forstad med tett/lav busetning), så hadde det blitt dominert av kun barnefamiliar. Men det har eg veldig sans for her, dei har også kontakt med...

Med barn i byen

IVAR: Eldre folk.

INGER: (...). Og folk i andre aldersgrupper. Såne nettverk som det tar så enormt lang tid å bygge opp.

Foreldra trekk fram nokre kvalitetar ved nærmiljøet og nettverket som dei trur ikkje finst alle stader: Folk i alle aldersgrupper med ulik sivilstand, og at det ikkje er ei sosial gruppe som dominerer, slik dei tenkjer seg at barnefamiliane dominerer i rekkehousområda utanfor byen. Slik byggjer dei opp ein plassmyte om forstaden som mindre attraktiv enn sentrum. Resonnementa om nærmiljøet kan minne om ein representativitetstankegong, der det skal gi barna innsikt i ulike sider ved samfunnet. Banda til andre menneske er eit gjennomgåande tema i heile intervjuet med Inger og Ivar, dei gir inntrykk av å leve svært tett på andre menneske, mange venner og nabobar stikk innom, dei et ofte middag saman med andre og likar å ete i parken i sommarsesongen.

Octavio vantreivst sterkt i forstaden der han og familien budde før dei flytta til sentrum av byen for nokre år sidan. Han syntest at ingenting skjedde der, sette ikkje pris på nærlieken til naturen der. Men han likar fløyfjellet ved Bergen sentrum fordi der kan han treffen folk. Så han går meir på tur etter at han flytta til sentrum av byen enn før. Det å sjå og treffen andre folk er positivt for han. I forstaden måtte du køyre måtte du alltid køyre ein plass, du trefte jo ingen. Så då blei det liksom litt meir tiltak". Det er ikkje fjella han har i mot, men den sosiale praksisen å dra på turar lengst mogleg unna andre menneske. Dette kan henge saman med bakgrunnen hans med oppvekst i ein europeisk storby der denne praksisen ikkje var ein del av det kulturelle repertoaret. Det bilfrie og det sosiale er det positive med sentrum av byen.

Det trygge og nære vert gjennomgåande halde fram som viktige kvalitetar ved nabolaget.

HELGE: Så er det alltid vaksne då.

HEGE: Ja.

HELGE: Og alltid nokon som kjenner ungane.

HEGE: Ja, det er litt trygt no når våre barn er så store at dei av og til får gå til parken litt åleine. I og med at det er litt sånn landsbyforhold, så veit vaksne sånn nokolunde at den ungen høyrer til der og den der. Så det kjennest trygt, av dei grunnane.

Landsbyforhold representerer det trygge for foreldra. Det er alltid nokon som følgjer med, auger som ser. Desse uttrykka referer til tryggleiken ein kan kjenne ved at andre menneske er til stades i offentlege rom. Opplevinga av at det er mange vaksne ute, som følgjer med barna, som helg auge med barna og som hjelper dei viss det skulle vere nødvendig, er det mange

som fortel om. Denne tryggleiken kan handle om at ein oppfattar nabolaget, I tydinga andre foreldre og barn som eit kollektiv som grip inn dersom det skulle vere naudsynt. Dei offentlege plassane ute som barna ferdast i, kan slik gi både foreldra og barna inntrykk av at barna er overvaka. Foreldre som sit på benkane i parken kan gi inntrykk av denne konstante overvakninga (Blackford 2004:27). Slik gir foreldra inntrykk av at barna vert sett.

Den britiske geografen Gill Valentine viser korleis landsbygda som ein ideell plass å vekse opp vert både bygd opp og utfordra av foreldre på landsbygda (Valentine 1997). Dei foreldra som var innflyttarar til den landsbyen ho studerte, fortalte at dei hadde flytta dit fordi barna fekk meir fridom på landet enn i byen: foreldra kunne la barna springe rundt utan å bekymre seg over om dei var trygge. Dei la også vekt på kjensla av samhald i landsbyen: skulen var liten og med ein familiær atmosfære. Landsbyforeldra meinte også at det alltid var nokon som ville sjå etter barna ute, ”det er mange auger som ser”. Mange av foreldra eg intervjua formulerte seg i liknande vendingar og kopla denne type tryggleik til ei landsbykjensle, som i sitatet frå Hege overfor. Eg slutta oftast av intervjuen med å spørje foreldra om det var noko som var viktig for dei, men som vi ikkje hadde snakka om. Jenny trakk då fram dei sosiale nettverka rundt barna som viktige, dette er noko ho også hadde framheva mange gongar gjennom intervjet.

JENNY: Så synest eg det er kjekt at ungane kjenner mange andre vaksne, og at mange andre vaksne veit kven mine ungar er. Joar kan jo bli litt engstelig, viss han står og er litt fortvila ein plass, så er det kjekt viss det er andre som kjenner han og veit kven han er og kan hjelpe han og at han kan spørje andre. Det synest eg er greitt. Sånn er det litt her, han veit kven veldig mange er og veldig mange veit kven han er.

HILDE: Så det er ein viss sånn tryggleik?

JENNY: Ja, dei har godt av å vere med andre enn mor og far av og til. Dei får litt andre impulsar og grenser og vert oppdratt av mange.

HILDE: Andre dei er på besøk hos også?

JENNY: Det trur eg er bra.

Jenny stolar på eit foreldre- og barnekollektiv som kan ordne opp dersom barna hennar kjem i vanskar når dei er ute på eiga hand. Ho ser det som ein verdi at barna får impulsar frå andre enn berre foreldra og sluttar seg til eit ideal om at det trengs ein landsby for å oppdra eit barn. Landsbyidealet gir assosiasjonar til tryggleik, praktisk hjelp og eit fellesskap av vaksne som er med på å forme barna.

Nærmiljøet vert framstilt som ein viktig plass for oppdraging av barna, og for utøving av verdiar som fridom og tryggleik. Ei mor seier at ”Dei hadde ikkje fått gå så fritt ute, viss ikkje vi hadde vore trygg på dei”. Barna får fridom fordi foreldra stolar på at dei kan forvalte

Med barn i byen

seg sjølve og fordi andre vil hjelpe til dersom barna kjem ut for noko. Nabolaget kan vere ei trygg forankring i kvardagen, ha ei praktisk tyding gjennom utveksling av tenester og utvikling av kjennskap og vennskap. Samtidig er nabolaget eit moralsk rom, som tilbyr sosialisering av normer rundt familieliv og barneoppdragning. Slik sett er nabolaget ein offentleg sfære for meiningsdanning og brytning.

Nabolag og nærmiljø kan verte til foreldrefellesskap som ser på barna for å sjå på kvarandre, "seeing reflected in the children the parenting abilities of one another" (Blackford 2004:227). Det er lite rom for andre å blande seg opp i barneoppsedinga når den går føre seg i den fysiske heimen. I det halvoffentlege rommet rundt heimen kan ulike normer kollidere, fordi familiene tek med seg sine normer inn i dette rommet. Konfliktane rundt dette vert undersøkt nærmare i kapitla om mangfald og grensene for mangfald. Men vi skal også no sjå på korleis det halvoffentlege rommet utanfor bustaden kan vere ein plass for kamp om kven som hører til og kven som kan avgjere kva normer som skal gjelde.

Kamp om rommet

Det tronge fysisk sett i sentrum av byen kan vere ei utfordring. Det kan føre til ein kamp både med andre grupper enn barnefamiliar og blant barnefamiliene om kven som hører til i det offentlege rommet rundt bustadane og korleis omgangen skal gå føre seg..

Avhengig av naboane

Å vere avhengig av naboane er aktuelt når barn knyt foreldre til heimen, når nabolaget er eit viktig sosialt rom for foreldra.

Helge gir gjennom intervjuet uttrykk for at han er glad i å snakke med andre menneske. Som heimearbeidande husfar for to barn i skulealder prioriterer han sosiale aspekt ved kvardagslivet. Han har mange venner blant naboane i tillegg til ein tett omgangskrets av venner frå andre delar av byen. Både Helge og Hege gir uttrykk for at dei har ei tett sosial forankring i det lokale miljøet rundt bustaden. Dei opplever at venner og naboar glir saman, nokre folk er berre naboar, nokre er kjende og nokre er venner. Helge set pris på naboane: "Venner er jo vel og bra, men naboar ser ein oftast. Dei ser ein kvar dag gjerne. Sånn sett er dei faktisk viktigare enn venner". Naboar vert meir enn naboar samtidig som dei ikkje akkurat vert venner heller. Helge og Hege bruker oftare venner og naboar enn familie når dei treng barnevakt. Dei opplever at dei kan stole på dette nettverket av naboar og venner både i akutte situasjonar og når dei berre treng barnevakt for å kome seg litt ut. "Vi stiller opp og vi veit at

andre stiller opp". Dei opplever seg meir likeverdige overfor naboar med barn som dei veit dei kan hjelpe igjen med barnepass enn overfor familien.

Det attraktive ved bustadmiljøet, å gå mykje og opphalde seg i sosiale rom ute, kan også opplevast som tyngande. Ein vert synleg for andre menneske, både om ein vil, eller ikkje vil. Det kan vere vanskeleg å velje vekk kontakt med naboar når ein går forbi. Krava om å vere sosial vert vanskeleg å slekke unna.

HILDE: Det veldige sosiale miljøet som de skildrar her - har de opplevd episodar der det har blitt truande for privatlivet?

HELGE: Nei, eigentleg ikkje.

HEGE: Eg trur ikkje det, altså.

HELGE: Det kan bli masete innimellom, det er ikkje alltid ein er like sosialt innstilt sjølv. Av og til skal ein berre på butikken og kjøpe ein liter mjølk og gå heim igjen for å lage mat. Det kan vere ein ganske langdryg affære til tider. For butikken vert jo samlingspunktet.

HILDE: Ja.

HELGE: Og det å gå til byen kan ta eit par timer. Det tek tid ...

HEGE: Du overdriv litt, men...

HELGE: Nei, det var ein dag, da skulle eg faktisk berre kjøpe ei greie, men eg brukte eit par timer opp og ned, altså. Det var jo så tregt. Ok, da var eg innstilt på det og hadde tid til det. Men når ein ikkje har det, så kan eg vere litt sliten av og til.

Denne episoden viser til at kjensla av å bu i eit tett sosialt miljø i byen har kostnadane som ein vanlegvis tenkjer på som typiske for bygdemiljø.

Gunnar og Gry kommenterer at dei er svært avhengige av naboane sine, fordi dei bur så tett på andre menneske og deles areal utandørs med dei. Dei har derfor forsøkt og lukkast i å få folk dei kjenner til å flytte inn i gata deira. I eit tilfelle engasjerte Gunnar seg også for å få nokre naboar til å bu vidare i gata. Naboane hadde bestemt seg for å flytte i rekkehus i ein forstad, men Gunnar overtalde dei til å heller rehabilitera huset dei budde i. Gunnar er oppteken av korleis ein kan styre utviklinga i nabolaget i ei retning som er positiv for hans familie. Gunnar og Gry har tett kontakt med naboane når dei oppheld seg utanfor huset sitt, dei har ei utbreidd barnepassutveksling med naboane og dreg på turar i helgane saman med naboar. Dei passar likevel på at den sosiale omgangen ikkje vert for tett.

Gunnar er oppteken av å få vere med på å definere nabolaget, både gjennom bruken av dei offentlege romma der og gjennom å vere med på å påverke kven som bur der.

GUNNAR: Eg såg for meg den store skrekken viss det store huset der gjekk til eit hybelhus, for eksempel. Berre tenk korleis det huset kunne vore med 17-18 hyblar, 17-18 bilar ned i her og laurdag formiddag, og barbecue og opne vindauge og stereo og alt, heile definisjonen av parken hadde blitt heilt annleis. (...) Då hadde nok vi flytta,

Med barn i byen

for då (...) hadde heile området hatt ein anna valør. Når du bur sånn som vi bur, så er du veldig avhengig av kvarandre, og stiller dei ikkje opp, eller får du det ikkje til, så er du veldig sårbar.

GRY: Miljøet her er jo veldig sårbart, altså vi bur i denne enden av gata og i andre enden av same gata, så er det jo folk som flytter og seier, nei det er så mykje utskifting med naboane! Her har det vore veldig stabilt og folk er mykje barnefamiliar og då har det vore perfekt for oss i den situasjonen som vi er.

GUNNAR: Men det er jo også for at vi jobbar for å halde det sånn.

Gunnar opplever at han og hans familie sjølv har vore aktive i å definere nabolaget gjennom bruken av parken, gjennom å oppmuntre folk dei kjende til å flytte dit og fråråde gode naboar å flytte vekk frå gata. I tillegg har dei engasjert seg i organisasjonslivet i området.

GUNNAR: Borti smauet laga dei eit nytt gatedekke, der var det ei dame som hadde kjørt på kommunen og sagt at dei ville ha ein sånn platting, (...) for å sitje ute og drikka kaffi og sånn. Det blei gjort, og (...) før ho har fått summa seg og fått kaffien ferdig, så er studentane der! Så er det definert som areal for vorspiel, moro og stereoen ut og sånn. Så der klarte ein ikkje å gripe det. Medan her har vi halde hegemoniet på denne plassen.

Gry meiner at dei lukast med å gjere parken til ein plass for barnefamiliar fordi mange barnefamiliar er stabile brukarar av parken. Gunnar har gjennom mange år vore oppteken av kven som bur i nabolaget. Ein periode hadde dei ein nabo som ikkje svarte til forventingane deira:

GUNNAR: Han passa ikkje inn, han involverte seg ikkje, og han gav ingenting, og det var akkurat som å stikka tunga til isen, det var heilt, då datt verdien av å bu her enormt, og det var jo litt av grunnen til at vi sa, nei faen, vi må rett og slett sørge for at detta huset vert seld, og så må vi få inn dei folka vi vil ha.

Når ein har definerte krav til naboane, kan det vere lurt å sørge for å få inn folk ein kjenner. Fleire av dei eg intervjuia hadde oppmuntra venner og kjenningar til å flytte inn i nabolaget sitt. Det tette samværet ute kan føre med seg sosial kontroll.

HILDE: Er det sånn at man etablerer ein sosial kontroll ved at man er så mye saman ute, familiane?

INGER: Klart det, ein viss sosial kontroll er det jo, men eg vil ikkje eie at det er noko negativt i det. Meir sånn at viss våre ungar kjem heim frå skulen utan nøkkel, så har dei andre å gå inn til. Eg synest ikkje det er noko negativt.

IVAR: Det er kontroll i tydinga stabilitet og oversikt, men ikkje styring.

Inger og Ivar tolkar den sosiale kontrollen som ei praktisk hjelp i kvardagen som gjer at dei kjenner seg trygge på at barna har det godt i det offentlege rommet ute. Stabilitet og oversikt er honnørord for foreldre.

Samtalar i byens offentlege rom kan omformast til moralske rom. Demerath og Levinger koplar offentlege uteområde der folk møtest til den tyske filosofen Jürgen Habermas sitt omgrep om den offentlege sfære og hans vekt på at kunnskap om verda vert etablert gjennom kommunikasjon med andre (Demerath og Levinger 2003:218). Habermas sitt omgrep om den offentlege sfären er basert på banda mellom kommunikasjon, kunnskap og ”sanning” (Habermas 1999). Barnefamiliar sin sosiale omgang i byen vert i ei tradisjonell oppfatning av det offentlege ikkje oppfatta som ein offentleg sfære. Med hjelp av normativ politisk teori, som i den amerikanske filosofen Seyla Benhabib (1992) sine utleiningar, vert det mogleg å sjå barnefamiliar sitt daglegliv i byen som eit felt som kan konstituere offentlege rom, fordi det kan utgjere seter for makt og felles handlingar samordna gjennom samtalar og overtaling.

Det finst mange ulike arenaer kor foreldre hentar råd og innspel på korleis dei bør opptre som foreldre. Men kva det tyder å vere ei god mor eller ein god far vert også konstruert lokalt og samværet og samhandlinga med andre foreldre er viktig for utforminga av foreldreskapet. Nokre nabolag kan utvikle felles reglar for korleis barna bør oppdragast i det offentlege rommet og korleis omgangen blant foreldra bør gå føre seg. Diskusjonar og tolkingar blant foreldre om korleis barna bør passast skjer både i institusjonar som barnehage og skule og på leikeplassar, idrettsplassar, i parkar og på gata. Å dele informasjon og å oppdage kva reglar naboane brukar for å styre barna sine aktivitetar, har innverknad på korleis foreldra styrer barna sitt forhold til det fysiske og sosiale rommet i nabolaget (Dyck 1989).

Mange fortalte at dei praktiserte dei same grensene overfor barna som venner og kjende.

HILDE: Dei vennene som barna har, oppleve dokker at dei og deira familiar er like eller forskjellige frå dokke?

TURID: Nei altså både og, sånn som bestevenninna til Tuva då, eg føler at dei har ganske like reglar, at dei får lov å gå dei plassane som barna våre får gå, og dei har dei same grensene for kor dei får gå og at dei ringer til kvarandre og både vi og dei veit når dei er hos kvarandre. og ... sånne ting, viss du skjønnar kva eg meiner. (...). Vi har telefonnummer til kvarandre og vi veit kven som er venner med dei og sånn sett fungerer det veldig greitt.

Turid meiner at dei fleste har same grensene og reglene som dei. Desse utsegnene peikar mot ein moralsk konsensus om reglane for barna si romlege organisering. Dermed vil det også

Med barn i byen

kunne oppstå sladder eller eksklusjon om ein som foreldre skil seg ut med avvikande normer for korleis barna sine aktivitet vert styrt i tid og rom. Foreldre som praktiserer ei barneoppseding som avvik frå dei lokale normene risikerer å verte oppfatta som dårlige foreldre. Sannsynlegvis vil nokre foreldre tilpasse seg lokale konstruksjonar av kva som er sundt og riktig for å unngå å framstå som for slappe eller for kontrollerande.

”Dei tek plassen frå meg”

Å ta ein plass handlar ofte om å gjere plassen eksklusiv. Dette er mogleg for foreldra å gjere i dei halvoffentlege romma utanfor bustadane. Slik kan ein få makt til å definere korleis det felles offentlege rommet skal brukast og korleis omgangsforma skal vere.

Carl og Cathrine opplever at nokre av naboane har fått hevd på uteområdet rundt bygarden som dei bur i, ”dei sit ute og spreier rundt seg med kaffi”. Men Cathrine og Carl har ikkje komme seg inn i den gjengen.

CARL: Det har litt med kulturelle straumar å gjere, opplever eg. Den kulturen som dei representerer, så er det: mannen slår seg på brystet og.. ja, det er ein fin lørdag i dag, og kvinnene er sånne prototypar på det perfekte familielivet. Dei er flinke med barn, og dei har alltid sunn mat på bordene, og dei snakkar berre om kjekke ting, og dei står og forfektar noko som eg ikkje synst er foreinleg med min måte å leve på. Eg seier ikkje at deira levemåte er negativ, men dei har eit annleis behov enn eg har. Men då føler eg på ein måte at dei tek passen frå meg.

Carl opplever at det er ein måte å vere barnefamilie på som er den korrekta i hans nablag. Han kjenner seg ikkje heime med naboane, og uttrykkjer dette gjennom den romlege metaforen at ”dei tek plassen frå meg”. Dei har eit fellesskap han ikkje kjenner seg ein del av, og dermed vert det vanskeleg for han å setje seg ned med naboane.

Carl er ambivalent til å vere med i fellesskapet av andre barnefamiliar som samlar seg utanfor bygarden han bur. Som far har han ein posisjon som gjer at han høyrer heime blant dei andre foreldra. Samtidig opplever han at dei har ein felles omgangstone som gjer at han er lite interessert i å verte meir kjend med dei. Det vert vanskeleg for Carl å bruke den felles plassen ute når han ikkje ønskjer å inngå i det eksisterande fellesskapet med dei andre barnefamiliane. Carl og Cathrine fortalte at dei bur i eit nablag der det alltid er mange folk ute, både vaksne og barn. Særskild Cathrine opplever dette som positivt, ho set pris på bygdekjensla dette skaper, på tryggleiken det gir i forhold til barna. Samtidig kan det tette og intime ha ei ekskluderande baksida. Carl og Cathrine kjenner seg også utestengde frå det sosiale fellesskapet som dei opplever at nokre naboar har etablert i nablaget. Dei klarer ikkje å setje

heilt ord på kvifor dei kjenner seg ekskluderte, men har ei sterk kjensle av å vere utanfor. Samtidig gir dei uttrykk for at dei er ambivalente til å tal del i dette fellesskapet. Dei opplever den sosiale eksklusjonen slik:

HILDE: Du seier at det er så sosialt her, og det er så masse folk ute og dokke har sagt at det er positivt for dermed så blir alt sett, men er det også noko negativt i det? Den sosiale kontrollen?

CATHRINE: Ja, det kunne nok vore mykje negativt med det, eg opplever det ikkje sånn, men eg ser jo kva du meiner. Eg veit ikkje, jo da.

CARL: Der kan eg bryte inn og referere litt.

CATHRINE: Ja, for eg tenker jo sånn som i fjor sommar.

CARL: Ja, skulle akkurat til å si det.

CATHRINE: Ja, då husker eg at alle satt her ute og eg satt her oppe, og eg følte ikkje at eg var med. Eg hadde skikkeleg därlege vibbar, men det blir jo min egen psyke, trur eg (...). Eg klarte liksom ikkje å gå ut og sette meg og seie hei, noko som er heilt greitt å gjere, sant. No gjer eg det, men der og då. (...) Då hadde eg veldig lyst å vere med der, men eg følte ikkje at eg var med der. Men kva det er for noe?

CARL: Det er akkurat det eg er inne på tidlegare her, dette er ei form for sosial kontroll, og det er klart at, no skal ikkje eg belære eller overstyre deg (Til Cathrine), men eg opplevde dette her over ein periode. Eg opplever at ho på ein måte projiserer det over på seg, som om det er noe med henne, det at ho ikkje tørr å gå ut. (...) Eg ser på det som eit uttrykk for sosial kontroll. Og at det er ein veldig høg terskel for å bli inkludert i det fellesskapet. Eg føler at vi på ein måte er ekskluderte, av forskjellige årsaker. Det opplevde eg, og det er derfor eg er inne på det her konformitetshelvete.

Cathrine uttrykkjer ein sterk ambivalens i forhold til dei sosiale relasjonane i nabologatet. På den eine sida ønskjer ho det tette og nære og framhevar dei kvalitetane ved nabologatet. På den andre sida opplever ho at det kan vere vanskeleg å verte inkludert i det eksisterande sosiale fellesskapet utanfor bustaden.

CARL: Dilemmaet her er jo at eg er nødt å gå forbi de, eg er nøydd til å forholde meg til dei, og så har eg heile tida den tanken i bakhovudet om at eg må jo framstå som vellykka eg òg. (...) Alle smiler og går rundt og ler og er hyggelege, og då klarer eg ikkje å foreine dette, det er akkurat som eg tenker, skal eg ringe til kompisene og spørje om han kan kome og hente meg, så dei ser at eg òg har ein venn! Og så får eg heile tida kjensla av at dei bruker vårt areal og så får ikkje eg bruke det sjølv. For eg har ikkje lyst å gå ut og sette meg og lese avis åleine, for då føler eg liksom at eg sviktar den kulheten som alle ønskjer å ose av. (...) Eg opplever at du skal vere veldig urban, du kan handtere alle, at det er eit eller anna ideal her, som ligg til grunn for måten dei er på. Det er vanskeleg å sette presist ord på det, men det går litt på denne kafeidentiteten. For meg så passar ikkje den kafe identiteten så godt heile tida. Og så går det noko på dette med å okkupere rom frå andre. Kor som helst er det jo ofte den store gruppa som tek plassen, og så må avvikarane finne seg sine eigne små hjørne. Og det er jo sånn eg opplever det her, at eg finner mine egne hjørne.

HILDE: Kor er dei, då?

CARL: Sånn heilt åleine? På kjøkkenet.

HILDE: I heimen?

CARL: På soverommet, eller du kikkar litt ut vindauge.

HILDE: Men finnest det rom utanfor her som ikkje er så okkupert?

CARL: Nei, det gjer ikkje det.

Konfliktar og det tronge rommet kan også oppfattast som positivt. Synlege forskjellar vitnar om mangfold. Statsvitaren Erling Dokk Holm ønskjer seg ein by som rommar motstand og friksjon ”Den gode byen er full av folk, og er trang og uforutsigbar å ferdes i” (Dokk Holm i *Dagbladet* 6. august). Han fryktar livet der folk kan sleppe unna kvarandre:

Kanskje er det å foretrekke for enkelte, men det blir ikke by av det. Det blir oversikt og orden. Det blir forutsigbarhet og frihet for den enkelte til ikke å ta ansvar for andre enn seg sjølv. Denne jakten på den friksjonsløse tilstanden trekker individet ut av sin rolle som deltaker i et ikke-uttalt kollektiv: den urbane tilstand (Dokk Holm i *Dagbladet* 6. august).

Idealet her eit mangfold der ”Det er flere handlende subjekter enn det komfortabelt er plass til” (ibid.). Det tronge og konfliktfylte vert eit mål. Men når det er tront, vil det alltid verte nokon som vert fortrengte.

Valte fellesskap

Det ville vere umogleg for menneske som bur i ein stor by å etablere personlege relasjonar til alle som bur nær dei eller alle dei treff gjennom ein tur i byen. Det valte ved omgangen er slik sett framtredande. Ein vert tvungen til å nettopp velje spesifikke andre som ein knyt band til blant mange potensielle menneske. Men det å vere foreldre gjer at slike val vert snevra inn. Barnet kan knyte sosiale relasjonar på sjølvstendig basis både gjennom nabolag og institusjonar som skule og barnehage, og slik verke inn på foreldra sine relasjonar til andre barn og vaksne. Foreldra kjenner eit sjølvsagt ansvar for å leggje til rette for barna sine sosiale relasjonar. Dei sosiale relasjonane rundt familien og særskild knytt til barna vert ved nokre høve framheva som viktige årsaker til at familien ikkje flytter, trass i at foreldre er lite fornøgde med bustaden på grunn av trong plass og manglande hage.

Foreldra har ulike praksisar når det gjeld kor involverte dei er i lokale sosiale relasjonar. Spennet går frå dei som gir inntrykk av at dei viktigaste sosiale relasjonane deira skjer i nabolag og nærmiljø og dei som kjenner få i nabolaget og som har dei viktige sosiale relasjonane andre plassar. Både dei som levde i ein tett vev av lokale sosiale relasjonar og dei som ikkje gjorde det, verka overvegande fornøgde med sine eigne sosiale relasjonar.

Nærmiljøet og nabolaget er viktig symbolsk som eit rom for det trygge og gode, også om ein ikkje har det ein sjølv oppfattar som nære sosiale band med andre i nabolaget.

Dei ulike foreldra har ein meir felles syn på kva som er bra for barn i forhold til sosiale relasjonar enn korleis dei ønskjer å organisere sine eigne sosiale relasjonar. Dei fleste foreldra ønskte at barna skulle ha venner i nærleiken av bustaden. Det er praktisk fordi det gjer at barna kan gå til og frå vennene sjølve eller treffast ute. Når barna har vennene i nærleiken, får barna større høve til å styre det sosiale samværet med andre barn utan innblanding og organisering frå foreldre. Dei har eit ideal om å la barna styre vennskap og sosial omgang, dei oppfattar barna som stadig meir kompetente til å avtale og forvalte vennskap på eiga hand. Likevel set foreldra mange av premissane for barna sine vennskap, både gjennom organiseringa av kvardagen til barna i tid og rom. Foreldra ønskjer også at barna skal kunne ferdast i nabolag og nærmiljø på eiga hand og ser det som ein ideell barndom. Men fordi dei vil verne barnet frå farefulle situasjoner er det vanskeleg å gjennomføre i praksis..

Fellesskapa i nabolaga kan vere tette eller lause, alt ettersom. Det valte og i utgangspunktet uforpliktande ved nettverka er viktig og gjer at dei sosiale banda kan utviklast vidare med dei som ein opplever eit nærare fellesskap med. Dei som opplever at dei ikkje har nære relasjonar med folk som bur andre plassar i byen, saknar ikkje det i det fysiske nabolaget, men set likevel pris på den tryggleiken dei opplever gjennom å kjenne til andre som bur i nærleiken. Dei kjenner seg trygge for at barna har det bra i det offentlege rommet ute sjølv om dei ikkje personleg kjenner alle som ferdast der og sjølv om dei berre kjenner folk i nabolaget gjennom ein viss distanse.

Fleire av informantane gir inntrykk av at dei er meir opptekne av uteområda og dei sosiale møta der enn av kvaliteten på sjølve bustaden. Dei vil heller bu trøngt og utan hage enn å flytte frå dei sosiale møteplassane i det offentlege rommet rundt bustaden og dei sosiale nettverka som dei set så stor pris på i nabolaget. Nabolaget er for mange, men slett ikkje for alle, ei trygg famn. Dei som opplever at dei ikkje har mykje felles med naboane synest det er godt å kunne halde avstand til naboane. Nokre få uttrykkjer at dei skulle ønskje dei hadde fleire å lite på i kvardagen.

Den komplekse og ofte motsetningsfylte måten foreldra fortel om barndommen i byen på, viser at dei tillegg byen mange meininger på ein gong. Byen vert framstilt som både trygg og farleg, stabil og ustabil, nokre gongar i kontrast til bygda, tettstaden eller forstaden, andre gongar til liks med. Dei som eg intervjuia hadde gjennomgåande lite godt å seie om forstadene. Forstaden vert brukt som kontrast til livet nær sentrum, men det er ikkje eintydig bilde av forstaden som vert skapt. Nokre ser for seg at det er for lite sosialt,

Med barn i byen

symbolisert gjennom høge hekkar og innestengte hagar med menneske som kører bilen rett inn garasjen utan å verken sjå eller snakke med naboen. Det anonyme og det manglande fellesskapet vert sett opp som ein motpol til det sosiale livet i sentrum der folk går til fots og har mange felles møteplassar. Samtidig skuldar sentrumsbuarane forstadene for å vere trongsynte og konforme, og slik sett som prega av for tette og for klamme fellesskap. Bygda er også ein viktig kontrast i forhold til bylivet, men denne kontrasten hadde dei eit meir ambivalent forhold til. Bygda vart som forstaden oppfatta som trong og konform, men det fellesskapet som bygda symboliserer vart i mange tilfelle opphøgd til eit ideal for livet i sentrum.

Det lokale fellesskapet er ein verdi for nokre, for andre var det gode med det lokale rommet mangelen på fellesskap. Nokre vil helst halde naboane på ein viss avstand og ser på nabolag og nærmiljø som instrumentelle og praktiske fellesskap knytt til felles interesser for at barna skal ha ein trygg og sosial kvardag. Eit krav individet kan stille til nabolag og nærmiljø kan vere at det ikkje skal tvinge folk inn i relasjonar dei ikkje ønskjer, at det skal gi individet høve til å vere i fred og respektere privatlivet. Ønskje om distanse og valfridom kan slik også vere verdiar knytt til nabolag og nærmiljø. Andre ser på nabolag og nærmiljø som plassar der ein kan utvikle nærmere relasjonar med hyppig og nær sosial kontakt og ønskjer ein nabolag som også kan tilby eit moralsk fellesskap.

Skaping av heim og plassar som nabolag og nærmiljø bør sjåast som arenaer for makt og handling. Å skape ein heim for barn kan handle om å skape noko trygt der barna kjenner seg inkluderte. Denne heimskapinga til foreldra kan derimot verke ekskluderande på andre grupper. Foreldre kan til dømes ta offentlege rom og gjere dei om til plassar for barnefamiliar der andre menneske kjenner at dei ikkje passar inn fordi dei ikkje har barn. Nokre foreldre kan ta ei rolle som dei som dei som eig og definerer det offentlege rommet utandørs, og slik gjere det mindre tilgjengeleg for andre.

Byen trer fram som ein plass for tette, trygge og nære fellesskap, med slektskap til relasjonar ein symbolsk sett bind til bygda. Samtidig er byen ein plass for spenning, variasjon og mangfold. Det attraktive med sentrum av byen er i høg grad det doble rommet: Det lokale, trygge og tette som basis og mangfold i byen som eit tilbod ein kan nytte seg av på avstand. Foreldre opplever dermed at dei tilbyr barna ”alt”, både ei trygg forankring og nok av utfordringar. Bybuarane opplever at dei har noko ekstra, som ikkje er så framtredande i bygder eller forstader: mangfold noko som sikrar at fellesskapet ikkje vert for einskapleg. Mangfaldet er der i bakgrunn, og det er viktig for foreldra. Mangfald vert tema for dei neste to kapitla. Kva handlar spenninga og mangfaldet ved byen om? Kor går grensene der det

spennande og utfordrande vert farleg og utrygt? Dei valte fellesskapa, korleis skjer vala, kva standardarar for inklusjon og eksklusjon baserer dei seg på? Desse spørsmåla vert tekne opp i dei neste kapitla.

6. Byen som oppdragar. Mangfald, individualitet og kompetanse

Svært mange av foreldra eg intervjuva framheva eksistensen av sosialt og kulturelt *mangfold* som ein særeigen og positiv kvalitet ved bylivet som både foreldra sjølve og barna nyt godt av. Denne skildringa av mangfald i byen er såpass gjennomgripande både i foreldra sine forteljingar og i offentleg debatt at eg meiner er eit viktig element i plassmyten om byen. Dette kapittelet dreiar seg om kva verdiar og dimensjonar ulike foreldre koplar til eit positivt mangfald i sentrum av byen, og kva innverknad dei meiner at dette har på barn.⁵⁶ Gjennom å ta opp korleis foreldra forstår det ettertrakta mangfaldet, kjem ein også inn på kor grensene går for kva foreldra oppfattar som eit positivt mangfald. Å identifisere grensene for det positive mangfaldet er såpass viktig at dei er tema for det neste kapittelet, medan spørsmåla i dette kapittelet handlar om konstruksjonen av det positivt lada mangfaldet.

Kvífor ønskjer foreldre å la barna få ein oppvekst omgitt av mangfald og kva innverknad trur dei mangfald har på livet til barna og utviklinga av personlegdommen deira? Tek foreldra avstand frå verdien om likskap gjennom ønskja om mangfald, eller ser dei for seg eit mangfald som baserer seg på ei form for likskap? Kva konsekvensar får ulike syn på mangfald for forståinga av kven som er *vi* og kven som er dei *andre*? Korleis manøvrerer foreldra mellom mangfald, likskap og forskjell? Med utgangspunkt i desse spørsmåla vil eg analysere kva menneske foreldra ønskjer at barna skal verte. Å verne og eksponere barna for ulike sider ved tilværet er ein måte å danne personlegdommen til barnet på. Gjennom å diskutere eigenskapar ved ulike plassar, formidlar foreldra ideal om korleis barn bør utvikle seg. Byen som ein plass for mangfald, vert konstruert gjennom plassmytar der forstaden og bygda vert sett opp mot sentrum av byen. Å ta avstand frå andre måtar å bu på, kan vere eit reiskap i bygginga av den eigne identiteten.

Foreldra i denne studien, som framhevar mangfald som ein viktig verdi dei vil innprente i barna sine, er medskaparar i ein diskurs på frammarsj på mange ulike felt som sameiner ei ny tenking om liksskap og forskjell. Eg vil derfor identifisere ulike måtar å bruke omgrepet mangfald på meir breitt i det norske samfunnet, men med særskild vekt på felt som

⁵⁶ Av foreldreparar i dette materialet var det 11 av 13 som gjennomgåande gav uttrykk for at dei såg mangfald som ein ettertrakta kvalitet ved å bu sentralt i byen. Kapittelet handlar fremst om desse foreldra. Dei to foreldreparar som var lite opptekne av mangfald som ein del av bylivet hadde begge kort utdanning. Men mangfaldstanken overskrid likevel forskjellar i utdanning i denne undersøkinga fordi andre foreldrepar med kort utdanning slutta seg til denne tanken.

har med barn eller by å gjere. Det gir ein breiare bakgrunn for å drøfte foreldra sine forståingar av mangfald.

Etter å ha identifisert ulike måtar ordet mangfald vert brukt på i det offentlege ordskiftet og i forskingslitteraturen, vil eg analysere korleis informantane i denne studien brukar omgrepet mangfald, kva innhald dei gir det og kva logikkar det impliserar. Eg vil argumentere for at dei forstår mangfald som eit inkluderande omgrep, der dei sjølve og andre er ein del av eit ”vi” som er innbyrdes forskjellige. Sjølvforståinga her er å vere avvikande eller annleis på ein positiv måte. Foreldra nyttar samtidig også mangfald som ei skildring av dei andre, dei som er annleis, avvikande, eksotiske eller farlege. I ei slik tyding er det ”dei andre” som representerer mangfaldet. Desse to ulike forståingane av mangfald vert nytta som organiseringande prinsipp i resten av kapittelet.

Mangfald, likskap og forskjell

Ordet mangfald har dei siste åra vorte brukt stadig oftare og om stadig nye felt i det offentlege ordskiftet i Noreg og i nokre samanhengar har det erstatta ordet likskap. Mangfald gir assosiasjonar til prosessar som verdsetjing og inkludering av minoritetar og marginaliserte grupper, verdiar mange ser på som positive. Forskjell vert sett på som ein ressurs samanlikna med likskap, som vert assosiert med tvang til konformitet. Likskap, som er ein verdi som har og har hatt høg status i Noreg og Skandinavia, vert altså utfordra av dei positive konnotasjonane knytt til mangfaldstankegangen.

Historikaren Paulina de los Reyes og etnologen Lena Martinsson skisserer korleis endringa – frå likskap til mangfald – også har funne plass i Sverige.

Till skillnad från traditionella tankesätt som associerat olikhet till det problematiska och i viss mån avvikande, hade en positiv förståelse av olikhet vunnit tärreng i offentligheten. Denna nya förståelse, som till stor del kom att utkristalliseras i begreppet mångfald, betraktar olikhet som något eftersträvansvärt och som en tillgång för individet och samhället (de los Reyes och Martinsson 2005:9).

Mangfald vert ofte knytt til eit ønskje om å oppvurdere forskjellar. Ein ønskjer å handsame forskjellige menneske på ein likeverdig måte og ser det som ein verdi av å ta vare på menneske sine ulike erfaringar. Individuelle forskjellar vert gjort til ein ressurs for både individet og samfunnet, eit gode som bør nyttast til felles beste. Slike forskjellar vert gjerne oppfatta som ulike individuelle preferansar innanfor ein implisitt overordna heilskap.

Eg vil no først vise korleis foreldra knytte seg til verdiane om mangfald, forskjell og liksskap når dei snakka om bustadmiljøet sitt og analysere korleis mangfald, byliv og

Med barn i byen

barndom vert knytt saman, mykje på same måten i offentleg debatt. For å gi ein bakgrunn å forstå desse ideane i forhold til, vil eg også analysere meir breitt forholdet mellom mangfald, forskjell og liksskap.

Forskjell som verdi

Svært mange av foreldra eg intervjuer ser eksistensen av forskjellar blant menneske som eit gode ved bylivet som barna deira nyt godt av. Mangfald vert løfta fram som ein særeigen kvalitet ved nærmiljøet i sentrum av byen, sett i forhold til bygder og forstader. Det kan ofte vere enklare å vise kven ein er gjennom å vise til kven ein *ikkje* er, enn det er å karakterisere seg sjølv. Identitetsbyggjande kontrastar synleggjer ideal. Byen vart ofte framstilt som meir mangfaldig, meir fargerik enn, meir internasjonal og med større horisont enn byggda og forstaden.

Mona og Mads har to barn og bur i det området av byen som dei begge vokser opp i. Mona var oppteken av at barna som budde i sentrum av byen var merka av eit positivt sær preg. Ho illustrerte det med følgjande historie:

MONA: Eg har ein artig kommentar til det at barn bur i byen. For vi reiser jo veldig mykje på landet. (...) Dei (barna våre) er med desse barna i bygda, som om dei skulle vere ein del av bygda. Så seier ho eine: "Så kjekt det er når dine barn kjem, for ein skulle ikkje tru dei var bybarn!" Då ser dei for seg at bybarn er sågne som bryr seg veldig mykje om klede, som bryr seg om heilt andre ting.

HILDE: Ja.

MONA: Ja, enn kanskje det å gli inn i eit miljø med desse barna som er vant til å berre gå i bygda. Så samanliknar eg, så seier eg "Det blir nesten som eit bygdemiljø vi bur i. For det er veldig gjennomsiktig her, foreldra veit kven barna er med". –"Ja, for det er noko spesielt med dei barna, enn med andre barn", seier dei. (...) "For folk som bur på desse store plassane, Åsane, drabantbyane, dei barna vert heilt annleis". Dei har gjort samanlikningane.

MADS: Sånn med Barbie...

MONA: Litt meir Barbie girl, dei må følgje moten, følgje presset.

Mona meiner at dei negative førestellingane som ho trur mange har om bybarn ikkje stemmer. Det positive med bybarna er at ein ikkje skulle tru at dei var det. I staden for å vere prega av det siste nye innan motar og trendar, er sentrumsbuarane derimot individualistar som ikkje treng å følgje motane fordi dei toler å skilje seg ut og dermed tør å vere seg sjølve. Motepress koplar både Mona og Mads til forstadane. Samtidig trekk Mona fram at strøket som familien bur i framstår som ei bygd, det er gjennomsiktig, nært og tett, ord ho brukar som honnørord. Ho framhevar likskapen mellom dei sosiale nettverka i sentrum av byen og på landet og likskapen mellom hennar eigne barn og barna på landet.

MONA: Her er det såpass mange individualistar at du vert deg sjølv. Så trur eg barna blir trygge, der er Kari, der er den, der er den, mor mi dei kjenner dei.

Dette fortætta sitatet frå Mona summerer idealia ho har for barna sine. Ho vil at dei skal verte trygge nok til å verte seg sjølve. Det meiner ho at dei har gode høve til å verte i eit tett nabolag prega av at alle kjenner alle, samtidig som dei er individualistar som tør å uttrykkje særdraga sine. Gjennom intervjuet dreg Mona fleire gongar fram dei trygge sosiale relasjonar og nettverka som barna hennar har fått i nærmiljøet. Barna får slik ei positiv ramme å utvikle seg innan: dei kan tote å skilje seg ut, vere individualistar, samtidig som dei er omgjevne av trygge rammer. Mona opplever slik at oppvekstmiljøet til barna hennar klarer å foreine eller balansere mellom dei potensielt motstridande verdiane om fridom og tryggleik. Legg ein for stor vekt på fridom, mister ein tryggleik. Legg ein for stor vekt på tryggleik, mister ein fridom. Individualisme og tryggleik er viktige verdiar som foreldre ønskjer å realisere i oppveksten til barna. Mange foreldre meiner at det er uheldig for barn å vekse opp omgitt av folk som har make bakgrunn økonomisk, sosialt og kulturelt. Forstaden vert halde fram som ein ghetto der barn berre treff andre barn med make bakgrunn, medan bygda vart oppfatta som trøng sosialt sett.

Denne måten å snakke om barn og by på, er som vi skal sjå ein del av diskursen om barndom i by, både i Noreg og i andre vestlege land. Geografen Per Gunnar Røe fann dei same argumenta om at ”Byens sosiale og kulturelle mangfold var attraktivt og sunt for både vokse og barn” då han intervjuja folk som bur eller arbeider i Oslo om val av bustad (Røe 2005:160). Statsvitaren Marit Helgesen har skrive ein forskingsrapport om foreldre i Oslo sine motiv for å velje privatskule framfor offentleg skule, og viser at foreldra mellom anna grunngir valet med eit ønskje om mangfold (Helgesen 2003).⁵⁷ Foreldra meiner at barna bør vere omgjevne av etniske og sosiale ulikskapar for å unngå eit einsarta miljø, og dei ønskjer seg dei forskjellane ein privatskule utanfor nærmiljøet har å by på. Dei legg vekt på at barna på privatskulen har ulik bakgrunn sosialt og at dei har band til mange ulike nasjonar og at det var ei viktig erfaring for barna å fungere saman på tvers av slike forskjellar (Helgesen 2003:95). Uavhengig av kor viktig motivet om mangfold er for foreldra samanlikna med andre motiv, viser rapporten at retorikken om mangfold vert oppfatta som ei legitim grunngjeving for val av privatskule som foreldra sluttar opp om. Det er ei dominerande forståing i samfunnet av at privatskular kan føre til segregering, fordi rike og vellukka

⁵⁷ Ho har intervjuat foreldre med barn på Steinerskule, Montessoriskule, religiøse og private skular i og rundt Oslo, og fann at foreldra oppfattar barna sitt nærmiljø som for homogent fordi det var ei overvekt av etnisk norske innbyggjarar.

Med barn i byen

menneske betalar for å la barna få betre utdanning enn den offentlege skulen kan tilby. Foreldra si vektlegging av mangfald kan sjåast som eit svar på denne førestellinga, men også som eit ønskje om å overskride det foreldra oppfattar som eit snevert norsk fellesskap.

Mangfald fungerer som eit symbol for det urbane. Eksistensen av forskjellar gjer byen attraktiv og særeigen. Det er nettopp forskjellar, mangfald og sameksistensen av ulike livsformer, aktivitetar og kulturar som kjenneteiknar det bymessige, hevdar geografen Kirsten Simonsen (Simonsen 1993:277). Å løfte fram det mangfaldige ved byen er også ein måte å inkludere mange ulike praksisar i plassmyten om byen. Det signaliserer at byen er eit raust og inkluderande offentleg rom.

Likskap som verdi

Dei fleste foreldra drog fram mangfald som ein positiv verdi ved byen og hadde tydeleg tenkt ein del på dette aspektet ved å bu sentrumsnært. Det var sjeldan at det var eg som tok opp tanken om mangfald i byen i løpet av intervjeta, sjølv om dette var noko som opptok meg. Men eg intervjeta også nokre foreldre - to foreldrapara av tretten - som ikkje hadde tenkt særleg på sosialt og kulturelt mangfald som ein positiv ressurs ved byen. Desse to foreldrapara støtta seg til likskap forstått som det make som ein viktig verdi, og verka som at dei ikkje hadde tenkt særleg over at byen var samansett av forskjellige menneske. Men når dei vart presenterte for ei slik tolking av byen, var dei samde i at det bur forskjellige folk i byen og dei meinte at barna kunne ha godt av å sjå at ikkje alle er A4. Desse to foreldrapara hadde det til felles at dei var blant dei informantane med kortast utdanning. Men med så lite utval som eg har, er det likevel ikkje nok til å seie at forskjellane i innstillinga til mangfald kan knytast til utdanningsbakgrunn. Nokre av dei informantane som la stor vekt på mangfald som eit positivt element i omgjevnadene var også blant dei som hadde kortast utdanning.

Turid og Trond, eitt av desse to para, verka overraska over å tenke på mangfald som ein positiv verdi ved bustadmiljøet deira.

HILDE: Det inntrykket eg har fått gjennom intervju med andre, er at det er mange forskjellige folk som bur her? Stemmer det?

TURID: Ja, det er vel gjerne ikkje berre *ein* type menneske som bur her. (...).

TROND: Det er alle moglege folkeslag og...

TURID: Det kjem an på, kvartal til kvartal, i nokre kvartal er det store kjøpeleilegheiter, medan eit kvartal bortanfor der igjen er det liksom fattige kommunale leilegheiter, så det er jo masse forskjellig.

HILDE: Ja, korleis opplever de det?

TURID: Ikkje som noko problem i det heile teke.

TROND: Du treng ikkje å vere fattig fordi om du bur kommunalt.

HILDE: Men opplever de det som ein ressurs?

TURID: At det bur mange forskjellige? Ja, både òg, ja. Eg har ingenting i mot det.

HILDE: Grunnen til eg spør er, eg har jo intervjuet fleire familiarer her i området, og nokre av familiene eg har intervjuet legg veldig vekt på at dei likar så godt å bu her fordi her bur det så mange forskjellige folk. At det er ein sånn spesiell kvalitet.

TURID: Ja, nei, eg har aldri tenkt over det, så det kjem litt brått på når du spør. Nei, men det er jo greitt òg at ungane har venner med forskjellig familiebakgrunn og sånn. Det er jo litt greitt at dei kan sjå at ikkje alt er A4. Dei har venner som er utlendingar, dei har venner som kanskje er litt rikare eller fattigare.

HILDE: At nokon har ein annan bakgrunn, merkast det på eit eller anna vis?

TURID: Ikkje blant ungane, nei. Vi har ikkje så veldig god kontakt med foreldra, så for vår del merkar vi det ikkje så godt. Og ungar er jo ungar, dei er jo veldig like uansett.

Sjølv om sosialt eller kulturelt mangfald ikkje var noko dei hadde vore opptekne av, slutta dei seg til ideen om at dei budde i eit område der barna har ulik bakgrunn. Men dei snakka om det meir som at det er ikkje er eit problem enn som eit opplagt gode. Ulikskap i nabolaget vert her ikkje ein ressurs for foreldra og barna på same måte som for dei fleste andre informantane mine. Sjølv om Turid og Trond ikkje har konstruert nabolaget som mangfald, har dei likevel ingenting imot denne tolkinga av nabolaget. Dei viser sjølve til forskjellar, i forhold til økonomi, men dei strekar under at ”Ungar er jo ungar, dei er veldig like uansett”. Turid uttrykker slik at den sosiale bakgrunnen til barna ikkje verkar særleg inn på korleis dei vert. Mange andre informantar var opptekne av at barn var forskjellige og forskjellar blant barn kunne knytast til åferda til foreldra.⁵⁸ Mangfaldstanken var meir ukjend for desse informantane enn at den var noko dei tok aktivt avstand frå.

Resten av kapittelet skal handle mest om dei foreldra som var opptekne av mangfald og forskjellar som noko positivt. Eg vil alt no streke under at også mangfaldstanken baserer seg på ei forståing av ulike former for likskap. Forskjellane mellom informantane handlar meir om vekta dei legg på mangfald som ein ressurs, enn at dei bruker liksskap som ein kategori dei definerer seg sjølve og andre ut frå.

Det norske ordet *likskap* kan dreie seg om ulike dimensjonar, som økonomiske, sosiale og kulturelle aspekt, og det kan referere til ulike forståingar av likskap som til dømes resultatlikskap eller likskap forstått som lik handsaming av same tilfelle. Likskap kan vise til at noko er make, eins, identisk. På engelsk hadde det vorte karakterisert som *sameness*. Det kan også vise til at noko er like verdifullt, og slik peike mot likeverd, som på engelsk vert kalla *equality*. Desse to tydingane av likskap vert brukt om kvarandre i Noreg fordi det norske språket ikkje har denne språklege distinksjonen. Gullestad hevdar at likskap i tydinga det

⁵⁸ Denne tankemåten vert analysert nærmare i det neste kapittelet om grenser for mangfald.

Med barn i byen

make står særleg sterkt i Skandinavia, og at det fører til at menneske ofte må kjenne seg like for å meine at dei passar saman (Gullestad 2001:35). Dersom likskap som det make er prinsippet ein handlar ut frå, vil ein framheve det som partane har felles, medan det som skil partane vert underkommunisert. Når likskap vert forstått som likeverd, vil ein leggje vekt på den like verdien som potensielt forskjellige subjekt og handlingar har. I begge tilfella står ein i fare for å oversjå eller underkommunisere hierarkiske relasjonar og ulike interesser mellom dei som vert karakteriserte som like eller likeverdige.

Likskap representerer eit kulturelt omdreiingspunkt i Noreg fordi likskap vert uttrykt som ein kulturell verdi, som premiss for samhandling, som mål for politisk ideologi og som myte om nasjonal særart (Lien, Lidén og Vike 2001:11). Nordmenn har ein tendens til å kategorisere seg sjølve som deltagarar i ein stor og upresis middelklasse med overvegande felles referanserammer. Ein trekk grenser oppover, mot dei som er finare enn ein sjølv og nedover, mot dei som er mindre respektable enn ein sjølv (Lien, Lidén, og Vike 2001:18). Mange karakteriserer seg sjølve i ein slik samanheng som vanlege, som ein del av det store fleirtalet, altså med utgangspunkt i ein tanke om at andre er like dei sjølve. Ei slik oppleving kan referere til ein førestelt likskap som skjuler forskjellar.

Jo mer sosiale omgangsformer segmenteres innenfor lukkede og homogene grupper, desto mindre vil hver enkelt av oss konfronteres med annerledeshet. I så fall er det ikke særlig overraskende at mange har en oppfatning om at folk stort sett er ganske like dem selv (Lien, Lidén, og Vike 2001:18).

Sosialantropologen Anh Nga Longva meiner at karakteristikken av det norske samfunnet som "a passion for equality" kan byttast ut med omgrepene "antipathy for difference" (Longva 2003:154). Antipati mot forskjellar er basert på ei normativ forventning om konformitet i åferd, erfaring og medvit blant borgarar i Noreg, ifølgje ho. Likskap vert dermed på ein fundamental måte knytt til kulturell likskap, til det som er make. Longva peikar på følgjande årsakskjede: "While inequality always entails difference, the opposite is not necessarily true: some differences make people unequal, others make them simply different" (Longva 2003:172). Longva gjer ei viktig påpeiking når ho presiserer at det å vere forskjellig handlar om delvis make og delvis ulike ting; sosial ulikskap (inequality) og kulturelle forskjellar (differences). Det motsette av likskap, ulikskap, kan slik bety både at noko er forskjellig og at noko er urettferdig, at det er knytt til maktstrukturar og hierarki. Dei sosiale ulikskapane i Noreg, og i Skandinavia elles, er langt mindre enn i mange andre land i verda. Dette gjeld til dømes forskjellar blant befolkninga i økonomisk levestandard og forholdet mellom leiarløner og arbeidarløner. Ein kan spørje seg om idealet om den nordiske sosiale likskapen gjer det

vanskeleg å akseptere kulturelle forskjellar. Korleis aksepten av sosiale ulikskapar heng saman med toleranse for kulturelle forskjellar, er eit empirisk spørsmål som eg ikkje skal forfølgje vidare her. Men noko eg vil gjere i løpet av kapittelet, er å nyansere bilde av antipatién for forskjellar som eintydig dominerande i det norske offentlege rommet.

Barn, by og bygd: mangfold, natur og moral

Kulturelle førestillingar om kor den gode barndommen skjer verkar inn på kva ideal og draumar foreldre har om det gode familieliv. Eg vil derfor kort gi ei framstilling av ideal for den gode barndommen knytt til plass, med eit særleg blikk på framstillinga av barn og by. Den ideelle norske barndommen har lang tradisjon for å verte framstilt som landleg idyll. Men i dag er bildet meir komplekst, foreldra eg intervjuva var til dømes opptekne av fortinna med å vekse opp i by.

I følgje historikaren Jan Eivind Myhre, som har skrive ei bok om barndom i Oslo i eit historisk perspektiv, er redselen for farane i storbyen like gamal som storbyen sjølv i Noreg (Myhre 1994). Han skildrar denne frå 1870-åra av. Ordet gata vart eit symbol på alt det farlege barna kunne kome ut for i byen, og det var derfor eit mål å halde barna unna gata, unna røyking, fyll, gjengar, tjuveri og umoralsk åtferd (ibid:44). Gategutar og gatejenter vart assosiert med frekke barn som visste for mykje om ting dei ikkje burde vite noko om.

Det store oppslagsverket *Lykkelige barn* kom ut første gong i 1960 og var ei samling av oppslag om barn skriven av dei fremste legane, psykologane og arkitektane på den tida. I boka var det eit eige oppslag som heitte ”Bo på landet”. Her skreiv fagfolka følgjande på ein sjølvsagt måte:

At barn som vokser opp med dyr og jord, som regel blir lykkeligere og mer harmoniske enn bybarn, er noe man lenge har visst. Man kan jo bare sammenlikne statistikken over forbrytelser på landsbygda og i byene! På landet er nok familielivet og de hjemlige forhold langt sunnere og riktigere, virksomhetstrangen får bedre avløp, og omgivelsene er mer naturlige og renslige – enda man kanskje savner både søppelsjakt og kjøleskap (Skard et al.(red.)1960:170).

Nærleiken til dyr og natur vert framstilt som eit gode som barna på landet nyt godt av og som gjer dei meir lukkelege og harmoniske enn bybarna. Framstega i det moderne samfunnet, symbolisert gjennom søppelsjakter og kjøleskap, klarar barna seg derimot godt utan. Det naturlege, sunne og rette vert kopla til landet, representert ved dyr og jord. Vektlegginga av kontakt med natur og dyr som viktig for barna si utvikling kan sjåast som uttrykk for ei

Med barn i byen

oppleving av tap. Naturen som ein meinte hadde vore ein sjølvsagt del av kvarldagen til barn, vart gjort om til noko familien måtte oppsökje aktivt for å gi barna ei sunn innstilling til livet.

Negative formuleringar om byen som oppvekstmiljø kan ikkje lenger formulerast på den sjølvsagte måten som i oppslagsverket *Lykkelige barn*. Barndommen på bygda risikerer i dag å måtte forsvare seg ut frå barndommen i byen sine premissar. Dei siste åra har også einskilde forskrarar gått ut i media og hevda at "Det er best for barn å bu i byen", eit utsegn dei byggjer opp i kontrast til oppfatninga om at barn har det best på landet. Sosialantropologen Hilde Lidén, som har skrive doktorgrad om barn i bykjernen i Oslo, vart sitert i *Aftenposten* på at:

Det finnes så mange positive sider ved et barneliv i byen at bybarna kommer vel så godt ut som sine jevnaldrende på landet. Utryggheten på grunn av mye trafikk og personer som oppleves som skumle, er ikke slående. Derimot opplever bybarn et spennende mangfold. De går på rulleskøyter istedenfor å løpe i skogen. Lærer seg å takle det ukjente og ikke minst det uforutsigbare (*Aftenposten* 21.09.01).

Lidén står her fram med eit klart bodskap om å oppvurdere barndommen i byen. Ho trekk fram at bylivet ikkje er så farleg som mange trur, og at bybarna er i fysisk rørsle i motsetning til det ho meiner er utbreidde oppfatningar. Desse argumenta er defensive, i opposisjon til det ho reknar med er utbreidde negative førestellingar om livet i byen. I tillegg brukar ho meir offensive argument som handlar om det særegne byen har å tilby framfor bygda: at barna i byen opplever eit spennande mangfold og lærer seg å takle det ukjende. Ho uttrykkjer dermed at bybarna utviklar ein kompetanse som barna på bygda manglar.

Psykologen Oddvar Skjæveland har same ærend som Lidén i ein artikkel om barn i byen. Han fører vidare argumenta om bybarna sine spesifikke kunnskapar:

Det er sunt for barn å vokse opp i storbyen. Kanskje sunnere enn å vokse opp på landet. Bybarn får helt andre impulser og erfaringer enn barn på landsbygda. Det gjør dem bedre skikket til å møte det moderne samfunnet og de krav som stilles (*Aftenposten* 06.09.01).

Skjæveland hevdar at bybarna både er sunnare og betre rusta til å takle krava i det moderne samfunnet, fordi barn som veks opp i mindre miljø har eit smalare erfaringsgrunnlag, og dermed veit mindre om endringar i til dømes samlivsnormer og det fleirkulturelle.

Eigenskapane bybarna utviklar, ifølgje Skjæveland, som å verte fleksible, opne, sjølvstendige og kreative, gjer at dei også vil stille sterkare på arbeidsmarknaden. Bygda verkar her som ein därlegare plass for den gode barndommen enn byen, og barna der vert indirekte framstilte som mindre sjølvstendige og kreative enn bybarna. Myten om den farlege

byen byggjer på fordommar, hevdar Skjæveland. Han byggjer samtidig sjølv mytar om bygda ved å setje opp bygda som ein eintydig kontrast til byen.

Oppslaget ”Bygda – like bra som byen” i *Stavanger Aftenblad* er ein av mange reaksjonar på Skjæveland sine utsegner om at det er best for barn å vekse opp i byen. Den dåverande leiaren i Noregs Bygdeungdomslag, Kristin Søyland, meinte at det vert for enkelt å hevde at byen er betre berre fordi det bur fleire folk der og at det er fleire fritidstilbod der.

På landet lærer ein å omgåst alle typar folk, og det er ikkje alltid så lett å velja sine venner som i byen. Dette gjer at ein må verta ganske tolerant overfor folk som er ulik ein sjølv. Dessutan har ein kanskje lett for å verta einspora i byane, då ein kan velja å berre ha lag med dei som er like ein sjølv, seier Søyland. (...). Ho trur også det kan vera ei myte at det er så lite samansett miljø på bygdene og viser til at flyttemönsteret stadig vert meir komplisert. Søyland peikar likevel på at generasjonskløfta truleg ikkje er så stor på bygdene som i byen (*Stavanger Aftenblad* 30.10.01).

Søyland sluttar seg her til mangfaldsretorikken som Skjæveland forfektar. Ho framhevar dei kvalitetane ved bygda som handlar om å møte folk på tvers av generasjonar, og å pleie kontakt og vennskap med folk som er forskjellige frå ein sjølv. Som han, synest ho det er eit mål å vere tolerant overfor folk som er ulik ein sjølv. Slik sett stiller ho ikkje spørsmål ved mangfald som eit gode for barn, men godtek det som eit premiss for eit godt liv. I staden vender ho argumentet om mangfald mot bylivet, til bygdene sin fordel – fordi ein på bygdene har færre høve til å velje vekk dei som ikkje liknar på ein sjølv og fordi generasjonskløfta er mindre. På eit nivå har desse deltakarane i det offentlege ordskiftet same mål. Dei ønskjer aksept av forskjellige plassar og måtar å leve på med barn. Utsegnene til Lidén og Skjæveland kan forståast som innlegg i ein debatt der dei vil oppvurdere bylivet, medan Søyland rykkjer ut til forsvar for livet på bygda. Mangfald vert ein sentral verdi for barn sin oppvekst som både bybuarar og bygdebuarar vil knyte seg til.

I Stortingsmeldinga om grunnskulen *Kultur for læring* frå 2004 vert mangfald sett fram som ein viktige verdi å introdusere barna for. To endringar i samfunnet vert peika ut som grunnlaget for den vidare utviklinga i den norske grunnskulen: kunnskapssamfunnet og at det norske samfunnet vert stadig meir komplekst og mangfaldig.

Skolen er sannsynligvis den arenaen der det nye mangfoldet i samfunnet kommer sterkest til uttrykk. Målet om en inkluderende skole har skapt et økt mangfold i elevgruppen. Dette innebærer både nye utfordringer og nye muligheter. På den ene side er det langt mer krevende å forholde seg til ulikhet enn likhet. På den annen side representerer det store mangfoldet i elevmassen en viktig ressurs (*Kultur for læring* St. melding nr. 30 2004:24)

Med barn i byen

Her vert mangfald brukt som ei tolking av verda, som vert til eit argument om at skulen derfor må handle i forhold til denne utviklinga, vidare at ei slik utvikling er av positiv verdi. Målet er inklusjon av elevgrupper som tidlegare har vorte ekskluderte og avsnittet konkluderer med at ”Skolen må i større grad legge vekt på ulike elevers likeverd”. Elevane skal få dei same høvene til å utvikle sine evner og talent. Samtidig vert mangfaldet konstruert som ei utfordring, som eit potensielt problem.⁵⁹ Retorikken om mangfald pregar ikkje berre offentlege dokument om skulepolitikk, men vert også uttrykt i konkrete praksisar innan skulevesenet. Slagordet til Nordnes skule i sentrum av Bergen er ”Nordnes skole i vekst – samhold og mangfold er best”. Dette slagordet peikar mot eit fellesskap basert på mangfald og inkorporerer tanken om ressursutnytting - samhald og mangfald vil skape vekst.

I *Storbymeldingen. Om utvikling av storbypolitikk* vert mangfald gjort til ein positiv kvalitet ved dei norske byane; ”Livet i byene gir rike muligheter til mangfold og kulturmøter” som det står (Storbymeldinga St. melding nr. 31 2003:8). Kulturelt og etnisk mangfald vert presentert som ein del av verdigrunnlaget for meldinga.

Mangfold i kultur og tro, i kunnskaper og ferdigheter gjør oss bedre rustet til å møte nye utfordringer, nasjonalt og internasjonalt. Innvandring gir tilgang til et vesentlig mer variert erfarings- og kunnskapsgrunnlag enn det som finnes i mer lukkete, ensartete samfunn. Innvandrere har gjennom tidene fungert som et speil for det å være norsk. Framveksten av den nasjonale norske identiteten har skjedd gjennom at ulike miljøer definerte seg i forhold til innvandrere og tidligere innvandre familier (Storbymeldinga St. melding nr. 31 2003:45).

Når mangfaldet her vert brukt som ein spegel på det å vere norsk, føreset det at dei som utgjer mangfaldet vert brukt som kontrasterande element i bygginga av den norske nasjonalidentiteten. Mangfald vert her ikkje berre redusert til ein bakgrunn, men også utnytta som materiale for å definere det norske. Det er instrumentelle argument meir enn etiske resonnement som ligg til grunn for verdsetjinga av mangfald her. Mangfaldet vert ein nytteverdi som kan skape ressursar og vekst for samfunnet som heilskap, mangfaldet er ikkje eit mål i seg sjølv. Meldinga løftar fram at mangfaldet i byen er bra for barna som bur der:

Nyere forskning viser at barn har mange fordeler ved å vokse opp i et mangfoldig bymiljø. Å leve med og å måtte samarbeide med mennesker som er annerledes enn deg selv, gir viktig lerdom. Du får en kompetanse som er viktig for å møte livet og ikke minst det moderne arbeidslivets krav (Storbymeldinga 2003:129).

⁵⁹ Gressgård viser til make retorikk, om mangfaldet som utfordring i sin analyse av stortingsmeldinga om integrasjon og innvandring. *Mangfold gjennom inkludering og deltagelse. Ansvar og frihet* (Gressgård 2005a:73).

Forsking vert her teken til inntekt for at det er sunt å vekse opp i by med tanke på framtidige utfordringar i samfunnet, særleg i arbeidslivet. Slike tankar kjem mellom anna til uttrykk i boka *Barn drikker ikke caffé latte*, (Jahr og Bodahl 2001).

Ut frå dei tekstane om by, bygd og barn som eg har vist til, er det rimeleg å hevde at barndom i byen har vaks fram som ei legitim forteljing om den gode barndommen, som konkurrerer med barndom på bygda. Mangfald vert eit viktig element i skapinga av byen som ein attraktiv og moralsk god plass for barndom, samanlikna med plassar som ikkje kan varte opp med mangfald. Barndom på bygda kan ved nokre høve vurderast ut frå verdiar som i mange samanhengar vert oppfatta som bymessige, som kulturelt og sosialt mangfald og sosial kompetanse til å takle framande. Desse verdiane vert oppfatta som udiskutable godar som konkurrerer med verdien om nærleik til naturen om kva som skal til for å skape sunne og kompetente barn. Natur og mangfald vert slik sett vekta mot kvarandre som viktige verdiar barna bør introduserast for.⁶⁰

Nasjonale verdiar: frå likskap til mangfald

Likskap er og har lenge vore ein svært viktig verdi i konstitueringa av det norske førestelte fellesskapet. Noreg og Norden har lenge hatt ry på seg for å begjære likskap og mislike hierarkiske relasjoner. Dette har vorte uttrykt gjennom låg toleranse for økonomiske forskjellar, som forskjellar i løn, og høg oppslutning om offentlege tiltak med mål om å utjamne økonomiske forskjellar. Likskap står for det gode sett i forhold til det urettferdige og hierarkiske. Men likskap vert også forbunde med tvang, statsfeminismen er eit døme, einskapsskulen eit anna. Mangfald er kanskje det omgrepene som i størst grad gjer likskap om til ein illegitim verdi dersom dei to omgrepene vert sett opp mot kvarandre. Mangfald gjer likskap negativt fordi det får likskap til å representera mangel på val og undertrykking av variasjon.⁶¹

I dei seinaste åra har omgrepene mangfald i nokre samanhengar avløyst omgrepene likskap som ein verdi.⁶² Mangfald vert i dag brukt om kulturelt og sosialt mangfald, om biologisk og økologisk mangfald og om mangfald i marknaden. Det kan referere til at mangfald sikrar høve for val mellom ulike alternativ og at respekt for mangfald aukar

⁶⁰ Det er også verd å merkje seg at kontrastane som vert bygde opp, baserer seg på motsetningar mellom by, forstått som bykjerne, og bygd. Tettstadar der svært mange norske barn bur, er sannsynlegvis mindre tydelege motsetningar med sin blanding av by og land, og dermed mindre eigna som kontrasterande verkemiddel.

⁶¹ Statsvitaren Jill Loga viser til likarta prosessar knytt til å representera det gode i sin analyse av verdikommisjonen "Godheten behøver bare å uttrykkes for å bli konklusjon" (Loga 2005:321).

⁶² Midtveisrapporten til Verdikommisjonen hadde til dømes tittelen "Verdier – fellesskap og mangfold" som uttrykkjer oppslutninga om mangfald som ein viktig verdi (Verdikommisjonens Midtveisrapport 1999).

toleransen i samfunnet. Mangfald kan både handle om inkluderande fellesskap og solidaritet og peike mot marknadslogikk og liberalt mangfald. Ordet vert ofte knytt til kategoriar som seksualitet, etnisitet og religiøsitet. Mangfaldsomgrepet vert nytta som ein positiv verdi innan offentleg politikk, ofte knytt til utdanning, integrering av innvandrarar og naturvern. Det vert brukt som honnørord i partiprogram og landsmøtetalar frå Frp via KrF og H og Ap til SV.⁶³ Det er eit mål å få dei politiske standpunktene til å framstå som tolerante, og ordet mangfald kan vere eit reiskap for å få til det.

Korleis kan mangfald fungere i så mange ulike samanhengar? Fordi det rommar delvis ulike dimensjonar og innbyrdes motstridande verdiar, samtidig som det har ein positiv klang. Mangfald er eit omgrep som kan tøyast og vendast og symbolisere ulike rasjonalitetar på ein gong, akkurat som ordet liksskap har mange tydingar. Mangfald og likskap vert ofte brukt om dei same felta i samfunnet og dei konkurrerer som omgrep som kan definere det gode. Begge orda vert tolka som positive verdiar, som middel til å oppnå noko, og dei kan oppfattast som eit mål ein strevar etter å realisere. Omgrepa kan slik passere som verdiar i same andedrag trass i at mangfaldstanken delvis er skapt i opposisjon til likskapstanken. Mangfaldstanken kan forståast som ei motsetning til likskap forstått som det make, men kan foreinast med ideen om likskap forstått som likeverd.

Interessa for mangfald kan knytast til meir ålmenne skifte i synet på kva som er viktige verdiar og korleis individ bør vere samansett. Samtidig som likskap i tydinga det make kan oppfattast som trygt og positivt, gjer individualiseringsprosessane i samfunnet at det vert viktig å oppleve seg sjølv som autonom og unik (Taylor 1994:28). Verdsetjinga av det unike kan bidra til ei nedvurdering av likskap forstått som det make og ei oppvurdering av liksskap forstått som likeverdige, til det likeverdige mangfaldet. Ein annan prosess som gjer at likskap som verdi delvis har komme i vanry, er at det har vorte reist kritikk mot tanken om einskapleg nasjonalt etisk norsk fellesskap. Som sosiologen Cathrine Holst peikar på: "En stat grunnet på kulturell homogenitet og felles etisk horisont kan komme til å undertrykke alternative kulturelle betrakningssett og individuelt mangfold" (Holst 2002:83). Holst meiner derfor at det er viktig å fremje likskap forstått som likeverd som ein politisk verdi.

⁶³ Nestlearen i KrF, Knut Arild Hareide, sa t.d. på landsmøtet til partiet i desember 2003:

Jeg ønsker ikke et samfunn som påbyr likhet. Frankrikes president forbyr muslimske jenter å bruke hodeplagg på skolen. Det åpner for undertrykking, diskriminering og rasisme. For KrF er det grunnleggende viktig at Norge forblir et land med mangfold og toleranse for forskjellighet.

Mangfald vert her knytt til toleranse for ulike religionar, men partiet er sannsynlegvis lite interesserte i å bruke den same retorikken når det gjeld seksualitet.

I nokre land med store immigrantbefolkningsar har nasjonsbygginga basert seg på mangfald som eit symbol og ein verdi som sameiner nasjonen, ofte knytt til verdien om multikulturalisme. I Noreg har denne tendensen vist seg først dei siste åra. Til dømes har det norske kongehuset i stadig større grad stått fram som representantar for mangfald, toleranse og feiring av forskjell med eit prosjekt om å inkludere minoritetar i det nasjonale offentlege rommet. Eit døme på dette er kronprinsesse Mette-Marit sin opningstale på ein konferanse om homoseksualitet i Bodø 29.08.05. Der sa ho mellom anna at ”Vi må legge vekt på det som knytter oss sammen i vår forskjellighet”. Dette er ein annan nasjonsbyggjande strategi enn den som primært fokuserer på likskap forstått som det make.

Tanken om at ”vi er like gjennom at vi er unike” viser korleis både det like og ulike vert sett på som konstituerande for individet. Mangfald kan vere ein ny måte å organisere likskap på, der forskjellane som vert sett fram som det som utgjer mangfaldet, til dømes etnisitet og seksualitet, vert forstått som innbyrdes like. Maktaspekta ved forskjellar kan underkommuniserast når ein fokuserer på det positive med forskjellar. De los Reyes og Martinsson peikar med rette på at maktperspektiv kan verte usynleggjorte gjennom mangfaldsretorikken. Kategoriar som kjønn, etnisitet og klasse er ikkje berre variasjonar mellom menneska, men sosiale relasjonar som inngår i eit system av overordning og underordning. Oppfatningar om ulikskap baserer seg alltid på eit hierarki, synleg eller usynleg, der ulike former for ulikskap vert rangerte i forhold til kvarandre.

Denna ”olikhetens rangordning” (är) ett viktigs inslag i en normaliseringsprocess som legitimerar vissa ordningar och relationer som autonoma och grundläggande (De los Reyes og Martinsson 2005:11).

Nokre ulikskapar vert naturaliserte, og forstått som forskjellar det ikkje går an å gjere noko med. Andre ulikskapar vert gjort til gjenstand for diskusjon og kamp om kva konsekvensar dei skal få. Kjønn og etnisitet er døme på forskjellar der kampen om tydinga av forskjellen er svært sterkt. Omgrepet mangfald kan vere med på å skjule spesifiseringa av kva som vert rekna som legitime eller illegitime forskjellar, og av kva type ulikskap ulike forskjellar bør føre til.

Om ein bytter ut mangfald med likskap som ein overordna verdi, har ein likevel ikkje vorte kvitt problemet med at forskjellar vert hierarkiserte. På same måte som mangfaldsideologi med sin respekt for forskjellar kan tilsløre hierarkiske rangeringar av ulikskap, kan likskapsideologi med sin vekt på det som er felles eller likeverdig, tilsløre

ulikskap og hierarkiske relasjoner. Bak førestellingane om likskap skjuler det seg ulikskap, og likskap som verdi kan vere med på å produsere ulikskap (ibid. Lien, Lidén og Vike 2001:12).

Gullestad hevdar at førestelt likskap er eit underliggjande ideal i mange situasjoner i samfunnet, og at dette påverkar inkluderings- og ekskluderingsmekanismar. Ho oppfordrar derfor til å undersøkje grensene for likskapen (Gullestad 2001:67). Både likskaps- og mangfaldstankegang byggjer på spesifisering av forskjellar og kan innebere hierarkisering og ekskludering. Tendensen i mangfaldstankegangen til å skjule hierarki gjer at nettopp rangeringar av forskjellar bør drøftast. Gressgård reiser spørsmål ved om det i heile teke er mogleg å anerkjenne det særeigne utan å plassere det i ein hierarkiserande kulturell orden.

Utfordringen er å kunne se kulturelle forskjeller i minst mulig grad som avvik fra en norm, gjennom å forstå også den normbærende kulturelle ordenen som relasjonelt konstruert. Herunder kommer forståelsen av at enhver identitet – enhver kulturell orden – er internt differensiert langs en rekke forskjellskonstituerende akser (Gressgård 2002:218).

Gressgård meiner at det må vere eit ideal å bryte ned tanken om normalitet og avvik, og at forskjellar må løftast fram som det vanlege.

Dei ulike døma på korleis mangfald vert forstått viser korleis forskjellige tolkingar av mangfald kan basere seg på grunnleggjande ulike forståingar og logikkar. Det er derfor viktig å spesifisere bruken av omgrepene for å få underkommuniserte eller skjulte konfliktar fram i lyset. Innhaldet i omgropa likskap og mangfald vert produsert og reproduksert på mange ulike måtar i det offentlege ordskiftet. Likskap og mangfald vert *brukt saman* som honnørord som gir assosiasjonar til eit positivt fellesskap. Omgropa vert forstått i *opposisjon* til kvarandre, som i politisk retorikk der mangfald vert sett opp mot tvang. Mangfald har i nokre samanhengar *erstattat* likskap som verdi. Samtidig er det slik at omgropa set *premissar for* kvarandre. Noko må vere likt for at noko kan vere forskjellig. Som eg har vist, refererer mangfald til mange ulike kategoriar. Det har mange ulike tydingar og eit komplekst forhold til likskap og forskjell. Det er derfor interessant å spesifisere bruken av omgrepene mangfald, dei underliggjande tydingane og ulike logikkane som følgjer med bruken av ordet.

Mangfald som kulisse

Medan ei forståing av mangfald handlar om *mangfaldet i individet*, at kvar og ein er mangfaldige skapningar, handlar ei anna forståing om *mangfaldet rundt individet*, mangfaldet som dei andre representerer. Denne siste forståinga dreiar seg om mangfald som ein kontrast til den førestelte normaliteten, om dei eksotiske, tidvis skremmande eller berre forskjellige

andre. Forskjellane mellom vi og dei andre som representerer mangfaldet vert framheva og brukta i skapinga av normalitet. Kva som vert rekna som farleg, framand, annleis, trygt, nært eller vanleg, varierer sjølv sagt frå menneske til menneske, men nokre kategoriar dukka oftare opp enn andre når informantane snakka om mangfald. Desse kategoriane er rusbrukarar, folk i andre livsfasar eller frå andre sosiale lag enn dei sjølve og etniske minoritetar. Sjølv om mangfaldet representerer dei andre, vert det oppfatta som eit positivt element i oppveksten til barn.

Å seie at noko vert forstått som ei kulisse når det er snakk om sosialt liv, kan verke negativt. Det gir assosiasjonar til å vere noko som er fortreng til bakgrunnen, noko som ikkje vert teke på alvor. Eg ser derfor grunn til å presisere at å handtere mangfald som ei kulisse ikkje treng å tolkast som ei negativ handling. Det kan også handle om å anerkjenne andre sin rett til å vere ein del av ein plass.

Oppdragande erfaringar: narkomane, fyllikar, pensjonistar og innvandrarar

Ein måte å konstruere mangfald som kulisse på, er å framheve at ”vi er like” medan dei andre som utgjer mangfaldet er forskjellige. Nokre kategoriar av menneske merka seg ut som typiske representantar for mangfald, og det var visse grupper av rusbrukarar, menneske som er synleg rusa utandørs, det var folk i alle aldrar, ofta representert ved studentar eller pensjonistar og folk med annan etnisk bakgrunn enn norsk.

Gry og Gunnar har to barn og bur i eit gammalt trehus i ei idyllisk gate. I luftlinje bur denne familien 100 meter frå eit hus der dei kjenner til at narkomane har døydd av overdosar. Avstanden vert opplevd som lang fordi det skjedde i ei anna gate, og fordi menneska med rusproblem sjeldan oppheld seg i deira gate. Foreldra hadde gløymt å forklare den eldste guten om at narkotikasprøyter var farlege, men ein dag kom han heim og hadde blitt informert om det av andre barn. Dette sette foreldra pris på, fordi dei meiner at barna må kunne takle slike ting. Gry og Gunnar har litt ulik innstilling til byens farar. Gry er skeptisk, og kommenterer at det nok skjer fleire meir skumle ting enn ho veit om og at ho ikkje likar utviklinga i strøket med fleire rusbrukarar og overdosedødsfall i nærleiken. Gunnar er meir entusiastisk i forhold til ”dei andre” og potensielt farlege.

GUNNAR: Eg trur det er viktig å la ungane venne seg til fulle menn og negrar, ikkje minst. I ein forstad kan du sannsynligvis bu ganske lenge utan å sjå ein narkoman, ein fullemann, og sannsynlegvis utan å sjå ein pensjonist også. Og negrar er det vel ikkje oppi der. Og før eller sidan blir ditt første møte med byen ein laurdag kveld, du er 14 år, saman med åtte kameratar, du har lurt deg til å ta bussen til byen og så endar du på

Med barn i byen

busstasjonen. Og eg trur jo slett ikkje dette er ein betre måte å introdusere ungane til, ikkje byens farar, men til samfunnets farar.

GRY: Det er eg heilt einig i. Dei blir vant i byen og dei blir kjent i byen. Jenta vår som er 9 1/2 er veldig kjent i byen.

GUNNAR: Og trygg.

GRY: Ja trygg, ho er jo guide når besteforeldra er på besøk, skal vise dei og veit: så kan vi ta ein snarveg der! Så ho er veldig kjent i byen.

GUNNAR: Ja, men ikkje bare trygg på den måten, men også trygg i tydinga naturleg skeptisk: veit kva som er lov og kva som ikkje er lov. Det trur eg er viktig, å få det inn med morsmølka, heller enn å dumpe opp i det.

Gunnar inkluderer her menneske som ofte vert oppfatta som skremmande eller farlege for barn, som narkomane og fylikar, som positive element i oppvekstmiljø. Han ser for seg at barna i nokre av forstadene utanfor sentrum lever eit beskytta liv på plassar som er dominerte av vellukka etnisk norske menneske i ein viss alder. Barna vert slik avstengt frå farane i byen og samfunnet. Hans eigne barn vil få desse farane inn med morsmelka og dermed vere betre førebudde på å takle dei. Bruken av den biologiske metaforen *morsmelka* understrekar at samfunnets farar er noko barna bør ha eit naturleg forhold til, at det er sunt for dei og at dei vil ha ein fordel framfor barn som ikkje får dette. Å skape trygge barn handlar her meir om å lære barna til å takle potensielle farar, heller enn å skjerme dei for potensielle farar.

GUNNAR: No snakkar vi om farar og OBS-skilt og Pass deg! og sånne ting. Men baksida av dei orda er jo toleranse og spennvidde og forskjellar blant folk. Det å vere vant med å omgås forskjellige menneske, pensjonistar, og negrar og innflyttarar og pusekattar, og skodespelarar og rørleggarar og sånne som faktisk gjer eit skikkeleg arbeid. Toleranse for slike menneske, trur eg, er vel så viktig som akkurat det der med å vere på vakt og vere trygg.

Tryggleik, toleranse for forskjell og takling av sosialt og kulturelt mangfald vert her sett opp mot kvarandre som verdiar foreldre må balansere mellom. Å skape trygge barn handlar her om å lære barna å takle potensielle farar, vite kva som er lov og ikkje lov, kjenne til verda på godt og vondt, heller enn å skjerme dei for farane. Omsorg for barn handlar om tryggleik, men også om å lære barna å takle nye og uvante situasjoner.

Gunnar plukkar fram ulike typar av menneske som han meiner at barna treng å venne seg til. Gunnar spesifiserer kven han definerer som andre, som kontrastar til seg sjølv og sin eigen familie. Desse andre ønskjer han at barna skal lære seg å handtere. Han kategoriserer sin eigen familie som ein toinntektsfamilie med god utdanning og inntekt, og forstår seg sjølv som akademikar. I forhold til nabane i gata har han og kona lengre utdanning og sannsynlegvis meir pengar å rutte med. Han omtalar handverkarar som ”sånne som faktisk

gjer et skikkelig arbeid”, sannsynlegvis i opposisjon til sitt eige arbeid som akademikar. Han spesifiserer eit mangfald basert på alder (pensjonistar), etnisitet (negrar, eit ord han bruker trass i at han sannsynlegvis veit at det er ein omdiskutert karakteristikk), pusekattar (vellukka folk), kunstnarar (som ofte har lite pengar og vert tilskrivne ein utradisjonell livsstil). Det er denne samansetjinga av folk som lagar det spennet han er oppteken av. Både det kulturelle og sosiale mangfaldet vert ein viktig verdi knytt til å bu i sentrum med barn. Han meiner at møter med forskjellige folk tilfører barna erfaringar som dei vil trenge seinare i livet. Verdien av desse erfaringane overskuggar, slik han ser det, redselen for byens, eller samfunnets farar.

Gunnar brukar orda ”forskellar mellom folk” som honnørord på linje med toleranse og spennvidde. Han er derfor redd for dei moglege konsekvensane av endringane i bustadmiljøet deira. Frå han og Guri flytta inn i gata for 15 år sidan og til i dag har det skjedd store utskiftingar blant bebruarane. Gata har vorte stadig meir attraktiv, delvis som eit resultat av at eit romsleg gatetun vart opparbeida der midt på 1990-talet. Nabolaget har samtidig vorte stadig mindre sosialt differensiert. Slike endringar er typiske for utviklinga i gentrifiserte nabolag. Dersom endringa av eit område frå arbeidarklassepreg til middelklassepreg er suksessfull, vil kjeldene til kontrast, som middelklassen såg på som attraktiv då dei flytta dit, verte mindre. Noko av det tiltrekkjande ved bustadmiljøet går slik tapt gjennom endringsprosessen.

Gunnar uttrykkjer ein nostalgi over det tapte sosiale mangfaldet i lokalmiljøet.⁶⁴ Faktisk meiner han at slike erfaringar er såpass viktige for barna at han gir seg til å lengte etter alkoholikaren og det psykiatriske tilfelle som tidlegare var ein del av gatebildet rundt huset. ”For ungane så er det utroleg viktig å vere klar over at eit sånt sprøtt menneske finst”. Han er såpass opptekne av forskellar som eit gode at han fryktar ei utvikling der strøket vert for vellukka. Samtidig var det tydeleg i førre kapittel at Gunnar hadde svært spesifikke ønskjer og krav til naboane sine og meiningar om korleis naboane burde oppføre seg, dei burde vere engasjerte i nærmiljøet og opne for kontakt med naboane.

Sosiologen Zygmunt Bauman hevdar at moderne menneske har innbyrdes motstridande ønskjer om å skape trygge og spennande omgjevnader.

Hvis bare storbyen kunne renses for dette mangfoldet, som er altfor rikt og omfattende til at en kan assimileres og føle seg trygg der, samtidig som storbylivet beholdt nok mangfold til å være like spennende og opplevelsesrikt som det var – slik at det kunne

⁶⁴ Geografen Tim Butler siterer ein informant frå London med middelklassebakgrunn som uttrykkjer den same type nostalgi: ”Gradually people came in and turned these wrecks into very nice houses, though we have lost some characters (not all of whom I miss)” (Butler 2003: 2479).

Med barn i byen

ivareta noe av det tilværelsens krydder som vi moderne mennesker knapt ville kunne greie oss uten (Bauman 2000:196).

Ønskjer om å bu i ein by prega av mangfald kan kollidere med kravet om tryggleik. For foreldre kan desse to ønskja opplevast som særleg motstridande, då ansvaret for barn gjer at dei ønskjer å legge det offentlege rommet best mogleg til rette for barn. Tiggjarar, prostituerte, fyllikar og narkomane kan opplevast som trugande for barna deira. Dei representerer sider ved livet som mange ønskjer å skjerme barn mot. Samtidig kan ein del foreldre også ha som ideal at barna skal verte presenterte for ulike sider ved livet. Ut frå ein slik tankegang kan det framstå som ufullstendig å la barna vekse opp i eit miljø utan det sosiale mangfaldet som desse gruppene representerer.

Gunnar uroar seg for om strøket vert for vellukka: "Eg syns jo det er ein av dei skumle utviklingstrekka. Strøket blir så strigla!" Dersom nablaget rundt Gunnar vert for einsarta, liknar det på karakteristikkane han har gitt einskilde forstader. Han er derfor redd for tendensar til segregering i strøket som han bur i.

GUNNAR: Spreiing er jo berre flott. Problemet er jo viss det blir homogene grupper. Viss det blir eit kunstnarstrøk som er ei greie, eit arbeidarstrøk, eit pusekattstrøk og eit seniorsenter, då blir det eit problem. (...) Viss dei får lov til å dra i kvar si retning. Så lenge dette blir litt småkrydra rundt omkring, og det blir berre ein sånn spreidd lapskaus, så er det veldig greitt. Men hadde vi hatt eit homogent innvandrarmiljø her som definerte sine egne grenser, no skal eg vere forsiktig med å seie det, men definerte seg sjølv, så hadde vi hatt ei gruppe å forhalde oss til. Og sjølv om det er innvandrarar og masse forskjellige hudfargar her, så forheld vi oss ikkje til dei som grupper, overhodet ikkje. Det er Khalid, men vi snakkar ikkje om grupper.

GRY: Nei.

GUNNAR: Derfor er vi på individnivå, heldigvis. Og det gjer jo at vi kan forhalde oss til eit differensiert miljø, og det er jo bra!

Idealet om å møte folk som individ framfor å møte dei som representantar for grupper, kan handle om å unngå å møte andre med fordommar og stereotype oppfatningar. Men preferansen for å møte folk på individplan, kan også handle om ei frykt for kva som kan skje om "dei andre" utviklar ein sterk gruppeidentitet. Gruppetenking vert forbunde med meir opne konfliktar og interessemotsetningar. Gruppforskellar kan vere vanskelegare å tolerere enn individuelle forskellar, fordi dei kan kome til å problematisere premissane for samhandlinga (Jacobsen og Gressgård 2002). Ved å unngå sjansen for møter og redusere graden av kommunikasjon med dei andre, unngår ein å verte konfrontert med dei som er annleis. Når det som er forskjellig vert halde skild frå sine eigne kontrastar, kan det føre til at

ulike grupper innbyrdes byggjer opp ein einsarta identitet. Dermed kan ulike grupper stå fram med sine felles interesser og fremje dei i ein kamp mellom ulike grupper.

Når Gunnar nølande trekkjer fram innvandrarar som døme på grupper som ikkje bør definere grensene mot andre sjølv, kan ein tolke han som at innvandrarar i nabolaget er greitt så lange dei ikkje forstyrrar dominansen til det etnisk norske. Ei tolking kan derfor vere at innvandrarane vert inkluderte i eit mangfald Gunnar ønskjer å vere del av, men dei vert aksepterte berre som kulisser. Metaforen om bustadmiljøet som krydder gir slike assosiasjonar. Men metaforen om nabolaget som ein lapskaus, som Gunnar også bruker, peikar i ei anna retning. Lapskausmetaforen inneber ein heilskap basert på forskjellige element som i større grad er likeverdige samtidig som dei heng saman. Hans preferanse for å møte folk på individplan kan slik også handle om å møte dei som konkrete individ og ta dei på alvor. Dette kan også potensielt innebere å ta på alvor dei preferansane individet deler med ei gruppe som individet sjølv ikkje assosierer seg med. Eit differensiert miljø er ein miks av forskjellige folk heller enn at folk klumper seg saman med likesinna og dannar homogene plassar.

Sosialantropologen Thomas Hylland Eriksen samanliknar fruktkompotten og fruktsalaten som symbol på samfunnet, og stiller spørsmålet om kva type samfunn som reduserer identifiseringsmangfaldet mest (2004:113-114). Salaten er det multikulturelle samfunnet der ingrediensane er åtskilde og der forskellar vert respekterte, i alle fall på papiret. Kompotten er det hybride samfunnet der alt vert blanda med alt, og der det er umogleg å avgrense komponentane frå kvarandre. Hylland Eriksen peikar på at salaten skapar tydeleg avgrensa kategoriar der ein kan gå ut frå at dei som er innanfor same kategori, er like på mange viktige område. Denne tankegangen kan setje grenser for individet. I det hybride samfunnet, der individet i teorien er fri til å velje alle sine identifiseringar, kan høvet til å velje verte redusert fordi alle vel innanfor den same overordna ramma. Lapskausen kan oppfattast som ein metafor som plasserer seg mellom salaten og kompotten, kanskje næraast kompotten; ingrediensane heng saman, men kan også identifiserast. Lapskausen er slik ein metafor for eit fellesskap basert på glidande og uklare overgangar mellom ulike individ. Salman Rushdie hevdar i eit essay om si eiga bok, *Sataniske vers*, at ”Blanding, lapskaus, litt hummer og kanari, det er slik det nye kommer inn i verden. Dette er den store muligheten som massemigrasjon gir verden, og jeg har forsøkt å omfavne den” (Rushdie i Eriksen 2004:127).

Det er slåande kor framgangsrike metaforar om forskellar har vore dei siste åra. Den canadiske geografen David Ley fann liknande idear om mangfald som eit gode for miljøet

Med barn i byen

rundt barn, som Gunnar og mange av informantane mine representerer, i sin studie frå gentrifiserte sentrumsområde i canadiske byar. Mange av sentrumsbuarane der framhevar sosialt mangfald som sunt for utviklinga av barn som samfunnsborgarar sett i forhold til diskriminering og respekt for andre.⁶⁵ Denne varianten av mangfaldstenkinga rundt barna verkar meir idealistisk enn den meir marknadstilpassa tanken om at barn skal lære seg å takle mangfald. Her skal dei også utvikle bestemte antidiskriminerande normer. Som mange av dei som eg intervjuar, hadde sentrumsbuarane i canadiske byar ein generell tendens til å trekke fram dette poenget i kontrast til korleis barn har det i forstadar (Ley 1996: 208). Forstaden vert halde fram som ein getto der barn berre treff andre barn med make bakgrunn. Det like vert til det einsretta og negative, og i denne samanhengen får mangfald ein høgare verdi enn likskap. Gunnar som er entusiastisk overfor det forskjellige, er også klar over at noko av det han set pris på med nærmiljøet er eit fellesskap basert på ei form for likskap med naboaene. Han opplever at han har eit tett og godt forhold til dei nærmeste naboaene sine, og dette knyt han til likskap forstått som det make: ”når vi seier at vi er harmoniske, så er det fordi vi er ei ekstremt homogen gruppe”.

GRY: Vi er like i alder, vi har ungar på same alder som går i same skule, vi gjer alt...

GUNNAR: Jada, dansar rundt i same trim, alle saman.

GRY: Det er jo forskjellig bakgrunn, folk har jo forskjellig utdanning.

GUNNAR: Nei.

GRY: Jo, det er no ganske mykje forskjellig.

GUNNAR: Det er veldig små krusingar. Vi snakkar om høgt utdanna, høgt løna akademiske menneske.

GRY: Det er jo litt forskjellig, du har jo nokon som ikkje er høgt utdanna, så har du nokon som ikkje er utdanna i heile tatt. (...). Så har du håndverkerar og kunstnarar og sjukepleiarar, det er jo eigentlig litt forskjellig.

GUNNAR: Dei er ikkje så godt utdanna, men dei er litt pusete då.

GRY: Vi er veldig like likevel.

Gry og Gunnar gir her inntrykk av at dei lever veldig likt som naboaene sine, dei er i same livsfase og har ei make organisering av kvardagen. Gry nyanserer det like ved å peike på at utdanningsnivået varierer og at folk derfor er forskjellige. Men samtidig som utdanningsnivå vert sett fram som noko som potensielt skil folk frå kvarandre, meiner både Gry og Gunnar at folk i nabolaget deira er ”veldig like likevel”. Det like handlar om å vere ressursrike, anten økonomisk eller kulturelt. Dei like er dei naboaene dei har mest kontakt med, dei som treff i det daglege.

⁶⁵ Ein av informantane hans seier det slik: ”This area is fairly multicultural... I think that's good, that exposure to the kids. It's a complete head start. I think children who are brought up in connection to other cultures, other races, will not have to learn about human rights and non-discrimination ”(sitet i Ley 1996:208).

Det er ei innebygd motsetning mellom dei ønskja Gunnar framfører. Han set stor pris på likskapane naboane i hans gate deler, samtidig som han ønskjer å halde på mangfaldet som gjer bylivet spennande. Det mangfaldet som Gunnar dreg fram, er skapt i kontrast til kven han sjølv og familien er. Det er eit mangfald som vert plassert på avstand frå dei nære fellesskapa han og familien inngår i. Mangfaldet er ei fargerik, spennande og pedagogisk nyttig kulisse rundt oppveksten til barna.

Narkomane som symbol på mangfold og toleranse

Narkomane vert gitt ei særskild tyding i forståinga av mangfold rundt oppveksten til barna av mange av informantane mine. Det er ein viss type narkomane foreldra siktar til i denne samanhengen, og det er narkomane som har ein utsjånad eller ei åtferd i det offentlege rom som gjer at dei vert karakterisert som narkomane. Dei fleste foreldra hadde fortalt barna at dei må vere forsiktige med sprøyter. Det er ”ein naturleg del av oppveksten i byen”, ifølgje ei mor og å få kjennskap til at aspekt ved livet foreldra ønskte å halde barna unna, vart karakterisert som sunt. Mange foreldre brukte ord som assosierer til det naturlege då dei snakka om narkomane. Foreldra verka avslappa i forhold til rusbrukarar som i ein del tilfelle har tilhald svært nær husværet til familien eller dei uteområda barna bruker. I Bergen har narkomane fleire samlingsplassar i parkar nær sentrum. Her føregår openlys bruk, kjøp og sal av narkotika. Slike parkar er også populære tilhaldsstader for barna i området. Mange av familiene som eg intervjuar bur i området der sprøytenarkomane ferdast dagleg. Nokre av barna til dei eg intervjuar deler altså uteområdet sitt med narkomane. For barna er sprøyter noko dei må passe seg for, men ikkje noko dei vert svært engstelige over å oppdage. Foreldra verka avslappa til dette og syntest at besøkjande frå andre kantar av byen eller utanbys frå verka hysterisk redde for narkomane og sprøyter.

HILDE: Opplever de å få kommentarar på det å bu i byen?

INGER: Å, ja.

IVAR: Ja.

INGER: Heilt ekstremt.

IVAR: Spesielt her, så nær rusmisbrukarane.

INGER: Nei, uansett. Eg hugsar vi budde i den andre leilegheita så kom det ei dame forbi med barnevogn, då såg ho på mine ungar og sa ”Bur du her med barn?” Ho var så interessert og hyggeleg, ho syntes så synd på meg. Det er ofte eg får kommentarar som ”Å, kan du bu i byen med barn!”. Men ho var liksom så oppriktig sjokkert. ”Eg bur i rekkehøus i ein forstad og der er det så trygt og bra for barn. Men har du ingen annan mulegheit?”. Eg hugsar at eg var så sint at eg kunne ha skrike til henne. Du må heile tida forsvare. Det er jo politisk ukorrekt i Noreg å bu i by med barn.

IVAR: Det var i alle fall.

INGER: Det var. Jo, eg vil seie framleis, at du heile tida må forsvare vala. Det er ingen som spør kvifor folk kan finne på å busetje seg sånn inni skogen med barn eller nede ved sjøen med barn. Vi har venner som bur i sjøkanten med barn, ingen som spør dei. Og det provoserer meg, eg blir aggressiv av å snakke om det.

Ivar og Inger er provoserte over at andre oppfattar deira bustadmiljø som farlegare enn andre typar bustadmiljø. Dei meiner at det kan vere like farleg å bu i skogen eller nær vannkanten som å bu nær rusmisbrukarar. Indirekte seier dei at kulturelle fordommar, heller enn reelle farar pregar folk sitt syn på eit godt oppvekstmiljø for barn. Ivar viser til at det har skjedd endringar i synet på den gode norske barndommen, at byliv for barn er meir legitimt enn før. Men sjølv om det har skjedd endringar på dette feltet, opplever Inger stadig at ho må forsvare valet sitt om å bu sentralt i byen med barn. Nettopp forsvaret for byliv med barn gjer at potensielt negative element vert omforma til positive element ved byen. Utsegnene til dette foreldreparet er ganske typiske:

HILDE: Har de fått andre kommentarar på det å bu i byen?

MONA: Ja.

MADS: Ja, sånn ”At de vil bu i byen!” Kva er det som er i vegen med det då? ”Det er så skittent og tenk på alle dei narkomane”. Vi har jo dei narkomane i nærlieken.

MONA: Stakkars barn, tenker dei.

MADS: Vi ser jo dei narkomane til dagleg. Det er ikkje noko farleg med dei. Enkelte helsar du på, kjenner dei igjen. Dei oppfører seg heilt sånn eksemplarisk overfor oss då.

MONA: (...) Dei kjem kanskje forbi i gatene, desse narkomane og, ”Å Gud, hva sier barna dine når de ser sånt?”. ”Hva synes dere om det?” Og det har vi mange gongar forsvert, med at, og da har i alle fall eg kommentert, eg veit ikkje kva du har gjort når folk har spurt, men at eg synest at det verkar preventivt på våre barn. At dei får sjå dei narkomane, det miljøet. Dei kan kome med kommentarar alt når dei er små. Mona kom med ”Sånn vil ikkje eg bli! Kvifor har dei ikkje arbeid? Kor får dei pengar frå?” Så dei får ei tankeverd. Andre barn som kjem utanfrå, som tar bussen inn til byen, foreldra er kjemperedde for dei, tenker på (at) dei vert så redde. Våre barn vert ikkje redde, dei berre går på andre sida av fortauet, det er kvardagen.

Foreldra gav inntrykk av at folk som kom på besøk var mykje meir engstelege for dei narkomane og sprøytena enn dei sjølve var. For nokre foreldre gjekk dei narkomane inn i eit pedagogisk prosjekt der barna vart skremde frå å bruke narkotika. Ved å leggje vekt på at narkomane er ein naturleg del av kvardagen, vert dei inkluderte som ein del av bylivet foreldra meiner at dei ikkje kan gjere noko for å flytte vekk eller endre.

Jens seier klart frå om at han ikkje er så glad i narkomane. Han hadde helst sett at han slapp å ha noko med dei å gjere. Men når dei først er til stades i nærmiljøet, går det greitt. Han engstar seg ikkje over at barna kan verte stukne av sprøyter:

JENS: Dei (barna) finn sprøytespissar, markerer dei, men rører dei ikkje. Det har kanskje skjedd ein gang i 10- året at nokon har stukke seg på dei. Men eg lar dei aldri leike i ein lauvhaug i parken. Reint bortsett frå det, så er det veldig overdrive faremoment, det med sprøytespissane. Har aldri opplevd ekte problem med det. Eg trur kanskje at oppveksten i byen ..., du blir ikkje så redd for alt mogleg. Tilpassa seg eit liv ute på landsbygda, det kan byungar lett gjere. Innimellom, for meg, kan byen verke litt skremmande, så eg trur dei kjem godt i gang på den måten. Ting er ikkje så skummelt, dei har sett litt forskjellig.

Jens gjer her dei same koplingane som Gunar, at barna vert utsette for noko potensielt skummelt, som dei lærer seg å takle og som kan vise seg å vere nyttige erfaringar seinare i livet. Kjennskapen til narkomane vert også i dette tilfelle eit pedagogisk prosjekt, men i tillegg også ein kompetanse som gjer bybarna betre utrusta enn bygdebarna til å takle livet på godt og vondt. Han framstiller det her som at bybarna dermed får eit fortrinn over barna på landsbygda, som ikkje får del i erfaringar som dette. Narkomane er for Jens ikkje ein ønska eller ettertrakta del av nærmiljøet, men når dei først er der, er det viktig for han å avdramatisere dei som ein trussel i forhold til barna og å lære barna til å hanskast med sprøytespissane.

Narkomane vert forstått som potensielle farar særskild knytt til bylivet som barna må lære seg å takle. Mange foreldre var opptekne av at narkomane ikkje representerer ei reell fare for barna. Nokre legg vekt på at narkomane er som andre folk. Trond og Turid var blant dei få av informantane som i lita grad framheva idear om mangfald, samtidig som dei såg på andre menneske som grunnleggjande like seg sjølve. Trond og Turid let barna gå fritt utandørs, med unntak av at barna ikkje fekk opphalde seg på samlingsplassane til narkomane.

TURID: Dei har ikkje lov å gå der som dei narkomane står. Dei samlar seg jo berre på ein plass.

TROND: Vi har gått gjennom der og vist dei kor det er

TURID: Ja vi går gjennom der av og til, så dei har forståing for det, så der går dei aldri.

HILDE: Har de forklart dei kva ein narkoman er?

TURID: Ja. Så godt som det let seg gjere for små barn og dei har forståing for at dei ikkje skal røre sprøyter. (...) Det er heilt naturleg for dei at det finst narkomane.

HILDE: De vil jo ikkje at dei skal gå der som dei narkomane er, men er de engstelege for at noko skal skje med barna på grunn av dei narkomane utover det?

TURID: Nei. For det er jo normale menneske. (...)

TROND: Dei fleste narkomane er stort sett greie, eg kunne aldri tenke meg at dei hadde gjort eit lite barn noko. Det finst sjølv sagt unntak, men det gjer det med vanlege menneske også. Når eg seier vanlege menneske, så meiner eg ikkje at narkomane er unormale då, men det er enkelte individ som skil seg ut uansett.

Med barn i byen

Når Turid og Trond her framhevar at dei fleste narkomane er normale, greie, vanlege folk kan dette kome av hans tendens til å framheve det like og felles som ein verdi. Dei snakka la vekt på det normale og vanlege som det positive. Det kan også handle om at han har kjennskap til kameratar som har vorte narkomane i sin eigen omgangskrets.

Også ein far som sjølv hadde vorte overfalte av narkomane, og som hadde stukke seg på ein sprøytespiss under ein foreldreaksjon for å reinske parken for sprøyter, meinte at narkomane ikkje representerte nokon reell fare overfor barna. Han sa at narkomane ikkje har interesse av å skade barn – det er pengar dei er ute etter. Rusbrukarane vert ikkje opplevd som ein reell fare for barna fordi dei lever åtskilde liv trass i den fysiske nærleiken. Narkomane vert slik berre menneske som finst i bakgrunnen i livet til barna sjølv om dei er ein synleg del av kvardagen deira.

Foreldra driv ikkje aktivt arbeid for å fjerne narkomane frå uteområda. Det verkar som at dei aksepterer dei, så lenge dei held seg i bakgrunnen. Bruken av ord som referer til det naturlege og sunne er interessant i denne samanhengen. Det vert gjort til noko naturleg for barn at det finst narkomane. Denne metaforen gjer at dei narkomane vert forstått som ein del av omgjevnadene som verken foreldre eller barn kan gjere noko med. Dei finst og det må ein ta omsyn til. Narkomane kan gå over frå å vere symbol på mangfold til å verte ein sjølvsagt del av omgjevnadene. Dei vert oppfatta som alt frå uønskte, men nyttige pedagogisk sett, som nokon ein aksepterer fordi alle menneske har krav på respekt eller som vanlege folk. Desse ulike måtane å omtale dei andre som utgjer mangfaldet på, vart også uttrykt når foreldra snakka om etniske minoritetar. Foreldra hadde eit felles ønskje om å vere inkluderande og tolerante samtidig som dei snakka med svært ulik grad av nærleik og distanse når dei omtalte menneske som dei oppfatta som forskjellige frå dei sjølve.

Overlegen toleranse

Velmeinande retorikk om toleranse og inklusjon av ulike typar av minoritetar eller eksotiserte andre kan basere seg på undertrykking av dei tolererte. Gjennom sin analyse av ideologien om den multikulturelle og kosmopolitiske byen Sydney argumenterer sosiologen Ghassan Hage for at aksepterande toleranse aldri er ein passiv toleranse, fordi toleranse i praksis handlar om grenser (Hage 1998). Ved å stille seg sjølv opp som den som kan definere og godta andre, vert toleranse til ei aktiv haldning eller handling. Slik kan majoriteten setje seg i ein overlegen posisjon.

Enduring is coping with something over which one has no control. Tolerance, contrary to this, always presupposes a control over what is tolerated. That is, tolerance presupposes that the object of tolerance is just that: an object of the will of the tolerator (Hage 1998:89).

Som fleire andre forskrar som har studert minoritetar, peikar Hage på makta som ligg i å vere den som tolererer andre, den som kan definere kva som kan tolererast. Antropologen Marianne Gullestad løftar fram dei same resonnementa i sine analysar av retorikkane om innvandringsspørsmål til den norske eliten (Gullestad 2002). Ho viser korleis majoriteten sitt syn på seg sjølv som det normale, gjer at innvandrarane vert omtalte i passiv form som nokon som skal integrerast i vår kultur og våre lover (Gullestad 2002:68). Sosiologen Randi Gressgård peikar på dei same mekanismane i avhandlinga si om integrering og i ein analyse av den siste stortingsmeldinga om integrering (Gressgård 2005). Ho presiserer at premissane dei andre skal godtakast innanfor er definert einsidig av majoriteten.

Å leve i eit mangfaldig miljø vert ikkje berre knytt til eit ideal om å vere i stand til å takle og tolerere andre. Det kan også handle om nyting, om entusiasme i møte med det forskjellige og uventa. Sosiologen Mike Featherstone peikar på den vedvarande fascinasjonen borgarskapet har hatt for den konstruerte eksotiske andre (Featherstone 1991:82). Nær været av dei farlege og ubehagelege andre kan appellere til eit ønskje om å kjenne til alternativa til eigne velordna liv.

In effect to construct an identity, to know who you are, you need to know who you are not, and the material excluded or confined to the boundaries may continue to exhibit a fascination and allure, and to stimulate desires (Featherstone 1991:82).

Featherstone knyt fascinasjonen for det kontrollerte ukontrollerte til hendingar som karneval og marknader og visse former for turisme, som villmarksturar og storbyliv, som besøk i slum og farlege bydelar. Den du ikkje ønskjer å vere kan likevel vere tiltrekkskande og spennande. Det kan derfor følgje ei viss nyting med å ha fysisk nærleik til det og dei ein ønskjer å halde på avstand sosialt. Det andre som er ekskludert frå identitetsdanninga, kan verte eit objekt for begjær, lengt og nostalgi (Featherstone 1991:79-81).

If the experience of these sites were not acknowledged, if the structures of the civilizing process were too strong, then these was the possibility that this danger zone *outside* of consciousness would become one *inside*, in the subconscious fed by the struggle to exclude it (Featherstone 1991:81).

Ei legitim oppleving av det ekskluderte vert å estetisere det, nyte det på avstand. Det vert då viktig å utvikle reiskap til å forbruke det utan å verte ein del av det. Det kan verte eit

Med barn i byen

pedagogisk prosjekt å lære å setje pris på det andre for å nyte det (Featherstone 1991:80). Dei som har kontroll ønskjer å kunne ha eit ”tourist gaze”, nyte mangfaldet på trygg avstand. Å verdsetje det eksotiske kan også vere ein måte å distansere seg sjølv frå andre grupper på. Gjennom prosessen der ein forbruker andre, kan ein representera dei innan sitt eige rammeverk og slik kontrollere og inkorporere forskjellar på ein måte som får individet til å kjenne seg trygg (Valentine 1999:57, hooks 1992:31).

Geografen Tim Butler hevdar at middelklasseinnbyggjarar i sentrum av London formar ein metropolitisk habitus der verdiar som mangfold, sosial inklusjon og sosial integrasjon er viktige element i narrativet om bustadmiljøet, men der sosial eksklusivitet er praksisen (Butler 2003:2471). Han fann at middelklassehushalda var individualiserte og privatiserte, og at dei brukte få personlege ressursar på lokalsamfunnet.

Respondent associated almost exclusively with ”people like us” and much of their time is devoted to the needs of the immediate household. Their children associated almost exclusively with other middle-class children and many of their own friends went back to school and university days (Butler 2003: 2483).

Butler meiner at kombinasjonen av haldningar og praksistar der inklusjon er idealet og eksklusjon er praksisen, er delvis konstitutiv for den metropolitiske habitusen. Ein verdset verdien av dei andre, men vel å ikkje vere saman med dei. ”They are, as it were, much valued as a kind of social wallpaper, but no more” (Butler 2003:2484). Butler trekk her fram prosessar som er gjenjennelege i det kjeldemateriale eg bygger på, og som eg har analysert som mangfold som kulisse. Eg meiner samtidig det er viktig å streke under at å tolerere andre i bakgrunnen også er ein måte godta andre på.

Geografen Jon May viser også til ein slik metropolitisk habitus gjennom sine studiar frå bydelen Islington i London (May 1996). Informantane hans hevda at dei likte å bu der fordi dei lærer så mykje av dei andre beburane, som dei oppfatta som forskjellige frå dei sjølve. Han tolkar informantane som at dei likar den estetiserte forskjellen, - dei ser på folk og likar mangfaldet dei ser. May argumenterer for at dei likar mangfaldet som ein idyllisk scene som gir dei som ser på, kjensla av kulturell kapital – ”a sense of their own self worth in being able to appreciate difference” (May 1996:208). Slik sett vert mangfaldet noko ein gjer til eit objekt utan å ta på alvor. Mangfaldet er noko utfordrande, nokon ein må tolerere. Men mangfaldet kan faktisk i tillegg vere noko eller nokon ein ønskjer å lære av eller ta på alvor som subjekt. Til forskjell frå May finn eg også døme i materiale mitt på at informantane klassifiserer seg sjølve som ein del av mangfaldet i byen. Dette representerer ein annan måte å tenke om mangfold på.

Mangfald som reiskap for individualitet

Dei neste døma viser korleis foreldra kunne definere mangfald som eit *vi*. Utvalet av forskjellar som utgjer *vi* er smalare og tryggare enn forskjellane som utgjorde mangfald som kulisse. Mangfald vert i denne samanhengen definert som eit fellesskap av menneske som verdset individualitet og forskjellar som ein ressurs, slik eg viste døme på i byrjinga av dette kapittelet. Eg vil no analysere to par som representerer delvis like og delvis forskjellige ideal for korleis individualiteten skal utformast og kva mangfaldet skal brukast til. Begge para var opptekne av kompetansen mangfald kan gi barna deira, til å utvikle invididualitet. Men medan det eine paret legg mest vekt på å skape kompetente og tilpassingsdyktige barn, var det andre paret mest opptekne av å skape tolerante og fordomsfrie barn. Denne forskjellen i måten å tenke om mangfald på, som eg finn i materialet mitt, kan også knytast til ulike målsetjingar for korleis barn skal verte på eit nasjonalt nivå. Den canadiske geografen Katharyne Michell identifiserer to ulike utformingar av multikulturalisme i dei nasjonale utdanningssystema i Vest-Europa og Nord-Amerika som samsvarar med ulike forståingar av mangfald i det kjeldemateriale eg byggjer på. Michell peikar på eit skilje mellom ei utdanning med mål om å skape tolerante, multikulturelle individ, "multicultural selves", og ei utdanning orientert mot å skape individualiserte, mobile og kompetente individ, "strategic cosmopolitans" (Mitchell 2003:387). Ho meiner at det "multikulturelle sjølv" har vorte erstatta av den "strategiske kosmopolitten" som eit ideal for korleis barna bør dannast. Det multikulturelle sjølv skulle kunne samarbeide på tvers av forskjellar og tru på fordelane ved mangfald. Den strategiske kosmopolitten er i kontrast ikkje motivert av ideal om mangfald, men av kjennskap til at det er viktig å tilpasse seg individuelt til skiftande personlege og nasjonale kontekstar. Kjennskap til mangfald vert slik eit konkurransefortrinn. Dei følgjande døma gir døme på desse tankemåtane.

Den kosmopolitiske byen og den sneversynte forstaden

Vera og Viggo bur med dei tre barna sine nær sentrum av Bergen i eit gammalt trehus dei har pussa opp. Vera har tilknyting til dette strøket frå barndommen av. Viggo vaks opp i ein by i eit anna europeisk land og flytta til Noreg i vaksen alder. Paret budde i ein forstad utanfor Bergen sentrum då barna deira var små. Under intervjuet hadde dei budd i sentrum i fem år. Når dei skal fortelje om kva dei set pris på med sentrum, bruker dei forstaden dei budde i som kontrast. Dei framstiller livet der som eintydig negativt og sentrum som overvegande positivt

Med barn i byen

og knyt bestemte eigenskapar til bebuarane i sentrum versus i forstaden. Slik er dei med på å skape plassmytar om sentrum og forstaden, med basis i eigne opplevingar. Dei karakteriserer sentrum som meir fargerikt, med meir aksept for ting, at folk er meir kosmopolitiske, at det er meir forskjellig kultur sett i forhold til forstaden. Som døme på dette trekk dei fram eit internasjonalt senter i byen der barna kan gå for å danse og spele trommer. I kontrast til dette trekk dei fram ei rekke negative trekk med å bu i forstaden, knytt til naboane i blokka dei budde i.

VERA: Dei var veldig sneversynte i forhold til det som vi opplever med menneske i dag, dei som vi pleier omgang med. Og dei var jo utanfor byen, litt sånn forutinntatt, andre haldningar rett og slett. (...). Her har du eit vidare aspekt, meir spenning. (...)

VIGGO: Enn ute i forstaden, blokker og sånn.

VERA: Ja, dei reiste til Syden, same plass.

VIGGO: Same Syden, same plass, saman på englandstur til Newcastle, det er ikkje langt ut frå Noreg (...).

VERA: Det blir ein helt anna type kommunikasjon her, enn vi hadde der.

VIGGO: Ja.

VERA: Der er mykje meir ferdig, her er det aktivt, det er mye meir pågåande, dei er meir interessante, dei følgjer meir med, dei er opne for nye ting og så er det jo veldig masse tilbod dei har her. Vi har så mange spennande element her, så det blir veldig annleis.

HILDE: Kan du gi eksempel på det?

VERA: Det er sånn som eg seier, at der var det sånn at alle...

VIGGO: Charter.

VERA: Alle saman, på same turen, så var det veldig sånn party, kva er det heiter?

VIGGO: Tupperware.

VERA: Tupperware partys, og der går alle. Eg fekk stadig vekk invitasjonar, eg syns nesten det var pinleg å avslå. Eg huskar dei var på party, kor alle kjøpte make keramikk til huset. Alle kjøpte det same. Her er det meir sånn at man stoler på seg sjølv. (...) Men der var det meir sånn at ein måtte gjere det same som naboen for å verte likt. Slik er det ikkje her i sentrum, eg føler at eg står for den eg er. Eg vert likt for den eg er, men ikkje for kva eg går i, kva eg kjøper og ikkje for utdanning og bakgrunn heller, ein blir veldig opent tatt i mot. Det er på ein heilt annan måte enn vi opplevde då vi budde i forstaden.

VIGGO: Mmm.

VERA: Veldig stor forskjell, eg må seie at når eg treff dei no, har eg nesten ikkje lyst å snakke med dei eingang.

Viggo og Vera er svært samkøyrd i si tolking av sentrum og forstaden, dei nikkar, avbryt og stadfestar kvarandre sine utsegner med små ord. Dei ferdig formulerte og gjennomsnakka tolkingane deira av kva dei ikkje likte ved drabantbyen, gir også truverde til at dei la vekt på bustadmiljøet då dei bestemte seg for å flytte frå forstaden og til sentrum. Det er fremst sosiale og kulturelle trekk ved forstaden dei opplevde som negativt. Dei konstruerer forstaden

som ein plass for stabile og lukka individ, som dei tek avstand frå, medan folk i sentrum vert omtalte som opne, spennande og tiltrekkjande.

Vera og Viggo tek avstand frå dei estetiske standardane som dominerte i nabolaget i forstaden. Naboane der vert framstilte som inautentiske, meir opptekne av å gli inn i fellesskapet enn å stole på seg sjølve og sin eigen smak. Å gli inn er negativt, å skilje seg ut er positivt. Det make er fråstøytande. Vera er oppteken av å stole på seg sjølv, verte likt for den ho er. Ho koplar seg slik til eit ideal om å vere autentisk og ekte. Avskyen mot å pynte heimen med make keramikk som naboane, kan botne i eit ønskje om å uttrykke sin eigen individuelle smak. Vera framhevar at i sentrum av byen vert ho likt for den ho er, ikkje for utdanning og bakgrunn, kva ho har på seg eller kjøper. Samtidig, når ho og Viggo skal forklare kva dei ikkje likte med dei gamle naboane, så er det nettopp kva naboane kjøpte og kor dei reiste som vert brukt som døme på kor sneversynte, kjedelege og lite nysgjerrige dei var.

Estetiske uttrykk og forbruk vert kopla til moral: val av pyntegenstandar og ferie fortel noko om kven ein er som person, til dømes kor interessert ein er i å overskride eit norsk fellesskap. Vera og Viggo tek ikkje berre avstand frå dei estetiske uttrykka i det gamle nabolaget, men også det einsretta fellesskapet dei meiner at nabolaget bygde på. Felleskap og kommunikasjon var basert på likskap forstått som det make, at ein likte dei same gjenstandane, drog på dei same feriane. Naboane i drabantbyen var ikkje nok opptekne av å vere individuelle og unike. Dei hadde *ferdige* oppfatningar av ting. Sentrumsbuarane derimot, vert framstilte som *opne* for nye ting, spennande og interessante.

Vera og Viggo ser knapt likskapar mellom seg sjølve og naboane i forstaden, og kjende seg ikkje heime i nabolaget rundt blokka dei budde i. Dei mangla nokon som kunne stadfeste verdiane deira. Problema dei hadde med å passe inn gjaldt dei vaksne, ikkje barna. Eg spurde derfor om dei normene som Vera og Viggo tok avstand frå, hadde innverknad også i forhold til barneoppdragning.

HILDE: Trur du at dette har noe å si i forhold til barneoppdragning?

VERA: Eg trur veldig det. Eg syns det var veldig rart, for vi budde i ei blokk der ingen hadde gode inntekter utanom mannen min, han tente veldig godt, utanom det var det arbeidarklasse. Men barna var utstyrt med dei flottaste kleda, veldig moteriktige og dyre. Og det hadde vi aldri kjøpt til våre barn, dei er alltid fine i tøyet, men ikkje sånn at det skal vere dyre merkeklaer, for eg syns ikkje det er viktig for barn i det heile tatt. Her har folk meir utdanning, dei har høgare lønning, men det er ikkje viktig her då, der var dei opptatt av det.

Med barn i byen

Dette skiljet mellom dei ytre og materielle versus indre og kjenslemessige sidene ved omsorga for barn, vert trekt fram av mange informantar. Å skaffe dyre klede og kostbart utstyr til barna vert sett i motsetning til å bry seg om indre kvalitetar. Å framheve at ein sjølv er oppteken av ytre sider ved omsorg verkar søkt sett i forhold dominerande diskursar om barneomsorg. Det er ”dei andre” som er opptekne av ytre trekk ved omsorga for barn. ”Fysiske mål, (er) ikkje viktig her i byen. Det som er viktig her er trivsel”, seier Vera. Indre kvalitetar er viktigare er fysiske mål og materielle godar.

VERA: Alle som budde i blokka gjekk på dei same aktivitetane med ungane, eg veit ikkje, dei hadde nesten eit eige språk. Vi kunne nok ha menga oss, men eg veit ikkje, altså vi snakka med dei og sånn.

VIGGO: Ja, ja, ja, ja.

VERA: Grei kommunikasjon, blei alltid invitert på ting saman med dei, men likevel, vi blei rett og slett ikkje ein del av det.

VIGGO: Nei, nei.

VERA: Vi drog på ferie og så kom vi heim, og så var det tilbake til A4 igjen, det blei veldig sånn at alle var make.

VIGGO: Ja.

VERA: Her er det sånn at ein har forskjellig bakgrunn og ein har forskjellige ambisjonar i livet, men møtast likevel på ein felles arena, alle kan snakke saman.

Mangelen på fellesskap og kommunikasjon med dei gamle nabane vert tydeleg uttrykt når Vera seier at det var mest som at nabane hadde eit eige språk. Nabane i drabantbyen vart for make kvarandre og samtidig for forskjellige frå Vera og Viggo. I sentrum av byen kjenner Vera og Viggo seg som del i eit fellesskap basert på forskjellar: folk har ulike ambisjonar i livet og forskjellig bakgrunn, men likevel møtest dei på ein felles arena. Ulike veremåtar vert sette opp mot kvarandre som eintydige kontrastar knytt til forstad og sentrum. Desse veremåtane gjer noko med kommunikasjonen mellom menneske. Kommunikasjonen i forstaden baserer seg på at menneska er like medan kommunikasjonen i sentrum er grunna i at menneska er ulike. Samtidig er det mangfoldige fellesskapet dei kjenner i byen grunna i ei kjensle av liksskap med andre som dei sakna i forstaden. Refleksjonane til Vera og Viggo syner at dei ser seg sjølve som ein del av mangfaldet i byen. Dei opplever seg som ein del av eit fellesskap der forskjell og mangfald ikkje berre er ein eigenskap som kleber ved dei andre.

Vera som ikkje vil dømmast etter kva bakgrunn ho har, bruker sjølv utdanning til å forklare forskjellane mellom nabolaget i forstaden og i byen: folk med høg utdanning og høg løn prioriterer annleis enn folk med arbeidarklassekarakter og låg løn. Utdanning vert slik brukt som ein kategori som utgjer ein forskjell mellom folk. Vera har likevel eit ambivalent forhold til å dømme folk etter slike kategoriar. Ho strekar under at menneske må vurderast

etter korleis dei er, heller enn ytre kjenneteikn. Verken Vera eller Viggo har lang utdanning sjølve, begge to har vidaregåande utdanning, men fortel at mange dei trivast saman med har det. Forskjellen i utdanning er noko Vera trekk fram som noko som skil ho og Viggo frå mange i omgangskrinsen.

VERA: Men eg vil ikkje karakterisere oss som ulike på noen måte, likevel. Vi har dei same tinga som vi slit med, i forhold til å få kvardagen til å gå rundt, og det at ein oppdreg barn då, finn på kjekke ting saman.

Likskap er altså ei viktig norm for Vera samtidig som ho har avsmak mot det som er for likt. Den positive likskapen byggjer på same livssituasjon i forhold til barn, same utfordringar og interesse for felles aktivitetar. Samtidig kan likskapen seiast å femne eit kollektiv av menneske som er opptekne av individualitet.

HILDE: Så de opplever at det bor forskjellige folk her då?

VIGGO: Ja.

VERA: Ja, du har stort mangfold, masse spennande som fascinerer deg, mange du lærer av faktisk.

VIGGO: Mm.

HILDE: Kva lærer de, for eksempel?

VERA: I forhold til barn, eg diskuterer veldig mye i forhold til barneoppdragning (...), vi kan lære masse.

HILDE: Av andre foreldre?

VERA: Av kvarandre, ja. Både av erfaringar og ting som dei har lest seg til, du kan lære ting sjølv i forhold til andre. Vil ikkje du si det?

VIGGO: Ja, ja, ja.

VERA: Eg syns i alle fall det, eg føler eg får veldig mykje ut av det. Eg kan kjenne ein berikelse å vere saman med andre som er i miljøet.

Mangfaldet i nabolaget er lærerikt og utviklande innanfor trygge rammer, eit miljø der dei kjenner seg heime.

Vera og Viggo legg stor vekt på dei elementa i tilværet som sosialfilosofen Zygmunt Bauman klassifiserer som ein estetisk rasjonalitet. Idealet er individ som står for kven dei er, samtidig som dei er opne nok til å utvikle seg i møte med andre. Bauman hevdar at fellesskap som byggjer på estetisk rasjonalitet er gjennomsyra av eit paradoks: sidan eit slikt fellesskap vil forråde eller motbevise medlemmene sin fridom viss det skulle krevje inngangsteikn utan rom for diskusjon, må både inngangane og utgangane haldast vidopne (Bauman 2000:104). Eit fellesskap basert på estetiske vurderingar, ideal om å vere fleksibel og open for forhandlingar, har eit flytande grunnlag. Den ettertrakta fleksibiliteten kan derfor utgjere eit skjørt fundament for fellesskapet. ”Vi som er opne og i stand til å endra oss”.

Mangfaldstanken gjer i nokre høve ei effektiv kopling mellom å la folk få utvikle potensialet sitt, la individua få høve til å utvikle særpreget sitt og god ressursutnytting (De los Reyes og Martinsson 2005:10). Tanken er at samfunnet vil fungere betre om erfaringane til ulike menneske sine vert synleggjort og dregne nytte av. De los Reyes og Martinsson hevdar at mangfaldsretorikken har essensialistiske drag ved å basere seg på ein tanke om særart (de los Reyes og Martinsson 2005:12). Dei kategoriane menneska vert plasserte i ut frå til dømes kjønn, alder, etnisitet og seksuell orientering, vert sett på som gitte og essensielle eigenskapar. Medan dette nok er den dominerande forståingsmåten i døme frå den offentlege debatten, opnar kjeldematerialet mitt også opp for at forskjellar kan verte oppfatta som relasjonelle og flytande. Ei essensialistisk forståing av forskjellar er ikkje ein naudsynt konsekvens av mangfaldsretorikk. Kjønn, alder, etnisitet og seksuell orientering kan oppfattast som forskjellar som vert gitt ulikt og skiftande innhald i ulike samanhengar og av ulike menneske. Det same menneske vil ofte tilskrive slike forskjellar ulik tyding avhengig av kva samanheng forskjellen vert aktualisert i. Dersom forskjellar tolkast som relasjonelt skapte, er dei flytande. Sosiologen Randi Gressgård presiserer at ”som produkter av sosiale relasjoner, er enhver gruppe flytende” (Gressgård 2005:179). Poenget kan overførast til identitetsdanning. Både om identifisering basert på forskjellar er gjort av individet sjølv eller av andre, kan den basere seg på ei flytande forståing av tydinga forskjellen har.

Vera og Viggo søker eit trygt mangfald, basert på felles vurderingar av kva som er viktig og mindre viktig. Dei trekk fram ei interesse for dei indre kvalitetane i barna, for trivsel og psykologisk utvikling som felles med dei andre sentrumsbuarane, heller enn fysiske mål. Dei bruker det å vere aktiv, pågåande og å følgje med som honnørord, og meiner at barna deira får glede av kontakt med andre barn og familiar der indre kvalitetar står i høgsetet. Sentrum av byen representerer ein heim for dei i utvida ontologisk forstand, eit trygt rom der dei kan få stadfesta normene sine om korleis menneske bør vere. Mangfaldet i byen er for dei først og fremst knytt til utforminga av individua. Det er i mindre grad sosial og etnisk variasjon i byen dei framhevar. Dei synest at narkomane og alkoholikarar er ein trist del av bylivet som barna bør skjermast mot. Vera og Viggo er opptekne av kva kompetanse mangfald kan gi barna, dei ønskjer at barna skal verte unike individ som stolar på seg sjølve.

Mangfaldet skapar horisonten

Oda og Octavio er også oppteken av mangfald knytt til utforming av individua. Dei har to barn og flytta frå ein forstad til sentrum av byen eitt år før intervjuet. Ho kjem frå ein tettstad i

Noreg, han har vakse opp i ein stor europeisk by. Dei flytta inn til sentrum av byen like før den eine sonen skulle byrje i første klasse på skulen. Oda gjekk dermed på to foreldremøte, for flyttinga var ikkje heilt fastsett før skulestart. Ho meinte at det var stor forskjell mellom foreldremøtet i byen og i forstaden. Ho fortel først om korleis det var i forstaden der foreldra berre var opptekne av ressursar, ingen tok opp innhaldet i læringa.

ODA: I byen var det jo heilt annleis. Der diskuterte vi, alle er ikkje einige, men vi diskuterer litt om kva som er viktig på skulen, og korleis det er viktig å vere med kvarandre. Eg føler at dei ser elevane på ein heilt annan måte, altså individet, kvar einskild.

Også barnehagen i byen var betre enn barnehagen i forstaden:

ODA: Eg var jo så fornøgd med barnehagen i byen, der eg følte at barna blei sett, og det var greitt å vere forskjellig, og alle trengte ikkje vere einige, eller gjere det same, men det var heilt greitt. I forstaden var det meir overkøyring av ungane, synest eg.

Oda syntest at foreldra i byen verka meir opptekne av å sjå det einskilde barnet, enn foreldra i forstaden. Når ho skildrar skulen og barnehagen i byen, er det som om ho formidlar at ho kjem heim, finn saman med likesinna, folk som er opptekne av det same som ho. Oda framhevar at folk ikkje var einige. Det var greitt å vere forskjellig.

ODA: Det kan vere litt fordommar frå mi side, men eg føler at viss du veks opp i sentrum, kan du få mykje vidare horisont.

OCTAVIO: Ja, du er meir open.

ODA: ..i forhold til både kultur og folk, ja, alt, eigentleg. Og eg har jo lyst til at barna våre skal få det med seg, så det var jo ein ting. Først og fremst så var det jo for oss.

Oda og Octavio tolkar flyttinga til sentrum som eit skifte i bumiljø som vil ha ein positiv innverknad på personlegdommen til barna. Samtidig formidlar Oda her at flyttinga frå tettstaden til byen først og fremst handla om dei vaksne sine ønskjer. Barna deira treivst svært godt i forstaden, der dei kunne gå inn og ut av heimen som dei ville og hadde mange gode venner. Det var særskild Octavio som treivst därleg i tettstaden. Han var einsam, syntest det var kjedeleg, ”det var ingenting der”, og han opplevde rasistiske episodar som gjorde at han heldt avstand til naboeane. Hans mistriksel gjekk ut over både parforholdet og familielivet. Oda strevde med lange arbeidsdagar på grunn av at ho pendla inn til arbeidsplassen i sentrum av byen. Ho kjende seg stressa fordi det vart for lite tid i kvardagen til å vere saman med barna og mannen. Ho opplevde at samlivet stod på spel, og at flyttinga var eit grep for å få

Med barn i byen

familielivet til å fungere betre. Flyttinga handla aller mest om ektemannen Octavio sine behov, meiner ho:

ODA: Eg er nok ein litt annen type, eg er no sånn at eg tilpassar meg og så tenker eg ikkje så mye. Men, altså vi brukte nesten ein time kvar veg til jobb. Barna måtte grytidlig opp og det blei stress å gå i barnehagen, så det var veldig mykje sågne ting som var eit ork. Men så hadde vi det jo fint og eg såg jo at barna hadde det kjempebra.

Oda framstiller det her som at ho kunne levd med stresset ho opplevde i samband med pendlinga, fordi barna treivst så godt på tettstaden. Den fleksibiliteten ho viser overfor barna og det ho oppfattar som deira behov, viser ho også overfor mannen. Når ho såg at han ikkje treivst, meinte ho at dei måtte gjere noko med det. Oda og Octavio meiner sjølv at deira behov som vaksne var den viktigaste årsaka til at dei flytta. Men som dømet over viser, har dei, særskild Oda, også tenkt nøye gjennom kva val dei no har teke på vegne av barna. Dei meiner at barna vil få ei meir variert fritid i sentrum enn dei ville fått i forstaden:

ODA: Det var jo aktivitetar der óg, ganske einspora aktivitetar, enten fotball..

OCTAVIO: Ja..

ODA: .. eller musikk, altså du har ikkje variasjonen. Og dersom ein ikkje er så veldig interessert i det som alle dei andre nabane er interesserte i, vi følte oss jo ikkje heilt heime med nabane. Der skal du helst vere ganske lik alle andre, og eg likar ikkje det. Og sjølvsagt, ein ser jo at ungane tek etter.

Oda viser til ei kjensle av å vere utanfor eit fellesskap som ho meiner at nabane kjende seg inkluderte i. Uttrykket at ”vi kjende oss ikkje heilt sånn heime med nokon av nabane” viser til at dei ikkje kunne vere seg sjølv saman med nabane. Det var heile tida ho og Octavio som skilde seg ut. Det var mange situasjonar der Oda kjende seg åleine med sine haldningar då ho budde på tettstaden. Blant anna reagerte ho på fleire ting med barnehagen som sonen gjekk i. Oda vart sjokkert då barna fekk utdelt leikevåpen i barnehagen. Då ho tok dette opp med andre foreldre, skjønte dei ikkje problemet og meinte at ho var sneversynt. ”Her i sentrum, er det nok mange som meiner at det er heilt greitt, men óg veldig mange som er einig med meg”. Oda vil dermed kunne gå inn i eit moralisk fellesskap med andre foreldre som ho opplever har like haldningar som ho sjølv har. Det er nettopp mange moglege relasjonar å velje mellom og høve til å velje andre menneske vekk som er attraktivt med byen. Dermed kan ein finne fram til dei som ein ønskjer å vere meir saman med.

Oda og Octavio meiner at dei vaksne i forstaden representerte ei haldning om at alle skulle vere like, og at denne haldninga smitta over på barna. Kravet om å vere lik nabane innebar tilslutning til haldningar som dei tok avstand frå; nabane var til dømes tilhengjarar

av Framstegspartiet. Oda og Octavio har eit ønskje om at barna skal vere opne for internasjonale impulsar, at dei skal verte tolerante. Dei meiner at vilkåra for å verte det, ligg betre til rette i sentrum enn i forstaden:

ODA: Då tenker eg ikkje minst på variasjon av venner. For dei er mykje meir forskjellige, meir opne, det er ikkje sånn at det må vere sånn eller sånn. For eksempel, vi har eit venepar som er homofile. Barna har jo kjent dei sidan dei var små, og dei to mennene er kjærestar og det var jo ein svær diskusjon vi hadde.

HILDE: Ja?

ODA: Slike diskusjonar barna hadde i forstaden med vennene. For der er det veldig sånn ”Nei, to menn kan ikkje vere kjærestar!”

OCTAVIO: Hehe

ODA: ..og barna ”Jo, det kan dei, for vi kjenner to stykke!”, og så gjekk vennen til foreldra sine, og så blei det masse oppstyr av det, sånne ting.

Det er interessant at Oda og Octavio vel ut akkurat episoden om homofile for å vise forskjellane i haldninga mellom naboaene i forstaden og i byen. Å trekke fram at dei har homofile venner, kan symbolisere at dei er fordomsfrie og tolerante. Naboaene som ikkje likte at barnet deira hadde fått høyre om to menn som var kjærestar, kan verke fordomsfulle og intolerante.

Mange forskrarar som har arbeidd med gentrifiserte områder i vestlege byar, har lagt merke til den retoriske styrken i sentrumsbuarane sin kritikk mot forstadar (Brigde 2003, Ley 1996). Dette gjeld i denne samanhengen ikkje forstader assosiert med sosiale problem, men forstader assosiert med vellukka middelklasseliv. Forstadene vert skulda for å vere for standardiserte, for like, konforme, hierarkiske, konservative, patriarkalske og streite (Ley 1996:206). Dei dømmer forstadene etter estetiske målestokkar, som stygge og kjedelege og etter moralske målestokkar, som trongsynte og konforme. Sentrumsbuarane bruker slik forstadene som ein kontrast for å få fram kven dei sjølve er. Forstaden vert framstilt som både forskjellig frå og mindre bra enn sentrum. Fleire av dei eg intervjuet hierarkiserte slik identitetar knytt til plass. Geografen Eli Fosso fann ei tilsvarande hierarkisering av identitetar blant ungdom som budde på bygda og som var i ferd med å flytte til byen (Fosso 2004).

Gjennom heile intervjet trekk Oda og Octavio fram forskjellar som noko positivt, som å ha forskjellige venner, at barn kan vere med på forskjellige aktivitetar, at vaksne kan ha forskjellige meningar og dermed diskutere. Paret gav også uttrykk for at dei hadde ulike syn på barneoppseding. og at dette var ei kjelde til konflikt mellom dei. Dei meinte at nokre av forskjellane kom av at dei hadde vakse opp i ulike land med ulike normer for barneoppseding. Opplevinga av å vere forskjellig, og at det kunne skape friksjon og konflikt, men også noko fruktbart, var eit viktig element i parforholdet deira. Forskjellane og diskusjonane mellom dei

Med barn i byen

og naboane i forstaden vert derimot ikkje inkludert i dei positive framstillingane av det forskjellige og likeverdige.

Det mangfaldet Oda og Octavio ønskjer seg, er eit mangfald av folk med ulike seksuelle legningar, ulik yrkesbakgrunn, ulik etnisk bakgrunn. Oda og Octavio oppfattar seg som ein del av eit slikt mangfald og er opptekne av likskap forstått som likeverd på tvers av forskjellar. Han har bakgrunn frå eit anna land enn Noreg, nære vener er homoseksuelle, Oda og Octavio har sjølve ulik utdanning (Octavio har vidaregåande utdanning og Oda har kort universitets- og høgskuleutdanning jamfør kategoriane som SSB opererer med, sjå metodekapittelet). Likskapen i dette mangfaldet er at menneska skal vere opne, diskuterande og liberale, dei skal utvikle sin individualitet. Den gode samtalen, diskusjonen, er viktig for dei som er opptekne av å vere like gjennom å vere forskjellige. Det mangfaldet som naboane i forstaden representerte, som også opna for diskusjon, ønskte Oda og Octavio å sleppe unna. Problemet der var at det var så få naboar å velje mellom at det vart svært synleg om dei holdt avstand til naboane. Blant anna fekk Octavio og Oda vanskar med å gå på festar i det gamle nabologet fordi Octavio meinte at naboane kom med rasistiske kommentarar. Han karakteriserte dei som ”stengte”. Oda kommenterte då at han var litt stengt sjølv også, i forhold til naboane. Oda prøver å sjå situasjonen på ein nyansert måte, og legg til at det kan vere fordommar frå hennar side. Ho viser slik til ønskjer om og vanskar med å tolerere det intolerante.

For å få stadfesta identitetane sine, har menneske behov for andre menneske som er i stand til og viljuge til å støtte dei. Relevante og kvalifiserte støttespelarar er vanlegvis andre menneske som vert oppfatta som like dei (Gullestad 2001:35). Oda og Octavio ønskjer å vere omgjevne av nokre menneske som deler grunnleggjande verdiar med dei. At det er nokon som kan stadfeste normene deira, er nok til at dei kjenner seg trygge. Men dei går ikkje ut frå at andre generelt er like dei, og kjenner ikkje trong til å bu ein plass der alle deler ideala deira.

Det er eit viktig mål med barneoppsedinga at barna skal verte sjølvstendige for å verte i stand til å gradvis klare seg sjølve. Nokre foreldre inkluderer mangfaldstankegangen i ønsket om å la barna verte unike. Andre foreldre knyt mangfaldstanken sterkare til å skape tolerante barn med respekt for forskjellar. Aksept av individualitet og toleranse for forskjell er verdiar som heng saman. Men det utgjer ein forskjell om ein tenker ut frå sin eigen rett til å skilje seg ut eller ut frå ei plikt til å godta andre sine definisjonar av korleis dei vil leve.

Den trygge variasjonen

Refleksjonane til Vera og Viggo og Oda og Octavio har gitt innsyn i konstruksjonen av eit trygt mangfald i nærmiljøet i byen. Det er verken farlege eller utfordrande element ved byen dei trekk fram som tiltrekkjande. Dei la vekt på mangfaldet i individua. Para fryktar det like, i tydinga det konforme, og har eit sterkt ønskje om å sjå individet og anerkjenne det. Bygder og vellukka forstadar utgjer for para ein identitetsbyggjande kontrast til sentrum som dei tek avstand frå fordi dei meiner at folk er for like der. Angsten for det make, i form av smak eller livsstil, dominerer. Samtidig utgjer konstruksjonane av mangfald i sentrum av byen som dei sjølve byggjer opp, eit fellesskap basert på både forskellar og likskap. Likskapen handlar om eit overordna sett av verdiar som ikkje kolliderer: "Vi hører saman gjennom å vere forskjellige". Mangfaldet er sameinande. Nokre foreldre formidlar overvegande ei vi-kjensle knytt til nabolaget og dei som dei omgir seg med. Det trygge mangfaldet vert framstilt som utelukkande positivt for barna. Forskjellane som det byggjer på, utfordrar ikkje ei kjensle av fellesskap eller tryggleik. Foreldra framstiller seg sjølve som ein del av dette mangfaldet og formidlar ei kjensle av å vere på rett plass, å kjenne seg heime sosialt i nabolaget i byen. Samtidig gir dei uttrykk for at dei ønskjer å vere på veg, vere opne og sokjande.

Bauman peikar på at ønsket om å kunne velje og skape seg sjølv, gjer at identitet per definisjon må vere midlertidig.

I en livspolitikk som dreier seg om kampen for identitet, er selvkaping og selvhevdelse de viktigste innsatsene, og valgfrihet er både hovedvåpenet og samtidig kampens mest ettertraktede trofé. Den endelige seieren ville med eit slag fjerne innsatsen, uskadeliggjøre våpenet og kansellere premieutdelingen. For å unngå dette utfallet må identiteten forbli fleksibel og alltid mottakelig for videre eksperimentering og endring; den må helt og fullt være en midlertidig identitet (Bauman 2000:103).

Det varige og stabile vil i ein slik tankegang hemme individua, medan det ustabile og opne vert gjort til noko spennande og utviklande. For Bauman er det flytande fundamentet skremmande, fordi det kan verte uforpliktande. Men det flytande fundamentet opnar også for identifisering og fellesskap. Viljen til open kommunikasjon som skal sikre høve for individualitet er viktig som ein felles verdi i det trygge mangfaldet. Dialog og diskusjon der ein kan lære av kvarandre, det opne og endringsdyktige mennesket er idealet. "Normaliteten har skifta form og blitt flyttbar og fleksibel" (Sirnes 1999:70). Foreldra ønskjer at også barna skal verte flinke til å tilpasse seg skiftande kontekstar. Sosialiseringa av nye borgarar går ut på å lære dei opp til å takle endring.

Mange av mekanismane i mangfaldstenkinga liknar tenkinga rundt omgrepene *multikulturalisme*. Ideologiar om mangfald og om multikulturalisme vert ofte knytt til liberale

verdiar og til utbreiinga av den kapitalistiske produksjonsforma med sine vektleggingar av fridom for den einskilde og ønsket om å skape tilpassingsdyktige individ. Mangfald som omgrep femnar vidare enn multikulturalisme fordi det kan romme fleire ulike kategoriar, som kjønn, alder, livsfase og etnisitet, medan multikulturalisme dreiar seg eksplisitt om kulturelle førestellingar knytt til etnisitet. Men prosessane rundt kategoriseringar og hierarkiseringar knytt til mangfald og multikulturalisme har ein likarta dynamikk. Geografen Katharyne Michell viser korleis omgrepet multikulturalisme har vorte brukt som ein sameinande nasjonal verdi i læreplanane for grunnskulen i Canada, USA og England (Mitchell 2003). Idealet om den multikulturelle borgar vert brukt som eit symbol på den liberale og tolerante staten som opnar dørene sine og som aksepterer og vernar om kulturelle forskjellar som finst i den nasjonale orden. Det multikulturelle vert del av eit større narrativ om liberalitet og fridom for den einskilde, "it serves to "perform" the liberal state" (Mitchell ibid.), og lagar ei kjensle av ein samla og einskapleg nasjon trass i forskjellane blant innbyggjarane.⁶⁶

På same måte som multikulturalisme kan ha ein sameinande effekt på nasjonen, kan verdien om mangfald ha ein sameinande effekt på plassmyten om byen. Når byen vert konstituert gjennom mangfald, må den også ha plass til aksepterte forskjellar. Men på same måte som konstruksjonen av den multikulturelle nasjonen berre rommar aksept av visse typar forskjellar, vert mangfaldet i byen også berre akseptert innan visse grenser.

Mangfald som maktomgrep

Kapittelet starta med å stille spørsmålet om kvifor foreldra meiner at det er så viktig for barna å vere omgitt av mangfald, å lære seg til å omgåast forskjellige menneske. Mangfaldstanken handlar om moral, om kva som er eit godt individ og eit godt oppvekstmiljø. Foreldra ser byen som ein oppdragar av barna, som kan lære dei om verda på godt og vondt. Mangfaldet i byen gir barna hove for identifisering med mange ulike andre. Foreldra opplever slik at dei tilbyr barna mange val, og at dei dermed sikrar at barna får fridom og tryggleik til å utvikle sin individualitet. Mangfaldet i byen er også ein måte å introdusere barn for ulike sider ved samfunnet og gjere dei i stand til å meistre farar. På den eine sida handlar mangfaldstanken om å skape barn som er trygge på kven dei er, som tør å vere og verte seg sjølve og utvikle individualitet fordi dei lever ein samanheng der det er normalt å skilje seg ut. På den andre sida handlar det om å skape kompetente og tolerante barn, som trygt kan takle byen og samfunnet, og kjenne til at folk er forskjellige. Det handlar om å verte klar over alt ein kan verte og kven ein ikkje vil verte. Foreldra vil sannsynlegvis ikkje at barna skal verte kjende

med narkomane for å verte som dei. Ein del menneske dei inkluderer som positive i bylivet, ønskjer dei nok at barna berre skal kjenne til på avstand. Nokre av menneska som utgjer mangfaldet, vert plasserte inn i eit pedagogisk prosjekt som går ut på å lære barn korleis verda er. Foreldra opplever at mangfald gir barn ei form for sosial kapital som dei vil trenge seinare i livet.

Mangfald vert knytt både til trekk ved individet og til trekk ved samfunnet. Mangfald vert framstilt som ei tolking av korleis verda er, som ein positiv verdi og som eit etterstrevbart mål om korleis samfunn og individ bør vere samansett. Foreldra trekk fram kategoriar som alder, livsfase, utdanning, yrke, etnisitet og seksuell orientering som døme på kva som utgjer sosialt og kulturelt mangfald i nærmiljøet. Mangfald vert oppfatta som eit reiskap til å dyrke verdiar som toleranse, valfridom og aksept av forskjell. Som eit mål om korleis samfunnet bør vere samansett, handlar mangfald om å sikre eksistensen av forskjellar slik at den offentlege moralen eller sfæren ikkje vert for einskapleg og lukka.

Eg har identifisert hovudsakleg to ulike tydingar foreldre meiner at mangfald har for barna deira. Den eine tankemåten handlar om kjennskap til mangfald utanfor individua, altså mangfald som noko ein skal vite om, kjenne til, takle og lære av. Den andre tankemåten dreier seg om mangfald i individua, og byggjer på eit ideal om å skape flytande, opne og spennande personlegdommar. Desse ulike typane av mangfald får ulik status som konstituerande for eit fellesskap, i forhold til kor grensene for vi og dei andre går.

Når mangfald er eit reiskap til å utvikle individualitet er mangfaldet danna gjennom eit vi, vi som er forskjellige; ”Vi som er opne og liberale og verdset det unike”. Mangfald sikrar barnet høve til å verte den det er eller skal verte, ved å halde mange alternativ for identifisering opne for barnet. Mangfaldet vert ei moralsk oppvisning i alt barnet kan verte og i mengda av ulike identifiseringsalternativ. Når mangfald er eit reiskap til å utvikle kompetanse representerer vi normalitet, medan mangfaldet er dei eksotiske andre. Det handlar om å gi barnet kunnskap om verda, om korleis barnet bør te seg uavhengig av om mangfaldet er noko ein likar. Mangfaldet er då dei mislukka, farlege eller fråstøyte som vert gjort til dømer på korleis barna ikkje bør verte. Mangfald kan vere ei fargerik, spennande kulisse for sosialt liv på distanse frå individua eller ein uønskt fare barna må lære seg å takle. Ved nokre høve glir dei ulike forståingane av mangfald over i kvarandre. Nokre foreldre brukar begge desse forståingane av mangfald, andre held seg til anten mangfald som individualitet eller som kompetanse. Både mangfald som individualitet og mangfald som kompetanse handlar om hierarkisering av forskjellar, men ut frå delvis forskjellige logikkar.

Med barn i byen

Både mangfold forstått som individualitet og som ei fargerik kulisse, vert sett på som positive trekk ved oppveksten til barn. Foreldra knyt begge desse forståingane av mangfold til å skape trygge barn, men dei refererer til ulike typar av tryggleik. Barna vert trygge fordi dei tør å vere seg sjølve og utvikle individualiteten sin på den eine sida, og fordi dei får kjennskap og kunnskap til å takle verda på godt og vondt på den andre sida. Mangfaldstenkinga rundt barna har slik delvis felles målsetjing om å skape trygge, opne, tolerante og kompetente barn. Samtidig skil dei seg frå kvarandre i kor grensene mellom vi og dei andre går. Mangfold kan danne grunnlag for ei felles identifisering av *vi som er forskjellige*, eller brukast som eit forskjellsskapande ord som skapar grenser mellom oss som representerer det normale, typiske og trygge, og *dei som representerer mangfaldet*, det avvikande, eksotiske eller farlege. Begge desse forståingane av mangfold handlar også om hierarkisering av forskjellar og inklusjon og eksklusjon på ulike vis. Om mangfold er dei andre eller mangfold er oss, skapar begge delar grenser mellom oss og dei andre. Nokre erfaringar vert fortrengt, og nokre praksisar vert sett fram som normalitet, både om ein fokuserer på likskap eller på forskjell som den overordna verdien. Idealet om det like fortrengjer det særeigne. Idealet om det forskjellige skjuler hierarkisering.

Å konstruere nokon som ”andre” gjennom å definere og kategorisere dei, er ein måte å avgrense normalitet på, oftast med utgangspunkt i seg sjølv som den normale. Men dersom utgangspunktet til den som definerer er at også ho sjølv er forskjellig, ein ”andre” i forhold til dei andre, kan definisjonen av *andre som andre* inngå i eit prosjekt der normaliteten vert sett spørsmålsteikn ved. ”Dei andre” kan representere normaliteten og sjølv det avvikande, også for individ som definerer andre. Om normaliteten vert framstilt som ettertrakta eller fråstøytande, varierer i dette kjeldemateriale. Velståande, høgt utdanna kvit middelklasse kan vere ein kategori individ ønskjer å markere avstand frå, sjølv om dei av andre kan definerast inn i ein slik kategori. Den sterke avstandstakinga mot den vellukka forstaden kan oppfattast som ei posisjonering mot den førestalte normaliteten, mot A4livet som mange av informantane knyt til forstaden. For nokre kan denne avstandstakinga kanskje også oppfattast som ein protest mot forventningane dei kjenner knytt til nettopp det å vere foreldre. Dei tek avstand frå eit tenkt livsløp der det å få barn fører til at ein kjøper seg rekkjehus med hage utanfor sentrum av byen, og skaffar seg stasjonsvogn og hund.

Oppfatninga av at folk i Noreg stort sett er like eller ønskjer å vere like, er ei dominerande forteljing om det norske førestalte fellesskapet. Men kjeldematerialet eg byggjer avhandlinga mi på, peikar mot ei større grad av variasjon knytt til ideal om likskap og forskjell. Å skilje seg ut, verte oppfatta som forskjellig, vart vurdert som både positivt og

negativt, avhengig av konteksten det refererte til. Dei fleste foreldra eg intervjua såg på seg sjølve som både like og forskjellige sett i forhold til andre. Når ein identifiserer likskapar og forskjellar mellom seg sjølv og andre, seier ein også noko om kva ein opplever som viktige dimensjonar som kan sameine eller skilje menneske. Karakteristikkane ein bruker om seg sjølve og andre må vere meiningsfulle i forhold til normer og ideal. Kva ein oppfattar som dei avgjerande forskjellane, som definerer dei andre som vi eller dei, varierer frå menneske til menneske, men også i forhold til ulike situasjonar. Menneske ein oppfattar å ha eit fellesskap med i ein samanheng, kan framstå som framande i ein annan samanheng. Alle informantane hadde venner eller kjende som dei såg på som overvegande make seg sjølve, eller som forskjellige innan ein overordna felles verdiskala. Men dei hadde også ei bestemt oppfatning om at andre menneske sannsynlegvis ikkje delte alle deira verdiar og haldningar.

Mange av informantane uttrykte ambivalens i forhold til verdiane om mangfald, likskap og forskjell. Mangfaldstenkinga byggjer på underliggende krav om likskap, som vi har sett i dette materialet; "Vi er like gjennom å føretrekkje det forskjellige". "Vi er forskjellige" er eit trygt mangfald som også kan karakteriserast som eit homogent mangfald. Det er ikkje vilkårleg korleis menneska skal skilje seg frå kvarandre. Folk skal vere forskjellige på ein sosialt akseptabel måte, ut frå visse felles normer og speleregler. Individet skal vere opent for forandringar, i stand til å tilpasse seg ulike samanhengar. Det skal vere luft mellom menneska. Å unnlate å utvikle individualitet kan oppfattast som mislukka. Mange av informantane sluttar opp om normene om å uttrykkje individualitet gjennom livsstil, forbruk og reiser. For å oppleve å vere del av eit positivt mangfald, verka det som om dei trengte å oppleve at det var nokon som stadfestar normene deira, anerkjende vala deira, at det var nokon dei kunne oppleve seg lik som. Men dersom folk rundt dei vart for like, vart det for klamt eller eintydig. Dei ønskete å kunne vere unike og like på same tid. Ønsket om mangfald og ønsket om likskap kan slik henge saman. Det kan handle om å finne eit rom der ein kan dele sine særdrag med andre likesinna.

Foreldra ønskjer at barna skal vere opne for ulike veremåtar, og meiner at byen er ein gunstig plass for utvikling av slike eigenskapar. Dei meiner at kjennskapen til og lærdommen frå mangfaldet kan bidra til å skape trygge, fordomsfrie og kompetente barn. Mangfaldet får ein nytteverdi i oppveksten til barna. Denne verdien vert brukt til å hierarkisere sentrum over forstad og bygd som ei ramme om barndom. Foreldra dreg koplingar mellom korleis nærmiljøet rundt barna er og kva eigenskapar barna deira utviklar, mellom omgjevnader og moral. Foreldra ser ut til å håpe at barna skal verte tolerante og kompetente til å takle ei kompleks verd gjennom å sjå og erfare at det finst mange måtar å leve på.

Med barn i byen

Sosialt og kulturelt mangfald vert halde fram som ein positiv verdi, samtidig som familiane ser ut til å føretrekke å vere saman med andre som er like dei sjølve. Då glir samværet lett, fordi dei har felles normer og reglar og likar å gjere dei same tinga. Fleire av foreldra har tenkt over korleis dei sjølve set grenser for det potensielle mangfaldet barna kan oppleve i byen, ved at dei held seg mest saman med folk som liknar dei sjølve. Dei set derfor pris på at barna har høve til å overskride sosiale og kulturelle skiljelinjer gjennom sine sosiale relasjoner. Men som vi skal sjå i det neste kapittelet er det også grenser for kva foreldra opplever som eit positivt mangfald for barna.

Det førestelte fellesskapet i byen er basert på mangfald og ulikskap for mange av dei som bur der. Samtidig kan det byggje på underliggjande idear om likskap eller på aksept som ikkje inkluderer fellesskap. Det kan verke som om mykje av praten om mangfald har liten innverknad på livet til informantane, sidan dei ser ut til å føretrekkje menneske med lik bakgrunn og make preferansar i omgangskrinsen. Det er liten tvil om at foreldra heng seg på ei kulturell førestelling på frammarsj, om den ”opne urbane veremåten”. Sentrumsborgarane gir stereotype førestellingar av livet på bygda, i tettstaden eller forstaden. Dei set opp skrekksjonar av samfunn der alle skal støypast i same form, der menn i lilla bukser vekkjer oppsikt og der kvardagsrasismen blomstrar. Mange av dei byggjer opp bilde av den tronge og lukka bygda, forstaden eller tettstaden ved å vise til eigne erfaringar med å bu på slike plassar.

Mangfald som kulisse kan vere eit ufarleg fellesskap som ikkje set toleransen på prøve, og som skjuler måtar å hierarkisere seg sjølv som overlegen på. Kulturforskaren Jonas Frykman åtvarar mot at ”Whenever multiculturalism and tolerance are raised on the political agenda, you should be aware of empty rhetoric” (Frykman 2003:173). Han peikar på at framandfrykt lurer overalt og at grensene for toleransen kan vere snevre trass fine ord. Eg har gjennom dette kapittelet vist korleis konstruksjonen av mangfaldet også handlar om grensene for aksept og toleranse. Men eg er samtidig kritisk til tanken om tom retorikk. Grensene for toleranse kan vere snevre trass i gode intensjonar, men det treng ikkje kome av at retorikken er tom. Det kan skuldast at retorikken er hierarkisk, noko eg skal kome tilbake til.

Den gjennomgåande vekta på det forskjellige som positivt, på mangfald som ideal, tyder på at slike normer er viktige for mange av informantane som eg intervjuar. Det representerer noko dei prøver å leve etter, om enn i varierande grad og med ulikt resultat. Mangetydige haldningar og handlingar er del i ein stadig pågående produksjon av normer. I staden for å sjå språket om mangfald som ytre krusinger på ei overflate, ser eg på dette som eit språk som i varierande grad har fått feste som ein del av sjølvforståinga til individua, som

potensielt kan påverke både handlingar og haldningar.⁶⁷ Ideen om det mangfaldige som det gode påverkar kva draumar ein har for det gode liv, og kan derfor få tyding for korleis ein innrettar seg.

Mangfold er eit ord som sameiner mange ulike ideal og forståingar av verda. Det vert forstått som trygt, som farleg, som utgangspunkt for eit fellesskap eller som kontrast til eit fellesskap. Å konstruere forskjellar som konstituerande for fellesskap kan innebere ein aksept av eksistensen av ulike normer og førestellingar, og at desse har lik verdi. Å konstituere likskap som basis for fellesskap kan handle om at vi er sameint gjennom at vi alle er unike menneske. Om ein tek utgangspunkt i forskjellar eller likskap som det sameinande for menneske, er det slik faktisk mogleg å ende med ganske make syn på fellesskap.

Mangfold er eit omgrep som er diffust nok til å sameine mange ulike verdiar, og som fungerer på ein måte som gir det forrang framfor andre omgrep og verdiar. Det er vanskeleg å vere mot mangfold som verdi fordi mangfold assosierer til positivt lada ord som frie val, toleranse og fridom. På det retoriske planet er mangfold derfor ein verdi og eit mål det er lett å slutte opp om. I meir praktiske samanhengar, i bestemte utformingar og konkretiseringar av omgrepet, kan usemje oppstå.⁶⁸ Eg meiner at det derfor er viktig å spesifisere bruken av og innhaldet i mangfaldsomgrepet for å få motsetningane fram i lyset og sett under debatt.

Mangfold er ikkje berre eit maktomgrep i tydinga at det er vanskeleg å opponere mot retorisk fordi det gir positive konnotasjonar. Gjennom nokre måtar å bruke ordet på kan mangfold også verke til å plassere menneske hierarkisk i forhold til kvarandre. Ved å setje seg sjølv opp som den som godtek mangfold, kan ein framstille seg sjølv som den som har makt til å anerkjenne eller la vere å anerkjenne andre. Mangfaldet kopla til å vere tolerant kan brukast om å godta andre, og samtidig definere seg sjølv som innanfor, normal, i sentrum. Ghassan Hage viser korleis desse mekanismane er knytt til eksklusjon. Ved å kunne setje pris på mangfold er ein i stand til å kontrollere mangfold (Hage 1998). Samtidig kan det å prise mangfold vere ein måte å setje spørsmål ved normalitet på. Det kan handle om å utvide grensene for kva som er allment godteke.

Dette kapittelet handla om konstruksjonen av mangfold og av konsekvensane ein meiner at eit slikt mangfold har for barn si utvikling. Sjølv om ein byggjer identiteten på å

⁶⁷ Lena Martinsson fremjar liknande synspunkt i sin analyse av omgrepet likestilling i ei undersøkjing blant svenske par (Martinsson 1997:206-207).

⁶⁸ Statsvitarane Hege Skeie og Mari Teigen har forska på haldningar til likestilling på toppnivået i det norske samfunnet og fann dei same mekanismane knytt til omgrepet likestilling. Dei viser at likestilling er ein generell og diffus verdi som ein utan vidare diskusjon sluttar opp om – før innhaldet vert konkretisert (Skeie og Teigen 2003:13). Deira tolking av likestilling som noko sjølvsagt og kontroversielt på ein gong, har relevans for forståinga av mangfold i denne studien.

Med barn i byen

vere eit flytande og opent individ, og plassmytar på at byen er open og forskjellselskande, vil slik identitetsdanning alltid produsere forskjellar og byggje på grensedraging. Om ein ønskjer å leve i eit sosialt eller kulturelt mangfald, kan ein likevel oppleve konfliktar, som vi har sett dømer på i dette kapittelet. Menneske kan ikkje klare seg utan kategoriar og grenser. Neste kapittel løftar meir eksplisitt fram grensene for det ettertrakta mangfaldet, og kva som skjer når opplevinga av eit positivt mangfald vert sett på prøve.

7. Grenser for mangfald

Når går det foreldre oppfattar som eit positivt mangfald for barn i byen over frå å vere ein ressurs til å verte ein byrde? Når kan ein ikkje lenger tolerere andre og på kva måte tolererer ein dei tolererte? Dette kapittelet sirklar inn dei typane av forskjellar og likskapar som det ikkje vert oppfatta som positivt å eksponere barn for, og kva konsekvensar slike vurderingar får for inklusjons- og eksklusjonsprosessar. Eg vil undersøkje korleis foreldra set grenser for mangfald rundt seg sjølve og barna basert på begge dei to hovudtypane av mangfaldstenking som eg identifiserte i det føregåande kapittelet. Ved nokre høve er det *dei andre* som utgjer mangfaldet. Dette er eit breitt mangfald som også inkluderer potensielt farlege. Ved andre høve er det *vi* som utgjer mangfaldet, som refererer til mangfald i individua, utvikling av individualitet. Dette var oftare eit snevrare, meir ”vellukka” og trygt mangfald. Begge desse forståingane av mangfald inkorporerer eit ønskje om å vere tolerante overfor visse typar av forskjellar. Sosiologen Ghassan Hage peikar på at toleranse for andre alltid handlar om makt og grenser. Toleranse føreset ein kontroll over det og dei tolererte.

To tolerate is not just to accept, it is to accept and position the other within specific limits or boundaries. This concern with limits and boundaries emphasises, above all, the empowered spatiality that is part of tolerance (Hage 1998:89).

Hage tek her opp det romlege aspektet ved toleranse, at det dreiar seg om kor og korleis ulike menneske skal kunne tolererast. I tillegg til å peike på makta dei dominerande har til å setje sine eigne romlege grenser, avslører diskursen om grenser også skiftet der den tolerante legitimt kan verte intolerant (ibid. 91). Slike overgangar, frå det ettertrakta til det aksepterte til det som ikkje vert godteke, er tema for dette kapittelet.

Kapittelet vil ta opp når *dei andre*, dei som gjer at informantane kan oppleve at dei er del av eit sosialt mangfald, går over frå å vere ei spennande og akseptert kulisse til å verte ein trussel for foreldra og barna sin tryggleik og livsutfaldning. Det vil dessutan stille spørsmål om når oppfatninga av eit *vi*- *vi* som utgjer mangfaldet - går over til å verte differensiert til *vi* og *dei*. Når går grensene mellom eit fellesskap basert på at ”vi er alle foreldre” over til å verte eit fellesskap innsnevra til ”vi som er gode foreldre” og ”dei som er dårlege foreldre”?

Det er lett å omfamne mangfald og akseptere andre på ein generell basis. Men i praksis kan det by på utfordringar. Nokre av episodane foreldra fortel om, syner at det mangfaldet dei set slik pris på ved nabolaget også kan vere vanskeleg og konfliktfylt. Å slutte seg til verdiar er ofte lettare å handtere på eit meiningsplan enn i konkrete praktiske

Med barn i byen

situasjonar. Visse felt er for viktige til å tolle avvik eller risiko. Sosialisering av barn, av nye borgarar, er eit felt der avvik vert sanksjonert kraftig. Foreldre har sterke krav på seg om å oppdra barn innan visse rammer. På grunn av omsorga for barn vil nokre foreldre møte sine eigne ideal om mangfald og toleranse i døra.

Eg har valt ulike innfallsvinklar for å analysere grensene for mangfaldet. Den første innfallsvinkelen er å setje *mangfald opp mot tryggleik* og analysere situasjonar der foreldra formidlar at ønskjer om tryggleik og toleranse for forskellar vert sett på prøve gjennom møter med dei andre. Det neste grepet er å setje *mangfald opp mot normalitet*. Eg vil her analysere motstand mot mangfald forstått som individualisme. Vi skal sjå at denne protesten artar seg på ulike vis. Eit par markerer avstand til tanken om barn som prosjekt, eit anna par kritiserer andre foreldre for å vere ekskluderande i si vellukka og konforme verd. Begge desse para opplever mangfald som tvang, som konformat, som eit homogent mangfald. Den tredje innfallsvinkelen er å studere *grenser for kommunikasjon* mellom ulike foreldre. Eg vil her analysere både kva vilkår foreldra set for å godta andre som kommunikasjonspartnarar og dei ein vel vekk. Samtidig vil eg her studere situasjonar der foreldre vert tvungne til å samarbeide med andre foreldre om barna. Familie/vennegrupper er valt ut for å studere dette. Ein måte å handtere forskjell på, er å unngå kontakt med dei ein oppfattar som for forskjellige. Gjennom familie- og vennegruppene vert foreldra tvungne til å samarbeide med foreldre dei ikkje har valt sjølve.

Felles for dei ulike innfallsvinklane til å undersøkje grensene for mangfaldet, er at eg løftar fram konkrete dømer, episodar, handlingar og hendingar som informantane fortalte om. Ofte er normene for det normale usagte og naturaliserte, og dermed vanskelege å gripe (Cresswell 1996). Skildringar av overskridande praksisar for det foreldra oppfattar som god åferd, som vanleg eller normalt, gir innsyn i normer for korleis foreldre bør oppføre seg.

Mangfald versus tryggleik

Spennande og eksotiske innslag i bylivet kan kollidere med krava foreldre set til barn sin tryggleik. Ei av dei viktigaste oppgåvane til foreldre er å sørge for at barna er trygge og vert trygge individ. Denne norma vert reflektert gjennom uttrykket *trygt og godt* som ofte er brukt av foreldre og andre for å karakterisere ein god barndom. Den offentlege diskursen om barn og tryggleik, risiko og fare heng saman med dei dominerande ideane om barndommen som ei tid for uskuld der barnet treng vern av ansvarlege vaksne (Harden 2002). Ei av dei største redslene foreldre har, er at noko galt skal skje med barna deira. Tryggleik kan handle om mange ulike aspekt ved barna sin kvardag. Foreldre har ansvar for å halde barn unna fysisk

fare, førebyggje framtidig fare basert på ei risikovurdering og å skape identitetsmessig tryggleik for barnet.

Når rusbrukarar kjem for tett på

Svært mange av informantane opplever at narkomane eller alkoholikarar oppheld seg i område rundt bustaden som også barna deira ferdast i. Som omtalt tidlegare, opplever dei fleste at det går nokolunde greitt. Sigrid og Svein og dei to jentene deira bur tettare inn på menneske med rusproblem enn dei andre informantane. Narkomane som bur i bygarden deira, legg frå seg sprøyter og anna brukarutstyr like utanfor døra deira og i oppgangen. Alkoholikarar som i daglegtale vert omtalt som ”alkisar” ferdast like utanfor kjøkenglassen til familien og på leikeplassane til barna. Barna trivest godt på leikeplassane utanfor heimen, men når alkoholikarane oppheld seg der, vert det vanskeleg for foreldra å la barna leike der.

SIGRID: Det kan sitte ein seks, sju sterkt rusa personar bortpå steinane her, så skal Sara ut og sykle. Det er uhaldbart, altså.

HILDE: Ja. Har ungane fått med seg dette?

SIGRID: Stina begynner, ho er åtte år no.

SVEIN: Ja da, dei får det med seg. Dei får òg med seg at det er litt ureglementert inn i huset her. Men vi prøver no å forklare det.

SIGRID: Og tone det ned.

SVEIN: Leggje til rette for dei så godt vi kan, utan å dramatisere. Vi har jo snakka om at ungane ikkje har vondt av å sjå korleis andre har det, og at det er folk som ikkje har det så bra.

SIGRID: Men eg kjenner meir og meir på at eg er utrygg. Berre det når vi skal ut om morgonen, så er ein av ungane ferdig, så seier eg ”Sara, vent...” Eg har ikkje lyst til at ho skal gå ut, for meg har det spissa seg veldig. Eg kjenner veldig på det.

SVEIN: Jo, men det er vel mest på grunn av inne i huset da.

SIGRID: Ja.

SVEIN: For hadde alle her vore straighte, inne, så hadde det tross alt vore utanfor vår eiga dør. Men dette beveger seg inn på nesten vårt private område og det er ei grense der. For det er klart at ute kan ein sjå mykje rart. Går du i byen, så skjer det ting og det kan skje mange stadar, også i forstadane.

SIGRID: Men inne, så sterkt i huset.

SVEIN: Det kan skje i rekkehousområde, så det er forskjellige ting i forhold til nabobar og sånn. (...) Berre det hadde vore i eit anna kvartal, så hadde det hjelpt i forhold til det miljøet her, for det er klart at det set preg når det er rett ved sida av deg og i nabohuset. Hadde det vore 200 meter bort eller opp, så hadde det vore litt andre forhold igjen. Det blir litt vel mykje tråkking.

HILDE: Så dei få metrane har mykje å seie?

SVEIN: Ja, faktisk.

SIGRID: Det har skjedd litt for mykje, både inne i huset og rundt her.

Med barn i byen

Sigrid og Svein har ganske lik haldning som mange av dei andre informantane, som har kontakt med rusa menneske og narkomane. Det er greitt så lenge dei held seg på ein viss avstand, - når dei nærmar seg dørstokken, vert det for nært. Først då kjenner dei seg utrygge.

Fysiske grenser rundt hus og heim inneber også ei symbolsk grense mellom innside og utsida. Det fysiske rommet i heimen er eit rom for kontroll over kven som får opphalde seg i dette rommet og kven som ikkje får kome inn. Denne kontrollen kan opplevast som tryggleiksskapande både for vaksne og barn. Det kan derfor opplevast som ekstra skremmande om ein mister kontrollen med kven som kjem inn døra til heimen. Å gi barn ein trygg heim er ein viktig del av foreldreskapet. Heimen vert sett på som den rette plassen for barn å vere, ein plass som gir fysisk og moralsk vern mot verda utanfor (Harden 2000:47). Det lokale rommet utanfor bustaden, som kan oppfattast som ein mellomting mellom eit privat og eit offentleg rom, er også inkludert i ønskja om kor det er trygt. Svein kommenterer at i byen kan ting skje, og det verkar greitt. Byen er eit offentleg rom som han ikkje rår over, der ein må rekne med å verte eksponert for litt av kvart. Ønsket om heimen som eit trygt rom vert utvida til å gjelde det nære nabolaget, plassane utanfor bustaden som foreldre og barn oppfattar som sine.

Den britiske sosiologen Jeni Harden peikar på at barn konstruerer landskapet av tryggleik og risiko rundt førestellingar som kan delast inn i det private, det lokale og det offentlege (Harden 2002). Ho byggjer analysane sine på intervju med 50 barn frå 30 familiar i både urbane og rurale delar av Skottland. Medan heimen vart skildra som trygg, var barna meir bekymra for kva som kunne skje i det fysiske rommet ute. Barna sine forteljingar viste at dei definerte ein sfære mellom det private og offentlege, det lokale, som var definert av nærleik til heimen og kjennskap til plassar og folk, som dei opplevde som trygge. Også forteljingane til foreldra eg intervjua kan tolkast inn i ei slik tredeling. Foreldra skilde mellom nabolaget og det som ligg utanfor nabolaget og mellom ulike plassar i nabolaget. Det lokale offentlege rommet kjendest gjennomgåande som trygt. Men nokre plassar der kunne oppfattast som utrygge avhengig av kven som oppheldt seg der, som alkoholikarar, narkomane eller eldre barn.

Sigrid og Svein har prøvd å skjerme barna for kjensla av frykt ved å la vere å dramatisere situasjonen for dei. Dei ønskjer ikkje å skape frykt, samtidig som dei må forklare barna at dei må vere forsiktige. Men korleis trur foreldra at barna opplever møter med sprøyter og rusa personar? Svein svarar at: "Dei kjenner ikkje til noe anna. Dei ser ikkje det negative som vi opplever meir enn dei, trur eg. Det lever dei jo med, det er ein del av bildet

rundt dei”. Svein trekk her fram at foreldre ofte har andre bekymringar enn barn har, og at barn finn seg godt til rette med dei forholda som er.

Svein og Sigrid meiner at andre menneske lagar mykje styr når dei får vite kor tett familien bur med folk som har rusproblem. Svein presiserer at naboskap kan vere vanskeleg andre plassar også, som i forstadar og rekkehemsmiljø. Vanskane med dei narkomane vert slik lausreve frå sentrum som bustadmiljø og forstått som noko som kunne skjedd kor som helst. Både Svein og Sigrid ser på rusbrukarane som eit problem, men foreløpig har det ikkje vore stort nok til at dei har bestemt seg for å flytte. Familien vurderte å flytte frå husværet sitt, men dei ønskte berre å flytte nokre få hundre meter for å halde på alle dei andre kvalitetane dei sette pris på ved bustadmiljøet. Nærmiljøet representerer tryggleik og fellesskap. Om dei flyttar 200 meter vekk, meiner dei å kjenne seg trygge i forhold til rusbrukarane. Kjensla av tryggleik er slik knytt til svært lokale kvalitetar. Narkomane og alkoholikarar i nærleiken er greitt.

Mange av familiene ser i utgangspunktet positivt på framande element, men opplever også at det framande kan vere skremmande. Men nokre omtalte også narkomane som vanlege folk, som oppfører seg skikkeleg, ”men det finst unntak blant dei, som blant oss andre”. Fleire av foreldra inkluderte alkoholikarar og sprøytenarkomane i eit mangfald som dei meiner barna har godt av å vere vitne til: Slik vert barna skremt frå å prøve narkotika, samtidig som dei klarer å møte narkomane og alkoholikarar utan å verte livredde. Likevel er det klare grenser for kor nær ein ønskjer å vere menneske med slike merkelappar. Mangfaldet som kulisse kan verte for påtrengjande, ta for mykje plass fysisk sett, kome for tett på og truge tryggleiken både i forhold til romleg fridom og meir grunnleggjande kjensla av å vere heime, kjenne seg trygg.

”Sånne ungar som eg ikkje likte heilt at han skulle vere saman med”

Nokre foreldre nemnde, etter direkte spørsmål frå meg, at det fanst barn i nabolaget som dei oppfatta som skremmande eller uønskte som leikekameratar for eigne barn. Kva type åtferd hos barn vart oppfatta som skremmande og uønskt? Korleis vart slik åtferd tolka? Korleis vart slike barn handsama? Grensene for kva som vart oppfatta som positive og negative forskjellar blant barna var flytande. Nokre forskjellar handla om åtferd som var forskjellig, noko var uønskt åtferd som ikkje vart oppfatta som farleg. Andre forskjellar vart tolka som såpass uheldige at foreldra ønskte å halde eigne barna unna.

Gunnar og Gry meiner at det alltid vil vere barn som foreldre ønskjer at barna deira ikkje skal vere saman med, men at dette i liten grad heng saman med bakgrunnen til barnet.

Med barn i byen

Det er barnet sine individuelle eigenskapar som avgjer korleis dei vurderer barnet. Sjølv når barna har foreldre med like verdiar og normer kan det vere grunn til å overvake og justere barna sine sosiale relasjonar.

HILDE: Er det nokre barn de ønskjer at barna dykkar ikkje skal sjå opp til og etterapa og vere mykje saman med?

GUNNAR: Det var jo eit fullstendig idiotisk spørsmål å spørje ein far om, sjølvsagt!

GRY: Det vil det jo alltid vere, (...) men ikkje fordi dei kjem frå ein lite ressurssterk familie. Det har rett og slett med det barnet å gjere, at det har ei åtferd eller nokre grenser som du ikkje likar i det heile teke. Sånn vil det jo alltid vere, men det er ikkje sånn at eg kan seie at det er fordi dei kjem frå andre kår, altså.

GUNNAR: Men sånn vil det jo alltid vere: at foreldre ønskjer å styre omgangskretsen til ungane sine, det vil vere heilt naturleg, enten det dreiar seg om millimeterjusteringar eller om svære avgrunnar. Hadde vi hatt enorme problem som vi måtte passe oss alvorlig for, med barn av narkomane eller prostituerte, så for all del! Det må vi for all del unngå. Så ville vi vore opptatt av det. Og sjølv om vi no berre har små nyansar, så er vi opptatt av det likevel. Er vi ikkje det? Det har noe med framfusande og balanserte ungar å gjere.

GRY: Det har noko med korleis ditt barn er og korleis det fungerer saman med andre. Og berre små nyansar, viss du føler at eit barn dominerer fullstendig ditt barn, så er ikkje det noko du likar. Men, det er ikkje sånn at det blir noko problem.

Paret insisterer på at dei ikkje bryr seg om barna sin sosiale bakgrunn. Det er barnet sin åtferd som er avgjerande for kva syn dei har på barnet. Slik sluttar dei seg til eit ideal om vere open for barn frå andre bakgrunnar enn deira eigen. Dei individuelle eigenskapane til det einskilde barnet vert vurdert i forhold til korleis dei fungerer i forhold til deira barn sjølv om det berre gjeld små millimeterjusteringar. Men grensa for det trygge vert trekt mot omgang med barn av narkomane og prostituerte. Interessa for barna sin omgangskrets viser korleis foreldra opplever det som eit ansvar å passe på dei sosiale relasjonane rundt barnet.

Hege og Helge bur i eit stort trehus saman med jenta si på ni år og guten på seks år. I den vesle gata deira bur det fleire barnefamiliar, og mange av nabane er akademikarar, akkurat som dei sjølve. Dei oppfattar nabolaget som tett sosialt og har omfattande kontakt med mange av barnefamiliane i nærleiken. Området rundt gata er prega av at folk har ulik bustadstandard, nokre bur i einebustader, nokre i små husvære, nokre i kommunale bustadkompleks. Foreldra seier at dei er mest saman med akademikarar, folk som er ganske like dei sjølve. Samtidig, og kanskje derfor, er dei opptekne av at barna skal få innsyn i ulike måtar å leve på:

HILDE: Du seier at du synest det er positivt med sosial differensiering. Kvifor det?

HEGE: Jo, både for min eigen del og for ungane sin del synest eg det er bra at dei ser at menneske er forskjellige, vi er forskjellige. Viss alle våre venner og nabobar hadde

vore akademikarar, så hadde dei vore litt for like oss, hatt litt for like normer og reglar på ein del ting. Så eg synest det er kjekt at Harald er venn med vaktmeisteren sin son. Eg synest det er berre positivt, for han er ein fantastisk mann, så hyggeleg og kjekk. (...). Så, spesielt det med ulike normer, reglar, aktivitetar som ulike familiar har, for vi klarar ikkje å gi dei alt mangfaldet. Dei må treffe det andre plassar óg.

HILDE: Du snakkar om ulike normer, -klarar de å setje ord på nokre forskjellige normer som de har som de ser at andre familiar har forskjellig?

HELGE: Vi har strengare grenser.

HEGE: Ja, vi er nok strengare, det går på kor små dei er når dei får lov til å gå ut åleine, der er vi relativt strenge og forsiktige. Det går på kva dei får lov til å gjere når dei er heime. Gameboy og dataspel som i alle fall seksåringen elskar, der er vi restriktive, han får ikkje sitje med den for lenge, ikkje kvar dag. Det er ikkje alle andre familiar som har same grenser på det. (...)

HELGE: Og i forhold til fjernsyn. Vi har berre dei kanalane vi får inn på antenna, for å sleppe unna Fox Kids.

Desse foreldra, som oppfattar seg sjølve som strenge og forsiktige, fortel vidare at dei er engstelege for nabobarna som får sykle åleine i gata, og dei synest det er rart når andre foreldre sender barna åleine i akebakken. Likevel opplever dei det ikkje trugande at nokre foreldre i gata har andre reglar for sine barn enn dei sjølve har. Dei bestemmer over sine eigne barn og opplever ikkje at dei må rette seg etter naboa sine reglar. Dei verkar samtidig overtydde om at deira praksis er like god eller betre enn dei andre sin. Mora nemner at dei som foreldre ikkje klarer å gi barna alt mangfaldet og at barna dermed må hente det frå andre menneske. Slik viser ho at ho er klar over sine eigne grenser - for ho trivst best saman med menneske ho oppfattar som grunnleggjande lik seg sjølv. Foreldra trekk fram vennskapen sonen deira har med vaktmeisteren sin son som eit døme på sosialt mangfald. Dei oppfattar forskjellen i utdanning mellom seg sjølve og vaktmeisteren som viktig, som noko som utgjer ein forskjell mellom dei. Dette er ein forskjell som kan føre med seg andre forskjellar som igjen gjer at dei vaksne ikkje knyt nære band med kvarandre. Men det er samtidig ein forskjell som ikkje vert oppfatta som problematisk eller trugande – heller omvendt, som positiv og utviklande. Helge og Hege meiner at dei stort sett er venner med folk som er lik dei sjølve, og meiner at den einsrettinga det kan medføre er uheldig. Det er i lys av dette at ein handverkar vert framstilt som forskjellig frå dei. Ein kan tenkje seg at spennet mellom handverkaren og akademikaren ikkje er så stort. Men for Helge og Hege, som for mange andre, utgjer sjølv små forskjellar ein forskjell. Det er ein forskjell som er der, men som ikkje utfordrar eller trugar deira livsutfaldning.

Samtidig som Helge og Hege ser sosialt mangfald som ein positiv verdi for barna, har dei også hatt ønskjer om at barna deira ikkje skulle utvikle kontakten med ein skilde andre

Med barn i byen

barn. Då det eine barnet deira var to år og plutseleg stod utan plass i barnehagen, tenkte Helge på om han skulle vere heime med barnet:

HELGE: Då oppdaga eg at veldig mange av dei som var heime med ungar, det var helst sågne ungar som eg ikkje likte heilt at han skulle vere saman med. Det var litt utagerande ungar og litt vanskelege ungar. Men det er i grunnen det einaste eg kan kome på. Derfor starta han i barneparken. Det viste seg at dei ungane som vi ikkje ville han skulle leike med, dei var verken i barnepark eller barnehage. Så er det ein del sosialklientell, og ungane ser ut til å vere litt meir utagerande.

HILDE: Ja, slår òg?

HELGE: Slår, og no bannar eg jo sjølv, men eg reagerer når toåringar går rundt og bannar. Følte meg ikkje bekvem med det, i alle fall.

HILDE: Men dei budde her i strøket?

HELGE: Kommunen har ein del bustadar, og alle trekk mot dei same uteområda.

HILDE: Men dei som bur i dei kommunale bustadane, ikkje sant..

HELGE: Det er jo hummar og kanari, det er mange skikkelege menneske og det er mange andre menneske, men det er kanskje menneske med andre verdinormer enn meg, viss eg skal formulere meg litt rundt. (...).

HILDE: Har det blitt sånn at barna har vore lite saman med dei barna som bur der?

HELGE: Nei. Harald hadde ein kamerat, men det var ein innvandrar.

HEGE: Ja, dei hadde masse med kvarandre å gjere. Men han begynte dessverre på ein annan skule, på grunn av skulegrensene, så no har dei mista heilt kontakten.

HELGE: Ein del av dei større ungane som eg ikkje likte at han var saman med der borte, er plasserte i fosterheim, så dei verste utsлага er borte no.

Helge og Hege opplever at dei sjølve knyt band til menneske med overvegande make bakgrunn som dei sjølve har, men at barna overskrid dei sosiale barrierane mellom dei vaksne. Dette ser dei på som svært positivt. Samtidig set dei grenser for kven dei vil at barna skal ha sosial kontakt med og slik inkludere i eit fellesskap. Helge ønskete å halde eigne barn vekke frå vanskelege og utagerande barn. Han slit med korleis han skal formulere det. Han ønskjer å nyansere og strekar under at folk i dei kommunale bustadane, som desse barna kjem frå, er svært forskjellige og ikkje kan skjærast over ein kam. Helge koplar åtferda til barna med at foreldra deira har andre verdinormer enn han sjølv har. Når han karakteriserer dette som å formulere seg rundt, kan det kome av at han opplever dette som eit understatement. Dei andre normene gjer seg utslag i at barna bannar, slår eller er utagerande. At barn har andre grenser for tv-sjåing, dataspel og sykling enn deira barn går greitt. Men når dei andre barna si åtferd kan oppfattast som ein fysisk trussel mot eigne barn, eller som svært dårlege forbilde for eigne barn, vert forskjellane for store til at dei vert oppfatta som positive innslag i eit mangfoldig fellesskap. Det er åtferd og handlingar som skapar mistru og grenser mot andre barn og mot foreldra deira. Eit viktig stikkord i omtalar av barn som ein markerer avstand til, er at barna har utflytande grenser eller grenser som ikkje vert rekna for å vere gode nok. Det

varierer om ein knyt barna si åtferd til individuelle eigenskapar ved barnet eller til eigenskapar eller kategoriar knytt til foreldra deira.

Dårlege foreldre: ”Ungane deira går på sjølvstyr”

Kva kan ein tillate seg å kritisere når det gjeld andre foreldre? Kva foreldrepraksisar vart sett på som uheldige eller for dårlige? Foreldre kan kritiseraast både for kva emosjonelle relasjonar dei har med barna sine, og for korleis dei organiserer oppveksten til barna. Foreldra framsette ideal om å bry seg om indre kvalitetar, framfor ytre former for omsorg, som til dømes å kjøpe dyre klede. Dei refererte slik til ei norm om at foreldreskap ikkje handlar om materielle storleikar. Det handlar om meir usynlege kvalitetar som å vere stand til å sjå barnet sine særeigne behov og ha ei aktiv innstilling til barnet sin kvardag. Korleis foreldra oppfører seg i nærmiljøet kan, som vi skal sjå, også verte oppfatta som ein indikator på om dei er gode foreldre. Denne type kategoriseringar dreiar seg om tryggleik rundt kva som er akseptable og gode normer for foreldreskap.

Ivar og Inger er eit av para som oppfatta nærmiljøet i sentrum av byen som eit tolerant fellesskap basert på ulikskap. Sidan paret la så sterk vekt på kor bra det er å bu omgitt av forskjellige typar menneske, var eg oppteken av å finne ut kven dei oppfatta som like eller forskjellige frå seg sjølve.

HILDE: Det bur jo ein del innvandrarar her, har de blitt kjende med nokon av dei?

IVAR: Innvandrarar er jo ikkje noko einsarta omgrep. Det bur jo masse folk (her) med utanlandsk bakgrunn som vi har mykje med å gjere. Men det er jo, sikkert utan unntak, folk med høgare utdanning, eller folk som driv med kunst på ein eller annan måte.

HILDE: Så er det ei anna gruppe i tillegg?

IVAR: Ja, og dei...

INGER: Har utelukka seg sjølv vil eg seie.

IVAR: Ja.

HILDE: Korleis?

IVAR: Det ser du veldig ofte på skulen når det er arrangement som krev dugnad, 17. mai, liknande ting. Då er det svært få av dei innvandrarane som eg reknar med er asylsøkjarar eller flyktningar, og (har) lite utdanning, dei er svært lite flinke til å delta på sånne arrangement. Ofte viser dei seg ikkje i det heile tatt. Ungane deira går på sjølvstyr. Dei vaksne ser du sjeldan, og du ser svært sjeldan at dei tek ansvar for noko.

HILDE: På kva måte går ungane på sjølvstyr?

IVAR: For eksempel på 17. mai, så går dei rundt og sprutar vann og spring mellom alle andre. Medan andre barn har jo sine foreldre der, som dei spring fram og tilbake til. 17. mai er kanskje ikkje noko godt eksempel, for det har jo ikkje foreldra noko forhold til, men som nye i eit land burde dei kanskje ha sjekka ut 17. mai då. Men du kan sjå det på andre ting, julefestar i gatetunet, for eksempel. Akkurat det same. (...)

Med barn i byen

INGER: Det er veldig synd, det er det. Men det er klart at gjennom skulen så har jo ungane venner, dei har veldig gode kameratar frå andre land. Så der blir det annleis, det gjer det.

HILDE: Ettersom eg forstår, så har utdanning og sosial bakgrunn meir å seie i forhold til vennskap enn etnisitet for barna?

IVAR: Ja.

INGER: Ja, ja. For ungane, sjølvsagt. Dei går på ein skule med folk frå all slags nasjonar, så for dei er det heilt likegyldig.

HILDE: Men likevel så har dei ikkje blitt godt kjent med barn her som har asylsøkjarbakgrunn, eller?

INGER: Nei, og opplevingane dei har hatt med barn med asylsøkjarbakgrunn har vore veldig negative, traumatiske for dei.

HILDE: Kva type?

IVAR: Det er nokre ungar som er valdelege, rett og slett.

INGER: Dei trugar med kniv og slår og slike ting. Ungar som bur her.

HILDE: Kor gamle er dei barna?

INGER: Åtte, ni år, så har det vel vore nokre 12-åringar. Men heldigvis så ser ikkje ungane på at det er nokon som ikkje er norske, eller har norsk bakgrunn, som har gjort det. Det trur eg ikkje at dei gjer, for dei er det eit fett.

Inger peikar på at barna deira sannsynlegvis og heldigvis ikkje relaterer traumatiske opplevingar til at dei barna som oppførte seg truande ikkje har norsk etnisk bakgrunn. Barna til Ivar og Inger har mange gode venner med ikkje-vestleg etnisk bakgrunn gjennom skulen, og foreldra meiner at barna ikkje kategoriserer vennene etter etnisk bakgrunn. Inger og Ivar skil mellom ulike grupper av innvandrarar, dei som har høg utdanning eller har kunstnarbakgrunn, og innvandrarar som ikkje har slik bakgrunn. Dei har venner frå mange forskjellige land, men desse vennene har dermed eit felles kulturelt utgangspunkt. Dei meiner at nokre innvandrarar skil seg ut negativt og utelukkar seg sjølve frå fellesskapet av barnefamiliar i nablaget, fordi dei er lite synlege i samanhengar der foreldre ofte treffest. Nokre av dei samanhengane innvandrarforeldra ikkje tek del i, er knytt til nasjonen Noreg og til kristne religiøse tradisjonar. Dei reiser slik eit implisitt krav om at menneske som flyttar til Noreg frå andre land bør tilegne seg desse norske skikkane.

Dugnad, som dei kritiserer innvandrarar for å unngå å stille opp på, og som er ein kjend kritikk mot innvandrarar i det offentlege ordskiftet, har ei sterk symbolsk funksjon i det norske samfunnet (Ekne Ruud 2003, Klepp 2001:82). Dugnad vert tolka som uttrykk for lojalitet og solidaritet, som uttrykk for viljen til å bidra i samfunnet. Dugnaden vert vurdert som like norsk og nasjonal som nasjonaldagen, og det er derfor kanskje ikkje tilfeldig at desse to momenta vert nemnde i same andedrag. Å unnlate å møte opp på dugnaden kan tolkast som ei avvisning av det lokale fellesskapet, men også som ei manglande tilslutning til ein høgt skatta nasjonal verdi.

Både Ivar og Inger markerer avstand til dei som ikkje er med på å ”gjere noko for fellesskapet” gjennom dugnadsinnsats og liknande og dei som ikkje bruker tid saman med barna sine i slike offentlege samanhengar eller på offentlege plassar ute.

INGER: Så får jo ikkje ungane den rettleiinga som barn får når foreldra er saman med dei. Så, meir valdelege er dei jo ofte.

IVAR: Det er jo òg ungar som har valdelige trekk, dei får lite korreks, så det får lov til å utvikle seg.

INGER: Det er kjempetrist. Det er det.

HILDE: Grip de inn når de ser barn som oppfører seg over grensene?

IVAR: Ja da.

INGER: Men ein må jo gjere det på ein måte som ikkje er dum for dei. Men vi har jo gripe inn.

IVAR: Ja. Når vi har budd i sentrum, så har eg blitt sånn at ein må seie frå om ting som er galt. Det er hundeeigarar som går med lause hundar, som alltid blir fornærma og sinte. Trafikkantar som køyrer gjennom der det ikkje er lov til å køyre. Og ungar som ikkje har foreldra til stades som kan irettesette når det er naudsynt.

Når informantane ser barn som overskrid deira grenser for god oppførsel, som å vere utagerande eller valdelege, skuldar dei det i stor grad på foreldre som ikkje er til stades for å korrigere barna. Mange av informantane sluttar seg slik til norma om at foreldre bør ha tett kontroll med barna sine og til tanken om at barn i det offentlege rom i utgangspunktet er foreldra sitt ansvar, foreldra sin private eigedom. Å gripe inn overfor andre barn enn eins eigne, er noko ein gjer dersom foreldra deira ikkje er til stades. Denne norma vart uttrykt av mange av informantane. Men når foreldra er fråverande, kan andre foreldre tillate seg å snakke til barn som har gjort noko gale. Fråverande foreldre vert kategoriserte i same bås som folk som bryt trafikkreglane, så klar er norma om å vere nærverande som foreldre.

Ivar bruker uttrykket ”ungane deira går på sjølvstyr” om foreldre han markerer avstand frå. Dette uttrykket vart brukt av fleire foreldre som eg intervjuia, som ein karakteristikk av foreldre som ikkje følgjer barn godt nok opp. Mange foreldre peikte på eit skilje mellom barna med foreldre som er engasjerte i barna sine på ein måte som er synleg for andre foreldre, og barna med foreldre som verkar usynlege for andre foreldre. Nokre arenaer er det symbolsk viktig at foreldre er synlege på. Det kan vere foreldremøte, dugnader i nærmiljøet, på fritidsaktivitetar, i akebakken, og å vere til stades i offentlege rom ute som parkar og gatetun. Kravet om at foreldre skal vere synlege som foreldre for andre kan minne om mekanismane knytt til krava husmødrene på 1950-talet hadde til å halde heimen prikkfri for støv og skit (Danielsen 2002a:68). Husarbeidet fekk ein symbolsk verdi, fordi det var ein målbar måte å vise at du var ei god husmor på samanlikna med mange av dei andre krava knytt til husmorrolla. Akkurat som husmødrene sette æra si å halde heimen feilfri, set foreldra

Med barn i byen

æra si i å følgje barna opp og vere nærverande i livet til barna. Dette vert ein moralsk dimensjon som er ein konkret, ytre målestokk nærmiljøet kan måle foreldra i forhold til. Å delta er ein målbar måte å vise at du er ein god forelder på, både for deg sjølv og andre. Ivar og Inger meiner at dette skiljet i foreldrepraksisar, mellom synlege og usynlege foreldre, påverkar åtferda til barna.

INGER: Det er jo veldig annleis frå når vi var barn, vi er utruleg mykje ute med ungane. Vi er saman med ungane døgnet rundt, eigentleg. Dei kan gjerne gå ut 10 minutt før oss eller ein halv time. Så kjem vi med kaffikoppen når det er sommar eller med eit nytt akebrett når det er vinter. Der er det jo kraftige skilje for barn. Det gjer dei fleste vaksne her. Men då har du den innvandrargruppa, og nokre få andre, norske familiar, må eg vel kanskje seie, det er vel lov til å seie at det er familiar med, kva skal eg seie?

IVAR: Liten eller ingen høgare utdanning?

INGER: Ja. Som òg sender ungane ut, det er klart ungane har det godt, dei har det ikkje vondt fordi dei går åleine. Men det er klart at det blir eit voldsamt skilje. Deira foreldre kjem ikkje ut i parken og et middag, for å seie det sånn. Sjølv om dei kan få mat til seg, så er det klart at det er annleis for dei.

IVAR: Dei går heller ikkje ut og ser om ungane er blitt klissvåte når ungane akar på akebrett i sludd og sørpevår i mange timer.

INGER: (...) Dei har jo ein kjempefordel og tryggleik dei ungane som har foreldra der. Og det blir eit kraftig skilje.

HILDE: Så de opplever at de bur i et miljø der foreldra er ganske opptatt av barna, inkluderer barna mye?

INGER: Ja.

IVAR: Dei fleste. Men du ser heilt klart klassekilje, eller kva du skal seie?

INGER: Skumle skilje, det er det.

Det er problematisk å peike på slike skilje og attpåtil kople dei til utdanning og klasse. Ivar og Inger leitar etter orda når dei skal omtale dei sosiale skilja og korleis dei fungerer. Dette er eit ubehageleg emne, det er vanskeleg å finne dei rette formuleringane og omgrep som er presise nok. Vanskane med å formulere seg om slike forskjellar mellom folk kan henge saman med ein likskapstankegang: alle er like mykje verdt, og kategoriseringar forenklar samanhengane dei ønskjer å peike på. Men både Ivar og Inger meiner at det vert skilje mellom barna basert på korleis foreldra deira er, og endar med å bruke slike kategoriseringar. Dei bruker både klasse, etnisitet og utdanning som kategoriar som skil foreldrepraksisar frå kvarandre, praksisar som vert vurdert som gode og därlege. Sjølv har dette paret kort (Inger) og lang (Ivar) høgskule- og universitetsutdanning. Dei opplever at foreldre med kort utdanning er mindre synlege i det offentlege rommet ute enn foreldre med lang utdanning, folk med arbeidarklassenbakgrunn mindre enn folk med middelklassebakgrunn og etniske minoritetar

mindre enn folk med etnisk norsk bakgrunn. Som fleire andre informantar bruker dei klissvåte barn åleine i akebakken som eit bilde på barn som går på sjølvstyr.

Å forvente som ein sjølvsagt ting at foreldre skal følgje barna i akebakken, er eit uttrykk for normer i samtid om at barn ikkje kan ordne slikt sjølve. Mykje tyder på at slike forventningar ikkje var utbreidde verken på 1950- 60- eller 1970-talet, noko Ivar og Inger også reflekterer over.

IVAR: Eg trur det er nødvendig for sosial stabilitet og tryggleik at vaksne på ein måte seier frå og grip inn når det er nødvendig.

INGER: Men sånn var det jo ikkje i vår oppvekst. Vi gikk jo også på sjølvstyr. Men det var heilt sosialt, sånn det skulle vere, det var heilt spesielt viss ein vaksen kom ut.

IVAR: Det har nok forandra seg mykje.

INGER: Ja, eg trur det.

IVAR: Eg budde i Oslo i delar av oppveksten min. Eg hugsar at eg var fryktelig mykje ute og sykla åleine då eg var åtte år, i tildels kraftig, sterkt trafikk, det var livsfarleg, eg heldt på å bli overkøyrd fleire gongar.

Ivar og Inger har ei oppleving at dei har betre oversikt over barna sine enn deira eigne foreldre hadde over dei. Dei peikar her på korleis dei romlege grensene for barn har endra seg dei siste tiåra. Det som var ålmenn og akseptabel åtferd blant husmødrer på 1950 eller 1970-talet, vert nærmast sett på som vanskjøtsel, eller i alle fall usosial åtferd, i dag.

Sosialantropolog Hilde Lidén referer til ein forskjell mellom etniske majoritetar og minoritetar i bruken av fysisk rom utandørs i byen:

-Hele den norske barndommen er knyttet til forestillingen om å være ute og leke. I indre by er det ofte innvandrerbarna som gjør det. Det er et paradoks at etnisk norske barn er mer inne og driver organiserte aktiviteter, og i mye mindre grad leker i gatene slik den noe mer romantiske forestillingen om den gode barndom har vært (Aftenposten 06.05.04).

Lidén trekk her fram trekk som kan vise til likskapar mellom ideala for husmødrene på 1950-talet og praksisen til einskilde innvandrarmødrer i dag. Det aukande kravet foreldre i Noreg har til å ha kontroll over kor barna er og kven dei er saman med, er ein tendens som gjer seg gjeldande over heile den vestlege verda. Den amerikanske sosiologen og barneforskaren Barrie Thorne peikar på at foreldre i USA, opplever det som eit tap at barna deira har mindre romleg fridom enn dei sjølve opplevde i sin barndom (Thorne i intervju med Heggli 2003:8). Vemodet over den krympa romlege radiusen til barna vart uttrykt av foreldre som sjølve hadde vakse opp både i USA og i ei mengde andre ulike land (ibid.). Også i Noreg er det vanleg å snakke om at barn har mista fridom fordi dei vert overvakta av vaksne i større grad enn før (Gullestad 1997). Foreldre i denne studien er ambivalente i forhold til dei auka

Med barn i byen

krava om kontroll over barnet i tid og rom. Dei meiner det er viktig med fri leik og at barna får ro og rom til å drive med eigne ting, men dei viser også, ved sin kritikk av andre foreldre, at dei sluttar opp om norma om tett kontroll med barn. Verken Ivar eller Inger er nostalgitiske overfor den romlege fridommen dei sjølve opplevde som barn. Dei meiner at relasjonane mellom vaksne og barn får betre kår med dei auka krava til oversikt over kor barn er i tid og rom, til krav om samvær med vaksne og emosjonell nærliek som råder i dag.

Då eg bad foreldra om å tenkje over kva som gjorde at dei identifiserte seg mindre med nokre foreldre enn med andre, var det fleire som peikte på at normene for korleis dei la opp familielivet skilde eller knytte dei saman med andre barnefamiliar. Dette argumentet framheva også Ivar og Inger som viktig for kven dei ønskjer å vere saman med. Familiane som dei sjølve held saman med, er mykje saman med barna sine. Foreldra som dei tillet seg å kritisere, er ikkje med i denne omgangskretsen. Når andre foreldre ikkje tek del i fellesskap rundt barna, når foreldra ikkje er synlege i dei offentlege uteromma, vert det tolka som at dei er fråverande foreldre. Grunnlaget for det tette naboskapet dei har utvikla, er at dei deler noko meir enn same fysiske forankring med naboane. Dei har mest omgang med folk som er i same livsfase, oftast med andre barnefamiliar som har like normer for barneoppseding:

HILDE: I sosial bakgrunn eller jobbtype, er dei like eller forskjellige frå dykk?

INGER: Eg vil jo sei at dei er like oss. Det er vel kanskje det som er, litt følt å seie, men det som er litt tiltalande ved ein by.

IVAR: Det blir jo det.

INGER: Mest det, ja.

IVAR: Det er sånn som er politisk ukorrekt å si: Liker best dei som er som meg sjølv.

INGER: Ja, eg likar dei best.

IVAR: Likar kunstnarar og intellektuelle og sånn.

INGER: No treng vi ikkje å seie det meir. Men det er jo veldig fint med bydelen sånn sett.

HILDE: Det er ei veldig sånn oss kjensle då, med dei som de omgåast?

IVAR: Nei, ikkje noko sånn...

INGER: Ikkje noe sånn, at andre ikkje får vere med eller sånne ting.

IVAR: Nei, men måten vi er saman med folk på, måten vi omgås på, er mykje at ungane kan vere saman med oss viss dei vil. Viss vi skal ete fin middag og drikke vin om kvelden, så er ungane med, så lenge dei har lyst, så får dei legge seg eller leike eller eit eller anna. I og med at vi tenker på den måten, så blir det folk i tilsvarende situasjonar vi er mykje saman med.

Ivar og Inger verkar brydde over å innrømme at dei føretrekk å vere saman med folk som liknar dei sjølve, spesifisert til andre kunstnarar og intellektuelle. Dei viser til at det er politisk ukorrekt og pinleg, men meiner at det er riktige å innrømme både for seg sjølve og meg at det er slik dei vil ha det. Tilgangen på slike menneske er noko dei set pris på med bustadmiljøet. I

tillegg til at det er behageleg å vere saman med folk med like verdiar, framstiller dei det som praktisk å vere saman med familiar som har make normer for korleis dei organiserer familielivet. Å bu ein plass som gjer nære sosiale relasjonar med utvalde andre moglege, er ein viktig kvalitet ved nærmiljøet.

Ivar og Inger opplever at folk rundt dei praktiserer ulike former for foreldreskap. Dei som dei meiner er gode foreldre, og som dei knyt nære band til, deler grunnleggande ideal og praksisar knytt til foreldreskap og familieliv. Desse normene handlar om å vere synlege, engasjerte og til stades i barna sine liv. Forskjellar knytt til etnisitet, sosial bakgrunn og klasse vert underordna kravet om tilslutning til desse overordna normene om korleis foreldre bør vere. Dei som deler desse normene har make bakgrunn som Ivar og Inger. Dette foreldreparet har sjølve reflektert over det spesifikke med desse foreldreidealane i tid og rom, dei har andre ideal enn foreldra sine og enn nokre av naboaene. Forskjellane blant foreldra er synlege, krava er uttalte nettopp fordi nokre ikkje oppfyller krava.

Foreldra snakka ivrig om kor bra det var med sosialt og kulturelt mangfald og tok ofte opp dette temaet sjølve utan at eg spurde konkret om det. Når grensene for det positive mangfaldet kom opp som eit tema i intervjuet, var det ofte eit resultat av pågåande spørsmål frå mi side. Spørsmål om kven foreldra ikkje ønskte at barna skulle ha omgang med, eller kven dei sjølve ønskte å halde seg unna, var dei meir uviljuge til å prate om. Det var kanskje ubehageleg å setje ord på kjensler og handlingar som dei ikkje var stolte over. Samtidig tyder nølinga og veginga av ord på at det var vanskeleg å finne eit presist språk å formulere slike kjensler og erfaringar i.

Mange av informantane syntest det var ubehageleg å kategorisere andre på ein negativ måte, sjølv når dei refererte til episodar dei opplevde som svært negative. Dei ønskte ikkje å stille seg til doms over andre, særskild viss dei opplevde at dei omtalte menneske som er rangert lågare på den sosiale rangstigen enn dei sjølve.⁶⁹ Nokre uttrykte også ambivalens knytt til å omtale andre på ein måte som kan oppfattast som kategoriserande i det heile teke. Det er då sjølve prinsippet med å kategorisere andre som ei gruppe dei har vanskar med. Dette kan knytast til ein sterk vilje til å forstå seg sjølv og andre som særeigne individ. Informantane brukar ofte uttrykk som ”dei er forskjellige som oss andre”, ”det er ikkje ei einsarta gruppe” når dei knytte negative karakteristikkar ved eit menneske til kategoriar det menneske høyrdet til. Dei våga seg til å karakterisere samanhengar mellom åtferd og

⁶⁹ Ei forskargruppe som har studerte val av barnehage og skule blant middelklasseforeldre i London fann tilsvarande fenomen. Mange av informantane såg etnisk og sosialt mangfald som eit gode for barna, men dei vart språkleg usikre og diffuse når dei omtalte ”dei andre” foreldra, som foreldre med minoritetsbakgrunn eller fattige foreldre (Ball et al 2004:486).

Med barn i byen

kategoriar etter å ha mumla noko om ”kva skal eg seie?”, eller la inn ein refleksjon om at ”eg veit det kan vere fordommar frå mi side”. Samtidig gav dei uttrykk for at dei snakka om forskjellar dei opplevde som verkelege. Dei snakkar då om forskjellar knytt til utdanning, sosial bakgrunn, klasse, rusbruk og etnisitet. Dette vart opplevd som kategoriar som kunne utgjere ein forskjell, men som ikkje trengte å gjere det.

Dei nære fellesskapa familiane omgir seg med på fritida er bundne saman av folk som har make reglar og normer for barna. *Vi* er sameint gjennom å vere aktive, synlege foreldre som oppfattar barnet som eit menneske med særeigne behov. Dei potensielt farlege andre, som narkomane og fyllikar får vere der i bakgrunnen, men bør ikkje kome for tett på, verken romleg eller sosialt. Dei andre som ein ikkje fryktar, men som ein likevel ikkje vil bruke tid saman med, er folk som ein meiner er därlege foreldre. Dei som informantane meiner er därlege foreldre, har ofte ein annan bakgrunn enn dei sjølve har. Fleire foreldre uroa seg for om omgangskretsen var for lik, det gir for därleg bilde av verda. Det er trygt å vere saman med folk som stadfestar normene dine. Men verdien om tryggleik balanserer mot verdien om fridom. Tryggleik kan vippe over til å representera tvang om normene vert for einskaplege.

Grenser for kommunikasjon

Forhandlingar om forskjell og likskap kan få ulike konsekvensar. Det kan føre til opne konfliktar om korleis plassar bør brukast og barn oppsedast. Ein strategi kan vere å la vere å bry om dei andre som er ”remote in their ways despite their nearness to everyone” (Allen 1999:85). Ein kan velje å trekke seg tilbake, og berre ha omgang med dei som stadfestar felles normer. Samtalar med dei andre kan unngåast, kontakt med uønska andre treng ikkje å utvikle seg nærare. Dette vert rekna for å vere eit typisk trekk ved byar av ein viss storleik. Det er også ein ettertrakta kvalitet som informantane set pris på med bylivet. Samtidig gjer statusen å vere foreldre at foreldra til ei viss grad må samarbeide med andre foreldra om barna. Eg vil no ta opp grensene for kommunikasjon ved å ta opp ein situasjon der ulike foreldre vert tvungne til å samarbeide om barna, undersøkje kven som vert ekskluderte som kommunikasjonspartnarar om barn og kven ein aktivt vel å unngå som omgangsvenner.

Tvungen kommunikasjon: familiegrupper

Familiegruppene kan oppfattast som eit tvungent mangfold. Som vi har sett såg foreldra på sosialt mangfold i bustadmiljøet som ein svært positiv verdi, samtidig som dei fleste av dei enda opp med å halde seg saman med familiar som likna på dei sjølve. I ein by er det mange måtar å unngå andre menneske på. Ein treng ikkje knyte band med andre berre fordi dei er

naboar, og ein kan aktivt sørge for å ha omgang med folk som ein identifiserer seg med. Dei andre, dei som representerer den ulikskapen som gjer at ein kan oppfatte seg sjølv som del av eit mangfald, vart slik haldne på armlengds avstand. Den positive innstillinga til mangfaldet vert dermed ofte ikkje sett på prøve gjennom samhandling med menneske som ein i låg grad identifiserer seg med. Det er derfor interessant å analysere situasjonar der foreldre vert tvungne til å samarbeide om barna med foreldre som dei ikkje har valt å vere saman med sjølve. Kva er det som skjer når ideen om det inkluderande og positive mangfaldet vert sett på prøve gjennom tvungen samhandling?

I dei delane av Bergen der informantane bur, treffest barn med forskjellig sosial bakgrunn gjennom skulen. Ved val av fritidsaktivitetar og gjennom bruken av offentlege areal utandørs kan ein danne nettverk av familiar som har felles preferansar, og ein kan unngå å møte folk ein oppfattar som for forskjellige. Men den offentlege skulen er framleis eit møtepunkt for forskjellige barn og til ei viss grad også foreldra deira. I forhold til bobla Tim Butler karakteriserer livet i indre London som, der folk frå ulike klassar har høve til å unngå å møte kvarandre (Butler 2003), er det vanskelegare å unngå *dei andre* for barnefamiliar som bur i bykjernen i Bergen. Tradisjonen for private skular er svak i Noreg og fritt skuleval er eit nytt fenomen. I Oslo er det ein tydeleg tendens at middelklasse eller etnisk kvite foreldre i indre bydel sender barna til private skular (Bjørnskau og Hjorthol 2005).

Kva skjer når foreldre må samarbeide om barna med andre foreldre gjennom skulen? Ein arena for slik samhandling basert på tilknyting til skulen er *familie- eller venegrupper* som har utspring i klassane, eller trinna, barna går i.⁷⁰ Nokre stader vert gruppene kalla familiegrupper, andre stader venegrupper, men desse namna viser til det same fenomenet. Ulike elevar i ein klasse vert sett saman av læraren, og opplegget er at elevane skal besøke kvarandre i sin eigen heim på fritida for å verte betre kjende. Det kan også vere eit mål at foreldra skal verte kjende. Læraren set ofte saman elevar som er lite saman på skulen. Talet på elevar i ei slik gruppe varierer mellom fire og seks. Gruppene vert ofte brukt i første og andre klasse for å hjelpe elevane og foreldra deira til å verte betre kjende med kvarandre, og som eit førebyggjande tiltak for å sikre eit godt sosialt miljø i klassen. Det er foreldra som organiserer desse gruppene, men etter tilrådingar frå læraren, eventuelt etter ein diskusjon på eit foreldremøte. Gjennom foreldra sine opplevelingar med desse familie/venegruppene får vi innsyn i dei konfliktane som kan oppstå når ulike foreldre må samarbeide om korleis barna skal ha det.

⁷⁰ Omgrepet trinn har vorte innført i staden for ordet klasse om dei gruppene barna er del av på skulen i 2004. Då eg samla inn kjeldemateriale, heitte det klasse, så foreldra brukar det ordet.

Med barn i byen

Ein av dei pedagogiske ideane bak familiegruppene er at elevar som ikkje fungerer bra saman på skulen kan få eit nytt forhold til kvarandre gjennom å gjere noko saman på fritida. Familiegruppene har vorte stadig meir utbreidd dei siste åra, ut frå eit ønske om å integrere ulike barn betre og for å utjamne skilnadene mellom ulike familiar (Ericsson og Larsen 2000). Slike familiegrupper kan også oppfattast som samfunnets forsøk på å bøte på skadane etter prosessar som urbanisering og individualisering med ei tenkt utarming av sosiale nettverk som resultat. Familiegruppene rører seg på mange måtar i skjeringspunktet mellom privat og offentleg då dei går føre seg i folk sine heimar i fritida deira, samtidig som det er ein offentleg institusjon som har teke initiativ til gruppene. Gjennom familiegruppene vert foreldra konfronterte med *dei andre* i sin eigen heim, noko som kan vere med på å utvide deira forståing av kven vi er. Dei som vel vekk gruppene, ekskluderer seg sjølve og barna sine frå eit fellesskap, noko som kan oppfattast som trugande av dei som er med.

Mange av informantane hadde erfaringar frå å vere med i slike familie- eller venegrupper. Det viste seg at desse familiegruppene i ein del tilfelle var gjenstand for sterke konfliktar. Eg var også vitne til kor amper stemninga vart på eit foreldremøte i ein klasse der dei diskuterte om dei skulle forsetje med slike foreldregrupper. Mange av foreldra som var positive til gruppene, sa under diskusjonen at dei hadde därleg tid, og at dei gjorde dette for barna, meir enn for sin eigen del. Slik vart deltaking i desse gruppene sett fram som noko moralsk høgverdig, ein måte å vere gode foreldre på. Det vart også diskutert at dette var eit høve for barna til å vere med barn dei elles ikkje var saman med. Kjønnsblandinga i gruppene vart teken godt i mot, elles var kjønna sjeldan blanda på slike heimebesøk. Nokre ville gjerne ha nye grupper, for å verte kjende med nye barn. Fleire av foreldra tok opp at dei syntest det var viktig at barna ikkje splitta seg for mykje opp i smågrupper, og meinte at familiegruppene kunne vere positive verkemiddel for å hindre slike tendensar.

Etter at intervjuet med Svein og Sigrid, som er foreldre til to barn, var ferdig, snakka vi vidare om tema frå intervjuet (eg hadde pakka saman opptaksutstyret, men bad om lov til å notere). Sigrid fortalte at ho hadde vore på eit foreldremøte dagen før, der stemninga hadde vore betent. Foreldra hadde kome i open konfrontasjon med kvarandre om organiseringa av familiegruppene. Sigrid karakteriserer foreldra i klassen som lite homogene:

I klassen til dotter vår har vi alle typar folk, ikkje berre høgt utdanna, som mange trur. Familiar med sterkt og svakt økonomi har barn i same klasse i dette området. Det verkar som om familiene har forskjellige verdiar, og nokre gongar fører dette til konfliktar mellom foreldra. Det som burde vere eit felles mål for foreldra – å skape eit godt klassemiljø – vert vanskeleg fordi foreldra mistenkeleggjer kvarandre. Foreldra oppførte seg verkeleg uforskamma mot kvarandre på dette foreldremøtet.

Sigrid oppfattar familiegruppene som eit viktig bidrag i samarbeidet mellom heim og skule.

Poenget er at dei to sfærane heng saman. Men så skjærer det seg. Folk har ulike oppfatningar, nokre synest det er for mange aktivitetar, andre synest det er for få, nokre vil at det ikkje skal koste noko, andre bryr seg ikkje om at det vert ein del utgifter på familien. Nokre ser ikkje behovet for desse gruppene, og ser ikkje det førebyggande aspektet.

Sigrid og Svein synest det er viktig med den foreldreomgangen som familiegruppene oppmuntrar til, og har lita forståing for dei foreldra som ikkje tek del i dette opplegget. Sigrid og Svein meiner at poenget med gruppene er at barna skal få kome heim til kvarandre og sjå korleis dei andre elevane bur. Men nokre familiar tek barna med på MacDonalds og kino, dette likte ikkje Sigrid og Svein. Det var feil aktivitet.

Dotter vår vart så skuffa, ho hadde glede seg til å kome heim til familien og i staden vart barna tekne med på Macdonalds og kino. Ikkje likar ho maten der og så var det feil film. Vi synest at poenget med familiegruppene fell vekk når det vert lagt opp på den måten. Dessutan kan det føre til eit press om at alle skal ta med barna på dyre aktivitetar. Men så er det nokre som drøft i at andre ikkje har råd til å ta barna med på dyre aktivitetar. Dei seier at det er deira fulle rett å gjere det dei vil, og det er rett før dei viser kontoen sin! Så er det åleineforsørgjarar som også er negative, som synest det vert for dyrt og for stressande å ta imot familiegruppa. Så det er yttersidene økonomisk sett i klassa som er mest negative til familiegruppene. Dei med god råd kjøper seg ut av å invitere barna heim. Dei ser ikkje vitsen med å ha kontakt: "Det er ikkje mobbing i klassen", "Kan vi ikkje ta det når det kjem?". Samtidig er det gjerne ei åleinemor med lite plass som inviterer barna heim til seg.

Svein og Sigrid har sjølv eit lite husvære, samanlikna med mange andre i klassen. Då familiegruppa var heime hos dei, var det eit av barna som kommenterte at dei berre hadde eitt bad. Men det taklar både dei og barna. Sigrid og Svein er engasjerte når dei fortel om konfliktane rundt familiegruppene, og er oppgitte over "foreldre som ikkje klarer å gjere noko som er bra for barna. Vi ser jo at barna set veldig pris på å få kome heim til kvarandre. Det er foreldra som har problem med dette opplegget".

For Svein og Sigrid handlar familiegruppene om å prioritere barna, setje deira behov først. Dei oppfattar sitt eige husvære på 50 kvadrat som därlegare enn ein gjennomsnittleg standard, både når det gjeld storleik og innbu, og har fått kommentarar som tyder på dette frå både familie og vener. Likevel kostar det ikkje mykje å invitere framande heim til seg. Dei oppfattar seg sjølve som ein ressursrik familie på andre felt enn dei materielle, og treng ikkje å skamme seg over ein standard som dei reknar med at ein del andre ville ha vore flauge over. Dei meiner at familiegruppene er såpass viktige for barna at dei har lite forståing for foreldre

Med barn i byen

som er negative til desse gruppene. Gjennom å kople deltakinga i familiegruppene til å setje barna sine behov først, feller dei indirekte sterke moralske dommar over dei som ikkje vil støtte opp under gruppene. Dei som er mot gruppene eller kjøper seg ut, kan oppfattast som late og lite bevisste foreldre, fordi dei ikkje er viljuge til å gjere ein innsats for barna sitt beste. Og det er vanskeleg å opponere mot det argumentet.

Det er sannsynleg at nokre foreldre bøyer seg for det dei oppfattar er foreldrefellesskapet sine normer for korleis dei bør oppføre seg. Kanskje dei stiller opp for familiegruppa sjølv om dei heller kunne tenkt seg å kutte det ut. Ein form for reaksjon er å la vere å invitere familiegruppa heim til seg utan å gi klar beskjed om at ein ikkje ønskjer å vere med. Mange av foreldra fortalte at familiegruppene som barna var med på, hadde stoppa opp fordi nokre foreldre ikkje følgde opp då det var deira tur til å invitere. Foreldre kan protestere ved å la vere å følgje opp familiegruppene. Men det kan gå ut over barna – deira barn vert det einaste som ikkje får invitere medelevane heim til seg - og derfor er det vanskeleg å gjennomføre for nokre foreldre.

Kva problem er det familiegruppene skapar? Dei krev oppslutning om prosjektet om at barn sine sosiale relasjoner bør forvaltast av vaksne, i dette tilfelle både av skule og foreldre. Familiegruppene gjer at forskjellar blant foreldre vert synlege og aktualiserte, til dømes forskjellar i storleik og standard på bustaden og forskjellar når det gjeld økonomi, til kva ein har råd til å koste på familiegruppa. Eksponering av forskjellar kan vere vanskeleg å takle, både for dei som skil seg ut som velståande eller som fattige. I tillegg møtest ulike normer for korleis gruppene bør gjennomførast. Å ta med barna på Macdonalds kan tolkast som eit uttrykk for å prioritere barna for nokre foreldre, fordi dei har råd til å gjere det, eller fordi dei tek seg råd til å gjere det trass i därleg økonomi. Andre kan tolke eit besøk på Macdonalds som å kjøpe seg vekk frå omsorga for barna. Å kjøpe seg ut av omsorga for barn er ein forskjell i normer som ikkje vert oppfatta som ein positiv del av mangfaldet i byen. Barnet er ikkje i sentrum som prosjekt for foreldra i tilstrekkeleg grad. Det er meir legitimt å kritisere dei som er rike eller verkar ressursrike på andre vis, enn å kritisere menneske som til dømes har därleg råd, eller er åleineforsørgjarar.

Konfliktane rundt familiegruppene syner kor vanskeleg det kan vere å einast om felles normer for barna. Motsetningsfulle normer og verdiar vert tydelege når ein må samarbeid med folk som ein ikkje har valt å vere saman med sjølve. Dette dømet viser grensene for fellesskapet blant foreldre med barn i same klasse. Grensene går her mot folk som representerer det vellukka, men som likevel ikkje lever opp til normene om å vere gode foreldre. Konfliktane rundt familiegruppene handlar om ulike syn på korleis barn bør

oppesdast, om moral. Dette er konfliktar som kan opplevast som irriterande, men som likevel ikkje trugar tryggleiken til den einskilde på ein grunnleggjande måte.

Å unngå kommunikasjon

Å unngå kommunikasjon kan vere ein måte å handtere mangfald på. I ein by vil det vere mange måtar å unngå andre på. Nokre kan ein likevel ikkje unngå å treffe, men ein kan la vere å kommunisere med dei. Mona og Mads fortalte, som mange av foreldra, at det skulle mykje til for å bryte tabuet om å kommentere andre si barneoppseding. Mona reagerte samtidig sterkt på kva ho såg at andre sine barn gjorde, som å henge på Torgallmenningen, vere seint ute og treffe eldre barn.

HILDE: Men det har aldri vore sånn at du kunne tenkt deg å ringe til foreldra til barna og sagt at no såg du barnet gjere det og det?

MONA: Det er ein veldig touchy sak for nokre foreldre. Kunne ikkje tenkt meg å ringe og sagt noe, men i samtale har vi diskutert det. "Får ho lov til det?", kan eg ha sagt, "Det får ikkje mitt barn lov til". "Jo, men eg stoler på dei!". Og då skjønte eg, då har eg ingenting å diskutere med dei, for vi har så forskjellig haldning.

Mona viser her til ein episode der ho prøver å ta opp barna si åtferd med foreldra, men trekk seg tilbake fordi ho opplever at dei er for forskjellige til at kommunikasjonen vil fungere. Mads presiserte at dei aldri har hatt ein slik type samtale med andre foreldre. Barrieren for å ta opp problem med andre foreldre knytt til barna deira, er høg. Det er ikkje slikt ein gjer. I eit hypotetisk tilfelle, dersom dei skulle gjort det, måtte det anten vere noko akutt eller:

MONA: Vi ville gjort (det), veit ikkje korleis eg skal forklare det... men viss det var folk som var likestilt med meg sjølv, som du har ein jann dialog med.

HILDE: Som dei du oppfattar som meir lik deg sjølv?

MONA: Ja, som eg opplever som lik meg sjølv, som har same haldning til ting.

Så kan eg, "Fekk ho lov til å gjere det? For eg så ho der og der". Men folk som eg veit har andre haldningar, då når ikkje mine tankar fram uansett.

HILDE: Nei. Men du opplever at det er eit skilje her då?

MONA: Ikkje nødvendigvis her. Men det vil det vere på alle plassar, om du så bur her eller venner av meg som bur ute på Bønes, som har forskjellige haldningar til ting.

Mona skil mellom dei ho kjenner seg på like fot med, som ho er viljug til å diskutere med, og dei som "har andre haldningar", som ho er meir skeptisk til å inngå i dialog med. Etter eit spørsmål frå meg spesifiserer Mona kva ho legg i å ha ein jann dialog med andre menneske. Ho svarar at ho kjenner seg likestilt med dei som ho oppfattar å vere lik ho sjølv, som har same haldningar. Overfor dei som er for forskjellig frå ho sjølv, ser ho ikkje noko poeng i å ta opp episodar som ho sannsynlegvis hadde teke opp om ho hadde eit anna forhold til foreldra.

Med barn i byen

Mona er med i ein venninneklubb der dei diskuterer normene for barna ganske fritt, noko ho koplar til at ”der er ingen betre enn den andre”. Når ein kjenner seg likeverdig, kan det vere lettare å føre fram kritikk enn om ein kjenner seg overlegen eller underlegen dei ein snakkar med. Mona forklarte vidare at ”Så vil du jo helst vere saman med (...), i alle fall i vaksen alder, dei som er meir lik deg sjølv. Då går ting automatisk”. Fleire av informantane gir inntrykk av at det er både praktisk og behageleg å vere saman med folk som har om lag make normer og rutinar som dei sjølve har.

Ved å unngå kommunikasjon om barn eller samvær med foreldre som har andre normer enn ein sjølv har, vert ulike ideal for barneoppseding ikkje tekne opp til open diskusjon. Foreldra slepp ubehagelege konfrontasjonar, kjensler av å overfuse eller opptre nedlatande overfor andre, eller å få stilt spørsmålsteikn ved eigen foreldreapraksis. Foreldra er sannsynlegvis nøgde med å sleppe å eksponere ulike synspunkt på kva som er barnas beste fordi dette kan føre til ubehagelege samtalar. Ulike normer lever slik side ved side, men utan å verte konfronterte med kvarandre.

Mange av foreldra eg intervjuja, hadde lite kontakt med ikkje-vestlege innvandrarar. Dei uttrykte at det var positivt for barna å omgåast barn med anna kulturell eller etnisk bakgrunn enn dei sjølve. Antropologen Hilde Lidén viser til at mange barn som bur i strøk prega av etnisk og sosialt mangfold lever parallelle liv med lite kontakt med kvarandre etter skuletid. Barn med ressursrike foreldre har utbytte av det fleirkulturelle miljøet, medan dei med konfliktfylte familiebakgrunnar eller dårlege norskunnskapar og som er utsette for utestenging, har lite utbytte av det fleirkulturelle.

Mona har brukt mykje tid under intervjuet på å tilskrive nærmiljøet i sentrum kvalitetar som har positiv innverknad på barna. Målet er at barna skal verte sjølvstendige og trygge individ. Ho går i løpet av samtalens likevel over til å stille spørsmål ved om nærmiljøet har så stor tyding som ho tidlegare har tenkt for utviklinga av barna. Mona er med i ein venninneklubb der dei ofte diskuterer heim og barn, og kontakten med desse venninnene har gjort at ho har tenkt gjennom forholdet mellom foreldra og plassen eller nærmiljøet sin innverknad på barna.

MONA: Vi er veldig forskjellige alle vi i klubben.

HILDE: Ja?

MONA: Ja. Ei bur i einebustad i ein forstad, ei bur i rekkehus utanfor byen, ei bur i blokk. Så vi er breitt samansett samtidig som vi er like på den måten at ingen av oss higar etter ein einebustad med flotte interiør, alle har hytter, der vi reiser med familiane i helgene(...). Vi diskuterer veldig mykje.

HILDE: Barneoppdraging også?

MONA: Ja. Og då kjem ein på ein måte tilbake til det med å ha sterke haldningar til ting. For eg ser jo at då blir det det same kor ein bur. Altså: viss du som foreldre har ei meinings og ein tanke om kva du vil med barnet ditt, så blir dei faktisk make enten du bur her eller i ein forstad. (...). Så då tenkte eg før du kom hit: kor mykje betyr oppveksten? Bustaden? Eller er det vi foreldre som har så mykje å seie i påverknaden av barna?

Barna til venninnene hennar har utvikla seg på same måte som hennar eigne barn, trass i at dei bur i område som Mona har framstilt som lite gunstige for barn. Mona opplever det som positivt at venninnene er både forskjellige og like "Vi er veldig forskjellige alle vi". Venninnene bur på forskjellige plassar i Bergen. Det som likevel sameiner venninnene, er at dei har felles verdiar knytt til familieliv. Dei er meir opptekne av kva familien gjer saman, enn korleis det ser ut i heimen, er opptekne av indre kvalitetar. Som Vera trekk Mona eit skilje mellom dei som er opptekne av ytre meir enn indre verdiar. Mona har stor tru på foreldra si tyding når det gjeld å forme barna gjennom overføring av verdiar, og stiller spørsmål ved kva som er viktigast for forminga av personlegdommen til barnet: plassen eller foreldra.

Bauman si forståing av sosiale rom, kan gi innblikk i korleis ein kan vere saman med andre utan å ta dei på alvor moralsk sett. Bauman set opp eit skilje mellom å kjenne den andre og å kjenne til den andre, som får følgjer for korleis ein opptrer overfor den andre. Bauman er oppteken av å både karakterisere og endre den postmoderne etikken. Han ønskjer å erstatte "being with" eller "being aside" med "being for", med moralsk forpliktande møter mellom individ. Innsnevringa av kontakt med andre kan føre til at andre er til stades i det fysiske rommet, men dei vert ikkje anerkjende fullt ut som moralske menneske. Slik kan ein framand vere fysisk nær, men samtidig sosialt fjern.

Når mangfaldet er ei kulisse, treng det ikkje å utfordre eller utvide forståinga av kva som vert oppfatta som normalt. Det treng ikkje få innverknad på moralske vurderingar. Zygmunt Bauman peikar på korleis ein kan halde sosial avstand til andre som er fysisk nære.

To evict from social space the others who are otherwise within reach (that is, physically close), or to deny them admittance, means to abstain from acquiring knowledge about them (and to deny them knowledge over oneself). The evicted others hover in the background of the perceived world, and are prompted to stay there (Bauman 1994:155).

Ifølgje Bauman kan ein slik godta den andre sitt nærvær som ei kulisse i bakgrunnen. Slik kan ein forstå seg sjølv som sjenerøs og aksepterande utan å ta på alvor den andre sin subjektivitet. Byen er ein plass for det Bauman kallar "mismeetings". Foreldra eg intervjua heldt seg mest saman med andre vaksne som stadfasta normene deira som gode. Dermed

Med barn i byen

unngår dei reelle møter og eventuelle konfrontasjonar med dei som dei oppfattar som for forskjellige frå dei sjølve. Dei fleste foreldra går langt i å hevde at dei ikkje har noko med korleis andre foreldre oppdreg barna sine. Den sosiale kontrollen mellom foreldre fungerer dermed innanfor grupper foreldra har ein høg grad av identifikasjon med, sannsynlegvis på ein subtil måte sidan direkte kommentarar om dette er tabu.

Det urbane fysiske rommet er organisert slik at møter som ein ikkje aktivt søker, kan veljast vekk. Om dei likevel er uunngåelege, treng dei ikkje få konsekvensar. Men ein kan aldri sikre seg mot dei eventuelle konsekvensane slike møter likevel kan få. Og nokre gongar vert ein av ulike grunnar tvungen til å samarbeide med folk som ein ikkje vel å ha samvær med sjølve, eller folk som ein helst ville unngått. Ein vert slik utsett for ei viss grad av sosial risiko i byen.

Geografen Tim Butler har undersøkt gentrifiseringsprosessar i Islington i London. Han karakteriserer kvardagslivet til middelklassen der som ei boble, der dei ekskluderer folk som ikkje er ”som oss” (Butler 2003:2469). Han peiker på at i ein by som er multietnisk, trengjer etnisk kvite middelklassebritar seg saman i enklavar av byen. Vennene til barna deira kjem frå make bakgrunn og dei fleste av foreldra til barna er ”people like themselves” (op. Sit). Dei som ikkje er som dei sjølve, vil dei ikkje vere saman med, ete med eller la barna vere saman med. Middelklassebefolkninga i Islington sender konsekvent barna sine ut av bydelen både til private skular eller ved å nytte seg av det frie skulevalet dei har gjennom det offentlege skuleverket. Der opprettheld sine eigne privilegium ved å gi barna sine utdanning av høg kvalitet, medan naboaane deira med arbeidarklassebakgrunn sender barna på skular som har nokre av dei dårlegaste resultata i heile England (Butler 2003:2480).

Mange av innbyggjarane i Islington i London fortel at dei er lei seg for å sende barna vekk frå det lokale nabolaget, men dei ønskjer ikkje å utsetje barna for den risikoen dei opplever at det vil vere å sende dei til dei lokale skulane (Butler 2003:2476). Den praktiske omsorga for barn vert ei utfordring der menneske som oppfattar seg sjølve som liberale og fordomsfrie, har vanskar med å leve opp til sine eigne ideal om å vere tolerante. Dei uttrykkjer derfor sorg og ambivalens når dei fortel at barna vert køyrd ut av nabolaget for å gå på skule. Grensene for det positive mangfaldet går her ikkje berre ved barna sin tryggleik, men også ved barna si intellektuelle utvikling. Dei lokale skulane har så dårleg rykte og så dårlege offentlege resultat, at foreldra fortel at dei kjenner seg tvungne til å sende barna til andre skular. Foreldra er ikkje viljuge til å ta sjansen på at barna får dårlege læringsforhold på skulen.

Bergen er ein såpass fysisk og befolkningsmessig liten by samanlikna med London, at det vert vanskeleg å velje vekk andre på ein effektiv måte, fordi barn og foreldre møter kvarandre gjennom skule og bruk av område ute.

Det ligg ein aksept i å godta at dei andre får vere som dei er, til gjengjeld krev ein å få definere seg sjølv. Dei andre får vere som dei er, vi er som vi er. Ein forsøker å unngå kommunikasjon med dei som er dei andre, som ein ikkje kjenner seg likeverdig med, fordi ein kan ha grunn til å kjenne seg heva over dei eller under dei.

Ikkje nok å vere likeverdig

Det tette sosiale fellesskapet nokre familiarar i dette kjeldemateriale har med folk dei assosierer seg som eit vi med, krev som dei ulike døma viser at dei deler visse felles moralske vurderingar. Eg vil no ta opp eit døme på at ein kan markere avstand til andre som ein kan kjenne seg likeverdig med på mange vis, men som likevel vert valt vekk frå nære fellesskap rundt familien.

Vera og Viggo er tiltrekte av *det andre*, det spennande og fascinerande ved å bu i byen og brukar også slike ord som positive karakteristikkar om andre menneske. Zygmunt Bauman skildrar fascinasjonen for *det andre* som ein estetisk rasjonalitet. Bauman skil mellom ulike måtar å vurdere og møte andre menneske på. Han hevdar at vurderingane i det han definerer som det estetiske rommet gradvis tek over kriteria og mekanismane som styrer dei sosiale romma.⁷¹ Medan den sosiale organiseringa av rommet handlar om å strukturere og ordne kategoriar slik at ein kan rekne med at forventninga vil verte oppfylte, handlar den estetiske organiseringa av rommet om å søkje det spennande, overraskande og overskridande som gjer at uventa ting kan hende. Han hevdar at denne rasjonaliteten er på frammarsj også innan felt som tradisjonelt ikkje har vorte omfatta av estetiske vurderingar, som innan familie- og vennskapsforhold (Bauman 1993).

Sjølv om Vera og Viggo er opptekne av estetiske rasjonalitetar, så lar dei ikkje desse rasjonalitetane styre kven dei opplever seg som eit nært *vi* med. Dei er veldig fornøgde med nablaget og folk dei har omgang med i sentrum, nettopp fordi dei meiner at fellesskapet tek utgangspunkt i at folk er forskjellige. Men det er også folk i nablaget som kan inkluderast i det estetiske baserte fellesskapet, som dei ikkje vil bruke tid saman med, som dei har valt vekk frå omgangskrinsen sin.

⁷¹ Ein kan stille spørsmål ved om eit slikt skifte representerer ei historisk endring eller ikkje. Poenget mitt i denne samanhengen er at det finst ulike rasjonalitetar som regulerer forholdet mellom menneske.

Med barn i byen

VIGGO: Det er noen folk eg ikkje har med å gjere fordi vi set kvalitet til barn høgt. Så det er noen folk vi ikkje har med, fordi dei er litt meir opptatt av seg sjølv. Vi snakkar til dei, men likevel, vi held litt avstand. Det er barn ute og leikar her og dei følgjer ikkje opp barn, ingenting...

HILDE: Dei følgjer ikkje opp barna?

VIGGO: Nei, det er ikkje vår type.

HILDE: Eg skjønnar. Det jo litt interessant, kva du legg i det å ikkje følgje opp barna?

VIGGO: Foreldra går ikkje på tur med dei, barna er alltid rundt her. (...) Dei har ikkje spist middag, så er klokka seks.

VERA: Sist no var det ein som kom her, og han kom klokka eitt ein søndag, og klokka åtte då sa eg at: no må du gå heim! (...) Det er ingen som har etterlyst han ein gong, før eg seier at no må du gå heim!

HILDE: Kor gammal var det barnet?

VERA: Han var åtte.

VIGGO: Same barn som eg tenkte på.

VERA: I helgene gjer vi mykje med ungane. Eg synest det er viktig når ein har valt å få barn, at ein gjer noko saman med dei, er litt aktiv og gjer deira ting også, at ein ikkje bare ligg foran... ja. Men at du er synleg, interessert i det som ungen driv med. Du påtar deg kanskje ikkje nødvendigvis eit verv, men er velvillig, for alle har uansett noko dei kan bidra med.

Vera og Viggo framhevar spenninga i bylivet, dei likar å omgåast folk som kan gi dei impulsar, som dei kan lære av gjennom diskusjonar. Men dei har også klare normer for korleis foreldre bør oppføre seg, som gjer at dei finn saman med nokon og vel vekk andre. Foreldrepraksisane Vera og Viggo tek avstand frå, handlar om feil handtering av tid og rom: foreldre som ikkje veit kor barna er, som ikkje gir dei mat til rett tid, som ikkje sørger for å ta barna med på aktivitetar og turar som bringer barna vekk frå heimen. Gjennom avstandstakinga til bestemte andre, gir dei til kjenne eigne ideal for korleis foreldre bør oppføre seg. I tillegg til å gi dagleg omsorg og ha oversikt over kor barnet er, skal foreldre vere synlege, aktive og interesserte i kva ungen driv med. Dei argumenterer her for å sjå barnet som eit sjølvstendig menneske med eigne behov og interesser som foreldre må vere vare overfor. I praksis kan det seie å setje til side eigne interesser til fordel for barna. For eksempel bør ein familie heller gå ein sundagstur som barna kan ha glede av, enn å dra på turar som er lagt opp etter dei vaksne sine behov. Vera snakkar om å få barn som eit val, og at ein som foreldre må ta konsekvensane av det valet.

Både Vera og Viggo opplever eit skilje mellom leikekameratane til barna. Nokre barn kjem på besøk utan å ha peiling på når dei skal heim, andre barn har klare avtalar med foreldra sine og fortel at dei skal gå heim klokka sju. Vera og Viggo ser eit mønster i at foreldra som dei har fellesskap med, har same reglar for barna når det gjeld avtalar om tidspunkt og måltid. Medan dei barna som ikkje har avtalar om når dei skal gå heim, har

foreldre som dei ikkje kjenner. Desse barna et oftare middag heime hos dei enn barna til foreldra dei kjenner, og både Vera og Viggo meiner at desse barna har foreldre som er mindre strenge enn dei sjølve er.

Både Vera og Viggo synest at det er ubehageleg å setje ord på kva som gjer at dei assosierer seg tettare med nokre familiar enn med andre. Vera synest det er viktig å få fram at ho ikkje vurderer foreldra som gode eller därlege ut frå kva utdanning dei har. Ho fortel at eitt barn som får därleg omsorg, har foreldre med lang utdanning. Jenta er mykje åleine heime, har gjerne for lite klede på seg når det er kaldt og er mykje på besøk hos Vera og Viggo utan at foreldra etterlyser ho eller sjekkar om ho har fått i seg mat.

VERA: Du kunne nesten tru at det var frå fattige kår, men det er det ikkje.

VIGGO: Dei følgjer ikkje opp, det er det som er. Eg synest dei kan vere hyggjelege å snakke med, det må eg seie.

VERA: Jo, jo.

VIGGO: Men vi treff dei på fjellet utan barn og barna er i gata, sånne ting, så kvifor er ikkje dei med?

VERA: Så det har ikkje noen ting med bakgrunnen å gjere i forhold til det, rett og slett. For oss er det kjekkare å vere saman med dei som har same normer og grenser, (...) dei har same mønster. Du føler deg trygg.

Måten Vera omtalar foreldra dei tek avstand frå, viser at ho refererer til ein implisitt forventning om at lang utdanning og god råd gjer foreldra gode. Innvendinga mot foreldre som ikkje følgjer opp barna, er at dei tenkjer for mykje på seg sjølve og for lite på barna. Dei har samtidig ingenting i mot at barna leikar saman med barn som har andre grenser enn deira barn. Vera og Viggo serverer gjerne middag til dei, finn fram varme klede og tek dei med på tur. Men dei ønskjer ikkje å utvikle vidare kontakt med foreldra til desse barna, sjølv om foreldra verkar interessante å prate med.

Vera og Viggo er helst saman med dei som har same aktivitetsmønster og normer for barneoppseding som dei sjølve, det følgjer tryggleik med make normer og grenser. Dette kan oppfattast som i motstrid til idelet dei sette fram om å møtast på tvers av forskjellige bakgrunnar. Nettopp kombinasjonen av overordna likskap i normer og å framstå som unik er attraktivt. Dei set grenser mot ulike typar av andre menneske. Naboane i forstaden vert klassifisert som andre fordi dei var for forskjellige frå Vera og Viggo, samtidig som dei var for make seg imellom. Dei av naboane i sentrum som ikkje tek seg godt nok av ungane sine, vil dei heller ikkje ha noko med å gjere. Men hovudsakleg identifiserer Vera og Viggo seg med eit fellesskap av sentrumsbuarar. Vi-kjensla er basert på at vi er forskjellige, men opne for kvarandre: vi er ikkje stivna, men opne for endring. Dei lener seg slik sett på estetisk

baserte vurderingar av andre. Men å dele estetiske normer, som til dømes om å ha ein individuell smak, er ikkje nok for at Vera og Viggo ønskjer å etablere sosiale relasjonar med andre menneske. Dei må også dele verdiar med dei andre, som manifesterer seg i ein praksis dei kan identifisere seg med og dei unngår naboane som dei meiner ikkje tek seg bra nok av barna sine. Dei deler gjerne estetiske normer med dei og likar å snakke med dei, men tek likevel avstand sosialt sett ved å unngå å utvikle kontakten nærmare. Barna til desse naboane var likevel velkomne i heimen deira.

Mangfald versus normalitet

Kan mangfald fungere som den trojanske hest og verte ein trussel innanfrå? Mangfaldet skal ideelt sett representere ei motvekt til den førestalte normaliteten. Det skal utvide rommet for kva som vert rekna for å vere akseptabelt. Men mangfald kan gå over til å representere normalitet. For nokre kan det opplevast som at sjølve idealet om mangfald vert sitt eige vrengebilde dersom alle er forskjellige ut frå dei same premissa. For andre kan det vere greitt, dei ønskjer at folk skal dele overordna verdiar som manifesterer seg i ein praksis med eit visst slingringsmonn. Eg har vist korleis foreldre kunne oppfatta mangfald som eit reiskap til å gjere barna trygge på at det er greitt å skilje seg ut og til å utvikle barna sin individualitet.

Mange informantar var grunnleggjande skeptiske til sterke fellesskap, ofte identifiserte dei klamme fellesskap til bygder og forstader. Nokre identifiserte også eit homogent fellesskap i nabolaget sitt i sentrum av byen som dei var kritiske til. Dei frykta det make, perfekte og vellukka, og såg slike kvalitetar som potensielle truslar mot barna si utvikling som opne individ. Viss mangfaldet vert for likt, for konformat, fungerer det motsett av korleis det er tenkt å fungere. I staden for å opne rommet for normalitet, stenger det rommet for normalitet.

Konteksten for identitetsdanninga verkar inn på utforminga av identiteten. Det utgjer ein forskjell om det å stille spørsmål ved normaliteten spring ut frå eit sjølvvalt prosjekt, eller om ein opplever å verte ekskluderte og representere avvik frå normalitet av andre menneske. Det er forskjell på å knyte seg til ein identitet friviljug eller å oppleve at ein vert tilskriven ein viss identitet av andre. Ein må derfor skilje mellom dei identitetsfellesskapa ein har valt sjølv, og dei som ein vert tvungen på utanfrå (Hylland Eriksen 2004:99). Når ein tilhører ein førestalt normalitet, til dømes som kvit middelklasse, vert identitetsdanninga annleis enn om ein oppfattar seg som avvikande frå ei norm. Det er forskjell på å verte klassifisert som *ein andre* av andre, eller å aktivt presentere seg sjølv som *ein andre*. Ein kan vere forskjellig på ein ufarleg versus ein trygg måte. Eit sentralt poeng i studiar av menneske som vert tilskrive minoritetsstatus av andre, er eit ønskje om å høyre til. Sosiologen Mette Andersson som skriv

om minoritetsungdommar, skildrar korleis dei ønskjer å gli inn i normaliteten (Andersson 2000:297). Kulturforskaren Line Ytrehus skildrar korleis intellektuelle i eksil har eit ønske om å leve ”normalt” (Ytrehus 2004:263). Poenget mitt er at informantane i materialet som ønskjer å skilje seg ut, passar såpass godt inn i den førestelte normaliteten at det ikkje er særskild risikabelt for dei å utfordre den. Det er sannsynleg at identitetsarbeidet til menneske som vert oppfatta som avvikande, som til dømes farga minoritar i Noreg, transseksuelle eller synleg funksjonshemma menneske, er prega av andre dynamikkar enn identitetsarbeidet til informantane i denne studien.

Gjennom dette underkapittelet vil eg undersøkje to ulike måtar å opponere mot normaliteten på. Det kan arte seg som ein kritikk mot at mangfaldselskande foreldre, utan å vere klar over det sjølve, har ein ekskluderande praksis og slik ikkje er mangfaldselskande nok. Det kan også arte seg som ein grunnleggjande kritikk mot normer som nokre av dei mangfaldselskande foreldra sluttar seg til. Medan dei fleste foreldra kritiserte andre foreldre dersom dei ikkje følgde barna godt nok opp, var synlege og aktive nok, var det også nokre foreldre som kritiserte andre foreldre for å stille for sterke krav om å vere synleg, aktiv og engasjert. Dei sette også grenser mot andre foreldre med utgangspunkt i norma om barnet som prosjekt. Men dei valde motsett side av dei fleste andre i materialet ved å framheve at det ikkje er så viktig å gjere alle dei rette tinga for barnet, og at ein ikkje treng å involvere seg i nabolag og nærmiljø sjølv om ein har barn.

Når regnbogesamfunn vert konformitetshelvete

Mange av informantane meiner at for homogene miljø er uheldige for barn. Det er ein viktig grunn til at mange av dei tek avstand frå bygder eller forstadar. Å leve i eit homogent miljø kan, ut frå tankar om forskjellar som noko positivt, framstå som ein mangel ved nærmiljøet.

Carl og Cathrine er begge opptekne av å gi barna mange moglege høve for identifisering, og engstar seg for om oppvekstmiljøet i byen vert for snevert. Carl ønskjer ikkje å flytte frå sentrum av byen, for han trur ikkje at han kunne trivast i ein forstad eller i ei bygd. Samtidig er han sjølvkritisk. Han har eit opent blikk for om hans nærmiljø i byen er meir fordomsfullt enn bygder, som i offentleg diskurs vert oppfatta som fordomsfulle. Slik vender han opp ned på kven som er fordomsfulle. Cathrine, som har vakse opp i ein tettstad, får det ikkje til å stemme at dei er meir fordomsfulle i byar enn på mindre plassar. Ho ser luft rundt dei sosiale relasjonane som eit ideal og meiner at bylivet kan gi det. Cathrine trekk fram mykje inn- og utflytting som ein fordel ved bustadmiljøet, det skapar luft og hindrar det

Med barn i byen

sosiale i å verte for tett. Dette er trekk som også kan oppfattast som negative for eit bustadmiljø, fordi det minskar stabiliteten. Cathrine legg derimot vekt på at flyttingane sikrar ei utlufting, eit vern mot det klamme, det trонge og konforme.

CARL: Eg er ikkje naiv og trur at vi skal leve i regnbuens barn. Men viss Cato ikkje finn seg til rette i denne her fasadeverda, som mange ungdommar ikkje gjer, så er eg veldig bekymra for alternativa. Så eg har lyst å ta han med i ei foreining, og la han få lov til å involvere seg utanfor bydelen, sånn at han får ein fot utanfor.

HILDE: Du er engstelig viss han ikkje trives med dei vellykka fasadane. Betyr det at du er engstelig for at han skal vere med dei mindre vellykka, då?

CARL: Nei.

HILDE: For han vil jo på ein måte ha det som eit alternativ i nærmiljøet?

CARL: Ja, til ein viss grad så vil han jo det, men eg trur likevel at du søker din eigen identitet, du søker folk med felles referansebakgrunn. (...) Og derfor trur eg ikkje Cato vil vere tilfreds med å vere med dei som har vakse opp i ein veldig annleis heim, gjerne innvandrarbakgrunn, eller sånn kommunalt, sosialt. Så eg trur at han vil alltid søke middelklassemenneske. (...). Viss han ikkje finn det her, så har eg lyst til at han skal ha eit alternativ.

Carl og Cathrine har eit sterkt ideal om å vere opne og vil at barn skal få utvikle seg i så mange retningar som mogleg, ingenting skal vere stengt. Carl er derfor redd for at definisjonane av korleis barn skal vere i nabolaget deira er for make og snevre. Ideen om å gi barnet ein fot utanfor, ved å introdusere han for aktivitetar utanfor bydelen, baserer seg på ei oppfatning om at bydelen er for lik. Samtidig er det tydeleg at denne definisjonen av bydelen berre rommar dei vellukka og synlege, dei som lever opp til den fasadeverda Carl tek avstand frå. Han ser ikkje relasjonar med barn frå heimar med sosiale vanskar som reelle val for barna. Han trur ikkje at sonen kjem til å finne saman med andre enn middelklassebarn, dette grunnar han i eigne erfaringar og faglitteratur han har lese. Samtidig står Carl for eit mangfaldsomgrep og ei individoppfatning som er svært open og med strenge krav om aksept av andre, også om dei bryt med hans eigen verdiskala.

CARL: Det som eg frykter mest for Cato, som eg har snakka med ein del andre om, som er ei bekymring for dei som veks opp her, det er konformitetshelvete. Eg veit ikkje, men eg sit igjen med at det er eit snev av definisjon av korleis ein skal vere som barn her. Det er ein veldig raud bydel (...). Du kan fort bli ekskludert viss du ikkje går den rette vegen. Og sjølv om dei seier at det er verre i distrikta, så er eg ikkje heilt sikker på om det stemmer. Eg er litt redd, viss for eksempel Cato ønskjer å vere litt annleis, om denne bydelen er litt fordomsfull. Fordi at det er så intimt og spesielt og så mange er vellykka og det er veldig mye akademiske ideal som eg er redd han kan oppleve som vanskeleg å handtere i visse fasar.

CATHRINE: Når han blir større.

CARL: Ja, at han skal slå seg litt laus utan at det skal få konsekvensar. Hadde du gått og lefla litt med FrP-politikk her, så hadde du fort blitt åleine.

CATHRINE: (...). Eg trur ikkje det er verre her.

HILDE: Ja, du har jo vakse opp på ein liten plass?

CATHRINE: Ja, og det er jo veldig typisk at alle kjenner alle og alle veit kva som skjer. Eg trur ikkje det er verre her enn det er der. (...). Det som er fordel her, er jo at det er mykje inn og utflytting. (...).

Som fleire andre informantar, meiner Carl at ressursrike foreldre dominerer dei offentlege uteområda i nabolaget og dei barneorienterte arenaene i nærmiljøet. Det er som om dei vellukka barnefamiliane eig dei offentlege uteområda. Carl meiner at den inkluderande haldninga dei vellukka foreldra har til andre i nabolaget berre er ”på liksom”. Eit tett og intimt fellesskap dei vellukka i mellom kan ha sine ulemper i form av eksklusjon av dei som skil seg ut.

For Carl er det eit problem om bydelen han bur i er for vellukka, fordi han vil at sonen skal ha mange moglege vegar å gå. Han ser for seg at det ville vere vanskeleg for sonen å stå fram som Framstegsparti-veljar i dette politisk sett raude strøket. Ved å trekke fram dette eksempelet gjer Carl seg til ein talssmann for at ein bør vere tolerante også overfor det og dei som står fjernt frå eigne verdiar. Han som sjølv er ein talssmann for at ein skal vere tolerant og inkluderande overfor folk som er annleis enn ein sjølv, vil at sonen skal få utforske politiske synspunkt som sannsynlegvis står langt frå hans eigne politiske preferansar. Lakmustesten på om ein er tolerant, er om ein godtek også det og dei som ein oppfattar som intolerante. Å vere verkeleg tolerant, er å tolerere dei som har ein annan verdiskala enn ein sjølv har. Dette er eit mål både for omgangen med andre menneske og i barneoppseding: barnet skal fritt kunne velje kven det skal verte. Å oppfostre eit barn som vert ein kopi av deg sjølv vert ut frå slike ideal, mislukka. Barn vert ut frå ein slik tankegang, dømt til individualitet.

Carl representerer ein tanke om at det finst *mangfold på liksom*, og det finst *ekte mangfold*. Mangfold på liksom er mangfaldet der ein har ei felles overgripande ramme for kva som er bra og fornuftig. Det ekte mangfaldet inneber toleranse som overskrid eigne verdinormer, det rommar toleranse for det intolerante.

Historikaren Nils-Rune Langeland lagar eit tilsvarande skilje som Carl står for, mellom dei som latar som dei er tolerante og dei som er verkeleg tolerante, når han snakkar om dei som er liksom-urbane og dei som er verkeleg urbane. Langeland skapar avstand til det urbane gjennom å omtale ”dei som meiner dei har ein urban livsstil”, som når det kjem til stykket har ein svært lokal aksjonsradius.

Det viser seg at dei som meiner dei har ein urban livsstil, ikkje har bil, men helst går til fots, og at dei heller sjeldan rører seg utanfor det lokale området sitt, som er

Med barn i byen

innanfor gangavstand frå der dei bur. Besteforeldra deira frå bygdene ville nikka gjenkjennande til eit slikt liv (Langeland 2003:67 -68).

Han viser til likskapane mellom indre by og norsk bygdeliv og avslører slik dei urbane som lokale og trongsynte. ”Oslo er jo eigentleg eit drivhus for konformisme og hundeaktig frykt for å hamne utanfor” (Langeland 2003:67). Han hevdar at ein postmoderne landsbyidyll er idealet i dei indre bydelane av Oslo. Det lokale og landsbyaktige vert kopla til det snevre og einsarta: dersom ein vil vere ein verkeleg urban må ein overskride det lokale og sjå seg sjølv utanfrå. Å tote å gå mot straumen, å møte og å ta på alvor andre som ikkje er som deg sjølv vert idealet for den ”ekte” urbane.

Å vere urban er populært. Det er ein slags kompetanse, høyrer vi. Den urbane er friare, mindre fordomsfull, van til å takle og forstå alle slags forskjellar mellom menneske, fleksibel, veit kva som rører seg i den store verda, osv, osv. Kort sagt: den urbane har full kontroll. Du skal likevel ikkje ha kjent oslofolk særlig lenge før du merkar kor vare dei er for grenselinjene mellom innanfor og utanfor. Det er nettopp i storbyen du alt frå barnsbein av lærer å zappe bort uønskte individ, og det for kva grunn som helst. (...). Det er i småbyar som er store nok til at det eksisterer eit visst mangfold, men som er for små til at ein kan zappe bort Ronny alt i 2. klasse, vi eigentleg skulle finne det mest urbane. For kor mange nye og spennande impulsar får ein eigentleg ved å velje kopiar av seg sjølv til omgangskrins, og så berre gå på plassar der ein kan vere rimeleg sikker på å finne likesinna? Slik at ein ikkje opplever noe uventa og difor truande? (Langeland 2003:66).

Langeland skildrar her storbyen som ein plass der ein kan velje vekk dei som ein ikkje vil ha innanfor. Å vere urban vert slik ein kompetanse på å velje vekk folk framfor å vere inkluderande og open. På mindre plassar derimot, er det vanskelegare å velje folk vekk på ein effektiv måte. Småbyborgarane er derfor meir kompetente til å takle forskjellar og meir ”ekte” urbane enn dei som bur i storbyen. Idealet for den urbane vert her å tote å utsetje seg for det uventa og potensielt truande. Det lokale vert negativt og bygdeaktig. Langeland koplar det urbane til å vere open, internasjonalt orientert, inkluderande. Skiljet mellom dei ekte og uekte urbane handlar om evna til å overskride seg sjølv.

Carl opplever at han er tvinga inn i det dominerande identitetsprosjektet i nabolaget om å vere individuell og open. Det er vanskeleg å handtere på grunn av indre motsetningar mellom å vere fast og i endring på ein gong.

CARL: Du har den rolla som det er forventa at du skal spele, og så har du heile tida vurderingar som du skal ta i risikosamfunnet. Det føler eg til tider kan vere veldig uforeinleg i mitt eige nabolag, fordi at du må avgrense deg på den eine sida, og heile tida verke sokjande på den andre sida.

Carl kjenner seg som ein sjonglør på stram line i nabolaget. Han peikar her på vanskane med å vere open og sokjande, samtidig som ein skal vere ein heilskapleg menneske. Denne veremåten, som han meiner vert dyrka i nabolaget, har eit innebygd paradoks som han strevar med. Carl skildrar her ein ambivalens i forhold til kravet om å vere individuell og ta eigne val, samtidig som ein skal passe inn med andre sine forventningar. Nettopp desse paradoksa pregar også mangfaldsretorikken som er sentrert rundt individualitet. Målet er å skape opne og sokjande individ som kan tilpasse seg andre, samtidig som dei skal vere unike og sjølvstendige.

Carl ønskjer ei vid forståing av kva som er normalt og kva som bør tolererast, samtidig som han set krav til korleis kommunikasjon bør gå føre seg. Carl meiner at naboane snakkar saman på ein overflatisk måte, om været og andre ufarlege ting. Han føretrekk samtalar som dreiar seg om viktigare spørsmål.

CARL: Der er ikkje plass for abstraksjon eller kritikk eller annan form for samtale. Og det er jo kanskje det mange av oss andre søker, vi søker ein annan samtale enn denne her såkalte offentlege samtalen, som er kjedeleg.

Carl og Cathrine har bestemte meiningar om korleis andre bør passe på barna sine. Dei vil ha felles reglar rundt kosthaldet til barna når dei oppheld seg i offentlege rom, og irriterer seg til dømes over at barna deira får is og saft av foreldra til leikekameratane når dei er ute og leikar. Dei ønskjer eit sterkare fellesskap der ein etter diskusjon vert einige om kva felles reglar som bør gjelde for barna.

Motstand mot barn som prosjekt

Jens og Jenny er det einaste paret som opent opponerer mot ideen om barn som prosjekt. Dei meiner at foreldre bør roe ned og ha færre planar for barna sine. Dei meiner at for mange barnefamiliar på ein plass gjer noko negativt med miljøet der. Også menneske utan barn, eller med vaksne barn kan oppleve at det vert for mange barn og barnevogner i nabolaget deira (Gullestad 2003). Folk på Grünerløkka klagar til dømes over at det er for mange barnevogner der (Haslum 2005). Dei er opptekne av at ei gruppe ikkje skal dominere, men i tillegg er det ei gruppe dei særskild ønskjer å halde på avstand: foreldre med misjonerande haldningane om korleis barnefamiliar bør leve er det ultimate mareritt. Etniske minoritetar er greie, for dei blandar seg ikkje i korleis andre lever. Dei markerer motstand mot det dei meiner er utbreidde foreldreideal.

Med barn i byen

Jens og Jenny vaks begge opp i bygder, og flytta til byen for å studere. Dei hadde eigentleg ein plan om å flytte ut av sentrum innan barnet byrja på skulen, men omsteme seg etter å ha leita etter bustad i forstadane utanfor sentrum.

JENNY: Vi såg jo på veldig mange rekkehus, og den type bustadar. Då får du masse for pengane, så er det ikkje så dyrt, akkurat passe med ein liten hage. Men det bur så mange ekle folk i dei husa, mange vemmelege småbarnsfamiliar. Og eg likar ikkje småbarnsfamiliar sjølv, eg synest småbarnsfamiliar er ekle, moralistiske og veldig ufysselege, eg får fnatt av å vere saman med altfor mange.

Innvendinga mot rekkehusa og familiene der er at dei er vellukka og kjedelege. Ho og Jens ønskjer heller å framstå som politisk ukorrekte enn som perfekte. Jenny kjenner seg ikkje vel i eit fellesskap av vellukka barnefamiliar og er glad for at dei omsteme seg og heller valde å busetje seg i bykjernen.

Å velje bykjernen er også å velje vekk noko. Då eg spurde informantane om kor dei ikkje kunne tenkt seg å bu, var det svært mange som drog fram Bønes, Åsane eller Loddefjord, forstader og drabantbyar utanfor sentrum av Bergen som eit slags mareritt. Nokre fortalte om skrekk for høgblokker, der alt verka så upersonleg og lite oversiktleg, men framfor alt var informantane letta over å ikkje bu i rekkehousområde i forstadar. Kanskje kan det forklara med at rekkehus var eit reelt alternativ for mange, som dei aktivt valde vekk etter å ha vore på bustadjakt. Høgblokker hadde dei ikkje ein gong vurdert. Fleire av dei foreldra som budde sentralt i byen då det første barnet kom, hadde hatt planar om å flytte ut av sentrum etter at dei fekk barn og nemnde at dei hadde vore på visningar på rekkehus. Mange av dei kjende folk som hadde flytta frå sentrum til slike område.

Forstaden refererer symbolsk til eit heilt sett av verdiar, som familieliv, stabilitet og tryggleik, og vert sett på som ein særleg godt eigna plass for å oppdra barn. Samtidig kan forstadane også oppfatta som monotone og kjedelege, bygd opp av make hus med konforme menneske inni (Holloway og Hubbard 2001:128). Visse moralske standardar vert knytt til livet i forstadene, innbyggjarane vert rekna for å vere heteroseksuelle og monogame. Det eksisterer ein lang tradisjon for oppgjer og opprør mot forstaden og det den symbolsk vert assosiert med.

Jens og Jenny meiner at forstadar både er kjedelege og representerer feilslatte moralske prosjekt der det berre finst ein måte å vere god mor eller far på.

HILDE: Blir det for likt ? Reagerer du på det?

JENNY: Ja. Det er veldig høg moralisme blant småbarnsfamiliar, eller småbarnsmødre.

HILDE: Som går på?

JENNY: Det går på kosthald, klede, fritidsaktivitetar, heile røkla. Så skal alt vere så riktig og viktig og best for mitt barn si utvikling akkurat no. Så blandar dei seg opp i skulen og barnehagen og skal liksom ordne opp i alt rundt seg. Og, nei, eg vil ikkje berre ha sånne folk rundt meg, eg vil ha litt normale folk, ei blanding av folk som bur rundt meg. Så det ikkje berre blir sånne geskeftige småbarnsmødrer.

JENS: Men her har du jo alt frå dei verdsmeistrane i småbarneri til sprøytenarkomane, og det er verdifullt, å ha det spennet der.

JENNY: Ja. Så får ikkje dei småbarnsmødrene bestemme absolutt alt.

Jens og Jenny formulerer seg her som mange av informantane; ei blanding av forskjellige folk er viktig for å skape eit bustadmiljø der ingen skal ha makt til å avgjere korleis andre bør leve. Dei vil ikkje at ei gruppe menneske, eller ein type moral skal dominere. Dette er eit problem også der dei bur i byen.

JENNY: Eg synest at veldig mange småbarnsforeldre er ufylselege. Vi har dei her også, desse småbarnsforeldra som skal blande seg oppi alt, og dei skal vere så vellykka.

HILDE: Kan du gi eit eksempel?

JENNY: Enkelte småbarnsforeldre er berre opptatt av om ungane skal gå med cherrox eller goretex om vinteren. Så har dei masse meininger om kva som er best og verst. (...). Så skal dei misjonere, så ramler det dei ikkje inn at det er mange som faktisk ikkje har råd til å kjøpe Goretex sko til 800 kroner til ungane sine. (...) Det er veldig viktig med ullundertøy, vitaminer, tran, frukt på skulen og fritidsaktivitetar og stimulering. Dei synest jo alle sånne detaljar er viktige heile tida. Eg bryr meg ikkje om alle ungane på skulen et eple kvar dag. Dei overlever utan det eplet, altså.

HILDE: Men kva er viktig for deg då?

JENNY: Eg veit ikkje om eg har så mange hang ups. (...) At ein ikkje skal ha detaljførestellingar om alle. Det er no det same det, tenker eg. Mat og klede, er det så nøye? Viss dei ikkje vil gå med lue, så får dei jo sleppe. (...). Å bruke heile livet på å vere sånn perfekt forelder heile dagen, det hadde eg ikkje gidda. Dessutan er det heilt feil ting å henge seg opp i. (...). Dei er så veldig sånn profesjonelle foreldre og det er veldig irriterande.

JENS: Då er det jo veldig kjekt at ein har begge delar. Det er endeleg dei som er meir moderate. Så er det veldig kjekt å stikke seg saman med dei og prate dritt om desse som er så opptatt av dei tinga.

Jens og Jenny verkar svært samsnakka når dei fortel om engasjerte, vellukka og irriterande foreldre som misjonerer og oppfører seg som om dei har rett til å kritisere andre. Dei har sjølv tillit nok til å posisjonere seg i opposisjon mot foreldra som sluttar seg til verdiane om å vere aktive, synlege og engasjerte. Jens og Jenny tek avstand frå tanken om barn som foreldra sitt prosjekt og frå nokre av dei normene som dei meiner heftar ved å vere gode foreldre. Målet deira er: "At barnet har det bra, kjekt, ikkje altfor mykje plikt og tvang, men litt av det. At det stort sett får gjøre som det vil". Barnet skal få vere i fred, leike fritt utan innblanding frå dei vaksne. Dei ser ut til å meine at det viktigaste for barna sin del er å ha nokon å leike

Med barn i byen

med og vere del av eit nærmiljø. Slik sett kunne dei budd svært mange andre plassar enn akkurat i bykjernen, om det berre var omsynet til barnet som avgjorde kor dei skulle bu. Å bu i rekkehous er eit mareritt berre for dei vaksne. Jenny seier då også at barnet nok ville likt seg i eit slikt rekkehousmiljø med eit mylder av barn rundt seg. Det er Jenny og Jens som hadde hatt problem med å tilpasse seg livet i forstaden, det dei ser for seg som ein tvang til eit A4 liv.

Innbyggjarar på Grünerløkka i Oslo distanserer seg frå Vestkanten og ser denne distansen som ein viktig kvalitet ved å bu i området, ifølgje intervjuet tolka av arkitekten Hilde Haslum (Haslum 2005:187). Nokre av innbyggjarane på Grünerløkka klagar over at det er for einsidig befolkning der, for mange hippe folk, studentar og barnefamiliar, medan dei set pris på alkoholikarane som er morosame og lagar atmosfære. Dette tolkar Haslum som ein revirkamp om identiteten til Grünerløkka. Slike kampar har også vorte uttrykt i det kjeldemateriale eg byggjer på.

Jens føretrekk nærast sprøytenarkomane nabobar framfor framfusande småbarnsmødrer, og paret verkar samkøyrd i opposisjonen mot det dei oppfattar som det politisk korrekte. I byen finst det også politisk korrekte barnefamiliar, men dei får ikkje dominere fullstendig fordi dei konkurrerer med andre grupper. Det dei ser ut for å mislike ved ”verdsmeistrar i småbarneri” som dei kallar dei, er den moralsk høgverdige tonen dei meiner at desse foreldra brukar overfor andre, at dei ser på seg sjølve som forbilde.

JENNY: Viss det er nokon litt meir slappedaskaktige foreldre som ikkje bidreg så mykje, så skal dei kave seg veldig opp. Fordi ein er mor eller far, så har ein ikkje plikt til å delta i tusen ting i fritida. Det er heilt frivillig. Dei får bare styre på, og det er kjekt at nokon gjer det, men ein kan ikkje slenge masse dritt til dei som ikkje stiller opp. Det synest eg er heilt upassande. Dei synest jo det er så strålande kjekt sjølve, å lage alle desse reglane så korfor skal alle andre vere med?

Både Jens og Jenny framstiller seg sjølve som liberale og vil at folk må få gjere som dei vil, så lenge dei ikkje skadar andre. Dei gjennomfører denne innstillinga konsekvent ved å hevde at det er heilt greitt at folk held seg unna dugnader, den type fellesskap skal vere frivillig. Dei vil at det skal vere få felles reglar for barna. Jens likar å vise eigne og andre sine barn filmar som dei er for unge til å sjå vurdert etter dei offentlege aldersgrensene som er sett på filmane.

JENS: Vi har hatt barn på besøk, så smell eg på ein video, fordi det er grådig stilige scener på Star Wars, då ser eg på dei at no er dei med på noko som dei ikkje får lov til heime. Og det er ganske stilig då, for barna har godt av det.

Kosthald er derimot viktig for Jens og Jenny, dei har strenge grenser for kor mykje snop barna får ete og irriterer seg over barn som kjem og vil snope heile tida. Mat er eit skilje i barneoppsedinga som likevel ikkje vert opplevd som truande. Jens opplever også at nokre foreldre har grenser overfor barna sine som han ikkje synest om.

JENS: Det er ein ting eg reagerer på, det er veldig små (barn) som går rundt og sleng i gatene seint på kvelden. Det hadde ikkje eg akseptert at dei fekk lov til.

HILDE: Kor gamle er dei?

JENS: Du ser at dei knapt har begynt på skulen. Og dei går og sleng klokka 21 ute i gata her, og det synest eg er over streken. Det gjer ein ikkje.

HILDE: Men du ville aldri sagt det til foreldra?

JENS: Nei, det har ikkje eg noko med. Eg synest det er trist, også når eg høyrer om foreldre som ikkje sender ungane sine i bursdag for det har dei ikkje godt av. Men igjen, det er kanskje litt feigt, men eg ville ikkje lagt meg opp i det. Det får vere. Eg synest det skal vere ganske graverande før ein har noko med å poengtere korleis andre oppdrar sine ungar. Då skal ein nesten touche inn på mishandling og forsømming.

Riktige grenser for barna i tid og rom er viktige kriterium for om andre foreldre er skikkelege. Men Jens meiner, som mange andre av informantane, at det skal svært mykje til før ein legg seg opp i andre folk si barneoppseding. Barna er foreldra sitt private ansvar. Sjølv om barna gjer ting som han synest er over streken for akseptert åtferd, ville han ikkje sagt ifrå til foreldra.

Liberale verdiar om å ikkje blande seg opp i andre sine liv fører også til ein mangel på kommunikasjon om normer. Verdien om toleranse kan vere ein overordna verdi som gjer kommunikasjon vanskeleg (Loga 2005:135). Statsvitaren Jill Loga viser i ein analyse av Stortingdebatten om opprettinga av den norske verdikommisjonen, at når verdien om toleranse var ein konkret målstokk, vart dialogen vanskeleg fordi den negative moralisme-merkelappen vart så nærliggjande.

Toleransesnakket syntes altså å aktualisere forholdet mellom det absolutte og relative, det faste og flyttende. I det man kunne identifisere en argumentasjon som moralsk, det vil si ved at den representerte et identifiserbart moralsystem (for eksempel et religiøst) syntes den å bli illegitim, fordi den samtidig representerte intoleranse (Loga 2005:135).

For nokre kan det å framstå som tolerante verte eit mål i seg sjølv. Å vere moralsk kan verte illegitimit.

Jens og Jenny er meir opptekne av den einskilde sin rett til å få gjere som han eller ho vil, enn at alle skal diskutere normer og ideal med kvarandre. Felles avgjerder vil dei ha færrest mogleg av. Mangfald og forskjellar er godar fordi det representerer motstand mot ei

Med barn i byen

vellukka norm. Jenny ser det som ein verdi at barna hennar går saman med barn som er muslimar eller med barn som ho meiner representerer problem. Dette synet får også konsekvensar:

JENNY: Vi har jo hatt ein kulturkamp her om ein nynorsk klasse, der vi er openbare kandidatar for at våre barn skal gå i nynorsk klasse. Vi seier nei, då er vi litt sånn svikrar. (...) Dei er så ekle, dei andre foreldra som skal ha nynorsk, og dei tar ein sånn tone ”Å, då får vi ein sånn fin klasse og kjekke foreldre og kjekke barn og...” Så eg tenker at ”Å ja, dei skal kvitte seg med muslimane”, du kvittar deg med ein hel del slike problemting då. Og det er ikkje eg interessert i.

Jenny grunngir motstanden mot nynorskklassar ut frå at ho ikkje vil at klassetrinna skal delast på ein måte som gjer at etniske minoritetar hamnar i ein eigen klasse, medan dei etnisk norske går for seg sjølv. Ho vil altså ikkje leve i ei boble omgitt av vellukka middelklasse. Ho har sterke ideal om å la andre vere som dei er. Samtidig stiller ho klare krav til dei andre, til dømes til etniske minoritetar, om å innrette seg etter hennar eigne normer.

JENNY: Dei er ikkje så veldig plagsame. Ja, dei somaliarane er litt annleis kanskje, men dei frå Bosnia er jo heilt vanlege folk, bortsett frå at dei ofte ikkje dukkar opp i bursdagsbesøk. Det er ein liten konflikt då, for det er ingen som forstår kvifor dei ikkje kjem. (...). Det er et sånt gjenganger tema blant foreldra her, at det er irriterande at dei ikkje kjem og dei gir ikkje beskjed om at dei ikkje kjem. Viss ein spør foreldra, berre for å vere heilt sikre på at dei har fortått at deira barn er invitert: Ja, ja seier dei. Så kommer ikkje den ungen likevel da. Og det er ingen som skjønner heilt kvifor ikkje. Det kan jo ikkje vere anti-muslimsk å gå i bursdagsbesøk.

JENS: Nei.

JENNY: Eg veit ikkje om dei er redde for maten eller om dei ikkje har råd til å ha bursdagsbesøk sjølve eller ...

JENS: Ein del av dei har veldig trond økonomi.

JENNY: Det er jo mange sånne teoriar om kvifor då, men det er jo sjølvsagt ingen som spør dei rett ut, og alle går berre og snakkar om dei bak ryggen på dei. Men Ali kom sist.

JENS: Ja da. Eg trur dei er ganske moderate.

Innvandrarane er heilt vanlege folk så lenge dei er moderate, - og sender barna i bursdagsbesøk. Så lenge dei er som oss er det greitt. Innvandrarane vert godtekne så lenge dei er like nok det som den etniske majoriteten står for. Å la vere å sende barna i bursdag kan oppfattast som provoserande av dei som inviterer til selskap. Det kan tolkast som eit uttrykk for at muslimar ikkje ønskjer at barna deira skal ta del i fellesskapet som dei andre barna tek del i. Bursdagar er i Noreg sterkt knytt til inklusjon. Bursdagane vert eit symbol for dei etniske norske på om muslimar ønskjer å tilpasse seg det norske samfunnet. Jenny peikar på

den manglande kommunikasjonen om bursdagane: dette er noko mange lurer på, men ikkje vågar å spørje om.

Kulturforskaren Erica Ravne Scott har intervjuat familiar med både majoritets- og minoritetsbakgrunn, deriblant også muslimske familiar, om organiseringa av bursdagsselskap for barn i Oslo (Scott 2005). Scott finn at medan etnisk norske foreldre oppfattar det som eit sjølvsagt ritual og ein viktig del av omsorga for barn å arrangere bursdagsselskap, har muslimske foreldre meir ulike haldningars til bursdagar. Nokre er opptekne av at barna skal få vere med i desse selskapa, andre fryktar at barna skal få i seg svinekjøt, vil ikkje at jenter skal vere saman med gutter på fritida eller argumenterer for at feiring av bursdagar ikkje er ein muslimsk tradisjon. Scott peikar på at bursdagsselskap fungerer inkluderande på det viset at dei er ein møteplass der mange barn vert inkluderte og møter kvarandre på tvers av mange forskjellar. Det er sterke normer om at til dømes alle gutter eller jenter i ein klasse skal inviterast i bursdagar (Scott 2005:59). Samtidig kan bursdagane fungere som eit integreringspress på den dominante kulturen sine premissar. ”Derved oppstår det et handlingsdilemma mellom en positiv inklusjon og et negativt press i forholdet mellom majoritet og minoritet” (Scott 2005:59). Ho peikar på at eit prinsipp om inklusjon kan gi utslag i intoleranse for forskjellar, når nokre foreldre legg press på andre foreldre om å sende barna i bursdagsselskap (Scott 2005:55). Mangelen på kommunikasjon om kvifor barn ikkje kjem når dei er inviterte i bursdagar, kan tolkast som uttrykk for at ein ikkje bryr seg om det, ”det er ikkje mi sak”. Det kan også handle om at ein respekterer det ein meiner er andre sin rett til å oppdra barna etter deira normer, og at ein ventar ein slik respekt tilbake.

Samtidig som Jens og Jenny tek sterkt avstand frå å inngå i moralske fellesskap med andre barnefamiliar, pleier dei omgang med barnefamiliar. Faktisk trekk dei fram nærværet av andre barnefamiliar som positive element ved bustadmiljøet. Dei set pris på bygdestemninga i nabologatet. Dei likar kjensla av å høyre til, det er passeleg tett, dei likar å ha ei viss grad av kontroll med omgjevnadene og framhevar at det er roleg og greitt. Bygdefellesskapet er positivt så lenge dei ikkje opplever det som ein tvang.

Jens og Jenny brukar *det vanlege* som eit honnørord. Dei protesterer mot rollene dei opplever at dei vert tilskrivne som foreldre. Dei solidariserer seg med foreldre som vert oppfatta som slabbedaskar, fordi dei ikkje er synlege og aktive foreldre som tek del i dugnadar og liknande. Idealet deira er barna skal verte lukkelege, og for å verte det, treng dei verken særskilde fritidsaktivitetar, korrekte klede eller foreldre som følgjer etter dei overalt.

Målet for både Jens og Jenny og Carl og Cathrine er å opne rommet for normalitet, gjere normaliteten vidare. Motstand mot det konforme og frykt for likskap sameiner dei to

para. Men denne avskyen mot det konforme får ulike utslag for praksisane til Jens og Jenny og Carl og Cathrine, fordi dei har ulike foreldreskapsnormer og ulike fellesskapsideal.

Mangfaldet går over til å verte negativt når det ikkje lenger er eit mangfald. Det kan kome av at grensene for mangfaldet er for snevre, snevre på ulike måtar. Det kan skuldast at ein protesterer mot verdiar andre knyt til mangfald eller botne i ein kritikk mot sjølve ideen om mangfald. Det kan også skuldast at ein meiner at ein sjølv eller andre ikkje lever opp til idealet om mangfald og ikkje er så tolerante som ein gir seg ut for. Kritikken rettar seg då mot at det mangfaldet ikkje er eit reelt mangfald. Ein annan kritikk kan rette seg mot sjølve ideen om mangfaldet, at ein ikkje sluttar opp om ideane om individualitet som nokre av mangfaldstilhengjarane målber.

Ulike typar av andre, ulike grader av aksept

Grensene mellom kva som er eit positivt og eit negativt mangfald er flytande og varierer frå menneske til menneske og frå situasjon til situasjon. Foreldra formidla eit ideal om ein balanse mellom forskjellar og likskapar blant menneska dei har omgang med. Visse typar av forskjellar eller likskapar vert framstilte som positive, visse typar som negative.

Mangfald kan setjast opp mot tryggleik både i konkret forstand, i forhold til bestemte farar og risikoar barn kan utsetjast for, og i overført tyding som identitetsmessig tryggleik og stadfesting av felles normer. Mangfald kan også oppfattast som eit vilkår for å kjenne seg trygg, fordi mangfaldet skal sikre ein vid aksept av kva som er normalitet. Nokre opplever at mangfaldet vert for likt, for konformat. Slik vert mangfaldet ein trussel for mangfaldet, det fungerer motsett av korleis det er tenkt. Visse utformingar av mangfaldstanken kan derfor setjast opp som ei motsetning til ei realisering av ein vid normalitet. Det homogene mangfaldet trugar tryggleiken fordi det set grenser for individuellutviklinga, og innsnevrar normene for korleis menneske, foreldre og barn bør vere.

Å ha eit felles normsett for barneoppsedinga er noko som skil og bind ulike barnefamiliar frå kvarandre. Likskap knytt til forståinga til ideen om barn som prosjekt er svært viktig for danning av fellesskap blant barnefamiliar. *Make foreldrepraksisar* spelar ei viktig rolle for graden av samkvem med andre barnefamiliar. Kategoriar som felles utdanning, etnisitet, foreldre eller barn sin alder er viktige tilknytingspunkt som fremjar fellesskap blant informantane mine. Men slike kategoriar er ikkje nok til å danne nære fellesskap med andre foreldre eller barnefamiliar. Foreldra meiner det er viktig med grunnleggjande felles normer rundt kva grenser barna har og korleis familielivet er organisert, når dei vurderer kven dei ønskjer å tilbringe tid med og utvikle fellesskap med i kvardagen sin. Barnefamiliane

inkluderer og ekskluderer kvarandre ut frå kva normer dei har for barneoppsedinga. Organiseringa av kvardagen av tid og rom for barna er viktige markørar for om ein er gode foreldre eller ikkje.

Normsett for barneoppseding i familien, foreldra sine oppdragarpraksisar, kan oppfattast som gjenstand for differensieringa i samfunnet. Det er ikkje tilstrekkeleg å bruke dei kulturelle koordinatane frå ein særskild klassekultur for å kunne skjøne kva som skjer innan autonome subsystem i samfunnet (Sirnes 1999:70). Foreldreskapet må skapast, det er mange moglege måtar å vere foreldre på, men vala eksisterer innanfor visse normsett. Normene skaper tydelege avvik; därlege foreldre, slappe foreldre, lite synlege foreldre. Berre eitt foreldrepar blant informantane mine yt eksplisitt motstand mot ideal om å vere synlege, aktive foreldre. Å vere synleg som foreldre vart oppfatta som eit symbol på om ein er gode foreldre.

Innstillinga til fellesskapet i nabolog og nærmiljø kan også verke inn på korleis foreldre oppfattar andre foreldre. Nokre har sterke normer om at når ein har barn, når ein bur ein plass, må ein bidra på dugnader og andre arrangement som vedrører fellesskapet, som 17. mai og bursdagsfeiringar. Den repressive toleransen viser seg her, andre vert tolererte berre når dei følgjer visse speleregler. Den britiske geografen Tim Butler omtalar dette som eit kosmopolitisk paradoks, at menneske oppfattar seg sjølve som inkluderande, samtidig som dei krev at andre må vere som dei for å verte inkluderte og aksepterte som ein av oss. Denne type inklusjon handlar om eit moralsk fellesskap. Men det er viktig å presisere at det også kan innebere ei form for inklusjon å godta andre som ein del av bakgrunnen. Ei norm om at alle skal vere med alle, er ikkje ei realistisk norm. Det kan vere eit mål å inkludere den andre utan å dele den andre sine normer (Young 1997)

Sterke ideal om å vere liberale og tolerante gjer seg gjeldande blant informantane. Dei målber tanken om at folk må få gjere som dei vil, foreldre skal sjølve få bestemme over barna sine. Informantane underlegg seg sterke krav om å la vere å blande seg inn i andre sin private rom. Dei meiner det skal mykje til før dei kritiserer andre openlyst, eller grip inn i situasjonar som dei meiner er uheldige. Å handle moralsk er, for Zygmunt Bauman, grunnleggjande å ha ei ambivalent haldning til verda, fordi ein må balansere mellom dei skjøre linjene som skil omsorg frå dominans, toleranse frå å vere likegyldig (Bauman 1994:181). Akkurat slike dilemma er aktuelle for informantane. Redselen for å vere dominant kan hindre dei i å vise omsorg, ønsket om å vere tolerant kan gli over til å verte likegyldig overfor andre menneske.

Hage peikar på at dei tolererte aldri berre er til stades, dei vert alltid posisjonerte. Informantane set grenser mot andre i mange retningar, mot folk dei opplever som både over

Med barn i byen

og under dei på ein sosial rangstige. Grensene vert markerte mot dei som er for forskjellige, anten det dreiar seg om at dei er direkte farlege og skadelege, har feil normer eller er for konforme, kjedelege og snevre.

Mange av informantane har eit ambivalent forhold til det dei meiner representerer normaliteten. Forholdet til den førestelte normaliteten kan verte forskjellig ut frå om ein strevar med å få innpass i ein slik normalitet, eller om ein tilhøyrer den førestelte normaliteten på ein sjølvsagt måte. Dei foreldra som sjølve opplever at dei set spørsmålsteikn ved normaliteten, ville sannsynlegvis verte anerkjende som vanlege eller gode nok av andre.

Informantane refererer til ulike typar av *vi* og *andre* som inneber ulike grader av fellesskap, ulike grader av aksept. Når mangfaldet er ei kulisse, vert nokre av dei andre ein potensiell trussel mot tryggleiken. Dei vert aksepterte så lenge dei held seg i bakgrunnen og ikkje gjer krav på å få innverknad på kommunikasjonen eller kjem for tett på fysisk. Når mangfald vert forstått som eit reiskap for individualitet, kan vi som utgjer mangfaldet verte eit for homogen fellesskap og slik utgjere ein trussel mot mangfaldet. Ulike forståingar av mangfald representerer ulike truslar mot livsutfaldinga.

Nokre typar av andre vert berre aksepterte i bakgrunnen, som narkomane, nokre som samhandlingspartnarar, som foreldre på skulen, nokre vert inkluderte i nære fellesskap med kommunikasjon om normer og moral. Reell kommunikasjon verkar eksklusivt for dei som ein kjenner seg likeverdig med. Kor nært eller laust fellesskap ein har med andre, spelar inn på kva krav ein set til fellesskapet og kommunikasjonen. Kven som er *vi* og kven som er *dei andre* vil variere i ulike situasjonar.

Ein strategi å hanskast mangfaldet på, er å unngå dei andre, dei som ein meiner er for forskjellige. Ingen spør muslimske foreldre kvifor barna deira ikkje får gå i bursdagar, derfor veit dei ikkje kvifor, og overlet seg sjølve til å spekulere. Ein går dermed glipp av diskusjonar om forskjellar fordi ein innsnevrar rommet for kommunikasjon. Samtidig kan det å la vere å spørje oppfattast som eit uttrykk for toleranse – vi blandar oss ikkje opp i kva dei gjer. Vanskane knytt til familiegruppene skuldast nettopp at forskjellige oppfatningar om korleis barna bør ha det, forskjellige oppdragarpraksisar og foreldreprosjekt møtest og krev ei felles løysing.

Tanken om mangfaldet som eit reiskap til å utvikle individualitet, baserer seg på trua på at eksistens av forskjellar skapar toleranse. Å treffen menneske som er forskjellig frå ein sjølv kan verke til å gjere folk mindre fordomsfulle. Men det treng ikkje å ha den konsekvensen, og det kan også få motsette konsekvensar. Det å vere nøydd til å dele fysisk rom med folk som er forskjellige frå ein sjølv, kan føre til refleksjonar eller konfliktar som

gjer at ein tek passivt eller aktivt avstand frå dei andre. Gjennom å sjå korleis andre opptrer som foreldre, kan ein verte overbevist om at eigen praksis er betre enn dei andre sin.

Å måtte samarbeide og møte menneske som ein oppfattar som *dei andre*, kan føre til at ein ser på dei framande som spesifikke framfor generaliserte andre, og at dei dermed vert omskapte til moralske subjekt. Men det kan også føre til at ein får stadfesta dei førestellingane ein hadde om dei på førehand. Å bu nær menneske, i dette tilfelle barn og foreldre med andre normer enn eins eigne, gjer ikkje at ein automatisk utvidar synet på kva som er det gode liv eller den gode barndommen. Ein kan leve side ved side utan å la seg påverke av omgjevnadene. Talja Blokland, som har studert dei sosiale relasjonane i eit nabolag nær bykjernen i Rotterdam, skriv:

The communities of bonds and attachments in the private space are where we find our morality and mores, harmonize our actions with those of others and infer meanings for our social identifications” (Blokland 203:165).

Familiane bruker nabolaget sitt på ulik måte i denne prosessen. For nokre av foreldra eg intervjuer nabotaket irrelevant som eit moralsk fellesskap, for andre er det ein arena for moralske fellesskap både symbolsk og praktisk. Samtidig kan det også oppfattast som eit uttrykk for toleranse at ein aksepterer andre som kulisser i bakgrunnen, fordi dei dermed får vere som dei er utan å verte korrigerte.

Grensene mot den førestelte normaliteten vert trekte mot middelklasseverdiar. Foreldra opplever at dei sjølve set grenser for livsverda til barna ved å snevre inn omgangskretsen til folk som er lik dei sjølve. Mangfaldet i byen vert ei hjelp til å overskride sine eigne snevre rammer. Samtidig har foreldra grenser for kva dei vil utsetje barna for, som vald og utagerande framferd. Foreldra dreg grenser mot dei vellukka, snevre og mot utskota som har ei truande framferd. Foreldra skil mellom foreldra og barna, og verkar meir aksepterande overfor barn enn foreldre deira. Dei håpar på meir samkvem på tvers av forskjellar blant barna enn blant dei vaksne, og viser til eit håp om at neste generasjon skal verte meir tolerante og opne enn dei sjølve er.

8. Plass og moral

Avhandlinga har dreidd seg om korleis foreldre knyt band mellom barndom, plass og identitet. Samtalane om kva omgjevnader foreldra ønskjer å tilby barna sine, gir innsyn i kva foreldre dei vil vere og kva for nye borgarar dei vil danne. Eg har drøfta kva ideal om foreldreskap, barndom og byliv foreldre byggjer opp gjennom sine framstillingar av familieliv sentralt i by. Bykjernen er ein plass foreldra eg intervju har sterke kjensler for, og ein plass der dei opplever at mange av behova og ønskja deira vert oppfylte, både for seg sjølve og barna. I denne avslutninga vil eg samanfatte korleis foreldra tolkar bustaden og bustadmiljøet, foreldreskapet og barndommen i lys av to omgrep eg presenterte i teorikapittelet. Eg vil først sjå det i lys av omgrepet *plassmytar* som hjelper til med å sjå korleis plassar vert konstruerte gjennom samanlikning. Eg vil vidare bruke omgrepet *normativ geografi* til å sjå kva normer og moralske kodar for foreldreskap og barndom foreldra set fram gjennom å snakke om plass og identitet.

Plassmytar: sentrum, forstaden og bygda

Plassmytane, der foreldra samanliknar sentrum av byen med bygder eller forstadar, er aktive både når dei fortel om kvardagslivet i byen i forhold til tid og rom, om dei sosiale relasjonane i byen og om byen som ein plass for mangfald. Eg har identifisert nokre typiske element i framstillinga av sentrum av byen som bustadmiljø. Det har ei praktisk, effektiv organisering av tid og rom som gjer at ein kan veksle mellom rolege og kjappe tidsopplevelingar. Det har eit tett, nært bygdeaktig fellesskap som er trygt og sosialt samtidig som ein har høve til å velje vekk andre menneske. Byen er kosmopolitisk, liberalt og tolerant, med spennvidde og respekt for forskjellar.

Sentrumsnære nabolag i byen vert på den eine sida skildra som ei bygd i byen, på den andre sida som plassar for internasjonalt mangfald. Mange av informantane knyt seg til imaginære fellesskap basert på ein kombinasjonen av toleranse for forskjell og tette sosiale relasjoner. Mangfald vert eit viktig element i skapinga av byen som ein attraktiv og moralsk god plass for barndom, samanlikna med plassar som ikkje kan varte opp med mangfald. Foreldra ønskjer at barna skal verte trygge og set fram eit gjennomsiktig og nært nabolag som ei ramme om oppveksten. Bygda symboliserer det norske, det tette og einskaplege fellesskapet som står i potensiell kontrast til den opne og forskjellselskande byen. Dei to ulike bilda av byen, som ei bygd med tette sosiale nettverk og som kosmopolitisk, svarar også til

ulike teoretiske syn på plassar, som anten permanente, bundne og ekskluderande, eller som inkluderande, opne og i endring.

Plassmyten om byen er kopla til både det globale og det lokale. Byen vert oppfatta som internasjonal og slik sett global. Plassmyten om byen vert konstruert gjennom førestellingar som bind plassen til andre plassar. Studien viser slik at Doreen Massey sin argumentasjon for at plassar vert til gjennom banda til andre plassar, også kan vere ein del av sjølvforståinga hos innbyggjarane på ein plass. Samtidig er avhandlinga eit døme på at grensedraging er uunngåeleg i konstitueringa av plassar som opne og tolerante og i skapinga av mobile og opne individ.

Byen som heim og oppvekstmiljø for barn vert tolka gjennom kjennskap til alternativ og samanlikning med andre plassar. Desse samanlikningane vert både forankra i eigne opplevingar og i meir generelle førestellingar informantane har om sentrum av byen og andre plassar. Dei komparative erfaringane er svært viktige når plassar vert evaluerte (Hidle 2004:282). Foreldra brukar dikotomiar i framstillinga av byen som oppvekstmiljø, kontrasterer seg fremst med bygda og forstaden. Forstadar og bygder vert haldne fram som skrekksjonar av lokalmiljø der alle vert pressa inn i ei form. Sentrum i byen vert løfta fram som ein motpol til slike tendensar: her bur folk i ulike livsfasar, med ulik sosial bakgrunn, det er internasjonalt og opent for framande impulsar.

Plassmytane er aktive både når foreldra snakkar om kvardagslivet i byen i forhold til tid og rom, om dei sosiale relasjonane i byen og om byen som ein plass for mangfold. Dei eg intervjuva hadde gjennomgåande lite godt å seie om forstadene. Forstaden vert brukt som kontrast til livet nær sentrum, men det er ikkje eintydig bilde av forstaden som vert skapt. Nokre ser for seg at denne typen plassar er lite sosiale, symbolisert gjennom høge hekkar og innestengte hagar med menneske som kører bilen rett inn i garasjen. Det anonyme og det manglande fellesskapet vert sett opp som ein motpol til det sosiale livet i sentrum der folk går til fots og har mange felles møteplassar. Samtidig skuldar sentrumsbuarane forstadene for å vere trongsynte og konforme, og slik sett prega av for tette og klamme fellesskap.

Bygda vart som forstaden oppfatta som trong og konform, men det fellesskapet som bygda symboliserer vart i mange tilfelle opphøgd til eit ideal for livet i sentrum. Foreldra ønskjer at barna skal verte trygge og set fram eit gjennomsiktig og nært nabolag som ei roleg og landsbyaktig ramme om oppveksten til barna. Bygda symboliserer det norske, det tette og ofte einskaplege fellesskapet som står i potensiell kontrast til den opne og forskjellselskande byen. Foreldra er opptekne av å få fram spenning, variasjon og mangfold som eit ideal for livet i byen. Mangfaldet er ein kompetanse dei vil at barna skal få med seg, og ein verdi som

Med barn i byen

sikrar at det bygdeaktige fellesskapet ikkje vert for einskapleg. Mangfald sikrar val, høve til å velje og velje vekk. Samtidig vert mangfald knytt til ei positiv utvikling av tryggleiken til barna, tryggleik som oppstår gjennom å takle farar i samfunnet og gjennom kjennskap til forskjellar som gjer at barna tør å vere sjølvstendige. Den komplekse og ofte motsetningsfylte måten foreldra fortel om barndommen i byen på, viser at dei tillegg byen mange eigenskapar på ein gong.

Den dominerande plassmyten er at bygda er trond, byen er raus. Med utgangspunkt i mine tolkingar kan ein like godt snakke om den tronde byen, det tette og gjennomsiktige bustadmiljøet. Det attraktive med sentrum av byen er i høg grad det doble rommet symbolsk uttrykt gjennom uttrykket *bygda i byen*: den lokale, tette tilknytinga til ein fysisk plass som basis for familielivet kombinert med mangfaldet i byen som gir spenning, utvikling og kompetanse. Foreldra opplever dermed at dei tilbyr barna ”alt”, både ei trygg forankring fysisk og sosialt og nok av utfordringar.

Forteljingane om barn i byen har retoriske drag som peikar mot at foreldra forsvavar seg overfor forteljingar om barndom som handlar om den gode barndommen på landet. Det kan synast som at dei som forsvavar byen, konstruerer eit nostalгisk og gamaldags bilde av bygda som dei bruker til å spegle seg i. Dei bruker element dei oppfattar som negative ved det moderne bygdelivet til å framheve bylivet. Bygda vert assosiert med snevre sosiale og kulturelle rammer rundt oppveksten til barn som fører til at dei er omgjevne av for like menneske og impulsar. Byen tilbyr derimot eit møte med sosial og kulturell uliksskap som er utviklande for barna, i tillegg til at dei kan utfalte seg fysisk.

Trass i at barndommen på bygda og i byen vert framstilte i polariserte vendingar, vert den også ofte knytt til både like og ulike verdiar. Tilgong på naturopplevingar vert framstilt som eit gode både i byen og på bygda, men med ein underliggjande idé om at det finst meir av det i bygda. Tilgong på kulturopplevingar og kompetanse til å takle menneske som er forskjellige frå ein sjølv, vert mest knytt til byen. Barndom i byen har vakse fram som ei legitim forteljing om den gode barndommen, som konkurrerer med barndom på bygda.

Som eg skreiv i teorikapittelet, er også forskarar med på å produsere foreinkla samanhengar. Samtidig som eg nyanserer plassmyten om byen, er eg med på å produsere visse førestellingar om byliv og om andre plassar. Kva for plassmytar er eg med på å byggje opp gjennom denne avhandlinga? Eg vil streke under at det finst mange forteljingar om familieliv i sentrum av byen. Eg kunne ha framheva multikulturelle tema i høgare grad og dermed fått fram andre sider ved byen som arena for foreldreskap og barndom. Foreldra i bykjernen byggjer opp plassmytar om bygder, forstadar og tettstadar for å forstå seg sjølve.

Samtidig speglar dei seg sjølve i andre. Plassmytane om dei andre plassane vert dermed prega av eit både kritisk og forsvarande blikk. Dette viser behovet for forsking som kan nyansere plassmyten om forstadar og tettstadar. Eg etterlyser vidare forsking både på forstadar, tettstadar og bygder basert på oppfatningar til dei som bur på slike plassar. Det er også viktig å få fram barn si eiga forståing og oppleving av bustadmiljø. Sannsynlegvis ville plassmytane vorte konstruerte på ein annan måte om det var barna sine opplevingar og ideal eg analyserte. Plassmytane er viktige å studere fordi dei formar ideal om det gode liv og vert brukte i prosessar der slike ideal vert omforma.

Foreldreskap og barndom: normativ geografi

Korleis foreldre legg til rette barndommen i forhold til plass og rom og kva ønskjer dei har for barna, gir eit bilde av kva ideal dei har for det gode foreldreskapet og kva dei oppfattar som den gode barndommen. Omgrepene *normativ geografi* viser til korleis plassar vert brukte til å konstruere kva som er bra eller passande. I dei tidlegare kapitla har nokre ideal for foreldreskap utkrystallisert seg. Dei kan samanfattast i ein tanke om barnet som prosjekt. Foreldra skal delta aktivt i barndommen, vere synlege og til stades. Dei skal ha kontroll over kor barna oppheld seg i tid og rom og kven barnet oppheld seg saman med. Foreldra ser barnet som eit individ med eigne behov dei har ansvar for å dekkje.

Å vere eit moderne menneske handlar om å ta kontroll over livet, velje framtida framfor å lite på skjebnen. Å vere eit seinmoderne menneske handlar også om å vere i stand til å gi slepp på denne kontrollen, la seg rive med av kjensler og opne for det uplanlagte. Når moralske vurderingar vert individualiserte, vert menneske også ansvarlege for innhaldet i dei moralske vurderingane det forvaltar. Fridommen til å velje medfører ansvar for å ta dei rette og gode vala. Bevisste, aktive, engasjerte foreldre som tek barnet på alvor som individ trer fram som ein viktig verdi. Denne verdien var også ein målestokk dei vurderte kvarandre i forhold til. Foreldra vurderte kvarandre også i forhold til om dei meistra å gi barna den rette fridommen og kontrollen i forhold til tid og rom. Den konkrete utforminga av foreldreskapet var så viktig at mange vaksne tok avstand frå å utvikle band med andre vaksne dersom dei meinte at dei var dårlig foreldre.

Felles interesser rundt barna er eit svært viktig grunnlag for fellesskap blant foreldra, nokre ønskte praktisk samarbeid rundt barna, men andre søkte også tettare og meir omfattande fellesskap. Foreldra formidla ambivalens knytt til å ta del i lokale fellesskap basert på at dei er foreldre. Foreldreskapet kan opplevast som tyngande moralsk sett, og skape forventningar ein

Med barn i byen

ønskjer å bryte. Analysane av foreldreskap og plass viser også korleis nokre foreldre ønskjer å stille spørsmål ved normalitet, ved kva som vert oppfatta som det gode foreldreskap.

Kjensla av å høyre til eit foreldrefellesskap var med på å gi foreldra tryggleik til å la barna vere ute åleine fordi dei opplever andre foreldre som delaktige i kontrollen over barna. På same tid som barn i større grad enn tidlegare vert gjenstand for kontroll frå vaksne, vert dei i dag i større grad oppfatta som eigne individ med separate og individuelle behov i familien og samfunnet. Barn har slik ein dobbel posisjon: dei er både kompetente aktørar med lik verdi som vaksne, samtidig som dei vert sett på som ei gruppe som treng ekstra vern og som sjeldnare enn vaksne veit sitt eige beste. Målet er å skape sjølvstendige barn, men rammene dei skal vere sjølvstendige innan kan vere smale.

Kva vert framstilt som ønskverdige kvalitetar ved plassar for barn? Ei framstilling av plass som noko stødig ein kan lene seg på, vart kombinert med førestellinga om plassen som rørleg og ustabile. Både det stabile og det ustabile kan vere ideal knytt til barneoppseding. Barna bør kjenne tryggleik, samtidig vert det framstilt som positivt å lære seg å takle endring. Fleksibilitet vert sett på som viktig for utviklinga av barn sine personlegdommar. Analysen av plassmytane knytt til byen som oppvekstmiljø, viser at premissane for kva som vert rekna for å vere ein god barndom vert diskuterte. Verdiar som kulturelt og sosialt mangfald og kompetanse til å takle framande, vert oppfatta som udiskutable godar kan skape sunne og kompetente barn. Ideal om rørsle og kompetanse til å takle endring kan forståast som ei motsats til meir tradisjonelle ideal om foreldreskap og barndom. Ei av dei mest vanlege normative utsegnene om barneoppseding i Noreg er at barn treng tryggleik og stabilitet. Foreldra eg intervjua ville ikkje sagt seg usamde i denne utsegna. Dei verka opptekne av å gi barna stabile og trygge rammer, til dømes var mange opptekne av at familien ikkje måtte flytte frå bustaden eller nærmiljøet fordi dei ikkje ønskte å rykke barna opp frå trygge sosiale relasjonar. Fleire av informantane utvida også innhaldet i omgrepet tryggleik ved å argumentere for at barna vart trygge gjennom å kjenne til og omgåast ”samfunnets farar”. Det trygge kan koplast til opningane individet har til å identifiserer seg med mange og kompetansen til å takle det uventa og framande. Mange sluttar opp om verdien om å vere nærværande og synlege foreldre. Nettopp dette idealet fører også til ein uro for å vere for kontrollerande. Mange ønskjer å framstå som aktive familiarar – det inneber ei bekymring for å organisere tida for mykje.

Plassar og identitetar

Plass vert brukt i identitetsdanning på ulike måtar. Menneske identifiserer seg med, mot eller har eit likegyldig forhold til ulike plassar. Foreldra koplar eigenskapar ved plassen til kva eigenskapar dei ønskjer at barna deira skal utvikle. Dei ønskjer at barna skal verte påverka av plassen, til dømes at barna skal verte tolerante og få ein vid horisont ved å bu i eit internasjonalt miljø. Dei framstiller samtidig byen som trygg, roleg, gjennomsiktig og landsbyaktig.

Syn på foreldreskap og barndom kan lesast som uttrykk for meir omfattande ideal om korleis moderne menneske bør vere. Mange foreldre sin presentasjon av seg sjølve som opne og aktive, finn gjenklang i teoriane til Giddens og Beck om individualisering og postmoderne teoriar om flytande og opne identitetar. Samstundes viser analysane at fellesskap basert på ei moralsk tilknyting til andre er viktig. Verdsetjinga av det ukjende og forskjellige var para med eit ønskje om tryggleik og felles moralske vurderingar. Det trygge, men samtidig opne og sjølvstendige barnet var eit ideal. Ideala for korleis barna skal verte, kan tolkast som eit ønskje om å skape barn som passar inn i samfunnet sine krav til dei vaksne borgarane. Det mobile, unike, men tilpassingsdyktige individet trer fram som eit ideal.

Fleire av foreldra uttrykte at både dei og barna hadde behov for å verte sette som individ, samtidig som dei ønskte å gli inn i eit fellesskap. Dette meinte nokre at det var lettast å oppnå i ein samanheng der folk i utgangspunktet var forskjellige. Om alle vert anerkjende som unike individ, vil dei inngå i fellesskap basert på den premissen. Mange av foreldra uttrykte slik at dei såg ulikskap som eit fruktbart grunnlag for kommunikasjon. Dei hadde samtidig eit ambivalent forhold til likskap og forskjell. Dei framheva at felles reglar og rutinar gjorde at sosial omgang glei lettare og at det make i form av lik barneoppseding var positivt for omgangen med andre barnefamiliar. Samtidig var sosial og kulturell likskap noko dei frykta eller flykta i frå, det vart forbunde med tvang eller klamme fellesskap.

Mange av foreldra eg intervjua såg det uventa og forskjellige ved byen som tiltrekkjande. Dei formidlar ein kombinasjon av ideal for individdanninga som Zygmunt Bauman skildrar som ein estetisk rasjonalitet for sosial romskaping. Han strekar under at det uventa og spennande som grunnlag for sosiale relasjonar står i opposisjon til det stabile.

Aesthetic spacing, in contradistinction to the cognitive one, cannot – must not – hold objects in place. Immobility is its mortal sin, solidity and longevity of charts its moral danger (Bauman 199:180).

Med barn i byen

Bauman skildrar her rasjonaliteten i estetisk romleggjering. Når det tiltrekkjande er det uventa og forskjellige, vert stabilitet eit minus. Denne logikken inneber ein redsel for å stivne som individ og eit ønskje om å vere i stadig rørsle, open for nye impulsar. Men kjeldematerialet viser at folk kan danne fellesskap på basis av slike kvalitetar, at denne innstillinga foreiner dei. Det stabile i fellesskap kan vere nettopp denne haldninga til at det framande og forskjellige er det tiltrekkjande.

Avhandlinga har gitt eit innblikk i korleis foreldre konstruerer seg sjølve og andre som inn og ut av ulike fellesskap, i kven som vert definerte som vi eller andre. Desse konstruksjonane av kven som er *vi* og kven som er *andre* har konsekvensar både for handlingsrommet til dei vaksne og barna i familiane, og til andre rundt dei. Det ligg eit håp i sjølvrefleksjonen til informantane, i kritisk gransking av eigne motiv og handlingar ønskjer dei å skape barn som er mindre fordomsfulle enn dei sjølve. Det finst uansett grenser for ideen om mangfald som noko positivt og inkluderande, der mangfaldet møter risikoene, det utrygge og verdikonfliktar. Det ligg nokre kontinuerlege utfordringar knytt til forholdet mellom mangfald, likskap og forskjell: å sjå likskap og forskjell som grader av likskap og forskjellar, som ikkje står i naudsynt opposisjon til kvarandre.

Ghassan Hage presiserer nokre viktige dynamikkar mellom dei tolerante og dei tolererte, som handlar om romlege grenser.

this power to tolerate is then the same imagine power we are now familiar with: the power to position the other as an object within a space that one considers one's own, within limits one feels legitimately capable of setting (Hage 1998:90).

Hage peikar her på makta dei tolerante har til å definere kva reglar som skal gjelde, kven som skal høyre til ved å vere i stand til å trekke og utøve grenser innanfor eit spesifikt rom. Slike grensedragingar er aktuelle både i nabolag, i byar, i nasjonar og i globale samanhengar.

Ein kan ikkje generalisere om foreldre i sentrum av byar, i byar generelt eller i Noreg ut frå møtet med 13 foreldreprar. Likevel er det grunn til å streke under at mangfaldstanken er utbreidd. Den kjem også til uttrykk i media, i ulike stortingsmeldingar og i den offentlege debatten. Det er også grunn til å tru at breie samfunnsgrupper i Noreg sluttar seg til likskap forstått som det make, som eg også fann dømer på i materialet mitt.

Kva konsekvensar kan haldningane til mangfald få for den offentlege sfæren? Ein fordel med mangfaldsomgrepet framfor multikulturalisme, er at det rommar mange ulike dimensjonar. Slik vert forskjellar gjort til noko uvisst. Det er ikkje gitt kva som er dei viktige forskjellane og kva konsekvensar dei skal få. I praksis vil forskjellane verte spesifiserte, men

innhaldet i mangfaldsomgrepet er avhengig av samanhengen det står i og kan handle om masse forskjellig. Mangfald er eit omgrep som er diffust nok til å sameine mange ulike verdiar og som framtrer på ein måte som gir det forrang framfor andre omgrep og verdiar. Det er vanskeleg å vere mot mangfald som verdi, fordi mangfald vert assosiert med positivt lada ord som frie val, toleranse og fridom. På det retoriske planet er mangfald derfor ein verdi og eit mål det er lett å slutte opp om. I meir praktiske og bestemte utformingar og konkretiseringar av omgrepet kan usemje oppstå. Eg meiner at det derfor er viktig å spesifisere bruken av og innhaldet i mangfaldsomgrepet for å få motsetningane fram i lyset og sette under debatt. Samtidig er det viktig å drøfte innhaldet i slike omgrep fordi dei har tyding for draumane om det gode liv, og slik verkar inn på den einskilde sitt handlingsrom.

Med tanke på skifte i diskursar dei siste åra der feiring av forskjellar og mangfald har vorte meir uttalt på stadig fleire felt i samfunnet, vert det viktig å kritisk granske retorikken, den praktiske bruken og følgjene av bruken. Om ein landar ned på likskap eller uliksskap som grunnlag for kommunikasjon eller fellesskap, vil ein uansett ende opp med å kategorisere og hierarkisere. Men nokre måtar å hierarkisere og kategorisere på er meir ekskluderande enn andre. Sidan omgrepet mangfald brer om seg som eit ideal, vil eg etterlyse meir forsking på bruken av mangfaldsomgrepet i konkrete kontekstar, til dømes innan skuleverket, sett i forhold til offentleg politikk knytt til etnisitet og i forhold til arbeidslivet.

Normbygging og grensedragingar er kontinuerlege prosessar. Forskaren si oppgåve er å klargjere og tydeleggjere normer og verdiar, maktforhold og hierarkiseringsmekanismar og dermed setje dei under ytterlegare debatt. Eg ser denne avhandlinga som eit bidrag til refleksjon og debatt om foreldreskap, plassar å bu på og ideal for forming av nye borgarar.

Litteraturliste

- Akman, Haci 2002: Stedets kulturelle diaspora. Torgalmenningen – et byrom i Bergen. I: *Tidsskrift for kulturforskning*. Nr. 3-4. Novus Forlag.
- Allen, John 1999: *Words within Cities*. I Massey, Doreen, Allen, John, Pile, Steve (red.): *City Worlds*. London: Routledge.
- Alver, Bente og Øyen, Ørjar 1997: *Forskningsetikk i forskerhverdag: vurderinger og praksis*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Andenæs, Agnes 1995: *Foreldre og barn i forandring*. Dr. polit avhandling. Det samfunnsvitenskapelige fakultet. Universitetet i Trondheim.
- Andersen, Arnfinn J. 2003: *Menn skaper rom for foreldreskap og familie. Farskapets betingelser i en heteronormativ kultur*. Dr. polit avhandling. Institutt for sosiologi og statsvitenskap. NTNU.
- Anderson, Benedict 1996: *Forestilte fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Oslo: Spartacus Forlag.
- Andersson, Mette 2000: “*All five fingers are not the same*”. *Identity work among ethnic minority youth in an urban Norwegian context*. Report 1/2000. IMER Norway/Bergen/Centre for Social Science Research. University of Bergen.
- Andresen, Astrid 2003: Helserådet – forebygging i epidemienes tid. I: Elvbakken, Kari Tove og Grethe, Riise (red.): *Byen og helsearbeidet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Aspen, Jonny og Pløger, John (red.) 199: *På sporet av byen. Lesninger av senmoderne byliv*. Oslo: Spartacus.
- Aspen, Jonny 2002: *Nye tider – nytt byliv – nye utfordringer*. Skriftleg innlegg storbykonferansen 2-3. 09.
- Aspen, Jonny 2005: Gentrifisering som kulturell diskurs. I Aspen, Jonny (red.): *By og Byliv i endring. Studier av byrom og handlingsrom i Oslo*. Oslo: Scandinavian AcademicPress/Spartacus
- Ball, Stephen J., Vincent, Carol, Kemp, Sofie og Pietikainen, Soile 2004: Middle class fractions, childcare and the ”relational” and ”normative” aspects of class practices. I: *The Sociological Review*. Blackwell Publishing Ltd.
- Bauman, Zygmunt 1993: *Postmodern Ethics*. Oxford: Blackwell.
- Bauman, Zygmunt 2000: *Flytende modernitet*. Erasmusserien. Oslo: Vidarforlagets Kulturbibliotek.
- Bauman, Zygmunt 2000: *Savnet fellesskap*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag.
- Beck, Ulrich 1992: *Risk Society. Towards a New Modernity*. London: Sage Publications.
- Beck, Ulrich og Beck-Gernsheim, Elisabeth 1995: *The Normal Chaos of Love*. Cambridge: Polity Press.
- Beck, Ulrick 1997: *Risiko og frihet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Beck-Gernsheim, Elisabeth 2002: *Reinventing the Family. In Search of New Lifestyles*. Cambrigde: Polity Press.
- Becker, Gaylene 1997: *Disrupted lives: how people create meaning in a chaotic world*. Berkeley: University of California Press.
- Bell, David og Jayne, Mark 2004: Conceptualizing the City of Quarters. I: (Bell og Jayne red.) *City of Quarters. Urban Villages in the Contemporary City*. Aaldershot: Ashgate.
- Benhabib, Seyla 1992: *Autonomi och gemenskap. Kommunikativ etik, feminism och postmodernism*. 1992. Göteborg: Daidalos.
- Benhabib, Seyla 2002: *The Claims of Culture. Equality and Diversity in the Global Era*. Princeton: Princeton University Press.

- Berg, Nina Gunnerud og Dale, Britt 2004: Sted – begreper og teorier. I: *Mennesker, steder og regionale endringer*. Berg, Nina Gunnerud, Dale, Britt, Lysgård, Hans Kjetil og Løfgren, Anders(red.). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Berg, Nina Gunnerud og Lysgård, Hans Kjetil 2004: Ruralitet og urbanitet – bygd og by. I: *Mennesker, steder og regionale endringer*. Berg, Nina Gunnerud, Dale, Britt, Lysgård, Hans Kjetil og Løfgren, Anders (red.). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Bickford, Susan 2000: Constructing Inequality. City Spaces and the Architecture of Citizenship. *Political Theory*, Vol. 28, nr. 3.
- Birkeland, Inger 2005: *Making Place, Making Self. Travel, Subjectivity and Sexual Difference*. Aldershot: Ashgate
- Bjørnskau, Torkel 2003: *Ny trafikk – nye naboer? Trafikk og segregasjon i Oslo indre øst*. TØI rapport 652. Oslo: Transport Økonomisk Institutt.
- Bjørnskau, Torkel og Hjorthol, Randi 2003: Gentrifisering på norsk – urban livsstil eller praktisk organisering av hverdagslivet? I: *Tidsskrift for samfunnsvitenskap*. Vol. 44, nr. 2. Universitetsforlaget.
- Blackford, Holly 2004: Playground Panopticism. Ring-around-the-children, a pocketful of women. *Childhood*, vol. 11 (2). London: SAGE Publications.
- Blaakilde, Anne Leaonora 1999: *Den store fortællingen om alderdommen*. København: Munksgaard.
- Blekesaune, Morten 2000: *Familiefase og hverdagsliv. En studie av husholdsservice og fritid*. Rapport 10. Oslo: NOVA.
- Blokland, Talja 2003: *Urban Bonds. Social Relationships in an Inner City Neighbourhood*. Cambrigde: Polity Press.
- Bourdieu, Pierre 1995: *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax.
- Brattbakk, Ingar 1999: *Bakklandet – en bydel i endring. Gentrification, nærmiljø og identitet 1970-1997*. Hovedfagsoppgave. Geografisk institutt. Trondheim: NTNU.
- Breivik, Jan.Kåre 2001: *Deaf Identities in the Making. Metaphors and narratives in translocal lives*. Dr. polit. Avhandling institutt for sosialantropologi. Universitetet i Oslo.
- Breivik, Jan-Kåre 2005: *Deaf identities in the making. Local Lives, Transnational Connections*. Washinton D.C: Gallaudet University Press.
- Brembeck, Helene 1998: *Inte bara Mamma. En etnologisk studie av unga kvinnors syn på moderskap, barn och familj*. Göteborg: Skrifter från Etnologiska föreningen i Västsverige nr. 28.
- Brigde, Gary 2001: Bourdieu, rational action and the time-space strategy of gentrification.I: *Transactions of the Institute of British Geography*.
- Brigde, Gary 2003: Time-Space Trajectories in Provincial Gentrification. *Urban Studies*. Vol. 40, No.12. Carfax Publishing.
- Bringslid, Mary Bente 199?: *Bygda og den framande. Ein studie av det lokales de- og rekontekstualisering i ei vestnorsk bygd*. Dr. avhandling i antropologi. Universitetet i Bergen.
- Brochmann, Karen og Odd 1955: Ny boligform. I Dobbloug Altern, Ingeborg og Pedersen, Halvor (red.): *Hjemmet og vi. En bok om liv og arbeid*. Oslo: A/S Norsk Faglitteratur.
- Brottveit, Ånund 1998: *Barnevennlige samfunn? En studie av tre bygders sosiale nettverk og oppvekstbetingelser i Rømskog, Marker og Rakkestad*. Forskningsrapport nr. 1/98. Oslo: Diakonhjemmets høgskolesenter.
- Butler, Tim 2003: Living in the Bubble: Gentrification and its "Others" in North London. *Urban Studies*, Vol. 40, No. 12. Carfax Publishing.
- Campbell, Fiona 2001: *Families and Time: a sociological study of the organisation of time in dual income families*. Hovedoppgåve i sosiologi. Universitetet i Bergen

Med barn i byen

- Casey, Edward 1996: How to get from Space to Place in a Fairly Short Stretch of Time. I:
Feld, S. og Basso, K: *Senses of Place*. Santa Fe: School of American Research.
- Castree, Noel 2003: Place: connections and boundaries in an interdependent world. I:
(Holloway, Sarah. I. Rice, Stephen.P. and Valentine, Gil (red.): *Key Concepts in Geography*. London:Sage.
- Cloke, Paul 1999: Self-Other. I: Cloke, Paul, Crang, Philip og Goodwin, Mark (red.):
Introducing Human Geographies. London: Arnold.
- Cooke, Philip 1990: Modern Urban Theory in Question. *Transactions of British Geographers*.
Vol. 15, No. 3.
- Crang, Mike 2001: Rhythms of the city. Temporalised space and motion. I (May, Jon og
Thrift, Nigel red.) *Timespace. Geographies of Temporality*. London: Routlegde.
- Crang, Philip 1999: Local-Global. I: Cloke, Paul, Crang, Philip og Goodwin, Mark (red.):
Introducing Human Geographies. London: Arnold.
- Cresswell, Tim 1996: *In Place. Out of Place. Geography, Ideology, and Transgression*.
Minneapolis, London: University of Minnesota Press.
- Cresswell, Tim 2004: *Place. A Short Introduction*. Oxford: Blackwell Publishing.
- Curtis White, Katherine J. og Guest, Avery M. 2003: Community Lost or Transformed?
Urbanization and Social Ties. *City & Community* 2:3. Washington: American
Sociological Association.
- Daly, Kerry 2001: Deconstructing Family Time: From Ideology to Lived Experience. *Journal
of Marriage and the Family* (63). National Council on family Relations.
- Daly, Kerry 2002: Time, Gender and the Negotiation of Family Schedules. *Symbolic
Interaction*. Volume 25, nr. 3. Berkely: The Society for the Study of Symbolic
Interaction.
- Danielsen, Hilde 2002a: *Husmorhistorier. Norske husmødrer om menn, barn og arbeid*. Oslo:
Spartacus.
- Danielsen, Hilde 2002b: Den kjønnskonservative velferdsstaten. I: Holst, Cathrine (red.):
Kjønnsrettferdighet. Utfordringer for feministisk politikk. Makt- og
demokratitredningen. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Danielsen, Hilde 2005: Med barn i byen. Val av bustad, val av barndom. I: Barlindhaug, Rolf
(red.): *Storbyens boligmarked. Drivkrefter og rammebetingelser*. Oslo: Scandinavian
University Press.
- Davidoff, Leonore, Doolittle, Megan, Fink, Janet, og Holden, Katherine 1999: *The Family
Story. Blood, Contract and Intimacy, 1830 – 1960*. London: Longman.
- Davis, Karen 2001: Responsibility and daily life. Reflections over timespace. I (May, Jon og
Thrift, Nigel red.) *Timespace. Geographies of Temporality*. London: Routlegde.
- de los Reyes, Paulina og Martinsson, Lena 2005: Olikhetens paradigm och några följdfrågor.
I: (de los Reyes, Paulina og Martinsson, Lena red.) *Olikhetens paradigm.
Intersektionella perspektiv på o(jäm)likhetsskapande*. Lund: Studentlitteratur.
- Demerath, Loren og Levinger, David 2003: *The Social Qualities of Being on Foot: A
Theoretical Analysis of Pedestrian Activity,Community, and Culture*. I: City &
Community nr. 2/3. American Sociological Association.
- Dealut, Marjorie L. 2000: PRoducibf Family Time: Practices of Leisure Activity Beyond the
Home. *Qualitative Sociology*, (23), nr 4.
- Digranes, Jon 1977: Bergen sentrum og sentrumsmiljøet. I: Helvig, Magne og Hageberg,
Michael (red.): *Søkelys på Bergen Sentrum. Sluttrapport fra Forskningsprosjektet
Bergen Sentrum*. Geografisk institutt. Norges Handelshøyskole og Universitetet i
Bergen.
- Dyblie Nilsen, Randi 2000: "Her ska æ aldri fløtt fra!". Fysiske og sosiale aspekter ved
barns "gode hus". I: *Barn 3- 4*.

- Ehn, Billy 1992: Livet som intervjukonstruksjon. I: Tigerstedt, Christoffer, J.P. Roos & Vilkko, Anni (red.): *Självbiografi, kultur, liv. Levnadshistoriska studier inom human- och samhällsvetenskap*. Stockholm: Brutus Östlings Bokförlag Symposion.
- Ehn, Billy og Löfgren, Orvar 1994 (1982): *Kulturanalys. Et etnologisk perspektiv*. Lund: Liber.
- Ehn, Billy og Löfgren, Orvar 1996: *Vardagslivets etnologi. Reflektioner kring en kulturvetenskap*. Stockholm: Natur och Kultur.
- Ehn, Billy og Löfgren, Orvar 2001: *Kulturanalyser*. Malmö: Gleerups Utbildning AB.
- Ellefson, Karl Otto 1996: Den urbane temaparken. I: *Byggekunst* nr. 6.
- Ellingsæter, Anne Lise 2005: Tidsklemme – metafor for vår tid. I: *Tidsskrift for samfunnsforskning*. Vol. 46, nr. 3. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ellingsæter, Anne Lise 2004: Tidskrise i familien? I: Ellingsæter og Leira (red.) *Velferdsstaten og familien. Utfordringer og dilemmaer*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Engesæter, Pelle 1986: *Byfornyng i eit sosial-geografisk perspektiv – ei studie av fire byfornyingsstrøk i Bergen*. Hovudfagsoppgåve i geografi. Universitetet i Bergen.
- Ericsson, Kjersti og Larsen, Guri 2000: *Skolebarn og skoleforeldre. Om forholdet mellom hjem og skole*. Oslo: Pax.
- Eriksen, Anne 1990: Livets goder og livets mørke. Erfaring og tolkning i autobiografisk materiale. I: *Nord Nytt* nr. 41.
- Eriksen, Hylland Thomas 2002: *Øyeblikkets tyranni. Rask og langsom tid i informasjonssamfunnet*. Oslo: Aschehoug
- Fauske, Halvor og Øia, Tormod 2003: *Oppvekst i Norge*. Oslo: Abstrakt Forlag.
- Featherstone, Mike 1991: *Consumer Culture & Postmodernism*. London: Sage Publications.
- Fjell, Tove I. 1996: Jakten på troverdigheten. Om realistiske og dybderealistiske tilnærningsmåter innenfor kulturvitenskapene. I: *Nordnytt* 62.
- Fjell, Tove I. 1998: *Fødselens gjenfødelse. Fra teknologi til natur på fødearenaen* nr. 1 i Studia Humanitatis Bergensia. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Fjell, Tove I. 2005: Childfree Women – Desirable or Deplorable? On Having and Not Having Children and Other People's Views of These More or Less Random Choices. *Etnologia Scandinavica*. Vol. 35.
- Fløgstad, Kjartan 2000: Osloprosessen. Oslo: Gyldendal
- Flåte, Sølvi 1996: *Båndet imellom. En studie av sosiale nettverksrelasjoner og involvering i slekt, nabolag og vennekrets*. Hoveddøppgave i sosiologi. Universitetet i Oslo.
- Fosso, Eli Jeanette 2004: Unges flytting – et spørsmål om identitet og myter om marginale og sentrale steder? I: *Mennesker, steder og regionale endringer*. Berg, Nina Gunnerud, Dale, Britt, Lysgård, Hans Kjetil og Löfgren, Anders (red.). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Fraser, Nancy 1989: *Unruly Practices: Power, Discourse and Gender in Contemporary Social Theory*. Cambrigde: Polity Press.
- Frykman, Jonas 2003: Between History and Material Culture. I: Frykman og Gilje red.): *Being There. New Perspectives on Phenomenology and the Analysis of Culture*. Lund: Nordic Academic Press.
- Frykman, Jonas og Gilje, Nils 2003: Being There. An introduction. I: Frykman og Gilje red.): *Being There. New Perspectives on Phenomenology and the Analysis of Culture*. Lund: Nordic Academic Press.
- Frykman, Jonas 1993: Nationella ord och handlingar. I Ehn, Billy, Frykman, Jonas og Löfgren, Orvar (red.): *Försvenskningen av Sverige. Det nationellas förvandlingar. Natur och kultur*. Stockholm: Natur och Kultur.
- Frykman, 1998: *Ljusnande framtid! Skola, social mobilitet och kulturell identitet*. Lund: Historiska Media.

- Frønes, Ivar 1994: De likeverdige. Om sosialisering og de jevnaldrenes betydning. Oslo: Universitetsforlaget.
- Frønes, Ivar og Brusdal, Ragnhild 2000: *På sporet av den nye tid. Kulturelle varsler for en nær fremtid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Frønes, Ivar 2003: *Moderne barndom*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Frønes, Ivar 2004: Boligkonsum – generasjon, livsløp og etnisitet. I: Svendsen, Sven Erik (red.): *Rammen rundt våre liv – forskning om bolig og levekår*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag. Norges Forskningsråd.
- Gakkestad, Kjersti 2003: *Romsås - en stigmatisert bydel? : en studie av territoriell stigmatisering: medias rolle og konsekvenser for beboerne. Hovedoppgave i samfunnsgeografi*. Universitetet i Oslo.
- Giddens, Anthony 1984: *The Constitution of Society: Outline of the Theory of Structuration*. Cambrigde: Cambrigde Polity Press.
- Giddens, Anthony 1992: *The Transformation of Intimacy*. Cambrigde: Polity Press.
- Gillis, John R. (1997): *A World of Their Own Making. A History of Myth and Ritual in Family Life*. Oxford: Oxford University Press.
- Gjesdahl Christensen, Anne Louise 1991: *Livet i og mellom husene. Utvalgte artikler om ivsform og bymiljø*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gløckner Gunnerud, Mari 2002: *Fra Råneparadis til miljøstjerne. En etnologisk studie av planleggeres og beboeres forhold til arbeiderstrøket Banken i Halden*. Hovudoppgåve i etnologi. Institutt for kulturstudier og kunsthistorie. Universitetet i Bergen.
- Gulbrandsen, Liv Mette 1998: *I barns dagligliv. En kultupsykologisk studie av jenter og gutters utvikling*. Oslo: Univeristetsforlaget.
- Gullestad, Marianne 1984: *Kitchen-table society. A case study of the family life and friendships of young working-class mothers in urban Norway*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, Marianne 1979: *Livet i en gammel bydel. Livsmiljø og bykultur på Verftet og en del av Nøstet*. Oslo: Aschehoug.
- Gullestad, Marianne 1996: *Hverdagsfilosofer. Verdier, selvforståelse og samfunnssyn i det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, Marianne 1996: Modernity, Self, and Childhood in the Analysis of Life Stories. I: Gullestad, Marianne (ed.): *Imagined Childhoods. Self and Society in Autobiographical Accounts*. Oslo: Scandinavian University Press.
- Gullestad, Marianne 1997: A passion for Boundaries. Reflections on connections between the everyday lives of children and discourses on the nation in contemporary Norway. I: *Childhood*.
- Gullestad, Marianne 2002: *Det norske sett med nye øyne. Kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, Marianne 2003: *Changing relations of neighbourhood service, socialbility, and social control in Oslo*. Institutt for samfunnsforsknings rapport nr. 10. Oslo: ISF.
- Gulløv, Eva og Højlund, Susanne 2003: *Feltarbejde blandt børn. Metodologi og etikk i etnografisk børneforskning*. København: Gyldendal.
- Gulløv, Eva 2003: Creating a natural place for children. An ethnographic study of Danish kindergartens. I: Olwig, Karen Fog og Gulløv, Eva (red.): *Children's Places. Cross-cultural perspectives*. London: Routledge.
- Gressgård, Randi 2002: *Dilemmaet mellom likeverdighet og særegenhetsramme for flerkulturell dialog*. Dr. avhandling. Sosiologisk Institutt. Universitetet i Bergen.
- Gressgård, Randi og Jacobsen, Christine 2003: En kvinne er ikke en kvinne. I: Holst, Cathrine (red.): *Kjønnsrettferdighet. Utfordringer for feministisk politikk*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

- Gressgård, Randi 2005a: Hva mener regjeringen med flerkulturelt mangfold? I: *Nytt Norsk Tidsskrift* nr. 1. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gressgård, Randi 2005 b: *Fra identitet til forskjell*. Oslo: Scandinavian University Press.
- Gruda Skard, Åse, Seip, Martin, Brinchmann, Alex og Slotto, Erling (red.) 1960: *Lykkelige barn. Rådgiver for foreldre og lærere om barn og ungdom*. Oslo: Teknisk Forlag A/S.
- Guttu, Jon 2003: Eneboligen – som ideal for folket og utfordring for fagfolket. I: *Tidsskrift for kulturforskning*. Vol. 2, nr. 3. Novus Forlag.
- Habermas, Jürgen 1999: *Borgerlig offentlighet – dens framvekst og forfall: Henimot en teori om det borgerlige samfunn*. Oslo: Gyldendal.
- Hage, Ghassan 1998: *White Nation. Fanstasies of white supremacy in a multicultural society*. Pluto Press Australia.
- Hansen, Thorbjørn og Brattbakk, Ingar 2005: *Endringsprosesser i norske drabantbyer. Byggforsk skriftserie 6*. Oslo: Norges Byggforskningsinstitutt.
- Harden, Jeni 2000: There's No Place like Home. The public/private distinction in children's theorizing of risk and safety. I: *Childhood Vol. 7 (1)*. London: Sage Publications.
- Harvey, David 1996: *Justice, Nature and the Geography of Difference*. Cambrigde: Blackwell Publishers.
- Harvey, David 1997: Penger, tid, rom og byen. I: Aspen, Jonny og Pløger, John (red.): *På sporet av byen. Lesninger av senmoderne byliv*. Oslo: Spartacus.
- Haslum, Hilde 2005: Lag, landskaper og tre områder i endring. I Aspen, Jonny red.): *By og byliv i endring. Studier av byrom og handlingsrom i Oslo*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Hauan, Marit og Heggli, Gry 2002: Introduction. I: *Younger than yesterday, Older than Tomorrow. Cultural Perspectives on Contemporary Childhood and Youth*. Turku: NFF Publications 11. Åbo: Folkloristics.
- Haugen, Marit og Villa, Mariann 2003: *The countryside – a rural idyll or a boring place? Young peoples' images of the rural*. Paper 13/03. Trondheim: Senter for bygdeforskning.
- Heggli, Gry 2002: *Skoledagboken. En folkloristisk studie av unge jenters skrivehandlinger*. Oslo: Unipub forlag.
- Heggli, Gry 2003: Hvor er barna i kvinne- og kjønnsforskningen? Barrie Thorne intervjuet av Gry Heggli. I: *Kvinneforskning*. Temanummer Barn og kjønn. Nr.3. Oslo: Kilden.
- Helgesen, Marit 2003: *Barns behov – foreldres særinteresser. Foreldres motiver for å velge privat skole for sine barn*. NIBR-rapport 2003:8. Oslo: NIBR.
- Hellesund, Tone: *Den norske peppermø. Om kulturell konstituering av kjønn og organisering av enslighet 1870-1940*. Dr. avhandling i etnologi. Universitetet i Bergen.
- Helvig, Magne 1977: Boliger og befolkning i sentrum. I: Helvig, Magne og Hageberg, Michael (red.): *Søkelys på Bergen Sentrum. Sluttrapport fra Forskningsprosjektet Bergen Sentrum*. Geografisk institutt. Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen.
- Hennum, Nicole 2002: *Kjærlighetens og autoritetens kulturelle koder. Om å være mor og far for norsk ungdom*. NOVA Rapport nr. 19. Oslo: NOVA.
- Hidle, Knut 2004: *Migrasjon og stedsmyte. Sted, migrasjonserfaringer og romlige forståelser i Kristiansand*. Dr. avhandling i geografi. Universitetet i Bergen.
- Hjemdahl, Kirsti Mathiesen 2002: *Tur/retur temapark. Oppdragelse, opplevelse, kommers*. Dr. avhandling i etnologi. Det historisk-filosofiske fakultetet. Universitetet i Bergen.
- Hjemdahl, Kirsti Mathiesen 2002: Astrid Lindgrens Småland – fremvekst av en barnekulturell region. I: *Tidsskrift for kulturforskning*. Vol. 1, nr. 3/4. Novus Forlag
- Hjorthol, Randi Johanne 1998: *Bostedspreferanser, aktivitets- og reisemønstre i Oslo-området*. TØI rapport 403. Oslo: Transport Økonomisk Institutt.

Med barn i byen

- Hjorthol, Randi Johanne 2002: *Den nasjonale reisevaneundersøkelsen 2001. Omsorgsreiser.* TØI-rapport 598/2002. Oslo: Transportøkonomisk Institutt.
- Hjorthol, Randi 2003: *Bostedspreferanser blant tre urbane kohorter belyst gjennom en arbeidsreisehistorie.* Oslo: Sluttrapport for forskningsrådet.
- Hjorthol, Randi 2003: Byidealer, bostedspreferanser og aktivitetsmønstre i Oslo, Bergen og Trondheim. TØI rapport 672/2003. Oslo: Transport Økonomisk Institutt.
- Hochschild, Arlie 1997: *The Time Bind: When Work Becomes Home and Home Becomes Work.* New York: Henry Holt.
- hooks, bell 1991: *Yearning: Race, Gender and Cultural Politics.* London: Turnaround.
- Holloway, Lewis og Hobbard, Phil 2001: *People and Place. The extraordinary geographies of everyday life.* London: Prentice Hall.
- Holst, Cathrine 2002: Statsfeminismens moralske grammatikk. I: Holst, Cathrine (red.): *Kjønnsrettferdighet. Utfordringer for feministisk politikk.* Makt- og demokratietredningen 1998- 2003. Oslo: Gyldendal.
- Homme, Anne Dåsvatn 1993: "Vi vil løfte skolen og løfte standen". En studie av feminiserings- og profesjonaliseringsprosessen i læreryket i Norge, 1890 – 1912. Hovudoppgåve ved Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap. Universitetet i Bergen.
- Hylland Eriksen, Thomas 1993: *Kulturterrorismen. Et oppgjør med tanken om kulturell renhet.* Oslo: Spartacus.
- Hylland Eriksen, Thomas 2004: *Røtter og føtter. Identitet i en omskiftelig tid.* Aschehoug.
- Haavet, Inger-Elisabeth 1999: *Et historisk blikk på familiepolitiske endringer i Norge.* Avslutningskonferanse NFR 20.4.
- Johansen, Anders 2001: *All verdens tid.* Oslo: Spartacus
- Johansen, Anders 1984: *Tid å makt, tid år pengar.* Malmö: Röda Bokförlaget.
- Juvkam, Dag og Sørli, Kjetil 2000: *Demografiske hovedtrekk i fire storbyregioner.* Prosjektrapport nr. 4. Oslo: NIBR.
- Kapstad, Connie Reksten 2001: *Når handling tar plass. Ein kulturstudie av Fellesaksjonen mot gasskraftverk.* Avhandling dr. art. Institutt for kulturstudier og kunsthistorie. Universitetet i Bergen.
- Kapstad, Connie Reksten 2002: The Disappearance of Place. I: *Ethnologia Scandinavica. A Journal for Nordic Ethnology Vol. 32.*
- Karsten, Lia 2001: Mapping childhood in Amsterdam: The spatial and social construction of children's domains in the city. I: *Tijdschrift voor Economische en Sociale Geografie* Vol. 93, nr. 3. Oxford: Blackwell Publishers.
- Karsten, Lia 2003: Family Gentrifiers: Challenging the City as a Place Simultaneously to Build a Career and to Raise Children. *Urban Studies*, Vol. 40 No. 12. Carfax Publishing.
- Kjørholt, Anne Trine 2003: "Imagined Communities". The Local Community as a Place for "Children's Culture" and Social Participation in Norway. I: Olwig, Karen Fog og Gulløv, Eva (red.) 2003: *Children's Places. Cross-cultural Perspectives.* London: Routledge.
- Langeland, Nils Rune 2003: *Kveldsseta. Historiske essay.* Oslo: NW DAMM OG SØN.
- Ley, David 1996: *The New Middle Class and the Remaking of the Central City.* Oxford: Oxford University Press.
- Ley, David 2004: Transnational Spaces and Everyday Lives. *Transactions of the Institute of British Geographers, New Series.* The Royal Geographical Society.
- Lidén, Hilde 1998: Den organiserte barndommen. I: Skaalvik og Kvello (red.) *Barn og miljø. Om barns oppvekstvilkår i det senmoderne samfunnet.* Oslo: Tano Aschehoug.

- Lidén, Hilde 2000: *Barn – Tid – Rom – Skiftende posisjoner. Kulturelle læreprosesser i et pluralistisk Norge*. Dr. polit avhandling. Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Sosialantropologisk institutt. Trondheim: NTNUI.
- Lidén, Hilde 2001: Underforstått likhet. Skolens håndtering av forskjeller i et flerkulturelt samfunn. I: Lien, Marianne, Lidén, Hilde og Vike, Hallvard (red.) 2001: *Likhetens paradokser. Antropologisk undersøkelser i det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lien, Marianne, Lidén, Hilde og Vike, Hallvard (red.) 2001: *Likhetens paradokser. Antropologisk undersøkelser i det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Loga, Jill Merethe 2005: *Godhetsmakt. Verdikommisjonen – mellom politikk og moral*. Rapport nr. 90. Dr.avhandling i adm. og adm. vitskap. Universitetet i Bergen.
- Longva, Anh Nga 2003: The Trouble with Difference: Gender, Ethnicity, and Norwegian Social Democracy. I: Multicultural Challenge. *Comparative Social Research*, vol. 22. Elsevier Ltd.
- Lundgren, Anna Sofia 2005: Nostalgi och samvete. Reflektioner kring nostalgi som strategi i berättelser om staden. I: *Kulturella Perspektiv*. Nr. 1.
- Martinsson, Lena (1997): *Gemensamma liv. Om kön, kärlek och längtan*. Stockholm: Carlssons Bokförlag
- Massey, Doreen 1994: *Space, Place and Gender*. Cambrigde: Polity Press.
- Massey, Dooreen 1997: En global stedsfølelse. I: Aspen, Jonny og Pløger, John (red.): *På sporet av byen*. Oslo: Spartacus
- May, Jon 1996: Globalization and the Politics of Place: Place and Identity in an Inner London Neighbourhood. I: *Transactions of the Institute of British Geographers, New Series*, Vol. 21, No. 1. The Royal Geographical Society.
- May, Jon og Thrift, Nigel 2001: Introduction. I: (May, Jon og Thrift, Nigel red.) *Timespace. Geographies of Temporality*. London: Routlegde.
- Mouffe, Chantal 1995: Feminism, citizenship, and radical democratic politics. I: Nicholson, Linda og Seidman, Steven (red.): *Social Postmodernism. Beyond Identity Politics*. Cambrigde: Cambrigde University Press.
- Murray, Chris 2004: Rethinking Neighbourhoods: From Urban Villages to Cultural Hubs. I: (Bell, David og Mark, Jayne red.) *City of Quarters. Urban Villages in the Contemporary City*. Aldershot: Ashgate.
- Myhre, Jan Eivind 1994: *Barndom i storbyen. Oppvekst i Oslo i velferdsstatens epoke*. Oslo: Univeritetsforlaget.
- Sidsel Natland 1999: *I dialog med teksten. Populær litteratur om islam: mening og bruksverdi i et kulturanalytisk perspektiv*. Hovudoppgåve i folkloristikk Universitetet i Bergen.
- Natland, Sidsel 2002: Sympatisk, empatisk, kritisk? Noen refleksjoner omkring bruk av kvalitatittiv forskningsintervju og erfaringsnær tilnærming i studier av etnisk og kulturell kompleksitet. I: Berg, Magnus, Reinvelt, Riina og Ytrehus, Line (red.): *Etnisk komplexitet. Nordliga länder – kulturvetenskapliga perspektiv*. Åbo: NFF Publications.
- Nairn, Karen, Panelli, Ruth og McCormack, Jaleh 2003: Destabilizing Dualisms. Young people´s experiences of rural and urban environments. I: *Childhood*. Vol. 10 (1). London: Sage Publications.
- NESH 1999: Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, jus og humaniora. NESH publikasjon. Oslo.
- Nesje, Hernes, May Britt 2003: *Kultur som redskap. En studie av Bergen som europeisk kulturyby 2000*. Hovedfagsoppgave i kulturvitenskap. Institutt for kulturstudier og kunsthistorie. Universitetet i Bergen.

- Mitchell, Katharyne 2003: Educating the national citizen in neoliberal times: from the multicultural self to the strategic cosmopolitan. *Transactions of the British Institute of Geography*. Royal Geographical Society
- Nordvik, Viggo (red.) 2003: *Bo i storby. Boforhold og boligmarked i norske storbyregioner*. Prosjektrapport 349. Oslo: Norges Byggforskningsinstitutt.
- O'Brien, Margaret, Jones, Deborah og Sloan, David 2000: *Children's Independent Spatial Mobility in the Urban Public Realm*. I: *Childhood* Vol. 7 (3). London: SAGE Publications.
- Olwig, Karen Fog og Gulløv, Eva 2003: Towards an anthropology of children and place. I: Olwig, Karen Fog og Gulløv, Eva (red.): *Children's Places. Cross-cultural perspectives*. London: Routledge.
- Paulsen, Krista E. 2004: Making Character Concrete: Empirical Strategies for Studying Place Distinction. *City & Community* 3:3. American Sociological Association.
- Pløger, John 1997: *Byliv og modernitet. Mellom nærmiljø og urbanitet*. NIBRs plussserie. Oslo: NIBR
- Pløger, John 2001: *Byens språk*. Oslo: Spartacus
- Pløger, John 2002: *Den fragmentariske by og "det gode byliv". Udfordringer for fremtidens by- og boligplanlægning. Et essay*. Hørsholm, Danmark: By og Byg. Statens Byggforskningsinstitutt.
- Pløger, John 2003: *Det senmoderne nærmiljø: livsformer og bykultur. En sammenligning af teori og praksis i Danmark og Norge*. Oslo: NIBR
- Pratt, Geraldine 1999: Geographies of identity and difference. I: (Massey, Allen og Sarre red.): *Human Geography Today*. Cambrigde: Polity Press.
- Ravne, Erika 1999: *Fødselsdagsselskap for barn. Ritual og praksis. En studie av to skoleklasser i Oslo i 1990-årene*. Hovedfagsoppgave i etnologi. Institutt for kulturstudier. Universitetet i Oslo.
- Redfern, P.A 2003: What Makes Gentrification "Gentrification"? I: *Urban Studies*, Vol. 40, No. 12. Carfax Publishing.
- Reme, Eva 1999: *De biografiske rom. Konstruksjon og konservering av selvbilder*. Dr. avhandling i etnologi. Universitetet i Bergen.
- Reme, Eva 2002: Det lokale og det internasjonale, det urbane og det rurale. *Bergen Kultury* 2000. *Tidsskrift for kulturforskning nr.3-4*. Oslo: Novus Forlag.
- Relph, Edward 1976: *Place and Placelessness*. London: Pion.
- Reme, Eva 2002: *Det lokale og det internasjonale, det urbane og det rurale. Bergen Kultury* 2000. I: *Tidsskrift for Kulturforskning nr. 3-4*. Novus Forlag.
- Richardson, Heidi 2000: *Tilbake til jorda. Drømmer og hverdagsliv. En etnologisk studie med utgangspunkt i 1970-tallets alternativbønder*. Dr. avhandling. Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen.
- Ristilammi, Per-Markku 1994: *Rosengård och den svarta poesin. En studie av modern annorlundahet*. Stockholm: Brutus Östlings Bokförlag.
- Ristilammi, Per-Markku 2003: *Mim och verklighet. En studie av stadens gränser*. Stockholm: Brutus Östlings Bokförlag Symposium.
- Robbins, Edward 2005: Et nabolag uten naboskap. Virkningen av fornyelsen på Grünerløkka. I Aspen, Jonny 8red.): *By og byliv i endring. Studier av byrom og handlingsrom i Oslo*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Røe, Per Gunnar 2005: Virtuell kommunikasjon og mobilitet i storbyen. I: Barlindhaug, Rolf (red.): *Storbyens boligmarked. Drivkrefter og rammebetingelser*. Oslo: Scandinavian University Press.

- Ruud, Marit Ekne 2003: *Byfornyelse og endringer i urbane nærmiljøer. En studie av beboeres erfaringer fra området Grønland/Nedre Tøyen i Oslo 1980 – 2000*. Det historisk-filosofiske fakultetet. Universitetet i Oslo.
- Said, Edward W. 1994: *Orientalisme. Vestlige oppfatninger av Orienten*. Oslo: Cappelen.
- Schiefloe, Per Morten 1985: *Nærmiljø i bysamfunn. Om nærmiljø i byer*. Oslo: Byforskningsprogrammet. Universitetsforlaget.
- Schiefloe, Per Morten 1990: I: *Sosiale nettverk. II. Byliv og nærmiljø*. Allforsk. Dragvoll: Senter for samfunnsforskning.
- Schiefloe, Per Morten 1998: Storbyen som oppvekstarena. I: Skaalvik og Kvello (red.) *Barn og miljø. Om barns oppvekstvilkår i det senmoderne samfunnet*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Scott, Erika Ravne 2005: Fødselsdagsselskapet: Et prisme for kulturmøter. Idé og praksis. I: Markussen., Ingdrid og Telste, Kari (red.): *Bilder av den gode oppveksten gjennom 1900-tallet*. Oslo: Novus Forlag
- Simmel, Georg 1978: Storbyene og åndslivet. I: Østerberg, Dag (red.): *Handling og samfunn. Sosiologisk teori i utvalg*. Oslo: Pax
- Simonsen, Kirsten 1993: *Byteori og hverdagspraksis*. København: Akademisk Forlag.
- Sivertsen, Silje 2004: "Jo mer vi er sammen". Ein studie av lokalsamfunnsprosjekt til Verdikommisjonen. Hovudoppgåve. Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap. Universitetet i Bergen.
- Sennet, Ricard 1992: *Intimitetstyranniet*. Oslo: Cappelen
- Sennett, Ricard 1996: *Øjets vidnesbyrd. Om storbyens kultur og rum*. Viborg: Samleren.
- Shaw, Jenny 2001: "Winning territory". Changing place to change pace. I: (May, Jon og Thrift, Nigel red.) *Timespace. Geographies of Temporality*. London: Routledge.
- Sirnes, Thorvald 1999: "Alt som er fast fordamper". Normalitet og identitet i endring. I: Meyer, Siri og Sirnes, Thorvald (red.): *Normalitet og identitetsmakt i Norge*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Skantze, Ann 1998: Barns rum som möjlighetsrum. I: Berefelt, Gunnar (red.): *Barnens rum*. Stockholms Universitet. Centrum för barnkulturforskning.
- Skjæveland, Oddvar 1997: *Relationships Between Spatial-Physical Neighborhood Attributes and the Social Relations Among Neighbours*. Dr. avhandling. Psykologisk Fakultet. Universitetet i Bergen.
- Smith, Susan J. 1999: The Cultural Politics of Difference. I: (Massey, Allen og Sarre red.) *Human Geography Today*. Cambrigde: Polity Press
- Strøm, Axel 1938: Vi vil bo praktisk. I: Stoltenberg, Lauritz (red.): *Våre hjem og våre barn*. Bind 1. Oslo: Cappelen Forlag
- Syltevik, Liv Johanne 2000: *Differensierte familieliv. Familiepraksis i Norge på slutten av 1990-tallet*. Rapport 2/2000. Bergen: SEFOS, Universitetet i Bergen.
- Syltevik, Liv 2000: Forhandlingar – et fruktbart begrep for familiepraksis hos senmoderne par? I: *Sosiologisk tidsskrift nr. 3*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Sæter, Oddrun 2005: Det nye sosiale og symbolske bylandskapet – Med politikken som utgangspunkt. Aspen, Jonny og Pløger, John (red.): *På sporet av byen. Lesninger av senmoderne byliv*. Oslo: Spartacus.
- Søholt, Susanne 2001: *Oppvekst i to multietniske boligområder i Oslo*. Prosjektrapport 313. Oslo: Byggforsk.
- Sørli, Kjetil 2003: *Nyinnflytting, videreflytting og annen storbydemografi*. Notat 111. Oslo: NIBR.
- Taylor, Charles 1994: The Politics of Recognition. I: Gutman, Amy (red.): *Multiculturalism. Examining the politics of Recognition*. New Jersey: Princeton University Press.
- Taylor, Peter J. 2003: Time: from hegemonic change to everyday life. I: Holloway, Sarah,

- Rice, Stephen.P. and Valentine, Gil (red.): *Key Concepts in Geography*. London: Sage.
- Thorne, Barrie 1993: *Gender Play. Girls and Boys in School*. Buckingham: Open University Press.
- Thorsen, Liv Emma 1996: Bykultur og de andre kulturene i byen. – byen som studieobjekt i norsk etnologi. I: (Gundersen, Karin , Hodne, Bjarne og Malmanger, Magne red.): *Veier til byen. En antologi*. Det historisk –filosofiske fakultetet. Universitetet i Oslo.
- Tuan, Yi-Fu 1990 (1974): *Topophilia. A study of Environmental Perception, Attitudes, and Values*. New York: Columbia University Press.
- Tveit, Eva-Marie 2002: Little Money and Lots of Time – Young Individual Travellers Questioning Time Paradigms. I: (Hauan, Anne Marit og Heggli, Gry ed.) *Younger than Yesterday, Older than Tomorrow. Cultural Perspectives on Contemporary Childhood and Youth*. Åbo: NNF Publications 11.
- Tönnies, Ferdinand 1990 (1912): Gemeinschaft og Gesellschaft. I: Østerberg, Dag (red.): Handling og samfunn. Sosiologisk teori i utvalg Oslo: Pax Forlag.
- Tønseth, Kjerstin 1995: *Drømmenes bydel. Om handling og forvandling på Nordnes*. Hovedoppgåve i etnologi. IKK, Universitetet i Bergen.
- Valentine, Gill 1997 a: A Safe Place to Grow Up? Parenting, Perceptions of Children's safety and the Rural Idyll. I: *Journal of Rural Studies*. Vol. 13, nr. 2. Elsevier Science Ltd.
- Valentine, Gill 1997 b: "My Son's a Bit Dizzy" "My Wife's a Bit Soft": gender, children and cultures of parenting. I: *Gender, Place and Culture*, Vol. 4, nr. 1. Journals Oxford Limited.
- Valentine, Gill 1998: Public/Private Voices. "Sticks and stones may break my bones": A personal geography of harassment. *Antipode* 30:4. Oxford: Blackwell Publishers.
- Valentine, Gill 1999a: Doing household research: interviewing couples together and apart. I: *Area*, nr.1. Royal Geographical Society.
- Valentine, Gill 1999b: Imagined Geographies: Geographical Knowlegdes of Self and Other in Everyday Life. I: (Massey, Allen og Sarre red.): *Human Geography Today*. Cambrigde: Polity Press.
- Vartdal, Barbro 1999: *Bygdefamiliens moderne kvardagsliv*. Rapport 6/99. Trondheim: Senter for bygdeforskning.
- Vatne Pettersen, Silje 2003: *Bosettingsmønster og segregasjon i storbyregionene. Ikke-vestlige innvandrere og grupper med høy og lav utdanning*. Notat 33. Statistisk Sentralbyrå.
- Vestby, Guri Mette 2003: *Ungdoms bilder av bygda og tanker om framtida*. Notat 119. Oslo: NIBR.
- Vetlesen, Arne Johan og Henriksen, Jan-Olav 2003: *Moralens sjanser i markedets tidsalder: Om kulturelle forutsetninger for moral*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Villa, Mariann 1999: Bygda - sosial konstruksjon av "trygt og godt". I: *Sosiologi i dag* nr. 4.
- Villa Mariann 1999: Sosial kontakt i bygdene – familie, venner og naboar. *Tidsskrift for Samfunnsforskning* nr. 4.
- Villa, Mariann 2000: Rural Life Courses in Norway: Living within the Rural-Urban Complementarity. I: *The History of the Family*. Vol. 5, Number 4. Elsevier Science Inc.
- Villa, Mariann, Haugen, Marit S., Winge, Asgeir og Blekaune, Arild 2002: *Rural or Urban Neighbours – does it make any difference?* Paper nr. 8 /02. Senter for Bygdeforskning. Trondheim.
- Werner, Karla 1991: *Staden som livsrom. Stockholmare om staden*. Stockholm: Byggforskningsrådet.
- Wilhjelm, Hanne 2002: *Barn og omgivelser – virkelighet med flere fortolkninger*. Con-Text Avhandling 8. Dr. avhandling. Oslo: Arkitekshøgskolen

- Wærnness, Kari 1999 (1977): Likestilling, nærmiljø og sosiale hjelpetiltak. I: Wærnness, Kari
Hvem er hjemme? Essays om hverdagslivets sosiologi. Bergen: Fagbokforlaget.
- Young, Iris Marion 2000: *Inclusion and Democracy.* Oxford: Oxford University Press.
- Young, Iris Marion 1997: *Intersecting Voices. Dilemmas of Gender, Political Philosophy, and policy.* Princeton: Princeton University Press.
- Ytrehus, Line 2004: Intellektuelle i eksil. Integrering og ekskludering i et
livsverdenperspektiv. Seksjon for kulturvitenskap, Institutt for kulturstudier og
kunsthistorie. Universitetet i Bergen
- Zukin, Sharon 1997: Postmoderne urbane landskap: Å kartlegge kultur og makt. I: Aspen,
Jonny og Pløger, John (red.) *På sporet av byen.* Oslo: Spartacus.
- Østerberg, Dag 1998: *Arkitektur og sosiologi I Oslo. En sosio-materiell fortolkning.*
Oslo: Pax Forlag.

Med barn i byen

Andre skriftlege kjelder

Bergen Kommune 1998: *Hverdagsliv – å leve og bo i Bergen*. KFK-Atlas. Bergen: Bergen Kommune

Bergen Kommune 1997: *Levekår og nærmiljø i Bergen. Særtrykk fra rapport 2 og rapport 3 . Levekårsundersøkelsen i Bergen*. Bergen: Bergen Kommune.

Det kongelige kommunal- og regionaldepartement 2003: St.meld.nr.31 (2002-2003). *Storbymeldinga. Om utviklinga av storbypolitikk*.

SSB 2003: *Folke- og boligtelling 2001. Bergen*. Oslo, Kongsvinger: Statistisk Sentralbyrå

Avisoppslag

Aftenposten 21.09.01

Aftenposten 06.09.01

Aftenposten 06.05.04

BA 24. januar 2006: "Her bor barna. Her bor det ikke barn"

Dagbladet 6.august 2005: "Spor".

Dagsavisen: "Best for barn i byen", 17.11.2002. "Bybarna er flinkeste"

Henne nr. 1 2006: Simple Living

Verdens Gang 25.05.05

Verdens Gang 05.05.05

Nettstader

Statistisk sentralbyrå: www.ssb.no/emner/02/barn_og_unge

Lydband

Anna og Agnar

Carl og Cathrine

Dag og Dina

Gry og Gunnar

Helge og Hege

Ivar og Inger

Jens og Jenny

Mona og Mads

Laila og Lars

Oda og Octavio

Svein og Sigrid

Turid og Trond

Vera og Viggo

Appendiks 1

Temaguide foreldre: Det lokale i det urbane. Barnefamiliar mellom privat og offentleg

Namn, alder, yrke, utdanning, familieforhold

Oppvekst

Kor vokste du opp? Kva var bra/mindre bra med eigen oppvekst?

Er det særskilde ting du hugsar frå din eigen barndom, som er gode/dårlege minner?

Kven leikte du med? Kva leikte de?

Kva aktivitetar var du med på som barn?

Var de mykje inne/ute?

Var du heime hos andre barn, hadde du besøk heime?

Styrte foreldra dine deg i spesielle retningar i barndommen?

Er det noko frå eigen barndom du ønsker å bringa vidare til dine barn?

Buforhold i dag

Korleis vil du skildra bustaden og nabolaget du bur i?

Korleis trivst de? Er de noko de set særskild pris på med dykkar bumiljø? Er det noko de saknar?

Når flytta de inn hit? Kvifor flytta de hit? Var barna i tankane dykkar då de bestemte dykk for å flytta hit? Ev. Kvifor vart de buande her?

Har de nokon gong tenkt på å flytte? Kvifor?

Vil du karakterisere bustaden din som trang eller rommeleg? Kva bustandard syns du at du har sett i forhold til dei som bur nær deg eller andre som du omgås?

Dersom de kunne velge fritt, uavhengig av økonomi – kor og korleis ville de bu då? Er de nokon stader de absolutt ikkje vil bu?

Kva syns de er eit ideelt bumiljø for barn, korleis bør det være?

Det fysiske eterommet

Har de nokon privat eterom? (Hage eller anna eterom som andre oppfattar som dykkar?)

Har de nokon eterom som de deler med naboane? I så fall, har de dugnader og felles oppgåver knytta til eterommet?

Korleis bruker de eterommet rundt bustaden? Et de ute? Sit de ute og pratar, solar dykk, les eller gjer andre aktivitetar?

Dersom det er fint ver, og de vil nyte sola, kva gjer de då?

Er det nokon aktivitetar du gjer innandørs, som du kunne ha gjort utanfor heimen dersom du hadde hatt eit privat uteareal?

Brukar de parkar eller leikeplassar?

Brukar de bil? Brukar de buss? Går de i byen?

Korleis bruker barna eterommet rundt boligen dykkar?

Eksisterer det nokon slags grenser for kven som har samkvem og kven som ikkje har samkvem ute (både blant vaksne og barn)? (Døme om nabolaget delt på kvar side av gata, eller blokkene i forhold til trehusa, eller)

Er det vanleg at folk snakkar saman utanfor husa? Har du lagt merke til om det er nokon som samlar dei som vanlegvis pratar saman ute? Har du lagt merke til om det er nokon som sjeldan deltek i desse samtalane?

Er det område eller miljøet i byen du vil halde barnet ditt unna?

Har barna nokre grenser for kor dei kan opphalda seg?

Er du redd for barna når dei leikar ute? Kva trur du kan skje med dei? Har du opplevd skremmende episodar med barna?
Er det noko de saknar i eterommet?
Kor ligg skulen i forhold til heimen? Kor låg barnehagen? Valde de barnehage? Har de tenkt på at barna kunne gått på ein anna skule?

Byen som oppvekstmiljø

Kva forbind de byen med?
Korleis er det for barn å veksa opp i byen? Kva er positivt/negativt?
Er det område i byen der de ikkje ville budd med barn?
Korleis tenkte de om å bu med barn i byen før de fekk barn sjølv?
Vart det annleis enn de hadde tenkt dykk?
Har du nokon gong fått negative eller positive reaksjonar på at du bur i byen med barn? Kan du gi døme? Har du opplevd at andre forventar at du skal flytte?
Kva gjorde de forrige helg? Var det spesielle grunnar for at helga vart som den vart? Kva gjer de vanlegvis i helgene?
Korleis er kvardagane? Kva gjer de, kva gjer ungane på ettermiddagen? Kva gjorde dei i forrige veke, dag for dag? Er det noko de gjerne ville brukt meir tid på? Eller mindre tid på? Går de voksne på faste aktivitetar? Går barna på faste aktivitetar? Kven har tatt initiativ til at barna skal gjera det, de eller barna? Kva aktivitetar har barna eventuelt gått på tidlegare? Køyrer de barna til skulen, til leikekameratar eller aktivitetar?
Kva gjer de når de er på bytur? Er det noko ungane syns er særleg stas å gjera i byen? Korleis får du greie på aktivitetar som du blir med på?
Kva gjer de med barna i byen? Går de på kafè, museum, akvariet, Fløyen, Ulriken, shopping, kina, teater?
Er det nokre aktivitetar de gjerne skulle gjort, men droppar på grunn av økonomien?

Foreldrerolla

Vart kvardagen dykker endra etter at de fekk barn? Gjer mor og far ulike ting med barna? Kva for ulike ting?
Har de opplevd å verta korrigert av barna?
Har barna utvida og eller begrensa kva type aktivitetar de er med på, eller korleis de bruker eterommet?
Vil de seia at de er meir eller mindre del i nabologet på grunn av barna?
Har de fått nye voksne venner gjennom barnas venner?

Samvær med andre

Er de saman med andre barnefamiliar? Kva gjer de saman med dei andre familiene? Et de mat saman? Går de tur saman? Dreg de på ferie saman? Brukar de andre barnefamiliar som barnevakt?
Korleis vart de kjend med dei barnefamiliene som de er saman med? Vil du karakterisera dei som lik eller ulik dykker familie?
Kvifor er de lite/mykje saman med andre barnefamiliar?
Ville de gjerne hatt kontakt med fleire/færre barnefamiliar?
Har de hatt innverknad på kva vene barna har?
Er det nokon barn du ikkje likar at barnet ditt leikar med? Kvifor?
Er det nokon barn du set pris på at barnet leikar med? Kvifor?
Korleis er naboforholda her? Stikk naboane innom? Treffest de ute?
Er det nokon i nabologet de har halde bevisst avstand til?

Opplever du dei andre barnefamiliane i strøket som lik eller ulik dykkar familie?

Korleis er omgangsformene her?

Er samværet med naboane personleg, eller er det avgrensa kva de pratar med dei om?

Kjenner de til bakgrunnen til naboane, kva dei jobbar med osb.?

Familiegrupper

Kjenner de til familiegrupper?

Har de vore med i slike? Korleis var dei organisert?

Korleis var det? Kva gjorde de då gruppa var heime hos dykk? Kvifor gjorde de det? Var det andre ting de diskuterte å gjera?

Likte barna seg? Var barna i familiegruppa forskjellige frå ditt barn?

Kva gjorde barna saman med dei andre foreldra?

Trur du at ditt barn likte å vera med familiegruppa?

Trur du at familiegruppene styrka samholdet i klassen?

Fekk du meir kontakt med dei andre foreldra?

Var det nokon barn i klassen som ikkje var med i gruppa?

Var det nokon heimar barnet ditt ikkje likte å vera i?

Fekk du kontakt med dei andre foreldra gjennom familiegruppene? Tok dei ein kaffi heime hos dykk?

Gjorde de nokre særskilde førebuingar før du hadde familiegruppe? Vaska de huset eller rydda før dei kom?

Privat/Offentleg

Kva legg du i uttrykka privat og offentleg?

Kva er privat for deg?

Er det opplysningar om deg sjølv som du ikkje vil at naboane, familie eller venner skal vite om? Er det noko du bevisst ikkje snakkar om med naboane?

Har du opplevd at nokon har sladra om deg? Har du fått bemerkningar som du syns var støytande, fordi dei omtalte for private ting?

Har du opplevd at framande, familie, naboar eller venner har kommentert korleis de oppdreg barna dykkar? Har de fått gode råd? Har de fått hint om noko de gjer som er bra/mindre bra?

Har det utvikla seg nokre felles standardar i miljøet dykkar for grensene til barna?

Er det måtar å oppdra barn på som de syns er mindre gode/ mindre gode?

Har du kommentert andre sine måtar å oppdra barna på?

Har du nokon gong tenkt at du gjerne ville gitt nokon eit råd med omsyn til barneoppdragelse, men likevel ikkje gjort det? Kan du gi døme på det? Kvifor valde du å halda munn?

Har du nokongong kontakta barnevernet? Kvifor?

Korrigerer du andre sine barn som gjer noko dei ikkje skulle gjort? Er dette avhengig av om foreldra er til stades eller om dei ikkje er til stades?

Hadde du nokre grenser for kor du amma? Kva syns du om at mødre ammar overalt?

Er det nokre stader du meiner at barn ikkje høyrer heime?

Har det hendt at du har reagert på andre foreldre som har teke barna sine med på noko du ikkje syns var passande?

Hender det at du syns andre foreldre oppfører seg for kontrollerande eller for lite kontrollerande overfor barna sine?

Er det barn eller vaksne du ikkje vil ha besøk av i heimen din?

Eksisterer det ulike fysiske grenser i heimen? (Som at nokon berre kjem innom i gangen, andre slår seg ned i stove, eller kjøkkenet eller at nokon aldri får vera på eller sjå

soverommet? Inviterer de andre til å eta med dykk? Er det nokon du aldri ville ha invitert? Er det fordi du ikkje har komme på det, eller er det ein bestemt grunn for det? Eksisterer det nokre slags felles sosiale samkomer i nabolaget? (Klubbar, faste møtepunkt, parties). Er nokre utelukka frå desse?

Appendiks 2

Samtykkeerklæring ved innsamling og bruk av personopplysningar til forskingsformål.

Prosjektleiar: Hilde Danielsen

Prosjekttittel: Det lokale i det urbane. Barnefamiliar mellom privat og offentleg

Mål for prosjektet: Eg vil samle kunnskap om barndommen i byen og skrive ei doktorgradsavhandling om dette temaet. Målet er å skaffe kunnskap om korleis barnefamiliar opplever kvardagen i byen, både i nærmiljøet og i byen som heilskap.

Eg godtek at opplysningane som har kome fram i intervjuet kan brukast i ovannemnde forskingsprosjekt og igjen til forsking med mål å skaffe kunnskap om barndom, familieliv og byliv. Opplysningane kan lagrast i inntil 20 år utan opplysningar om namn, for forskingsformål, ved ein institusjon som er godkjend av Datatilsynet for slik lagring. Andre forskarar kan få tilgang til materialet, etter løyve frå Datatilsynet. I all publisering skal personopplysningane vere anonymiserte, dersom ikkje anna er avtalt med intervjupersonen.

Eg har forstått at det er frivillig å vere med på prosjektet, og at eg kan trekke meg frå det når som helst underveis.

Stad

Dato

Underskrift av intervjuperson